

Livsløp - familie – samfunn:
Endring av familiestrukturar i Norge på 1800-talet.

Avhandling for
dr. art. -grad
Historisk institutt
Universitetet i Bergen
2003

av

Arne Solli

Innhald

KAPITTEL 1	INNLEIING	1
1.1	FORSKINGSTRADISJONEN	2
1.2	AVGRENSINGAR OG PROBLEMSTILLINGAR	6
1.3	DELANE I AVHANDLINGA	8
KAPITTEL 2	ENDRING ELLER KONTINUITET? FAMILIEINSTITUSJONEN OG SAMFUNNSENDRING	9
2.1	SAMTIDA	9
2.1.1	Schweigaard, Tvethe, Aschehoug og Eilert Sundt	9
2.2	FAMILIE OG KLASSE	11
2.2.1	Familien i eit marxistisk perspektiv	11
2.3	FAMILIESOSIOLOGI	14
2.3.1	Max Weber og funksjonstøming	14
2.3.2	Parsons og generell moderniseringsteori	15
2.3.3	Norske sosiologar	16
2.4	KRITIKK AV TEORIEN OM FUNKSJONSTØMMING	18
2.5	REVISJON: HISTORIKARANE VERSUS SOSIOLOGANE	19
2.5.1	Cambrigde-gruppa og Peter Laslett	19
2.5.2	Den demografiske skulen i Norge	20
2.5.3	Livsløpsparadigmet - "The Life Course Approach"	22
2.6	REVISJON AV REVISJONISMEN	23
2.7	OPPSUMMERING	25
KAPITTEL 3	KJELDER, TEORI OG METODE	29
3.1	HOVUDKJELDER	29
3.1.1	Folketeljinga 1801	29
3.1.2	Folketeljinga 1865	30
3.1.3	Folketeljinga 1900	31
3.1.4	Andre kjelder	32
3.2	HUSHALD OG FAMILIE	33
3.2.1	Hushaldsombrepet i teljingane 1801-1900	35
3.3	SÆRSKILD VIKTIGE KJELDEDATA	42
3.3.1	1900: Kven skal vere med?	42
3.3.2	Losjerande og hushald i 1900	43
3.3.3	Alder	45
3.3.4	Familiestilling	47
3.3.5	Val av kodebok for familiestilling	48
3.4	METODAR	50
3.4.1	Livsløp, livsløpsanalyse og syntetiske kohortar	51
3.4.2	Utrekning av måltal for livsløp	55
3.5	DATAPROGRAM	56
3.5.1	Uttrekk, koding og kategorisering av kjeldematerialet	57
3.5.2	Programma PGEN1801 og PREADTEK	58
3.6	OPPSUMMERING	58
KAPITTEL 4	ENDRING ELLER KONTINUITET I NORGE?	61
4.1	GIFTARMÅL OG LIVSLØP I NORGE 1800-1900	63
4.1.1	Sølibatsgraden i Norge 1800-1900	64

4.1.2	Giftarmålsrate og prisvariasjon.....	68
4.1.3	Giftarmålsalderen i Norge 1800-1900.....	71
4.1.4	Regional variasjon i giftarmålsalderen.....	74
4.2	TIMING AV LIVSLØPSOVERGANGAR.....	74
4.3	LIVSFASAR FRAM TIL ETABLERING.....	81
4.3.1	Livsfasar: Menn 1801, 1865 og 1900.....	82
4.3.2	Livsfasar: Kvinner 1801, 1865 og 1900.....	86
4.3.3	Moderne menn og umoderne kvinner?.....	87
4.4	OPPSUMMERING LIVSLØP	88
4.5	HUSHALD - ENDRING ELLER KONTINUITET?	89
4.5.1	Hushaldsstorleik og einpersonhushald 1801 til 1900.....	89
4.6	ETABLERARHUSHALDET	93
4.7	OPPSUMMERING.....	97
KAPITTEL 5 FORKLARINGSMODELLAR: KVIFOR ENDRING?		99
5.1	SOSIAL UTJAMNING.....	99
5.2	ØKONOMISK FORKLARINGSMODELL – FUNKSJONSTØMING OG SAMFUNNSPRODUKSJON	101
5.2.1	Fasane i framveksten av industrisamfunnet	101
5.2.2	Levebrød utan hushaldsproduksjon.....	103
5.3	KULTURDIFFUSJON: FRÅ SENTRUM MOT PERIFERI.....	105
5.3.1	Nattfrieri og kyss på munnen.....	105
5.3.2	Hushald i periferien.....	107
5.3.3	Hamskiftet	108
5.3.4	Politisk sentrum og periferi.....	109
5.3.5	Kvifor endring?	111
5.3.6	Kultur og kulturdifusjon	112
5.3.7	Verda utanfor.....	114
5.4	MORALSK FORFALL	116
5.5	DEMOGRAFISKE FORKLARINGSMODELLAR.....	118
5.6	OPPSUMMERING.....	120
KAPITTEL 6 OPERASJONALISERING: FRÅ FORKLARING TIL PRØVING		
123		
6.1	FUNKSJONSBORTFALL OG ØKONOMISKE REGIONAR	125
6.2	FUNKSJONSBORTFALLET : FORKLARINGSVARIABLAR.....	128
6.2.1	Sekundærsektor	129
6.2.2	Bruksstorleik	130
6.2.3	Bruksstorleik etter matrikkelen i 1886.....	132
6.2.4	Bruksstorleik etter jordbruksopplysningane i 1865	133
6.2.5	Mekanisering i landbruket.....	136
6.2.6	Funksjonsbortfallet: Oppsummering.....	136
6.3	KULTURSPREIING: POLITISK-KULTURELLE REGIONAR	137
6.3.1	Politiske og kulturelle regionar	138
6.3.2	Politisk-kulturelle regionar og sosial endring	141
6.4	KULTURSPREIING: FORKLARINGSVARIABLAR.....	142
6.5	DEMOGRAFISKE FORKLARINGSVARIABLAR.....	143
6.6	OPPSUMMERING.....	145
KAPITTEL 7 PRØVING AV DEN ØKONOMISKE FORKLARINGSMODELLEN		149

7.1	KONJUNKTURAR I NÆRINGANE PÅ 1800-TALET.....	149
7.2	HUSHALDSSTORLEIK. REGIONAL VARIASJON OG ENDRING OVER TID.....	152
7.2.1	Regional variasjon i gjennomsnitt hushaldsstorleik i 1801	152
7.2.2	Regional variasjon i gjennomsnitt hushaldsstorleik i 1865	155
7.2.3	Regional variasjon i gjennomsnitt hushaldsstorleik i 1900	157
7.2.4	Endring over tid og regionalt. Hushaldsstorleik 1801, 1865 og 1900.	158
7.2.5	Oppsummering: Fall i hushaldsstorleik	161
7.3	ETABLERARHUSHALDET	162
7.4	EINSLEGE HOVUDPERSONAR.....	163
7.5	MANNLEGE TENARAR.....	167
7.6	FORLATE FORELDREHEIMEN	170
7.7	FAMILIEETABLERING.....	174
7.8	HUSHALDSETABLERING.....	175
7.9	KVIFOR ENDRING?	176
7.9.1	Befolkningsutviklinga i regionane	179
7.9.2	Sekundærsektor som forklaring	181
7.9.3	Bruksstruktur som forklaring	183
7.10	KVA OM VI LØYSER OPP REGIONANE?	184
7.10.1	Frå fylke til kommune. Kverv korrelasjonane?	187
7.11	OPPSUMMERING.....	190
KAPITTEL 8 KULTURSPREIING OG POLITISK GRAVITASJON		195
8.1	HUSHALDSSTORLEIK: ALLE HUSHALD OG FAMILIEHUSHALD	196
8.1.1	Endring over tid	199
8.2	ETABLERARHUSHALDET	200
8.2.1	Hushaldsstorleik: Konklusjon.....	200
8.3	EINPERSONHUSHALDET - EINSLEGE HOVUDPERSONAR	201
8.4	MANNLEGE TENARAR.....	203
8.5	FORLATE OPPHAVSFAMILIEN	204
8.6	FAMILIEETABLERING - GIFTARMÅL.....	208
8.6.1	Hovudendringar i bryllaupstradisjonar i Norge på 1800-talet.....	208
8.7	HUSHALDSETABLERING.....	211
8.8	FORKLARINGSVARIABLAR: FRÅ REGIONAR TIL KOMMUNAR.....	211
8.8.1	Folkeveksten i dei politisk-kulturelle regionane	214
8.8.2	Heimfødingsprosenten.....	215
8.8.3	Politiske val	218
8.9	FYLKER OG KOMMUNAR: FORSVINN SAMANHENGANE?.....	219
8.10	OPPSUMMERING.....	221
KAPITTEL 9 MOT EIN MEIR SAMANSETT FORKLARINGSMÅTE		225
9.1	ENDRINGAR OG KVIFOR	225
9.2	FOLKEVEKST OG HUSHALD	226
9.3	SEKUNDÆR- OG TERTIÆRNÆRINGAR	237
9.4	STATEN OG SKULEN	243
9.4.1	Frå omgongsskule til faste skular	243
9.4.2	Konfirmasjon.....	245
9.5	KÅRSKIPNADEN OG ETABLERERHUSHALDET	252
9.5.1	Hushald og type kåravtale	253
9.5.2	Tradisjon for felles eller separat hushald	256
9.6	FUNKSJONSBORTFALLET SOM FALL BORT – ELLER?.....	260

9.7	OPPSUMMERING.....	262
KAPITTEL 10	KONKLUSJON.....	265
TILLEGG A	FORKORTINGAR OG KODAR	272
A.1	FORKORTINGAR.....	272
A.2	OMREKNINGSFORMLAR.....	272
A.3	KODAR OG KATEGORAR	273
A.4	AVVIK MELLOM DATAUTTREKK OG OFFISIELL STATISTIKK	276
A.4.1	Avvik 1801-uttrekket	276
A.4.2	Avvik i 1865-uttrekket	276
A.4.3	Avvik i 1900-uttrekket	278
TILLEGG B	DATA- OG VARIABELDOKUMENTASJON	281
B.1	DATASETT OG STATISTIKKfiler.....	281
B.2	VARIABELDOKUMENTASJON	282
B.2.1	Dokumentasjon av KHKD1801. Kommuneaggregat, Norge 1801.....	283
B.2.2	Dokumentasjon av KHKD6586	291
B.2.3	Dokumentasjon av KHKD0086	300
B.2.4	Dokumentasjon av KHSH1801	311
B.2.5	Dokumentasjon av KHSH1865	314
B.2.6	Dokumentasjon av KHSH1900	316
B.2.7	Dokumentasjon av PERS1801	318
B.2.8	Dokumentasjon av PERS1865	320
B.2.9	Dokumentasjon av PERS1900	321
B.2.10	Dokumentasjon av KSP1918	321
B.2.11	Dokumentasjon av KAGG1886	329
TILLEGG C	PROGRAMDOKUMENTASJON	330
C.1	PROGRAM FOR BEARBEIDING AV 1801-TELJINGA	330
C.1.1	PGEN1801	330
C.1.2	Hjelpeprogram.....	334
C.2	PROGRAM FOR BEARBEIDING AV 1865 OG 1900-TELJINGA	335
C.2.1	PREADTEK	335
C.2.2	PKODELES	338
C.3	ANDRE PROGRAM OG HJELPEPROGRAM.....	339
TILLEGG D	KJELDER OG LITTERATUR	281
TILLEGG E	GRUNNLAGSDATA FOR KAPITTEL 3.....	352
TILLEGG F	GRUNNLAGSDATA FOR KAPITTEL 4.....	353
TILLEGG G	389
TILLEGG H	GRUNNLAGSDATA FOR KAPITTEL 6.....	389
H.1	KOMMUNAR OG REGIONAR.....	389
H.2	FORKLARING AV KODAR I TABELL H-1	402
TILLEGG I	GRUNNLAGSDATA FOR KAPITTEL 7.....	406
TILLEGG J	GRUNNLAGSDATA FOR KAPITTEL 8.....	412
TILLEGG K	GRUNNLAGSDATA FOR KAPITTEL 9.....	413
K.1	HUSHALDSSTORLEIK OG FOLKEVEKST	413

K.2	SKULE OG KONFIRMASJON.....	413
K.2.1	Kjelder for tabell K-2.....	417
K.3	KÅRINSTITUSJONEN OG ETABLERARHUSHALDET	419
K.4	HUSHALD OG SAMFUNNSKLASSAR.....	421
K.4.1	Merknader til tabell K-6 og K-7.....	422
K.4.2	Merknader til tabell K-9 – K-12.....	426

Figurar

FIGUR 3-1 DEL GIFTE OG TIDLEGARE GIFTE MENN FORDELT ETTER ALDER. NORGE 1900.	53
FIGUR 3-2 PREVALENCE, MEDIAN, KVARTILAR OG TIMING. EIGENSKAPAR VED LIVSLØP STUDERT VED SYNTETISKE KOHORTAR.	54
FIGUR 4-1 SAMVARIASJON MELLOM VARIASJON I EKTESKAPSTALET OG KONSUMPRISINDEKS. NORGE 1801-1900. BERGEN 1816-1900.	67
FIGUR 4-2 GIFTARMÅLSALDER OG SMAM (SINGULAR MEAN AGE OF FIRST MARRIAGE). NORGE 1801-1920	73
FIGUR 4-3 MENN FORDELT ETTER ALDER OG HUSHALDSSTILLING 1801, 1865 OG 1900	80
FIGUR 4-4 KVINNER FORDELT ETTER ALDER OG HUSHALDSSTILLING 1801, 1865 OG 1900 ..	85
FIGUR 4-5 HUSHALD FORDELT (I PROSENT) ETTER STORLEIK. NORGE 1801, 1865 OG 1900 ..	91
FIGUR 4-6 HUSHALDSSTORLEIK FORDELT ETTER HOVUDPERSONENS ALDER. NORGE 1801, 1865 OG 1900.	94
FIGUR 4-7 HUSHALDSSAMANSETNING 1801, 1865 OG 1900 FORDELT ETTER ALDER	95
FIGUR 5-1 FUNKSJONSTØMING: ENDRING AV SAMFUNNSPRODUKSJON SOM FORKLARINGSMODELL	105
FIGUR 5-2 KULTURDIFFUSJON: KULTURSPREIING SOM FORKLARINGSMODELL	114
FIGUR 5-3 RESSURSPRESS (MALTHUSIANSK TAK) SOM FORKLARINGSMODELL	119
FIGUR 6-1 REGIONAR FOR VESENTLEGE NÆRINGSVEGAR. NORGE 1865.	126
FIGUR 6-2 REGIONAR FOR POLTISK AVSTAND. NORGE 1900. ETTER STEN SPARRE NILSON	138
FIGUR 9-1 PROSENTVIS ÅRLEG FOLKEVEKST 1855-1865. NORSKE KOMMUNAR 1865.	227
FIGUR 9-2 PROSENTDELEN EINPERSONHUSHALD AV ALLE PRIVATE HUSHALD. NORGE 1865.	228
FIGUR 9-3 KORRELASJON MELLOM ÅRLEG PROSENTVIS FOLKEVEKST 1855-1865 OG PROSENTDELEN EINPERSONHUSHALD I 1865. FYLKESNIVÅ	229
FIGUR 9-4 SAMANHENGEN MELLOM VEKST I TALET PÅ HUSHALD OG ENDRING I HUSHALDSSTORLEIK PÅ KOMMUNENIVÅ. NORGE 1855-1865.	231
FIGUR 9-5 KORRELASJON MELLOM EINPERSONHUSHALD 20-29 ÅR AV ALLE EINPERSONHUSHALD (1900) OG ÅRLEG PROSENTVIS FOLKEVEKST 1891-1900. FYLKESNIVÅ	236
FIGUR 9-6 PROSENTDEL AV BEFOLKNINGA 15 ÅR OG ELDRE I SEKUNDÆR ELLER TERTIÆRNÆRINGAR. NORGE 1900.	238
FIGUR 9-7 MEDIAN ETABLERINGSALDER FOR MENN. NORSKE KOMMUNAR 1900	239
FIGUR 9-8 KORRELASJON MELLOM SEKUNDÆR- OG TERTIÆRSEKTOR OG ETABLERINGSALDER. NORGE 1900. FYLKESNIVÅ	240
FIGUR 9-9 GJENNOMSNIITT HUSHALDSSTORLEIK FOR HOVUDPERSONAR I ALDEREN 28-32 ÅR. NORGE 1900	241
FIGUR 9-10 KORRELASJON MELLOM GJENNOMSNIITT HUSHALDSSTORLEIK FOR ETABLERARAR (28-32 ÅR) OG SEKUNDÆR- OG TERTIÆRSEKTOR	242
FIGUR 9-11 TAL BARN I OMGANGSSKULAR OG FASTE SKULAR PÅ LANDSBYGDA I NORGE I PERIODEN 1837-1900.	244
FIGUR 9-12 GJENNOMSNIITT KONFIRMASJONSALDER BASERT PÅ EIT UTVAL AV PRESTEGJELD OG SOKN 1736-1919.	246
FIGUR 9-13 KONFIRMASJONSALDER. STANDARDVVIK I PERIODEN 1736-1919.	247
FIGUR 9-14 ALDRAR FOR LIVSLØPSOVERGANGEN FORLATE OPPHAVSFAMILIEN OG KONFIRMASJONSALDER. 1800-1900	250

FIGUR 9-15 TIMING AV LIVSLØPSOVERGANGEN 'FORLATE OPPHAVSFAMILIEN'. ALDER VED FØRSTE KVARTIL, NORSKE KOMMUNAR 1900.	251
FIGUR 9-16 ELDRE SIN AFFILIATET I HØVE TIL IKKJE-ELDRE. ELDRE=PERSONAR 65 ÅR OG ELDRE. NORGE 1900.	255
FIGUR 9-17 KÅRFOLK OG HUSBONDSFOLK. FELLES ELLER SEPARAT HUSHALD. NORGE 1900.	257
FIGUR 9-18 HUSHALDSSAMANSETNING ETTER SAMFUNNSKLASSAR. FAMILIEHUSHALD, GIFTE MENN 30-45 ÅR, BYAR OG LANDSBYGD, NORGE 1801 OG 1900.	260
FIGUR 9-19 HUSHALD PÅ LANDSBYGD OG I BYANE PROSENTFORDELT (TOTALPROSENTUERT) ETTER SAMFUNNSKLASSAR. FAMILIEHUSHALD, GIFTE MENN 30-45 ÅR, BYAR OG LANDSBYGD. NORGE 1801 OG 1900.	261
FIGUR 10-1 FORKLARINGSMODELL ENDRING AV HUSHALDS OG LIVSLØPSMØNSTER. GJENSIDIG INNVERKNAD.....	268
FIGUR C-1 PROGRAMFLYT. KORLEIS ANALYSEDATA HAR BLITT TIL	331
FIGUR C-2 KJELDEKODELISTING FOR PROCEDURE LEGGTIL.....	332
FIGUR C-3 KJELDEKODE FOR FUNKSJONEN ADD_PERSON I KLASSE KOMMUNE I PREADTEK	335
FIGUR F-1 DYNAMISK MODELL FOR BEFOLKNING OG RESSURSAR. WRIGLEY OG SCHOFIELD:1989.	356
FIGUR K-1 TAL KONFIRMANTAR FORDELT PÅ KJØNN OG TIÅR. 1736-1919.	418

Tabellar

TABELL 3-1 AVRUNDING AV ALDER, 1801, 1865 OG 1900	46
TABELL 3-2 SLEKTSRELASJONAR FORDELT ETTER BLODSBAND, GIFTARMÅL OG GENERASJONAR.	49
TABELL 3-3 GRUNNKODAR FOR FAMILIESTILLING FOR SLEKTSRELASJONAR I HUSHALD	50
TABELL 4-1 SØLIBATSGRADEN FOR MENN OG KVINNER 1801-1900.....	64
TABELL 4-2 GJENNOMSNIITTSALDEREN VED GIFTARMÅLET 1801-1920.....	72
TABELL 4-3 SMAM. NORGE 1801, 1865 OG 1900	74
TABELL 4-4 LIVSLØPSOVERGANGAR FOR MENN OG KVINNER, NORGE 1801, 1865 OG 1900. A) FORLATE OPPHAVSFAMILIEN, B) GIFTARMÅL OG C) ETABLERE EIGE HUSHALD.....	76
TABELL 4-5 GJENNOMSNIIT HUSHALDSSTORLEIK ALLE PRIVATE HUSHALD. NORGE 1801- 1920.....	90
TABELL 4-6 HUSHALD FORDELT ETTER STORLEIK I REELLE TAL OG PROSENT. NORGE 1801, 1865 OG 1900	92
TABELL 4-7 EINPERSONHUSHALD, ALDERSFORDELT NORGE 1800-1900.....	93
TABELL 6-1 STORLEIKSKATEGORiar I SKILLING (GAMMAL SKYLD) OG GJENNOMSNIIT SKYLD I KATEGORIANE. ETTER A. N. KLÆR 1873.....	133
TABELL 6-2 GJENNOMSNIIT UTSÅD AV KORN PR. DEKAR I NORGE (RIKETS BYGDER) 1866-70. BRUKSSTORLEIK GITT AT UTSÅD ER LIK EIN TØNNE AV KVART KORNSLA G.	135
TABELL 6-3 ROKKANS OPERASJONALISERING AV SENTRUM-PERFERI MODELLEN	140
TABELL 6-4 SAMANHENG MELLOM FORKLARINGSMODEL, FORKLARINGSVARIABLER OG INDIKATORVARIABLER FOR ENDRING AV LIVSLØP- OG HUSHALDSSTRUKTUR.	146
TABELL 7-1 GJENNOMSNIIT STORLEIK FOR FAMILIEHUSHALD OG ALLE PRIVATE HUSHALD FORDELT ETTER ØKONOMISKE REGIONAR. NORGE 1801	153
TABELL 7-2 GJENNOMSNIIT HUSHALDSSTORLEIK FOR ALLE HUSHALD OG FORDELT ETTER ØKONOMISKE REGIONAR. NORGE 1865	156
TABELL 7-3 GJENNOMSNIIT HUSHALDSSTORLEIK FOR ALLE HUSHALD OG FAMILIEHUSHALD (HUSHALD MED MEIR ENN 2 MEDLEMMAR) FORDELT ETTER ØKONOMISKE REGIONAR. NORGE 1900.....	157
TABELL 7-4 HUSHALDSSTORLEIK FORDELT PÅ ØKONOMISK REGION. NORGE 1801, 1865 OG 1900.....	158
TABELL 7-5 ETABLERARHUSHALDET I ØKONOMISKE REGIONAR 1801, 1865 OG 1900. GJENNOMSNIIT HUSHALDSSTORLEIK FOR HUSHALD DER HOVUDPERSONEN ER I ALDEREN 28-32 ÅR.....	162
TABELL 7-6 PROSENT EINSLEGE HOVUDPERSONAR FORDELT ETTER ALDER OG ØKONOMISK REGION. NORGE 1801	164
TABELL 7-7 PROSENT EINSLEGE HOVUDPERSONAR FORDELT ETTER ALDER OG ØKONOMISK REGION. NORGE 1865.....	165
TABELL 7-8 PROSENT EINSLEGE HOVUDPERSONAR FORDELT ETTER ALDER OG ØKONOMISK REGION. NORGE 1900.....	166
TABELL 7-9 TAL HUSHALD MED EIN ELLER FLEIRE TENARAR, ABSOLUTTE TAL OG PROSENT. NORGE 1801, 1865 OG 1900	168
TABELL 7-10 TALET PÅ MANNLEGE TENARAR OG GJENNOMSNIIT TAL MANNLEGE TENARAR PR. HUSHALD MED TENARAR. NORGE 1801, 1865 OG 1900.....	168
TABELL 7-11 TIMING AV OVERGANGEN 'Å FORLATE OPPHAVSFAMILIEN', ALDER VED FØRSTE KVARTIL FORDELT ETTER ØKONOMISKE REGIONAR. NORGE 1801, 1865 OG 1900	171
TABELL 7-12 MEDIAN ALDER FOR 'Å FORLATE OPPHAVSFAMILIEN', MENN OG KVINNER FORDELT ETTER ØKONOMISKE REGIONAR. NORGE 1801, 1865 OG 1900	172

TABELL 7-13 ALDERSSPREIING VED OVERGANGEN 'Å FORLATE OPPHAVSFAMILIEN', DIFFERANSE MELLOM FØRSTE KVARTIL OG ANDRE KVARTIL FORDELT ETTER ØKONOMISKE REGIONAR. NORGE 1801, 1865 OG 1900	173
TABELL 7-14 ALDER VED FAMILIEETABLERING. GIFTARMÅLSALDER (SMAM) FOR MENN OG KVINNER FORDELT I ØKONOMISKE REGIONAR. NORGE 1801, 1865 OG 1900.	174
TABELL 7-15 MEDIAN ETABLERINGSALDER VED HUSHALDSETABLERING, MENN, FORDELT ETTER NÆRINGSREGIONAR. NORGE 1801, 1865 OG 1900.	175
TABELL 7-16 ØKONOMISK FORKLARINGSMODELL: SAMANHENGAR MELLOM INDIKATORVARIABLAR OG SEKUNDÆRNÆRINGAR.	177
TABELL 7-17 FOLKETAL OG FOLKEVEKST 1801, 1865 OG 1900 FORDELT PÅ ØKONOMISKE REGIONAR.	179
TABELL 7-18 KORRELASJONSKOEFFISIENTEN PEARSON'S R FOR SAMVARIASJON MELLOM FOLKEVEKST OG ENDRINGSVARIABLANE. REGIONSnivå 1865 OG 1900.	180
TABELL 7-19 FORKLARINGSVARIABLAR FOR SEKUNDÆRSEKTOR, BRUKSSTORLEIK OG MEKANISERING FORDELT ETTER REGIONAR, 1865 OG 1900.	181
TABELL 7-20 KORRELASJONSKOEFFISIENTEN PEARSON'S R FOR SAMVARIASJON MELLOM NÆRINGSSTRUKTUR OG INDIKATORVARIABLANE. REGIONSnivå 1865 OG 1900.	182
TABELL 7-21 KORRELASJONSKOEFFISIENTEN PEARSON'S R FOR SAMVARIASJON MELLOM FORKLARINGSVARIABLANE NÆRINGSSTRUKTUR OG BRUKSSTRUKTUR OG ENDRINGSVARIABLANE. FYLKESnivå 1865.....	184
TABELL 7-22 KORRELASJONSKOEFFISIENTEN PEARSON'S R FOR SAMVARIASJON MELLOM FORKLARINGSVARIABLAR OG INDIKATORVARIABLANE. FYLKESnivå 1900.	186
TABELL 7-23 KORRELASJON MÅLT MED PERSONS R MELLOM PROSENTDEL HUSHALDSOVERHOVUD I SEKUNDÆRSEKTOR OG INDIKATORVARIABLAR FOR SOSIAL ENDRING. NORSKE KOMMUNAR 1865 OG 1900.....	187
TABELL 8-1 GJENNOMSNITT STORLEIK FOR FAMILIEHUSHALD OG ALLE PRIVATE HUSHALD FORDELT ETTER POLITISK-KULTURELLE REGIONAR. NORGE 1801	197
TABELL 8-2 GJENNOMSNITT HUSHALDSSTORLEIK FOR FAMILIEHUSHALD OG ALLE PRIVATE HUSHALD OG FORDELT I POLITISK-KULTURELLE REGIONAR. NORGE 1865.....	197
TABELL 8-3 GJENNOMSNITT HUSHALDSSTORLEIK FOR FAMILIEHUSHALD OG ALLE PRIVATE HUSHALD FORDELT I POLITISK-KULTURELLE REGIONAR. NORGE 1900.	198
TABELL 8-4 GJENNOMSNITT HUSHALDSSTORLEIK ALLE PRIVATE HUSHALD FORDELT I POLITISK-KULTURELLE REGIONAR. ENDRING I ABSOLUTTE TAL OG PROSENT. NORGE 1801, 1865 OG 1900.	199
TABELL 8-5 ETABLERARHUSHALDET I POLITISK-KULTURELLE REGIONAR I 1801, 1865 OG 1900. GJENNOMSNITT HUSHALDSSTORLEIK FOR ALLE PRIVATE HUSHALD DER HOVUDPERSONEN ER I ALDEREN 28-32 ÅR.....	200
TABELL 8-6 EINSLEGE HOVUDPERSONAR FORDELT ETTER ALDER OG POLITISK-KULTURELLE REGIONAR. NORGE 1865.....	201
TABELL 8-7 PROSENT EINSLEGE HOVUDPERSONAR FORDELT ETTER ALDER OG POLITISK- KULTURELLE REGIONAR. NORGE 1900	202
TABELL 8-8 TAL HUSHALD MED EIN ELLER FLEIRE TENARAR, ABSOLUTTE TAL OG PROSENT. NORGE 1801, 1865 OG 1900 FORDELT I POLITISK-KULTURELLE REGIONAR.....	203
TABELL 8-9 TALET PÅ MANNLEGE TENARAR OG GJENNOMSNITT TAL MANNLEGE TENARAR PR. HUSHALD MED TENARAR. NORGE 1801, 1865 OG 1900 FORDELT I REGIONAR.....	204
TABELL 8-10 TIMING AV OVERGANGEN 'FORLATE OPPHAVSFAMILIEN', ALDER VED FØRSTE KVARTIL FORDELT ETTER POLITISK-KULTURELLE REGIONAR. NORGE 1801, 1865 OG 1900	205

TABELL 8-11 TIMING AV OVERGANGEN 'FORLATE OPPHAVSFAMILIEN', ALDER VED ANDRE KVARTIL (MEDIAN) FORDELT ETTER POLITISK-KULTURELLE REGIONAR. NORGE 1801, 1865 OG 1900	206
TABELL 8-12 ALDERSSPREIING VED OVERGANGEN 'FORLATE OPPHAVSFAMILIEN', DIFFERANSE MELLOM FØRSTE KVARTIL OG ANDRE KVARTIL FORDELT ETTER POLITISK-KULTURELLE REGIONAR. NORGE 1801, 1865 OG 1900	207
TABELL 8-13 GIFTARMÅLSALDER (SMAM) FOR MENN OG KVINNER FORDELT I POLITISK-KULTURELLE REGIONAR. ENDRING MÅLT I DAGAR PR. ÅR. NORGE 1801, 1865 OG 1900.	210
TABELL 8-14 MEDIAN ETABLERINGSALDER VED HUSHALDSETABLERING, MENN, FORDELT ETTER REGIONAR. NORGE 1801, 1865 OG 1900.	211
TABELL 8-15 VENTA SAMANHENG MELLOM POLITISKE OG KULTURELLE FORKLARINGSVARIABLES OG INDIKATORVARIABLES FOR LIVSLØP- OG HUSHALDSMØNSTER.	213
TABELL 8-16 FOLKETAL OG FOLKEVEKST I REGIONANE 1801, 1865 OG 1900	214
TABELL 8-17 KORRELASJONSKOEFFISIENTEN PEARSONS R FOR SAMVARIASJON MELLOM FOLKEVEKST OG ENDRINGSVARIABLES. REGIONSNIVÅ 1865 OG 1900.....	214
TABELL 8-18 HEIMFØDINGSPROSENT, SEKUNDÆRSEKTOR, BRUKSSTORLEIK OG POLITISK RØYSTEGJEVING FORDELT ETTER POLITISK-KULTURELLE REGIONAR, 1865 OG 1900. .	216
TABELL 8-19 KORRELASJON MELLOM HEIMFØDINGSPROSENT OG INDIKATORVARIABLES FOR LIVSLØP OG HUSHALD. POLITISK-KULTURELLE REGIONAR, 1865 OG 1900.....	217
TABELL 8-20 KORRELASJON MELLOM INDIKATORVARIABLES OG POLITISK-KULTURELLE FORKLARINGSVARIABLES. POLITISK-KULTURELLE REGIONAR 1900.....	218
TABELL 8-21 KORRELASJONSKOEFFISIENTEN PEARSON'S R FOR SAMVARIASJON MELLOM FORKLARINGSVARIABLES OG ENDRINGSVARIABLES. FYLKER 1865 OG 1900.	219
TABELL 8-22 KORRELASJON MÅLT MED PERSONS R MELLOM PROSENTDEL HEIMFØDINGAR, PROSENTDEL VENSTRESTEMMER OG INDIKATORVARIABLES FOR SOSIAL ENDRING. NORSKE KOMMUNAR 1865 OG 1900.	220
TABELL 9-1 KORRELASJON MELLOM FOLKEVEKST, HUSHALDSVEKST OG ENDRING I HUSHALDSSTORLEIK MELLOM 1855-1865 OG 1891-1900. KOMMUNENIVÅ OG FYLKESNIVÅ	230
TABELL 9-2 FOLKEVEKST, HUSHALDSVEKST, ENDRING I HUSHALDSSTORLEIK 1855-1865, OG PROSENTDEL EINPERSONHUSHALD OG PROSENTDEL MANNLEGE TENARAR I 1865 FORDELT ETTER NÆRINGSREGIONAR.	233
TABELL A-1 KODAR OG KATEGORAR FOR FAMILIESTILLING I 1801-TELJINGA. PRIVATE HUSHALD, KATEGORAR FOR ANSTALTHUSHALD UTELETNE	273
TABELL A-2 "ESSEX"-KODAR FOR SLEKT NYTTA PÅ KODING AV 1865 OG 1900-TELJINGA. EKSEMPEL PÅ SLEKTSRELASJONAR OG KODAR.....	274
TABELL A-3 KODESKJEMA FOR 1865 OG 1900-TELJINGA. HUSHALDSMEDLEMMAR SOM IKKJE ER I SLEKT MED HOVUDPERSONEN. UTVAL AV "ESSEX"-KODAR.	275
TABELL A-4 AVVIK MELLOM DATAUTTREKK OG OFFISIELL STATISTIKK (NSD KOMMUNEDATABASE) FOR 1865	277
TABELL A-5 AVVIK MELLOM DATAUTTREKK OG OFFISIELL STATISTIKK (NSD KOMMUNEDATABASE) FOR 1900	279
TABELL B-1 STATISTIKKFILER, NSD-DATASETT MED VARIABLEDOKUMENTASJON.....	281
TABELL B-2 HJELPEFILER OG UTTREKK FRÅ NSD KOMMUNEDATABASE.....	282
TABELL B-3 DOKUMENTASJON AV VARIABLES I ANALYSESETTET KHKD0086	300
TABELL E-1 TAL PÅ MATRIKSELBRUK OG BRUKARAR I MATRIKKELEN 1886 FORDELT ETTER FYLKE.....	352

TABELL F-1 INNGÅTTE EKTESKAP PR. 1000 INNBYGGJAR (DEN ALMINNELEGE GIFTARMÅLSRATE), NORGE 1801-1900, BERGEN 1816-1900 OG KONSUMPRISINDEKS 1830-1900, 1850=100.....	353
TABELL F-2 AGG1801. FORDELING AV MENN ETTER HUSHALDSKATEGORIER, GROV INNDELING, NORGE 1801	357
TABELL F-3 AGG1801. FORDELING AV KVINNER ETTER HUSHALDSKATEGORIER, GROV INNDELING, ALLE PRIVATE HUSHALD NORGE 1801	361
TABELL F-4 AGG1865. FORDELING AV MENN ETTER HUSHALDSKATEGORIER, GROV INNDELING, ALLE PRIVATE HUSHALD NORGE 1865	364
TABELL F-5 AGG1865. FORDELING AV KVINNER ETTER HUSHALDSKATEGORIER, GROV INNDELING, ALLE PRIVATE HUSHALD NORGE 1865	368
TABELL F-6 AGG1900. FORDELING AV MENN ETTER HUSHALDSKATEGORIER, GROV INNDELING, ALLE PRIVATE HUSHALD NORGE 1900.....	372
TABELL F-7 AGG1900. FORDELING AV KVINNER ETTER HUSHALDSKATEGORIER, GROV INNDELING. ALLE PRIVATE HUSHALD NORGE 1900	376
TABELL F-8 TALET PÅ MENN OG KVINNER OG KJØNNSPROPORSJONEN FORDELT ETTER ALDER. NORGE 1801	380
TABELL F-9 TALET PÅ MENN OG KVINNER OG KJØNNSPROPORSJONEN FORDELT ETTER ALDER. NORGE 1865	381
TABELL F-10 TALET PÅ MENN OG KVINNER OG KJØNNSPROPORSJONEN FORDELT ETTER ALDER. NORGE 1900.....	382
TABELL F-11 FORDELING AV HUSHALDSMEDLEMMAR ETTER ALDER TIL HOVUDPERSONANE (HOVUDPERSON OG MAKE). NORGE 1801	383
TABELL F-12 FORDELING AV HUSHALDSMEDLEMMAR ETTER ALDER TIL HOVUDPERSONANE (HOVUDPERSON OG MAKE). NORGE 1865	384
TABELL F-13 FORDELING AV HUSHALD OG HUSHALDSMEDLEMMAR ETTER SNITTALDER TIL HOVUDPERSONANE (HOVUDPERSON OG MAKE). NORGE 1900	385
TABELL F-14 HUSHALDSSTORLEIK FORDELT I HUSHALDSKATEGORIER (GROVINNDELING) ETTER ALDER ÅT HOVUDPERSONANE . NORGE 1801.	386
TABELL F-15 HUSHALDSSTORLEIK FORDELT I HUSHALDSKATEGORIER (GROVINNDELING) ETTER ALDER ÅT HOVUDPERSONANE . NORGE 1865.	387
TABELL F-16 HUSHALDSSTORLEIK FORDELT I HUSHALDSKATEGORIER (GROVINNDELING) ETTER ALDER ÅT HOVUDPERSONANE . NORGE 1900.	388
TABELL H-1 KOMMUNAR 1801-1900 INNDELTE ETTER REGIONAR FOR HOVUDNÆRING OG ETTER POLITISK-KULTURELLE REGIONAR.....	389
TABELL H-2 GRUNNLAGSDATA FOR UTREKNING AV BRUKSAREALPÅ GRUNNLAG AV UTSÅD.	404
TABELL I-1 SAMVARIASJON MÅLT MED PEARSON'S R FOR INDIKATORVARIABLAR OG FORKLARINGSVARIABLAR PÅ REGIONSNIVÅ . NÆRINGSREGIONAR 1865.	406
TABELL I-2 SAMVARIASJON MÅLT MED PEARSON'S R FOR INDIKATORVARIABLAR OG FORKLARINGSVARIABLAR PÅ REGIONSNIVÅ . ØKONOMISKE REGIONAR, 1900.	407
TABELL I-3 INDIKATORVARIABLAR FOR SOSIAL ENDRING FORDELT PR. FYLKE (AMT). NORGE 1865, BERGEN OG OSLO (KRISTIANIA) SEPARAT.....	408
TABELL I-4 ØKONOMISKE FORKLARINGSVARIABLAR FORDELT PR. FYLKE (AMT). NORGE 1865 OG 1886, BERGEN OG OSLO (KRISTIANIA) SEPARAT.	409
TABELL I-5 INDIKATORVARIABLAR FOR SOSIAL ENDRING FORDELT PR. FYLKE (AMT). NORGE 1900, BERGEN OG OSLO SEPARAT.	410
TABELL I-6 ØKONOMISKE FORKLARINGSVARIABLAR FORDELT PR. FYLKE (AMT). NORGE 1886 OG 1900, BERGEN OG OSLO SEPARAT.....	411

TABELL J-1 HEIMFØDINGSPROSENT, PARTISTRUKTUR OG REPUBLIKKTIHENGJARAR. FORKLARINGSVARIABLAR FORDELT PR. FYLKE 1865 OG 1900.....	412
TABELL K-1 ENDRING I HUSHALDSSTORLEIK FORDELT MOT ÅRLEG PROSENTVIS FOLKEVEKST I PERIODEN 1855-1865. TOTALPROSENTUERT. FJELLBYGDER 1865.....	413
TABELL K-2 KONFIRMASJONSALDER FORDELT PÅ KJØNN I EIT UTVAL AV PRESTEGJELD OG SOKN. POPULASJON, GJENNOMSNITT OG STANDARDVVIK. 1736-1919.....	413
TABELL K-3 TYPE KÅRAVTALAR, SKIFTETYPEN OG SKØYTETYPEN, FORDELT ETTER FYLKE NOREG 1700-1960.	419
TABELL K-4 ELDRE, 65 ÅR OG ELDRE, I HUSHALD. NOREG 1801, 1865 OG 1900.	420
TABELL K-5 KOMMUNAR FORDELT ETTER AFFILIATET OG OM KÅRFOLK BUDE FELLESHUSHALD ELLER SEPARAT KÅRHUSHALD. NOREG 1801, 1865 OG 1900.....	421
TABELL K-6 FAMILIEHUSHALD FORDELT ETTER SAMFUNNSKLASSE OG NÆRING. GJENNOMSNITT STORLEIK, HUSHALD I ABSOLUTTE TAL OG PROSENT. GIFTE MENN 15-30 ÅR. NOREG 1801 OG 1900.	423
TABELL K-7 FAMILIEHUSHALD FORDELT ETTER SAMFUNNSKLASSE OG NÆRING GJENNOMSNITT STORLEIK, ABSOLUTTE TAL OG TOTALPROSENT. GIFTE MENN 30-45 ÅR. NOREG 1801 OG 1900.	424
TABELL K-8 YRKESGRUPPER OG KODAR I 1801-TELJINGA MED INNDELING I SAMFUNNSKLASSE OG NÆRING.....	425
TABELL K-9 HUSHALDSSAMANSETNING FORDELT ETTER SAMFUNNSKLASSE OG BY/LANDSBYGD. GIFTE MENN 15-30 ÅR. NOREG 1801.	427
TABELL K-10 HUSHALDSSAMANSETNING FORDELT ETTER SAMFUNNSKLASSE OG BY/LANDSBYGD. GIFTE MENN 30-45 ÅR. NOREG 1801.	428
TABELL K-11 HUSHALDSSAMANSETNING FORDELT ETTER SAMFUNNSKLASSE OG BY/LANDSBYGD. GIFTE MENN 15-30 ÅR. NOREG 1900.	429
TABELL K-12 HUSHALDSSAMANSETNING FORDELT ETTER SAMFUNNSKLASSE OG BY/LANDSBYGD. GIFTE MENN 30-45 ÅR. NOREG 1900.	430

Forord

Målet for denne avhandlninga er å gi ny kunnskap om samanhengane mellom familiestruktur og samfunnsending på 1800-talet i Norge. Dette søker eg mot ved å studere livsløp opp til og kring etablering av familie og hushald. Samfunnsending dekkjer sosiale, demografiske og økonomiske prosessar som urbanisering, emigrasjon og industrialisering, men òg politiske og kulturelle prosessar som nasjonsbygging, institusjonsbygging og demokratisering. I avhandlninga er vekta lagt på samspelet mellom familiestruktur og ending i kulturelle, demografiske og økonomiske strukturar. For å studere dette samspelet er avhandlninga bygd opp av tre logiske delar, ein deskriptiv, ein komparativ og ein forklarande. Den deskriptive delen har som siktemål å avdekkje endingar i familiestruktur i Norge på 1800-talet: Kva blir endra og når? Og like viktig: Kva blir ikkje endra? Den andre delen har som siktemål å syne korleis endingane skjer ved å nytte regional komparasjon. Skjer endingane med same takt eller i ulik takt frå region til region og i by og på landsbygd? I den siste delen prøver eg ulike forklaringsmodellar er ikkje like dekkjande, for det er ofte tale om ei samling forklaringsmåtar snarare enn ein einskapleg forklaringsmodell.

Kva karakteriserer livsløpsmønsteret på Norge på 1800-talet? Eit par døme frå avhandlninga: Sterk stabilitet kjenneteiknar delar av etableringsmønsteret i Norge på 1800-talet, t.d. giftarmålsalderen. Andre delar av livsfasen fram til etablering av familie og hushald blir utsett for store endingar, som dels er kjønnsesifikke. Den mest markante endinga i løpet av hundreåret er at barna blir verande lengre heime hos mor og far. Avhandlninga avdekkjer stor skilnad på livsløpet til unge menn kring 1800 og kring 1900. Kring 1900 heng mange menn kring gryta hennar mor heilt fram til dei sjølv må vere ansvarlege for ein familie. Tidleg på 1800-talet var dette langt mindre vanleg. Mange barn forlèt foreldreheimen i 10-12 års alderen, og etablerte egne hushald 15-20 år seinare i livsløpet. Korleis skjer desse endingane og kvifor skjer dei? Og skjer endingane på likt i ulike regionar, i by og på landsbygda? Ja, då må du lese avhandlninga, og eg trur du vil bli overraska. For vante førestillingar om modernisering og ”byane først” må du kanskje vurdere på ny. Takta i endingane er kanskje ikkje slik vi helst har trudd.

Problemstillingane i avhandlninga er ikkje nye og originale. Spørsmåla om samanhengane mellom samfunnsending og familiestruktur er av dei eldste spørsmåla innafor forskingsfeltet familiehistorie, historisk demografi og sosialhistorie. Synspunkta sprikar, og ein er stendig like usamd om både forløp og årsaksforhold. Avhandlninga har såleis røter i den lengste tradisjon innafor forskingsfeltet, men eg meiner eg har lukkast med å ikkje berre tappe gammal vin på nye flasker.

Vegen frå første idé til ferdig avhandling er lang. På mange måtar liknar denne kronglete vegen på ein gammal kjerreveg. Kjerrevegar svingar hit og dit, først opp etter fjellsida og deretter ned. Det nett som om geita har vore vegingeniør. Med avhandlninga søker eg å teikne eit kart utan slike vegar, men med få breie hovudvegar. Terrenget for avhandlninga er Norge på 1800-talet. Og dette terrenget inneheld ei uhorveleg mengde detaljar og nyansar. Det eg har prøvd å skape med avhandlninga er eit ’generalkart’, eit

oversiktskart, på grunnlag av terrenget som er Norge på 1800-talet. Denne avhandlinga er derfor eit forsøk på å beskrive hovudriss – utan alle nyansar og detaljar. Ikkje dermed sagt at eg ikkje er var for at det fanst ein rikdom av sosiale terreng, like variert som den naturen og dei omgjevnadane 1800-tals mennesket levde i. Men eg har valt å finne og forklare strukturar og endringar i desse på tvers av menneskeskapte eller naturgjevne stengsel og skiljeliner. Dermed blir 'mitt' kart eit oversynskart der berre få, utvalde og sentrale terrengement er med – alt anna er abstrahert bort.

Derfor handlar **ikkje** denne avhandlinga om bestemte stader som Bergen, Askøy eller Gaular på 1800-talet. Den handlar heller ikkje om bestemte personar, familiar eller slekter. I denne avhandlinga er etablering av familie og hushald studert gjennom abstrakte storleikar, strukturar og prosessar. Den sentrale eininga, objektet for denne studien er familien og hushaldet. Individ, familie og hushald er studert i eit dynamisk perspektiv, dvs. gjennom familiesyklus og i relasjon til individuelle livsløp. Meir presist dannar familiesyklus, individuelle livsløp og livsfasar er dei viktigaste studieobjekta i denne avhandlinga. Prosessane desse objekta skal studerast i høve kan litt upresist seiast å vere dei "store" samfunnsomveltingane på 1800-talet. Dermed er du som lesar åtvare, for dette er rein strukturhistorie!

For å gjere åtak på desse spørsmåla gjer eg bruk av mykje datateknologi og store datamengder. Kombinasjonen av "tung" teknologi og datakvantitet er det nye eller originale i denne avhandlinga. Den massive dataregistreringa gjennom dei siste tiåra, frå den spede starten med folketeljinga 1801, gjennom komplett registrering av 1865-teljinga, 1900-teljinga og ei rekkje andre kjelder, gjer omfattande bruk av datateknologi mogeleg. Dei rivande teknologiske endringane dei siste to tiåra, med rå prosessorkraft og stor lagringsplass som "allemannseige", gjer at store datamengder kan analyserast med eit tastetrykk og eit museklikk. Og her ligg ein fare om ein ikkje stoppar i tide. Mang ein gong har eg måtta stoppa meg sjølv i å "berre" rekne ut ein indeks til eller "berre" kombinere data på ein annan spennande måte. Kjelder, prosessorkraft og lagringsplass kan vere eit botnalaust juv. Eg trur eg har returnert til overflata!

Det er mange som har vore til god hjelp med å skrive denne avhandlinga. Først ein takk til Historisk institutt og HF-fakultetet som fann prosjektbeskrivelsen så interessant at eg blei tildelt stipend. HF-fakultetet gav meg også muligheita for eit opphald ved University of Essex, Storbritannia. Ved University of Essex vart eg godt motteken av Kevin Schürer ved History Department. Kevin Schürer saman med Matthew Wollard og Mark Allen ved History Department og History Data Service, University of Essex, gjorde opphaldet inspirerande og gjevande. Ved opphaldet i Essex vart mange av dataprogramma som er nytta i avhandlinga utvikla.

Statsarkivar Yngve Nedrebø og bygdebokforfattar Anders Timberlid har gjeve meg kjeldemateriale som sidan har vorte tilgjengeleg i Digitalarkivet. Ola Grytten har velviljug gjeve meg rekneark innehaldande prisindeksar og tips om relevant litteratur.

I kring 15 år har eg vore brukar av statistikkprogrammet NSD-stat frå Norsk Samfunnsvitenskapleg Datatjeneste. Alle dei flotte karta i denne avhandlinga er laga med NSD-stat. Dataprogrammet er eit utruleg godt verktøy. Programskaparane Terje Marøy og Audun Lange ved NSD har tolmodig teke i mot og svart på meldingar både om metodiske

spørsmål og 'merkelege' resultat i NSD-stat. Nokre gongar har feilen vore min eigen, andre gonger dataprogrammet. Uansett har eg fått svar eller ny oppdatert versjon av ein programmodul. Ypparleg service!

Strålande service har eg fått ved fleire av UB's avdelingsbibliotek, særleg HF-, JUS-biblioteket. Mine mange sære og uvanlege innlån frå Norge og Norden har blitt raskt ekspedert, diverre er ikkje eg alltid like rask til å levere attende.

Fleire har lest gjennom prosjektbeskrivelsen, utkast eller kapitteldelar og gjeve nyttige kommentarar: Arne Haugen, Nils Kolle, William Hubbard, Jan Oldervoll, Ståle Dyrvik, Knut Kjellstadli, Narve Bjørge og Bodil Johansen (Alverseminara). Svein Sture, Frode Ulvund, Cecilie Boge, Herdis Kolle, og Bente Brathetland (Hurtigruteseminaret).

Det faste 'inventaret' i Dokkeveien; Bente, Cecilie, Frode, Herdis, Jan og Svein, har vore ein heilt uvurderlig og viktig trivselsfaktor. Betre kollegaer skal ein leite lenge etter. Lunsjdiskusjonane både luftar og lyftar topploket!

To personar må takkast spesielt; Jan Oldervoll og Ane Landøy. Jan har alltid synt stor tiltru til mine prosjekt, heilt frå første gong eg tok kontakt pr. e-post i 1994! Evna til å peike på dei vesentlege manglane ved resonnement og "hol" i manuskript er eg misunneleg på. Ane har lest og lest og kommentert og kommentert. Logiske brest, dårleg språk og elendige formuleringar er **ikkje** hennar feil. Ho har plukka bort mange – det var langt verre før. Takk begge to.

Arne Solli
Bergen, 03/11/2003

"En del av de data som er benyttet i denne publikasjonen er hentet fra Norsk Samfunnsvitenskapelige Datatjenestes Kommunedatabase. NSD er ikke ansvarlig hverken for analysen av dataene eller for de tolkninger som er gjort her."

Kapittel 1

Innleiing

The old society is breaking up. [...] Denne Brjoting up af Samfundet kjem hit til os no. skreiv A. O. Vinje i 1866.¹ Sterke krefter var i sving: migrasjon, emigrasjon, industrialisering og urbanisering. Desse prosessane var verksame gjennom store delar av 1800-talet, og var gjennomgripande og sams for Europa og Nord-Amerika. 'Modernisering' har vore ein populær sekketerm for samfunnsomveltingane. Og mange med Vinje såg på desse samfunnsendingane som ei nedbryting av det gamle samfunnet. Frederic Le Play, ein fransk økonom på Vinje si tid, var sterkt oppteken av problema samfunnsomveltinga skapte. Le Play meinte at ei viktig årsak til samfunnsproblema var oppløysinga av slekta som sosial eining og danninga av '*la famille instable*' - kjernefamilien. Urbanisering og framvekst av manufaktursystemet var den direkte årsaka til denne oppløysinga og nedbrytinga av den eksisterande slektsbaserte familieinstitusjonen. Le Play baserte seg på intervju og opplysningar han samla på omfattande reiseverksemd kring i Europa i perioden 1833-1855. Le Play sine synspunkt fekk seinare stor innverknad på amerikansk familiesosiologi på 1950-talet, og vart kimen til ein debatt om forholdet mellom familieinstitusjonen og samfunnsending som stendig er like livleg. Grovt sett kan tre hovudsynspunkt identifiserast:

1. Oppløysingsteser: Industrialisering og urbanisering braut ned ein familieorganisasjon der slekta hadde ei sentral rolle og skapte den mobile, kompakte og isolerte kjernefamilien - den moderne kjernefamilien.

2. I skarp kontrast til dette synet på forholdet mellom familieinstitusjonen og industrialiseringa står kontinuitetsteser: Kjernefamilien var den dominerande familietypen både før og under den industrielle revolusjon. Hushaldsstrukturen vart lite påverka av sosiale, demografiske og økonomiske endringar i tida 1500-1900.

3. Dels i opposisjon til begge desse to posisjonane står synet om interaksjon og gjensidig påverknad. Urbanisering og industrialisering bryt ikkje ned sentrale verdisystem. Familieorganisasjonen er **ikkje** passiv og den tilpassar seg **ikkje** slavisk eller blindt til ytre endringar. Familie og slekt både planlegg, initierer og motset seg endringar. Familien er aktiv både i forhold til andre sosiale institusjonar og dei "store" prosessane. Familien formar og blir forma.

Tema for denne avhandlinga er forholdet mellom familie og sosiale, demografiske, økonomiske, politiske og kulturelle endringsprosessar på 1800-talet i Norge. Det er openbert at eit så omfattande tema må avgrensast til handterlege og gripelege storleikar og problemstillingar. Avgrensingar av både metodisk, analytisk og kjeldemessig karakter er heilt naudsynte.

For det første har eg valt eit livsløpsperspektiv og valt ut eit mindre sett av livsløpshendingar. Den delen av livsløpet eg har valt å rette fokus mot er fasane fram til etablering av familie (giftarmål) og hushald. Kvifor er etablerarperspektivet interessant? Kring 1800 budde 9 av 10 på landsbygda i Norge, dei fleste involvert i primærnæringane

¹ Dølen 14. Januar 1866. Vinje, Haukaas, Grøstad og Djupedal: 1970

med jordbruk som viktig basis. Folketalet auka raskt frå 883.603 menneske i 1801 til 2.240.032 i 1900, trass i sterk utvandring til Nord-Amerika. I 1900 budde 35,7% av befolkninga i tettbygd strok.² I 1801 var det kring 165 000 hushald i Norge, hundre år seinare kring 420 000.³ Talet på hushald auka relativt meir enn folketalet i løpet av desse 100 åra: 2.6 gonger så mange hushald, 2.5 gonger så mange menneske. Etablering av familie og hushald var nær knytt til det å skaffe eit utkomme, finne eit levebrød som kunne brødfø ein familie. Bak desse enkle tala anar vi store demografiske, sosiale og økonomiske endringar. Tidleg på 1800-talet var hushaldet den viktigaste eininga for omsorg, sosialisering, produksjon og konsumpsjon. I løpet av 1800-talet skjer det omfattande endringar særleg m.o.t. hushaldet som den viktigaste produksjonseininga i samfunnet.⁴ Dette gjer nettopp livsløp- og etableringsperspektivet uhyre interessant for å forstå samanhengane mellom familiestruktur og samfunnsendringar.

For å analysere livsløp og hushaldsmønster dannar folketeljningane 1801, 1865 og 1900 det sentrale kjeldematerialet. Matrikkelen 1886 - matrikulering av jordeigedomar i landdistrikta og aggregerte data frå stortingsval, jordbruksteljingar og anna offisiell statistikk utgjer tyngda av det øvrige kjeldematerialet.⁵

Dei tre teljingane dannar òg avhandlinga si kronologiske ramme; 1800-1900.

1.1 Forskingstradisjonen

Eit viktig incitament for å studere familie- og hushaldsstruktur i forhold til samfunnsendringane på 1800-talet er status ved forskningstradisjonen. I norsk historisk og sosiologisk forskning har ein relatert endring i familiestruktur til 'moderniseringa' av Norge på 1800-talet utan - etter mitt syn - at ein i like stor grad har greidd å tidfeste og forklart relasjonane mellom endringane i familiestruktur på den eine sida og dei samfunnsomformande prosessane på den andre. I norsk familiehistorisk forskning, t.d. hos Sølvi Sogner og Ståle Dyrvik har ein knytt endring av hushaldsstruktur til funksjonstøminga; at "produksjonen forlater hushaldet".⁶ Ein har i liten grad greidd å tidfeste denne endringa til meir presist enn 1800-talet, derfor har ein heller ikkje greidd å beskrive desse samanhengen mellom økonomiske strukturar og sosiale strukturar godt og derfor blir også årsaksforholda uklare. Karakteristisk er derfor følgjande utsegn frå Sølvi Sogner:

² http://www.ssb.no/www-open/statistikk_etter_emne/historisk_statistikk/tabeller/3-3-1t.txt. Definisjon av tettbygd: Tettbygde områder med minst 200 bosatte der avstanden mellom husene som regel ikke overstiger 50 meter. Før 1845 er som tettbygde strøk regnet byer (kjøpsteder og ladesteder), i 1845-1950 også andre hussamlinger utenom byer.

³ NOS IV No 82:1904, s. 90-93. Repræsentative Tilæggsopgaver angaaende Familiehusholdningernes Sammensætning.

⁴ Produksjon er nytta her i den noko snevre og kjønnsespesifikke tydinga av omgrepet, der ein i liten grad oppfattar produksjon av omsorg, produksjon av mat og klede, dvs. den daglege hushaldninga (etterkvart husmorproduksjonen) som produksjon. I nyare forskning og i eit materialistisk perspektiv blir denne produksjonen nemnd som produksjon av arbeidskraft, jf. Seccombe: 1992, s. 14-16.

⁵ Meir om kjelder og analysemetodar i kapittel 3.

⁶ Sogner: 1990, Dyrvik: 1983

Det skjer en grunnleggende omlegging av produksjonen. Den organiseres ikke lenger husholdsvis, men føres ut av husholdet og over markedet, som det så besnærende og noe diffust lyder.⁷

Korleis ser andre norske historikarar og samfunnsvitarar på forholdet mellom familie, livsløp og samfunnet kring den? Familien eller husholdet er heilt klart ein residuell eller passiv institusjon, dvs. “en institusjon som formes mer enn den former”.⁸ Dei formande kreftene er demografiske eller økonomiske. Det er ein lang tradisjon å studere familien i høve til utviklinga i den kapitalistiske økonomi.⁹

I *På sporet av den nye tid* prøver sosiologane Ivar Frønes og Ragnhild Brusdal å sjå inn i framtida på basis av dei utviklingstrendane ein ser i dag (år 2000). Dei skildrar samanhengane mellom storsamfunnet og livsløp slik:

Femti- og sekstitallet dominerer enda (i dag) deler av den sosiale og kulturelle forestillingsverden. Forestillinger om at det finnes eller fantes en nærmest naturlig alder for overgang mellom livsfaser, for ekteskapsinngåelse, yrkesaktivitet og barn, stammer fra denne perioden. I begynnelsen av tjuårsalderen giftet unge mennesker seg, de gikk inn i fast arbeid, og de skaffet seg ofte den første bolig - selv om denne kunne være beskjeden og i sokkeletasjen hos svigerforeldrene.¹⁰

Livsløpets organisering er et helt fundamentalt trekk ved et samfunn. Livsfaser er delvis biologisk bestemt, delvis kulturelt. [...] I det gamle bondesamfunnet, så vel som i industrisamfunnet, ble livet i stor grad organisert av ytre krefter. Industriportene sto åpne og kalte på de unge menn som ikke hadde valgt noe annet. I det post-industrielle samfunnet har livsløpet i økende grad blitt åpent. [...] I det gamle bondesamfunnet ble man en slags voksen tidlig, ved konfirmasjonen eller der omkring. Samtidig var man ikke fullt ut voksen før man hadde stiftet familie eller var økonomisk i stand til dette. Det ville for de fleste være mye senere. Første barn for småbruker-/husmannsdøtre kom som regel når de var 28-30 år. Industrisamfunnets livsløp innebar en relativt kort ungdomstid. Hvis 1950 og 1960-talet illustrerer industrisamfunnet høyperiode, ble man da ungdom i tenårene. For jentene ble man ungdom i 15-16-årsalderen, og ved tju kunne man ofte være gift eller forlovet.¹¹

Frøsdal og Brusdal gjev her uttrykk for ei sær sars vanleg oppfatning hos norske samfunnsvitarar. Arven frå Frederic Le Play og amerikansk sosiologi er tydeleg. Livsløp utgjer sentrale strukturar i eit samfunn, men form eller karakter er i stor grad bestemt av ytre forhold (før men ikkje no). Eit sentralt ytre forhold som då er avgjerande er samfunnsproduksjonen eller dei økonomiske strukturane. Familie blir sett på som ein adaptiv, residuell institusjon, dvs. den vert forma meir enn den formar. Men familieinstitusjonen har også ein form for resistens, eit etterslep eller ein tregleik i høve til den endringsfaktorane. Det tek tid før dei økonomiske eller produksjonsmessige forholda i samfunnet får full innverknad på familieinstitusjonen.¹²

Familiehistorikarar har prøvd å mjuke opp denne oppfatninga. Først Peter Laslett som meinte at husholdet stort sett hadde vore uendra i storleik, type og samansetning frå

⁷ Sogner: 1990, s. 90

⁸ Holter: 1975, s. 33.

⁹ Holter: 1975, Grønseth: 1975, Kristiansen og Wetlesen: 1986 og Lysestøl: 1992.

¹⁰ Frønes og Brusdal: 2000, s. 28

¹¹ Frønes og Brusdal: 2000, s. 41-42.

¹² Holter: 1975, s. 33

1500 til 1900.¹³ Laslett ville ta eit oppgjær med mytane som han meinte var skapt av Fredreric Le Play midt på 1800-talet og halde ved like av sosiologar (Talcott Parsons) over hundre år seinare.¹⁴ Ein anna sentral familiehistorikar - Tamara Hareven – har òg teke eit oppgjær med Talcott Parsons. Parsons hevda at den kompakte, mobile, intime, tette, uavhengige kjernefamilien var den familietypen som var best tilpassa industrisamfunnet. Kjernefamilien var eit produkt av industrialiseringsprosessen. Hareven er sterkt kritisk til denne framstillinga. Ho meiner - med stønad frå Michael Andersons studie av Lancashire - at slekt hadde sentrale funksjonar i etableringsfasen i første del av industrialiseringa. Michael Anderson synta at hushaldet slettes **ikkje** vart mindre i storleik og mindre komplekst samansett under den tidlege fasen av industrialiseringa. Derimot vaks hushalda både i storleik og kompleksitet under industrialiseringa. Ein av grunnane til dette var nettopp mangel på statlege institusjonar og ordningar som kunne avhjelpe i kritiske situasjonar og forhold.¹⁵ Familie og slekt var ein 'active agent'¹⁶ under den sterke industri- og byveksten i andre halvdel av 1800-talet og tidleg i førre hundreår. Familie og slekt hjelpte til ved flytting til by og ved jobbrekruttering inn i industriverksemd. Ved søk etter arbeid, rekruttering og arbeidsopplæring tok familie og slektningar initiativ og var naudsynte hjelparar. Hareven synta at arbeidskameratar/arbeidslag i industriverksemdar gjerne var i slekt med kvarandre. Hareven framhever kontinuiteten frå bondesamfunnet, og i USA frå det bondesamfunnet dei kom frå i Europa, og derfor fann ho også etniske skilje, t.d. at hos dei med fransk-kanadisk bakgrunn var slekta ein langt meir aktiv pådrivar og hjelpar. Hareven hevdar også at det kan vere lite fruktbart å synkronisere sosiale organisasjonar som familien og endringar i denne til politiske eller økonomiske faseinndelingar, t.d. før-industriell/industriell, og dermed at endringar i familieorganisasjonen i større grad er uavhengig av endringar i produksjonsøkonomien.¹⁷

Den svake lekkja i kjeda – både hos Anderson og Hareven – er representativiteten. Begge har granska eitt avgrensa industrisamfunn, og metoden med detaljerte livsløpsintervju (Hareven) gjer at utvalet av individ må sterkt avgrensast. Datamaterialet blir derfor lite. Og både Laslett og Hareven er blitt kritisert for kontinuitetsperspektivet. Wally Seccombe meiner at både Laslett og Hareven har overfokusert på det statiske og på kontinuiteten. Han meiner vidare at sjølv om fleire historikarar har vore usamde med Laslett metodisk, så har dei ikkje eksplisitt teke avstand frå kontinuitetstesens til Cambridge-gruppa. Seccombe kritiserer også ”oppløysingstradisjonen” frå Frederic Le Play via amerikansk familiesosiologi. Han hevdar at mange historikarar støyper historieskrivinga etter generell moderniseringsteori:

¹³ Laslett og Wall: 1972

¹⁴ Laslett: 1987, s. 270-271.

¹⁵ Hareven: 1978, Hareven: 1982, Hareven: 2000. Anderson: 1971.

¹⁶ Hareven: 2000, s. 18. ”The import principle underlying these questions [How the family both initiates and adapts to change and how it translates the impact of larger structural changes into its own sphere] is a view of the family as an active agent. The family planned, initiated or resisted change; it did not just respond blindly”.

¹⁷ Hareven: 2000, s.18-19 og s. 151-165.

Many social historians cast their work against the vague backdrop of modernization theory, where the global processes of industrialization, urbanization and cultural modernization are thought to have had certain effects on families.¹⁸

Gjennomgangen så langt har for det første synt at det er usemje om det faktisk skjer større endringar, dvs. om kontinuiteten er sterkare endringane m.o.t. livsløp. Det er òg usemje om statiske mønstre med stor regional utbreiing var meir framtrudande enn regional variasjon. For det tredje syner gjennomgangen at økonomiske faktorar er blitt sterkt framheva i debatten om endring av familiestrukturar.

Men ved sida av dei økonomiske faktorane har kulturspreiing blitt trekt fram som ein alternativ forklaring på sosiale endringar. Nye – i tydinga moderne - samversformer, nye idear om livsløp og familie og ny åtferd vert først etablert og utforma i den øvre del av mellomklassa. Deretter spreier den borgarlege kulturen seg sosialt til arbeidarklassa og geografisk mot utkantsstrok. Eilert Sundt meinte at ei blanding av spreiiing av kunnskap og politiske vedtak endra (uønskt) sosial åtferd, t.d. for å kunne fjerne fattigdomsproblemene. Føresetnaden var empirisk kunnskap om dei fattige. Sundts beskrivelse skulle vere grunnlaget for praktisk handling, for reformer.¹⁹ I tillegg arbeidde tidsånda – ”en lykkelig Vending i Tænkemaade og Begreb” – i same retning.²⁰ I Hamskifte-litteraturen finn vi også sterke innslag av endring gjennom kulturspreiing. Urbanismen og bykulturen som spreier seg frå byane til den minste avkrok. Eller med Inge Krokanns egne ord:

Men det var i desse år [1850-1860 åra] bårer frå all verda tok til å skylje inn til dei norske byane, og utetter derifrå att. [...] Men frå byane sig dønningar frå utverda inn over bygdene med dei nye vegane [...] Litt etter kvart kom no heile landet med.²¹

Rune Slagstad legg sterk vekt på einskildpersonar, politikarar og embetsmenn, si rolle ved moderniseringa, omforminga av og bygginga av Norge som nasjon.²² Slagstad framhevar ruvande bautafigurar som Frederik Stang og Anton Martin Schweigaards evne og vilje til å omforme ideologi til praksis: ”Stang og Schweigaard utøvde sitt systemtransformerende lederskap gjennom et bemerkelsesverdig vekselspill mellom kunnskap og makt, mellom teori og praksis”.²³ Ein annan praktisk moderniseringsideolog var Ole Jacob Broch som i 1850- og 1860 åra skapte ein ”kommunikativ infrastruktur for den nye, kapitalistiske samfunnsøkonomi.”²⁴ Hartvig Nissen var mannen bak reformeringa av skulevesenet frå kring 1850.²⁵

¹⁸ Seccombe: 1992, s. 27-29.

¹⁹ Slagstad: 1998, s. 33-35. Slagstad ser både Eilert Sundt og T.H. Aschehoug som typiske representantar for å bruke statistikk som eit politisk styringsreiskap.

²⁰ Sitert etter Sejersted: 1993, s. 72.

²¹ Krokann og Pryser: 1976, s. 18-20.

²² Slagstad: 1998.

²³ Slagstad: 1998, s. 17. Både Schweigaard og Stang var universitetsprofessorar. Schweigaard var ein dominerande stortingspolitkar i perioden 1842 til sin død i 1870. Stang var statsråd og statsminister i perioden 1845-1880 (avbrekk 1856-1859).

²⁴ Slagstad: 1998, s. 19. Broch grunnla forsikringsselskapet Gjensidige i 1847 og leia det i 40 år. Han var involert i planlegging av telegrafanlegg, arkitekten bak Norges første jarnbane og i fleire år direktør i Den Norske Creditbank.

²⁵ Slagstad: 1998, s. 45-48.

Også internasjonalt har kulturspreiingsmodellen ein sterk forskingstradisjon, jf. kapittel 5.3.7.²⁶ Wally Seccombe meiner familiehistorikarar generelt har teke for lett på forklaringa om kulturspreiing:

This framework is implicitly based on a cultural-diffusionist assumption: that lower classes and backward regions lag behind their superiors but eventually follow them on the road to modernity and progress²⁷

Grovt skissert har vi to hovudforklaringar for endring av sosiale mønstre; a) som ei følgje av endringar i samfunnsproduksjonen og b) spreining av nye idear ved kulturdiffusjon. Eg vel å kalle denne forklaringa for ein politisk-kulturell forklaringsmodell, sidan modellen har to element. For det første spreining av borgarleg kultur med urbane verdiar frå Europa til Norge og deretter frå by til land. Familiestruktur vert endra gjennom opptak av nye urbane, borgarlege ideal og veremåtar. For det andre indirekte endring av familiestruktur gjennom opinionsskaping, politiske vedtak og auka statleg verksemd på ulike samfunnsområde, t.d. utdanning og omsorg.

1.2 Avgrensingar og problemstillingar.

Dei førre avsnitta synte at det var tre hovudsynspunkt på høvet mellom familieinstitusjonen og samfunnsendring: 1) Oppløysingstesens 2) kontinuitetstesens og 3) interaksjon og gjensidig innverknad. Forklaringane på endring av familieinstitusjonen kan kategoriserast i to hovudtypar av forklaringar; økonomiske og politisk-kulturelle.²⁸ Dei tre hovudsynspunkta og dei to forklaringsmodellane er mitt utgangspunkt for denne studien.

Spørsmålet om familiestruktur og samfunnsendring har eg valt å studere i livsløpsperspektiv og avgrensa til livsløpet opp til etablering av familie og hushald. Utgangspunktet for å velje etableringsfasen er at eg trur einskildindivid og familiar er mest “skjøre” og påvirkelege nettopp i etableringsfasen, men det er også i denne fasen vi kan tenkje oss at einskildindivid og familiar er mest aktive i forhold til dei “store samfunnsprosessane”. Eg føreset at dei sosioøkonomiske endringane slår raskare og meir umiddelbart inn på åtferda til menneske i etableringsfasen og nyetablerte hushald, medan familiar med ei viss levetid i mindre grad og med større etterslep vert forma av dei same endringane. Samtidig kan vi også tenkje oss at yngre menneske og familiar prøver å nyttiggjere seg av nye muligheiter, nye utfordringar og nye “trendar”. Desse føresetnadane er det teoretiske fundamentet i analysen, og er eit relativt forenkla utval av sosiologen William I. Thomas’ teoretisering av høvet mellom familie og samfunnsendring. Fleire viktige studiar av Glen H. Elder Jr., Joan Scott, Louise Tilly og Tamara Hareven har nytta modellar som i større eller mindre grad baserer seg på Thomas.²⁹

²⁶ Shorter: 1979. Dansk utgåve av *The Making of the Modern Family*. Shorter: 1977. Stone: 1977, Flandrin: 1979 og Ariès: 1962, jf.r Anderson: 1980, s. 62-64.

²⁷ Seccombe: 1992, s. 29.

²⁸ David Kertzer har på basis av ei rekkje europeiske og nord-amerikanske granskningar av familie og hushald freista å kategorisere forklaringar på variasjon i familiestruktur i tid og rom, og han står att med tre slags forklaringar: 1. Økonomiske. 2. Kulturelle. og 3. Demografiske. Kertzer: 1991

²⁹ Elder: 1978, s. 16-22. Hovudverket til William Thomas er *The Polish Peasant*, Thomas og Znaniecki: 1927. Studiane Glen H. Elder referer til er Elder: 1974, Hareven: 1975 (Hareven: 1978) og Tilly og Scott: 1978. Elder summerer opp William Thomas teori slik: *Thomas outlined a model of crisis situations, one which assigned priority to the control of lief situations in human experience. Habitual patterns of behavior*

Det å finne seg levebrød og partner startar sjeldan med vigsla, derfor ynskjer eg også å gå bakom sjølve etableringsfasen for å studere ekteskapspartnerane i tida før ekteskap og etablering. Etableringsfasen for ein innflyttar t.d. frå landsbygda til byen kan strekkje seg over 10-15 år, kanskje meir, avhengig av når i livsløpet innflyttinga skjer i forhold til etablering av familie og eige hushald i byen. I eit etableringsperspektiv er derfor livsløpet frå ein forlèt opphavsfamilien til ein sjølv etablerer ein familie interessant. Denne delen av livsløpet er såleis hovudfokus i denne avhandlinga. Dette synspunktet fell saman med t.d. John Modell, Frank F. Furstenberg og Douglas Strong. Dei understrekar at å dokumentere ei endring i giftarmsalder i seg sjølv er eit relativt trivielt funn, dersom endringa ikkje kan sjåast i kontekst av andre livsløphendingar som inngangen til arbeidsmarknaden, etablering av hushald og første fødsel.³⁰

Gjennomgangen av den internasjonale debatten har synt at vi står over for fleire ulike problem m.o.t. høvet mellom familiestrukturar og samfunnsendring. For det første er det usemje om i kva grad det skjer endringar, eller meir presist om endringane er så omfattande at ein kan tale om oppløysing. Synspunkta spriker: Nokre historikarar har lagt vekt på kontinuiteten, andre på dikotomiar; at det er eit klart brot mellom ”før-moderne”, ”før-industrielt” eller ”tradisjonelt” familiemønster på den eine sida, og eit moderne familiemønster på den andre. Målet med denne avhandlinga blir såleis å svare på desse tre gruppene av overordna spørsmåla:

1. Skjer det endringar av livsløpet fram til og kring etablering av familie og hushald? Når skjer desse endringane? Kva for endringar skjer? Er denne delen av livsløpet også prega av kontinuitet?
2. Korleis skjer desse endringane? Kva for skilnader er det regionalt og mellom by og land?
3. Korleis forklarar vi regional variasjon og endring over tid? Er den strengt økonomiske forklaringa haldbar? I kva grad er dei strukturelle endringane også påverka av sosiale, moralske, demografiske, politiske og kulturelle faktorar?

Dette gjev grunnlag for å stille ei rekkje spørsmål: Kva for endringar kan vi observere når det gjeld hushaldsetablering og livsløpshendingane fram til sjølve etableringa? Endrar måten hushalda vert etablert på? Endrar type hushald som vert etablert seg? Endrar tidspunktet for å stifte familie seg, tidlegare, altså ved lågare alder? Er det skilnad mellom kjønna? Når skjer eventuelle endringar og korleis skal dei forklarast? Kan desse setjast direkte i samanheng med industrialisering? Kan vi finne tendens til etterslep i regionar prega av ”tradisjonelle “ næringer og yrke? 1800-talet er også sterkt prega av flytting frå landsbygd til by. Kan vi finne nye trekk først i byane, deretter på landsbygda

are maintained by situations in which the group or individual is able to produce outcomes that are in line with expectations or claims. Crisis, as loss of control, arise from a sharp disparity between claims and control, between cultural patterns and resulting situational definitions, and the resources to achieve desired benefits. Crisis means "disturbance of habit". This rupture of the old ways heightens attentional capacities and the search for effective responses, perhaps leading to a revision of those intellectual methods of control that give organization to life experience. Adaptations to the new situation and its demands represent efforts to restore control over one's life or destiny, but under terms of the new situation. Elder: 1978, s. 18.

³⁰ {Modell, 1978 #210}

nær ved byen, så til slutt i lengst ute i utkant-Norge? Kort sagt: Kva skjer? Når? Korleis? Kvifor?

1.3 Delane i avhandlinga.

Avhandlinga er delt inn på følgjande måte: Kapittel 2 er ei vidareføring av denne innleiinga, der forskinga omkring høvet mellom familie og samfunnsending blir teke opp i noko større detalj. Presentasjonen i kapittel 2 er kronologisk og tek til med samtidas oppfatning, vidare det marxistiske familieperspektiv, parsonsk familiesosiologi, Cambridge-revisjonen, livsløpsparadigmet og det "ny-revisjonistiske". I kapittel 3 er det laga rom for ein skildring av kjeldene som er nytta, eit utval av dei metodane som er nytta og ei klargjering av bruken av hushaldsomgrepet på 1800-talet. Det er viktig å finne ut om omgrepet endrar meiningsinnhald i løpet av hundreåret. Kapittel 4 er det første empiriske kapittelet. Kapittelet er deskriptivt og føremålet er å avdekkje hovudtrekka i giftarmålmønster, hushaldsstruktur og livsløpshendingane knytt til etablering av familie og hushald. I tråd med kapittel 2 er hovudspørsmålet i kapittel 4 om mønstra er prega av brot eller kontinuitet. Kapittel 4 fungerer slik sett som ei prøving av synspunkta i kapittel 2 på norsk datamateriale. Kapittel 4 er og grunnlag for kapittel 5 der mønster og endringane i desse prøvd forklart gjennom ulike forklaringsmodellar eller forklaringstypar. I kapittel 5 vert dei to hovudforklaringane skissert her i innleiinga utvida med tre andre forklaringar. Eg har kategorisert forklaringane i fem grupper: a) Utjamningsmodellen: Sosial utjamning gjennom klassesamfunnet. b) Funksjonsbortfallet og endring av samfunnsproduksjonen c) Moralsk forfall: Endring i samfunnets moral. d) Kulturdifusjon. Spreiing av urban, borgarleg kultur. e) Demografiske forklaringar. I kapittel 6 blir to av forklaringstypane frå kapittel 5 operasjonalisert ved at regionar for komparasjon og indikatorvariablar og forklaringsvariablar vert utvikla og definert. Indikatorvariablane er måltal for sosial endring utarbeidd på grunnlag av analysen i kapittel 4, medan forklaringsvariablane er utarbeidd på grunnlag av forklaringsmodellane i kapittel 5. I kapittel 7 og 8 vert forklaringsmodellane testa ved regional komparasjon og ved analyse av indikatorvariablane. Kapittel 9 er eit samanfatning av dei viktigaste funna, samstundes som eit breiare sett av faktorar og forklaringar blir trekt inn i drøftinga. Kapittel 10 er konklusjonen.

Avhandlinga har eit omfattande tillegg. Dette er delt i fire hovudbolkar. Tillegg A inneheld ei oversikt over forkortingar, kodar, kategoriar osv. Definisjon av analysegrunnlaget, datafiler og variabeldokumentasjon utgjer tillegg B. Dataprogramma, behandlinga av data, er dokumentert i tillegg C, saman med ei stutt skildring av sjølve arbeidsgangen for produksjonen av analysegrunnlaget. Tillegg D er litteraturliste og liste over ikkje-elektroniske kjelder. Talgrunnlaget for dei fleste figurar, kart og tabellar utgjer tillegg E til og med tillegg K - eit tillegg for kvart kapittel. Tillegg E er talgrunnlaget for tabellar og figurar i kapittel 4, tillegg F for kapittel 5 osv. Men for ein del tabellar, kart og figurar er datagrunnlaget så omfattande at å reprodusere det i papirformat synest lite føremålstenleg. Derfor er dei viktigaste delane av datamaterialet tilgjengeleg elektronisk i ulike format under Internett-adressa: <http://www.hist.uib.no/staben/solli/avhandling/>.

Kapittel 2

Endring eller kontinuitet? Familieinstitusjonen og samfunnsendring

I innleiinga skisserte eg tre hovudsynspunkt på høvet mellom familieinstitusjonen og samfunnsendringar. Føremålet med dette kapitlet er å gje ei kort kronologisk framstilling av forskingstradisjonen frå omlag 1850 til i dag. Det å gje ei fullgod framstilling av forholdet mellom familieinstitusjonen og samfunnsendring er ei avhandling i seg sjølv. Denne framstillinga er derfor avgrensa til dei sentrale synspunkta hos nokre få grupperingar eller skular i Norge og internasjonalt. Vidare er gjennomgangen avgrensa til å presentere synspunkt som er særleg relevante for analysen i seinare kapittel.

Dei seks hovudgruppene eg har valt å ta med er: a) Samtida, dvs. midt på 1800-talet, si oppfatning av forholdet mellom familie og samfunnsendringar. b) Marxistisk familieperspektiv. c) Sosiologiske synsmåtar. d) Feministisk kritikk av familiesosiologien. e) Historikarane si mytejakt på 1970-talet. f) Revisjonistane. Grupperingane er definert både kronologisk og metodisk. Dei vil òg bli plasserte i høve til dei tre hovudsynspunkta som eg introduserte i førre kapittel. I dette kapitlet vil berre hovudsynspunkt bli presenterte, medan resultat frå einskilde granskningar vil bli trekt inn i analysedelen (kapittel 4-9). For ei meir utfyllande historiografisk innføring i feltet familiehistorie er artikkelen *The History of the Family and the complexity of Social Change* av Tamara Hareven eit utmerka startpunkt.³¹

2.1 Samtida

'Samtid' avgrensar eg her til 1840-1850-talet. I denne perioden voks det fram ei haldning om at statistikk var eit viktig politisk styringsreiskap, samtidig som vilje til å skaffe seg empirisk materiale om folk flest auka, den såkalla vitalstatistikken. Eilert Sundt ruver i 1800-tals landskapet, men Sundt sjølv krediterer det statistiske miljøet i Norge, så derfor vel eg å kort presentere dette.

2.1.1 Schweigaard, Tvethe, Aschehoug og Eilert Sundt

Den dansk-norske staten hadde eit heilt klart behov for heilt grunnleggjande kunnskap om sine innbyggjarar. Kor mange subjekt var det? Dette viser opprettinga av det dansk-norske tabellkontor i 1797 og med folketeljinga i 1801. Men denne type statistikk og informasjon var mest til intern bruk. I den nye norske staten var det truleg berre ein mann som arbeidde med statistikk, Jens Kraft som på 1820 og 1830-talet publiserte fleirbindsverket *Topographisk-statistisk Beskrivelse over Kongeriget Norge*. På slutten av 1830-talet blei tabellkontoret kraftig utvida personellmessig og statusen vart heva. Talet på statistiske publikasjonar auka og dette gav eit datagrunnlag for ein ny type studiar og publikasjonar på 1840 og 1850-talet. Innholdsmessig skil desse seg ut frå tidlegare ved at ein brukar statistikk til å danne seg eit bilete av både sosiale og økonomiske forhold i samtida, ikkje

³¹ Hareven: 1991. Sjå også samlinga av artiklar i Plakans og Hareven: 1987.

berre demografiske. Tema er folkeauke, fattigdom, proletarisering, sterk byvekst og endring i ekteskapsmoral ("Nationens moral")³². Dei statistiske oversiktene av Anton Martin Schweigaard frå 1840 og M. Braun Tvethe frå 1848 er såleis spede forløparar til Eilert Sundts publikasjonar.³³ Men Eilert Sundts studiar frå denne perioden stiller i ei klasse for seg både metodisk og innholdsmessig. På det metodiske plan kombinerer han egne observasjonar med kvantitative og kvalitative kjelder på ein eksemplarisk måte. Grundig og leservenleg tek Sundt opp ulike sosiale tema. Mest interessant for denne avhandlinga er *Om giftermaal i Norge : bidrag til kundskab om folkets kaar og sæder*, frå 1855.³⁴ Ei aktuell problemstilling i samtida var om fallande 'forsigtighet' med omsyn til giftarmål var ein av grunnane til det aukande fattigdomsproblem. Påstanden var at folk, særleg av lågare stand gifta seg for tidleg, og utan å ha eit levebrød som var tilstrekkeleg til å forsørge ein familie. Både T.H. Aschehoug og Eilert Sundt synta at samanhengen nok var meir komplisert, for ekteskapalet fall på 1840-talet i høve til 'risikogrupper' eller så elegant som berre Eilert Sundt kunne uttrykkje samanhengen: "Mange i tal, men ikke i forhold".³⁵

Det interessante med diskusjonen om forholdet mellom ekteskapshyppigheten og "nationens moralske tilstand" er at ei mulig årsak, "fallende moral", også er ei endring i livsløpsmønster, dvs. endring i når i livsløpet ein etablerer familie og korleis og på kva grunnlag ein etablerer ein familie. Så sjølv om måltal for nuptialiteten ikkje gav noko indikasjon på fallande moral, er det likevel interessant at fleire meinte å observere endringar i livsløpsmønsteret på 1840-talet.

Internasjonalt og samtidig med Eilert Sundt har særleg økonomen Pierre-Guillaume Frédéric Le Play (1806-1882) hatt stor innverknad på historie og sosiologi.³⁶ På 1830-40-talet reiste han rundt i Europa med særleg interesse for gruvedrift, metallurgi, regionale skikkar og tradisjonar, sosiale institusjonar (familien) og sosiale problem. Le Play observerte og noterte. I 1845 besøkte han m.a. ein arbeidarfamilie ved Blåfargeverket på Modum. Dette resulterte i ei skildring av Modum-familien på 45 sider eit bind om den Nordens familier.³⁷ Hovudessensen hos Le Play var at industrialiseringa og urbaniseringa braut ned den stabile stamme-familien og skapte den ustabile kjernefamilien. Denne "kjensgjerninga" fekk stort gjennomslag både hos Lewis H. Morgans og dermed det marxistisk familieperspektivet og på sosiologen Talcott Parsons (jf. nedanfor)

³² Aschehoug: 1848, s. 204. Tvethe: 1848, s. 375.

³³ A. M. Schweigaard publiserte i 1840 *Norges Statistikk*, M. Braun Tvethe *Norges Statistikk* i 1848. (Schweigaard: 1840, Tvethe: 1848). Tvetthes framstilling førte til ein viss diskusjon både av metodisk art og av dei synspunkta han ber fram. T. H. Aschehoug var sterkt kritisk til Tvethe med omsyn til utrekning og slutningar om ekteskapshyppigheten på 1840-talet, sjå bokmeldinga Aschehoug: 1848. Aschehoug meinte at talet på ekteskap måtte setjast i høve til tal personar mellom 20 og 40 år - og ikkje til totalbefolkninga. Dermed kunne ein få eit langt meir nøyaktig tal for endring i ekteskapshyppigheten. Fallande eller stabil ekteskapshyppighet blir av Tvethe sett på som eit mål på "nationens moralske standpunkt", medan Aschehoug peikar på at dette er ei noko forenkla slutning. T.H. Aschehoug si kritiske bokmelding er å finne i *Norsk Tidsskrift for Videnskab og Litteratur*, nr 2, 1848.

³⁴ Sundt: 1975.

³⁵ Sundt: 1975, s. 259. Sundt: 1992, s. 134.

³⁶ Le Play og Silver: 1982, jf. innleiing av Catherine Bodard Silver.

³⁷ Ramstad: 1982, s. 467. Le Play sette m.a. opp eit komplett årsrekningskap for Modum-familien for året 1845.

Noko seinare enn Eilert Sundt og Frédéric Le Play var Ferdinand Tönnies med på å etablere sosiologi som fag i Tyskland. Ferdinand Tönnies viktigaste bidrag var hans første bok *Gemeinschaft und Gesellschaft* frå 1887.³⁸ I denne presenterte han moderniseringsteorien om overgangen frå eit tradisjonelt til eit moderne samfunn – frå *Gemeinschaft* (fellesskap) til *Gesellschaft* (selskap, forretningselskap). Fellesskaps-samfunnet var organisert kring familien, nabolaget og landsbyen. Økonomien var hovudsakleg agrar og politikken lokal. Selskaps-samfunnet, i tydinga forretningselskap, var organsert kring store metropolar og nasjonalstaten. Økonomien var basert på handel på tvers av lokale regionar og moderne industri. Dei to samfunna var prega av ulike sosiale relasjonar, som Tönnies formulerte ved eit viljeomgrep. Vesensvilje ('Wesenwille') karakteriserte fellesskaps-samfunnet, der formål og handling var vanskeleg å skilje og handling ofte var styrt av tradisjonar og kjensler. I forretnings-samfunnet oppstod interesser på tvers av dei lokale småsamfunna og det vaks fram ein annan type vilje – valgviljen ('Kürwille').³⁹

2.2 Familie og klasse

Både i *Det kommunistiske manifest* av Karl Marx og Frederick Engels og i *Kapitalen* av Karl Marx er familien/hushaldet som institusjon sett i relasjon til utviklinga under kapitalismen. Men det som blir rekna som den klassiske marxistiske familiestudien er *The Origin of the Family, Private Property and the State* frå 1884 av Frederick Engels.⁴⁰ Denne studien er skriven av Engels etter Marx' død, men etter sterk oppfordring av Marx. Grunnlaget for denne klassiske studien er Lewis H. Morgans studie frå 1877, *Ancient Society or Researches in the Lines of Human Progress from Slavery, thru Barbarism to Civilization*.⁴¹

Det sentrale hos Marx og Engels er at familien som produksjonsseining (vareproduksjon) blir oppløyst under kapitalismen og den industrielle revolusjon. Og dette hadde enorm innverknad på familien som eining: "Alle sedvanens og naturens grenser, alle grenser for alder og kjønn, dag og natt ble sprengt"⁴² Familien sin viktigaste (og einaste?) funksjon under kapitalismen blir reproduksjon av arbeidskraft. Eg vil ikkje gå nærare inn på Marx og Engels her, men gjer greie for den marxistiske oppfattinga av endring i familiestrukturar i avsnittet nedanfor, eksemplifisert ved norske samfunnsforskarar.

2.2.1 Familien i eit marxistisk perspektiv

Det som blir kalla eit marxistisk syn på familieinstitusjonen hadde god grobotn i norsk samfunnsforskning på 1970-talet. Det klarast uttalte marxistisk perspektivet finn vi i *Familien i klassesamfunnet* av Harriet Holter, Hildur Ve Henriksen, Arild Gjertsen og Haldis Hjort. Alt i på første side i føreordet finn vi: "Forfatterne av denne bok har stort sett samme syn på de grunnleggende motsetninger som former det kapitalistiske samfunn og

³⁸ Tönnies: 1912.

³⁹ Korsnes, Brante og Andersen: 1997. Oppslagsord: "Ferdinand Tönnies"

⁴⁰ Engels: 1972.

⁴¹ Morgan og White: 1964.

⁴² Her sitert etter Peder Martin Lysestøl *Husholdets politiske økonomi*. Lysestøl: 1992. s. 41.

dermed også familieinstitusjonen”.⁴³ Kva tyder denne utsegna? For det første at familieinstitusjonen er ein passiv eller residuell institusjon, dvs. at den er kausalt avhenging av økonomiske og produksjonsmessige forhold i samfunnet (produksjonsmåten). Dinest at endring i familieinstitusjonen har ei tidsforseinking i høve til endringa i produksjonsforholda, “ofte betydlig tid”⁴⁴ Kva for familietypar har eksistert og korleis har utviklinga av desse familieformene skjedd?

Bevegelsene i familieformene - fra feudaltidens åpne, utstrukturerte familie til den borgerlige families utvikling og forkrøpling, dvs. til dagens lukkede intimfamilie - uttrykker i siste instans bevegelsene i en økonomi som formes av kapitalens interesser⁴⁵

Den borgarlege familie er kjenneteikna med at den består av berre ein konjugal eining (mor-far-barn), fritt partnerval, neolokalitet, lavt barnetal, livslangt og dels monogamt ekteskapsideal. Vidare ein laus slektstilknytning og sterk foreldre-autoritet over barna. Utviklinga av denne familien har skjedd overalt der industrisamfunnet har vakse fram, med unnatak av Brasil og Japan.⁴⁶ I Nord-Europa finn ein tre fasar i utviklinga av denne familieforma. Fase I strekkjer seg fram til kring 1600, fase II 1600-1800 handelskapitalisme og manufaktur og fase III 1800-1900 industrikapitalisme. I fase II vert den borgarlege familie skapt ved at kjernefamilien blir skild ut frå slekta eller ætta. Dette skjer først i borgarskapet, dinest ser ein same utviklinga hos adelen. Dernest i fase III startar fire prosessar som blir kalla individuering, intimisering, privatisering og mystifisering.⁴⁷ I denne fasen adapterer den proletære familien det borgarlege familieidealet. Dette fører fram til fase IV (etter 1920) og dagens familie, “Intimfamilien”. Den viktigaste skilnaden mellom den borgarlege familien i fase III og intimfamilien i fase IV med at den er lukka (intim) og ustrukturert i høve til den borgarlege familien. Med ustrukturert er det meint at familien er lausare organisert og at klart definerte funksjonar for produksjon og reproduksjon er trekt ut av familien og inn i marknadsøkonomien.⁴⁸ Altså kan vi skilje ut tre familieformer:

⁴³ Holter: 1975, s. 7 og s. 20-26. Forfattarane deltok i prosjektet Familieundersøkelsen, eit samarbeidsprosjekt ved Institutt for Samfunnsforskning og Psykologisk Institutt ved Universitetet i Oslo.

⁴⁴ Holter: 1975, s. 33-54

⁴⁵ Holter: 1975, s.10

⁴⁶ Holter: 1975, s. 57

⁴⁷ **Individuering** er prosessen der individet vert utskilt frå familien. Individet får forrang framfor fellesskapet (t.d. familie og slekt). Kvar einskild familiemedlem står i større og større grad direkte i relasjon til ”kapitalisten” og det offentlege, t.d. gjennom utdanning og omsorg. Ved utskiljing av funksjonar frå familien må grunnlaget for fellesskapet søkjast gjennom kjenslelivet, ved seksualitet og kjærleik. Dette er **intimisering** av familien. Med **privatisering** av familien er det meint å utelate innsyn frå ålmenta. Innsyn utanfrå gjeld i særleg grad kjenslegmessige sider, høvet mellom foreldre og barn, det seksuelle og kjenslemessige høvet mellom mann og kone. Den private sfæra vert dels unnateke frå normer og lovverk, som regulerer høvet mellom individ generelt i samfunnet. **Mystifisering** er eit sosialpsykologisk omgrep. Mystifisering kan vere ein utilsikta konsekvens av dei tre andre prosessane og karakteriserer familiar der medlemmane kjenslegmessig står mot einannan, lukkar seg for kvarandre, manglar gjensidig tillit og har kommunikasjonsproblem. Bakgrunnen for slike problem kan liggje både i og utanfor familien. Eit felles forsvar i slike familiar er fortrenging og mytedanning = ”den lukkeleg familien”. . Holter: 1975, s. 42-53.

⁴⁸ Holter: 1975, s. 35-36. Den borgarlege familie er karakterisert som fast organisert og strukturert, medan den føydale og intimfamilien er begge ustrukturerte. Graden av struktur synest vere definert frå funksjonar og i kva grad produktive og reproduktive funksjonar er klart definert som tilhøyrande familien. Føydalfamilien

1. Storfamilien. Vanleg fram til kring 1600. (Fase 1)
2. Den borgarlege familien. Utvikla i perioden 1600-1800, høgdepunkt 1800-1900. (Fase 2 og 3)
3. Intimfamilien: 1920-

Den borgarlege familien var først og fremst eit byfenomen. Den borgarlege familien bestod av kjernefamilien, - mor, far og barn. Det kunne også vere besteforeldre og tanter der, og tenarar dersom familien hadde råd til det.⁴⁹ Det går ikkje heilt klart fram hos desse forfattarane **når** storfamilien forsvann frå landsbygda i Norge.

Eit anna relativt klart marxistisk syn på utvikling av hushaldsstrukturen finn vi hos sosialøkonomen Peder Martin Lysestøl. Lysestøl opererer med fire fasar i utviklinga av hushaldet:

1. Storhushaldet. Dette er hushaldet før den industrielle revolusjonen. I denne perioden dominerer naturalhushaldet. Dette var eit fleirgenerasjonshushald som var vanleg i Norge heilt fram til det kom offentleg eldreomsorg. Denne hushaldstypen er dominerande i Norge før 1850, men ikkje uvanleg fram til kring 1920.
2. Det enkle hushaldet. Dette er hushaldet i den første industrialiseringsfasen, 1850-1910.
3. Husmorhushaldet. Dette er hushaldet i fasen under det industrielle gjennombrøtet og oppbygging av ein allsidig marknadsøkonomi (1910-1970).
4. Dobbeltarbeidarhushaldet/småhushaldet. Dette er hushaldet i den postindustrielle fasen, der den offentlege sektor og den tenesteytande sektoren elles gjennomgår ein kraftig ekspansjon. I denne perioden frå 1970 til i dag har det store fleirtalet gifte kvinner lønnsarbeid i tillegg til arbeidet i hushaldet.

Lysestøl sin ståstad er nær opptil det han rubriserer som "feministisk marxisme", med mellom anna Harriet Holter (jf. ovanfor) som ein sentral teoretikar i Norge.⁵⁰ Både Holter et. al. (1975) og Lysestøl (1992) har innført 'storfamilien' og 'storhushaldet' som den karakteristiske hushaldstypen i det før-industrielle Norge. Lysestøl let "storhushaldet" bli avløyst av "Det enkle hushaldet" kring 1850. Holter har sett grensa ved 1600, men det galdt først og fremst byane. Når storfamilien forsvann på landsbygda i Norge er uvisst. Vi kan dermed trygt slå fast at Eli Fure er inne på noko når ho karakteriserer fleirgenerasjonshushaldet som ei seiglivna myte!⁵¹ Andre sentrale norske familiesosiologar med klar marxistisk ståstad er sosiologen Erik Grønseth, sjå nedanfor punkt 2.3.3. Grønseths familiesosiologi er karakterisert som "radikal marxistisk sosiologi".⁵²

er i tillegg open. Eg forstår dette i retning av at heile føydalfamilien i større grad kunne vere del produksjonsfellesskap. Privat eigedomsrett lukka føydalfamilien i produksjonssamheng.

⁴⁹ Tønnessen: 1982, s. 21

⁵⁰ Lysestøl: 1992, s. 87-92.

⁵¹ Fure: 1986a.

⁵² Eriksen og Haukeland: 1980, s. 24-25.

2.3 Familiesosiologi

Erik Grønseth ved Universitetet i Oslo har vore ei drivkraft i familieforskning i det sosiologiske miljøet ved Universitetet i Oslo. Men for å setje dette miljøet i rett perspektiv har eg valt å starte med ein kort presentasjon av synspunkt hos Max Weber og Talcott Parsons.

2.3.1 Max Weber og funksjonstøming

I trebindsverket *Economy and Society - an outline of interpretive sociology* (*Wirtschaft und Gesellschaft*, 1922; *Economy and Society*, 1968) beskriv Max Weber (1864-1920) ulike hushaldssystem og prøver å forklare bakgrunn den radikale endringa av hushaldet sin funksjon under den moderne kapitalismen. Endringane karakteriserer Weber som desintegrering av hushaldets autoritet, oppløysing av hushaldsfellesskapet og utskiljing av særleg produksjons- og sosialiseringfunksjonane. Denne utskiljinga, som også blir kalla funksjonstøming vil seie at hushaldet endrar og mister funksjonar, t.d. at under framveksten av den moderne kapitalismen mister hushaldet sin funksjon for produksjon av varer. I denne prosessen vart arbeid og hushald separert fysisk.⁵³ Hushaldsfellesskapet - "Household communism" som omfatta dei økonomiske og personlege banda i gruppa blir òg oppløyst. Hushaldsfellesskapet hadde sikra at medlemmane ytte etter evne og fekk etter behov.⁵⁴ Dette fellesskapet blir oppløyst ved at hushaldet mister autoritet over sine egne medlemmar. Med ein stadig aukande pengeøkonomi kan kvar medlem sitt produksjonsbidrag og konsumpsjonsuttak kalkulerast og målast. Dette svekka lojaliteten i gruppa, òg ved at einskildmedlemmer har individuelle interesser på tvers av hushaldsfellesskapet. Sosialiseringfunksjonane mister hushaldet til ei rekkje ulike organ, institusjonar og selskap. Weber reknar opp skular, forlag og bokhandel, teater, konserthallar, klubbar og møter av ulikt slag. Hushaldet mister dermed også sin funksjon som berar av kulturelle verdier.⁵⁵

I Weber si samtid og nære fortid var kjernefamilien - mor, far og barn - den "naturlege" eininga. Men dette var ikkje norma før funksjonsbortfallet. Før den moderne kapitalismen og i primitive økonomiar kunne hushaldet vere samansett av ei langt vidare slektsgruppe, storfamilien.⁵⁶ I den førekapitalistiske produksjonsmåtar ville det å utvide hushaldet vere den einaste måten å auke/utvide produksjonen på. Dermed er det særleg bortfallet av produksjonsfunksjonen som har avgjerande innverknad på hushaldsstorleiken. Endringar i vareproduksjon og endringar i hushaldsstorleik heng nøye saman:

⁵³ Weber, Roth og Wittich: 1968, s. 375-376. The Disintegration of the Household: The Rise of the calculative Spirit and of the Modern Capitalist Enterprise. [...] Household and occupation become ecologically separated, and the household is no longer a unit of common production but of common consumption.

⁵⁴ Weber, Roth og Wittich: 1968, s. 359

⁵⁵ Weber, Roth og Wittich: 1968, s. 375.

⁵⁶ Weber, Roth og Wittich: 1968, s. 358-359.

In the early times of relatively primitive agriculture, employment of mass labour was the only means of increasing land yields. As a result, the household grew in size. However, the development of individualized production brought about a decrease in the size of households, which continued until the family of parents and children constitutes the norm today.⁵⁷

Hushaldet går dermed frå først og fremst å vere ein eining for felles produksjon til ei eining for felles konsumpsjon. Fallet i hushaldsstorleik under den moderne kapitalismen var såleis ikkje påverka av subjektive sosial-psykologiske faktorar, men av reint objektive faktorar som hadde determinert storleiken, dvs. produksjonsfunksjonen. Weber ser på fallet i hushaldsstorleik som ein konsekvens av funksjonsbortfallet. Hushaldet var ikkje lenger den grunnleggjande eininga for produksjon av varer og tenester, utøving av ulike typar autoritet blir flytta frå hushaldet og slekta til staten; sosialisering, utdanning og danning, kulturell oppseding blir overført frå hushaldet til statlege institusjonar og private verksemdar.⁵⁸

2.3.2 Parsons og generell moderniseringsteori

Talcott Parsons (1902-79) var ein sentral autoritet i den såkalla Chigaco-skulen, og ulike delar av dei omfattande verka hans har blitt skyteskiver for svært mange sosiologar og historikarar. Max Weber sin sosiologi hadde stor innverknad på Parsons. Eit viktig tilskot og vidareutvikling av webersk familiesosiologi er det parsonske omgrepet "tilpassing".⁵⁹ Den historiske utviklinga ber med seg endringar som fører til betre tilpassing og dermed også overlevingsevne. Parsons skil i grove trekk mellom tre steg (eller stadier) i samfunnsutviklinga; det primitive, mellomstadiet og det moderne samfunn.

Kjennetegnet ved det primitive samfunnet er viktigheten av religiøse orienteringar og slektskapsforhold. Australias urinnbyggere er eksempel på et slikt samfunn. Det gamle Kina, gamle India, islamske riker og Romerriket er eksempel på det mellomliggende stadiet.⁶⁰

Oppkomsten til det moderne samfunnet tidfestar Parsons til 1600-talet. Det får først gjennomslag i Holland og England. Første utviklingstrinn i det moderne samfunnet er differensiering av religion, politikk og økonomi. Neste steg er den industrielle og demokratiske revolusjonen i England og Frankrike. Den industrielle revolusjonen fører til at marknaden vert utvida og det skjer ei særleg differensiering i produksjonslivet som gjer at det vert utvikla særskilde yrkesroller. Yrkeslivet vert skild ut som eit eige delsystem, noko som har vidtrekkande konsekvensar, mellom anna for familielivet. Som følge av dette er ikkje familien truga av oppløysing, men av at familiestrukturen og dermed familien sine funksjonar blir endra og meir spesifikke. Den nye familieforma som blir etablert tolkar han som ei side av det sosiale systemet si allmenne differensiering.⁶¹ Ikkje-slektsbaserte sosiale strukturar som staten, kyrkja, skular, industriverksemdar og fagforeiningar tek over

⁵⁷ Weber, Roth og Wittich: 1968, s. 375

⁵⁸ Weber, Roth og Wittich: 1968, s. 376.

⁵⁹ Funksjonell tilpassing mellom familien og dei økonomiske systema. På engelsk: "structural fit" og "adaption". Familier som er "best fittet" og "funtional adapted" hadde størst suksess i industrisamfunnet. Sjå Janssens: 1993, s. 3-10 for ei drøfting av Parsonsk familiesosiologi.

⁶⁰ Parsons og Østerberg: 1988, s. 28-33.

⁶¹ Parsons og Østerberg: 1988, s.28-35

funksjonar som tradisjonelt var utført av slektssystem. Denne endringa i det sosiale systemet vert underordna prinsippet om strukturell differensiering. Endring i overordna sosiale system initierer endringar i sosiale delsystem som familien.⁶²

I motsetnad til Weber er Parsons oppfatning av høvet mellom familien og den industrielle revolusjon/moderne kapitalisme prega av større optimisme. Omgrep som ”desintegrering” og ”oppløysing” er erstatta med ”tilpassing”, ”differensiering” og ”endring”. ”Fit” og ”Harmony” mellom familiesystem og det økonomiske systemet er likeeins omgrep som ein finn hos ein annan sentral familiesosiolog, William J. Goode.⁶³ Goode registrerte at familiesystema under påverknad av industrialisering og urbanisering (=modernisering) endra seg mot og etter ein felles mal, mot det moderne vestlege familiesystemet.⁶⁴ Talcott Parsons vart såleis ein av grunnleggjarane av den no sterkt kritiserte ålmenne moderniseringsteorien innafor samfunnsvitenskap og sosialhistoria.⁶⁵ For kritikk av Parsons og moderniseringsteori sjå under punkt 2.4 og 2.5.3.

2.3.3 Norske sosiologar

Chicago-skulen fekk stor innverknad på akademiske miljø både i Vest-Europa og Nord-Amerika på 1960-talet, også på dei nye samfunnsvitenskapane i Norge. Erik Grønseth har vore ei drivkraft i familieforskning i det sosiologiske miljøet ved Universitetet i Oslo. Sidan 1960-talet har dette forskingsmiljøet publisert ei rekkje artiklar og artikkelsamlingar med familien som studieobjekt. Det er særleg dagens byfamilie og problema den møter, som har stått i fokus. Miljøet sin kunnskap om den historiske familien og om framveksten av den ”moderne kapitalistiske familien” er derfor i hovudsak basert litteratur om emnet. I *Familie, seksualitet og samfunn* er to kapittel avsett til ”Familien før” og overgangen til den moderne familien. Her kan vi lese:

I tidligere tiders mer stabile og også mer autoritære bygdesamfunn var den patriarkalske familien en sterk og sentral institusjon. [...] Familie- og slektskjenslen var nærmest hellig. Solidariteten mellom familiemedlemmene var ikke bare sterkere, den omfattet mange flere individer, ikke bare foreldre og barn. Tilknytningen til foreldrefamilien besto hele livet igjennom. Innen denne, og også utover denne, var samholdet og samfølelsen sterk. Var noe på ferde var det alltid en i familien, slekten eller naboskapet å ty til. [...] Og alle tok de del i forsørgelsen av barna i den ”storfamilie” de var medlem av.⁶⁶

⁶² Janssens: 1993, s. 3

⁶³ Goode: 1963, s. 10-26.

⁶⁴ Goode: 1963, s. 1. Even if the family systems in diverse areas of the world are moving toward similar patterns, they begin from very different points [...] The alterations seems to be in the direction of some type of conjugal family pattern – that is toward fewer kinship ties with distant relatives and a greater emphasis on the “nuclear” family unit of couple and children. In the Western Culture Complex – the New World, Australia, New Zealand, and Europe west of the Urals – where a conjugal family system has already been in operation to some extent, the direction of change seems to be toward its wider spread.

⁶⁵ Hovudkritikken mot den generelle moderniseringsteorien er teorien er etnosentrisk og teleologisk – resten verden har Vesten som mål. Forklaringsmodellen er enkelt lineær og er basert på enkle dikotomiar ”urban/rural” eller ”tradisjonell/moderne”. Moderne er synonymt med framsteg. For meir om kritikk av generell moderniseringsteori og familiehistorie sjå Hareven: 1976 og Laslett: 1987. Tendensar til kritikk av generell moderniseringsteori og norske framstegshistorikarar sjå Elstad: 2002, s. 6-16, Kaldal: 1995, s. 65-68. Ei god drøfting av den generelle moderniseringsteorien og bruk av omgrepet moderne/modernisering i norsk historisk forskning, sjå Tjelmeland: 1995, s. 1-12.

⁶⁶ Grønseth: 1972, s. 50

Presisjonsnivået m.o.t. tidfesting er ikkje av det høgste. ”I tidligere tider” kan vi truleg tolke som 1800-talet og før. Grønseth slår fast at normen var den patriarkale storfamilien – utvida både med slekt og andre medlemmer, og den omfatta minst 3 generasjonar. Etablering skjer ved patrilokalisering.⁶⁷ Men i dag (1970-talet) er situasjonen annleis:

Den unge mann og kvinne ventes å frigjøre seg fra sine foreldres familie og stifte sin egen, uavhengig av foreldrefamilien. Mange kvier seg også for å be sine søsken eller foreldre om hjelp i et knipetak, enten det nå er økonomiske eller ekteskaplige problemer det gjelder. [...] For den moderne familien spiller ikke forholdet til slekten den samme rollen som for tidligere tiders familier.⁶⁸

Dagens (1970-talets) moderne familie er ein kjernefamilie, i motsetnad til tidlegare tiders storfamilie. Den består normalt av 2 generasjonar, mor-far-barn, og kontakten med slektningar er liten og spelar mindre rolle ved etablering. Etablering skjer ved neolokalisering.⁶⁹ Kva var bakgrunnen for denne endringa?

Bygdesamfunnet lot ikke sine medlemmer beholde evnen til å tilpasse seg nye situasjoner, - eller til å tilpasse seg de tekniske nyvinninger og det industrialiserte bysamfunn som det tross alt og møysommelig avfødte.⁷⁰

Det moderne, kompliserte bysamfunn har siden industrialismens begynnelse vært i en rask og lite planlagt utvikling som har ført til de alvorligste problemer for den enkelte, for familien og for samfunnet som helhet.⁷¹

For Grønseth er årsakene til endringane i familiestruktur beint fram industrialiseringa og framveksten av det moderne bysamfunn. Inspirasjonen frå Weber og Parsons er tydeleg.⁷² Legg også merke til at Grønseth nyttar det parsonske omgrepet “tilpasse”. Tesa er kort sagt at familieinstitusjonen er blitt endra som følgje av framveksten av det moderne industrisamfunnet. ”I tidlegare tider”, som eg tolkar som 1800-talet og før, var ”storfamilien” norma. Kjernefamilien er eit produkt av industrisamfunnet og ein ”ny” skapning. Eller sagt med sosiologen Berit Ås: “Kjernefamilien er knapt hundre år gammel!”⁷³

⁶⁷ Patrilokalisering skjer ved at mann og kone sluttar seg til mannen si slekt ved giftarmål. Det er ikkje naudsynt at det nygifte paret bur saman med mannen sine foreldre for at etablering skal vere patrilokal. Det er tilstrekkeleg at etableringa skjer i nærleiken, same hus, same gate eller same gard som mannen si slekt. For ei drøfting av omgrepet og bruken av det i ein norsk historisk kontekst sjå Barnes: 1960, s. 850-853. Barnes meiner patrilokalt er for upresist og brukar i staden individbaserte termar. ’Virillocally’ (kvinna) ’Patrivirilocally’ (mannen) erstattar ’patrilocally’. Sjå også Barnes: 1957, s.31-56.

⁶⁸ Grønseth: 1972, s. 51

⁶⁹ Neolokalisering er når det gifte paret etablerer eige nytt hushald uavhengig frå mannen eller kvinna si slekt, t.d. foreldre. Om neolokalisering som systemkonstituerande for hushaldssystem sjå t.d. Laslett: 1983b, s. 92-102.

⁷⁰ Grønseth: 1972, s. 51

⁷¹ Grønseth: 1972, s. 48.

⁷² Grønseth er karakterisert av Jon Eriksen (Eriksen og Haukeland: 1980, s. 24) som tilhøyrande ein ”radical, marxist sociology”, men omgrepsbruken hos Grønseth (t.d. ’industrialismen’ og ikkje ’kapitalismen’, ’industrikapitalismen’) tyder langt meir ei tilknytning til Talcott Parsons enn til marxistisk familiesosiologi.

⁷³ Uttalt av Berit Ås i NRK programmet “Til Debatt” 22.05.1996. Tema for programmet var “Kjernefamilien i oppløsning”

2.4 Kritikk av teorien om funksjonstømming

Den skarpaste kritikken av 1950 og 1960-talets familiesosiologi har kome frå feministiske forskarar.⁷⁴ Utgangspunktet var ikkje eit forsøk på prøving av Talcott Parsons, men analysen av bakgrunnen for patriarkatet. Funksjonstømmingstesa og særleg synspunkta på splittinga av arbeidsstad og heim og sette dei utanfor samfunnsproduksjonen. I Parsonsk familiesosiologi vart kvinnene under industrialiseringa redusert til passive hushaldsmedlemmer utan produktive funksjonar, med unntak av sjølve reproduksjonen. Konsekvensen av delinga mellom arbeid og opphald gjorde at kvinnearbeid vart utdefinert som arbeid. Louise A. Tilly og Joan W. Scott synte derimot med "Women, Work and Family" at kvinnedelen i industrien generelt rett nok var lav, men ikkje i tekstilindustrien. Ein markant del kvinner arbeidde i heimen med syng og veving for sal, ikkje eige forbruk. Scott og Tilly påviste dermed at under industrialiseringa hadde ein langt større del av kvinnene, særleg dei unge og ugifte, lønna arbeid i og utanfor heimen. Skilnaden i måten kvinneleg og mannleg arbeidskraft var organisert på greidde eller ville ikkje tidlegare familiesosiologi (Weber og Parsons) å fange opp.⁷⁵

Også i Norge var det stor prosentdel kvinner i tekstilindustrien og i annan forbruksvareindustri på slutten av 1800-talet. Delvis var også denne yrkesdeltakinga livsløpsbestemt ved at fleirtalet av kvinnene gjerne var unge ugifte kvinner mellom 15 og 30 år.⁷⁶ Yrkeskarriere bestemt av alder og sivilstand vil gje eit skeivt bilete av kvinners deltaking i industrien i augeblikkskjelder (folketeljingar). Og om ein flytter perspektivet til den norske fiskarbonden – mannen som fiskar og kona som bonde – ser vi også at det Weberske skjema blir for enkelt. I Norge med ei rad "utmarksnæringar", som fiske, skogbruk, transport og bergverk, var også produksjonen organisert på tvers av hushalda i førindustriell tid. Mannen ute og kvinna heime. Og etter ei viss mekanisering og omorganisering av desse næringane mot 1900, var kvinnene sin produksjon på jordstykket og i heimen som før.

Det er også direkte galt å oppfatte alle før-industrielle hushald som produksjonshushald – samfunnet bestod av andre enn bønder og handverkarar. I Norge er husmannshushalda eit eksempel på hushald utan ein spesifikk produksjonsfunksjon, ikkje ulik dei seinare arbeidarhushalda ein finn i industrisamfunn. Funksjonstømmingstesa – der hushald går frå å vere ei eining både for produksjon og konsumpsjon til å berre vere ei eining for konsumpsjon – er i følgje Kertzer eit alt for enkel dikotomi. Mange før-industrielle jordbruksøkonomiar var heilt avhengige av eit jordlaust proletariat med hushald som ikkje var produksjonseiningar.⁷⁷

Funksjonstømmingstesa lid dermed av både metodiske og ideologiske skavankar. "Usynliggjøringens data-dilemma" kallar Kari Skrede problemet med at delar av kvinner sin produksjon føregår i privatsfæren og dermed ikkje blir tildelt same interesse for registrering som løna arbeid. Aktiviteten som kvinner gjorde i privatsfæren vart heller ikkje oppfatta som arbeid i eigentleg forstand, men sett på som kvinnesysler og rett og slett

⁷⁴ Giddens: 1982, s. 128-133.

⁷⁵ Giddens: 1982, s. 130.

⁷⁶ Hagemann: 1999, s. 173-174.

⁷⁷ Kertzer: 1991, s. 163-164.

”kvinnens måte å vere på”.⁷⁸ Så seint som ved folketeljinga 1970 synte Skrede at framleis høvde kategoriane for yrkesaktivitet langt betre for menn enn for kvinner.⁷⁹

2.5 Revisjon: Historikarane versus sosiologane

Samstundes med at feministiske forskarar tok eit oppgjær med den mannsdominerte familiesosiologien frå 1950- og 1960-talet, sette historikarane spørsmålsteikn ved føresetnadane til familiesosiologane (Talcott Parsons og Clifford Kirkpatrick).⁸⁰ I kva grad var oppfatninga og framstillinga av tida før den industrielle revolusjon prega av hard, faktisk kunnskap eller populære mytar? Eller rett ut: Når Grønseth skreiv om den idylliske storfamilien i tidlegare tider, baserte han seg på mytar eller historisk kunnskap?

2.5.1 Cambridge-gruppa og Peter Laslett

I kor stor grad er vår historiske kunnskap om familien omslutta med mytar, i nærast 'vitenskaplege' versjonar av at 'alt var så mykje betre før'?.⁸¹ Dette var eit utgangspunkt for den engelske historikaren Peter Laslett som på 1960-talet gav seg i kast med folketeljingar og kyrkjebøker. Laslett meinte og at dei populære mytane fekk god næring frå sosiologar av Chicago-skulen som t.d. Talcott Parsons. Midt på 1960-talet, utrusta med inspirasjon frå fransk historisk demografi og den aukande interessa for sosialhistorie gjekk Peter Laslett laus på dei populære og litterære framstillingane om familien: Tidleg giftarmål som norm (tenåringsbryllaup) og den idylliske storfamilien som den førindustrielle lukke. Ein annan viktig inspirator for Peter Laslett var demografen John Hajnal og hans grensesettjande, i dobbel forstand, artikkel frå 1965: *The European Marriage Pattern in Perspective*. Omlag samtidig gav Peter Laslett ut boka *The World We Have Lost*⁸² som var første spikar i mytekista. Etter dette vart analysemetodane utvikla, det engelske perspektivet utvida til Europa og Nord-Amerika og Lasletts metode vart adoptert av ei lang rekkje historikarar og demografar i ulike land. Resultatet av denne komparative studien er publisert av Peter Laslett and Richard Wall *Household and family in past time* (1972). Her slår Laslett fast at kjernefamiliehushaldet har vore norma i Vest-Europa sidan 1500-talet, og storfamiliar eller stemfamiliar finn han få spor etter i denne perioden i Vest-Europa.⁸³ Etter mykje kritikk og nye granskingar som synte meir kompliserte mønster introduserte Laslett og kollegane hans ei historisk firedeling av det tradisjonelle Europa basert type organisering av hushaldsproduksjon (t.d. bruk av tenestefolk) og slektskap. Dei fire delane var 1. Vest og Nord-Vest 2. Midt 3. Middelhavet og 4. Aust-Europa.⁸⁴ Karaktertrekka som Laslett tidlegare tilordna heile Vest-Europa var no avgrensa til området ”Vest og Nord-Vest”, dvs. England, Nordsjølanda og Nord-Frankrike.

Ein konsekvens av Cambridgegruppa sine resultat er at familien som institusjon fekk ei sjølvstendig stilling, lite påverkeleg av dei samfunnsomdannande prosessane som

⁷⁸ Skrede og Tornes: 1983, s. 64.

⁷⁹ Skrede og Tornes: 1983, s. 65.

⁸⁰ Laslett og Wall: 1972, s. 5-10. Janssens: 1993, s. 1-18 gjev ei god innføring i demografane og historikarane på 1960-70-talet sin revisjon av gjeldande familieteori.

⁸¹ I konservativ familiepolitikk er ofte 'betre før' implisitt.

⁸² Laslett og Wall: 1972 og Laslett: 1983b.

⁸³ Laslett og Wall: 1972 og Laslett: 1977

⁸⁴ Laslett: 1983ab og Laslett: 1984.

industrialiseringa. Kjernefamilien fanst både før og etter industrialiseringa. Andre har følgd opp denne lina og levert sterke generaliseringar som:

the family is completely independent of its economic and ecological environments
[...] It is impossible to perceive any global coincidence at all between ecological
or economic factors and family types.⁸⁵

Cambridgegruppa med Peter Laslett i spissen utarbeidde analysemetodar og klassifikasjonssystem basert på augeblikkskjelder, t.d. skattelister og særleg folkjeteljingar. I ulik grad finn ein denne typen kjelder i store delar av Europa frå 1500-talet og særleg etter 1800, då dei blir tiårlege i mange land. Metoden blir gjerne kalla for "Household analysis" eller hushaldsgransking på norsk, og er eit utmerka verktøy både for analyse av denne typen kjelder og samanlikningar over landegrensar.

I Norge har denne skulen blitt plassert innfor feltet "historisk demografi", medan Laslett sjølv har sett merkelappen "historisk sosiologi" på si tilnærming.⁸⁶ Ståle Dyrvik og Sølvi Sogner har vore primus motorar for historisk demografi i Norge. Hovudoppgåva mi, *Individ – Hushald – Samfunn*, plasserer seg også innfor denne tradisjonen, med vekt på økonomiske faktorar som forklaring på variasjonen i hushaldsstruktur kring 1800.⁸⁷

2.5.2 Den demografiske skulen i Norge

Det marxistiske familieperspektivet var sterkast gjeldande innfor norsk sosiologi på 1970-talet. Har norske historikarar stemd i eller gått i mot den historiske framstillinga av familiestrukturane hos sosiologar og det marxistisk familieperspektivet? Norske historikarar har ikkje gått til direkte åtak på dei historiske framstillingane åt sosiologane og heller ikkje det marxistiske familieperspektivet. Men implisitt har norske historikarar, inspirert frå fransk og britisk historisk demografi, langt på veg tilbakevist både den sosiologiske mytestyrkinga og dei enkle marxistiske skjema.⁸⁸

I Norge var det Lisbeth Higley og Sølvi Sogner som først tok opp bruken av Lasletts metodikk.⁸⁹ Sogner var også ein av dei første som tok i bruk familierekonstitusjonsmetoden etter fransk mønster. Sogner si første hushaldsgransking var såleis ein del av ei større demografisk studie, med Østerdalsbygda Rendalen som utgangspunkt. Seinare har det kome til fleire studiar, dels som hovudoppgåver, og med vekt på landsbygda t.d. Rendalen, Ullensaker, Etne, Os, Ulstein og Hjørundfjord. Nokre by- og tettstadstudiar finst også, m.a. Sandnes og Moss.⁹⁰ Desse granskningane har delvis fylgd Cambridge-gruppa sine analysemetodar, og har påvist ein klar dominans av såkalla enkle familiehushald (kjernefamiliar). Men dette tilsynelatande "statiske" biletet kan

⁸⁵ Emmanuel Todd i *The Explanation of Ideology*, Oxford 1985, s. 196-197. Her sitert etter Alderson og Sanderson: 1991, s. 430.

⁸⁶ I *Approaches to the History of the Western Family 1500-1914* kategoriserer Michael Anderson Cambridge-gruppa si tilnærming for "The Demographic Approach". Dette har falle Peter Laslett tungt for brystet, som sjølv føretrakkjer "Historical Sociology" om si historieforskning. Anderson: 1980, s. 17-38. Laslett: 1987, s. 276-277 og s. 280.

⁸⁷ Solli: 1995.

⁸⁸ Fure: 1986b og Higley: 1976 er eksempel på meir eksplisitt motmele mot eldre historieskriving.

⁸⁹ Higley: 1976, Sogner: 1979.

⁹⁰ Rendalen: Sogner: 1979, Ullensaker: Higley: 1976, Etne: Dyrvik: 1983, Os: Oldervoll: 1979, Ulstein, Hjørundfjord: Døssland: 1981, Sandnes: Tysdal: 1990, Moss:

forklarast, og det er påvist regional og sterk sosio-økonomisk variasjon og endringar over tid. I perioden 1800-1900 kan nokre av desse endringane samanfattast slik:

Struktur: Ei forenkling i struktur der delen av utvida- og fleirfamiliehushald⁹¹ minkar i forhold til enkle- og einpersonshushald, dvs. at færre familiar er del av ein såkalla stammestruktur: Eit syklusmønster der arvingen gifter seg, tek over etter foreldregenerasjonen og dannar eit fleirfamiliehushald. Kort sagt: Ein tre-generasjonssyklus blir erstatta med to-generasjonssyklus (=kjernefamilien), og det vert fleire einslege.

Storleik og samansetning: Eit fall i gjennomsnittleg hushaldsstorleik frå kring 5 i 1801 til kring 4 i 1900. Dette fallet heng delvis saman med forenkling i struktur, dvs. færre hosbuande slektningar (foreldre, sysken), dels fell talet på vaksne barn og særleg mannlege tenarar pr. hushald. I første del av 1800-talet aukar talet på barn pr. hushald, men mot slutten av 1800-talet minkar også barnetalet.

Nokre av desse endringane er forklart med framveksten av husmannsklassa, men hovudforklaringa er knytt til modernisering og industrialisering. I det tradisjonelle hushaldet både i byen og på landsbygda var det ei tett binding mellom produksjonsstad og hushald, enten produksjonsgrunnlaget var eit gardsbruk eller ei handverksverksemd. Ofte produserte ein det meste av det ein trong sjølv, til og med bybuarane hadde eigne jordlappar. Hushaldsstorleiken var ein funksjon med arbeidskraftbehovet som ein viktig variabel. Utover 1800-talet vert det relativt færre hushald som driv hushaldsproduksjon på den tradisjonelle måten. Årsakene er fleire: Produksjon av varer og tenester vert spesialisert, mekanisert og masseprodusert. Det skjer ei deling mellom hushald og arbeid. Arbeid vert kjønnsdelt: Særleg mennene sin produksjon flyttar ut av hushaldet og inn i industrien. Industriarbeid blir eit alternativ til teneste og unge menn finn nye levebrød i ein veksande sekundærsektor i byane. Talet på ”immaterielle” yrke i offentleg og privat sektor veks. Ein kan og må kjøpe i staden for å lage.

Den viktigaste faktoren bak endringa i familie og hushaldsstruktur er omlegging av samfunnsproduksjonen - den forlèt hushaldet og går over i marknaden: ”Produksjonen vert i stadig større grad organisert ... utanom hushalda”⁹² og fell saman med ”den industrielle revolusjon og industrialismens gjennombrudd” ... ”de materielle vilkårene [har] stor forklaringskraft”.⁹³ Denne utviklinga har ein sentrum-periferi akse. Endringane startar i byen og bynære strom og forplantar seg mot landsbygda – ”det opprinnelige preg bevarer bedre i mer avsidesliggende bygder”.⁹⁴

Ei viss oppmjuking av den einsidige økonomiske forklaringsmåten finn vi hos Gro Hagemann i det siste Norgeshistorieverket. Om hushalda i byane skriv ho:

⁹¹ Utvida familiehushald er der ein slektning av mann eller kone er medlem i hushaldet. Fleirfamiliehushald er hushald to eller fleire konjugale einingar.

⁹² Dyrvik: 1983, s: 196

⁹³ Sogner: 1990, s. 90

⁹⁴ Sogner: 1978, s. 708

Bynæringene krevde ikke det samme av husstandens egen arbeidskraft. Først og fremst var det industri og handel som preget næringslivet her. En god del av denne virksomheten var fortsatt basert på familiedrift, men uavhengig arbeidskraft ble stadig viktigere. Det nye og frie arbeidslivet var en av grunnene til at stadig flere menn giftet seg tidligere i byene. Særlig utmerket Bergen og Stavanger i 1870-årene med mange gifte menn mellom 25 og 30 år. Trolig var det de gode tidene langs kysten som oppmuntret dem til å forlate den gamle skikken med å utsette levebrødet giftermålet til man hadde et solid levebrød.⁹⁵

Men vi får ikkje vite noko meir om kva dei andre grunnane var til dette tradisjonsbrotet. 1870-åra var på ingen måte ein klar høgkonjunktur-periode i fisket. Etter 1867 var sildefisket **ikkje** lenger stabilt godt, men veksla mellom totalt feilslag til dårlege år. Frå bryjinga av 1870-talet forsvann vårsilda frå "Norda-feltet" (Sunnfjord).⁹⁶

Den demografiske skulen i Norge har med desse bidraga til forståing av endring i familiestruktur lagt stor vekt på dei materielle vilkåra. Oppfatningane kan såleis trygt kategoriserast som "materialistiske". Både Sølvi Sogner og Ståle Dyrvik bryt delvis med Cambridge-gruppa i høve til kontinuitetstesaen. Begge legg vekt på dei sosiale skilnadane, mellom bondehushald og husmannshushald, på ein tendens til generell minke i hushaldsstorleiken mellom 1750 og 1900, og forenkling av hushaldsstrukturen. Årsaksforklaringa deira kan seiast å vere materialistisk og ligg nær opp mot Max Weber og arven etter han i amerikansk sosiologi (Talcott Parsons).

2.5.3 Livsløpsparadigmet - "The Life Course Approach"

I 1977 tok historikaren Tamara K. Hareven initiativ til eit samarbeid med sosiologen Glen H. Elder Jr. Hareven si interesse blei vekt av Elder si studie av depresjonskrisa på 30-talet si innverknad på dei aktuelle ungdomskulla ("the lost generation") både i eit kortsiktig og i eit langsiktig perspektiv. Studien var den første i sitt slag som nytta longitudinelle data på desse depresjons-kohortane. Det første resultatet av samarbeidet med Elder var publisert i 1978: *Transitions: The Family and the Life Course in Historical Perspective*.⁹⁷ Hareven sitt bidrag til livsløpstilnærminga gjeld først og fremst at ho har kombinert tradisjonelle historiske metodar og historisk demografi med munnleg historie og tverr-kulturelle samanlikningar i si forskning. Utgangspunktet for Hareven var eit oppgjær mot Parsonsk familiesosiologi, og seinare reiste ho også kraftig kritikk mot Cambridge-skulen (Laslett). Dette syner ho mellom anna i granskinga av høve mellom industri og familie i *Family time and Industrial time* frå 1982.⁹⁸ Denne studien er utgangspunktet for tilsvarande studiar seinare i både Japan, China og Frankrike.

Det sentrale ved livsløpstilnærminga slik vi finn det hos Elder og Hareven er:

1. Sterk vilje til å integrere makro og mikronivå
2. Eit dynamisk perspektiv på individ og familie
3. Fokus på sosial endring og endringsprosessar
4. Historisk perspektiv

⁹⁵ Hagemann: 1997, s.19-20.

⁹⁶ Ulvund: 1994, s. 120.

⁹⁷ Hareven: 1978, s. 1-16.

⁹⁸ Hareven: 1982

Dette er mogleg gjennom modellen sitt tredelte tidsomgrep, individtid, familietid og historisk tid; meir om dette i metoddelen (kapittel 3).

Det viktigast historiske resultat av Hareven si gransking er påvisinga av at familien som institusjon langt frå er ein passiv, adaptiv og konservativ institusjon i høve til omkringliggjande og større sosiale institusjonar og historiske prosessar. Tvert imot syner fleire av hennar arbeid at familien som institusjon er ein aktiv pådrivar i både industrialiserings- og urbaniseringsprosessen. Familie og slekt finn seg nye funksjonar i nye sosiale og økonomiske omgjevnader, og Hareven kjem såleis i konflikt med den enkle funksjonstømmingsmodellen. Hennar syn på familien er også i opposisjon til Laslett si statiske oppfatning av familiestruktur, og Lasletts direkte kopling mellom struktur og funksjon, for å seie det enkelt: Slekt manglar i hushaldet, slekt har ingen/liten funksjon. Ved å fokusere på dynamikken mellom familieinstitusjonen og samfunnsendring markerer Hareven ein motsats til Parsonsk sosiologi og marxistisk inspirerte historikarar som først å fremst ser på familien som ein residuell og adaptiv institusjon.

Ingen norske historikarar har direkte følgd opp "livsløpsperspektivet", men Jan Oldervolls studie av oppbrotet frå foreldreheimen i *Det store oppbrotet* og mi eiga hovudoppgåve *Individ-Hushald-Samfunn* har lånt perspektiv og metodar frå denne retninga. Derimot har Hareven sin samarbeidspartnar, Glen H. Elder Jr., vore ei sterk inspirerande kraft til ei gruppe sosiologar ved universitetet i Oslo, ved Høgskulen i Volda og Møreforskning. Dette samarbeidet har manifestert seg i boka "Livsløp" frå 1997 – der livsløpsperspektivet er basis i fleire studiar.⁹⁹

Sentral i *Livsløpsgruppa* på 1970 og 80-talet, ei sjølvopnemnd gruppe under NAVF sekretariat for kvinneforskning, var sosialøkonomen Kari Skrede. Saman med Nathalie Rogoff Ramsøy var Skrede forskningsleiar i *Yrkeshistorieprosjektet* ved INAS (Institutt for sosialforskning) tidleg på 1970-talet.¹⁰⁰ *Yrkeshistorieprosjektet* var banebrytande for livsløpsperspektivet innafor norsk samfunnsforskning, og resultat av dette prosjektet kan ein m.a. finne i *Studier i kvinners livsløp* frå 1983.¹⁰¹ Yrkeshistorieprosjektet er den norske studien denne avhandlinga delar flest referansepunkt med.

2.6 Revisjon av revisjonismen.

Cambridge-gruppa sine metodar og resultat førte til stort engasjement og forskningsiver, men òg til kritikk. Først ute med sterk lut var Lutz Berkner i artikkelen *The Stem Family and the Developmental Cycle of the Peasant Household*, der han synta at kjernefamiliehushaldet og det utvida hushaldet var delar av ein stammesyklus og der fleirfamiliehushaldet berre oppstod i ein kort fase.¹⁰² Berkner var ikkje berre metodisk

⁹⁹ Frønes, Heggen og Myklebust: 1997

¹⁰⁰ Skrede og Kitterød: 2002, s. 8-10.

¹⁰¹ Skrede og Tornes: 1983

¹⁰² Laslett's argument denying the existence of the stem family in England is based largely on aggregate demographic statistics. He finds that only ten percent of households in one hundred English parishes in his sample were extended families, and he concludes that "the stem family is scarcely in evidence at all." I have tried to show that aggregate census data indicates only the proportion of stem families in the extended phase at a given time, but that the significance of this proportion cannot be evaluated without taking into account the age structure of the population and the distribution of wealth. Berkner: 1972, s. 408. Sjå også Berkner: 1975.

usamd, men gjekk også mot Laslett si vidgjetne nullhypotese: "the present state of evidence forces us to assume that its [family] organization was always and invariably nuclear."¹⁰³ Med denne utsegna hadde Cambridge-gruppa gjort familieorganisasjonen statisk, autonom og uavhengig av omfattande endringar av underliggjande økonomiske strukturar, uavhengig av den industrielle revolusjon og framveksten av eit kapitalistisk produksjonsmåte.

På 1990-talet har denne kritikken vore sterkast framboren av David Kertzer og Wally Seccombe.¹⁰⁴ Seccombe trekkjer på kombinasjonen av feministisk historieforskning og "modifisert" marxistisk terminologi og synsmåtar, men rubriserer seg sjølv helst som "historisk materialist". Sentralt for Seccombe – i motsetnad til tradisjonell marxisme – er å integrere familien og endring i produksjonsmåtar ("mode of production"). Seccombe argumenterer mot kontinuitets-tesa til Cambridge-gruppa, som han meiner har vill-leia både sosiologar og historikarar.¹⁰⁵ Seccombe ser eit aktivt og gjensidig forhold mellom produksjonsmåtar ("føydal", "kapitalistisk") og familieorganisasjonen. Nøkkelkategoriane i Seccombe si tilnærming er produksjonsmåte ("mode of production"), arbeidskraft ("human labour-power") og livsløp ("life-cycle"). Det vil falle for langt å gå i detaljar på denne teoretiske ståstaden, og eg oppfordrar interesserte til å lese kapittel 1 i *A Millennium of Family Change*.¹⁰⁶ Ved å poengtere at forholdet mellom samfunnsproduksjon og familiestruktur nettopp er gjensidig, ikkje mekanisk, deterministisk og einvegs tek han skarp avstand frå tradisjonell marxistisk oppfatning av tilhøvet mellom samfunnsproduksjon og familiestruktur. Familien er ikkje ein passiv og residuell institusjon slik t.d. Harriet Holter hevdar, jf. punkt 2.2.1. Det vil finne stad både funksjonell tilpassing (jf. Parsons) mellom produksjonsmåten og familieformene, men òg motsetnader ("stress and contradiction"). Seccombe tek også avstand frå sosialhistorikarar som lenar seg mot moderniseringsparadigmet og kulturdiffusjonistisk teori: At arbeidarklassa og folk i utkantstrok med ei viss forseinking i tid tek over sosiale mønster som har vakse fram hos mellomklassa i sentrale strok, og "follow them [superior classes] on the road to modernity and progress".¹⁰⁷ Slike synspunkt på samanhengen mellom klasse og avstand frå kulturelle sentra og endring i familiestruktur finn vi både hos norske sosiologar og historikarar, jf. punkt 2.2.1 og 2.5.2.

Seccombe reknar historikarane Lutz Berkner, Rudolph Braun, John Gillis, David Levine, Hans Medick, Franklin Mendels, Joan Scott, Louise Tilly og Charles Tilly som sine inspirasjonskjelder og tilhøyrande gruppa av "Revisjonistar". Felles er avstandstaking frå moderniseringsparadigmet, fokus på livsløp og klasse og produksjonsmåte som sentrale analysekategoriar. Seccombe rubriserer seg sjølv som historisk materialist, medan dei andre historikarane sitt tilhøve til historisk materialisme og marxistisk historieoppfatning er både ulik og tvitydig.¹⁰⁸ Med i denne gruppa av framtrekande sosialhistorikarar i dei

¹⁰³ Laslett og Wall: 1972, Preface s. x og s. 73.

¹⁰⁴ Kertzer: 1991, Seccombe: 1992, Seccombe: 1993. Sjå også Levine: 1989 og Seccombe: 1990.

¹⁰⁵ Seccombe: 1992, s. 29. Kertzer: 1991, s. 158-163.

¹⁰⁶ Seccombe: 1992.

¹⁰⁷ Seccombe: 1992, s. 3 og s. 27-29.

¹⁰⁸ Seccombe: 1992, s. 29. For meg har det vore særleg utfordrande og inspirerande å lese arbeida til Lutz Berkner, David Levine og Wally Seccombe, jf. litteraturlista.

siste tiåra av det 20. hundreåret kan vi og rekne David I. Kertzer. Hans nærast aksiomatiske utsegn kan stå som fellesnemnar for denne retninga: "no family system can be understood apart from the political economic context in which it is found".¹⁰⁹

I motsetnad til Cambridge-gruppa hevdar Seccombe at det er fundamentale skilnader mellom bondefamilien og arbeidarfamilien som veks fram rett før og under den industrielle revolusjon. Og på eit høgt abstraksjonsnivå let det seg gjere å skilje ut hovudkategoriar av familieformer. Under den føydale produksjonsmåten med konsentrasjon av eigedom på få godseigarar vert det fostra fram ei familieform basert på ein stammesyklus ("stem family cycle").¹¹⁰ Familieformene var ulike i Aust og Vest-Europa. I Vest-Europa var stammesyklusen mindre tydeleg, giftarmålsalderen høgare og neo-lokalt prinsipp ved hushaldsetablering. Seccombe poengterer at dette er hovudtrekk og ikkje må oppfattast deterministisk, og at mønstera var prega av stor regional variasjon.¹¹¹ Dette fell saman med Kertzers poengtering av at det ikkje fanst ein einskild før-kapitalistisk form for politisk økonomi eller ein einskild familieøkonomi. Og variasjon i familiesystem heng heller ikkje nødvendigvis saman med graden av kapitalistisk økonomi.¹¹² Med framveksten av den kapitalistiske produksjonsmåten er det andre og nye trekk ved familieformene som dominerer: Produksjonsmåten tillet kjernefamiliehushaldet med to generasjonar, særleg mellom lønsarbeidarar. Arv får mindre å seie ved etablering, tidlegare familieformer forsvinn og slektskap har mindre vekt ved etablering av levebrød og ved søking etter yrke.¹¹³

2.7 Oppsummering

I dette kapitlet har eg grovt skissert seks sentrale synspunkt på forholdet mellom familie og samfunnsendring, familieinstitusjonen og sosiale prosessar. Fram til 1960-talet var historisk kunnskap om familien dels basert på spekulasjon og folkeleg mytedanning. Denne basisen var også grunnlaget for tidleg sosiologisk teori til langt inn på 1970-talet.¹¹⁴ I førre kapittel delte eg synspunkta på høve mellom familieinstitusjonen og samfunnsendring i tre hovudkategoriar; a) Oppløysingsteser: Familieinstitusjonen som passiv, residuell og underordna b) Kontinuitetsteser: Familieinstitusjonen som autonom og upåverkeleg og c) Interaksjon og gjensidig påverknad: Familieinstitusjonen er integrert med sosiale og økonomiske prosessar som urbanisering og industrialisering. Oppløysingsteser er eit framtrekande og felles syn som ein finn både i samtida, hos sosiologar, hos marxistar og mange historikarar. Den "tradisjonelle", "førindustrielle" familien blir oppløyst eller broten ned. Og resultatet av industrialiseringsprosessen er kjernefamilien. Kontinuitetsperspektivet finn vi særleg hos Cambridge-gruppa: Kjernefamilien er **ikkje** ei nyskaping som veks fram under industrialiseringsprosessen, men er den dominerande familieforma i perioden 1500-1900. Interaksjonsteser hevdar også at noko sosial nedbryting slett ikkje fann stad, men snarare at familien som institusjon

¹⁰⁹ Kertzer og Brettell: 1987, s. 88.

¹¹⁰ Stammesyklus er der eit av barna, t.d. eldste son, gifter seg og etablerer familie hos hans foreldre.

¹¹¹ Seccombe: 1992, s. 26.

¹¹² Kertzer og Brettell: 1987, s. 88.

¹¹³ Seccombe: 1993, s. 18-20. Seccombe: 1992, s. 26-27.

¹¹⁴ Kertzer: 1991, s. 155 og 157.

har ei langt meir aktiv rolle i samfunnsendingane på 1800 og 1900-talet. Desse synspunkta er særleg framtreddane hos livsløpshistorikarar og revisjonistar.¹¹⁵

I eit brot-kontinuitet perspektiv kan vi dele synspunkta slik: Samtida, marxistar og sosiologitradisjonen frå Weber og Parsons legg vekt på brot, oppløysing og nyorientering og relaterer dette til industrialiseringa eller framveksten av den moderne kapitalismen. Cambridge-gruppa har vektlagt kontinuitetsperspektivet gjennom industrialiseringsprosessen.¹¹⁶ Livsløpsparadigmet (Tamara Hareven), feministisk sosiologi, norske demografar og "revisjonistar" står i ei mellomstilling, brot men òg kontinuitet.

Metodisk sett vil denne avhandlinga plassere seg mellom den "Den demografiske skulen" (Household approach) og "Livsløpsskulen" (Life-course approach). Avhandlinga er dermed eit svar på Maris Vinovskis forslag om å byggje bru mellom tilnærmingane:

The life-course approach suggest the need as well as the means for linking information about family processes with that of family size and composition within the context for historical change in society as a whole.¹¹⁷

¹¹⁵ Bruken av omgrepet revisjonistar er i høgste grad tvetydig. Også Cambridge-gruppa blir titulert som revisjonistar sidan dei "reviderte" familiesosiologien kring 1970. I dag vert "revisjonistar" nytta på sosialhistorikarar som har revidert revisjonistane (Cambridge-gruppa) og/eller "revidert" moderniseringsparadigmet. Sjå t.d. Kertzer: 1991, s. 158 om "Revising the Revisionism.". Sjå også Janssens: 1993, s. 18-23.

¹¹⁶ Seccombe: 1992, s. 233-237.

¹¹⁷ Her sitert frå Elder: 1987, s. 187.

*Familieetablering – Første Kjærlighedserklæring*¹¹⁸



Første Kjærlighedserklæring.

¹¹⁸ Mayer: 1980. *Kjærlighedens Glæder : eller Nøgle til Kjærlighedens og Ægteskabets Hemmeligheder : en Raadgiver for Elskende, Forlovede og Nygifte* Udgivet af J. L. Mayer ; oversat fra det Svenske efter det i 1862 udgivne 3die Oplag. Faksimileutg. av 3. oppl., Sarpsborg 1866.

Kapittel 3

Kjelder, teori og metode.

Dette kapitlet har to føremål. For det første er det ein presentasjon av både kjelder og metodar, dinest ei drøfting av særskilde element ved kjeldene – kjeldekritikk, og ei drøfting av metodane. Men ikkje alle kjelder og metodar treng noko vidare presentasjon, og derfor vil eg gjere avgrensingar både i presentasjon og drøftingsdelen. Det vesentlege er naturlegvis å setje fingeren på dei delane av kjeldene der tolking og bruk kan ha avgjerande innverknad på resultatet. Det same prinsippet gjeld delvis metodane. Her vil eg leggje vekt på metodar som tidlegare har vore lite nytta i Norge tidlegare og samtidig er sentrale i høve til analysen.

3.1 Hovudkjelder

Avhandlinga er basert på tre hovudkjelder, alle folketeljingar: Folketeljinga 1. februar 1801, 31. desember 1865 og 3. desember 1900. Alle desse tre folketeljingane er nominative (med personnamn) og dei er praktisk tala komplette. Heile befolkninga på dei tre tidspunkta skal vere med. Og ikkje minst: Alle tre kjeldene er dataregistrert – komplett! 1801-prosjektet som registrerte 1801-teljinga var den første større dataregistreringa av historisk kjeldemateriale i Norge. Seinare teljingar har blitt registrert av fleire institusjonar: Statsarkivet i Bergen og andre einingar i Arkivverket, Registreringssentralen for historiske data (RHD), *Teleslekt* som del av både Televerkets (Telenor) Nye Muligheter (TNM) og Nasjonalbiblioteket i Rana. 1865-teljinga og 1900-teljinga er i hovudsak registrert etter prinsippa nedfelt i Histform-standarden.¹¹⁹ 1801-teljinga, som vart dataregistrert lenge før det fanst standardar, vart registrert etter dei same prinsippa om kjeldetruskar som ligg til grunn for Histform-standarden.¹²⁰

Materialet frå alle tre teljinga er også kombinert med aggregerte data frå dei same tre teljingane både for kontroll av data og supplement. Aggregerte data er også trekt ut frå teljingane 1855, 1891 og frå valstatistikk kring 1900. Dei aggregerte teljedata er trekt ut frå NSD kommunedatabase. Teljingane 1865 og 1900 er i tillegg kombinert (på aggregert nivå) med skattematrikkelen 1886, tilgjengeleg frå RHD. Utanom dette vert det også nytta dataregistrerte konfirmantlister i DA/DP (Digitalarkivet og Digitalpensjonatet) og dataregistrerte lister over vigslar for Bergen i perioden 1816-1900.

3.1.1 Folketeljinga 1801

Overtydd om den nytte som nøyaktig kunnskap om folketalet fordelt etter alder, kjønn og næringsveg medførte, vart det ved kongeleg reskript av 26. november 1800 bestemt at det skulle haldast folketeljing 1. februar 1801 i Norge, Danmark, Island og hertugdømmma.¹²¹

Ein omfattande kjeldekritisk gjennomgang av 1801-teljinga er å finne i *NOS 134B – Folketeljinga 1801. Ny bearbeiding*.¹²² I tillegg har særleg Lisbeth Higley drøfta fleire

¹¹⁹ Nygaard og Registreringssentral for historiske data: 1995.

¹²⁰ For ei grundig innføring i registrering og bruk av historiske data sjå Thorvaldsen: 1996a og Thorvaldsen: 1999

¹²¹ 28 Novbr. 1800, Kongelig Rescript ang. en almindelig Folketælling. Fogtman:1802a

problem ved 1801-teljinga, som hushaldsinndeling, yrkes- og aldersopplysningar, for Ullensaker prestegjeld.¹²³ På eit meir generelt plan har Dyrvik trekt opp hovudproblema med folketeljingar som kjelde til historisk demografi og i analysar av hushaldsstruktur.¹²⁴ Og i ei rekkje hovudoppgåver er spørsmål om 1801-teljinga som kjelde drøfta.¹²⁵ Behovet for ein ny gjennomgang av kjeldekritiske problem er såleis ikkje stor, med få unntak nær. Nedanfor vil eg gå nærare inn på aldersopplysningane i 1801-teljinga, og ein gjennomgang av hushaldsomgrepet i teljinga. Konklusjonen står uansett fast, 1801-teljinga er generelt sett ei pålitande kjelde.

Folketeljinga 1801 er den første nominative folketeljinga i Norge. Teljinga 1801 skulle i prinsippet telje befolkninga "de jure" – den heimehøyrande befolkninga. Personar som var mellombels borte frå heimstaden eit kort tid (dagar, veker) har truleg ikkje valda store problem for teljarane, medan personar som hadde lengre opphald borte frå heimstaden, t.d. sjøfolk, kramkarar, fehandlarar og soldatar har nok valda problem for teljarane. I teorien kunne dette har ført til dobbelregistrering eller underregistrering. Dobbeltregistrering ved at teljinga inneheld mange dubletter, underregistrering ved at personar vart uteletne både der dei oppheld seg og der dei høyrde heime. Det er to argument for at det er rimeleg å tru at 1801-teljinga er underregistrert. 1) Særs få – om nokon - debattinnlegg i Digitalarkivets brukarforum har påvist tilfelle av dobbelregistrering og 2) Figur 4.3 i kapittel 4 syner eit klart aldersbestemt mannsunderskot i den mobile perioden av livsløpet åt menn, mellom 20 og 50 år. Det er derfor rimeleg å tru at ein viss prosentdel 'mobile' menn, menn i alderen 20-50 år, manglar i 1801-teljinga. Ein viss del av desse kan ha emigrert, men i så fall må mannleg emigrasjon vore større enn den kvinnelege i perioden 1770-1800, jf. figur 4-3 i kapittel 4.

Dei originale teljelistene for Holt Prestegjeld med soknene Holt, Dypvåg og Flostad manglar. Totalt utgjer dette 4583 personar i høve til offisiell statistikk frå 1826. I tillegg manglar eit ukjent tal einskilde gardar i einskilde prestegjeld.¹²⁶ Det betyr at den digitale versjonen av kjelda utgjer 99.5% av heile populasjonen og kjelda kan dermed reknast som komplett frå statistisk-metodisk synsstad.¹²⁷

3.1.2 Folketeljinga 1865

Ved kongeleg resolusjon av 11. oktober 1865 vart det bestemt å halde folketeljing 31. desember 1865. Teljinga skulle gjennomførast 3. januar 1866, men etter slik status var ved midnatt nyttårsaftan 1865. Noko særleg argumentasjonen for å gjennomføre folketeljinga 1865 var ikkje naudsynt, teljinga var den femte i rekkja kvart tiande år sidan 1815. Men derimot argumenterte Tabellkontoret ved Departementet for det Indre sterkt for at teljinga 1865 måtte vere nominell, i motsetnad til dei fem føregåande. Byråsjef Kiær meinte at teljinga måtte vere nominell for å sikre kvaliteten. Kiær poengterer tre høve som vert styrka ved ein nominativ teljemetode: "Paaligelighed", "Fullstendighed" og "Nøiagtighed".

¹²² NOS 134B:1980. Digital utgåve: <http://www.uib.no/hi/1801dok.html>

¹²³ Higley: 1976

¹²⁴ Dyrvik: 1983, s. 18-34 og s. 184-186.

¹²⁵ Eit lite utval: Erikstad: 1979, s. 10-15, Kåstad: 1981, s. 4-6, Tysdal: 1990, s. 23-24 og 29.

¹²⁶ NOS 134B:1980 Digital versjon: <http://www.uib.no/hi/1801dok.html>

¹²⁷ Det einaste atterhaldet er at i Holt låg Nes jarnverk med ei relativt stor arbeidarbefolkning, jf. NOS B134.

Kiær hadde sterke indisium på at i dei føregåande teljingane (1815 til og med 1855) hadde manglar, og dette skuldast teljemetoden.¹²⁸

Også teljinga 1865 syner befolkninga ”de jure” – den heimehøyrande befolkninga – personar skulle teljast der dei ideelt eller normalt sett hadde bustad.

Dei originale teljelistene har blitt registrert av Statsarkivet i Bergen, RHD og Digitalarkivet. Alle dei originale teljelistene for Gol prestegjeld og Holtaalen prestegjeld og delar av både Nannestad og Christiania manglar permanent (til saman kring 13000 personar). Den digitale versjonen (1865-datasetta) som er nytta i denne avhandlinga inneheld etter uttrekk frå registreringsfilene totalt 1686523 personar. Den offisielle statistikken har 1701756 personar, altså inneheld datasettet 15233 for få personar. Ved sida av dei permanente manglane skuldast dette avviket fleire årsaker. Avvika mellom den offisielle statistikken og datasettet KHKD6586 er dokumentert i tabell A-4 i tillegg A. Med denne vesle datamangelen reknar eg datasettet som komplett i statistisk samanheng, sidan datasettet omfattar 99.1% av teljinga og manglane er ikkje systematiske.

3.1.3 Folketeljinga 1900

Folketeljinga i 1900 vart halden 3. desember 1900. For første gong sidan 1845 vart teljinga ikkje lagt til nyårshelga, men til advent (nytt kyrkjeår) slik praksis hadde vore på byrjinga av 1800-talet. Ved å leggje teljetidspunktet til 3. desember kom ein unna problemet med at mange var heime på juleferie kring nyår, t.d. skuleelevar. Dermed kunne ein også oppnå ein meir korrekt teljing av befolkninga ”de facto” – den tilstadeverande befolkning.¹²⁹ Teljinga 1900 skulle telje befolkninga både ”de jure” (rettsleg) og ”de facto”, den heimeverande og den tilstadeverande befolkning. Denne kontrollerte dobbeltregistreringa vart vanleg praksis frå og med 1875-teljinga. Sirkulærer, teljeskjema og detaljerte instruksjonar om førebuing, registrering og etterarbeid er dokumenter i bilag a-r i *Folketellingen i Kongeriget Norge 3 desember 1900. Hovedoversigt*¹³⁰. I denne dokumentasjonen inngår også ein detaljert beskrivelse av den nye, revolusjonerande ”bearbeidelsesmaade” som vart nytta: Den ”elektriske Behandling” ved hjelp av nyinnkjøpte teljemaskiner frå Hollerith Tabulating Company.¹³¹ I tillegg var også den statistiske metoden ved bearbeiding av statistikken for ”Beboede Huse og husholdninger” revolusjonerande. Her introduserte A. N. den ”representative” metode ved å trekkje ut kvar 20. folketeljingsliste på landsbygda og kvar 10. i byane.¹³² Dette dokumenterer store endringar både metodisk og organisatorisk frå 1801. Mekaniseringa av teljearbeidet og metodeutviklinga syner også at byrået var i fremste rekkje internasjonalt og hadde eit høgt fagleg nivå. Saman borgar dette for at folketeljinga 1900 er av høg kvalitet.

¹²⁸ NOS C No 1:1869, s. XXVI. Keilhau: 1931, s. 32-33.

¹²⁹ NOS V No 4:1906, s. 21.

¹³⁰ NOS V No 4:1906, s. 167-198.

¹³¹ NOS V No 4:1906, s. 168-171. Aurbakken og Statistisk sentralbyrå: 1998, s. 18 og 29-32. Kiær: 1900, s. 177-184.

¹³² NOS IV No 82:1904, s. 90. For meir detaljar sjå, Kiær: 1897. Nytt optrykk Kiær og Statistisk sentralbyrå: 1997. Kiær's uttrekk gav ca. 5% og 10% utval av populasjonen. Både MPS/IPUMS (amerikanske folketeljingar) og HDS/Essex (engelske folketeljingar) nyttar i dag 5% utval som standard, sjå <http://www.ipums.org/> og <http://hds.essex.ac.uk/>

Dei originale teljelistene er registrert av TNM (Telenor Nye Muligheter) seinare Teleslekt, RHD og Digitalarkivet.¹³³ Teljinga var ferdig registrert i desember 2000. Teljinga er ikkje komplett då einskilde teljelister frå minst 8 herred/kjøpstader manglar. Manglane er dokumentert på <http://digitalarkivet.no/1900/mangler1900.htm>.¹³⁴

Uttrekket som er nytta i denne avhandlinga inneheld 2192877 heimehøyrande personar og 2165850 tilstadeverande personar i **private** hushald. Populasjonen utgjer 97.5% i høve til den tilstadeverande befolkninga i den offisielle statistikken. Avviket skuldast dei permanente manglane (bortkomne originallister) og personar registrert i 'extrahusholdninger'. Ekstrahushald er utelatne ved å utelate desse datafilene. Nokre ekstrahushald har likevel "lurt" seg inn i materialet, sidan dei er registrert på teljelister for private hushald. Eit eksempel er hushald på Oscarsborg i heradet 215 Frogn. Teljelistene her inneheld dels private (Underofficersboligen Bergholmen) hushald, dels institusjonshushald (kasernar).¹³⁵ Om ein reknar talet på heimehøyrande personar i uttrekket datasett i høve til personar utanom ekstrahushald i den offisielle statistikken så manglar 28291 personar, dvs. datasettet utgjer 98.7% av det offisielle talet på heimehøyrande personar i private hushald.¹³⁶ Avvika mellom offisiell statistikk og uttrekket er dokumentert i tabell A-5 i tillegg A. Sidan desse manglane er spreidd over fleire kjøpstader og herad, er det rimeleg å rekne datasettet som komplett i statistisk forstand, dvs. som om datasettet inneheld 100% av populasjonen.

3.1.4 Andre kjelder

I tillegg til folketeljingar er følgjande kjelde og kjeldetypar nytta på individnivå: "Vigde i Bergen 1816-1900" og konfirmerte i perioden 1736-1919 for fleire ulike prestegjeld. Kva for konfirmantlister som er nytta er dokumentert under tabell K-2 i tillegg K. Databasane over vigde og konfirmerte er tilgjengeleg i Digitalarkivet, <http://digitalarkivet.no/>. Ei rekkje lovar, forordningar og reskript som gjeld konfirmasjon, skulevesen og folketeljingane har eg gjort tilgjengeleg som digitale faksimiliar under <http://www.hist.uib.no/staben/solli/avhandling/>.

Matrikkelen 1886 er digitalisert ved Registreringsentralen for Historiske Data (RHD) dels ved avskrift og dels ved skanning og bruk av dataprogram for optisk lesing, OCR-program (**O**ptical **C**haracter **R**ecognition).¹³⁷ Kjelda er tilgjengeleg for søk og nedlasting ved <http://www.rhd.uit.no/matrikkel.html>. Datafilane inneheld kommunenr, namn på brukar, gammal og ny gards- og bruksidentifikasjon. Den eldre numereringa inneheld gardsnr og bruksnr før matrikkelrevisjonen publisert i 1838. Den nye numereringa er "matrikkelløbnummer" etter 1838-matrikuleringa. Videre inneheld

¹³³ Dataregistreringa av 1900-teljinga vart starta som eit prosjekt under Televerkets Nye Muligheter, seinare Telenor Nye Muligheter, med namnet Teleslekt i 1993. I 1997 vart Teleslekt overført Nasjonalbiblioteket i Rana og hald fram som ei eiga avdeling der. Data og rettar til data vart overført til Arkivverket i 1998.

Nedrebø: 1998, Nygaard:1995, <http://www.rhd.uit.no/div/ahcln.html>

¹³⁴ Nygaard:4.12.2000, <http://digitalarkivet.no/1900/mangler1900.htm>

¹³⁵ <http://digitalarkivet.uib.no/>. 1900-telling for 0215 Frogn.

¹³⁶ NOS V No 4:1906, s. 20. Rekna i tilstadeverande personar manglar 31138 personar. Datasettet inneheld såleis 98.6% av tilstadeverande personar i private hushald.

¹³⁷ Thorvaldsen: 1996b, Registreringsentral for historiske data:20.03.2001, <http://draug.rhd.isv.uit.no/rhd/matrikkel/matrikkelhjelp.html>

datafilene namn på kyrkjesokn, gard og bruk, den gamle skylda oppgitt i skylddaler, ort og skilling, og den reviderte skylda i skyldmark og øre. Datafilene på bruksnivå er først aggregert til brukarnivå og deretter aggregert til kommunenivå og fletta saman med folketeljingsdata (1865 og 1900) på kommunenivå. Aggregeringa til brukarnivå var naudsynt for å få eit komparativt datagrunnlag, for det synte seg at talet på bruk og brukarar varierte mellom amta. Dette kan skuldast mange forhold; kjøp og sal av mindre eigedomar og ulik praksis ved matrikulering av engstykke og småeigedomar i utmarksområder, t.d. sagtomter, vatn og vassfall (fossar) og sætrer.¹³⁸ Aggregering til brukarnivå vart utført eit dataprogram som samanlikna namn på brukarar, like etterfølgjande namn på same gard i originallistene vart rekna som ein brukar. Totalt for landet medførte denne aggregeringa ein reduksjon på 8%, dvs. 8% færre brukarar enn matrikkelbruk. Men prosentdelen varierte sterkt, i Møre og Romsdal reduserer programmet talet på brukarar med 2.9%, i Rogaland med 12.8% i høve til matrikkelbruk, jf. tillegg E, tabell E-1.

3.2 Hushald og familie

Fram til no har hushald og familie så å seie vore nytta som synonym. Omgrepa er sjølv sagt ikkje det, men det avspeglar dels den refererte litteraturen der omgrepa blir brukt på ulike måtar. Særleg familieomgrepet blir nytta med varierende presisjonsnivå og meiningsinnhald, t.d. omgrepet "familiehistorie" er særst vidt. "Familiehistorie" kan omfatte både analyse av hushaldsstruktur, slektsgransking, biografisk orienterte studiar og livsløpsstudiar (einskildpersonar). I dei følgjande kapitla vil desse to omgrepa bli nytta med eit langt høgare presisjonsnivå, med særskild meiningsinnhald.

I daglegtaleten har familie vanlegvis to tydingar: 1) I tydinga kjernefamilie, mor-far-barn eller einsleg forelder og barn. 2) Den utvida familie, i tydinga slekt. "Er person X i familie med deg?" er synonymt med "Er du og person X i slekt?". Skil ein likevel mellom slekt og familie, vil 'familien' i den utvida tydinga omfatte eit eldre ektepar, alle deira barn med ektemakar, barnebarn og oldebarn. I denne samanheng tyder familie, nær nedadgåande slekt. I avhandlinga vil 'familie' nyttast i den første tydinga, i tydinga konjungale einingar; a) mann og kone, b) mann-kone-barn eller c) einsleg forelder og barn.

Reint teknisk i høve til folketeljingar opererer ein etter Cambridge-gruppa sine definisjonar med fleire vilkår. Eit ugift sambuande par er ikkje ei konjugal eining, og heller ikkje ei ugift mor og barnet hennar. Mann og kone må vere lovformeleg gift. I 1800-tals kontekst spelar problemet med sambuarskap mindre rolle, berre eit fåtal er registrert som ugifte sambuarar, t.d. forlova par. Einslege ugifte mødrer med barn er registrert, men i mange høve kan tilknytninga vere tvitydige, og særleg dersom relasjonen skal avgjerast maskinelt. Eit barn av ei einsleg mor der begge bur heime hjå mora sine foreldra kan vere ført som barnebarn utan at det går fram kven som er mora. Eit barn av ein einsleg mor kan også lett bli oppfatta som ei yngre søster.¹³⁹ Vidare inkluderer barn biologiske barn og

¹³⁸ Jf. også A.N. Kiær i NOS C No 11:1873, s. III. For å finne fram til talet på "Egentlige jordbrugseiendommer" trekkjer Kiær frå havnegangar, utslåttar, skogstykke og fiskevatn og får ein ein brukstalreduksjon på 9.2% i 1870. Dataprogrammets reduksjon på 8% er derfor i underkant av det reelle.

¹³⁹ Oldervoll: 1995, <http://www.hist.uib.no/papers/jan/atlanta.htm>

adoptivbarn, men ikkje fosterbarn eller pleiebarn. Heller ikkje barnebarn. Eit anna poeng er at gifte eller tidlegare gifte barn trer ut av den konjungale eininga, slik at t.d. ei mor (enkje) og hennar son (enkjemann) ikkje utgjør ei konjungal eining og heller ikkje ein familie. Nokre av desse førenemnde restriksjonane kan synest inkonsistente – er ikkje ei einsleg ugift mor med barn 'familie' på same måte som ei enkje med barn? Basis for den tekniske definisjonen er ei konjungal – ekteskapleg – eining. Dermed er kravet at ein forelder er eller har vore gift, og sameleis at barn som vert gift trer ut av ei konjungal eining og inn i ei ny. Denne insisteringa på konjugale einingar minkar også risikoen for feilkategorisering der slektstilknytning er tvitydig. I 1900-tals kontekst vil eit familieomgrep som insisterer på konjugale einingar vere nyttelaust, i 1800-tals kontekst er det brukande.

Hushald er heller ikkje heilt uproblematisk, men ikkje på same måte som familie. Hushald (Husholdning) er ei eining av eit eller fleire menneske som har særskild bustad og kosthald.¹⁴⁰ Dyrvik meiner ein bør leggje størst vekt på kosthald, dvs. felles fysisk samvær kring eit bord, sidan det implisitt også omfattar felles bustad. Men det var og er ikkje uvanleg at fleire medlemmer av eit hushald åt fleire måltid utanfor bustaden (på skulen eller på arbeidsplassen eller til sjøs i ein båt). Derfor kan kravet mjukast opp ved at ein berre krev at medlemmane må minst ete eitt måltid på opphaldstaden. Dette kravet kan også vere for strengt, for i periodar kunne einskilte hushaldsmedlemmer, t.d. seterjenta, ete alle måltid utanfor den vanlege opphaldstaden. Om ein oppfattar hushald som gruppa av menneske som "et kring same bord og søv under same tak" bokstavleg, vil einskilte medlemmer falle heilt eller delvis utanfor hushaldet. Men felles konsumpsjon i vidare og meir abstrakt tyding av ordet enn "fysisk samvær kring eit bord" er eit viktig kriterium for å definere og avgrense eit hushald. Etter Cambridge-gruppa si oppfatning av hushald synest felles opphald å vere det sentrale som konstituerer eit hushald. I Cambridge-gruppa sitt hushaldsogrep, eller "coresident domestic group", som er "the full term to be defined" ser ein opphald eller "residence" som det konstituerande elementet.¹⁴¹ "Co-residence" står for ein felles fysisk stad for fleire gjeremål: å ete, å sove, ta pausar, ha fritid, vekse opp, passe barn og reproduksjon. I hushald til handverkarar og handelsmenn ville også same stad nyttast til produksjon.¹⁴²

Felles kosthald vil også normalt seie at ein er innordna i ein sams økonomi, men også dette er problematisk. I Vest-Europa særleg på slutten 1800-talet i byane fanst det mange 'boarders', 'lodgers' eller 'losjerande'. Desse ville "sove under same tak" som vertsfolket, og dei ville gjerne ete eit eller fleire måltid saman med vertsfolket, derav omgrepet 'boarder'. Men til skilnad frå dei andre kring bordet, betalte desse ei eller anna form for leige i pengar eller i form av tenesteyting, både for kost og losji, altså separat økonomi. I drøftinga nedanfor om hushaldsogrepet i folketeljingssamanheng vil ein sjå at ein i Norge prøvde å skilje mellom 'familielosjerande' – dei som åt saman med vertsfamilien, og 'einsleg losjerande' – leigebuarar utan felles måltid med vertsfamilien.

I motsetnad til 'familie' har altså hushald ingen krav om slektskap eller ekteskap. Eit hushald kan bestå av ei gruppe menneske som ikkje er i slekt med kvarandre, men

¹⁴⁰ Dyrvik: 1983, s. 184.

¹⁴¹ Laslett og Wall: 1972, s.24.

¹⁴² Laslett og Wall: 1972, s. 24.

vanlegast var kombinasjonen av ein familie og andre både i slekt og utan slektskap med familien. Ein vanleg slik kombinasjon var ein kjernefamilie, ei bestemor og ein tenar/tenestejente. Andre slektningar kunne vere søsken av mann eller kone. Av hushaldsmedlemmar utan slektskap med familien fanst mange typar, tenestefolk var det vanlegaste, losjerande eller innerstar, legdsfolk, pleietrengande og fosterbarn.

Kårinstitusjonen er og eit hushaldsproblem i tillegg til innerstar og losjerande. Dannar kårfolk (kår, vilkår, holdsfolk, folgefolk, føderåd) eit eige hushald eller høyrer dei til hushaldet som yter kåret? Har teljaren veksla mellom å skilje ut kårfolket og i neste omgong inkludert dei, avspeglar det truleg ein reell situasjon. Dette er grunnregelen for tolking plassering av kårfolk. Har derimot teljaren konsekvent skild kårfolket ut i egne hushald, eller konsekvent inkludert dei i hovudhushaldet, står vi truleg over for eit prinsipp, snarare enn ein reell situasjon. Dersom føremålet er å studere eit fåtal hushald (t.d. kårhushald og kårfolk) må ein nytte andre kjelder for å avgrense problemet. I denne studien har eg valt konsekvent å følge teljarane si inndeling.

Med dei ulike problema med å avgrense hushald og avgjere medlemskap i hushald, kunne det vere freistande å vere konsekvent og korrigere hushaldsinndelinga ein finn i folketeljingar. Til dømes kunne ein definere alle einsleg losjerande enten utanfor eller innanfor vertshushaldet, eller alle kårfolk kunne definerast som del av hushaldet som ytte kår. Det vil i praksis seie at ein skapte hushald etter den ideelle definisjonen, uavhengig av kjeldematerialet og kva dei som førte teljinga måtte meine eller oppfatte. Det viktigaste argumentet mot ei slik framgangsmåte er at teljarane, om det var prestar, lærarar eller huseigar, hadde langt meir informasjon om opphald, bustad, leigevilkår, fellesskap av sosial, økonomisk og emosjonell karakter enn det som vart registrert på eit lite folketeljingsskjema. Derfor står ein i folketeljingssamanheng att med berre eit vilkår for inndeling i hushald: Hushald er det som teljaren oppfatta som eit hushald. Men då blir eit anna forhold avgjerande: Har oppfatninga av hushald og familie endra seg i den aktuelle perioden? Har hushald og familie i hovudtrekk same meiningsinnhald i 1801 som i 1900? Dersom definisjonen av 'hushald' endra seg dramatisk i perioden vil dermed også hushald i teljingane kunne endre seg, samstundes som hushald reellt sett endra seg mindre. Derfor er det viktig å avklare i kva grad hushald definisjonsmessig endra seg frå 1801 til 1900.

3.2.1 Hushaldsombegrepet i teljingane 1801-1900

Både hushald som statistisk storleik og hushald som omgrep vore uklar og variert i dei ulike teljingane. I teljinga for 1950 slår ein fast at "De statistiske oppgaver som tidlegare er blitt utarbeidet over husholdningens størrelse og sammensetning her i landet, har vært få og ikke særlig inngående".¹⁴³ Med unntak av 1900-teljinga er dette ein god karakteristikk av situasjonen før 1950. Det seier seg sjølv at den vesle interessa som har vore for statistisk bearbeiding av hushaldsvariablar har blitt påverka at graden av samsvar i definisjonar og oppfølging av korleis hushaldsrubrikken har blitt registrert. Trass i denne mangel på interesse har hushaldsvariabelen stort sett følgd med teljingane sidan 1801, både i føreskriftene (Kongelege resolusjonar) og på sjølve teljeskjemaet. Eg vil no kort gå

¹⁴³ NOS XI 303:1953, s. 1.

gjennom dei ulike måtane hushald skal ha blitt registrert på i teljingane frå 1801 til 1900 og 1950.

I reskriptet for 1801 heiter det for det første at:¹⁴⁴

Enhver regnes til det huus, hvori han sover: at, naar en Person, som sædvanligen sover i et huus, er fraværende, enten aleene i Forretninger i Landet, eller og udenlands, med det Forsæt at komme tilbage, f. Ex. Til Søes, da regnes han til den Familie, fra hvilken han er bortreist.

Videre blir det også sagt at:

for hver person anføres, hvad den er i huset, saasom Mand, Hustru, Barn, Slægtning og hvor nær, Tjeneste-tyende, samt Svend og Dreng, til Leie boende, Løgerende, Indquartered, og saa videre.

Det blir også presisert, i den utgåva som gjekk til biskopane, at:

naar flere Familier boe i et Huus eller Gaard, da bør hver Familie særskilt anføres tilligemed de til Samme hørende Personer.

Også på dei trykte eksempla som følgde med reskriptet syner det korleis kvar familie (hushald) skulle markerast med nummerering av "familiernes antal" framfor husbonden. På dei ferdigtrykte registreringsskjemaet skulle kvar registrerast med "hvad enhver Person er i Familien" dvs. relasjonen til hovudpersonen.

Altså blir omgrepet hushald eller husstand **ikkje** brukt, men familie. Men av spesifikasjonen av familiemedlemmer, med tenestefolk og losjerande, ser vi etter definisjonen over at det samstavar med hushald og ikkje familie. Det er også verdt å leggje merke til at ein definerer medlemskap i ein familie (eig. hushald) etter kvar ein søv og oppheld seg, altså utan omsyn til kvar ein et. Felles måltid er ikkje del av hushaldsdefinisjonen i 1801.

Ordlyden i reskriptet til folketeljinga 30. April 1815¹⁴⁵ er mykje lik reskriptet av 28.11.1800. Ein person skal "Enhver regnes til det hus, hvori han sover" og for dei mellombels bortreiste skal som i 1801 "regnes hand til den Familie, fra hvilken han er bortreist". Sidan teljinga ikkje var nominativ, er det ikkje spesifisert noko meir presist omkring føring av familie eller hushald. Familie blir definert ved å peike ut husfedrar. Det blir sagt at for å lette teljearbeidet kan "Præsterne [...] fra Predikestolen at indkalde til at møde for sig paa fornævnte 30te April huusfædrene". Det er såleis presten i fellesskap med kyrkjelyden som slik sett definerer kven som kvalifiserer for å vere husbond og dermed kva som avgrensar familiane.

Det same gjeld dei kongelege resolusjonane i samband med teljingane 1825 og 1835, ordlyden endrar seg lite frå 1801-teljinga og det er omgrepet familie som blir nytta.¹⁴⁶

¹⁴⁴ 28 Novbr. 1800, Kongelig Rescript ang. en almindelig Folketælling. Fogtman:1802b, s. 804-815.

¹⁴⁵ 7 marts 1815, Kongelig Rescript ang. Folketælling i Vort Rige Norge. Vogt:1817, s. 219-221.

¹⁴⁶ 11 Octbr. 1825, Kongelig resolution ang. En almindelig Folketælling i Riget. Vogt og Ottesen:1827, 11te Octbr. 1825, Kongelig resolution ang. en almindelig Folketælling. Den Norske Rigtidende. Et offentlig Blad

Men ved teljinga i 1825 skjer det noko nytt. På sjølve teljeskjemaet ('Blanqvetter') skal "Huusholdningernes Antal" først i rubrikk 2, men i reskriptet og i sirkulæret som går ut til "samtlige tellingsbestyrere" er ikkje denne rubrikken eksplisitt nemnd. Rubrikken er indirekte nemnd to gonger, men då er det nytta omgrep som 'hus', 'bolig' og 'familie'. I sirkulæret under punkt b) står det:¹⁴⁷

Er der i Sognet noget Strandsiddersted, Fabrik, Bergværk, noget af de større Saugbruk, eller overalt noget saadant Sted hvor adskillige Familier i en eller aden hensigt maatte have taget deres Bopæl samlede, da anføres samme særskilt, med Oppgave af Boligernes Antal, umiddelbar efter Gaarden, paa hvis Grund det er beliggende.

Det er også mulig at ikkje særskild matrikulerte bruk, husmannsplassar, skal først med tall i denne rubrikken, for under punkt a) i sirkulæret blir det presisert at:

De huusmandspladse derimod, der tilhøre Gaardene, og ikke ere særskilt skyldlagte, anføres under eet med Gaardene, og behøve ei at navngives i listen, men kun deres Antal at angives.

Eg oppfattar dette som at talet på familiar, bopæl eller husmannsplassar skal først i rubrikken 'Huusholdninger' som på listene for landdistrikta står umiddelbart etter rubrikken "Gaardens eller Stedets Navn". Vidare under punkt d) står det at

Enhver Person regnes til det huus, eller til den Familie, i hvilket eller hos hvilket han har stadigt Ophold. Har nogen i Almindelighed Natteleie paa et Sted, men derimod sine Forretninger paa et andet, f. Ex. En Kontorist, Haandværker, Fabrikarbeider, Militair, eller deslige, da regnes han til det Huus eller Sted, hvor han har Natteleie, og ikke til det, hvor han har sine Forretninger.

Det kan altså sjå ut som om "Huusholdning" er eit samleomgrep for "familie", "Huus", "Bopel" og "Sted". Eller kan dette vere ei resultat av at sirkulæret og blankettane (teljeskjema) er forfatta av ulike personar i Departementet? I sirkulæret for 1825-teljinga er det også eit anna uttrykk for hushald, nemleg 'Disk og Dug'. Dette blir nytta for å skilje relativt faste losjerande frå dei som har temporært tilhald i eit sokn. Vidare under punkt d), jf. sitat over, står det:

Enhver blot temporair Nærværende, f. Ex. En Reisende, som haves i Logis, regnes derimod ikke med. Ingen anføres paa listen med mindre han i Sognet holder Dug og Disk, eller har der fast opphold.

Eg tolkar formuleringa "Dug og Disk" som synonymt med "Husholdning", og skal denne presisjonen gi meining må det tolkar eg det slik at losjerande/reisande skal først i det aktuelle soknet dersom han har relativt permanent opphald og han har eige hushald, altså som om teksten var "med mindre han selv i Sognet holder Dug og Disk". Formuleringa duk og disk er m.a. kjend frå Christian V's norske lov, kapittel 2 om værning, jf. artikkel 4 og artikkel 23.¹⁴⁸

af blandet Indhold:1825. 10 august 1835, Kongelig resolution at en almindelig Folketælling skal foretages den 29 Novbr. d. A. [1835]. Departements-tidende:1835, s. 631-633.

¹⁴⁷ 11te Octbr. 1825, Kongelig resolution ang. en almindelig Folketælling. Den Norske Rigstidende. Et offentlig Blad af blandet Indhold:1825, No. 85, mandag 24. oktober 1825.

¹⁴⁸ Prosjekt for nettbaserte hovedfagsstudier (PNH):u.å.
http://www.hf.uio.no/PNH/chr5web/chr5_01_02.html

Ved teljinga i 1845 skjer det ei endring og for første gong vert "Husholdning" nytta som særskild statistisk omgrep. På sjølve registreringsskjemaet skal "Husholdningernes Antal" oppførast for kvar gard eller stad. Og i dei publiserte tabellane er talet på hushald og gjennomsnittleg hushaldsstorleik fordelt på by/land og amt.¹⁴⁹ Er omgrepet 'husholdning' i 1845 også noko nytt i forhold til familieomgrepet i teljingane 1801 til 1835? Nei, eg meiner at tabellkontoret har oppfatta dette som synonymar. I innleiinga til dei publiserte tabellane for 1845 står det: "Folketellingslisterne indeholde fremdelses Oplysning om af hvor mange Familier eller huusholdinger Folkemængden bestaaer"¹⁵⁰ I den tilsvarande publikasjonen for 1855 har familie forsvunne som statistisk kategori, for her heiter det: "Folketellingslisterne indeholde fremdeles Oplysning om, i hvormange huusholdninger Folkemængden var fordelt."¹⁵¹ Altså kan vi rekne med at frå og med 1845 har "Husholdninger" erstatta "familie" slik vi finn det i teljingane 1801 til 1835. Kva har skjedd mellom 1835 og 1845? Eg vil peike på to forhold: I 1832 vert tabellkontoret oppretta og organisert under Departementet for det Indre¹⁵², men utan at tabellkontoret blir utvida på personalsida. Først i 1837 aukar talet på personale frå 2 til 9 i tillegg til fullmektigen. Og i 1843 blir tabellkontoret administrativt oppjustert med ein byråsjef som øvste leiar, og cand. jur. Harald Aars blei utnemnd som den første byråsjefen.¹⁵³ Den offentlege statistikk blir dermed heva både i status, fagleg og personellmessig i tida 1837 til 1843 Kanskje er det i denne organisatoriske og faglege styrkinga at også omgrepa og metodane blei fastare definert.

For perioden 1825-1855 står vi dermed overfor ein noko paradoksal situasjon: I sirkulæret som går ut til teljarane er ikkje hushald nytta, men i staden er 'familie' å oppfatte som hushald. Men på skjemaet, blanketten, teljinga skal først (ei line per matrikelbruk) skal ein føre opp "Husholdningernes Antal" per matrikelbruk. Dette gjeld for alle teljingane, 1825, 1835, 1845 og 1855. I resultatata frå teljingane 1825 og 1835 er det ikkje publiserte tabellar på grunnlag av hushaldsrubrikken. Det skjer først i 1845 og held fram i 1855.

I 1865, ved den første nominelle teljinga sidan 1801, er instruksane naturlegvis relativt fylgde i høve til teljingane 1815-1855. Kva med hushaldsogrepet? Relativt kort vert det sagt i sirkulæret til sokneprestane i landdistrikta at "og i 3die Rubrik et Ettal for hver særskilt Husholdning."¹⁵⁴ Sirkulæret til Magistratane er like knapt: "I den første Rubrik opskrives et Ettal for hver særskilt Husholdning".¹⁵⁵ Men omgrepet familie er på langt nær borte frå instruksene for under instruksene for utfylling av namnerubrikken heiter det:

¹⁴⁹ Departementet for det Indre og Det Kongelige Finants- Handels- og Told-Departement: 1847, *Statistiske Tabeller for Kongeriget Norge, Ottende Række*. s. IX.

¹⁵⁰ Departementet for det Indre og Det Kongelige Finants- Handels- og Told-Departement: 1847, *Statistiske Tabeller for Kongeriget Norge, Ottende Række*, punkt 7, s. VIII.

¹⁵¹ Departementet for det Indre: 1857, *Statistiske Tabeller for Kongeriget Norge, Sextende Række*, punkt 7.

¹⁵² Kongelig Resolusjon 26/10-1843.

¹⁵³ Statistisk sentralbyrå: 1976, s. 27-28

¹⁵⁴ NOS C No 1:1869, s. XXX. Indredepartets circulære af 12te Oktober 1865 til Sognepræsterne i Landdistrikterne (med Schema).

¹⁵⁵ NOS C No 1:1869, s. XXXIII. Indredepartets circulære af 12te Oktober 1865 til Sognepræsterne i Landdistrikterne (med Schema).

Enhver blot midlertidig Fraværende, som F. Ex. Farer tilsøs eller paa andre reiser enten inden-eller udenrigs, regnes til den Familie, fra hvilken han er bortreist.

Rubrikk 5 for landdistrikta og rubrikk 3 for byane har overskrifta "Enhvers stilling i Familien". I denne skal det først både "stilling i Familien" og "Næringsvei eller Stand". Altså blir "Familie" oppfatta som synonymt med "Husholdning", i alle fall når tabellkontoret vender seg til utanforståande. Det blir ikkje sagt noko meir detaljert om korleis ein skal skilje mellom "Husholdningar", kva som kvalifiserer for å vere ein "Husholdning". Men det er eit lite unntak og det gjeld "Tatere og Fantefølger", for slike grupper skal det "at istedetfor Husholdningernes Antal opgives Antallet af Fantefølger".¹⁵⁶

Det synest merkeleg at tabellkontoret ikkje har sett det som naudsynt å definere "Husholdning" nærare, men dette er ei medviten haldning for forståinga og registreringa av rubrikkane blitt kommentert av byråsjef A. N. Kiær i ettertid, som er nyttig for å forstå korleis hushaldsogrepet er blitt forstått: Kiær kommenterer utfyllinga av rubrikken "Husholdning" slik:

Begrepet Husholdning [...] er vistnok i de fleste tilfelde saa klart, at ingen nærmere Definition tiltrenges; men ikke ganske sjeldent opstaar dog Tvivl, og hertil kommer, at der af og til forekommer Extrahusholdninger, saasom militære Kaserner, Strafansaltaler, Hospitaler etc.¹⁵⁷

Så blir det nemnd ein del andre problem og særtilfelle: Først om vilkårsfolk:

Føderådsfolk med egne tjenere ere i Regelen blevne oppførte som udgjøre en særskild Husholdning, selv om de bo i samme Hus som deres Børn, hvem Føderaadet påhviler. Logerende enslige Personer ere blevne medregnede til vedkommende Husholdning, forsaavidt ikke Leieforholdet alene har havt det nøgne, tomme Værelse til Gjenstand. Forøvrigt har Bestemmelsen af, hvilke Personer der skulde regnes med eller ikke til de enkelte Husholdninger, været overladt til vedkommende Tællere (dvs. i Byerne Huseierne, i Landdistrikterne Skolelærerne)

Det er også verdt å merke seg at Kiær her skil mellom 'husstand' og 'husholdning', noko som ikkje er vanleg praksis i dag.¹⁵⁸ Kiær syner til at einskilde hushald på t.d. handelsstader i Nord-Norge kan bli store med 42 personar som medlemmer, men at desse "etter troværdige Vidnesbyrd skal udgjøre en eneste Husholdning (om end naturligvis ikke en Husstand)!"¹⁵⁹ Eg tolkar dette slik at Kiær med 'husstand' meiner ei konjugal familie, mor, far og barn eventuelt også slektningar.

Trass i desse spesialtilfella synest departementet at det ikkje er naudsynt å definere hushald meir spesifikt i 1865, men sirkulæret av 1865 skil seg frå dei fire føregåande (1825-1855) ved at "Husholdning" er nemnd både i sirkulæret og på teljeskjema og ikkje minst at forståinga av det er kommentert i ettertid.

¹⁵⁶ NOS C No 1:1869, s. XXXII. Indredepartets circulære af 12te Oktober 1865 til Sognepræsterne i Landdistrikterne (med Schema).

¹⁵⁷ NOS C No 1:1869, s. IV. Følgeskriv Til den kongelige norske Regjerings Departement for det Indre frå A.N. Kiær, Chef for det statistiske Kontor.

¹⁵⁸ Stoa og Sandberg: 1992, s. 74-79, jf. omtalen av husholdningsrubrikken i 1865 og 1875-teljingane.

¹⁵⁹ NOS C No 1:1869, s. IV.

Etter teljinga i Sverige i 1870 ser vi at A. N. Kiær vart klar over problemet med aukande tal losjerande. Særleg i dei store byane og spesielt i Stockholm og Uppsala synte teljinga i 1870 høg og aukande prosentdel einslege.¹⁶⁰ Dette kan vere ein av grunnane til at skjemaet for teljinga i 1875 er forholdet mellom losjerande og hushaldsstatus spesifisert. I første rubrikk står det i overskrifta:

Husholdninger. (Her skrives et Ettal for hver særskilt Husholding; ligeledes et Ettal for hver enslig Person. Logerende, der spise Middag ved Familiens Bord, regnes ikke som enslige.¹⁶¹

Det er mogeleg at A. N. Kiær har prøvd å internasjonalisere den norske hushaldsdefinisjonen for å vere betre i stand til å gjere samanlikningar med andre land i Europa.¹⁶² Denne spesifikasjonen av losjerande som et middag ved hovudfamilien tilsvarar den engelske definisjonen av 'Lodger' og 'Boarder', der 'Boarder' er ein 'Lodger' som et måltida saman med hovudfamilien.

Først i *Bidrag til en norsk Befolkningsstatistikk* (1882) har Statistisk sentralbyrå blitt klar over den vage definisjonen av "Husholdning" og ein diskuterer dei avgrensingane ein har gjort i 1875-teljningane. Her blir familie, husholdning og hus sett i samband med kvarandre på denne måten:

Familien og den paa samme byggede Husholdning er nemlig den mindste sociale Enhed, den enkleste og tillige inderligste Form for det sociale Samliv; derefter følger som det andet Trin Huset, der forøvrigt i mange Tilfælde faktisk falder sammen med Husholdningen.¹⁶³

Deretter kjem ein nokså tidstypisk og svulstig skildring av familien og institusjonar og grupper som byggjer på familien: "Byer, Strandsteder, Sæder og Skikke og Folk [...] Da familien danner det første led i den sociale organisme og Grundlaget for det hele".¹⁶⁴ Så kjem Kiær inn på problemet med at det er "forskjellig Opfatning af, hvad der skal forstaaes ved en Husholdning". Dette gjeld særleg losjerande. Kiær meiner at før 1875:

har man i Regelen regnet Logerende med til den Families Husholdning, med hvilke de boede sammen, idet de da kun betragtes som enslige Personer, naar de ene og alene havde leiet selve Værelset. I 1875 ere de derimod kun da blevne regnede sammen med til Famliehusholdningen, naar de spise Middag ved Familiens Bord.¹⁶⁵

Kiær meiner dette er ein grunn til den fallande hushaldsstorleiken i 1875 og det kan vi nok vere samde med han om, men om dette forklarar heile fallet, provar han eigentleg ikkje. Uansett har det skjedd ein vidare spesifikasjon av hushaldsombegrepet, før 1875 har det i hovudsak dreia seg om opphald, der ein søv og oppheld seg relativt permanent. Medan det frå 1875 er ikkje eit hushald berre definert på basis av kvar ein søv, men i kva grad ein et hovudmåltidet (middag) saman. Losjerande som et middag saman med

¹⁶⁰ NOS II C No. 1:1882, s. 32-35.

¹⁶¹ Teljeskjema for 1875-teljinga er reproduisert i NOS II C No. 1:1882, s. 248-249.

¹⁶² Arbeidet med ein felles internasjonal definisjon av familie og hushald tok til før 1860, jf. SOS Ny följd. XXI. 2.:1873, s. xv.

¹⁶³ NOS II C No. 1:1882, s. 23.

¹⁶⁴ NOS II C No. 1:1882, s. 23.

¹⁶⁵ NOS II C No. 1:1882, s. 32.

hovudfamilien, blir rekna til dette hushaldet, losjerande som et middag separat blir rekna som eigne hushald.

Det er og verd å merkje seg at sjølv om ein alt frå 1875, og særleg frå 1891, skil mellom familie og hushald, blir likevel medlemskap til eit hushald definert som "Familiestilling". Frå 1891 skil ein mellom tre typar hushald, "Extrahusholdninger", dvs. institusjonelle hushald, familiehushald der også to søsken som bur saman blir rekna som familiehushald, sjølv om dette ikkje er ei konjugal eining.¹⁶⁶ Den tredje typa er "Logerende og andre enslige personer", dvs. om to eller fleire logerande bur saman er dei ikkje eit familiehushald. Altså skil ein her mellom 'familie' - i tydinga konjugal eining (med tillegg av sambuande søsken) og 'hushald' som er definert utifrå opphald og kvar ein et hovudmåltidet (middag). Likevel er medlemsskapet til hushaldet definert frå 'Stilling i Familien'. På teljeskjemaet for 1900 er slike familiestillingar rekna opp: "Husfar, Husmor, Søn, Datter, Tjenestetyende, Logerende hørende til Familien, enslig Logerende, Besøgende osv."¹⁶⁷ Tre av desse – "Tjenestetyende, Logerende og Besøgende" er ikkje familiestillingar, men hushaldsstillingar, etter definisjonen av hushald meir eller mindre eksplisitt gjeve i instruksen til teljinga og slik omgrepa familie/hushald er nytta i dei publiserte rapportane. Dette syner at sjølv om ein definisjonsmessig har skild mellom familie og hushald, har ein ikkje i praksis konsekvent gjennomført ein slik distinksjon.

I 1900-teljinga er hushald og familie definert slik:

Efter de til Familiehusholdningen hørende personer anføres de enslig logerende, ved hvilke der sættes et Kryds (X) for at betegne, at de ikke hører til Familiehusholdningen. Logerende, der spiser middag ved familiens bord, medregnes til Husholdningen; andre logerende regnes derimot som enslige. Hvis to søskende eller andre fører fælles husholdning, ansees de som en Familiehusholdning.¹⁶⁸

Det er to hakar ved denne presiseringa: I utgangspunktet er familie det vi vil kalle ei konjugal eining, eit gift par, mor-far-barn, og ein-forelder-barn. Dette familieomgrepet er så utvida med "to søskende eller andre". Det er rimeleg å tru at "eller andre" her viser til andre typar slektningar, t.d. ein besteforelder og eit barnebarn. Dette er det eine usikre momentet i definisjonen. Det andre gjeld losjerande: Kva om to eller fleire losjerande er i slekt, skal dei reknast som familiehushald, eller som losjerande? Eg vil tru at ei losjerande familie har blitt rekna som eit familiehushald, og dette kan kontrollerast ved telje opp ei kommune med losjerande familiar og samanlikne resultatet mot dei publiserte tabellane. Dette er ikkje gjort.

Denne gjennomgangen av hushaldsombegrepet syner, trass i visse endringar og utdjupingar, at meiningsinnhaldet er stabilt over tid.¹⁶⁹ "Familie" i 1801 er synonymt med "Husholdning" i 1900. Det er rimeleg å tru at oppfatninga av desse omgrepa i Tabellkontoret, Det Statistiske kontor og i Statistisk Sentralbyrå avspeglar også den vanlege oppfatninga av omgrepa. Det er også grunn til å tru at Tabellkontoret, Det statistiske kontor og Byrået gjennom dei ti-årlege folketeljningane og hushaldsdefinisjonane

¹⁶⁶ NOS III No 284:1898, s. 145 og s. 151. NOS III No 229:1895. Tabellane 9-12, s. 66-105.

¹⁶⁷ Eksempel på teljeskjema, sjå t.d. SSB si vev-utstilling, <http://www.ssb.no/fob2001/utstilling/index.html>

¹⁶⁸ NOS V No 4:1906, *Hovedoversigt*, s. 186.

¹⁶⁹ Dyrvik: 1983, s. 185. Dyrvik konkluderer sameleis, men utan grunngjeving.

på teljeskjemaet har forma vanlege folk sitt oppfatning av kva som var eit hushald og ein familie. Problemet oppstod naturlegvis når ein som teljar skulle omsetje meiningsinnhaldet i praksis, når ein skulle registrere personane og skilje og fordele dei i hushald. Og dess **færre** teljarar, dess større utslag vil ei bestemt oppfatning av familieforhold, slektskap og hushald kunne innverknad resultatet ved at teljaren tilpassar røyndomen til sitt eige mentale kart eller familie- og hushaldsombegrep. Dette problemet er størst med 1801-teljinga sidan denne teljinga har færrest teljarar. I byane var 1865-teljinga sjølvteljing, og på landsbygda var gjennomføring av teljinga flytta frå prestegjeldsnivå til skulekretsar. 1900-teljinga var ei sjølvteljing både i byane og på landsbygda. Denne utvidinga av mengda teljarar aukar sannsynet for at teljingane er gode representasjonar av røyndomen. Denne utvidinga av teljekorpset gjennom 1800-talet styrkjer grunnlaget for å nytte folketeljingar til å studere livsløp og hushald. Stabiliteten i familie- og hushaldsombegrepet gjer det same.

3.3 Særskild viktige kjeldedata

Tre felt i teljelistene treng særleg merksemd: 1) Feltet og marking av avgrensing av hushald. 2) Alder og 3) Familiestilling. På det operasjonelle planet definerer det første hushaldet, dei to andre felte livsløpet. Men først må det avklarast kven som skal vere med, sidan 1900 teljinga talde både den faktiske befolkninga og den ideelle befolkninga. Dei to tidlegare talde berre den ideelle – befolkninga ”de jure”.

3.3.1 1900: Kven skal vere med?

I løpet av 1800-talet skjedde det fleire endringar i måten å gjennomføre folketeljingar på. Analyse av hushaldsstruktur er avhengig av korleis hushald vart definert og korleis varierende definisjonar vart oppfatta. Derfor er det avgjerande for analysen at eventuelle endringar i føreskriftene blir kontrollerte og korrigererte for, nettopp for å sikre oss mot at observerte skilnader i hovudsak kan tilskrivas skilnader i teljeteknikk og definisjonar.

Frå og med folketeljinga 1875 opererte Norges offisielle statistikk med ”tilstedeværende” og ”hjemmehørende” befolkning. Dette var nytt og dermed skiljer 1801 og 1865-teljinga seg frå 1900-teljinga. Det er difor naudsynt å avklare kven som skal vere med i analysen av hushald i 1900 – dei ”tilstedeværende” eller ”hjemmehørende”? Ein av grunnane til å skilje mellom befolkninga ”de facto” og ”de jure” var at Statistisk Sentralbyrå prøve å løyse problemet med at ein del personar på folketeljingstidspunktet ikkje oppheld seg der dei vanlegvis budde. I 1900 vart tidspunktet også lagt til 3. desember og ikkje 31. desember slik som var hadde vore vanleg for at skuleungdommar skulle teljast der dei oppheld seg til vanleg. Problema med å telje den mobile delen av befolkninga på rett stad vart løyst ved å innføre teljing av personar som var ”midlertidig tilstede” og personar som var ”fraværende” på teljetidspunktet. Og slik kunne ein i statistisk samanheng operere med ”hjemmehørende” og ”tilstedeværende” befolkning. Denne teljepraksisen fører naturlegvis til at personar som ikkje var heime på teljetidspunktet blir tald opp to gonger, både der dei er til vanleg, og då som ”fraværende” og der dei oppheld seg som ”midlertidig tilstede”. Med å innføre teljerubrikk for ”bosatt”, med verdiane ”B=bosatt”, ”F=fraværende” og ”MT=midlertidig tilstede” ville ein sørgje for ei kontrollert dobbelregistrering. I 1801 og 1865 blei dobbelregistrering prøvd unngått ved at personar som var kortvarig fraværende

eller mellombels tilstades (til sjøs, eller fråverande i samband med arbeid eller forretningar) skulle registrerast på heimstaden, medan dei som var langvarig fråverande, t.d. innlagde på institusjonar skulle registrerast på opphaldsstaden og ikkje heimstaden. Naturlegvis kunne dette føre til tvil og både dobbelregistrering og mangelfull registrering har truleg funne stad. Teljingane i 1801 og 1865 prøvde å registrere det som i 1900 svarte til den heimehøyrende befolkning.

Frå teljingane i 1801 og 1865 er det ikkje råd å ha noko korrekt oppfatning av den tilstadeverande befolkning. Ei samanlikning av hushaldsstruktur må derfor bruke den heimehøyrende befolkning som grunnlag.

3.3.2 Losjerande og hushald i 1900

Ovanfor har vi sett på korleis definisjonen av eit hushald blir meir og meir presist definert gjennom hundreåret. Kva definerer eit hushald i 1900-teljinga? Spørsmålet kan virke lite naudsynt, men det er eit problem, og problemet er dei einsleg losjerande. Etter føreskriftene skulle "Enslig logerende" som ikkje tilhørde familiehusholdningen merkast med eit kryss (x), medan losjerande som "spiser Middag ved Familiens bord"¹⁷⁰ skulle "medregnes til husholdningen". Denne distinksjonen blei prøvd gjennomført med forslag til termar for familiestilling som "FL=Familielogerende" og "EL=Enslig logerende". Men her har det nok oppstått ulik praksis, i ei og same teljing, vil ein finne "Enslig logerende" som er ført som del av eit hushald og "Enslig logerende" som er ført som eigne hovudpersonar i eigne hushald. I behandlinga av teljinga har dette ført til hovudbry, og løysinga ser ut til å ha vore å konsekvent føre alle "EL - enslig logerende" som eige hushald, sjølv om markeringa (x) mangla. Grunnlaget for å hevde dette er følgjande samanlikning av prosentdelen einslege hovudpersonar i den digitale versjonen av folketeljinga 1900. I kjeldegrunnlaget for denne avhandlinga som omfattar 99% målt ved den heimehøyrende befolkninga utgjer einpersonshushalda totalt 11.0% av alle private hushald. I den offisielle statistikken utgjer einpersonshushalda 16.2% av alle private hushald, jf. tabell 4-5 nedanfor. Dersom ein i den digitale versjonen legg til alle personar registrerte som einsleg losjerande, men som ikkje er markert som hovudpersonar i eige hushald får ein 17.1% einpersonshushald. Avviket på 0.9% mellom dei offisielle tala og dette utrekinga kan skuldast fleire forhold, m.a. at den digitale versjonen ikkje er komplett. Skilnaden er likevel så liten (0.9%) at det er sær sannsynleg at Statistisk sentralbyrå har oppretta hushald for alle einsleg losjerande. Eg har ikkje funne dette dokumentert i NOS-publikasjonane, men talmaterialet skulle åleine vere godt nok argument for at dette har vore gjort.

Spørsmålet blir då om dette er ei rimeleg tolking av kva teljarane har gjort. Teljarane kan ha gjort to feil: 1) Ført opp EL, enslig losjerande, der ein har meint FL familielosjerande. 2) Utelete markering av eige hushald for einsleg losjerande. Statistisk sentralbyrå har tydeleg meint at årsak to var meir vanleg enn ein. Grunnlaget for denne praksisen er usikker, men dei kan ha hatt ein utanforståande grunn. Dersom ein vurderte at grunnen var 1) ville ein også innrømme at teljeføreskriftene var mangelfulle og fleirtydige. Og føreskriftene er **ikkje** eintydige. På skjemaet som skulle fyllast ut under rubrikken

¹⁷⁰ NOS V No 4:1906, s. 186.

”Stilling i familien” står det som eksempel: ”Husfar, Husmor, Søn, Datter, Logerende hørende til Familien, enslig Logerende, Besøgende o.s.v.”. I føreskriftene er det spesifisert at: ’Efter de til familiehusholdningen hørende personer anføres de enslig Logerende, ved hvilke der settes et Kryds (X) for at betegne, at de ikke hører til Familiehusholdningen. Logerende, der spiser Middag ved Familiens Bord, medregnes til Husholdningen; andre Logerende regnes derimod som enslige”¹⁷¹. Etter denne formuleringa er det både legitimt og rimeleg å føre ein person som einsleg losjerande både i eige hushald og som del av familiehushald. Berre dei teljarane som har lest både skjema og føreskriftene ville vite at EL skulle markerast med eit 'X'. Spørsmålet blir då om ein skal stole på markeringa av hushald ('='1' og 'X'), eller om ein skal stole på om termen EL og FL er nytta etter føreskriftene. Ut frå formuleringane i føreskriftene og på teljeskjema vel eg heller å stole på markeringa av hushald (kryss/strek) ved personen enn termene EL eller FL i feltet for familiestilling. Grunnen er at det ikkje er presisert at termen FL skal nyttast for familielosjerande - det er implisitt om ein tolkar føreskriftene velviljug. Det andre argumentet for å stole på markeringa av hushald og ikkje termen EL for familiestilling som tilleggskriterium er at dette gjer 1900-teljinga kan samanliknast med 1801- og 1865-teljingane. I desse er det berre eit kriterium for avgrensing av hushald, markering av starten på hushald ved hjelp av nummerering, strek/kryss og klammer.

Men det er også mogeleg å måle samanhengen mellom talet på einpersonhushald og delen einslege losjerande som ikkje er ført som hovudpersonar med korrelasjonskoeffisienten persons R. Dersom delen einsleg losjerande i hushald (EL) er høg i prestegjeld med lågt tal einperson hushald indikerer dette at årsaka til EL i hushald skuldast manglande registrering av kryss. Og motsett, dersom det ikkje synest å vere ein slik samheng kan det indikere at EL utan kryss i praksis tyder det som i føreskriftene er tenkt med familielosjerande (FL). Eg vel å måle denne samanhengen mellom a) prosent einpersonhushald i høve til alle hushald og b) prosent einsleg losjerande (ikkje hovudpersonar) i høve til heimehøyrande befolkning. Korrelasjonen mellom desse to variablane målt i 505 kommunar er -0.26, altså ein særsvak negativ samheng. Denne svake samanhengen indikerer at til ein viss grad (6.7% av variansen) skuldast ein høg del einsleg losjerande som ikkje er ført som hovudpersonar i eige hushald ('X') - manglande føring av 'X'. Det kan også indikere at manglande registrering av 'X' i dataversjonen, men dette kan vi ikkje kontrollere utan å samanlikne originallistene med datautskriftar i herad der delen EL utan 'X' er høg. Dermed vil eg konkludere med at samanhengen (-0.26) er for svak til at vi kan gjere alle EL om til hovudpersonar slik Statistisk Sentralbyrå har gjort. Dvs. eg stolar at teljarane har dokumentert eit verkeleg tilhøve, nokre gonger tilhøyrrer den einsleg losjerande eit hushald, andre gonger er den einsleg losjerande einsleg, dvs. han 'spiser ikke ved familiens bord'.

Ein annan kontroll for å klargjere kva for realitetar som ligg bak høg prosentdel einslege hovudpersonar er å sjekke føringspraksis i kommunar med høg prosentdel. Det er 8 kommunar med meir enn 5% einsleg losjerande som ikkje er hovudpersonar i høve til heimehøyrande befolkning: Lillehammer (5.13%), Mosjøen (5.50%), Trondheim (5.97%), Aurland (7.03%), Helleland (7.71%), Heskestad (7.76%), Lund (7.90%) og Bruvik

¹⁷¹ NOS V No 4:1906, s. 186. Hovedoversigt

(8.99%). Mest mistenkjeleg for konsekvent manglande registrering verkar dei tre nabokommunane i Stavanger Amt, Helleland, Heskestad og Lund. Eg vel å sjå nærare på ein by og ein landkommune og valet blir Mosjøen og Heskestad. I Mosjøen er berre 6 av 85 EL ført som hovudpersonar, og det er ikkje ført opp kryss ('X') ved nokon i det heile. Samtidig er delen FL (Familielosjerande) låg, berre 33 personar av 1463 innbyggjarar, eller 2,2%. Samanliknar ein yrket til FL og EL er det relativt fleire skuleelevar mellom FL, men det finst både yrkesaktive og fattigunderstøtta mellom FL og EL. Ein ville tru at fattigunderstøtta, skuleelevar og andre ikkje-yrkesaktive var i klart fleirtal mellom FL, samtidig som EL i all hovudsak var yrkesaktive. Men noko klart eintydig inntrykk av konsekvent manglande registrering av EL som hovudpersonar er vanskeleg å sjå sidan det faktisk er registrert EL som hovudpersonar (rett nok få) og gruppa EL inneheld ei variert gruppe personar – både yrkesaktive og ikkje-yrkesaktive.

I Heskestad i Stavanger Amt er dei fleste 'EL' jernbanearbeidarar. Gjerne er 4-5 jernbanearbeidarar innhyst hos ein og same familie. Ein rask sjekk av EL i Lund og Helleland syner at også desse er jernbanearbeidarar. Føringspraksisen varierer noko: Det er eksempel på at ingen av jernbanearbeidarane er ført som hovudpersonar, i nokre tilfelle er første EL i ei gruppe på fleire jernbanearbeidarar ført som hovudpersonar og der jernbanearbeidaren er med familie kan alle familiemedlemmane vere ført som EL, men berre husfaderen er ført som hovudperson. Det er også tilfelle der alle EL hos ein familie er ført som hovudpersonar. Igjen tyder dette på at avmerking/ikkje avmerking av EL som hovudpersonar faktisk syner eit reelt forhold både internt i gruppa av losjerande og/eller i høve til hovudhushaldet.

Stord kommune i Hordaland er eksempel på ein kommune som har ein høg prosentdel einpersonhushald, men der ein stor del av dei einsleg losjerande er ført med '1', dvs. som hovudpersonar. Men også her manglar konsekvens, også på Stord er det ført einsleg losjerande utan '1' eller 'X', altså som hushaldsmedlemmar. Dei fleste av dei einsleg losjerande på Stord er elevar ved lærarskulen ("Elev af Stord seminar"). Etter føreskriftene skulle dei først på skulestaden som 'bosatt', og som 'midlertidig tilstede' om dei er heime på besøk eller ferie hos foreldra¹⁷²

Kva blir konsekvensen av dette? For det første er hushalda i 1900-teljinga baserte på den heimehøyrande befolkning, dvs. personar som er mellombels tilstades blir ekskludert, medan fråverande inkludert. For det andre blir berre markering av hushald i form av kryss eller strek (1-tal eller 'x' i den digitale versjonen) nytta som kriterium for start på nytt eller eige hushald. Eit viktig moment som dermed må forfølgjast er kva konsekvensar dette får for hushaldsstorleik og prosentdelen einpersonhushald.

3.3.3 Alder

I livsløpsanalyse er naturlegvis alder ein sentral analysevariabel. I daglegtalet i samband med konkrete livsløp brukar vi både biologisk alder og sosial alder. Døme: "Anne vart gift berre 19 år gamal. Det var naturlegvis alt for tidleg." – 19 år biologisk var sosialt,

¹⁷² NOS V No 4:1906, Hovedoversigt 1900, s. 193. "Tjenere regnes som bosatte på det Sted, hvor de er i Tjeneste; Studenter, Skuleelever o.l. der, hvor det opholder sig for sin Uddanneles Skyld; er de altsaa på Tællingstiden hjemme i Besøg, opføres de der som midlertidig tilstedeværende".

normativt for ungt. I folketeljninga finn vi den biologiske (fysiske) alderen, men i livsløpsanalysen kan ein ofte vere på jakt etter den sosiale alderen for ei livsløpshending: Ved kva alder er det ”normalt” å gifte seg, kva er tidleg og kva er seint? Måten alder er oppgjeven på varierer i kjeldene, og derfor er det viktig med ein kjeldekritisk gjennomgang av alder.

Tabell 3-1 Avrunding av alder, 1801, 1865 og 1900

Alder endar på	Oppgjeven alder 10-29			Oppgjeven alder 40-89		
	1801	1865	1900	1801	1865	1900
1	10.4 %	10.9 %	10.7 %	9.0 %	10.4 %	10.4 %
2	10.9 %	10.7 %	10.6 %	10.4 %	10.0 %	10.8 %
3	9.8 %	10.6 %	10.6 %	8.6 %	10.1 %	10.2 %
4	10.7 %	10.1 %	10.3 %	9.5 %	10.5 %	10.1 %
5	9.9 %	9.9 %	10.1 %	8.5 %	10.1 %	10.3 %
6	10.3 %	9.4 %	9.8 %	10.4 %	10.1 %	10.0 %
7	8.3 %	9.1 %	9.2 %	7.5 %	7.9 %	9.0 %
8	9.1 %	9.1 %	9.1 %	9.1 %	8.5 %	8.8 %
9	7.9 %	8.8 %	8.6 %	6.2 %	7.2 %	7.7 %
0	12.6 %	11.2 %	10.9 %	20.9 %	15.3 %	12.7 %
Tal (N)	295595	627011	798994	265741	483105	622070

Kjelde: AGG1801, AGG1865 og AGG1900

I teljingane fram til og med 1865 skulle alderen oppgjevast som ”løbende aldersaar” – alder ved førstkommande fødselsdag. Denne praksisen fører til at i gjennomsnitt vert befolkninga eit halvt år eldre enn den faktiske alderen. I 1900 skulle born under tre år oppgjevast med fødselsdato, personar eldre enn tre år med fødselsår. For personar med berre oppgjeve fødselsår vil ein ved å trekkje fødselsåret frå 1900 få ein gjennomsnitt alder som er eit halvt år mindre enn den faktiske i gjennomsnitt, men ved å trekkje fødselsår frå 1901 er resultatet ein tilsvarande alder som for teljingane i 1801 og 1865. Eg har likevel valt å bruke tøljetidspunktet 3.12.1900 som utgangspunkt for alder, for elles ville få eller ingen bli 3 år, om ein rekna presis alder for dei med oppgjeven fødselsdato. Derfor har eg måtte ta omsyn til dette ved utrekning av gjennomsnitt aldrer for populasjonar, ved å trekkje eit halvt år frå oppgjeven alder i 1801 og 1865, og leggje til eit halvt år for utrekna alder i 1900. Men berre dersom den oppgjevne alderen i teljingane i 1801 og 1865 normalt er ”løbende aldersaar” skal det trekkjast frå eit halvt år. Dette er ikkje uproblematisk for den oppgjevne alderen kan vere faktisk alder, så kor nøyaktig var oppgjeving av alder? Og er den lik ”løbende aldersaar” eller faktisk alder? Desse spørsmåla er granska av Lisbeth Higley for Ullensaker prestegjeld for 1801-teljninga og den oppgjevne alderen sprikar i høve til den faktiske alderen. Den faktiske alderen fann Higley ved jamføring med dåpslistene. Higley konkluderer med at ”de fleste under 20 år har korrekt alder, at avvikene for aldersgruppen 20-29 år ikke er store og at det for de med høyere alder enn 40 år, oftere var gal enn riktig alder som ble oppgitt”¹⁷³ I denne avhandlinga er det nettopp aldersgruppene under 30 år som dannar hovuddelen av

¹⁷³ Higley: 1976, s. 19.

analyse materialet, slik at om resultatane frå Ullensaker gjeld generelt kan ein vere trygg på aldersoppgjevinga.

Tabell 3-1 syner fordeling av alder etter kva siffer alderen er fordelt for alle aldrar mellom 10-29 år i 1801, 1865 og 1900 og 40-89 år ved dei same teljingane. Ved ein reint tilfeldig fordeling skulle alle siffer vere likeleg fordelt med 10% på kvart siffer. Men i den verkelege fordelinga vere avhengig av mortaliteten. I kvar tiårsgruppe vil det færre ni-åringar enn eitt-åringar, og færre 89-åringar enn 81-åringar. Sidan aldersoppgåvene tek til med eitt år bør mortaliteten føre til at det er flest personar med ein alder som endar på ein og færrest med ein alder som endar på null. Slik er det berre delvis: I 1801 er aldrar som endar på 0 og partal overrepresentert. I 1801 er det for aldersgruppa 10-29 år 12.6% som endar på 0 (10 og 20) og berre 7.9% som endar på 9 (19 og 29 år). Dette dannar ekstremverdiane. Dette må skuldast avrunding til heile tiår og partal, truleg har både dei som skulle ha oppgjeve 29 år og 31 år gjeve opp 30 år som alder. I 1865 er skilnadane mellom sifra langt mindre, og aldrar som endar på 0 er overrepresentert (11.2%), og framleis var oddetala underrepresentert. I 1900 er aldrar som endar på 0 svakt overrepresentert (10.9%), og sidan sifferet 9 er underrepresentert tyder dette på avrunding av fødselsår til heile tiår (1880, 1870, 1860 osv.).

Dei tre siste kolonnane i tabell 3-1- syner tilsvarende fordeling for aldersgruppa 40-89 år. Generelt er fordelinga langt meir skeiv, 20.9% endar på 0 i 1801, 15.3% i 1865 og 12.7% i 1900. Og det er særleg aldrar som endar på 7, 8 og særleg 9 som er underrepresenterte. Ved å jamføre fordelinga mellom 10-29 år med 40-89 i 1801 er det grunnlag for å generalisere funna til Lisbeth Higley for 1801. Aldrar under 30 år synest vere rimeleg korrekte og aldrar over 40 år er langt oftare feil. I 1865 er skilnadane mindre og særleg for aldersgruppa 10-29 år, og i 1900 er differansane mellom sluttsiffer endå mindre.

Fordelinga av alder syner at avrunding er eit lite problem i dei mest aktuelle aldersgruppene (15-30 år) for undersøkinga i denne avhandlinga, og at alders eller fødselsåravrunding er eit lite problem i 1865 og 1900-teljingane.

3.3.4 Familiestilling

Feltet familiestilling er sentralt av to grunnar: a) Feltet er nytta til å skilje ut kven som bur heime hos foreldra (opphavsfamilien) og kven som har flytta bort frå opphavsfamilien. b) Og for å analysere hushaldssamansetning og livsløpsfasar ved kategorisering i hovudkategoriar som barn, i teneste, hovudperson, make, losjerande, slekt, andre. Teljematerialet for 1801-teljinga er alt koda i 25 hovudkodar for familiestilling, jf. tabell A-1 i tillegg A. I handsaminga av det koda materialet er familiestilling kategorisert for analyse av hushaldssamansetning, hushaldskategorisering etter Hammet-Laslett¹⁷⁴ og kategoriar for livsløpsanalyse, jf. tabell A-1 i tillegg A. Kategoriseringa på basis av 1801-kodane er utført av programdelen BHUSHALD i programmet PGEN1801, jf. programdokumentasjon i tillegg C.

Dei to andre teljingane, 1865 og 1900, er ikkje koda, slik at det har vore naudsynt å kode materialet. For 1865-skjemaet er rubrikk 3 (by) og rubrikk 5 (land), "Hvad Enhver er

¹⁷⁴ Laslett og Wall: 1972, s. 28-34. Dyrvik: 1983, s. 186-193.

i Familien, saasom Husfader, Kone, Søn, Datter, Forældre, Tjenestetyende eller Logerende, samt Enhvers Stand eller Næringsvei” grunnlaget for feltet familiestilling i datafilene. Feltet inneheld semantisk sett to ulike opplysningar, stilling i familie og yrke (Næringsveg). I følge HISTFORM skal innhaldet delast i to felt ved registrering ved at opplysningar blir delt på ”Stilling i familien” og ”Stand eller næringsvei” (yrke).¹⁷⁵ For dei aller fleste teljingane synest dette vere gjort, men det skapar to problem. I dei tilfella feltet inneheld berre ein term som karakteriserer både familiestilling og yrke, t.d. Tjenestedreng er rubrikkinnhaldet registrert i feltet for yrke. Dette er løyst ved at i dei tilfella feltet familiestilling har nullverdi så er innhaldet i feltet yrke nytta. I dei tilfella feltet inneheld både familiestilling og yrke er feltinnhaldet blitt trunkert på ordnivå attanfrå for å identifisere familiestilling. For skjemaet til 1900-teljinga er rubrikk 7 (by) ”**Stilling i Familien** (Husfader, Husmoder, Søn, Datter, Tjenestetyende, Logerende Tilhørende til Familien, enslig Logerende, Besøgende, o.s.v.) Hf, Hsm., S., D., Tj., FL., EL., B.” I stor utstrekning har forkortingane vore nytta ved føring av teljinga, noko som gjer kodearbeidet enklare.

Ved å ordne termene i felta for familiestilling etter fallande frekvens, kan store delar av materialet kodast ved relativt liten arbeidsinnsats. Kodinga er gjort automatisk av programmet PREADTEK, jf. Tillegg C. Sjølv med berre kring dei 1500 mest frekvente termene og bruk av trunkeringsrutinga kan kring 96% av personane kodast. Dersom feltet for familiestilling er blank (nullverdi) er feltet yrke nytta i staden for å finne hushaldsstilling.

3.3.5 Val av kodebok for familiestilling

Det finst to klassifikasjonssystem for familiestilling for bruk til folketeljingar i Norge. I samband med 1801-teljinga vart det laga eit klassifikasjonssystem med 23 grupper for private hushald (kode 1-23) og 13 kodar for institusjonshushald (25-37).¹⁷⁶ Eg vel å kalle kodane for eit klassifikasjonsskjema og ikkje ei kodebok fordi ein opererer med grupper som ’Verborn’, ’Fosterborn, 15 år og under’, ’Søsken av mannleg overhovud’. Kodane skil ikkje mellom kjønn og heller ikkje mellom ’Adopterte barn’ og ’Fosterbarn’. Ei kodebok er kjenneteikna ved at kvar kode representerer ein term som semantisk sett er atomisk. Til dømes er ikkje ’Verborn’ semantisk sett atomisk då den både kan omfatte ’Svigerdotter’ og ’Svigeron’. Klassifikasjonssystemet som RHD (Registreringssentralen for Historiske Data) nyttar, byggjer på 1801-skjemaet, men der ein har slått saman kodar, t.d. skil 1801 systemet mellom foreldre til hovudperson og foreldre til make. Dette gjer ikkje RHD-varianten. RHD-systemet er såleis i mindre grad eit kodesystem enn 1801-systemet.¹⁷⁷ Ei kodesystem for familiestilling som skal analysere slektsamband bør såleis representere tre forhold: Generasjon, slekt ved blod eller gifte, kjønn. Korkje 1801-systemet eller RHD-systemet gjer dette på ein tilfredstillande måte. Eg har difor valt å ta i bruk same

¹⁷⁵ Nygaard og Registreringssentral for historiske data: 1995. Også tilgjengeleg elektronisk: Registreringssentral for historiske data: 1995a, <http://www.rhd.uit.no/histform/histform.html>

¹⁷⁶ Kategoriane er attgjevne i tillegg A, tabell A-1.

¹⁷⁷ Om skilnaden mellom ”koding” og ”klassifikasjon” sjå Schürer: 1990 og Harvey og Press: 1996, s. 222-234. Samansette kodar (ikkje-atomiske) er ein arv frå ”punched card”-teknologien med avgrensa tal kolonner/verdiar pr. post og bør unngåast.

kodeskjemaet for familiestilling som blir nytta av 1881-prosjektet ved University of Essex, Colchester, Storbritannia.¹⁷⁸ Dette kodeskjemaet er ei utvikling av kodeskjemaet nytta av Michael Andersons studiar av den engelske 1851-teljinga¹⁷⁹ og det som seinare har blitt nytta av Cambridge-gruppa. Professor Kevin Schürer har stått for utviklinga av skjemaet i samband med 1881-prosjektet ved HDS ved University of Essex.

Tabell 3-2 Slechtsrelasjonar fordelt etter blodsband, giftarmål og generasjonar.

Gene- rasjon	1	0	0	1	2	3	4
4			Tipp- olde- foreldre				4- menning
3			Olde- foreldre	Grand- onkel Grand- Tante		3- menning	
2	Filletante		Bestefar, Bestemor	Onkel Tante	Sysken- barn, fetter, kusine		
1	Svigerinne, Svoger	Svigerfar, Svigermor	Far, mor	Bror, Søster	Nevø, Niese	Grand- nevø/nie- se	
0		Make	Ego	Son, dotter	Barnebarn : Soneson, dotter- dotter	Barne- barns barn	

Tabell 3-2 syner dei semantisk atomiske einingane som eit kodeskjema for familiestilling (slekt) må representere for å kunne nytte datamaterialet til automatisk typologisering og kategorisering. Slechtsrelasjonane tek utgangspunkt i ein person (Ego), t.d. ein hovudperson i ei folketeljing. Loddrett (90°) syner vertikale slechtsrelasjonar oppover, nedst ego, så foreldre, deretter besteforeldre osv. Vassrett (0°) syner generasjonar nedover, Ego, barn, barnebarn osv. Dermed vert horisontale slekterelasjonar representert langs skråstilte aksar (45° og 135°). Venstre del av figuren syner slektsgenerasjonar gjennom giftarmål, make, svigerforeldre, svoger og svigerinne.

Tabell 3-2 syner at minst tre element må representast i eit kodesystem for slektskapsrelasjonar: Generasjonar, kjønn og giftarmål. Tabell 3-3 syner dei tilsvarande numeriske basiskodar (**Ego=10**) for slechtsrelasjonane i tabell 3-2.

¹⁷⁸ Schürer og Wollard:2002, <http://www.data-archive.ac.uk/doc/4375/mrdoc/pdf/guide.pdf>

¹⁷⁹ Anderson: 1971.

Tabell 3-3 Grunnkodar for familiestilling for slektsrelasjonar i hushald

Generasjon	1	0	0	1	2	3	4
4							
3				140			
2	135		110	130	160		
1	155	125	120	150	60	70	
0		20	10	30	40	80	

Prinsippet for koding av familiestilling er eit sett av basiskodar , der ei titals-gruppe representerer generasjon - oppover og nedover. I tabell 3-3 er ego representert med basiskoden 10, barn 30, foreldre 120 osv. Tabell 3-2 syner berre basiskategoriar i kodeskjemaet som eg har valt å bruke for hushaldsstilling. I tillegg må systemet også representere kjønn og om relasjonen er gjennom blod eller giftarmål. Dette er gjort ved å addere ein faktor til basistalet for gruppa. Eksempel: Ein mannleg hovudperson vil får koden 11, ein kvinneleg 12, eit barn (kjønn ukjent) 30, ein son 31, ei dotter 32, ein steson 33, stedotter 34, svigeron 35, svigerdotter 36. Og vidare, ein bror får koden 151, ein stebror 153, ein svoger(=svigerbror) 155, jamfør tabell A-2 i tillegg A, som syner kodar for eit lite utval av dei termene ein vil finne for familiestilling i folketeljninga 1865.

Altså:

Grunnkode+1 - indikerer mannkjøn

Grunnkode+2 - indikerer hokjøn

Grunnkode+3 - mannkjøn+ste-forhold

Grunnkode+4 - hokjøn + ste-forhold

Grunnkode+5 - mannkjøn+svogerskapsforhold

Grunnkode+6 - hokjøn + svogerskapsforhold

I tillegg vert og andre hushaldsstillingar koda; tenestefolk, innerstar, losjerande, besøkande, legdsfolk, kårfolk osv, jf. tabell A-3 i tillegg A. Ved slektskapsrelasjonar mellom tenestefolk eller innerstar får desse slektskodar som for familiefolk, t.d. 'Tjenestepige' får koden 5000 for tenestefolk, medan 'Dotter til Tjenestepige' får koden 5032 = 5000 for tenestefolk, 32 for barn+hokjøn.

I høve til den norske 1800-tals røyndomen manglar den engelske kodesystemet berre eit element; kårfolk som ikkje eksplisitt er ei slekt med husbondsfolket.

3.4 Metodar

Utanom tradisjonell historisk metode er det i denne avhandlinga særleg nytta metodikk frå tre hjelpevitenskapar eller -disiplinar: Informatikk, demografi og statistikk. Dei statistiske metodane som er nytta i avhandlinga er relativ enkel deskriptiv statistikk med frekvensfordelingar og bivariat analyse. I tillegg er det nytta korrelasjonskoeffisientar, t.d. Pearson's R ved testing av hypotesar.¹⁸⁰ I all hovudsak er statistikkprogrammet NSD-stat

¹⁸⁰ Hellevik: 1980, Clarke og Cooke: 1983, Holme og Solvang: 1986

nytta, men også SPSS der dette har vore naudsynt.¹⁸¹ Informatikk er nytta ved design av datastrukturar og –program for uttrekk, koding, kategorisering, statistisk bearbeiding og eksport/import av data mellom dataprogram. Her er det nytta tradisjonelle teknikkar som både relasjonsmodellering og objektorientert analyse og design.¹⁸² Systema har i all hovudsak vorte implementert med verktya Borland Delphi Pascal og Borland C++builder.¹⁸³ Innafor historisk demografi er det særskild nytta hushaldsanalyse og analyse av folketeljingsmateriale ved ”cross-sectional analysis”, eller tverrskors-analyse.¹⁸⁴ Tverrskors-analyse har tidlegare vore lite nytta på norsk materiale og er ikkje omtala i historisk metodelitteratur på norsk. I livsløpsperspektivet nyttar ein både data som eignar seg for tverrskors-analyse (folketeljingar), og kjeldemateriale som kan utnyttast longitudinelt, t.d. svenske *Husförhörslängder*¹⁸⁵ eller intervju dersom ’kjeldeobjektet’ er i live.

3.4.1 Livsløp, livsløpsanalyse og syntetiske kohortar

I denne avhandlinga er livsløpsperspektivet og tverrskorsanalysen sentral for analysen i dei følgjande kapitla, så eg vel derfor å presentere perspektivet og nokre hovudomgrep ved døme frå mitt eige materiale. Livsløp kan definerast som ”de hovedaktiviteter, roller og begivenheter som et individ eller en gruppe engasjerer seg i i løpet av et lengre tidsrom.”¹⁸⁶

Sentrale omgrep i livsløpsanalysen er: ’Transition’ eller overgang, som er faktiske eller objektive overgangar mellom fasar i livsløp, eksempel er t.d. forlate opphavsfamilien, avslutte utdanning, tre inn i arbeidsmarknaden, tre inn i ektestand, bli enkje. Ein overgang er altså knytt til ei statusendring og kan både vere relatert til familiestatus, yrke eller utdanning. Eit anna sentralt omgrep er ’Turning Point’ eller vendepunkt. Dette er subjektive overgangar, vendepunkt i livsløpet slik det enkelte individet opplever det. Vendepunkta kan gjerne komme før ein livsløpsovergang. Problemet med desse er at slike subjektive utsegner vil ein sjeldan kunne gripe utan å intervju personene det gjeld. Sidan eg opererer på 1800-talet seier det seg sjølv at det er overgangane eg konsentrerer meg om.

Om ein vil studere livsløpsovergangar og fasar på aggregert nivå er det fem element som er sentrale:

Overgangsproporsjonen (eng: ’Prevalence’): Det er eit mål for delen av ein populasjon som opplever ein gitt overgang, t.d. vil ikkje alle i ein populasjon bli gift i løpet av livsløpet. På 1800-talet vil normalt prosentdelen som blir gift i løpet av livsløpet ligge på 85-90% - som då er overgangsproporsjonen for giftarmål

¹⁸¹ NSD-stat: Norsk samfunnsvitenskaplig datatjeneste, <http://www.nsd.uib.no/program/index01.html>. SPSS: SPSS Inc, <http://www.spss.com/>

¹⁸² Tschritzis og Lochofsky: 1982, Date: 1986, Stroustrup: 1997. Eit eksempel på modellering av norske folketeljingsdata sjå Pettersen:1995, <http://www.rhd.uit.no/div/modellbp.html>

¹⁸³ Borland: <http://www.borland.com/>

¹⁸⁴ Laslett og Wall: 1972, Shryock, Siegel og Larmon: 1973, Modell, Furstenberg og Hershberg: 1976 og Dyrvik: 1983

¹⁸⁵ *Husförhörslängderna* gjev oversikt over soknebarna sine personlege data. Alle bebuarar i eit sokn vart løpande registrert i listene. Listene er ordna topografisk og familievis. Kvar liste omfatta i regelen 5 til 10 år. Jf. <http://www.ddb.umu.se/ddbmaterial/historik.htm>

<http://www.landsarkivetkbh.dk/oresund/slaegt/text/kilderne/hus.htm>

¹⁸⁶ Skrede og Tornes: 1983, s. 9.


Timing. Overgangar skjer ofte ved ein bestemt alder eller i ein avgrensa del av livsløpet. Døme: Mange unge vil forlate foreldreheimen rett etter konfirmasjon og mange vil gifte seg i slutten av 20-års alderen. Eg vil måle timing med tre mål, alderen når første kvartil har erfart livsløpsovergangen, så andre kvartil eller halvparten og så tredje kvartil. For giftarmål vil andre kvartil vere eit alternativt måltal til Hajnals "Singulate Mean Age of First Marriage".

Spreiing er den tida ein bestemt del av populasjonen brukar for å gjennomføre ein livsløpsovergang. Nokre måler t.d. avstanden mellom første decentil og niande decentil, altså den sentrale 8/10 av ein populasjon. Andre (og eg) har valt å bruke avstanden i tid mellom 1 og 3 kvartil som då er den tidsperioden den sentrale 50% delen av ein populasjon gjennomfører overgangen.

Alderssamanfall ('Age congruity'): Samanfallet mellom to overgangar viser graden av overlapping mellom spreinga på aggregert nivå. Dersom det er ikkje er samanfall vil populasjonen først gjere seg ferdig med ein fase, så den neste fasen. Målet gjeld på aggregert nivå sidan for eit individ vil fasar komme etter ein annan og utan overlapping.

Overgangsintegrasjon: Integrasjonen mellom overgangar har tre element: a) Reversibilitet, om ein kan gå frå ein fase attende til ein tidlegare. Til dømes vil det å bu saman med foreldre og så forlate foreldreheimen for å vere i teneste vere reversible overgangar. Giftarmål er ikkje-reversibel, sjølv om ein kan skiljast. B) Rekkjefølgje - om det er ei bestemt rekkjefølgje mellom overgangar. C) Avhengigheit - i kva grad er overgangar avhengig av andre overgangar

Alderssamanfall og overgangsintegrasjon er mål som har til føremål å teste om det blir meir eller mindre systematikk, orden og konformitet i livsfasar og -overgangar. Analyse av fasesamanfall og overgangsintegrasjon er meir komplekse mål enn dei tre første og krev meir avansert statistisk analyse.


Figur 3-1 Del gifte og tidlegare gifte menn fordelt etter alder. Norge 1900.

Kjelde: AGG1900

Figur 3-1 syner delen av gifte eller tidlegare gifte fordelt på alder i høve til alle menn i folketeljinga 1900. Figuren syner at ved 15 år er ingen gift eller tidlegare gift, og deretter aukar delen av gifte og enkjemenn slik at ved 27 år er kring halvparten (0.5) av populasjonen gift eller tidlegare gift. Ved 50-års alder er kring 9 av 10 menn gift eller tidlegare gift (0.9). Ved å halde kalendertid konstant kan ein la kvart aldersår representere ein syntetisk kohort. Det betyr at i staden for å følgje ein verkeleg kohort gjennom heile eller delar av livsløpet, t.d. følgje alle menn fødd i 1880 gjennom ein tidsperiode på 50 år og studere livsløp, let ein kvart aldersår representere eit kalenderår. Dette føreset at eigenskapen ein studerer ikkje er reversibel, eller er særst svakt reversibel, t.d. har ein person ein gong vore gift, kan ein ikkje bli ugift att (men enkje, separert eller skild). Andre eigenskapar som kan studerast på same måte er t.d. om ein person er hovudperson i eit hushald eller ikkje, men til skilnad frå sivilstatus er denne eigenskapen reversibel, det betyr at ein person kan vere hovudperson i ein periode, for så seinare bli losjerande i eit anna hushald. Men ved studiet av slike eigenskapar føreset ein at slike statusskifte er ikkje så frekvente att dei påverkar resultatet nemneverdig.

Ved livsløpsanalyse er denne typen fordelingar av eigenskapar på eit tidspunkt ein langt mindre ressurskrevjande måte å studere livsløp longitudinelt, dvs ved å følgje ein kohort over kalendertid.

Figur 3-2 Prevalence, median, kvartilar og timing. Eigenskapar ved livsløp studert ved syntetiske kohortar.



Ved bruk av syntetiske kohortar må utrekningane av måltal ta med at ikkje alle eigenskapane eller statusendringane er universelle, dvs. ikkje alle i eit samfunn kan eller vil bli gift. Og heller ikkje alle kan eller vil bli hovudpersonar. Når vi reknar med reelle kohortar er ikkje dette eit problem, sidan dei som aldri blir gift heller aldri blir rekna med i gjennomsnittet når ein reknar ut gjennomsnittleg giftarmålsalder. I syntetiske kohortar må dette kompenseras ved å berekne den delen av ein populasjon som ikkje vil oppnå ein bestemt status eller eigenskap. Dette blir kalla 'prevalence' på engelsk, som kan oversetjast med overgangsproporsjonen. I figur 3-2 er overgangsproporsjonen ('prevalence') 0.96 eller 96%. Når overgangsproporsjonen er kjent kan ein dermed rekne ut t.d. median alder for ein overgang. Median alder for ein overgang er ved den alderen halvparten av ein populasjon har endra status, fått ein eigenskap. Halvparten av populasjonen er lik halvparten av overgangsproporsjonen, dvs. ved 48%. Ved å finne alderen ved dette punktet finn ein median alder for overgangen. I figur 3-2 er dette ved kring 24 år. På same måte kan ein finne andre delpopulasjonar som kvartilar og decentiler. I analyse av livsløp med bruk av syntetiske kohortar, er det også vanleg å nytte alder ved 1. decentil (10%) eller 1. kvartil

(25%) for å analysere timing.¹⁸⁷ Alder ved 1. decantil/1. kvartil syner ved kva alder ein livsløpsovergang tek til. I figur 3-2 er alder ved 1. kvartil kring 19 år. Avstanden i aldersår mellom 1. kvartil og 3 kvartil (alternativt 1. og 9. decantil) syner kor raskt overgangen skjer i ein populasjon. I denne avhandlinga har eg valt å nytte kvartilar på grunn av høg geografisk oppløysing (kommunenivå).¹⁸⁸

3.4.2 Utrekning av måltal for livsløp

Korleis finn ein aldrane i eit verkeleg populasjon? For å forklare dette må vi vende attende til figur 3-1. Figur 3-1 syner del gifte eller tidlegare gifte menn i høve til alle menn fordelt på alder, kvar trekant i diagrammet representerer delen ved kvar alder. Sjølv om demografiske data ikkje nødvendigvis følgjer ei matematisk lov, kan dei observerte data, dersom dei dannar eit mønster eller ein trend, beskrivast med eit matematisk uttrykk. Ved å bruke ein matematisk metode kalla 'minste kvadrats metode' kan ein finne ein formel som representerer kurva punkta i diagrammet. Formelen uttrykkjer då den best tilpassa lina til dei observerte data. Punkta dannar ei form som gjer at ein kan velje eit polynom som modell for den best tilpassa lina. Dei observerte data minnar om ei line som liknar ein del av ei sinuskurve. Vi kunne ha valt sinusfunksjonen som modell for kurva, men eg har valt å bruke 4-grads polynom som modell for dei observerte data.¹⁸⁹ Den generelle formelen for eit 4-grads polynom er:

$$\text{Fjerde grads polynom: } y = ax^4 + bx^3 + cx^2 + dx + e$$

Der a , b , c , d og e er konstantar.

Den heiltrukne lina plotta i figur 3-1 er ein representasjon av eit 4-grads polynom med følgjande konstantar for a , b , c og d :

$$y = 0.00000758 * x^4 + -0.001004670 * x^3 + 0.047039920 * x^2 + -0.878849820 * x + 5.6458$$

x i likninga er alder. Lina er rekna ut ved å setje alder (x) inn i funksjonsuttrykket. Konstantane a og e er rekna ut ved hjelp av programkomponenten Curvefit – som nyttar minste kvadrats metode for å finne den best tilpassa lina (polynom) og konstantane som beskriv henne.¹⁹⁰ Ved å setje t.d. 25 år i likninga får vi $y=0.34$ dvs. formelen predikerer at ved 25 år er proporsjonen gifte eller tidlegare gifte menn lik 0.34 (34%) i Norge i 1900. Avviket mellom utrekna og faktisk proporsjon ved 25 år er berre 0.01, som syner at

¹⁸⁷ For å analysere spreining, kor lang tid ein populasjon brukar på ein overgang, kan ein nytte både kvartilar og decentilar. Kvartildifferansen - differansen mellom første og tredje kvartil - syner overgangsrommet til den sentrale 50% av populasjonen, medan decentildifferansen syner overgangsrommet til den sentrale 80% av populasjonen. Stevens: 1990 nyttar kvartilar. Shryock, Siegel og Larmon: 1973, s. 293 foreslår å bruke kvartilar. Modell, Furstenberg og Douglas: 1978 og Modell, Furstenberg og Hershberg: 1976 brukar decentilar. Om ein brukar kvartilar eller decentilar er avhengig både av storleiken til populasjonen og kva som er føremålet med analysen.

¹⁸⁸ Ved analyse på landsplan eller regionsplan vil ein kunne nytte decentilar for å komme fram til meir presise aldrar.

¹⁸⁹ Bruk av minste kvadrats metode for å finne formelen for ei rett line, sjå Hellevik: 1980, s. 235-238. Linjetilpassing ("Curvefit") ved bruk av minst kvadrats metode og meir avanserte matematiske uttrykk, t.d. polynom, sjå Shryock, Siegel og Larmon: 1973, s. 691-692.

¹⁹⁰ Programkomponenten Curvefit er lasta ned frå <http://www.satsignal.net/>. Komponenter er ein Delphi Pascal implementasjon spesifisert i Miller: 1981, *Pascal Programs For Scientists And Engineers*. Mindre modifikasjonar og tilpassingar til Delphi Pascal er gjort av Juergen Loewner, Jeff Weiss og David J Taylor.

modellen vi har valt er god. Når vi kjenner formelen, kan vi også gå motsett veg, dvs. vi kjenner y (proporsjonen), men ikkje x (alderen), og det er måten funksjonsuttrykket blir brukt når ein skal rekne ut t.d. median alder for livsløpsproporsjonen. Dersom alle individ i populasjonen opplevde transisjonen vi studerte ville median alder vere den x (alder) som gav $y = 0.5$. Men i røynda blir ikkje alle individ i ein populasjon gifte, og delen av ei befolkning som blir gift kan vi estimere ved å rekne ut proporsjonen gifte eller tidlegare gifte i alderen 45 til 54 år.¹⁹¹ Dette er overgangsproporsjonen (eng. 'prevalence') jf. figur 3-2. For menn i 1900 er overgangsproporsjonen for giftarmål 0.89, dvs. av alle menn som når alderen 15 år vert 89% gift (berekna).¹⁹² Det betyr at median alder for denne livsløpsalderen er når halvparten har gjennomført livsløpsendringa, dvs. $0.89/2 = 0.45$. Vi skal altså finne x (alder) når $y=0.45$ i likning 1. Løysing av polynom der y er kjent kan gjerast ved intervallhalvering.¹⁹³ Ved å bruke intervallhalvering vert x ved $y=0.45$ lik 26.8 år. Og sidan alder i 1900 er lik faktisk alder avrunda nedover¹⁹⁴ i heile aldersår må vi leggje 0.5 år til formelresultatet (27.8) for å finne median giftarmålsalder: = 27.3 år jf. tabell 4-4. På tilsvarende måte vert første og tredje kvartil utrekna ved intervallhalvering: Ved å setje $y=0.96/4 = 0.24$ finn ein første kvartil, og ved å setje $y=0.96/4*3 = 0.72$ finn ein tredje kvartil. Utrekninga ved intervallhalvering gjev alder er lik 23.4 når første kvartil av populasjonen er gift, og 32.0 år for tredje kvartil. Utrekninga kan samanliknast med figur 3-1 og resultatet synest vere rimeleg.

Føremålet med den matematiske modellen skissert over er å finne ein matematisk modell av observerte data. Likning 1 og konstantane (a-e) er såleis spesifikke for kvart datasett dei blir utrekna for. Ein generell matematisk modell for ein kohorts giftarmålsatferd, overgangen frå ugift til første giftarmål, er m.a. utvikla av Gudmund Hernes.¹⁹⁵

3.5 Dataprogram

Tilrettelegging, bearbeiding, koding og kategorisering av kjeldematerialet har i stor grad blitt utført av spesialskrivne program. Dataprogramma er i liten grad generelle, men utvikla for å løyse dei spesielle problema eg har stått over for. Dette gjer at dataprogramma i mindre grad kan nyttast av andre for å løyse liknande oppgåver på tilsvarende materiale. Denne mangelen på generalitet er eit resultat av kva eg har sett på som den viktigaste oppgåva: Å komme fram til historie-faglege resultat, ikkje å lage dataverkty for historikarar. Trass i dette finst det naturleg nok modular som er laga med tanke på

¹⁹¹ Shryock, Siegel og Larmon: 1973, s. 294-295.

¹⁹² Føresetnaden er at mortaliteten for gifte og ugifte er lik.

¹⁹³ Intervallhalvering skjer ved å setje x lik halvparten av minimum- og maksimalverdiene i eit intervall, og reknar ut funksjonsuttrykket med denne verdien. Er utrekna y mindre enn resultatverdien ein skal fram til, set ein x til minimumsverdien og held fast på maksimum. Er utrekna y større enn resultatverdien, deler ein det lågaste intervallet. Eksempel: Ved første gongs halvering set vi x lik $(15+49)/2=32$. Dersom den utrekna y med $x=32$ er mindre enn y som skal finnast, halverer ein intervallet mellom minimumsverdi (15 år) og x (32 år). Dersom den utrekna y er større, halverer ein intervallet mellom maksimumsverdi (49år) og den forrige halveringsverdien (32 år). Ved å repitere intervallhalvering til avviket er lik null eller under ei viss grense (t.d. +/-0.01) har ein til slutt verdien for x .

¹⁹⁴ Ved å trekkje 1900 frå fødselsår får ein alder avrunda nedover.

¹⁹⁵ Hernes: 1972, s. 173-182. Sjå også Modell, Furstenberg og Douglas: 1978, s. 125 og fotnote 5.

generalitet og gjenbruk, t.d. klassar for koding var variablar som kjønn, familiestatus, yrke eller fødestad.

3.5.1 Uttrekk, koding og kategorisering av kjeldematerialet.

Kva er hovudfunksjonen til dataprogramma? Kva gjer dei? Dataprogramma er ei mekanisk realisering av historiske, statistiske og demografiske metodar. Nokre metodar har i utgangspunktet ein høg formaliseringsgrad, som gjer dei særst eigna for å utførast med dataprogram, andre metodar krev grundigare formalisering og abstrahering for å kunne implementerast som eit dataprogram. Eksempel på det første er t.d. å rekne ut kjønnsproporsjonen for ein region, medan t.d. typologisering av hushaldstypar etter Laslett-Hammel er eksempel på metodar som krev nye nivå av formalisering. Funksjonane til dataprogramma kan delast i fem hovudoppgåver:¹⁹⁶

1. **Uttrekk, standardisering, ”siling”.** Kjeldedata føreligg i fleire ulike format avhengig av opphavsinstitusjon og kjelde. RHD, registreringsentralen for historiske data, *Teleslekt* (Televerkets Nye Muligheter), Digitalarkivet og Historisk institutt står bak hovudtyngda av det registrerte kjeldematerialet. I tillegg er mengda og typen kjeldedata avhengig av kjelde; folketeljinga 1900 inneheld fleire og andre opplysningar enn folketeljinga 1865, og folketeljingar for same år er ulike i byar og på landsbygda. Prosessen med å trekkje ut dei relevante data for vidare handsaming kan karakteriserast som siling. Resultatet av prosessen er ”like” kjeldedata på eit standard, internt, format.
2. **Koding og kategorisering.** Neste steg i prosessen er koding av data, t.d. at alle dei ulike måtane å nemne ein person med sivilstand ”gift” vert gjeve ein kode (”1”). Deretter vert koda data kategorisert. Kode-prosessen tek vanlegvis omsyn berre til eit atomisk element, kjønn, sivilstand, familiestilling. Kategorisering kan vere langt meir komplisert, både intellektuelt og programmeringsteknisk. Kategorisering krev gjerne fleire logiske slutning basert på eit sett av atomiske einingar, t.d. vert hushaldstypar kategorisert etter Laslett-Hammel¹⁹⁷ på grunnlag av familiestilling, yrke, alder, kjønn, sivilstand og plassering i høve til andre hushaldsmedlemmar.
3. **Aggregering.** Grunndata er på individnivå, og desse blir aggregert til følgjande analytiske nivå: Hushald-, kommune-, region- (to ulike typar regionar), by /land- og landsnivå. Hovudnivåa er hushald og kommune. Desse to nivåa er mest omfattande med omsyn til tal variablar. Aggregering til regionsnivå, by/land og landsnivå blir utført berre for einskilde variablar, som t.d. giftarmålsalder, hushaldsstorleik. Hushalds- og individnivået inneheld også naudsynte data for å kunne aggregere opp andre variablar enn det som eg har valt å gjere til region, by/land og landsnivå.
4. **Fletting.** Dei aggregerte data på hushaldsnivå og kommunenivå blir fletta med data frå andre databasar: A) Matrikkelen 1886 og B) NSD-kommunedatabase.

¹⁹⁶ Jf. figur C-1 i tillegg C.

¹⁹⁷ Laslett og Wall: 1972, s. 41-44, 85-89

5. **Eksport, dokumentasjon og rapportering:** Data på alle nivå vert til slutt tilrettelagt for import i MS-Excel, NSD-stat eller SPSS. Det vert samstundes generert dokumentasjon og feltspesifikasjon. Endeleg utforming av rapportar, tabellar og diagram skjer i desse dataprogramma.

3.5.2 Programma PGEN1801 og PREADTEK

Funksjonane beskrivne i førre punkt er implementert ved hjelp av fleire dataprogram, men hovuddelen av funksjonane ligg i programma PGEN1801 og PREADTEK. Desse to programma og andre dataprogram er dokumenterte i tillegg C. PGEN1801 utførar uttrekk, koding og aggregering på 1801-teljinga, medan PREADTEK løyser tilsvarende oppgåver på 1865 og 1900-teljinga, jf. programflytdiagram figur C-1 i tillegg C. PGEN1801 er skriva i programmeringsspråket Borland Delphi Object Pascal, medan PREADTEK er skriva i programmeringsspråket Borland Cbuilder++. Årsakene til dette er "historiske". Programma har blitt utvikla i ulik samanheng, og har sidan vakse saman i funksjonalitet. PGEN1801 var opphavleg skriva i samband med hovudoppgåva mi for å behandle 1801-teljinga. Generell dokumentasjon og kontroll av automatisk hushaldskategorisering er dokumentert i hovudoppgåva.¹⁹⁸ PREADTEK var opphavleg eit program skriva for å behandle 1881-teljinga for Storbritannia, seinare omskriva for å lese norske folketeljingsdata, såkalla tek-filer. Tek-filer er folketeljingsfiler frå registreringsprogrammet CENSIN og feltspesifikasjonen følgjer i hovudsak utvekslingsformatet definert i HISTFORM-standarden.¹⁹⁹

For meir informasjon om dei einskilde programma syner eg til tillegg C Programdokumentasjon og tillegg B Data- og variabeldokumentasjon.

3.6 Oppsummering

I dette kapitlet har dei viktigaste kjeldene og metodane blitt presenterte. Hovudkjeldene er folketeljingane 1801, 1865 og 1900. Desse er supplerte med datamateriale frå andre databasar både på individnivå og aggregert nivå, NSD-kommunedatabase og matrikkelen 1886. Særleg viktig for analysen er bruk av tverrsørsanalyse ("cross-sectional analyze") for å analysere abstraherte livsløp, med vekt på einskilde livsløpsovergangar før og opp til etablering av familie og hushald. Datamaterialet er uhorveleg stort, kring 5 millionar personpostar, og det seier seg sjølv av dette ville i praksis ha vore umogeleg for ein forskar utan utstrekt bruk av datamaskin og spesialskrivne dataprogram. Dataprogramma har fem hovudfunksjonar: Standardisering, koding/kategorisering, aggregering, fletting og rapportering. Utan bruk av datateknologi ville det ikkje ha vore mogeleg å gjennomføre dette arbeidet til fastsett tid.

¹⁹⁸ Solli: 1995, s. 18-23 og tillegg A4 og A5.

¹⁹⁹ CensIn er del av datasystemet CensSys, sjå Oldervoll: 1992. Feltspesifikasjonar i HISTFORM sjå Nygaard og Registreringssentral for historiske data: 1995. Sjø også Registreringssentral for historiske data:1995c, <http://www.rhd.uit.no/histform/utveksling.html>, Registreringssentral for historiske data:1995b, <http://www.rhd.uit.no/histform/tekspek.html>. Datafilene frå RHD nyttar eit RHD internt filformat, sjå Registreringssentral for historiske data:10. januar 2001, <http://www.rhd.uit.no/rhd/format/formater.html>

Familieetablering – Som forlovede



Som forlovede.

Kapittel 4

Endring eller kontinuitet i Norge?

I kapittel 2 blei fem hovudsynspunkt på tilhøvet mellom samfunnsendringar og dei sosiale kategoriane "livsløp", "familie" og "hushald" presenterte. I høve til familieinstitusjonen kan synspunkta delast i tre grupper: 1) Familieinstitusjonen blir endra i takt, men med eit visst etterslep, i høve til dei store samfunnsomdannande prosessane som industrialisering, urbanisering og modernisering. Høvet er einsidig, familieinstitusjonen er residuell i høve til prosessane. 2) Familieinstitusjonen er resistent, autonom og endrar seg lite under press frå t.d. industrialisering. 3) Høvet mellom sosiale og økonomiske strukturar er dynamisk og prega av gjensidig påverknad: Både individet og familien er årsak til endring og blir endra.

For å kunne ta stilling til spørsmålet om kva som endrar familieinstitusjonen må det først avdekkjast i kva grad hushalds- og livsløpsmønster faktisk blir endra mellom 1800 og 1900. Hovudspørsmåla er **om** det skjer endringar i hushalds- og livsløpsmønster og eventuelt **når** endringar skjer. Eventuelle årsaksforklaringar for endring og om endringar skjer i ulik takt regionalt eller mellom by og land vil eg analysere i kapittel 7 og 8. Det sentrale no er: Skjer det endringar? Kva for mønster blir endra, og kva held seg stabile? Og eventuelt når?

Kvifor er dette viktige spørsmål? Jau, fordi hovudskiljelinene i den internasjonale debatten om hushaldsstruktur dreier seg om endring eller kontinuitet i denne perioden, jamfør kapittel 2. På den eine sida finn vi Peter Laslett og Cambridge-gruppa som legg vekt på kontinuitetsperspektivet og på få **store** regionale hovudgrupper av hushaldsmønster. Skandinavia var del av det nordvesteuropeiske hushaldssystemet som Laslett hevdar var eit stabilt system for Nordvest-Europa mellom 1500-1900.²⁰⁰ På den andre sida finn vi m.a. David I. Kertzer som snarare vektlegg dei regionale variasjonane innafor relativt små regionar og på endringar over tid²⁰¹, og Wally Seccombe og David Levine som poengterer samanhengen mellom endring i produksjonsmåte og tilsvarende endring i hushaldsstruktur og giftarmålmønster²⁰². Dette er berre nokre få døme på historikarar som har heilt ulike oppfatningar av livsløp, hushald og samfunn i Europa i den gjeldande perioden. På eit meir teoretisk plan kan vi formulere problemet slik: I kva grad er familien som sosial organisasjon resistent mot omfattande samfunnsmessige endringar av sosial, økonomisk, politisk og kulturell karakter? Kan vi i hovudsak oppfatte familien som ein residuell sosial institusjon, ein institusjon som einsidig blir forma av ytre krefter, men gjerne med eit visst etterslep i tid?

Ved å studere seige strukturar som endrar seg langsamt møter ein på fleire utfordringar av metodisk-analytisk karakter. Eg meiner at Peter Laslett gjer ein metodisk feil ved å leggje vekt på studiet av aggregat som omfattar heile befolkninga i store regionar, t.d. aggregat av gjennomsnittleg hushaldsstorleik (såkalla "Meaningless

²⁰⁰ Laslett og Wall: 1972, Laslett: 1983b, Wall, Robin og Laslett: 1983

²⁰¹ Kertzer: 1991

²⁰² Levine: 1977, Levine: 1989, Seccombe: 1993, Seccombe: 1992.

mean”).²⁰³ Andre historikarar har kritisert Laslett for manglande vilje til å bryte ned materialet i kategoriar som alder, yrke og familiestatus.²⁰⁴ Familierekonstitusjon og analyse av folketeljingar er tid- og ressurskrevjande så til Lasletts forsvar talar dei små populasjonar, for ved inndeling i alder og yrke vil materialet smuldre opp. Bruken av gjennomsnitt er problematisk av fleire grunnar, mellom anna fordi to relativt ulike underliggjande mønster kan produsere same indeks eller verdi, t.d. gjennomsnittleg hushaldsstorleik for ein region. Problemet er då korleis ein kan studere seige strukturar på eit høgt aggregert nivå, og samstundes kartleggje og avdekke endring av desse. Mi løysing på dette problemet kan utformast som følgjande påstand:

Sosial endring, t.d. endring i hushaldsstruktur og livsløpsmønster vil best kunne observerast hos individ i søkjefasen og i etableringsfasen. Etablerarane er særleg mottakleg for samfunnsmessige endringar og har størst potensiale for å utnytte nye samfunnsmessige utfordringar og muligheter. Etablering av hushald har ofte to sider. *Den enes død, den andres brød*. Etablering av hushald vil kunne medføre at nokon må gi frå seg eit levebrød, ved å overføre kapital til neste generasjon mot rente (føderåd). Ideelt sett burde derfor etablering studerast i eit transaksjonsperspektiv med to aktørar: Avsendar og mottakar. Men eg har valt å avgrense til etablerarane, både for å avgrense analysen og fordi det er sannsynleg at fleire og fleire av etableringane i løpet av 1800-talet er ny-etableringar.²⁰⁵

Påstanden om å studere etablerarane er ikkje å oppfatte som ei lov, men som eit analytisk hjelpemiddel. For å studere etablerarane har eg derfor valt å leggje vekte på følgjande delar av livsløpet:

1. Livsløpsovergang frå ugift til gift. Denne overgangen vil bli kalla familieetablering. Analytisk vil denne bli studert gjennom giftarmålsmonster
2. Livsløpsovergang til hushaldsoverhovud. Denne overgangen definerer eg som hushaldsetablering.
3. Livsfasen fram mot etablering. Frå ein forlèt opphavsfamilien til ein sjølv etablerer familie.
4. Hushald til etablerarane. Storleik og karakter.

Dette gjev eit todelt utfordring: På den eine sida granske makrostrukturar og samstundes avdekkje variasjon i rom og endringar over tid. Utgangspunktet for dette kapitlet blir derfor først å avdekkje overordna mønster gjennom aggregerte måltal for giftarmål og hushald. Eksempel på slike indikatorar er gjennomsnitt giftarmålsalder ved første gongs giftarmål. Deretter vil eg prøve å avdekkje eventuelt kva som skjuler seg under overordna mønster og granske i kva grad overordna mønster kan skjule endringar over tid eller regionale variasjonar. Arbeidsmåten er å starte med aggregata og bryte dei ned i tid og rom, tid i to dimensjonar, kalendertid og som alder. For giftarmål vil måltal

²⁰³ Wall og Laslett: 1972. På s. 53-54 og Tabell 1.6 s. 76 nyttar Laslett gjennomsnitt av gjennomsnitt utan vektning. Richard Wall er langt ivrigare på å syne skilnader både i tid og rom, sjå t.d. s. 173-194 i same bokverk. Om kritikken av aggregerte gjennomsnitt og "Meaningless mean" sjå Anderson: 1980, s.30-36.

²⁰⁴ Anderson: 1980, s. 30-36. Dei skarpaste kritikarane er Lutz K. Berkner og Lawrence Stone. Michael Anderson drøftar problem med å bruke aggregat på regionale nivå (county, parish).

²⁰⁵ Ein komparasjon av overførte levebrød og ny-etableringar ville derfor ha vore eit særst interessant perspektiv, men dette krev longitudinelle data.

som sølibatsgraden og giftarmålsalderen danne grunnlaget i analysen, og for hushald er hushaldsstorleik målt i gjennomsnitt og fordelinga av hushalda etter storleik basis.

Med dette vonar eg å avdekkje eigenskapar ved livsløps- og hushaldsmønsteret som syner endring over tid og/eller variasjon i rom eller m.o.t. kjønn. Kapittelet er inndelt i fem hovuddelar 1) Giftarmål- og giftarmålmønster 2) Livsløpsovergangane frå å forlate foreldreheimen til hushaldsetablering 3) Livsfasar før hushaldsetablering 4) Hushaldsstruktur – alle hushald 5) Hushaldsstruktur – etablerarhushaldet. Den operasjonelle funksjonen til dette kapittelet er også å avdekkje eigenskapar ved hushald og livsløp som kan brukast i ei meir detaljert analyse av korleis eventuelle endringar skjer og kvifor.

4.1 Giftarmål og livsløp i Norge 1800-1900

Når det er skild mellom giftarmål og livsløp i tittelen indikerer det at eg både vil analysere giftarmål som eit demografisk fenomen, og giftarmål i eit livsløpsperspektiv. Kva er skilnaden på å studere giftarmål som eit demografisk fenomen og i livsløpsperspektiv – er det nokon skilnad? I nokre høve er ikkje skilnaden stor mellom å studere giftarmål i demografisk forstand og i livsløpsperspektiv, det er mest ein skilnad i omgrep. Til dømes er 'sølibatsgraden' som vi kan kalle eit demografisk omgrep, analogt til livsløpsanalysens omgrep 'prevalence', dvs. proporsjonen av ein populasjon som gjennomfører ein livsløpsovergang. Men medan ein i demografisk orienterte studiar er mest orientert mot demografiske ratar og indeksar nærast for sin eigen del, er ein i livsløpsperspektivet langt meir interessert i å setje måltal i ein historisk kontekst. I livsløpsperspektivet er ein ikkje minst interessert i å setje t.d. giftarmål i relasjon til familien eller hushaldet som er involvert og i høve til tidlegare livsløpsovergangar. Eit anna skilje gjeld alder. I demografisk orienterte studiar brukar utelukkande 'biologisk alder', medan livsløpsstudiar er vel så interessert i 'sosial alder'.²⁰⁶

Ein av dei demografisk orienterte studiane med størst gjennomslag innafor historiefaget dei siste 40 åra, er Hajnals påvising av 'Det europeiske giftarmålmønsteret'. Den vesteuropeiske delen av 'Det europeiske giftarmålmønsteret' har to kjenneteikn; 1. Høg giftarmålsalder både for menn og kvinner; over 24 for kvinner og over 26 for menn. 2. Høg sølibatsgrad, dvs. ein relativt stor del - kring 10-15% av kvinnene - blir verande varig ugifte.²⁰⁷ I eit livsløpsperspektiv er giftarmålsalderen, eller meir presist; giftarmålsalderen ved førstegongsgiftarmål, ein indikator som syner alder for livsløpsovergangen frå ugift til gift. Gjennomsnitt alder ved førstegongs giftarmål er sentralmål for livsløpsovergangen, medan ulike spreingsmål (kvartilar, decentilar og standardavvik) måler kor raskt ein overgang skjer innafor ein populasjon.

Giftarmålsalder ved førstegongs giftarmål blir normalt rekna ut på bakgrunn av oppgitt alder ved giftarmål (i kyrkjeboka). Men ettersom oppgjeven alder sjeldan er oppgjeve direkte i kyrkjebøkene før 1815 kan ikkje giftarmålsalder reknast ut utan å jamføre og identifisere kvar person i register over t.d. døypte. I den offisielle norske

²⁰⁶ Jamfør kapittel 3.3 om biologisk og sosial alder. I livsløpsstudier er ein t.d. oppteken av om einskildindivid er 'tidleg' eller 'seint' ute i høve til å forlate foreldreheimen, ekteskap eller å få barn.

²⁰⁷ Hajnal: 1965

statistikken (NOS) er opplysningar om giftarmålsalder publisert frå og med 1840. Men den ideelle metoden kan erstattast med Singular Mean Age of First Marriage (SMAM), som kan reknast ut på bakgrunn av folketeljningar, jf. metodekapittelet.

To studiar av giftarmålsmonster er sentrale i Norge, Eilert Sundt, *Om giftermaal i Norge* og Julie Backer, *Ekteskap, fødsler og vandringer i Norge 1856-1960*.²⁰⁸ Desse studiane vil bli trekt inn der det er relevant, og eg føreset at lesaren har ein viss kunnskap om hovudinnhaldet i dei. Analysen av giftarmålsmonster nedanfor har tre hovuddelar: 1) Sølibatsgraden, 2) Giftarmålsalderen og 3) Regional variasjon. Hovudspørsmåla er: Skjer det endringar i giftarmålsmonsteret? Og om det skjer endringar, når og på kva måte?

4.1.1 Sølibatsgraden i Norge 1800-1900

Det europeiske giftarmålsmonster inneheld to element, alder ved første gongs giftarmål og delen varig ugifte, sølibatsgraden. Blir sølibatsgraden endra gjennom hundreåret? Er det fleire varig ugifte kvinner i 1800 i høve til 1900?

Tabell 4-1 Sølibatsgraden for menn og kvinner 1801-1900

Teljear	Kvinner		Menn	
	Ugift eller ikkje før gift	Prosent gifte inkludert separerte.	Ugift eller ikkje før gift	Prosent gifte inkludert separerte.
	45-49 år	40-50 år	45-49 år	40-50 år
1801	14.7 %	75.8 %	7.90 %	88.3 %
1835		75.1 %		83.6 %
1845		75.4 %		83.1 %
1855		76.9 %		84.1 %
1865	13.7 %	76.8 %	11.9 %	85.0 %
1875	14.9 %	73.7 %	10.5 %	82.9 %
1891	17.3 %	72.4 %	11.0 %	83.4 %
1900	18.3 %	71.1 %	11.1 %	83.3 %

Kjelder:

1801: AGG1801, jf. tabell F-2 i Tillegg F.

1865: Norges Offisielle Statistikk: 1869, Tabell No. 5, s. 60.

1875: Norges Offisielle Statistikk: 1882, s. 55. Prosent for aldersgruppa 45-55 år.

1891: Norges Offisielle Statistikk: 1895a, Tabell 16, s. 183.

1900: Norges Offisielle Statistikk: 1903, Tabell 5, s. 124-125.

Den første og tredje kolonnen i tabell 4-1 syner prosenttalet på ugifte (ugift eller tidlegare ikkje gift) i alderen 45-49 år ved teljingane i 1801 og mellom 1865 og 1900. Ugifte og ikkje tidlegare gifte i alderen 45-49 år er eit vanleg indikator for delen kvinner som blir varig ugifte. Tilsvarende tal manglar for perioden mellom 1801 og 1865, sidan den offisielle statistikken ikkje er spesifikk nok. Denne mangelen er prøvd korrigert for med den andre og fjerde kolonnen i tabellen som syner talet på gifte inkludert separerte i heile perioden. No kan vi ikkje slutte direkte til sølibatprosenten frå prosentdelen gifte sidan vi ikkje kjenner talet på enkjer. Men prosentdelen enkjer i forhold til alle kvinner over 15 år var stabil kring 11,5% i perioden 1865-1900, og det indikerer at delen enkjer har endra seg lite. Om vi såleis føreset at prosentdelen enkjer har vore stabilt også i første

²⁰⁸ Sundt: 1975, Backer og Statistisk sentralbyrå: 1965. For meir litteratur om emnet sjå Dyrvik: 1983, s. 142.

halvdel av 1800-talet kan vi slutte av tabell 4-1 at sølibatprosenten aukar i den siste fjerdedelen av hundreåret, frå i underkant av 15% til i overkant av 18%.

I Sverige auka sølibatgraden for kvinner i same periode frå 11.7% i 1800, til 12,3% i 1850 og 19.4% i 1900. For menn i same periode er prosentdelen 6.9%, 13.5% og 16.2%.²⁰⁹ Samanlikna med Sverige er den høge sølibatprosenten for kvinner i Norge i 1801 sermerkt. Men frå midten av hundreåret er tala meir jambyrdige, og i begge landa skjer ei tilstramming av det europeiske giftarmålmønsteret. Kva kan grunnen vere? Christer Lundh, som har kompilert svensk materiale for perioden 1650-1900, meiner denne auken i talet på ugifte skuldast auka press på ressursane som følgje av befolkningsveksten og som følgje av auka proletarisering på landsbygda. Mangel på jord og press på andre ressursar kan ha ført til utsetjing av giftarmål og at fleire valde sølibat som eit alternativ. Nye typar levebrød, yrke på sida av eller utanfor jordbruket, auka mulighetene for å velje eit liv som einsleg, sidan eit gardsbruk eller ein plass i praksis kravde ein mann og ei kone.²¹⁰ Slik sett meiner Lundh at forsterkinga av det europeiske giftarmålmønster i på 1800-talet har samanheng med moderniseringsprosessen, ikkje med det tradisjonelle hushaldsetableringsmønsteret i ei verd av gardsbruk.²¹¹

Sølibatgraden i det norske materialet er på eit relativt høgt nivå i internasjonal målestokk, og årsaka til det aukande nivået for kvinner var truleg utvandringa. Utvandringa til Nord-Amerika var dominert av unge ugifte menn, noko som førte til ein skeiv kjønnsbalanse totalt sett. I tillegg dominerte kvinnene flyttinga til byane som også medførte skeiv kjønnsbalanse regionalt. I sum forklarar dette den aukande og høge sølibatgraden ved utgangen av 1800-talet. Julie E. Backer, som ikkje direkte analyserer sølibatgraden, men delen av befolkninga som utgjer giftarmålsmarknaden (ugifte, enkjer, skilde og separerte) seier følgjande bakgrunnen for den aukande delen ikkje-gifte og kjønnsbalansen.

Ulikhetene i kjønnsfordelingen på de enkelte alderstrinn i den ugifte²¹² del av befolkningen har forskjellige årsaker. Først og fremst er den en følge av at det hvert år blir født flere gutter enn piker, i Norge som regel 106 gutter til 100 piker. Dette mannsoverskott forsvinner med alderen og blir i de eldre aldersklasser avløst av et stigende overskott av kvinner vesentlig fordi menn i de fleste aldersklasser har høyere dødelighet enn kvinner. Hertil kommer virkningen av utvandringen, som mer enn noe annet har bidratt til å forrykke det tallmessige forhold mellom kjønnene i vårt land i ungdomsalderen. Det har alltid utvandret langt flere menn enn kvinner, og dette har ført til at vi fra 1865 og fram til 1930 har hatt et overskott av gifteferdige kvinner helt fra 30-årsalderen og i enkelte perioder fra 25-årsalderen.²¹³

I tillegg til høgare mortalitet og utvandring vil også ulik giftarmålsalder gi høgare sølibatgrad for kvinner, ved at kvinnene giftar seg yngre enn menn. Lågare giftarmålsalder for kvinner enn menn fører dermed til at det blir kvinner til overs. Høgare omgifteprosent

²⁰⁹ Lundh: 1996, s. 7-8 og 25-27.

²¹⁰ Lundh: 1996, s. 20.

²¹¹ Lundh: 1996, s. 21

²¹² 'Ugift' tyder her sannsynlegvis 'ikkje gift' som sivilstatus. Backer er i det heile relativ uklår i omgrepsbruken. Dels brukar ho termen 'ikke gift' om personar som er ugifte eller enkjefolk, dels omtalar ho same gruppe som 'ugifte og før gifte' og også berre som ugifte, jf. Backer 1965, s. 36-37.

²¹³ Backer og Statistisk sentralbyrå: 1965, s. 37

for menn vil kompensere for dette, men omgifteprosenten fell gjennom 1800-talet, slik at også dette forholdet verkar i disfavør i høve til sølibatgraden for kvinner.²¹⁴

Backers forklaring på aukande sølibatgrad er reint demografisk, men ein kan også tenkje seg to andre grunnar; a) Stram økonomi ("nullvekst") førte til mangel på levebrød. Dersom ekteskap fram til 1900 framleis var knytt til eit økonomisk utkomme for ein heil familie og tilbodet av levebrød held ikkje tritt med etterspurnaden (folkeveksten), ville dette redusere delen gifte. Særleg i byane hadde mange menn yrke som ikkje kunne sameinast med ekteskap. Sveinar, studentar og soldatar var normalt ikkje gift.²¹⁵ b) Ny mentalitet, endring av normer eller snarare normbrot: Kvinner valde å vere einslege, og heller satse på ein yrkeskarriere framfor familie og husmoryrket.²¹⁶ Eg vil ikkje føre denne debatten vidare her. I denne samanheng er det først og fremst viktig å få avdekt og stadfest eit demografisk mønster, og sølibatprosenten syner lite endring i perioden. Saka ville stilt seg annleis om sølibatprosenten hadde blitt endra sterkt i perioden før dei tre teljetidspunkta 1801, 1865 og 1900, sidan det ville ha stor metodisk innverknad for utrekning av giftarmålsalder ved SMAM-metoden (sjå nedanfor).


Men før kartlegging av giftarmålsalder, er det viktig å kartleggje ein annan del av giftarmålmønsteret; variasjon i talet på giftarmål. Og variasjon i talet på giftarmål i høve til folkemengda (total og delmengder) har vore vanleg å setje i samband med økonomiske konjunkturar. Under gode økonomiske konjunkturar aukar talet på giftarmål i høve til folkemengda, medan talet på giftarmål går ned i periodar med vanskelege økonomiske høve.

²¹⁴ Backer og Statistisk sentralbyrå: 1965, s. 60-61. Dyrvik: 1983, s. 138-141.

²¹⁵ Hagemann: 1999, s. 171.

²¹⁶ Hagemann: 1999, s. 225. Ugifte kvinner som prioriterte utdanning og yrke og enkjer som ikkje ville gifte seg att vart oppfatta som eit normbrot eit "forsørgelsesproblem".

Figur 4-1 Samvariasjon mellom variasjon i ekteskapstalet og konsumprisindeks. Norge 1801-1900. Bergen 1816-1900.



Kjelde: Grunnlagsdata og kjelder sjå tabell F-1 i Tillegg F.

Den nedste heiltrekte line i figur 4-1 syner *den alminnelege giftarmålsrata* - talet på ekteskap pr. 1000 innbyggjarar.²¹⁷ Utanom ein topp etter 1815 har talet på ekteskap vore mellom 6.0 – 8.0 pr. 1000 innbyggjar gjennom heile hundreåret, og med ein svak minkande tendens mot 1900.

Det å setje variasjon i talet på ekteskap saman med økonomiske konjunkturar ser ut til å vere like gammal eller eldre enn giftarmålsstatistikken. Eilert Sundt var frå internasjonal litteratur kjend med denne relasjonen:

I England, Frankrig, Preussen o.s.v. lader det til, at de væsentlige årsager til det stigende eller faldende antal af ægtevielser ligge i de samtidige omstændigheder, de gunstige eller ugunstige tids-omstændigheder.²¹⁸

Medan i Norge hadde konjunkturane etter Sundt si oppfatning berre kortvarig og ”ring” verknad på talet på ekteskap. I Norge var det ”netop de fortidige omstændigheder med deres i det fjerne virkende indflydelser”²¹⁹ som var den ”overveiende” årsak til variasjonen i talet på ekteskap. Dei ”fortidige omstændigheder” har det blitt vanleg å kalle dei sundtske bølgiene, eller den sterke variasjonen i talet på fødsjar med om lag 30 års mellomrom som Sundt avdekkja. Ein bølgetopp var i åra etter 1815, som då 30 år seinare i Sundts samtid laga ei ”flobølgje” av gifteklare. Den sundtske ”ebbe” og ”flod” kjem til syne kring 1840 og 1870 ved talet på giftarmål går ned i høve til heile befolkninga som

²¹⁷ Dyrvik: 1983, s. 54-55 og 71-72. T.H. Aschehoug snur seg sikkert i grava ved at eg nyttar den alminnelege giftarmålsrata der alle innbyggjarar er under brøkstreken, ikkje berre dei mellom 15 og 50.

²¹⁸ Sundt: 1975, s. 260

²¹⁹ Sundt: 1975, s. 261

følgje befolkningsstrukturen. Men Sundts neglisjering av dei økonomiske konjunkturane kan ha samband med at han mangla eit uttrykk for konjunkturrendringar. Julie Backer har i si gransking synt at det var ein sterk samvariasjon mellom veksten i brutto nasjonalprodukt (BNP) og den alminnelege giftarmålsrata. Ved å skuve vekstrata for bruttonasjonalproduktet to år fram i høve til giftarmålshyppigheita fekk ho ein samvariasjon som var ”forbløffende”.²²⁰ Backer synte at langtidstrendane 1801 til 1960 skuldast endringar i samansetninga av folkemengda sin struktur, men at korttidstrendande

svarer meget godt til konjunktursvingingane som [...] veksten i nasjonalproduktet gir uttrykk for. [...] Giftermålshyppigheita nådde toppen et par år etter at veksten var kulminert, dvs. mot slutten av oppgangen eller endog etter at en ny nedgang hadde satt inn. Under konjunkturedgangen viste så giftermålshyppigheita på nytt fall, og den nådde minimum etter et eller flere år med svak vekst.²²¹

Backers figur og talmateriale syner at den alminnelege giftarmålsrata fell på 1860-talet samtidig med økonomisk vanskelege tider i Norge, vidare ny vekst tidleg på 1870-talet under den internasjonale høgkonjunktoren. Det skjer eit nytt fall under depresjonen på slutten av 1870-åra, og ny vekst under dei gode tidene på slutten av 1890-åra. Backers studie synte altså nær samanheng mellom økonomisk vekst og korttidsvariasjon i nuptialiteten.

4.1.2 Giftarmålsrate og prisvariasjon

Når Backer gjorde sin studie fann ikkje adekvat talmateriale for pris- og reallønsutviklinga i Norge på 1800-talet.²²² På grunnlag av Wedervang-arkivet ved Norges Handelshøyskole har ein etablert særeige norsk grunnlag for konsumprisutviklinga frå og med 1830.²²³ I *The Population History of England 1541-1871* etablerar Wrigley og Schofield ein dynamisk modell for samanhengar mellom befolkning og økologi.²²⁴ I følgje denne modellen er nuptialiteten på 1800-talet styrd berre av reallønsutviklinga, og ikkje i tillegg av mortalitet slik som tidlegare, før 1800. Samstundes vert prisutviklinga (mat) ein eigen uavhengig variabel, ikkje påverka av endringar i folketallet (folketalsauke). I modellen er reallønsutviklinga styrd av prisutviklinga og av etterspurnaden etter arbeidskraft. Det dynamiske sambandet mellom pris og løn er negativ slik at realløna minkar med aukande matprisar. Den uavhengige variabelen i modellen er prisen på mat.²²⁵

Ein fullskala prøving av modellen på norsk materiale fell utanfor tema for denne avhandlinga, men med utgangspunkt i delar av denne modellen ynskjer eg å avdekke om nuptialitetsmønster er avhengig av konsumprisutviklinga slik Wrigley og Schofields modell hevdar.²²⁶

²²⁰ Backer og Statistisk sentralbyrå: 1965, s. 30

²²¹ Backer og Statistisk sentralbyrå: 1965, s. 30.

²²² Ramstad og Minde: 1986, s. 91. Backers studie er frå 1965.

²²³ Ramstad og Minde: 1986, s. 91-92 og Hodne, Grytten og Alme: 1995, s. 62-63.

²²⁴ Wrigley og Schofield: 1989, s. 454-484.

²²⁵ Wrigley og Schofield: 1989, s. 473-476. Mot 1900 forsvinn òg sambandet mellom pris og nuptialitet, sjå s. 476-480.

²²⁶ I modellen til Wrigley og Schofield: 1989 er den uavhengige variabelen prisen på mat, medan eg har i analysen nytta konsumprisindeksen (Ramstads indeks). Skilnaden er likevel mindre for 1800-talet enn i dag, sidan matvarer representerer kring 2/3 av indeksen, 22% klede og skotøy, 11% oppvarming og lys. Hodne,

Figur 4-1 syner den alminnelege giftarmålsrata for Norge og for Bergen og konsumprisutviklinga etter 1830. Den gråprikka kurva i midten på figur 4-1 er den alminnelege giftarmålsrata for Bergen i perioden 1816-1900. Denne syner bra samsvar med giftarmålsrata for heile landet, med unntak frå slutten av hundreåret då giftarmålsrata er høgare og aukar raskare i Bergen enn i Norge totalt. Den øvste heile lina i figur 4-1 syner konsumprisindeksen frå 1830. Konsumprisen for 1850 er sett til 100. Figuren syner at frå 1860-talet er det middels god positiv samvariasjon mellom prisutviklinga og giftarmålsrata i same år. Kurva for Bergen synest å vere meir følsam for endringane i konsumprisindeksen enn landet totalt sett. Det kan sjå ut som talet på giftarmål kulminerer eit år før prisutviklinga, dvs. at høge prisar hemmar lysta eller evna til å "smis i hymens lenker". Det kan òg tyde på at høg ekteskapshyppigheit er inflasjonsdrivande, ved at sterk etableringslyst aukar etterspurnaden etter varer, arbeidskraft og tenester. Det at ein slik samanheng var kjent syner Hans Strøms *Beskrivelse over Fogderiet Søndmør* frå kring hundre år tidlegare. Om samanhengen mellom etableringslyst og prisauke seier Strøm at det:

høres idelige Klagemaale [...] at alle Levnets-Midler ere meget dyre og stige aarlig i sin pris [...] at de mange Giftermaale og Jordenes deling i smaa Parter [...] foraaaget [...] 2) At alt, hvad der behøves til en Huusholdning, har steget til en meget højere Priis end før, og bliver Tid efter anden dyrere; og at 3) at Tieneste-Folk ere vanskeligere at Faae og fordre en stor Løn.²²⁷

Desse klagemåla knyter seg til folkeveksten i prestegjelda kring Borgundsund (noverande Ålesund) og Kristiansund frå kring 1740.²²⁸ Samanhengen mellom etablering og inflasjon var både reell og kjent i samtida. Men samanhengen mellom nuptialitet og prisutvikling frå 1860-talet kan vere spuriøs, dvs. ein tredje utanforståande faktor fører både til inflasjon og inngåing av ekteskap.

I tida før 1860 og særleg før 1850 er kurvene vanskelegare å tyde. Ved analyse av svensk materiale konkluderer Martin Dribe og Christer Lundh med at nuptialiteten syner samanheng med prisvariasjonar på makronivå og over lange tidsrekkjer (10-30 års periodar). Derimot fann dei ingen samanheng mellom korttidsvariasjon (årleg) mellom prisar på korn og nuptialiteten på mikronivå.²²⁹ Berre ved ei visuell analyse av figuren kan vi derfor lett konkludere med at korttidsvariasjonar vanskeleg let seg forklare, og frå 1860-talet synest det vere ein positiv samanheng mellom a) giftarmålsrata og veksten i BNP og b) giftarmålsrata og prisutviklinga. Men det er for lett å sleppe problemet så lett, og eg ser ulike alternative tolkingar:

Grytten og Alme: 1995, s. 63. I høve til familieetablering trur eg at ein indeks som dekkjer ei breiare del av konsumet vil gje ein betre indikator på kostnadane ved etablering.

²²⁷ Strøm: 1762, del I (1762), s. 565-566, del II (1766), s. 61-62.

²²⁸ Strøm: 1762, del I, s. 466-467, 565-568, del II, s. 61-64. Strøm er kritisk til at berre folkeveksten forklarar prisauka ved at han peikar på at prisauke også er avhengig av pengemengda som er i sirkulasjon. Strøm dokumenterer prisauka slik: "En Favn Brændeveed, som for et Snees Aar siden kostede 20 Skill., koster nu overalt en halv Rigsdaler; En Vog Smør, som tilforn ble kjøbt for 9 Mark Danske, koster nu 3 Rdl.; en Tønde Syre eller suur Valle, som tilforn kostede 24 Skill., faaes nu ei ringere end for 3 Mark Danske; og saaledes i alle andre Ting. Tilforn var den sædvanlige Løn for en Dreng (saa kaldes her en Tieneste-Karl) 5 Rdl., og en for Tøs eller Pige 3 Rdl., som blev givet deels i Penge deels i Klæder; nu derimod er Pigens Løn forhøiet til 4 a 5 Rdl. og Karlens til 7, ja 8 og 10 Rdl., hvilket overalt leveres i rede Penge, undtagen i Fiordene.", jf. fotnotar del I s. 565-566.

²²⁹ Bengtsson og Dribe: 2000, s. 15-16. Dribe og Lundh: 1999, s. 2-3 og s. 16. Bengtsson og Dribe: 1997, s. 85-89.

- 1) Det er ei ulik tidsforskuving mellom prisutviklinga og giftarmålsrata før og etter midten av 1800-talet, dersom vi t.d. skyv kurva for pris to år attende vil det bli eit samsvar.
- 2) Før midten av 1800-talet har prisvariasjon lite eller mindre å seie for nuptialiteten. Prisfastsetting på varer skjer lokalt og i liten grad styrd av nasjonal eller internasjonal økonomisk utvikling
- 3) Ein utanforliggjande (demografisk) faktor har ulik innverknad på pris og giftarmål, t.d. dei sundtske bølgiene

For å gje eit svar på dette må vi gå i detaljar om utviklinga frå kring 1840. Tidleg på 1840-talet fell talet på ekteskap i høve til befolkninga, medan prisane er på veg oppover. I åra 1844 til 1846 var det i Bergen stigande prisar på korn som følgje av dårlege kornhaustar. 1847 var prega av sterkt aukande prisar og spekulasjon på russisk korn. I 1848 fall prisane pga. for stort tilbod og mangel på kjøparar. Dette kan tyde på at den sterke prisvariasjonen på 1840-talet, med korte og dramatiske oppgangs- og nedgangstider, fekk giftarmålsrata til å fluktuere så sterkt at det er vanskeleg å lese av noko som helst. Kanskje vi kan tolke fluktuasjonen som eit teikn på utrygge og omskiftelege tider og særleg for dei som planla ekteskap?

Men visuell analyse av kurver på ein figur har sine avgrensingar. Eit nøyaktig matematisk mål for samanheng er korrelasjonskoeffisienten Pearson's R. Ved analyse av korrelasjonen i perioden 1830-1890 har eg identifisert følgjande periodar og verdiar:²³⁰

1830-1845: Pearson's R = -0.76

1846-1865: Pearson's R = -0.19

1870-1900: Pearson's R = +0.80

Korrelasjonen mellom prisindeks og giftarmålsrata syner at i første del av perioden er samvariasjon negativ, dvs. høge prisar heng saman med få ekteskap, låge prisar med mange ekteskap. I perioden kring midten av hundreåret er det lite eller ingen samvariasjon mellom prisar og giftarmålshyppigheit. Etter 1870 er samvariasjonen snudd i høve til før 1830-talet, pris og giftarmål varierer i same retning, høg prisindeks heng saman med høg giftarmålsrate. Forskuving av giftarmålsrata i høve til prisindeksen har ingen avgjerande innverknad på korrelasjonen i nokon av periodane.

Korrelasjonsanalyse av samanhengen mellom realløner for arbeidarar og tenestefolk syner negativ samvariasjon. For heile perioden er Pearson's R lik -0.75 mellom realløn for tenestefolk og giftarmålsrata i same år.²³¹ Problemet kan vere å justere rett 'time-lag', men og at korttidsvariasjonar i realløn ikkje har effekt på giftarmålsrata. Wrigley og Schofield meiner tidsforskuvinga er stor, kring 10-15 år.²³²

I høve til dei tre alternative tolkingane over vil eg konkludere slik:

1. Forskuving av giftarmålsrata i høve til prisindeks gjev ikkje betre samvariasjon, korkje før eller etter 1850-60-talet.

²³⁰ Sjå tabell F-1 i tillegg F. Tabell F-1 syner Pearson's R i 20-års periodar.

²³¹ Sjå tabell F-1 i tillegg F.

²³² Wrigley og Schofield: 1989, s. 425-26. Wrigley og Schofield nyttar mykje lengre tidsseriar (1550-1900) og 25 års flytande gjennomsnitt

2. Skilnadane før og etter 1850-60-talet kan heller ikkje skuldast sundtske bølger, for då ville ein vente syklusar på kring 30 år. Dette er ikkje tilfelle (jf. tabell F-1).
3. Det er mogeleg at frå midten av hundreåret blir det etablert ein ny samheng mellom prisutvikling og giftarmålsrata som skuldast både auka internasjonalisering av norsk økonomi og i større grad nasjonalisering av prisfastsetjinga som følgje av kommunikasjonsutviklinga. Lokal variasjon kverv. Noko eigentleg grunnlag for denne hypotesen manglar og det vil føre for vidt å føre denne diskusjonen vidare.

Eg må dermed avslutte desse interessante funna utan å kunne forklare dei. Føremålet med analysen av giftarmålshyppigheita var å avdekkje og kontrollere for denne variabelen før analysen av giftarmålsalder. Dessutan har vi berre ein kort tidsserie før 1850 med avvikande korrelasjon, slik at eg vel å stoppe drøftinga her.²³³

Analysen av nuptialiteten i Norge på 1800-talet syner at

- 1) Langtidsvariasjon: Giftarmålsrata varierer med djupe strukturelle trekk ved befolkningsamansetjinga i Norge. Sundtsk "ebbe" og "flod".
- 2) Korttidsvariasjonar
 - a. Giftarmålsrata varierer med økonomiske konjunkturar målt med veksten i BNP etter 1865, men med ei forseinking på kring 2 år.²³⁴
 - b. Mellom 1830 og 1850 er det ein negativ samheng mellom prisar og giftarmålsrata, etter 1865 er samhengene snudd: Giftarmålsrata varierer positivt med prisutviklinga; høge prisar og mange giftarmål, fallande prisar og fallande giftarmålsrate høyrer saman i same år.

Dermed har vi delvis kontroll med vekslingane i den alminnelege giftarmålsrata, talet på ekteskap pr. 1000 innbyggjar. Giftarmålsrata er relativt stabil gjennom heile 1800-talet, men med eit svakt fall mot slutten av perioden. Stabiliteten i giftarmålsrata er viktig i høve til giftarmålsalder, for det aukar sannsynet for at fluktasjonar eller endring i giftarmålsalder ikkje skuldast endring i giftarmålshyppigheit. Det hadde naturlegvis vore ønskjeleg å kunne forklare samhengane mellom prisar og variasjonen i giftarmålshyppigheita, men det må eg ta att i ein annan studie.

4.1.3 Giftarmålsalderen i Norge 1800-1900

Den relativt svake auken i sølibatgraden indikerer ei forsterking av det "Hajnalske giftarmålsregime" (Det vesteuropeiske giftarmålsmonster). Kva med giftarmålsalderen? Er den også innafor grensene, over 24 år for kvinner, over 26 år for menn?

Tabell 4-2 og figur 4-1 syner den gjennomsnittlege giftarmålsalderen ved førstegongs giftarmål for menn og kvinner i Norge i perioden 1841 til 1920, saman med singular gjennomsnittleg giftarmålsalder (SMAM) utrekna i 1801, 1865 og 1900. Vi kan slå fast at giftarmålsalderen, både for menn og kvinner, fell godt innafor det vesteuropeiske giftarmålsmonsteret. Vurderer vi heile perioden under eitt syner tabellen og figuren at

²³³ Eg vil ta opp att denne tråden i ein annan samheng seinare.

²³⁴ Backer og Statistisk sentralbyrå: 1965. Talmaterialet og statistikken strekkjer seg attende til 1865.

giftarmålsalderen aukar fram mot 1850-60-talet for deretter å falle. I 1841-45 er giftarmålsalderen 28.37 år for menn og 26.83 år for kvinner. Toppen av kurva er mellom 1856 og 1865, der giftarmålsalderen for menn er kring 29.2 år og 27.2 år for kvinner. Etter 1870 (data for femåret 1866-1870 manglar) fell giftarmålsalderen til i underkant av 28 for menn og i underkant av 26 for kvinner ved utgangen av hundreåret.

Tabell 4-2 Gjennomsnittsalderen ved giftarmålet 1801-1920.

Teljear/ tidsperiode	Giftarmålsalder			
	Før ugifte		SMAM	
	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner
1801			28.9	27.5
1841-45	28.37	26.83		
1846-50	28.45	26.82		
1851-55	28.74	27.09		
1856-60	29.12	27.25		
1861-65	29.22	27.24	29.1	27.5
1866-70				
1871-75	28.68	26.57		
1876-80	28.20	26.30		
1881-85	28.28	26.39		
1886-90	28.31	26.42		
1891-95	28.20	26.36		
1896-1900	27.75	25.86	28.2	27.0
1901-05	27.68	25.70		
1906-10	27.94	25.72		
1911-15	27.81	25.57		
1916-20	27.59	25.37		

Kjelder: Backer og Statistisk sentralbyrå:1965, tabell 13 s. 47, AGG1801, AGG1865 og AGG1900, jf. tabellane F-2 til F-7 i tillegg F.

Kva med første del av 1800-talet? Utrekninga av SMAM for 1801 og 1865 indikerer små endringar i denne perioden, SMAM for menn er 28.9 år i 1801 og 29.1 år i 1865, og for kvinner 27.5 år for begge tidspunkta. Kor godt inntrykk av giftarmålsalderen i perioden 1801-1840 gjev SMAM for 1801? Nokre spesialgranskingar kan gje eit visst svar: I Rendalen var gjennomsnittleg giftarmålsalder 31.1 år for menn og 28.6 år for kvinner i perioden 1781-1828.²³⁵ I Hamre prestegjeld var alderen 28.2 år for menn og 27.1 år for kvinner i perioden 1750-1801.²³⁶ I Bø i Telemark var alderen 27.7 år for menn og 25.6 år for kvinner i perioden 1780-1815.²³⁷ I Bergen er gjennomsnitt giftarmålsalder for menn i perioden 1816-1839 28.5 år og 27.7 år for kvinner.²³⁸ I Sauda var giftarmålsalderen 29.6 år og 28.1 år for ektepar som etter giftemål vart husmannsfolk, medan tilsvarande for gardbrukarparet var 28.7 år og 23.3 år. Tala gjeld perioden 1801-1805.²³⁹ Dei tre første granskingane gjev eit ikkje-vekta snitt på 28.9 år for menn og 27.2 år for kvinner i perioden 1781-1801, som er identisk med SMAM for menn i 1801 og 3-tideler for lågt for

²³⁵ Sogner: 1979, s. 335.

²³⁶ Kåstad: 1981, s. 53

²³⁷ Randsborg: 1979, Dyrvik: 1983, s. 139. Tala er henta frå Dyrvik.


²³⁸ Utrekningar eg har gjort på basis av "Vigde i Bergen 1816-1911", database i Digitalarkivet,

<http://digitalarkivet.no/>

²³⁹ Olsen: 1994, s. 66-68.

kvinnene. Grunnlaget er rett nok tynt, men eg vil hevde at SMAM gjev eit rimeleg godt bilete av giftarmålsalderen kring 1800.

Figur 4-2 Giftarmålsalder og SMAM (Singular Mean Age of First Marriage). Norge 1801-1920



Kjelder: Backer og Statistisk sentralbyrå:1965, Tabell 13 s. 47. AGG1801, AGG1865 og AGG1900, jf. tabellane F-2 til F-7 i Tillegg F.

I andre halvdel av 1800-talet kan SMAM samanliknast ved den verkelege giftarmålsalderen. Og samanliknar ein SMAM med den verkelege giftarmålsalderen for 1865 og 1900 kan det nok overraske at differansen er så liten i 1865, 0.09 og 0.25 år, medan avviket er 0.44 og 0.83 år i 1900. Dette heng delvis saman med at SMAM-metoden ikkje i så stor grad fangar opp raske skifte i nær fortid. SMAM kring 1900 avspeglar såleis i like stor grad giftarmålsalderen for heile perioden etter 1870, som dei to siste femårsperiodane før 1900. Stabiliteten i giftarmålsalderen mellom 1850 og 1865 forklarar difor at SMAM-metoden gjev eit meir korrekt resultat for 1865 enn for 1900.

I Figur 4-2 syner både den faktiske giftarmålsalderen ved førstegongs giftarmål i perioden 1841-1920 og SMAM på dei tre teljetidspunkta 1801, 1865 og 1900. Endringane over tid kan overraske, for kring 1850 aukar giftarmålsalderen for å falle til eit pre-1850 nivå. Det er først det siste 10-året av 1800-talet at giftarmålsalderen fell med eit 1/2 år og den held fram med å falle fram mot 1920. Målt med SMAM så er differansen mellom 1801 og 1900 0.5 år for kvinner og 0.7 år for menn. Ser vi på den verkelege giftarmålsalderen syner tabellen at giftarmålsalderen for menn har falle kring 1.4 år frå midten av 1800-talet til tidleg på 1900-talet og kring 1.5 år for kvinner i same periode. Dette kan tyde på ei viss oppmjuking av dette elementet i det europeiske giftarmålsmonsteret (Hajnal) i andre halvdel av 1800-talet. Variasjonen på 1800-talet, med ein mogeleg topp kring 1860 kan også tyde på underliggjande endringar på eit lågare aggregert nivå. Om dette er tilfelle vil vere tema i kapittel 7 og 8. Førebels må vi konkludere med at analysen av

giftarmålsalderen synest å gi indikasjon på eit relativt stabilt giftarmålsmonster i Norge på 1800-talet, men at både auka i midten av hundreåret og fallet i giftarmålsalderen i siste del av 1800-talet kan tyde på underliggjande rørsler i giftarmålsmonsteret.

4.1.4 Regional variasjon i giftarmålsalderen

I førre avsnitt konkluderte eg med at variasjonar i giftarmålsalderen gjennom hundreåret kan skuldast underliggjande endringar eller variasjonar av demografisk, sosial eller regional karakter. Det kan t.d. tenkjast at ei sundtsk bølge presser giftarmålsalderen oppover, og fleire granskingar har synt at giftarmålsalderen for husmannssøner og -døtrer er høgare enn for bondesøner og -døtrer.²⁴⁰ Regionale variasjonar vil også kunne påverke den samla giftarmålsalderen, og ein enkel oppdeling i regionar er by og land vil kunne gje eit første inntrykk av underliggjande mønster og asynkron endring av desse.

Tabell 4-3 SMAM. Norge 1801, 1865 og 1900

SMAM (Singular Mean Age at first Marriage)							
Teljeår	Byar		Landsbygd		Norge		% av befolkning i by
	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	
1801	28.9	28.2	28.9	27.4	28.9	27.5	10.0 %
1865	28.2	26.9	29.3	27.6	29.1	27.5	15.6 %
1900	27.6	27.1	28.7	26.8	28.3	26.9	28.3 %

Kjelder: AGG1801, AGG1865, AGG1900. By definert administrativt etter folketeljingane.

Tabell 4-3 syner giftarmålsalder (SMAM) for byar og landsbygd i 1801, 1865 og 1900. Fleire interessante mønster dukkar opp: Giftarmålsalderen for menn både i bygd og by var lik kring 1801, men fall gjennom heile perioden for menn i byar, frå 28.9 år til 27.6 år. For menn på landsbygda auka den fram mot 1865 for deretter å falle, frå 28.9 til 29.3 for deretter å minke til 28.7 år. For kvinner var situasjonen annleis, giftarmålsalderen for kvinner var høgare i byar enn på landsbygda i 1801, 28.2 år mot 27.5 på landsbygda. Deretter minka den for kvinner i byane, men den auka noko for kvinner på landsbygda mot 1865, for så å falle slik at differansen var berre 0.4 år i 1900. Tabellen avslører at fallet i giftarmålsalderen var større i byane enn på landsbygda, og fram mot 1865 var fallet eit reint byfenomen, medan på landsbygda auka giftarmålsalderen mot 1865. Dette forholdet kan gi næring til det vi kan kalle kulturspreiingsforklaringa (kulturdiffusjon), som vil bli teken opp til prøving i kapittel 8.

Med litt varsemnd kan vi konkludere med at sjølv om giftarmålsmonsteret synest å liggje stabilt gjennom store delar av hundreåret, kan denne enkle oppdelinga mellom by og land indikere både regionale skilnader og ulik endringstakt regionalt. No vil perspektivet bli endra, frå demografiske indikatorar til livsløp.

4.2 Timing av livsløpsovergangar

Gjennomsnittleg giftarmålsalder er ikkje berre eit demografisk måltal, det markerer også sentraltendensen ved ein livsløpsovergang; 'timing' av giftarmål. Det er ikkje berre eit

²⁴⁰ Sogner: 1990, s. 43

skifte i sivilstatus frå ugift til gift, men i livsløpsperspektivet markerer giftarmål også etablering av familie. I livsløpsperspektivet er ein også oppteken av om individuelle overgangar skjer seint eller tidleg i høve til sosial og kulturelle normer. Det å stifte familie var den viktigaste endringa i livsløpet, saman med det å få barn for første gong. Innafor vår periode, 1800-1900, vil desse to hendingane ofte vere nær knytt til kvarandre i tid i livsløpet til einskildindivid. Særleg sidan truloving i stor grad vart oppfatta som formalisering av eit parforhold, vil avstanden i tid frå giftarmål til første barnefødsel gjerne vere mindre enn 9 månader.²⁴¹ I høve til spørsmålet om samfunnsmessige endringar og endring av familiestrukturar vil derfor denne livsløpsovergangen (familie-etablering) ha stor vekt når ein skal vurdere endring eller kontinuitet. Men i tillegg er forståing av heile livsløpet, frå ein person forlèt opphavsfamilien til ein sjølv etablerar ein familie, avgjerande for å vurdere i kva grad samfunnsendringar direkte påverkar åtferda i denne delen av livsløpet (søkjefasen).

I det fylgjande vil livsløpsovergangane a) "Å forlate foreldreheimen" b) "Familieetablering" =giftarmål og c) "Hushaldsetablering" bli analysert gjennom særleg to eigenskapar, "timing" og spreing. Eigenskapen "Timing" definerer eg som sentraltendens, eller den vanlege alder for gjennomføring av livsløpsovergangen. Eigenskapen spreing gjev ein indikasjon på kor raskt overgangen skjer, om den skjer innafor eit breitt eller smalt aldersrom, jf. kapittel 3.

I artikkelen "Det store oppbrotet" har Jan Oldervoll granska utflyttinga frå heimen basert på 1801-teljinga.²⁴² Ved å dele barn inn etter alder og kategoriane "Husbondsborn", "Tenesteborn", "Fosterborn", "Barneslektningar", "Andre born" og "Innerstborn" syner han at husbondsbornprosenten (=barn som bur heime hjå foreldra) alt byrjar å falle i seksårsalderen. Særleg merkar Nord-Norge seg ut med berre 84% husbondsborn i aldersgruppa 0-9 år. Berre i ein viss grad skuldast dette at så unge barn går i teneste (kring 2%) og regionale skilnader i talet på uekte fødselar. Nord-Norge er sermerkt med ei relativ størst auke i prosentdelen fosterborn, og derfor er den viktigaste forklaringa oppløysing av heimar truleg fordi ein eller begge foreldra dør.²⁴³ Vidare syner Oldervoll at borna forlèt foreldreheimen i perioden frå dei var 10 år til dei var 30 år, matematisk uttrykt ved likninga $y=120,34 - 3.81x$. Det vil seie at kvart år frå 10-års alderen forlèt 3.81 prosent av kullet heimen. Ved 30-års alderen var knappe 10% av årskulla heime hjå foreldra. Det er kjønnskilnader: Jentene forlèt foreldreheimen i ei raskare takt enn gutane.²⁴⁴ Det er sosiale skilnader: "Husmannsungane reiste ut i noko større grad enn brukarungane".²⁴⁵ Vidare avdekkjer også Oldervoll regionale skilnader, mellom by og land, og mellom dei fem geografiske regionane: Austlandet, Sørlandet, Vestlandet, Trøndelag og Nord-Norge. Desse skilnadane vil eg komme attende til i kapittel 7.

²⁴¹ Sogner og Eliassen: 1981.

²⁴² Oldervoll: 1980, s.91-107

²⁴³ Oldervoll: 1980, s. 94-95.

²⁴⁴ Oldervoll: 1980,s. 100

²⁴⁵ Oldervoll: 1980, s. 97.

Tabell 4-4 Livsløpsovergangar for menn og kvinner, Norge 1801, 1865 og 1900. a) Forlate opphavsfamilien, b) giftarmål og c) etablere eige hushald.

Livsløpsovergang	1801			1865			1900		
	Alder	Kvartil-differanse 1 - 3	Diff. giftarmål - forlate opphavsfamilien	Alder	Kvartil-differanse 1 - 3	Diff. giftarmål - forlate opphavsfamilien	Alder	Kvartil-differanse 1 - 3	Diff. giftarmål - forlate opphavsfamilien
Kvinner									
a. Forlate opphavsfamilien 1. kvartil	12.6			14.5			15.1		
b. Forlate opphavsfamilien median	17.5	10.9		17.6	9.6		19.0	10.5	
c. Forlate opphavsfamilien 3. kvartil	23.5			24.1			25.6		
d. Første giftarmål 1. kvartil	22.4			22.5			21.8		
e. Første giftarmål median	26.1	8.2	8.6	26.3	8.2	8.8	25.6	8.2	6.6
f. Første giftarmål 3. kvartil	30.5		17.9	30.8		16.3	30.0		14.9
Menn									
g. Forlate opphavsfamilien 1. kvartil	12.9			15.4			16.5		
h. Forlate opphavsfamilien median	21.0	14.6		21.8	12.6		23.6	12.8	
i. Forlate opphavsfamilien 3. kvartil	27.5			28.0			29.2		
j. Første giftarmål 1. kvartil	24.5			24.6			23.7		
k. Første giftarmål median	28.0	7.8	7.1	28.2	7.8	6.4	27.3	7.8	3.7
l. Første giftarmål 3. kvartil	32.3		19.4	32.4		17.0	31.5		15.0
m. Etablere hushald 1. kvartil	24.6			24.6			23.6		
n. Etablere hushald median	28.1	7.5		27.9	7.3		26.9	7.7	
o. Etablere hushald 3. kvartil	32.1			31.8			31.2		

Differansar i tredje kolonne for kvart teljeår:

Differansen i rad e. er differansen mellom medianen for første giftarmål (e) og medianen for å forlate foreldreheimen (b). Tilsvarende er differansen i rad k lik differansen mellom rad k og h.

Differansen i rad f. er differansen mellom 3. kvartil for første giftarmål (f) og 1. kvartil for å forlate foreldreheimen (a).

Kjelder: AGG1801, AGG1865 og AGG1900, jf. tabell F-2, F-3, F-4, F-5, F-6 og F-7 i Tillegg F.

Utflytting frå opphavsfamilien er samansett – eit knippe av pull og push-faktorar. Årsakene var både av friviljug karakter, av tvang og av naud, fordi heimen ikkje finst lenger. Vi finn også ei årsak i ulikt arbeidskraftsbehov – nokre hushald (husmannsheimar) hadde overskot på arbeidskraft. Andre hushald (bondeheimar) etterspurde arbeidskrafta. Denne ulike fordelinga av tilbod og etterspurnad styrde også flyttinga frå heimen, og dette kan forklare både regionale skilnader, kjønnskilnader og sosiale skilnader.²⁴⁶

I tabell 4-4 er prinsippa i analysemåten introdusert av Oldervoll vidareført, men med talmateriale for 1801, 1865 og 1900, og fokus på ”timing” av livsløpsovergangane. Tabell 4-4 syner ”timing” og aldersspreiing av livsløpsovergangar for menn og kvinner i perioden 1801 til 1900. Tre livsløpsovergangar er representert: a) Forlate opphavsfamilien b) Familieetablering (giftarmål) og c) Hushaldsetablering. I tabellen er desse tre livsløpsovergangane skildra med ulike måltal. Medianen (=2. kvartil) gjev uttrykk for sentralverdi, og syner ved kva alder halvparten av eit kull har gjennomført overgangen, medan første kvartil syner ved kva alder første fjerdepart har gjennomført overgangen, og tredje kvartil når 3/4 av kullet har gjennomført overgangen.²⁴⁷ Spreiing er i tabell 4-4 uttrykt ved differansen mellom første og tredje kvartil, og syner tidsperioden uttrykt i alder den sentrale halvparten av populasjonen treng for å gå gjennom transisjonen. Lita spreieing, dvs. at differansen mellom 1- og 3-kvartil er liten, tyder at denne livsløpsovergangen skjer innafor eit snevert aldersrom og kan t.d. tyde på at overgangen er aldersbetinga og sterkt normstyrd. Motsett fall, stor spreieing, tyder på at eit kull brukar lang tid på overgangen, og den er i mindre grad avhengig av alder.

Her er det på sin plass med ein liten metodisk merknad. Medianen i tabell 4-4 skulle i teorien ha gitt det same resultatet som SMAM i tabell 4-2 og figur 4-1, men samanliknar vi t.d. tala for 1900 syner det seg at median giftarmålsalder for menn i tabell 4-4 er 27.3 år, medan den er 28.3 år i tabell 4-2. Kvifor så stor skilnad (1 år)? For det første er tala rekna ut med ulik metode: SMAM i tabell 4-2 og figur 4-1 er rekna ut etter Hajnals metode, medan median er rekna ut på basis av alderen der halvparten av ein populasjon er gift etter at sølibatsprosenten er trekt frå.²⁴⁸ Den sistnemnde metoden fangar i større grad opp endringar i teljeaugneblinken enn SMAM, og medan SMAM fangar opp at andre halvdel av eit kull brukar lenger tid på å bli gift, gjer ikkje median-metoden det. Dersom overgangen frå ugift til gift for eit kull skjer raskt og innafor same alder for kring halvparten av kullet, medan den andre halvparten brukar lengre tid, vil SMAM fange dette opp, men ikkje medianmålet. Desse to forholda kan vere årsaka til at median-målet gjev ein lågare alder enn SMAM. Derimot vil målalet for tredje kvartil fange opp reduksjon i takta på livsløpsovergangen.

La oss sjå på livsløpsovergangane til kvinnene først: I 1801 har 1/4 av populasjonen forlate foreldreheimen ved 12.6 år medan denne overgangen har auka til 15.1; ei auke på 2.5 år i 1900. Medianen aukar tilsvarende, 17.5 år i 1801, 17.6 i 1865 og 19.0 i 1900, altså størst auke etter 1865. Kvartildifferansen (mellom 1- og 3-kvartil) er stabil i perioden 1801

²⁴⁶ Oldervoll: 1980, s. 104-105.

²⁴⁷ For meir om utrekningsmåten sjå kapittel 3.

²⁴⁸ Shryock, Siegel og Larmon: 1973, s. 292-295. Utrekningsformel for median giftarmålsalder, jf. Kapittel 3-4.

til 1900, frå 10.9 år til 10.5 år. Dette syner at livsløpsovergangen blir parallellskyvd , med kring 2.5 år i heile perioden.

Tabellen syner også at giftarmålsatferda var relativt stabil gjennom heile hundreåret: I 1801 var 1. kvartil av kvinnene gift ved 22.4 år, og eit halvt år tidlegare i 1900 (21.8 år). Medianen minkar noko meir, frå 26.1 år i 1801 til 25.6 år i 1900, og tredje kvartil (3/4 av årskullet er gift) minkar frå 30.5 til 30.0. Kvartildifferansen mellom 1. og 3. kvartil er stabil i heile perioden med 8.2 år.

Ein liknande tendens finn vi for menn, men gutane forlèt foreldreheimen i ei lågare takt. 1-kvartil for å forlate foreldreheimen er 12.9 år i 1801, 15.4 år i 1865 og 16.5 år i 1900, ein auke på 3.6 år. Dette er ei relativt sterk endring i livsløpsatferd både for menn og kvinner, men auken er størst for menn. Medianen aukar også, frå 21.0 år i 1801 til 23.6 år i 1900. Også for tredje kvartil er det auke (1.7 år). Sidan auken i alder for når første kvartil forlèt foreldreheimen er sterkare enn for tredje kvartil, minkar kvartildifferansen frå 14.6 år til 12.8 år. Dette tyder at menn forlèt foreldreheimen langt seinare i livsløpet kring 1900 enn tidlegare. Auken skjer gradvis gjennom heile hundreåret.

Samanliknar vi tala for menn og kvinner er likskap i livsløpsatferd langt meir tydeleg i 1801 enn i 1900. Vi kan slå fast at kvinner og menn skil lag i løpet av hundreåret. Tidleg i hundreåret forlèt dei opphavsfamilien omlag på same tidspunkt og i relativt lik takt. Mennene har ei lågare takt, men dette kan ha samband med at relativt fleire menn blir verande heime fordi dei skal ta over gardsbruket. I 1900 er det større skilnad mellom menn og kvinner; mennene, eller rettare sagt gutane, blir verande heime hos opphavsfamilien til ein høgare alder. Metoden fangar ikkje opp emigrasjon, men migrasjon blir fanga opp og derfor vil tredje kvartil i større grad vere påverka av emigrasjon enn første og andre kvartil. Utvandring av unge ugifte menn kring 20 år vil auke alderen for når tredje kvartil har forlate opphavsfamilien, særleg i 1900 (29.2 år). Trass i dette problemet kan vi likevel slå fast at det skjer ei viss divergering i livsløpet mellom menn og kvinner i løpet av 1800-talet.

Tilsvarande amerikanske undersøkingar for tidsperioden 1880-1970 har synt ei tydeleg aldersauke for overgangen 'å bli vaksen', der 'vaksen' er overgangar som fulltidsarbeid, giftarmål eller etablering eige hushald. Den rådande oppfatninga er at "før" var overgangen stabilt lang, dvs. det tok lang tid frå ein forlèt foreldreheimen til ein t.d. etablerte eige hushald. I løpet av 1900-talet blei dette aldersrommet sterkt redusert, altså det tok kortare tid å forlate foreldreheimen og etablere eige hushald. Grunnen til denne endringa er todelt, for det første blir kvar einskild faseovergang kortare og for det andre aukar alderen for når ein forlèt foreldreheimen. Amerikanske granskingar har synt at tida det tok den sentrale 80% av ein populasjon å bli gift vart halvert på 1900-talet. Etablering av eige hushald tok i 1970 berre 2/3 av tida i høve til hundre år tidlegare. Årsaka er m.a. at skule og utdanning har blitt stendig meir og meir organisert og gjer livsløpet i større grad aldersdeterminert.²⁴⁹ Andre forskarar har peika på "smeltedigel-effekten" – kulturell homogenisering av livsløpet på tvers av rase, klasse- og etniske skilnader. Bakgrunnen for

²⁴⁹ John Modell 1976:12-17. Sjø og Stevens: 1990, s. 168-169 og 174-176.

”Smeltedigel-effekten” har m.a. vore utbygging av velferdsordningar som Social Security og G.I. Bill²⁵⁰, og etterkrigs-boomen i amerikansk økonomi.²⁵¹

For det pre-industrielle England har Richard Wall påvist at arbeiderfamiliar i proto-industrielle samfunn synest å ha minst bruk for egne barn. Samstundes er han varsam med å trekkje for bastante grenseliner mellom typiske proto-industrielle og typiske jordbrukssamfunn. Wall greier ikkje å påvise ein hovudregel om at proto-industri fører til at barna forlèt foreldreheimen tidlegare og inngår giftarmål på eit tidlegare tidspunkt i livsløpet.²⁵² Eg vil snarare tru at proto-industrielle samfunn, med stor grad av heimeindustri, vil barna utgjere ein viktig arbeidskraftressurs, like viktige som i eit jordbrukssamfunn.

Tidlegare (jf. kapittel 2) har eg synt at det er få norske livsløpsgranskingar. Ein av dei få er *Yrkeshistorieundersøkelsen 1971*. Der vart tre fødselskohortar nytta, menn født i 1921, 1931 og 1941. Analysen synte at median alder for å forlate foreldreheimen fall frå kring 20 år for 1921-kohorten til i overkant av 18 år for 1941-kohorten. Samstundes fall median alder for første barns fødsel frå i overkant av 30 år til kring 26.5 år, og median alder for første giftarmål frå kring 28 år for 1921-kohorten til 25 år for 1941-kohorten. Desse tre livsløpsovergangane definerte undersøkinga som overgangsprosessen ”å bli etablert med eigen familie”. Granskinga synte tydeleg tendensen til tidsmessig komprimering av overgangsfasen.²⁵³ Dermed føyer det norske resultatet, om enn på eit magert grunnlag, seg inn i same mønsteret som dei amerikanske granskingane ved at faseovergangen ’å bli vaksen’/’etablere familie’ vert kortare. Men i motsetnad til dei amerikanske granskingane skuldast komprimeringa i Norge utelukkande fallande giftarmålsalder/alder for første barns fødsel.

Men kva om vi flyttar oss til 1800-talet i Norge, blir fasane frå ein forlèt foreldreheimen til ein etablerar eige hushald komprimert? Den tredje kolonnen for kvart teljeår i tabell 4-4 syner to differansar: 1) mellom median for å inngå første giftarmål og median for å forlate foreldreheimen, og 2) differansen mellom alder for tredje kvartil for første giftarmål og første kvartil for å forlate foreldreheimen. Aldersdifferansen mellom giftarmål og forlate foreldreheimen (kvinner; rad e - rad b og menn; rad k - rad h) er stabil i overkant av 8 år for kvinner og 7 år for menn til og med 1865. I 1900 har denne differansen minka til 6.6 år for kvinner og 3.7 år for menn. Minka skuldast dels lågare giftarmålsalder, og dels at både menn og kvinner forlèt foreldreheimen ved ein høgare alder enn tidlegare. Den andre aldersdifferansen, mellom første kvartil for å forlate foreldreheimen til 3-kvartil for giftarmål vil i større grad avsløre den totale komprimeringa av leite- og søkjefasen av livsløpet.


²⁵⁰ G:I Bill: ”The Servicemen's Readjustment Act of 1944”, Higher Education Resource Hub og HigherEd.org:u.å. http://www.higher-ed.org/resources/GI_bill.htm

²⁵¹ Stevens: 1990

²⁵² Wall: 1987. Wall etterlyser fleire granskingar som samanliknar industrisamfunn med jordbrukssamfunn og foreldra sin sosio-økonomiske bakgrunn.

²⁵³ Skrede: 1994, s. 28-29

Figur 4-3 Menn fordelt etter alder og hushaldsstilling 1801, 1865 og 1900



Kjelde: AGG1801, AGG1865, AGG1900, jf. tabell F-2, F-4 og F-6 i Tillegg F.
 Kjønnsproporsjonen sjå tabell F-8, F-9 og F10 i Tillegg F.

Aldersdifferansane (rad f - rad a, rad l - rad g) i tabell 4-4 syner at denne delen av livsløpsovergangen blir forkorta med 3.0 år for kvinner (frå 17.9 til 14.9 år) og 4.4 år for menn (frå 19.4 til 15.0 år) og prosessen er jamn gjennom dei tre teljetidspunkta. Dette tyder at kvinnene i 1900 gjennomfører desse livsløpsovergangane på 5/6 av tida kvinnene i 1801 brukte, og mennene med 4/5 av tida forgjengarane i 1801 brukte. Dette kan tyde på at prosessen med komprimering av desse livsfaseovergangane og dermed sterkare aldersdeterminasjon har røter i andre halvdel av 1800-talet. Og at fokus på 1900-talet i dei amerikanske undersøkingane kan ha samanheng med mangel på landsdekkjande analysemateriale for perioden før 1880.

Men faseovergangen etablering av eige hushald syner ikkje same nedkorting som dei andre faseovergangane. Etablering av eige hushald er berre utrekna for menn og syner ein median alder kring 28 år både i 1801 og 1865. I 1900 har etableringsalder falt til 27 år. Aldersspreiinga er stabil i perioden, differansen mellom første og andre kvartil er 7.5 i 1801 mot 7.7 i 1900. Dette indikerer tidlegare etablering, omlag 1 år tidlegare i 1900 enn i 1865 og 1801.

Kva har analysen av timing avdekkja? Kort oppsummert: Alderen for når barna forlét foreldreheimen aukar, samstundes som både alder for giftarmål og hushaldsetablering fell gjennom hundreåret. Vi ser at den første auken er større enn fallet i etableringsalder, slik at leite- og søkjefasen blir komprimert nedanfrå. Det betyr at 20-åringane på slutten av 1800-talet hadde langt færre år utanfor foreldreheimen, enn 20-åringane på slutten av 1700-talet, før dei sjølv etablerte familie og hushald. Dette tyder på at livsfasen frå ein forlèt foreldreheimen til ein sjølv etablerar familie (frå 'barn' til 'vaksen') blir endra i løpet av 1800-talet og kanskje får eit anna innhald. Livsløpet frå 'barn' til 'vaksen' vert endra ved at ein større og større del av unge menn og kvinner får den naudsynte opplæringa medan dei bur saman med foreldra og ikkje utanfor. Og endringane syner også at tida utanfor foreldreheimen før eigenetablering blir nedkorta. Denne analysen av timing og aldersspreiing har gjeve to sentrale eigenskapar ved livsløpsovergangane frå å forlate opphavsfamilien til sjølv å etablere familie. Analysen har i langt mindre grad avdekt eigenskapar ved denne delen av livsløpet, dvs. i kva grad innhaldet i livsfasen frå 'barn' til 'vaksen' er blitt endra og karakteren av livsfasen er blitt endra. Dette leier oss til vidare: I kva grad får livsfasen mellom frå å forlate opphavsfamilien til sjølv å etablere hushald nytt innhald?

4.3 Livsfasar fram til etablering

Analysen av livsløp så langt har gjeve ein peikepinn på at det skjer endring i timing og aldersspreiing av familierelaterte livsløpsovergangar, og at endringane divergerer m.o.t. kjønn. I denne delen av kapittelet skal det granskast vidare kva som ligg under desse endringane ved å studere fasane mellom overgangane. Ved å fordele familiestilling mot alder kan vi få eit innblikk i andre eigenskapar ved livsløpsfasane. Til dømes kva stilling har unge menneske i fasane fram mot etablering av familie? Er dei heimeverande barn, losjerer dei, eller er dei i teneste? Tidlegare i kapittelet vart det avdekt divergerande tendensar for menn og kvinner og derfor er også denne delen av analysen kjønnsdelt. Det

tekniske omgrepet for populasjonane som blir nytta i analysen er syntetiske kohortar og analysemetoden kan vi kalle tverrskorsanalyse, jf. metodekapittelet.

4.3.1 Livsfasar: Menn 1801, 1865 og 1900.

Figur 4-2 syner hushaldsstilling for menn i prosent fordelt på alder for teljingane i 1801, 1865 og 1900. Hushaldsstilling er delt i hovudkategoriane; hovudperson, make, barn, slekt, tenestefolk, andre og innerstar. Losjerande er kategorisert som innerstar. I kva grad kan figurane avsløre endringar i karakteren ved livsfasane, i tida mellom overgangane?

Menn i 1801: I 1801 tek gutane til å forlate foreldreheimen i 10-11 års alderen, for å gå i teneste. Tenestemaksimum, dvs. når flest i ein populasjon samtidig er i teneste, er i alderen 20-25 år. Midt i 20-åra er vel 40% av mennene utanfor foreldreheimen, og dei fleste mennene utanfor foreldreheimen i 1801 er i teneste. I dei same årsklassane, ved 20-25 år, aukar samtidig kjønnsproporsjonen, jamfør lina på tvers og skalaen i høgre kant av figuren (y-aksen i høgre kant, med skala frå 40 til 140).²⁵⁴ Lina representerer 5 års glidande snitt for kjønnsproporsjonen (Y-verdi). Ved kring 15 år er det om lag like mange menn som kvinner i befolkninga. Kjønnsproporsjonen, tal kvinner pr. 100 menn, er lik 100. Frå 15 år mot 20 år aukar kjønnsproporsjonen frå 100 til 120. Det viser at det var eit kvinneoverskot på 20% ved i alderskulla rundt 20 år. Fram mot 25 år aukar delen kvinner pr. 100 menn til i overkant av 125. Den sterke variasjonen i kjønnsproporsjonen mellom 30 og 50 år kan skuldast ulike motiv for aldersavrunding, t.d. militærtjeneste, sidan det er så mange menn relativt sett i alderen 31-35 år, men få i alderen 41-45 år. Auken i kvinneoverskotet frå 15 år må òg skuldast høgare mortalitet for menn. I tillegg kan ein ukjent del av kvinneoverskotet òg tilskrivas utflytting av menn til andre Nordsjø-land.²⁵⁵

Men attåt høgare mortalitet, emigrasjon og særskilde motiv for å gje opp feil alder, kan aldersvariasjonen i kjønnsproporsjonen mellom 25-45 år vere relatert til varierende mobilitet i ulike delar av livsløpet til menn. Slik teljeføreskriftene var utforma, jf. kapittel 3, auka risikoen for å bli utelaten frå teljinga ved mobilitet. Figuren syner at etablering av hushald skjer i rask takt mellom 25-29 år, deretter er det ein svak tendens til utflating, før ny auke i etableringstakta fram til kring 40 år. Ved 40 år er kring 80% av mennene hovudpersonar. I åra fram mot etablering av familie (27-29 år) er menn relativt sett sterkt mobile og glir dermed unna registrering i 1801-teljinga. I alderen 30-39 er menn mindre mobile på grunn av hyppige barnefødsler og at små barn gjev eit visst underskot i hushaldet si totale arbeidskraftsreserve. Når husbonden er i alderen 42-46 vert barnefødslane færre og dei eldste barna kan i større grad gjere nytte for seg. I denne aldersgruppa synest menns mobilitet å auke på ny og sjansen for å bli utelaten frå folketeljinga aukar. I 1900-teljinga skulle dei fråverande i utlandet registrerast, og av mannlege hovudpersonar utgjorde dette 2% av alle hovudpersonar. Men delen varierte regionalt for i Nedenes Amt (Aust-Agder) var heile 10% av dei mannlege hovudpersonane fråverande utlandet på teljetidspunktet.²⁵⁶ Eg finn det rimeleg at variasjonen i

²⁵⁴ Aldersfordelt kjønnsproporsjon jf. tabell F-8, F-9 og F10 i tillegg F.

²⁵⁵ Sogner: 1994

²⁵⁶ NOS V No 4:1906, s. 118. Hovudpersonar fråverande på teljetidspunktet i 1900: Jarlsberg og Larvik (Vestfold) 9%, Lister og Mandal (Vest-Agder) 6-8%, Stavanger Amts byer og Bergen 6-7%. Kristiania berre

kjønnsproporsjonen dermed har minst fire årsaker, mortalitet, emigrasjon, motiv for å gi opp feil alder og varierende grad av mobilitet som følge av livsløp, særleg relatert til familie- og hushaldsetablering.

Menn i 1865: Figur 4-3 syner at delen av slekt er redusert i høve til 1801, og det tyder at færre vaksne menn bur hjå sysken eller hjå svogerfamilien, dvs. det blir mindre vanleg at ein i vaksne alder framleis bur der ein har vakse opp. I praksis tyder det på at færre sysken bur 'heime' og hjelper ein eldre bror (odelsguten) i hushaldet, dvs. gardsbruket. Prosentdelen andre/losjerande aukar kring 21-22 år, og auken i talet på losjerande skjer samtidig med at delen i teneste minkar. Kjønnsproporsjonen syner langt mindre variasjon i 1865 enn i 1801. Dette kan skuldast både minkande skilnad i kjønnsbestemt mortalitet og at både muligheita for å gi opp feil alder er mindre og at motiva for dette er mindre. På 1860-talet var det vanleg at ein måtte gi opp alder eller fødselsdato/år både ved konfirmasjon og vigsel, ein praksis som først vart vanleg etter innskjerping måten kyrkjebøkene (Ministerialbøkene) vart ført på ved reskript av 1812 og 1820.²⁵⁷ Lina i figuren som syner kjønnsproporsjonen fordelt på alder gjer også i 1865 eit byks mellom 24-30 år, til kring 110 kvinner pr. 100 menn. Deretter fell kjønnsproporsjonen mot 100 kring 45 år, for så å auke på nytt. Det er rimeleg å tolke auka i kjønnsproporsjonen i alderen 24-30 år som utslag av auka mannleg mobilitet i tida før etablering av familie- og hushald. Når denne auka er mindre i 1865 enn i 1900 kan det skuldast at ein i 1865 var langt meir merksam på problemet. I teljeføreskriftene går det klart fram at mellombels bortreiste skulle teljast med der dei normalt høyrde heime, og det i seg sjølv at fødestad skulle registrerast i 1865 i motsetnad til 1801, kan og ha virka med til å auke kvaliteten på registreringa. I det heile kan større detaljrikdom både i føreskriftene og på skjema ha ført til høgare kvalitet.²⁵⁸

Menn i 1900: Den nedste delfiguren i figur 4-3 syner hushaldsstilling fordelt på alder i 1900. Den mest merkbare skilnaden frå dei to figurane over er reduksjon i delen tenestegutar, dessutan er gruppa "Andre" òg redusert, dei losjerande er blitt yngre og ved 19 års alder losjerer kring 20% av gutane. Det klaraste skiljet frå 1865 er reduksjon i delen som er i teneste samtidig som fleire menn er losjerande. Her ser det også ut til at overgangen til hovudperson skjer relativt raskt mellom 25-31 år, så flatar kurva ut, takta går ned. Merk også at menn i denne aldersgruppa er slekt, dvs. dei hjelper ein eldre bror på gardsbruket, men i liten grad i høve til 1801.

Linja tvers over hushaldsfordelinga er kjønnsproporsjonen, kvinner pr. 100 menn, og verdien til kjønnsproporsjonen er gitt på y-aksen til høgre på figuren. Føremålet med å leggje kjønnsproporsjonen inn i figuren var i utgangspunktet å kunne kontrollere for overskotet av menn i emigrasjonen til Nord-Amerika i åra før 1900-teljinga. Dersom kjønnsproporsjonen var langt større i 1900 enn ved dei føregåande teljingane kunne dette

1%. Eg vil tru at ein endå større del av den mannlege befolkninga i alderen 15-60 år var fråverande på teljetidspunktet.

²⁵⁷ 1 Desember 1812, Rescript ang. Ministerial-Kirkebøgernes førelse. Wessel-Berg:1845. 2 Decbr. 1820, Kongelig Rescript betræffende hvorledes Ministerial-Bøgerne [...] blive at indrette. Vogt og Ottesen:1823. Dyrvik: 1983, s. 37-40.

²⁵⁸ Kiær forsvarar større kostnader i høve til tidlegare teljingar på same måte: Fleire rubrikkar, betre føreskrifter og ikkje minst at teljinga er nominativ har gitt betre datakvalitet. Departementet for det Indre: 1869, s. XXIV-XXVI.


vere ei delforklaring på skilnadene mellom 1801, 1865 og 1900. Julie Backer hevdar at grunnen til at delen ugifte (inkl. enkjer og separerte) kvinner aukar mot 1900 skuldast emigrasjonen til USA, jamfør punkt 4.1.1 ovanfor. Dette kan det vere grunn til å stille seg kritisk til, for som figuren syner er det den jamne fordelinga mellom kjønna i 1865 som merkar seg ut, og ikkje den skeive kjønnsfordelinga i 1900. Faktisk er kjønnsfordelinga i 1801 skeivare enn i 1900. Ovanfor drøfta eg mulige forklaringar på variasjonen i den aldersbestemte kjønnsfordelinga i 1801. Ein ville tru at kvinneoverskotet var mindre i 1801 enn i 1900 på grunn av stort mannleg overskot i emigrasjon til Nord-Amerika. Når dette ikkje er tilfelle kan det skuldast utjamning i kjønnsavhengig mortalitet, betring av teljeføreskriftene og kvaliteten på teljinga (registrering av fråverande og tilstedeverande) og til sist større mannleg utvandring frå Norge før 1801 enn rekna med.

Ved å samanlikne ved kva alder delen på kvinner aukar kan vi gje eit indisium på når menn av ulike årsaker forlèt landet for kortare eller lengre tid og for godt. I 1801 aukar kjønnsproporsjonen raskt ved 18 år til 120 kvinner pr. 100 menn, tilsvarande skjer det ei auke til 106 kvinner pr. 100 menn ved 21 år i 1865 og 108 kvinner pr. 100 menn ved 19 år i 1900. Figuren syner at auka i kvinneoverskotet skjer samtidig med at vi i hushaldssamanheng når eit "tenestemaksimum".

Utgangspunktet var at kjønnsproporsjonen til ein viss grad skulle gje eit inntrykk av kva verknad skeiv kjønnsbalanse som følgje av emigrasjon hadde på fordelinga av menn etter alder og hushaldsstilling ved samanlikning av dei tre teljingane. Denne kontrollen mislukkast fordi overskotet av kvinner overraskande nok var stort både 1801 og 1900, og meir jamn i 1865. Mellom 1865 og 1900 er det likevel grunn til å tru at aukande utvandring reduserer eller flatar ut delen menn som er i teneste i 1900. Men figuren syner også at delen av menn i teneste er lågare i 1865 enn i 1801, trass i at ved 1801-teljinga manglar minst like mange menn som i 1900. Dette kan indikere at emigrasjon i mindre grad var årsak til at færre og færre menn gjekk i teneste på slutten av 1800-talet, sidan det "manglar" like mange menn i 1801 som i 1900. Kan dette tyde på at mannleg emigrasjon og mellombels tilhald i utlandet var langt større enn rekna med i 1801? Spørsmålet let eg stå fordi det ligg utanfor denne avhandlinga sitt tema.

Når skjer endringane i livsløpsmønsteret for menn? Oppblomstringa av menn som er innerstar (losjerande) peikar i retning av tida mellom 1865 og 1900, medan den aukande alderen for når gutar forlèt opphavsfamilien og reduksjonen i delen av tenestegutar peikar i retning av tida mellom 1801 og 1865. Men kan denne endringa berre skuldast formalia og ikkje realitetar? Kan det skuldast at unge ugifte menn tidleg i hundreåret vanlegvis vart førd som tenestedrengar, men mot slutten av hundreåret oftare som 'losjerande'. Arbeidet var det same, men føring endra grunna den sosiale degraderinga tenestestempelet kunne vere for menn. Eit forhold peikar i mot ei slik tolking. Auken i delen losjerande kompensere ikkje fullt ut for minken delen tenestedrengar. Delen heimeverande søner aukar og timinga blir endra, ved at søner vert buande heime lenger. Den regionale komparasjonen i seinare kapittel vil kaste meir lys over desse spørsmåla.

Figur 4-4 Kvinner fordelt etter alder og husholdsstilling 1801, 1865 og 1900



Kjelde: AGG1801, AGG1865, AGG1900, jf. tabell F-3, F-5 og F-7 i Tillegg F.

4.3.2 Livsfasar: Kvinner 1801, 1865 og 1900

Kva kjenneteiknar livsfasane for kvinner fram til familieetablering (giftarmål)? I kva grad og korleis blir livsløpsfasane for kvinner endra gjennom hundreåret? Korleis skil livsløpsmønster for menn og kvinner seg? Desse spørsmåla og figur 4-4 står sentralt i denne delen av analysen.

Figur 4-4 syner hushaldsstilling for kvinner i prosent fordelt på alder i 1801, 1865 og 1900. Hushaldsstilling er delt i hovudkategoriane, hovudperson, make, barn, slekt, tenestefolk andre og innerstar. Losjerande er som for menn kategorisert som innerstar.

Kvinner i 1801: I 1801, jamfør øvste diagram i figur 4-3, syner at dei første jentene gjekk ut i teneste alt i 9-10 års alderen. Ved 20-24 år var kring halvparten av jentene i teneste, og kring 60% var utanfor foreldreheimen på dette tidspunktet i livsløpet. Delen av tenestejenter minkar frå rundt 24 år samtidig som delen av makar/hushaldsoverhovud aukar, og på relativt kort tid vert kring halvparten av kvinnene makar, deretter fell takta i overgangen til ektestand. Dette ser vi ved at kurva flater ut ved kring 30 år. Figuren syner og at ein viss del kvinner frå kring 19 år var 'slekt' i 1801. I praksis tyder dette at dei var heime og hjelpte ein bror på gardsbruket.

Kvinner i 1865: Figuren for 1865 syner at hovudtrekka er dei same, men nokre endringar er likevel klare: For det første er det ein mindre del kvinner som er i teneste, og ein mindre del er oppført som slekt under 40 år, men langt større endring er skjedd i andre siste del av livsløpet. Ein langt mindre del kvinner er oppført som slekt i hushaldet i alderen over 60 år, samstundes som delen kvinner som er hovudperson utan make har blitt meir enn dobla frå kring 45 år. I 1801 var 10% av kvinnene oppført som hovudpersonar ved 60 års alder, medan i 1865 er denne prosentdelen auka til 20%. I 1801 var kring 20% av kvinnene i aldersgruppa 60-65 år ført som slekt av hovudpersonane (mann og kone), medan denne delen var redusert til om lag 7% i 1865.

Kvinner i 1900: Den nedste figuren i figur 4-4 syner hushaldsstilling fordelt på alder i 1900. Det mest markante skilnaden mellom 1865 og 1900 er at barna blir verande heime til ein høgare alder. Kva med teneste i 1900, er den også redusert slik som for menn? Figuren syner at overgangen til teneste går raskt opp mot 30% mellom 14-18 år. Dette syner at dei kvinnene som går ut i teneste i stor grad gjer det ved same alder – ei 'standardisering' av livsløpsovergangen. Men langt fleire er heime i 1900 enn tidlegare, sjølv om teljinga var halden 3. desember 1900, og då var ikkje skuleelevar heime. Overgangen til hovudperson/make er som tidlegare rask frå 22-28, deretter flater ut. Langt fleire kvinner var hovudpersonar i 1900, i 60-års alderen var nær 20% av kvinnene hovudpersonar. Få kvinner er kategorisert som slekt i alderen 15-40, og det tyder på at relativt sett færre arbeider heime hos ein bror. Ei anna endring med omsyn til tenesteinstitusjonen, var at i 1801 kan vi i større grad tale om livslang teneste, teneste var ikkje berre ein del av livsløpet, men eit yrke gjennom heile livet. I 1900 var delen kvinner som er i teneste i alderen over 40 år redusert i høve til tidlegare, teneste var i mindre grad livslang, men snarare ein avgrensa og klarare definert del av livsløpet.

Når skjer endringane? Kva peikepinn gjev endringane av teneste-fasen? "Tenestemaksimum", eller alderen når flest kvinner samtidig er i teneste er både i 1900 og 1801 ved 18-21 år. Men færre kvinner er samtidig i teneste ved denne alderen: I 1801 er

48% av kvinnene i teneste ved 19 år, medan i 1900 har prosentdelen falle til 36% ved 18 år. I 1865 er 48% av kvinnene i teneste i alderen 19 år, og vurdert ut frå teneste synest det vere klart at endringane skjer mellom 1865 og 1900. Men vi kan samtidig leggje merke til at delen kvinner som er ført som losjerande/innerstar har auka i 1865. I 1801 er kvinner som losjerer eller er innerstar eit fenomen som opptrer seint i livsløpet, i 1865 er 9-10% av kvinnene i alderen 23-27 år ført som losjerande/innerstar. Denne endringa har skjedd mellom 1801 og 1865. Samtidig syner figur 4-4 også at delen av kvinner som hovudpersonar har auka i perioden 1801 til 1865. Dette tyder på at det også for kvinner må det differensierast med omsyn til takt og tidspunkt (kalenderår) for når det skjer endringar i livsløpsmønsteret for kvinner. Endringane i tenesteinstitusjonen tyder på at endringane i livsløpsmønster for kvinner er særleg sterk mellom 1865 og 1900, medan endringane i høve til livsløpsovergangen å forlate opphavsfamilien peikar i retning mot tidsperioden mellom 1801 og 1865. Mellom 1801 og 1865 aukar også delen av kvinner som korkje er heime eller i teneste, kvinner kategorisert som 'Andre' eller 'Innerstar', og i same tidsperiode aukar også talet på eldre kvinnelege hovudpersonar. Konklusjonen er dermed at endringane i livsløpsmønsteret for kvinner tek i hovudsak tek til før 1865, og blir forsterka mellom 1865 og 1900.

4.3.3 Moderne menn og umoderne kvinner?

I kva grad er endringane i livsløpsmønsteret for kvinner og menn synkrone og parallelle på 1800-talet? Ei felles endring for menn og kvinner mellom 1801 og 1900 er at det blir langt meir vanleg å stå som hovudpersonar livet ut, altså bur ein ikkje saman med yngre slektningar eller er innerst på sine eldre dagar. Forlenginga av å vere hovudperson i eige hushald meir eller mindre livsløpet ut, kan skuldast to forhold. For det første kan det tyde på at relativt færre levebrød er kapitalbaserte, og at det er mindre å ta over for neste generasjon (t.d. eldste son). Barna ser dermed ingen økonomisk fordel eller plikt med å ta over etter far. Den andre grunnen kan vere at neste generasjon tek over levebrødet, medan det er eldste generasjon som etablerar nytt. Og der grunnlaget var ein kombinasjon av ytingar frå den yngre generasjon, offentleg stønad og tilfeldig arbeid (Sesongarbeid, dagararbeid). I begge tilfelle indikerer dette ei kraftig omlegging av korleis samfunnet tek vare på eldre. Denne omlegginga kan synest irrelevant for etablerarane. Men det er den ikkje. Endringa har relevans til etablering, for det tyder på at unge menneske må etablere nytt, og at dei i mindre grad kan ta over eit levebrød slik det var vanleg kring 1801. Når skjer endringa med at det blir meir vanleg å sitje som hovudperson ut livsløpet? Samanliknar vi 1865 med 1801 og 1900, ser vi ei midtstilling, men eldre er i større grad som hovudpersonar livet ut. Det blir mindre vanleg å trekkje seg attende, overlata hushaldet til ungfolket og bu saman med dei.

Skilnaden mellom menn og kvinner er størst i fasen mellom ein forlèt foreldreheimen og etablering. For kvinner er det ei innsnevring av fasen utanfor foreldreheimen, den blir trykt saman nedanfrå, jentene flyttar seinare ut av foreldreheimen. I 1865 er det framleis slik at kvinner hovudsakleg forlèt foreldreheimen for å gå i teneste, og først kring 1900 synest det eksistere alternativ for kvinner utanom å vere heime eller vere i teneste. For menn i 1865 står denne endringa i ein midtstilling, for i motsetnad til

kvinnene har delen andre og innerstar (losjerande) nådd ein relativt stor porsjon alt i 1865 og det aukar mot 1900. Det tyder klart på at for menn vart teneste i mindre og mindre grad eit alternativ alt før 1865, men ikkje i same grad for kvinnene. Denne endringa skjer mellom 1865 og 1900 for kvinner. I 1865 har kvinner to alternativ, vere heime eller i teneste, menn har eit tredje alternativ utan at hushaldsstillinga direkte fortel kva dette tredje alternativet er. Kring 1900 finst det også eit tredje alternativ for kvinner. Gro Hagemann og Kari Melby legg i boka *Med kjønnspektiv på norsk historie* vekt på at menn blir moderne i andre halvdel av 1800-talet, medan kvinner blir modernisert først i løpet av 1900-talet.²⁵⁹ Dersom vi fokuserer på teneste som ein del av livsløpet er dette rett. Men tre andre trekk svekker denne skildringa. Kvinner, som menn, forlèt foreldreheimen på eit seinare tidspunkt i livsløpet, og langt fleire godt vaksne kvinner blir hovudpersonar i frå 40-års alderen og eldre. Og eit tredje alternativ – einsleg - er ein realitet både for menn og kvinner i 1900. Begge desse tre trekk ved livsløpet tilseier at kvinner også blir modernisert i livsløpssamanheng, men ikkje på same tid og måte som menn.

4.4 Oppsummering livsløp

Vi har no eit grunnlag for delvis å svare på dei to hovudspørsmåla med omsyn til livsløp. Skjer det endringar i livsløpsmønster? Og sidan vi har funne endringar, når skjer dei?

Timing – målt ved median alder - for livsløpsovergangane giftarmål og hushaldsetablering er relativt stabile gjennom hundreåret, men fell i slutten av perioden i dei to tiåra før 1900. Men det skjer ei langt større endring m.o.t. alderen for å forlate foreldreheimen. Median alder for overgangane aukar, mest for menn, og det tyder på at fleire blir verande heime hjå foreldra til ein høgare alder enn tidlegare. Kort sagt: Gjennom hundreåret blir barna verande heime til ein høgare alder, men tidspunktet for giftarmål og etablering er stabilt. Fasen utanfor foreldreheimen, før etablering, blir trykt saman nedanfrå, dvs. barna blir verande lenger heime.

Det er særleg etter 1865 at denne endringa skjer. Ved å sjå på sjølve fasane og ikkje overgangane trer fleire skilnader og særleg kjønnskilnader fram. Teneste som alternativ blir sterkt redusert for menn, tilbakegangen syner alt i 1865 og tenestealternativet er nesten på veg ut i 1900. Dette gjeld ikkje kvinnene, der teneste framleis er ein del av livsløpet i slutten av tenåra og i 20-års alderen. Dinest aukar delen av losjerande menn. Dette skjer først ved at i 1865 er det menn i slutten av 20-åra som utgjer storparten av dei losjerande, medan det kring 1900 også er framtrudande for dei kring 20 år. På ein del måtar divergerer livsløpet til menn og kvinner. Dette gjeld særleg teneste. På den andre sida opplever ein også felles trekk, ved at både gutar og jenter forlèt foreldreheimen ved ein høgare alder enn tidlegare.

I arbeidskraftssamanheng er det rimeleg å tolke auka i alderen for når barna forlèt foreldreheimen og reduksjon av teneste som to sider av same sak. Barn vert jamt over arbeidskraft i eigen heim. Systemet frå første del av hundreåret med eit "sentrifugalt" og eit "sentripetalt" hushald, eit hushald med overskot og tilbod på arbeidskraft og eit hushald med etterspurnad etter arbeidshjelp, ser ut til å kverve i løpet hundreåret. Denne endringa gjeld først og fremst menn.

²⁵⁹ Hagemann: 1999, Melby: 1999, s. 223-232

To ulike type skilnader har blitt avdekt i analysen. Det er funne enkle skilnader mellom by og landsbygd og det er avdekt kjønnskilnader. Begge desse variasjonane kan signalisere at det er materielle årsaker til endringane, men det kan også vere at endringane skuldast politisk-kulturelle faktorar. I eit samfunnsendringsperspektiv og med særnorske omgrep: Skuldast endringane eit teknologisk-økonomisk ”hamskifte” eller i større grad eit ”kulturelt” hamskifte. Dette vil eg komme attende til i seinare kapittel, men før det: Hushaldsstruktur - endring eller kontinuitet?

4.5 Hushald - endring eller kontinuitet?

I første del av kapittelet vart livsløpshendingar som leia fram mot etablering av hushald analyserte. I resten av kapittelet er det utvikling i hushaldsstruktur gjennom 1800-talet som skal studerast, og hushaldet kan i ein viss forstand sjåast på som summen av individuelle livsløp. Og slik førre kapittel synte kan hushald studerast i ulike perspektiv, også i eit livsløpsperspektiv. Hushaldet, som livsløpet, har også overgangar og fasar. Tradisjonelt har dette blitt analysert i eit syklusperspektiv.²⁶⁰ Eg vil ikkje bruke syklusperspektivet, men velje eit anna perspektiv: Hushaldet i hovudpersonen sitt perspektiv.

Som i første del av kapittelet er hovudspørsmålet: Kva for endringar skjer det i hushaldsstruktur, med særleg vekt på etablerarane? Hushaldet er meir enn summen av individuelle livsløp, og det kan derfor tenkjast at hushaldsendringar skjer uavhengig av livsløpsendringar, t.d. kan timing av hushaldsetablering vere stabil, men konteksten, kva for medlemmar som inngår eit hushald ved etablering, kan bli endra over tid.

4.5.1 Hushaldsstorleik og einpersonhushald 1801 til 1900

I kapittel 3 prøvde eg å komme fram til ein einskapleg definisjon og avgrensing av hushald i dei tre teljingane for å sikre at analysen blir gjort på eit materiale som er råd å samanlikne. Konsekvensane er størst for 1900-teljinga. Analysegrunnlaget er den heimehøyrande befolkninga, besøkande er trekt frå og hushaldsinndelinga er definert på same måte som ved 1801 og 1865-teljinga, ved markering av nytt hushald uavhengig av term i feltet for hushaldsstilling. Med dette grunnlaget burde dei tre teljingane vere råd å samanlikne, og ein bør kunne få eit tilfredstillande svar på endringane i hushaldsstruktur på 1800-talet, endringar som skuldast meir enn endring i teljeføreskrifter og –praksis.

Kva endringar skjer i hushaldsstorleik og kor stor del av hushalda inneheld ein person (einpersonhushald)? Tabellen under syner talmaterialet frå Norges offisielle statistikk (NOS) samanfatta av Ståle Dyrvik.²⁶¹

²⁶⁰ Eksempel: Berkner: 1972 og Sogner: 1979.

²⁶¹ Dyrvik: 1986, s. 33 og NOS II C No. 1:1882, s. 31-33.

Tabell 4-5 Gjennomsnitt hushaldsstorleik alle private hushald. Norge 1801-1920

Teljing	Hushaldsstorleik		Prosent einpersons hushald	
	Dyrvik	DA	Dyrvik	DA
1801	5.36	5.36	2.6 %	1.1 %
1825	5.00			
1845	4.98			
1855	4.89			
1865	4.92	4.97		8.5 %
1875	4.65		12.3 %	
1890	4.50		13.0 %	
1900	4.33	4.81	16.2 %	11.0 %
1910	4.33		15.7 %	
1920	4.30		12.8 %	

Kjelder: KSH1801, KSH1865, KSH1900 (DA=Digitalarkivet), Norges Offisielle Statistikk:1882, Dyrvik:1986.


Tabellen syner kva konsekvensar ulik hushaldsinndeling får for prosentdelen einpersonshushald og hushaldsstorleik. Kolonnen med overskrift "Dyrvik" syner verdiane slik den blir på grunnlag av den offisielle statistikken, kolonnen "DA" syner verdiane for hushaldsstorleik og prosentdel einpersonehushald frå dei digitale versjonane av teljingane (Digitalarkivet/RHD). Konsekvensen for 1900-teljinga blir at hushaldsstorleiken aukar frå 4.33 personar til 4.81 personar, medan prosentdelen einpersonehushald blir redusert, frå 16.2% til 11.0%. Dersom tala for einslege hovudpersonar som ikkje er ført som hovudpersonar blir lagt til som eigne hushald blir tala for DA-utvalet slik: Hushaldsstorleik 4.29 personar og delen einpersonehushald aukar til 17.1%, altså relativt nær dei offisielle tala.

Konsekvensen av dette blir at auken i talet på einpersonehushald blir lågare totalt sett for heile perioden, og faktisk blir auken mellom 1801 og 1865 mest i augefallande, og ikkje mellom 1865 og 1900. Den andre konsekvensen blir at fallet i hushaldsstorleik også blir mindre: Frå 5.36 i 1801, til 4.97 i 1865 og 4.81 i 1900. Reknar vi desse endringane pr. år, blir fallet i første periode (1801-1865) større enn fallet i andre periode (1865-1900), i motsetnad til om vi nyttar dei offisielle tala, for då blir fallet i andre periode klart størst. Dette tyder på at det blir feil å aksentuere endringane i hushaldsstruktur i andre halvdel av 1800-talet. Med dei offisielle tala trer perioden 1865-1900 som perioden med sterkast endring, med min alternative kategorisering trer den første perioden (1801-65) klarare fram i endringsmønsteret.

På bakgrunn av auken i talet på einpersonehushald og minken i gjennomsnittleg hushaldsstorleik fell det naturleg å stille spørsmålet: Skuldast heile minken i hushaldsstorleik frå 1800 til 1900 auken i talet på einpersonehushald? Er det dei store hushalda som blir mest påverka av fallet, eller skjer det ei jamn avskaling uansett hushaldsstorleik, dvs. vert både 3, 4, 5, 6, 7 og 8-personshushalda i like stor grad redusert? Ein første enkel test på dette er å jamføre det som i 1900 er definert som familiehushald, dvs. hushald med to eller fleire personar. I 1801 er gjennomsnitt hushaldsstorleik for hushald med 2 personar eller fleire 6.46, i 1865 5.31 og 1900 5.35 personar. Ser vi bort frå

einpersonhushaldet fell hushaldsstorleiken med 1.1 personar i perioden mellom 1801 og 1900, og heile dette fallet skjer i første periode 1801 til 1865. Dette indikerer at fallet i hushaldsstorleik har ein meir samansett bakgrunn enn berre auken i einpersonhushald, og ved å sjå på storleiksfordelinga av alle hushald kan vi kanskje komme nærare ei løysing på kva endringar som skjer. Figur 4-5 og tabell 4-6 syner talet på hushald fordelt etter storleik i prosent og absolutte tal.

Figur 4-5 Hushald fordelt (i prosent) etter storleik. Norge 1801, 1865 og 1900



Kjelde: KSH1801, KSH1865, KSH1900. Sjå også tabell 4-6.

Figuren syner at i perioden 1801 til 1865 aukar den relative delen av ein og to-personers hushald særleg på kostnad av hushald med fire og fem personar. I den andre perioden frå 1865 til 1900 aukar den relative delen 1 og 2-personhushald i høve til hushald med 5,6 og 7 personar, samtidig som 3-personshushaldet blir meir vanleg.

Tabell 4-6 Hushald fordelt etter storleik i reelle tal og prosent. Norge 1801, 1865 og 1900

Storleik	1801		1865		1900	
	Tal hushald	Prosent hushald	Tal hushald	Prosent hushald	Tal hushald	Prosent hushald
1	1823	1.1 %	28899	8.3 %	48710	10.3 %
2	15519	9.6 %	40464	11.6 %	65964	13.9 %
3	23190	14.3 %	46784	13.5 %	69198	14.6 %
4	26785	16.6 %	50401	14.5 %	66155	14.0 %
5	26336	16.3 %	49784	14.3 %	60548	12.8 %
6	22511	13.9 %	43542	12.5 %	51894	11.0 %
7	17059	10.5 %	33464	9.6 %	41549	8.8 %
8	11445	7.1 %	22640	6.5 %	29937	6.3 %
9	7177	4.4 %	13477	3.9 %	18580	3.9 %
10	4263	2.6 %	7921	2.3 %	10548	2.2 %
11-25	5694	3.5 %	10003	2.9 %	10761	2.3 %
Sum	161802	100.0 %	347379	100.0 %	473844	100.0 %

Kjelde: KSH1801, KSH1865 og KSH1900.

Om vi analyserer medianen avslører også den interessante endringar: I 1801 og 1865 er det flest hushald (modus) med fire personar: 16,6% i 1801, 14,5% i 1865, jf. tabell 4-6²⁶², nær følgd av hushald med 5 personar. I 1900 er situasjonen omsnudd, 3-personshushaldet er det mest vanlege (14,6%), nær følgd av hushald med to og fire personar. Det er også verd å merke seg at talet på dei store hushalda, hushald med 7 personar, er relativt uendra i heile perioden. Rett nok skjer det ei minke på kring 1.7% av delen hushald med 7 personar frå 1801 til 1900. Dette er kanskje litt overraskande, men ein grunn kan vere at aukande barnetal fører til denne stabiliteten i dei store hushalda. Kort oppsummert: Frå 1801 til 1865 skjer det ei auke i 1 og 2-personshushaldet, samtidig som 4 og 5-personshushaldet er dei mest vanlege. Frå 1865 til 1900 blir 2, 3 og 4-personshushaldet mest vanleg. Men likevel: Dei store hushalda held stand gjennom heile hundreåret.

Men vi kan lett falle for aukande prosentar. Er det same type einpersonhushald vi har føre oss i 1801 og 1900? Kva om vi fordelar einpersonhushalda etter alder? Tabell 4-7 syner einpersonhushalda i 1801, 1865 og 1900 fordelt etter alder.

Tabell 4-7 avslører at i 1801 finn vi dei fleste einpersonhushalda i aldersgruppene frå og med 50 år. Før denne aldersgruppa er einpersonhushalda jamt fordelt over aldersgruppene. I 1865 er det tendensar til to toppar, ein første i alderen 25-34 og ein ved 60-74. Den siste aldersgruppa er mest dominant. I 1900 er dette forholdet omsnudd, flest einpersonhushald i tiårsgruppene 20-29 år og 65-74 år. Denne forskuinga innebær at einpersonhushaldet vert eit alternativ for yngre menneske i søkje- og etableringsfasen av livsløpet. Truleg ser vi spor etter to uavhengige prosessar: Frå 1801 til 1865 ser vi utskiljing av kårfolk frå hovudhushaldet og/eller at eldre i større grad kan finne eit mindre

²⁶² Hushald med meir enn 25 medlemmar er utelatne frå tabellen, sidan desse store hushalda kan skuldast både feilkoding (manglande hushaldsinndeling) og at dei er institusjonar registrert som private hushald. Også i dei resterande tabellane i kapittel 7 og 8 er hushald med meir enn 25 medlemmar uteletne. For 1900 utgjer dette 103 'hushald' og 4716 personar.

utkomme. Auken i dei yngre aldersgruppene frå 1865 til 1900 kan henge saman med veksten i enkle levebrød utanfor primærnæringane, "abstrakte" levebrød i industri- og servicenæringar; levebrød som ikkje krev ein familie som produksjonsbasis. Diskusjonen av desse spørsmåla vil bli sentral i kapittel 7 og 8. Med aldersfordelinga av einpersonhushalda kan vi tilsynelatande stadfeste ein av Dyrvik sine spekulasjonar omkring auken på einpersonhushald særleg frå 1875.²⁶³ Dyrvik spekulerer i om auken frå og med 1875 talar for konsentrasjon av unge ugifte menn og middelaldrande og eldre ugifte/før gifte kvinner, særskilt frå dei lågaste sosiale laga. Aldersfordelinga vert stadfest i tabell 4-7, men ikkje kjønns- og sivilstandsfordelinga.

Tabell 4-7 Einpersonhushald, aldersfordelt Norge 1800-1900.

Alder	1801		1865		1900	
	Tal	%	Tal	%	Tal	%
15-19	15	0.8 %	360	1.2 %	2431	5.0 %
20-24	67	3.7 %	1974	6.8 %	5343	11.0 %
25-29	122	6.7 %	2542	8.8 %	4242	8.7 %
30-34	110	6.0 %	2329	8.1 %	2912	6.0 %
35-39	94	5.2 %	1840	6.4 %	2638	5.4 %
40-44	118	6.5 %	1757	6.1 %	2478	5.1 %
45-49	114	6.3 %	1681	5.8 %	2428	5.0 %
50-54	214	11.7 %	1895	6.6 %	2863	5.9 %
55-59	123	6.7 %	1885	6.5 %	3149	6.5 %
60-64	278	15.2 %	2883	10.0 %	3746	7.7 %
65-69	170	9.3 %	2999	10.4 %	4492	9.2 %
70-74	196	10.8 %	3054	10.6 %	4628	9.5 %
75-79	103	5.7 %	2045	7.1 %	3681	7.6 %
80+	95	5.2 %	1543	5.3 %	2622	5.4 %
Ukjent/ feilkoda	4	0.2 %	112	0.4 %	1057	2.2 %
Tal (N)	1823	100.0 %	28899	100.0 %	48710	100.0 %


Kjelde: KSH1801, KSH1865, KSH1900

Eit viktig poeng ved denne gjennomgangen er at sjølv om gjennomsnittet ikkje syner stor endring frå 1865 til 1900 skjer det ei forskuving i storleiksfordelinga av hushalda. Sjølv om denne gjennomgangen av endringane i hushaldsstorleik gav nokre svar, står vi att med nye spørsmål: I kva grad er endringane synkrone regionalt og i by/land dimensjonen? Fleire og fleire hushald blir etablerte i byar i perioden, og i kva grad påverkar dette endringane som er avdekka?

4.6 Etablerarhushaldet

Vi har altså sett at det er lite endring på når i livsløpet ein etablerar seg, eller som ein seier i dag "Når ein kommittar seg", "når ein bind seg". Men kan det likevel vere skilnad på det hushaldet ein etablerar?

²⁶³Dyrvik: 1986, s. 36

Figur 4-6 Hushaldsstorleik fordelt etter hovudpersonens alder. Norge 1801, 1865 og 1900.


Kjelde: KSH1801, KSH1865, KSH1900. Jf. tabell F-11, F-12 og F-13 i Tillegg F.

På figur 4-6 er gjennomsnittshushaldsstorleik fordelt etter alderen til hovudpersonen, dvs. det er ikkje skild mellom menn og kvinner, manglar alder til første hovudperson blir alder til andre hovudperson (make) nytta.

Kva skjer med storleiken på etablerarhushaldet over tid? Etablerarhushaldet kan vi definere som hushald der hovudpersonen er mellom 25 og 35 år. Figuren syner at etablerarhushaldet blir mindre over tid, samstundes som hushaldet til dei som har nådd middagshøgda i livet, frå 40-55 år, er relativt konstant i heile hundreåret. Samstundes fell også storleiken for hushald der hovudpersonen har passert middagshøgda (55 år og eldre). Desse to prosessane må sjåast i samanheng. Hovudfallet i hushaldsstorleik der hovudpersonen er under 40 år og over 55 år skjer i perioden 1801-1865. Mellom 1865 og 1900 er det eit mindre fall i hushaldsstorleik for hovudpersonar under 30 år og over 60 år, og mellom 30 og 60 år er kurva samanfallende for 1865 og 1900. Når vi samstundes veit at den generelle hushaldsstorleiken fell i same periode kan dette skuldast ulik alderssamansetning i 1865 og 1900, dvs. det er relativt fleire unge og eldre hovudpersonar i 1900 enn i 1865. Dette stemmer: I 1801 og 1865 utgjer hovudpersonar under 30 år kring 8% av hovudpersonane, medan dette har auka til 12.6% i 1900. Det same gjeld for delen hovudpersonar over 70 år; dei utgjer 6% i 1801, 8.7% i 1865 og 11.0% i 1900. For den siste gruppa (70+) vil aukande levealder spele inn, men tendensen er likevel ei utflating i begge ender, i 1801 utgjorde talet på hovudpersonar i aldersgruppa 40-54 år 40.9% av alle hovudpersonar, i 1900 var delen minka til 32.1%.²⁶⁴

²⁶⁴ KSH1801, KSH1865 og KSH1900

Figur 4-7 Hushaldssamansetning 1801, 1865 og 1900 fordelt etter alder



Kjelde: KSH1801, KSH1865, KSH1900. Jf. tabell F-11, F-12 og F-13 i Tillegg F.

I dette perspektivet kan vi såleis forklare det generelle fallet i hushaldsstorleik mellom 1801 og 1900 med to faktorar som dreg i same retning: 1) Det blir relativt fleire yngre og eldre hovudpersonar 2) Yngre og eldre hovudpersonar har mindre hushald i 1865 og 1900 enn i 1801. Vi står då over for to problem: Kvifor blir det fleire yngre og eldre hovudpersonar og kvifor etablerar desse mindre hushald enn tidlegare? Vi set fokus på etablerarane, dei yngste hovudpersonane.

Fallet i hushaldsstorleik til etablerarane løyser ut eit nytt spørsmål: Kven manglar i hushalda til hovudpersonar under 40 år? Perioden 1801 til 1900 er kjenneteikna med eit fall i hushaldsstorleik er for hovudpersonar under 40 år, det er i denne aldersgruppa vi finn 'målgruppa' etablerarane. Ved å differensiere mellom kategoriar hushaldsmedlemmar vil ein kunne finne ut kven som manglar i hushalda der hovudpersonen er mellom 25 og 40 år.

På figur 4-7 er hushaldssamansetning fordelt etter hovudpersonen sin alder. Dataunderlaget for figur 4-7 er datafilene KSHS1801, KSHS1865 og KSHS1900.²⁶⁵ Det direkte datagrunnlaget for å lage figuren sjå tabell F-14, F-15 og F-16 i Tillegg F. Kven manglar i hushalda til dei hovudpersonane som er mellom 25-40 år? Svaret er slekt og tenestefolk. Figuren syner at mellom 1801 og 1865 er det slektningar som manglar i hushalda til hovudpersonar i aldersgruppa 25-40. Slehta som manglar er både foreldre og sysken til hovudpersonen om vi jamfører med figur 4-2 og figur 4-3. I perioden 1865 til 1900 er det særleg mangel på tenestefolk held hushaldsstorleiken nede, for samstundes held delen av barn og losjerande innerstar hushaldsstorleiken oppe. Delen losjerande aukar frå 1865 til 1900 i alle hushald uansett alder på hovudpersonen.

Talet på barn pr. hushald i hushalda til 45 åringane aukar frå i underkant av 2 til 2.5 og til over 3 i 1900. Det er truleg her vi finn dei manglande tenarane.²⁶⁶ Figuren syner at dei fleste unge hushaldsetablerar er mann og kone og kort tid etter kjem barna til verda. Men dette er ikkje situasjonen i 1801. Det er litt freistande å seie at her ser vi to ulike system. Produksjonshushaldet var normalen i 1801 og reproduksjonshushaldet eller konsumhushaldet i 1900. Figuren gjev såleis ein viss stønad til Max Weber tese om funksjonsbortfallet, men Weber tok feil andsynes fallet i hushaldsstorleik funksjonsbortfallet skulle ha medført. Figuren tyder også på at ein viss del av hushalda i 1801 er konsumsjonshushald, for dersom alle var produksjonshushald burde alle hushald ha lik storleik uavhengig av livsløpet åt hovudpersonen. Men ein bastant konklusjon er ikkje mogeleg sidan Figur 4-7 ikkje deler medlemmane inn i grupper som "Primært produksjonsmedlemmar" eller "Primært konsumsjonsmedlemmer" (barn og eldre, omsorgstrengande).

²⁶⁵ Datafilene KSHS1801, KSHS1865 og KSHS1900 er hushaldsaggregat i NSD-stat format. For å kunne rekne ut gjennomsnitt av fleire variablar mot ein kategorivariabel med meir enn 30 kategoriar (alder 15-75 år) var det naudsynt å eksportere data til SPSS fordi NSD-stat ikkje tillett denne type deskriptiv statistikk. I NSD-stat er det ein god eksportfunksjon som tillett eksportering av NSD-stat filer til ulike SPSS-format. For 1801 og 1865 er alder korrigert og syner figuren samansetninga for aldersintervallet 26-71 år (oppgjeven alder), medan datagrunnlaget for 1900 er aldersintervallet 25-70 år, jf. kapittel 3 om alder.

²⁶⁶Dyrvik: 1986, s. 37

4.7 Oppsummering

Målet med dette kapittelet var todelt: For det første å avdekkje livsløp- og hushaldsmønsteret i Norge på 1800-talet, og dinest å analysere i kva grad kunne denne kartlegginga kunne tilføre nye synspunkt i høve til den internasjonale debatten om endring eller kontinuitet. Dersom endring, korleis skjedde endringane, og når? Konklusjonane på desse spørsmåla er ikkje eintydige.

I delen om livsløpsmønster fann vi at barna blir verande lengre heime hos foreldra utover i hundreåret; dei forlèt opphavsfamilien på eit seinare tidspunkt i livsløpet. Den relative delen mannlege tenarar blir sterkt redusert, teneste er i langt mindre grad del av det mannlege livsløpet i 1900-teljninga enn tidlegare, medan for kvinner er teneste som livsløpsval uendra. Giftarmålsalderen fall, særleg mot slutten av hundreåret. Det er mogeleg at giftarmålsalderen når ein topp kring 1865. Sølibatgraden for kvinner aukar, og det har truleg aldri vore fleire ugifte kvinner i Norge i høve til befolkninga enn i 1900. Talet på einpersonhushald aukar, men dette er ikkje einaste endringa i hushaldsmønster. Gjennomsnittshushaldsstorleik fell, men fallet kan ikkje forklarast med auken i talet på einpersonhushald åleine. Det skjer ei forskuving: I første halvdel av hundreåret har 4- og 5-personhushaldet vore mest vanleg, i 1900 er det 3- og 4 personhushaldet som er det vanlegaste. Dei store hushalda, hushald med meir enn 4 personar held stand, og delen av store hushald endrar seg lite i perioden. Det er trygt å tale om klare endringar i livsløp- og hushaldsmønsteret mellom 1800 og 1900.

Langs by-land dimensjonen er det òg skilnader. Gjennom hundreåret blir fleire og fleire hushald etablert i byar, fleire bur i byar og fleire gifter seg i byar. Giftarmålsalderen fell langt sterkare i byane enn på landsbygda, faktisk kan det sjå ut som om endringane først og fremst skjer i byar. Eit liknande forhold finn vi for hushald: Einpersonhushalda er hyppigast i byar kring 1900. Ved bearbeidinga av 1865 teljinga sette A. N. Kiær i gong ei undersøking av hushald fordelt etter storleik, men diverre blei den ”indstillet af Hensyn til de forholdsvis betydelige Udgifter ved Folketællingen overhovedet;”.²⁶⁷ Nesten 35 år seinare, rusta med særst avansert teknologi (Hollerith-maskin) og nyutvikla, men ikkje ålment godteken metodologi, ”den representative Undersøgelsesmethode”, kommenterer Kiær det ufullendte arbeidet frå 1865 ved samanlikning med hushaldsundersøkelsen for 1900-teljninga. Kiær syner ”at de talrige Familier er hyppigst i Landdistrikterne, de faatallige Familier samt de enslige Personer dermod hyppigst i Byerne.”²⁶⁸ Dette er blitt ei kjensgjerning som framleis står, men er ho rett? Dette blir eit sentralt spørsmål i følgjande kapittel. Likevel er konklusjonen klar: Dette kapittelet har avdekkja regionale skilnader, på eit enkelt overflatisk plan; skilnaden mellom by og land. Men kva om ein grev djupare kring ned i regionane, og ikkje berre pirkar i jordyta, vil nye skilnader tre fram, og vil dei i større grad gje ein peikepinn på årsakene til endringane?

Innleingsvis i kapittelet spurte eg om livsløpsmønster og hushaldsmønster på 1800-talet i Norge best kunne karakteriserast som **kontinuitet** eller **endring**? Kan det norske materialet støtte Laslett og kontinuitetstesen eller er det motstandarane av denne tesen dette materialet gjev stønad til? Svaret er førebels eit både-og. Det er sider med

²⁶⁷ NOS C No 1:1869, s. IV

²⁶⁸ NOS V No 4:1906, s. 120-121.

giftarmålsmønsteret som blir forsterka gjennom hundreåret, og det europeiske giftarmålsregimet ser på overflata ut til å halde stand. Hushaldsstorleiken endrar seg også relativt lite totalt sett gjennom hundreåret, men endringa for etablerarhushaldet er større enn for alle hushalda. Men det har også blitt avdekt endringar: Giftarmålsalderen fell i byane, teneste er i liten grad ein del av livsløpet for menn kring 1900. Barn bur lenger heime. Unge, både menn og kvinner etablerar einpersonhushald kring 1900 i stor målestokk. Endringane skjer delvis før 1865, men flest etter. Spørsmålet om endring eller kontinuitet er avhengig av kvar ein legg vekt. Giftarmålsalderen og giftarmålsmønsteret ser ut til å endre seg lite, og på overflata gjev kontinuitet ein god karakteristikk. Men legg ein vekt på framvekst av ein- og topersonhushaldet, og at barna blir buande hos sine foreldre til vaksen alder er ”brot” og ”endring” langt meir dekkjande omgrep.

Spørsmålet som då reiser seg er: Kvifor? Kva er årsakene til desse endringane? Fleire ulike forklaringar har vore framme både nasjonalt og internasjonalt, og i norsk kontekst har særleg to forklaringar stått sterkt: a) Den materielle: Det er omlegginga av samfunnsproduksjonen som driv endringane fram og b) Den kulturelle: Nye idear og sosiale mønster trer fram først i byane hos middelklassa og spreier seg deretter utover landsbygda og til den fjernaste avkrok. Gjev dette skiljet mellom by og land eit spor mot ein forklaring på kvifor hushaldsmønster og livsløpsmønsteret vert endra? I det neste kapitlet vil desse to forklaringsmodellane bli drøfta og samanstilte med andre forklaringar.

Kapitlet sin operasjonelle funksjon var å avdekkje eigenskapar ved livsløp- og hushaldsmønsteret som endra seg over tid eller gav indikasjonar på regional variasjon. Dette er eigenskapar som eignar seg til ein djupare analyse av korleis mønstra blir endra, og som element i ei årsaksdrøfting. På basis av dette kapitlet vel eg følgjande eigenskapar:

1. Livsløpsovergangen forlate opphavsfamilien
2. Livsløpsovergangen familieetablering
3. Livsløpsovergangen hushaldsetablering, målt med median alder ved etablering av hushald
4. Livsløpsfasen mannleg teneste.
5. Hushaldsstorleik, for a) alle hushald og b) etablerarhushaldet
6. Delen einslege hovudpersonar (einpersonhushald) med særleg fokus på aldersgruppa 20-29 år.

Desse seks eigenskapane vil bli grunnlag for ein meir detaljert analyse av korleis endringane skjer, når og kvifor. I kapittel 7-9 vert desse omtalt som ”Indikatorvariablar for endring av livsløp- og hushaldsmønster” og i generalisert kortform for ”Indikatorvariablar for sosial endring”.

Kapittel 5

Forklaringsmodellar: Kvifor endring?

I førre kapittel vart det avdekt endringar både i giftarmålsmonster og hushaldsmønster. I løpet av 1800-talet blei barn verande lenger heime hjå foreldra, samstundes som dei unge vaksne etablerte seg tidlegare. Fasen mellom 'barn' og 'vaksen' vart dermed kortare og endra karakter ved at teneste i mindre grad vart del av sekundærsosialiseringa.²⁶⁹ Dette siste gjaldt først og fremst menn. Vidare minka hushaldsstorleiken. Særleg galdt dette etablerarhushaldet, delvis fordi einpersonhushaldet i langt større grad vart eit alternativ, både for unge og eldre, og mot hundreårskiftet særleg for yngre menneske i 20-års alderen. Endringane rører ved hushaldet, familien og individet. Det er usikkert i kor stor grad endringane er parallelle eller synkrone, og i kva grad dei er samanhengige. Minke i hushaldsstorleik kan vere uavhengig av at teneste i mindre grad vert ein del av menns livsløp. Minke i gjennomsnitt hushaldsstorleik kan både tilskrivas framvekst av einpersonhushaldet, men kan òg henge saman med ei meir komplisert endring av hushaldsstrukturen.

Føremålet med dette kapittelet er å diskutere ulike modellar eller teoriar som forklarar endringar i livsløpsmonster og hushaldsstruktur avdekt i førre kapittelet. Målet med dette kapittelet kan delast i to: For det første å avdekkje og avklare forklaringsmåtar og teoriar som forklarar endring over tid, og for det andre å pensle ut forklaringar med eit romleg element. Dette kravet kan synest urimeleg og lite naudsynt, men kravet er metodisk avgjerande, sidan analysen i kapittel 7 og 8 i stor grad søkjer årsaksforklaring ved regional komparasjon. Berre forklaringar med klar romleg (geografisk) dimensjon vil dermed bli prøvd i første del av analysen, men eg trur at gjennomgangen nedanfor av ulike forklaringsmodellar vil syne at dette kravet ikkje ekskluderer sentrale forklaringar.

I hovudtrekk kan ein skilje ut fem hovudforklaringar på endringane som er observert i livsløp- og hushaldsstruktur: 1) Sosial utjamning gjennom framvekst av klassesamfunnet 2) Funksjonsbortfallet – endring av hushaldets produksjonsfunksjon 3) Kulturdiffusjon – spreining av urban, europeisk kultur frå sentrale strom mot avsidesliggjande bygder og 4) Moralforklaringa. Svekking av ekteskapsmoral og foreldra sin autoritet. 5) Demografiske forklaringsmåtar.

5.1 Sosial utjamning

”Standssamfunn” og ”Klassesamfunn” er to sentrale nemningar for å skildre sosiale strukturar i byrjinga av 1800-talet og på slutten av 1800-talet. Nemninga beskriv idealtypar for sosiale strukturar. No er desse to nemningane langt frå eintydige, og som Tore Pryser har peika på, er mellom anna oppfatninga av standssamfunnet ulik hos t.d. Mykland og Seip.²⁷⁰ Standssamfunnet var prega av paternalisme og personlege band, manifesterte t.d.

²⁶⁹ Primærsosialisering er den første oppsedinga og stimulans eit menneskje går gjennom i barndomen, i heim og nærmiljø. Dette dreier seg om barnet sin heimekultur. Sekundærsosialisering er seinare påverknader som styrer et individ inn i nye sektorar av samfunnet. Det å vere i teneste hos andre kan difor reknast som ei form for sekundærsosialisering, saman med skulens oppseding og millitærtjeneste.

²⁷⁰ Pryser: 1985, s.23-28.

gjennom tilhøvet mellom bonde og husmann eller handverksmeister og drengen hans. Standssamfunnet var også prega av statiske aldersroller, t.d. som dreng, svein og meister innafor handverksnæringane eller dreng og dagarbeidar i jordbruket. Desse rollene var aldersdeterminert. Sosial omgong og særleg giftarmål på tvers av stendene var ikkje bra, giftarmål mellom kondisjonerte og anna folk ”var nærmast skandale”.²⁷¹ Den reelle sosiale avstanden mellom samfunnsgruppene var stor, og mobiliteten mellom gruppene var liten. Overgangen mot klassesamfunn i andre halvdel av 1800-talet førte med seg større sosial mobilitet og sosial utjamning. Avstanden mellom gruppene vert mindre, vegen oppover i samfunnet vart kortare, kulturell og sosial bakgrunn og slektsbakgrunn var i mindre grad avgjerande for stillingar i staten eller næringsverksemd. Mange juridiske stengsler vart borte, t.d. gjennom endringane i handels- og handverkslovgeving (1841). Paternalismen var på veg bort, særleg mellom menn. Dei paternalistiske og personlege banda mellom bonde/husmann, kjøpmann/dreng eller meister/svein, vart smått om senn erstatta med lovregulerte relasjonar mellom formelt sett likeverdige partar.²⁷² Ålmenn røysterett for menn frå 1898 formaliserte likskap og likerett uavhenging av bakgrunn og stand.

Korleis kan dette ha innverka på livsløp, familieetablering og hushaldsetablering? Ståle Dyrvik meiner at den sosiale utjamninga kan avlesast i hushaldsstrukturen. Skilnadane i hushaldsstorleik for høg og låg i samfunnet blir mindre.²⁷³ Tidleg i hundreåret er særmerkt med store bonde- kjøpmann- og handverkarhushald, i kontrast til dei mindre husmanns- og dagarbeiderhushalda. Ein grunn til dei store hushalda hos bønder og byborgarskapet er at dagarbeidarar, tenestefolk, drenger, sveinar og betjentar i stor grad bur der dei arbeider. Gjennom hundreåret flytter arbeidsfolket (sveinar, drengar) ut av produksjonshushalda, dannar eigne hushald og skilnaden i storleik mellom hushalda, bonde og husmann, kjøpmann og betjent vert mindre. I kva grad dette også inneber ei sosial utjamning er diskutabelt. Eg vil snarare hevde at det er samanhengen (positiv korrelasjon) mellom sosial status basert på stand og hushaldsstorleik som kverv, ikkje nødvendigvis at skilnadane mellom sosiale grupper blir mindre. Figur 4-5 i førre kapittel syner alt anna enn utjamning, talet på små hushald – frå 1- 3 personar – aukar, medan delen store hushald, 8 personar eller meir, held stand. Dette medfører at delen av hushald kring gjennomsnittet, 4- 5 personar minkar, og at overgangen frå eit standssamfunn til eit klassesamfunn aukar, ikkje minkar, variasjonen i hushaldsstorleik. Derimot på basis av figur 4-7, hushaldssamansetning etter hovudpersonen sin alder, er det mogeleg å lese av ei viss utjamning. Særleg i hushalda der hovudpersonen er under 40 år minkar talet på slektingar, tenestefolk og gruppa andre, og i denne samanhengen kan hushaldssamansetninga gje ein indikasjon på sosial utjamning.

Sosial utjamning ved overgangen frå ”Standssamfunn” til ”Klassesamfunn” oppfattar eg som ein skildring av, heller enn ein forklaring på, endringar av sosiale strukturar. Bakgrunnen for endringane finn ein både i økonomiske, sosiale, kulturelle og juridiske faktorar. Nokre av desse årsaksfaktorane er dekkja av ”Den økonomiske

²⁷¹ Pryser: 1985, s. 25. Skandalen har Pryser lånt frå {Steen, 1957 #4, s. 79.

²⁷² *Lov angaaende Huusmandsvæsenet*, 24. Sept. 1851, 24 September 1851, *Lov angaaende huusmandsvæsenet*. Vogt, Bull og Bull:1853, s. 517-524. *Lov om Tilsyn med Arbeide i Fabriker m.v.*, 27. juni 1892. 14de Juni 1892, *Lov om Tilsyn med Arbeide i Fabriker m.v.* Norsk Lovtidende:1892, s. 109-119.

²⁷³ Dyrvik: 1986, s. 34-37

forklaringsmodellen” og ”Kulturdiffusjonsmodellen” nedanfor. Derfor vil eg utelate ”Sosial utjamning” som sjølvståande forklaring på endring av livsløp- og hushaldsmønster, men element av forklaringsmåten vil eg komme attende til i kapittel 9.6. Nokre historikarar har sett oppløysinga av standssamfunnet også i eit sentrum-periferi perspektiv. Desse historikarane og synsmåtane deira vil bli presentert under i punkt 6.2.3.

5.2 Økonomisk forklaringsmodell – funksjonstøming og samfunnsproduksjon

Det er ikkje godt å gje namn på denne forklaringsmodellen. På hushaldsnivå talar ein om funksjonstømming, medan makroøkonomisk nivå om endring av samfunnsproduksjonen. Produksjonen forlèt hushaldet og går over i marknaden. Hovudsaka er at endring i samfunnsproduksjon, i næringsstruktur og produksjonsforhold er den sentrale faktoren som forklarar endring av livsløp, familie og hushald. Og slik sett femnar denne forklaringsmodellen både om marxistiske familiehistorikarar, sider ved webersk familiesosiologi og generelt materialistisk orienterte historikarar. Internasjonalt har denne forklaringsmodellen vore sær framtreddande for å forklare endringar i hushaldsstruktur, jf. kapittel 2, punkt 2.3 – 2.6. Nedanfor har eg vektlagt dei norske bidrag i debatten.

5.2.1 Fasane i framveksten av industrisamfunnet

Det er mange norske og særleg utanlandske historikarar og sosiologar som kunne ha vore trekt fram, men om vi snevrar inn til Norge og hushaldsinstitusjonen så er det særleg Sølvi Sogner som ber fram denne forklaringsmåten på ein glimrande måte. Truleg inspirert av Tilly og Scott ser Sogner endringa av familieinstitusjonen frå 1600-talet og til vår tid som ein utvikling i tre fasar:²⁷⁴

I fase I ”har vi en «familieøkonomi» basert på folkerike husstander som samvirker om samfunnets produksjon, som er organisert husstandsvis.” Fase I vert avløyst på 1800-talet av ei omlegging av produksjonsforholda.

[Fase II:] Mer og mer av samfunnets økonomiske aktivitet føres ut av husstandene og over i markedet, i fabrikker og verksteder. Den etterspurte arbeidskraften her er i første rekke mennene, som er mer mobile enn kvinnene, som er langt fastere knyttet til husholdet gjennom barna, tjenerskapet og de gamle. [...] Det er nå mennene forlater husstandene som de ikke selv står i spissen for - tjenere og husmenn forsvinner som kategori - og arbeider i stigende grad også utenfor sin egen husstand, siden stadig mer av de økonomiske virksomheter sentraliseres i kontorer, verksteder, fabrikker.

I hushalda i fase II dominerer kvinnene og deira arbeidsoppgåver, og berre delvis blir desse arbeidsoppgåvene profesjonalisert og overført til marknaden. Men seinare i fase II aukar produksjonen av varer utanfor hushaldet og desse kan også kjøpast. Samtidig blir kvinneleg arbeidskraft etterspurd på dei nye produksjonsstadene for nettopp å framstille desse varene. I takt med at arbeidsplassar for kvinner veks fram, minkar talet på hushjelper i hushalda. Fase II varer i om lag ein hundreårsperiode fram til kring 1960.

Fase III blir innleia kring 1960 ved at også husmødrene ”forlèt” hushaldet:

²⁷⁴ Sogner: 1990, s. 86-89.

Lenge holdt husmødrene stand. Først under den sterke velstandsøkningen i 1960-årene ble etterspørselen etter kvinnelig arbeidskraft ute i samfunnet så stor at husmødrene så seg tjent med å forlate husholdet for å legge ned sin arbeidsinnsats i et lønnet yrke innenfor markedsproduksjonen og i tjenesteytende næringer. [...] Det lå økonomiske drivkrefter i husmødrenes exodus.

Sogner oppfattar fase II som eit mellomspel, eller overgangsfase. Både i fase I og fase III er kvinne og mann økonomiske partnarar i eit arbeidsfellesskap. I begge fasane deltek mann og kvinne i samfunnsproduksjonen på same måte, medan i fase II var rollene delte: Mannen ute og kvinna heime.

Ein variant av denne faseinndelinga er framstilt i *Med kjønnsperspektiv på norsk historie*, og vi kan skjematisk sette fasane opp slik:²⁷⁵

1. **Fase 1**, fram til kring 1850: Familieøkonomi. Samfunnsproduksjonen er organisert i hushald. Mann og kvinne og resten av familien utgjer eit arbeids- eller produksjonsfellesskap.

Fase 1b. Overgangsfase: Familielønnsøkonomi.

2. **Fase 2**, omlag 1850-1950: Familiekonsumøkonomi. Mennene forlèt hushaldet i takt med at delar av samfunnsproduksjonen forlèt hushaldet. Skilnad mellom arbeid og opphald for menn. Husmødrenes tidsalder, kvinnene sin produksjon skjer i hovudsak i hushaldet. Reduksjon i hushaldsstorleik. Mannlege tenarar forsvinn som kategori. Kjønnspolarisering.
3. **Fase 3**, 1950-: Kvinnene følgjer mennene ut av hushaldet. Ingen produksjon att i hushaldet.

Omgrepa familieøkonomi og familiekonsumøkonomi er fase-merkelappar henta frå Louise Tilly og Joan Scott.²⁷⁶ Framstillinga hos forfattarane av *Med kjønnsperspektiv på norsk historie* ber preg av slektskapen.²⁷⁷ Både *Med kjønnsperspektiv...* og Tilly og Scott opererer med ei fasenemning mellom fase 1 og fase 2 som dei kallar familielønnsøkonomi. Denne fasen er karakteristisk ved at gifte kvinner sin arbeidsinnsats var like viktig som før, enten i hushaldet eller utanfor. Eit eksempel på dette er frå Eilert Sundts granskingar av arbeidarstrok i Kristiania, som syntte kor vanleg det var at gifte kvinner hadde arbeid utanfor hushalda i 1850-åra.²⁷⁸ På same tid merka amtmannen i Bergen seg at i periodar med stor etterspurnad etter arbeidskraft var heile familiar engasjert utanfor heimen. Amtmann Edvard Hagerup fann fenomenet typisk nok til å ta det i beretninga for Bergen by:

...i Sildefiskeriets og Nordlandsstevnerens traveleste Tid [...], paa hvilke Tider desuden ikke blot Manden, men hans Kone og nogenlunde arbeidsdyktige Børn kan hver især fortjene en anstændig Dagløn, ...²⁷⁹

Statistikaren J.N. Mohn påviste alt i 1874 at barne- og kvinnearbeid innafør einskilde industrigreier var langt meir utbreidd i Sverige og Norge, enn i t.d. Nord-

²⁷⁵ Blom og Sogner: 1999, s. 160.

²⁷⁶ Tilly og Scott: 1978

²⁷⁷ Jf. kapittel 2.4 framfor

²⁷⁸ {Blom, 1999 #38}, s. 160. Granskinga det er referert til er Sundt: 1858.

²⁷⁹ Departementet for det Indre: 1853, Beretning for Bergen by 1846-50, s. 9-10. Edvard Hagerup var amtmann i Bergen i perioden 1834-1852.

Amerika.²⁸⁰ Kring ¼ av alle almueskolebarn i byane hadde lønna arbeid i 1870-åra, og fram mot 1914 auka delen av byskulebarn i arbeid.²⁸¹

Skilnaden mellom Sogner si faseinndeling og faseinndelinga til Scott og Tilly er overgangsfasen mellom fase I og fase II, her kalla fase 1b 'familielønsøkonomi'.²⁸² Skilnaden i høve til "rein" fase I er at hushald i denne kategorien ikkje er produksjonshushald, og skilnaden i høve til fase II er at kjønnsopolariseringa manglar. Kvinna har ikkje blitt husmor. Desse faseovergangane er avhengig av graden av urbanisering og utbreiing av bynæringar. Om overgangen frå fase I til fase II skriv Sølvi Sogner:

Byhusholdningene derimot ble etterhvert stadig sterkere reservert bare for å bo, sove og spise, og stadig mindre preget av økonomisk virksomhet. Det medførte at tjenestejentene der i all hovedsak utelukkende arbeidet med husstellet. En slik avgrensning i kvinners arbeidsområde i bymiljø til «rent» husarbeid blir typisk på 1800- og 1900-talet. Ettersom bynæringar grep om seg, og samfunnet ble stadig mer urbanisert, var det duket for et økende antall kvinner innenfor disse rammene. Den typiske byhusholdningen skulle komme til å bli prototypen...²⁸³

Bortfallet av hushaldets produksjonsfunksjon og overgangen til husmorhushaldet er i følge Sogner eintydig relatert til framveksten av sekundær- og tertiærnæringar. Fasane i *Med kjønnspektiv...* adoptert frå Scott og Tilly synest også i norsk kontekst å vere den beste framstillinga av overgangen til industrisamfunnet.

5.2.2 Levebrød utan hushaldsproduksjon

Også Ståle Dyrvik legg stor vekt på nye typar økonomisk grunnlag (levebrød) for hushalda som sentral forklaringsfaktor for endringar. Dyrvik tenkjer seg eit skilje mellom eit eldre og eit yngre hushaldssystem. Det eldre er karakterisert ved høg gjennomsnittleg hushaldsstorleik og ved større del fleirfamiliehushald og hushald utvida med slekt. Overgangen mellom de det eldre og det yngre systemet er karakterisert ved at:

I det eldre systemet er levebrøda etter måten einsarta og rommelege, [...]. Levebrøda er dessutan konkrete, som gardsbruket, plassen, krambua, fartyet osv. [...] Med det andre hushaldssystemet er ein komen nærare vår eiga tid. Levebrødsomgrepet mister det konkrete innhaldet sitt og kjem meir vagt til å tyda sysselsetjing, eitt eller anna inntektsgjevande arbeid. Dette verkar til å løyse det faste bandet mellom ekteskap og råderett over ein viss økonomisk ressurs, og samstundes losnar sambandet mellom det å gifta seg og setja bu i eige hushald.²⁸⁴

I det eldre systemet, dominert av større, meir komplekse hushald, er det ei sterk binding mellom giftarmål/familieetablering og råderett til ein viss økonomisk ressurs (t.d. eit gardsbruk). Løysing av den sterke bindinga mellom familieetablering og hushald på den

²⁸⁰ Mohn: 1874, s. 725. „Børnearbeidet hos oss drives i meget stor Udstrækning i Fyrstikindustrien, i Cikoriefabrikkerne og i Tobaksindustrien". Meir om barne- og kvinnearbeid sjå: Fløysand: 1979 og Søyby:2000, http://www.ssb.no/emner/historisk_statistikk/artikler/art-2000-09-13-01.html.

²⁸¹ Fløysand: 1979, s. 20 og 28.

²⁸² Eg vil tru ulikskapen i faseinndelinga mellom Sogner:1992 og Blom og Sogner:1999 er eit resultat av nye erkjeningar. Ulikskapen er dimensjonert opp her for nettopp å setje fokus på fasen "familielønsøkonomi".

²⁸³ Sogner: 1990, s. 83-84.

²⁸⁴ Dyrvik: 1983, s. 195.

eine sida og levebrød på den andre, fører til framveksten av dei små enkle kjernefamiliehushalda.

Dette skjer gjennom ei avskalling frå kjernefamiliane: Fleire einslege, anten dei no er unge ugifte eller eldre enkjefolk, flyttar ut og dannar eigne hushald. Dei utvida og fleirfamiliehushalda svinn såleis bort i same takt som småhushalda ynglar.²⁸⁵

Denne endringa frå eit eldre til eit yngre system påviser Dyrvik i Etne i Sunnhordland mellom 1801 og 1865, men han meiner at endringane ville vore langt tydelegare om han også hadde nytta teljemateriale for 1900. I ei tilsvarende hushaldsgransking frå Nord-Sverige gjer Egerbladh heilt tilsvarende funn og konkluderer med at overgangen frå komplekse til enkle hushald i Sverige fell særst godt inn under økonomisk moderniseringsteori.²⁸⁶

Både Dyrvik, Sogner og forfattarane av *Kjønnspektiv* legg stor vekt på produksjonsforholda for å forklare hushaldsstruktur og endringar i denne. Slektskapet til Max Weber si funksjonstømming, jf. kapittel 3, er tydeleg. Eg har likevel eit inntrykk av at arven frå både Weber (kap 2.3) og Cambridge-gruppa (kap 2.5) står sterkare hos Dyrvik enn hos Sogner. Sogner har langt sterkare slektskap med "Ny-revisjonistane" (kap. 2.6). Hagemann i *Kjønnspektiv* har fullt og heilt adoptert Scott og Tillys faseinndeling, samtidig som ho seier eksplisitt seier ho legg stor vekt på det kulturelle hamskiftet (sjå nedanfor), og til slutt påpeikar kontinuiteten gjennom 1800-talet.²⁸⁷ Dette gjer *Kjønnspektiv* vanskelegare å setje i bås.

Trass i ein viss ulik vektlegging hos Dyrvik og Sogner legg begge vekt på variasjon og endring i næringsstruktur er ein avgjerande forklaringsfaktor. Endringar i hushaldsstruktur, t.d. hushaldsstorleik, og livsløpsmønster, t.d. teneste, bør falle saman med endringar i dei varierende næringane og næringsgrunnlaget som er grunnlaget for samfunnsproduksjonen. I dette finn vi eit klart regionalt element som vi kan bruke for å teste denne forklaringsmodellen. Norge er eit langstrakt land med ulike næringsgrunnlag og der jordbruket i ulik grad har spelt hovudrolla. I tillegg til jordbruket har næringsgrunnlaget for norske hushald vore karakterisert med fire hovudnæringar med skeiv regional fordeling: Fiske, skogbruk, transport og bergverk: "Der så mange land i Europa berre hadde jorda, hadde Norge jorda og berget, skogen og sjøen."²⁸⁸

I Figur 5-1 nedanfor er samanhengen mellom endring av samfunnsproduksjon og hushald og livsløp framstilt grafisk. Figuren syner kva retning den strukturelle respons tek, eller korleis hushalds- og livsløpsstrukturar vert endra, ved påtrykk frå det økonomiske systemet. Endringane er asynkrone og divergerande, for modellen krev at giftarmåls- og etableringsalderen vil falle der innslaget av sekundærnæringar er stort. Sameleis venter eg at hushaldssamansetning vert enklare og hushalda mindre med aukande sekundærsektor. Det andre sentrale elementet i denne forklaringsmåten er graden av bynæringar eller framveksten sekundærsektor. Det fører til at det ikkje berre bør vere skilnad mellom by og land, men også ein gradsskilnad m.o.t. kor urbanisert og industrialisert landsbygda vert.

²⁸⁵ Dyrvik: 1983, s. 196.


²⁸⁶ Egerbladh: 1989, s. 261.

²⁸⁷ Hagemann: 1999, s. 140 og s. 225-226.

²⁸⁸ Dyrvik, Fossen, Grønlie, Hovland, Nordvik og Tveite: 1979, s. 13.

Figur 5-1 Funksjonstøming: Endring av samfunnsproduksjon som forklaringsmodell

Årsaksfaktor System/Egenskapar Strukturell respons



I neste kapittel vil eg finne ein måte å operasjonalisere denne forklaringsmodellen, men først ein annan forklaring på endringane, ei forklaring som legg vekt på det immaterielle.

5.3 Kulturdiffusjon: Frå sentrum mot periferi

Den tredje samlinga av forklaringar har eg sett kulturdiffusjon som overskrift på, som gjennomgangen nedanfor vil syne har denne forklaringsmodellen røter i samtida. Og eg vil prøve å vise samanhengen i framstillingane frå Eilert Sundt, via hamskiftehistorikarane til sentrum-periferi tenkinga i norsk historie og samfunnsvitskap. Eg tek til med Eilert Sundt og hans samtalar med "tenksomme" bondekoner.

5.3.1 Nattfrieri og kyss på munnen

I *Om Giftermål i Norge* diskuterer Eilert Sundt moralske og kulturell ulikskap i høve til "nattebesøg og nattefrieri".²⁸⁹ Normer og skikkar er ulike: I byane vekker nattfrieri "anstød", på landsbygda er eit kyss på munnen sjølv mellom ektefolk "anstødelig". Sundt meiner skikken med nattfrieri er "løslevnet" og fører til at mange på landsbygda "nødes til at gifte sig i ungdom og fattigdom, ulykker som [...] må tilskrives nattebesøgenes

²⁸⁹ Sundt: 1992, avsnitt 150, s. 234-237.

gammeldagse skikk”.²⁹⁰ Sundt diskuterer deretter kva som bør gjerast for å ”modarbeide” skikken, og han meiner det er eit gunstig tidspunkt (1850-talet) for å få gjennomført endringar. Sundt skriv:

..jeg har grund til å tro, at tænkemåden i den senere tid har begyndt så småt på mange steder at vende sig imod nattefrieriets skik og uskik [...]

Hvorledes tænkemåden og skikken lidt efter lidt kan vende sig til det bedre, det kan jeg bedst oplyse ved nogle ytringer af en tænsom bondekone, som jeg samtalte udførlig med om denne gjenstand. Det var på øvre Romerike, en af de bygder i landet, hvor forholdet med løbsagtighedsforseelser er værst. Konen havde selv været forlovet på den forklarede made og dengang ikke tænkt videre derover; men siden, som husmoder med flere tjenestefolk under sig, havde hun havt anledning nok til at se sørgelige følger af uvæsenet, og som moder med voxne børn havde hun lært at frygte for dets farer. Hun ytrede sig med stor uvillie imod det gamle væsen, men mente tillige, at det var aftaget noget, og i sin iver føiede hun til: «Og om ti år er jeg vis på, det skal være så godt som af-skaffet.» «Men hvorpå bygger du den tro?» spurgte jeg. «Jo, det skal jeg forklare,» fortsatte hun. «Der er da så mange ting, som ere anderledes nu end før. **Det kommer deraf, at vi bo så nær ved byen, hvor jo næsten hver og en af os har kjendinger eller slægtninger, som vi sommetider besøge; for det er ikke så vanskeligt at gjøre en bytour engang imellem nu for tiden. Men dermed er det, ligesom der kommer nye skikke op over bygden** [mi utheving] Sådan er det i den senere tid bleven skik at holde selskaber og ligesom små baller, hvor vi bede sammen nogle af vore kjendinger. Nu på nogle år have vi gjort det, min mand og jeg, og ligedan flere andre. Men nu ser jeg så tydelig, at ungdommen har så godt af at komme sammen på den made; for i min ungdom var det da så, at når unge folk, gutter og gjenter, vare sammen i et lag, enten et gravøl eller så, så kunde det ikke gå an, at den ene så på den anden, så bluge skulde de være; gutterne skulde være i den ene krog af stuen og gjenterne i den anden; nu derimod ser jeg ikke andet, end at gutterne og pigerne kunne være sammen og tale med hverandre og spøge og le just som i byen; det er ligesom de først have lært det nu. Men når de ere således lærte, så ville de ikke flyve sammen om natten, det kan du være sikker om; de begynde at skjæmmes for det, når de først have lært byskik. Og nu var vel dette gårdmands-børn; men så har det sig også så, at husmandsklassen gjerne vil tage efter gårdmandsfolket. Og desuden har jeg tænkt på det — og jeg har talt med nogle andre koner, som også ville gjøre det samme —: engang imellem, sådan som søndags-eftermiddagen, at holde et lidet lag for tjenestefolkene også, hvor de kunne more sig sammen, og jeg kan være tilstede; manden min, han synes nok ikke videre om det, for han er ligesom noget skarp og hård af sig, han; men jeg har nu foresat mig det, og jeg mener, jeg skal nok få det frem.»²⁹¹

²⁹⁰ Sundt: 1992, avsnitt 150, s. 235.

²⁹¹ Sundt: 1992, avsnitt nr. 150, s. 236 og fotnote 1, s. 237-238.

Forklaringsmåten til Eilert Sundt eller bondekona frå Romerike inneheld fleire ulike interessante element, og om samtalen faktisk har funne stad spelar mindre rolle. Det første elementet er kultur og kulturelle skilnader– utgangspunktet for samtalen er ein skikk, nattfrieri, men også kyssing på munnen i den offentlege sfære. I båe samanhengar skilde byfolk seg frå landsbygda. Og det er den tradisjonelle landsbygdskulturen som er under press. Det andre elementet er moralsk: Sundt tykkjast å meine at skikken (nattfrieri, ikkje kysse på munnen) bør vekk, fordi den inneber seksuelt samkvem, som igjen kan føre til barn og for tidleg inngått ekteskap. Her har vi det tredje elementet, spørsmålet om sosial alder og normer: Når bør eit ekteskap inngåast og kva bør vere eit godt nok grunnlag for å etablere ein familie? Dette kan tyde på at normene for kva som burde vere eit tilstrekkeleg økonomisk grunnlag for ekteskap var under press, fordi levebrødsgrunnlaget var under endring. Men vinden bles i Sundt si retning, han hadde medvind, og det leier fram til det fjerde og siste elementet i historia: Korleis skjer endring? Den kulturelle endringa og endringa i tenkemåte skjer ved kontakt med byen. Dess nærmare ein bur byen, dess større er presset på den tradisjonelle kulturen. Og endring skjer ved at nye idear, nye samversformer kjem i retur frå byen. Folk frå landsbygda flyttar inn til byen og tettstadane, medan nye skikkar kjem i retur, enten direkte ved at byfolk (slekt og tidlegare sambygdingar) kjem på besøk om sommaren, eller indirekte ved flyt av idear. Graden av kulturdiffusjon frå by til landsbygd er bestemt av nærleiken og samkvemmet med byen, dess nærare byen dess større endring.

5.3.2 Hushald i periferien

Lisbeth Higley peikar på at avstand frå sentrum eller isolasjon i høve til sentrale strom er avgjerande for hushaldsstrukturen:

En sammenligning av de forskjellige husholdningstypers forekomst i Ullensaker, Rendalen og Gjerdrum i 1801 viser tildels store forskjeller. Av tabell 85 ser vi at mens 12,2% av alle husholdninger i Rendalen var av type 5, var bare 2,8% i Gjerdrum av denne type. Ullensaker med 6.7% faller i midten. At andelen av flerfamilie-husholdninger i Rendalen var dobbelt så stor som i Ullensaker er ikke lett å forstå. En del av forklaringen kan være at tallmaterialet for Rendalen (og Gjerdrum) er mindre enn for Ullensaker og at små forskjeller i materialet derfor vil forårsake større svinginger i resultatet i desse bygdene enn i Ullensaker. **Dessuten lå Rendalen isolert til.** [*mi utheving*]²⁹²

Ullensaker og Gjerdrum ligg sentralt på Romerike²⁹³, medan Gjerdrum ligg sørvest for Ullensaker, nærare hovudstaden. Den første jernbanelina i Norge, frå Christiania til Eidsvoll, skar gjennom Ullensaker. Rendalen ligg øvst i Østerdalen heilt nord i Hedmark fylke.²⁹⁴

Også Sølvi Sogner har lansert sin variant av diffusjonsmodellen. Sogner samanliknar også talmateriale frå si eiga gransking i Rendalen, med Lisbeth Higley si gransking av Ullensaker. Sølvi Sogner slår fast at:

²⁹² Higley: 1976, s. 154. Hushald av typen 5 er fleirfamiliehushald, hushald samansett av minst to konjugale einingar. Eksempel: Ein gift dotter med husbond dannar ein hushald saman med dottera sine foreldre.

²⁹³ Litt meir geografi: Gardermoen hovudflyplass ligg nordre del av Ullensaker kommune.

²⁹⁴ Rendalen er i dag mest kjend for ein ulvefamilie og illske sauebønder. Konflikten mellom byråkrati og lokalbefolkning om vern er ein klassisk motsetning mellom sentrum og periferi.

Når det gjelder komponenten bosatte slektninger er det vidare et faktum at stammefamilien er langt mer utbredt i Rendalen enn i Ullensaker - 12.2% av alle husstander i Rendalen, mot 6.7% i Ullensaker.

Sammenligningen mellom de to bygder gir Rendalen et mer arkaisk preg. Familiebånd betyr kvantitativt mer der, akkurat som bondehusstandene utgjør relativt fler av det totale antall husstander. Derfor synes Rendalen å avspeile en tidligere fase i utviklingen av familiehusstands-strukturen, noe som gjør den særlig verdifull. Den mest sannsynlige årsak til dette forholdet er beliggenheten. **Det opprinnelige preg bevares bedre i mer avsidesliggende bygder.** [*mi utheving*]²⁹⁵

I boka *Far sjøl i stua og familien hans* gjer Sølvi Sogner ein interessant samanstilling. Ho samanliknar tre grupper som har forsvunne dei to siste hundreåra: **Hus** mennene, **hushjelpene** og **hus** mødrene. Sogner ser dette som **ein** avskallingsprosess, der dei tre gruppene etter tur bryt laus frå ein patriarkal hushaldsstruktur. Tidleg, alt på 1600 – og 1700-talet bryt tenarar delvis laus frå bonden og vert husmenn, lausrivinga er berre delvis. Og patriarkatet trivst saman med den eineveldige staten, husbonden er statens undersått, ikkje einskildindividida. Med ny statsforfatning i 1814 og gradvis nedbygging av standssamfunnet trer individet (borgaren) fram og i denne prosessen skjer ei utradering av husmenn og mannlege tenarar. 1800-tals samfunnet er gjennomsyra av nye demokratiske, liberale og sosialistiske idear og bryt ned det personlege bindinga som var mellom husbond på den eine sida og husmann og tenar på den andre sida. Men denne lausrivinga er kjønnsespesifikk. Tidleg på 1900-talet står berre ei gruppe att framleis underordna den patriarkale autoritet: Hushjelpene eller tenestejentene. På landsbygda var tenestejentene ”allround” tenarar fram til 2. verdskrig, medan i byhushalda vert tenestejentene sine arbeidsoppgåver avgrensa til ”rent” husarbeid i løpet av 1800- og 1900-talet. ”Den typiske byhusholdningen skulle komme til å bli prototypen”²⁹⁶.

På 1800-talet skjer også ei anna form for avskalling, dei store felles bondehushalda vert delt i brukershushald og kårhushald:

I Rendalen ser det ut til at fellestatus mellom kårfolk og ungfolk var vanligere ved midten av 1700-tallet enn det ble rundt 1800. [...] Trenden synes imidlertid å være at å leve i separate husstander ble stadig mer den foretrukne ordning for gamle foreldre og deres voksne barn. Undersøkelser fra mer sentrale områder, Bærum og Asker, der utviklingen kan forventes å være kommet «lenger» [...] antyder at «gamle i flergenerasjonsfamilier (er) en seiglivet myte». (Fure 1986)²⁹⁷

Fleire av livsløps- og hushaldsendringane på 1800-talet er i følge Sølvi Sogner kjønnsespesifikke, dei gjeld berre menn. Kvinner vart i større grad gåande i dei same patriarkale tvangstrøyene som før. Ser vi endringane i samanheng har vi no to aksar, ein territorial (by-land) og kjønns. Endringane i livsløp og hushald skjer langs desse to aksane.

5.3.3 Hamskiftet

Kva om vi flytter oss til eit meir generelt plan? Korleis blir sosiale og kulturelle endringar i Norge på 1800-talet forklart? På eit meir generelt plan er kulturdiffusjonsmodellen

²⁹⁵ Sogner: 1978, s. 706-708

²⁹⁶ Sogner: 1990, s. 69-84. Sitatet står på side 84.

²⁹⁷ Sogner: 1990 s. 79. Fure: 1986b s. 16-35.

utbreidd, og innafor hamskifte-litteraturen finn ein fleire eksempel på endring og spreining av endring frå sentrum mot periferi. Tore Pryser skriv om takta og spreinga av hamskiftet:

Krokanns datering [*av hamskiftet*] er ment å gjelde landet som helhet, selv om 1850 nok passer best for de sentrale dal og fjellbygdene på Østlandet hvor hans lokalkunnskap strekker seg lengst. I mer perifere deler av landet på Vestlandet og i Nord-Norge kom hamskiftet utvilsomt i slutten av århundret eller i begynnelsen av 1900-talet. Senest fant det sted i Nord-Norge. Omvendt kan det godt tenkes at omslaget i bygdene nær hovedstaden og de andre større byene kom noe før 1850. Undersøkelser på øvre Romerike synes å tyde på at denne bygda alt i 1850 var godt inne i oppløsningsprosessen fra det gamle bondesamfunnet. Men Ullensaker hadde gjennom sin viktige næring vare- og plankekjøringen mellom Eidsvoll og Kristiania lenge stått i nær kommunikasjonsmessig kontakt med pengesamfunnet i hovedstaden. Og alt fra 1851 fikk bygda jernbane.²⁹⁸

Eller litt mindre prosaisk med Krokanns egne ord:

Men det var i desse år [1850-1860 åra] båror frå all verda tok til å skylje inn til dei norske byane, og utetter derifrå att. [...] Men frå byane sig dønningar frå utverda inn over bygdene med dei nye vegane [...] Litt etter kvart kom no heile landet med.²⁹⁹

I Innlands-Norge, som Krokann kjente best til, var det jernbana som sette grensene for utbreiing av det nye: "Det vart jarnbanen som drog grensa mellom utanverda og byen på den eine sida og det gamle bondesamfunnet på den andre", og jarnbana vart effektivt kanaliseringssystem "for dei stride straumane utanfrå. Og dermed tok den stor fumling og vavring hit og dit for alvor til i bondesamfunnet, fyrst nærast byane og der jarnbane vart bygd, så vidare og vidare utetter heile landet."³⁰⁰

Slutninga vi kan trekkje av hamskiftehistorikarane er: Med utbygging av gammal og etablering ny infrastruktur vart landsbygda i Norge kulturelt modernisert. Hamskifte er moderniseringsparadigmet i norsk ham.

5.3.4 Politisk sentrum og periferi

Men denne forklaringsmodellen er også knytt til politisk historie. Når Jens Arup Seip skal forklare skilnader i oppslutning til Venstre og Høgre på 1880-talet, er "èt underliggende skille mellom sentrum og periferi" avgjerande. Under dei geografiske skilnadane, eller sagt med Seip - "Det er som landskapet selv har politiske konturer" – ligg to faktorar av generell karakter.³⁰¹ For det første eit utslag av Herbert Tingstens sosiale gravitasjonslov. Hovudstaden var høgborg for embetsstand, embetsverk og academia og sete for alle viktige sentralinstitusjonar. "Den var også landets kultursentrum", seier Seip med eit kulturomgrep som er snublande nær embetsstandens på 1850-talet: Bondealmuen var utan kultur, borgarskap og embetsstand var berarar av kulturen (i eintal). Eit senter med så høg politisk-kulturell masse vil gi omgjevnadane "sitt politiske stempel, sine normer og idealer". Og for det andre: Dess lenger avstanden er frå dette administrative og kulturelle

²⁹⁸ Krokann og Pryser: 1976, s. 128

²⁹⁹ Krokann og Pryser: 1976, s. 18-20.

³⁰⁰ Krokann og Pryser: 1976, s. 24 og s. 24.

³⁰¹ Seip: 1981, s. 129-130. Eit anna døme på Tingstens lov om den sosiale tyngdekraft: "Tendensen til at arbeidere deltar i valg, er sterkere jo større innslag av arbeidere det er i befolkningen i et distrikt.", Hellevik: 1980, s. 369-370.

knutepunkt, dess svakare blir påverkningsgraden. I tillegg blir desse generelle trekka forsterka av isolasjon og eksisterande kulturskilnader, og derfor slik blir det politiske landskapet på slutten av 1800-talet ein kombinasjon av gamle skilnader og den sterke politiske-administrative sentraliseringa på 1800-talet.³⁰²

Synspunkta presenterte så langt, av Eilert Sundt, Lisbeth Higley, Sølvi Sogner, Jens Arup Seip, Tore Pryser og Inge Krokann gjer alle bruk av ein av sentrum-periferi aksane, den territoriale aksene. I Johan Galtungs terminologi gjer eksempla ovanfor bruk av aksane 'Geografi I' - by mot land og 'Geografi II' – nasjonal periferi mot nasjonalt sentrum med omsyn til ulike distrikt.³⁰³ Men både sentrum-periferi modellar og historikarane opererer langs fleire aksar: Kjønn, alder og sosial klasse. Eksempel på meir avansert bruk av sentrum-periferi modellar for å forklare sosiale endringsmønster finn vi hos Hans Try, Sølvi Sogner og Gro Hagemann.

I *Assosiasjonsånd og foreningsvekst i Norge* skriv Hans Try: "I løpet av 1800-talet fekk assosiasjonsfenomenet sitt gjennombrutt over heile Norge, men til ulike tider og i ulik grad frå område til område."³⁰⁴

Sjølve spreinga både i tid og rom av assosiasjonsfenomenet er ein manifestasjon av to dominerande samfunnsprosessar i Norge på 1800-talet: Integrasjon og sentralisering. Integrasjonsprosessen hadde mange greiner: Økonomisk gjennom overgang til ein pengeøkonomi, som til slutt blei heilt dominerande. Nye kommunikasjonar gjorde integrasjonsprosessen fysisk mogeleg. Kulturelt nærma by og land seg gjennom auka kontakt. Dei store folkegruppene tileigna seg eliten sine normer og kulturmønster, og dermed vart dei tidlegare kulturelle skilnadane mellom by og land og mellom landsdelar mindre. Auka sentralisering gjekk hand i hand med integrasjonsprosessen på 1800-talet. I sentraliseringa spelar Kristiania hovudrolla. Ingen by i landet vaks så raskt som den, folketalet vart meir enn sjudobla mellom 1845 og 1900. Hovudstaden var sentrum i eit nettverk av trådar for fleire samfunnsområde, innan økonomi, kommunikasjon, organisasjonssamfunnet og politikk. Trass i motkreftene sine iherdige forsøk meiner Try at det vart berre med forsøket. Dei leiande krinsane i Kristiania sette standarden for einskapskulturen som i større og større grad prega breie lag av folket over alt i landet. Integrasjonsprosessen og sentraliseringa førte til siger for hovuddraga i embetsmennenes kulturform og normer.³⁰⁵

I *To kulturer - en stat* skildrar Try kulturskilnadane, kulturkampen og til slutt embetsmannskulturens siger over bondekulturen på eit meir generelt plan. Ein type av regionale variasjonar skuldast skiftande natur og klima, som igjen førte til skilnader i næringsforholda, "ulikheter som langfjellene, Dovre, store skoger og breie fjorder hadde skapt særtrekk" som hadde gitt god grobott for kulturskilnader gjennom mangel på gode kommunikasjonslinjer over desse naturgitte hindringane. Men det var ein langt meir fundamental og djupare skilnad mellom befolkninga i Norge på 1800-talet.

³⁰² Seip: 1981, s. 130.

³⁰³ Galtung: 1975

³⁰⁴ Try: 1985, s. 9

³⁰⁵ Try: 1985, s. 23-24.

Det var forskjellen i levevis og normer mellom embetsmenn og 'bedre' byfolk og deres urbaniserte kulturform på den ene siden og allmuefolk utover bygdene med deres tradisjonelle kulturformer på den andre.³⁰⁶

Men skilnaden mellom dei to kulturane minka og dei nærma seg kvarandre i løpet av 1800-talet. Integrasjonsprosessen var sterk særleg i andre halvdel av 1800-talet:

På punkt etter punkt måte bygdefolks tradisjonelle livsmønster og kulturformer gi tapt overfor mektige strømminger utenfra. Bygdefolk ble urbanisert i ordets vide mening, det vil si at de overtok embetsmannskulturens normer og regler, levemønster, ønsker og mål.³⁰⁷

Try synest å meine at bondesamfunnet og bøndene til ein viss grad vann den politiske kampen, men tapte kapittalt på den kulturelle fronten. Og derfor kan det i høgste grad diskutast kven som var vinnarar og taparar i striden som kulminerte i 1884 – bondesamfunnet eller embetsmannskulturen. Try legg her breisida mot Jens Arup Seip og "hans regime foran undergangen". Try konkluderer med at: 'Folks syn og meninger ble mer enn før (før 1884) styrt fra toppen, fra Kristiania' og at "Bonden var blitt borgerliggjort og urbanisert økonomisk, kulturelt og politisk."³⁰⁸

Dette syner at Hans Try ser endringane langs tre aksar, den territoriale, den kulturelle og den sosiale. Samfunnsendringar breier seg territorielt, frå by mot landsbygda, men ulik takt. Dinest er det eliten, embetsmennene sin kultur og normer som blir den nye standard, den nye einskapskulturen spreier seg langs den sosiale aksan, i Johan Galtungs sentrum-periferi terminologi aksan for utdanning (låg mot høg) og yrke.³⁰⁹ Sentrum står i denne samanheng for sosiale klasser: Byråkratiet og det næringsdrivande borgarskap (sentrum) med bøndene og arbeidarane som periferi. Og sentrum kan også oppfatast kulturelt: By- og embetskultur som sentrum, bondekultur som periferi.³¹⁰

Samanhengen mellom livsløp, familie og hushald på den eine sida og assosiasjonsfenomenet på den andre sida blir ytterligare forsterka av ein årsaksforklaringane bak assosiasjonsfenomenet; tomromsteorien. Assosiasjonane erstattar det sosiale tomrom som veks fram både i byen og på landsbygda, eit tomrom som oppstår fordi dei tradisjonelle sosiale banda er i ferd med å løysast opp. Rett nok legg Try og Steen mest vekt på sosiale band over hushaldsnivået - garden, grenda og bygda - men individa er dei same, uavhengig av overordna sosial grupper.

5.3.5 Kvifor endring?

Diskusjonen ovanfor har synt at kulturdifusjonsmodellen – ein sterk erobrande urban, europeisk kultur erstattar den tradisjonelle norske bondekulturen – har stor utbreiing mellom norske historikarar og samfunnsvitarar. Stein Rokkan, Hans Try og Jens Arup Seip har delvis lagt vekt på konfliktperspektivet og kulturkampen, medan Tore Pryser, Inge Krokann og Sølvi Sogner i større grad har lagt vekt på utjamning, integrering og harmoniseringsperspektivet. Uansett perspektiv og vektlegging føreset denne

³⁰⁶ Try: 1979, s. 10.

³⁰⁷ Try: 1979, s. 20.

³⁰⁸ Try: 1979, s. 20 og s. 526-527.

³⁰⁹ Galtung: 1975 13.

³¹⁰ Jamfør Seips kategorisering av Rokkans sentrum-periferi omgrep i Seip: Ibid. S. 34-35.

forklaringsmodellen ein to-kulturteori. Det er verd å merkje seg at to-kulturteorien i stor grad er sjølve fundamentet i venstresida sin grunnideologi i forfatningskampen på 1880-talet.³¹¹ Tanken om to kulturar og to folk var såleis innhylla i politisk retorikk i store delar av andre halvdel av 1800-talet, like mykje ein politisk ide som ein historisk realitet. Den som tok klarast og sterkast avstand frå heile to-kulturteorien var Yngvar Nielsen. I eit foredrag i 1886 konkluderte han med at to-kulturteorien var utan grunnlag. Den var i realiteten var ei ukritisk overtaking av eit politisk slagord frå Tyskland.³¹²

Det svake elementet i kulturdiffusjonsmodellen er at den ikkje direkte forklarar kvifor endringane skjer. Endringane i dei norske byane er ein refleks av utanverda, jf. Krokann over, medan endringane på landsbygda igjen er ein refleks eller følge av endringane i dei norske byane. Jens Arup Seip nyttar ein generell "sosial naturlov" for å forklare spreinga og erobringa frå sentrum mot periferi. Spreinga liknar gravitasjonskrafta. Den sosiale og politiske massen meir eller mindre dreg til seg konsensus, men krafta vert svekka med avstanden frå massens sentrum. Yngvar Nielsen meinte den grunnleggjande skilnaden mellom byen og landsbygda var mobilitet:

Saadant ligger i sagens natur. Byernes befolkning har med nødvendighet stedse været mere bevægelig, og derfor har det nedarvede altid havt mindre magt over den, medens i stille fjeldbygder traditionen til dels har kunnet øve en overordentlig stærk innflydelse.³¹³

Men modellen gjev eit god skildring av korleis endring skjer. Endring spreiar seg frå eit sterkt politisk og kulturelt sentrum med ein dominerande kultur mot ein svakare periferi. Dess nærare ein stad er plassert på aksene frå sentrum mot den fjernaste periferi, dess sterkare er endringstakta og dess tidlegare skjer endringane. Forklaringsmodellen har klart både eit tidselement og eit romleg element som let seg prøve mot det norske materialet og norsk historie, som er arnestaden for sentrum-periferi-modellen.³¹⁴

5.3.6 Kultur og kulturdiffusjon

'Kultur' er eit komplekst og problematisk omgrep.³¹⁵ I det utvida, totale kulturomgrepet ligg også økonomi, det materielle, arbeid og produksjon. Det kan difor vere vanskeleg å skilje det materielle ut av kulturomgrepet. Men i dei refererte arbeida over er kultur nytta noko meir snevert. Kultur er immaterielt og synonymt med tradisjon, skikkar, normer, levereglar, verdisett, verdiar, tankar, haldningar, meining, politikk og idear. Det kan òg synest som kultur i denne tydinga er heilt eller delvis løyst frå økonomien, eller at den immaterielle kulturen har forrang i høve til næring og materiell produksjon. Det tolkar eg òg slik at endringar i den immaterielle kulturen, t.d. verdiar og normer, kan skje uavhengig og asynkront (før) i høve til endringar i produksjon og arbeid. Eg vil prøve å halde på dette avgrensa kulturomgrepet – den immaterielle kultur, for dermed å aksenturere skilnadane i høve til den økonomiske forklaringsmodellen. Eit snevert kulturomgrep gjev analytiske føremoner.

³¹¹ Sørensen: 1998, s. 30-34, Hovland: 1998, s.288-289.

³¹² Nielsen: 1886, s. 4 og 28-29. Eg tør ikkje tenkje på konsekvensane dersom Yngvar Nielsen har rett!

³¹³ Nielsen: 1881, s. 13-14.


³¹⁴ Rokkan: 1975, s. 49, Seip: 1975, s.27.

³¹⁵ Gjerdåker: 1992, s. 210-211.

Heller ikkje denne forklaringsmodellen er godt å setje eit namn på. Eg har valt å bruke kulturdiffusjonsmodellen, men òg ”kulturell smitte” gjev delvis ein god skildring av endringane. Med smitte tenkjer ein på noko umedvete, ein smittar vanlegvis ikkje med overlegg om ein ser bort frå visse typar vaksinerings (inokulasjon). Men som framstillinga over syner er det tale både om umedvete opptak av nye veremåtar, medviten etteraping og politisk press. Verknaden av desse fenomena er vanskeleg å skilje, for dei kan gå i same retning. Det er liknande fenomen med like konsekvensar. Med ”smitte” bør ein derfor ikkje assosiere til sjukdom, men til kjemi, til væsker og fargar som smittar over. Kjemisk smitte er både intensjonell og ikkje-intensjonell, og slik sett har omgrepet smitte gode konnotasjonar. Men av fare for å bli misoppfatta vel eg å kalle forklaringsmodellen for ”Kulturdiffusjonsmodellen”.

Figur 5-2 syner grafisk dei sosiale konsekvensane av kulturdiffusjon: Skilnadane i mellom by/land og sentrum/periferi minkar. Prosessen og resultatet av prosessen kan best skildrast med omgrep som konvergens, integrasjon, harmonisering, uniformering og konsensus, dels omgrep som vi t.d. finn att hos Try, Krokann og Pryser jf. over. Med denne utjamningsmodellen kan det i utgangspunktet virke som om Rokkans konfliktmodell (sentrum mot periferi) står steilt i mot historikarane sin utjamningsmodell, ved utjamning gjennom smitte og politisk integrering av utkantane. Men dels skuldast denne usemja vekt på ulike samfunnsforhold, og ved at Rokkan isolerer modellen på særleg tre politiske stridstema, og ved tidsrammene. Rokkan legg særleg vekt på dei to siste tiåra av 1800-talet, medan historikarane vil beskrive fleire og omfattande prosessar på heile 1800-talet. Det er og fullt mogeleg å sjå konflikt og harmonisering som to parallelle prosessar, der dei politiske konfliktane frå kring 1880 er ein reaksjon på for sterk økonomisk integrasjon og kulturell harmonisering. Men det er ikkje til å underslå det faktum at historikarane generelt har lagt langt sterkare vekt på harmoniserings- og integrasjonsperspektivet enn samfunnsvitarane.

Figur 5-2 Kulturdifusjon: Kulturspreiing som forklaringsmodell



5.3.7 Verda utanfor

Tanken om at i avsidesliggjande regionar skjer sosiale og kulturelle prosessar med ei viss forseinking og at smitten spreidde seg frå sentrale urbane område i konsentriske sirkalar mot utkanten, er ingen særnorsk forklaringsmodell. Michael Anderson viser til at mellom 1900-tals historikarane var dei ei utbreidd, men lite dokumentert ide om at urbane områder hadde eit anna giftarmålsmønster enn landområda. I byen var tilbodet på partnerar større, mulighetene til arbeid var meir variert, ein var fri foreldra sin autoritet, byen hadde meir liberale haldningar til samværs- og samlivsformar.³¹⁶ I Michael Andersons kategorisering av tilnærmingar til familiehistoria er kulturdifusjonsmodellen mest i slektskap med retningar innafor *The Sentiments Approach*.³¹⁷ Han nemner særskild tre historikarar som prøver å gje kulturelle faktorar som tilstrekkeleg forklaring på endring av familien. Desse tre er Lawrence Stone, Jean-Louis Flandrin og Phillipe Ariès.³¹⁸ Desse tre historikarane forklarar sosiale endringar med ein kombinasjon av svekking av sosiale normer og nye idear om samkvem mellom menneskje:

³¹⁶ Andersson: 1976, s. 60.

³¹⁷ Anderson: 1980, s. 39-64.

³¹⁸ Verka Michael Anderson refererer til er: Stone: 1977, Flandrin: 1979 og Ariès: 1962

In Stone's, Flandrin's and Ariès's analysis change comes about almost entirely from some combination of weakening of community and legal constraints and the impact of new religious, philosophical and educational ideas about relationships between individuals. Change in the economy hardly enters in.³¹⁹

Den kulturelle forklaringsmodellen har også visse fellestrekk med forklaringsmåtar i den epokesetjande og sterkt omdiskuterte *The Making of the Modern Family* av Edward Shorter. Shorter held på at endringane i familien på 1800-talet var eit resultat av eit nytt og moderne verdisystem som erstatta det tradisjonelle verdisystemet. Det nye var eit verdisystem som sette individualisme over plikta for fellesskapet og sjølvrealisering framfor kollektiv solidaritet. Etablering av det nye verdisetet skjedde ikkje samtidig overalt, men spreidde seg frå region til region etter å ha vakse fram i Nord-Amerika³²⁰ Men det nye verdisystemet var eit lån - frå kapitalismen.³²¹ Den frie marknaden odla fram individualisme, konkurranse og økonomiske egoisme, i kontrast til den tradisjonelle lokale økonomien basert på laug, privileg og skrivne og uskrivne lover med omsyn til pris og produksjon.³²² Det nye verdisystemet, den sentimentale revolusjon, hadde heilt nye oppfatningar av morskjærleik, romantiske ekteskap og kva som var eit tilstrekkeleg grunnlag for å etablere og brødfø ein familie. Det er likevel uklart hos Shorter i kva grad verdisystema kan endre seg utan at økonomien er endra i kapitalistisk lei i den spesifikke regionen, t.d. om verdisystemet, etter å ha oppstått, av eigen kraft kan revolusjonere familieverdier uavhengig av dei underliggjande økonomiske strukturane i regionen. Sjølv om Shorter legg vekt på økonomiske faktorar som føresetnad/årsak til den sentimentale revolusjon er det vert å merke seg at det ikkje er tale om ein direkte årsakssamanheng som i den økonomiske forklaringsmodellen. Kapitalismen endrar eit verdisystem, som i neste omgang i modifisert form vert overført til den sosiale og kulturelle sfære.

I følgje etnologen Orvar Løfgren skjer det på 1800-talet ei borgerleggjering av dei eigande bøndene i Sverige. Dei eigande bøndene fraterniserte med statsmakta mot dei "obesuttne" (ikkje-eigande bønder) og det vaks fram ei kulturkløft mellom eigande bønder og dei "obesuttne". Ideal og verdisystem, t.d. romantisk kjærleik, spreier seg frå borgarleg bymiljø til andre befolkningsgrupper.³²³

Internasjonalt fell denne kulturelle forklaringsmodellen på sosial endring også saman med tonegejevande forskning på det europeiske fertilitetsfallet. Hovudkonklusjonen i den store EFP-granskinga (European Fertility Project) og fleire etterfølgjande granskingar av fertilitetsfallet er nettopp vektlegging av kulturelle skilnader innafor regionar konstituert av religion, etnisitet og språk. I dei fleste einskildgranskingane har dei kulturelle forklaringsfaktorane utkonkurrert dei økonomiske.³²⁴

³¹⁹ Anderson: 1980, s. 63.

³²⁰ Shorter: 1979, s. 29-30. Dansk utgåve av *The Making of the Modern Family*. Shorter: 1977.

³²¹ Når Shorter: 1977 set kapitalismen som indirekte årsak til endringane i verdisystem skil seg dermed frå Stone: 1977, Flandrin: 1979 og Ariès: 1962, jf.r Anderson: 1980, s. 62-64.

³²² Shorter: 1979, s. 277-281.

³²³ Løfgren: 1977, s. 29. Hellspøng og Löfgren: 1994, s. 270-277.

³²⁴ Wetherell: 2001, s. 590-591. Også publisert elektronisk:

http://muse.jhu.edu/journals/social_science_history/toc/ssh25.4.html. Den norske granskinga av Sogner, Fure og Randsborg: 1984 skilde seg ut frå fleirtalet av granskingar under paraplyen European Fertility Project ved at dei kulturelle indikatorane skorte svakt. Ein årsak til dette kan vere at Norge var relativt sett prega av kulturell, etnisk og religiøs likskap.

Konsekvensane av den kulturelle forklaringsmodellen vil vere harmonisering, uniformering og integrering. Framveksten av ein nasjonal, einskapleg kultur vil bygge ned dei regionale variasjonane. I analysen må denne regionale utjamninga kunne dokumenterast dersom modellen skal ha forklaringskraft.

5.4 Moralsk forfall

På 1840- og 1850-talet var det diskusjon om endringar i giftarmålsatferda knytt til ei endring i moral. I *Giftermaal i Norge* polemiserer Eilert Sundt mot ein "talemåde", og eg tolkar dette i retning at Sundt siktar til ei vanleg oppfatning mellom embetsmenn. Vi kan la Stiftamtmanden i Bergen, Edvard Hagerup representere denne "talemåden". Edvard Hagerup var stiftamtmand i Bergen i perioden 1834-1853. I *Beretninger om Den oekonomiske Tilstand* for femårsbolken 1830-1835 skriv Hagerup:

Den klasse af Indvaanere, som antages at burde, i Forhold til dens Fornødenheder, staae sig bedst, er Daglønnerklassen, da der neppe gives nogen By i Landet, hvor der gives stadigere Anledning til Erhverv for denne Klasse, end Bergen. Men desuagted findes stor Armod i denne Klasse, hvilket fornemmelig maa tilskrives fortidlig indgaaede Ægteskaber, Mangel paa huusflid og Orden, men fremfor Alt, Mændenes overdrevne hang til Brændeviinsdrik.³²⁵

Hagerup synest samanhengane var enkle og klare: Folk i arbeidarklassen gifta seg for tidleg, utan tilstrekkeleg levebrød, mangla røynsle og moral og det førte til fattigdom. God gammaldags, borgarleg moral var i oppløysing, og konsekvensen var sosiale problem.

M. Braun Tvethe gav i 1848 ut boka *Norges Statistik*³²⁶ der han påviste at talet på ekteskap hadde gått opp med 8% i tiåret 1835-1845, og det var ein indikasjon på at stiftamtmandens observasjonar kunne støttast statistisk. Rett nok er talet på gifte 1845 litt lågare i høve til folkemengda totalt enn tidlegare. Tvethe forklarar denne minka med at det no (1840-talet) er fleire fødselar enn tidlegare og mortaliteten har gått ned.³²⁷ Denne framstillinga av giftarmålsfrekvens går T.H. Aschehoug sterkt imot i ei melding av *Norges Statistik*. Han går mot Tvethe både metodisk og fordi Tvethe ikkje syner "holdning" til å drøfte "denne Bevægelses Aarsager og Virkninger", eksempelvis "Forbedring i Folkets fysiske og moralske og fysiske Vilkår."³²⁸ Aschehougs metodiske poeng er at Tvedte måler ekteskapsfrekvens i forhold til totalfolkemengda og ikkje relativt til den "voxne giftefærdige Personers Antal"³²⁹. Med denne metoden syner Aschehoug først at talet på personar mellom 20 og 40 år er "steget betydeligt" frå 1835 til 1845, dvs. at talet på ekteskap har auka med 8% som Tvethe fann, men talet på personar i denne aldersgruppa har auka med 20%. Aschehoug kan konkludere med at ekteskapsfrekvensen har gått ned, men han legg til at heller ikkje hans metode gjev det virkelege fallet i ekteskapshyppigheten. Aschehoug går så vidare, brukar meir materiale og gjer samanlikning med Danmark og til slutt konkluderer han:

³²⁵ Finants- Handels- og Tolddepartement: 1836, s. 207-208.

³²⁶ Tvethe: 1848.

³²⁷ Tvethe: 1848, s. 22-23.

³²⁸ Aschehoug: 1848. Bokmelding i Norsk Tidsskrift for Videnskab og Litteratur, s. 201-202.

³²⁹ Aschehoug: 1848, s. 203.

Saavel sammenligningen med Fortiden som med Danmark, [...], tyder altsaa paa, at den norske Nation endnu viser en pruisverdig Forsigtighed i den nævnte henseende; thi vi finde, at et større Antal Individuer nu end forhen foretrekke at forblive i eenlig Stand fremfor at paatage sig det Ansvar, som er forbundet med Ægtefællens og Famlieforsørgens Stilling, og dette kan kun have sin Grund deri, at Nationen befinder sig paa et høiere moralsk Standpunkt nu end forhen.³³⁰

I motsetnad til amtmann Hagerup konkluderte altså Aschehoug med at eksteskapsmoralen har blitt endra til det betre.

Aschehougs metodiske innvending grip Eilert Sundt fatt i og populariserer når han sju år seinare gjev ut *Om giftermaal i Norge*. Eminent, kort og presist formulerte Sundt Aschehougs metodiske og demografiske innvending med utsegna: 'Mange i tal, men ikke mange i forhold'.³³¹ Også Sundt argumenterte **mot** at folk på hans tid (i perioden 1841-1855) gifta seg **for** tidleg og for mange gifta seg **utan** ein tilstrekkeleg økonomisk basis. Han legg fram meir og ny statistikk som synte at i høve til kullstorleiken var det relativt færre som gifta seg. Også gjennom dei dels konstruerte samtalane får han fram at gifteklare i små kår, t.d. tenestefolk, set ut giftarmålet til dei har høve til å få seg eit utkomme, t.d. ein husmannsplass. Sjølv om rifta om brødet hardt, var moralen høg og fornufta sigra til slutt.³³² Sundt konkluderte med:

Det talemåde, at folk at arbeidsklassen gifte sig så overmåde tidlig, at fattigmands børn neppe ere slupne frem for præsten og komme ud af lægden, før de begynde at tænke på galskaber, at husmandssønnen neppe er kommen i tjeneste og har begyndt at lære noget, før han skal til præsten og forlange lysning og vielse o.s.v - den tale bør være afskaffet herefter; den stemmer ikke med virkligheden; den indeholder en urætfærdig overdrivelse.³³³

Sundt sin konklusjon stod i sterk kontrast til Amtmannen i Bergen si oppfatning om etablering av familie. Sundt synte at eit eventuelt moralsk forfall ikkje hadde førd til lågare giftarmålsalder i "arbeidsklassen", derimot er det meir rett å tolke Sundt at han er samd i at ei viss moralsk oppløysing har ført til auka tal barn fødd utanfor ekteskap. Det kan i praksis tyde på større aksept for barnavl før ekteskap og mindre automatikk og naudsyn mellom barnefødsel og påfølgjande giftarmål. Mindre automatikk kan ha auka giftarmålsalderen, ikkje senka den. Der ein før 1840 var nøydd til å gifte seg om ein vart gravid, kan den "moralske oppløysinga" ha ført til større aksept for einslege mødre, og dermed auka giftarmålsalderen.

Endring i moral, moralsk forfall og moralsk oppløysing, har vore og er framleis i visse krinsar, den beste forklaringa på rask sosial endring og endring av felles verdier.³³⁴ Sundt si tilbakevisning av argumentasjonen til dei moralsk indignerte på 1850-talet gjer meg trygg på at denne forklaringa ikkje held. Det er og slik at ein kvar generasjon som

³³⁰ Aschehoug: 1848, s. 205.

³³¹ Sundt: 1975, s. 246. Sitatet er overskrift på kapittel 8.

³³² Sundt: 1992, Sundt: 1975, s. 266-269.

³³³ Sundt: 1992, Sundt: 1975, avsnitt 132 s. 306.

³³⁴ Nokre eksempel: Stasministerens kontor og Bondevik:10. august 1998, <http://odin.dep.no/odinarkiv/norsk/dep/smk/1998/taler/099005-991369/index-dok000-b-f-a.html>. Når Bondevik referer til klagar over moralsk forfall av "andre" tolkar eg "andre" som delar av kristenfolket. Søtvik Rekstad og Weston:1998, <http://universitas.uio.no/Arkiv/1998/25/KULTUR1.HTM> Intervju med Francis Sejersted i Universitas.

opplever endringar av gjennomgripande art, gjerne vil ty til 'moralforklaringa' for å stoppe eller bremse ei utvikling dei ikkje forstår, før som no.

5.5 Demografiske forklaringsmodellar

David I. Kertzer held fram ein forklaringstype som ikkje har vore særleg framme i den norske diskusjonen, den demografiske. Unntaket er Marianne Jarnæs Erikstad som i hovudoppgåva *Husstandsstrukturen i Nord-Norge etter folketellinga i 1801* konkluderer svært varsamt med at:

En mulig tendens til at prestegjeld med høye husstandsgjennomsnitt hadde hatt liten befolkningsvekst, mens derimot prestegjeld med lave husstandsgjennomsnitt hadde hatt en kraftig befolkningstilvekst.³³⁵


Erikstad tolkar dette som uttrykk for næringsmessig stagnasjon eller ekspansjon, ein ekspanderande levebrødsmarknad fører til fallande hushaldsstorleik, medan omvendt ein innskrenking eller stabilitet i levebrødsmarknaden fører til opphoping i hushalda. Dette samsvarar også med mine egne funn i hovudoppgåva, der eg konkluderte med at ein dynamisk og variert levebrødsmarknad medfører lågare hushaldsstorleik, lågare etableringsalder og giftarmålsalder og enklare hushaldsstruktur.³³⁶

Denne samanhengen mellom levebrødsmarknaden og hushaldsstrukturen vil kunne forklare regionale skilnader innafor eit avgrensa tidsrom, men i mindre grad forklare vedvarande og generelt fall over tid. Det vil i praksis medføre at levebrødsmarknaden må auke kontinuerlig med ei større vekstrate enn befolkninga. Problemet med å teste denne forklaringa vil vere å gi eit godt mål for storleiken på og auken i ein levebrødsmarknad, og om ein t.d. vil kunne argumentere for at levebrødsmarknaden ikkje er fullt utnytta, dvs. eit uutnytta levebrødspotensiale.

³³⁵ Erikstad: 1979, s. 112.

³³⁶ Solli: 1995, s. 126

Figur 5-3 Ressurspress (Malthusiansk tak) som forklaringsmodell



I *Ekteskap og kjønnsmoral i norsk historie* tek Einar Hovdhaugen til orde for ei demografisk forklaring på endring i familiemønsteret frå 1830-40 åra av.³³⁷ Bakgrunnen er den unge generasjonen frå 1814 og den demografiske transisjonen, fallet i mortaliteten etter 1815 samstundes som fertiliteten held seg høg. Dei store barnekulla etter '1814-generasjonen' kjem i gifteklar alder i 1830-1840 åra og løyser ut ein befolkningseksplasjon. Utan avgjerande endringar i ressursgrunlaget fram mot 1865 skjedde det samstundes ei fordobling i folkemengda. Utan vekst i ressursutnyttinga, med unntak av ei viss nydyrking, byvekst og litt industri, førte denne befolkningseksplasjonen til overbefolkning. Armoda og nauda var stor, skriv Hovdhaugen. Store folkegrupper, husmenn, innerstar, dagarbeidarar og dei lågare sosiale laga i byane levde på eit absolutt eksistensminimum. Mange levde av tilfeldig arbeid, fattighjelp og betling. Dette førte til at store lag av folket ikkje makta eller ikkje var i stand til å etablere eit normalt familieliv og skape ein fast heim. Fattigdomen som følgde førte til moralsk avstumping og likesæle, større sedløyse og auke i talet på barn fødde utanfor ekteskapet. Auka var "uhyggeleg stort i mange distrikt"³³⁸. Fattighjelp og betling var einaste utveg for å berge livet for ulykkelege

³³⁷ Hovdhaugen: 1976

³³⁸ Hovdhaugen: 1976, s. 90-91.

einslege mødrer. Overbefolkning og fattigdom fører på den eine sida til vanskar med å etablere normalt familieliv og ein fast heim. Konsekvensane for hushaldsstrukturen skulle dermed vere mindre og enklare hushald, kanskje fleire hushald utan mann og kone – husbond og husmor – som basis eller små hushald generelt (mann-kone og mest unge barn). Dinest førte fattigdomen til moralsk og sedelig forfall, som med auke i talet på einslege mødrer. Dette kan ha tre konsekvensar for hushaldsstrukturen: a) Fleire hushald med einslege kvinner med born og b) Fleire hushald der barnebarn lever saman med besteforeldre utan foreldre og til slutt c) Fleire hushald med besteforeldre, einsleg mor og barn.

I internasjonal litteratur og forskning er demografiske forklaringsmodellar i første rekkje relatert til mikrosimulering. Ved mikrosimulering er vanlege demografiske ratar som t.d. mortalitetsratar inndata, og resultatet kan lesast av som hushaldssamansetning. Hovudspørsmålet har vore om delen av slekt i hushaldet var demografisk determinert eller ikkje. Sagt på ein annan måte: Var det nok eldre levande slektningar til at dei kunne bu saman med barn og barnebarn? Eller føretrakk eldre å bu for seg sjølv, sjølv om dei kunne bu hos barn eller andre slektningar? I norsk samanheng har ein vore mest oppteken av spørsmålet om ”ressurspress” og ”overbefolkning”. Kva for konsekvensar har ressurspress og overbefolkning på hushaldsstrukturen. Både Erikstad og mine granskingar syner at det var ein tendens til store hushaldsgjennomsnitt der folkeveksten var låg.³³⁹ Dette indikerer at kring 1800 var levebrød, giftarmål og hushald er del av den sjølvregulerande mekanismen som har namnet ”Det europeiske giftarmålmønsteret”. Skal vi tru folkeminnelitteraturen så bryt dette systemet saman kring 1840. Sterk folkeauke førte til overbefolkning.³⁴⁰

5.6 Oppsummering

I dette kapittelet har fem måtar å forklare endringar i hushalds- og livsløpsmønster blitt presentert. Dei fem forklaringsmodellane er: 1) Den sosio-økonomiske: Overgangen til klassesamfunnet fører til ei utjamning, dei store hushalda forsvinn, utvekslinga/utnyttinga av barn og ungdom gjennom tenesteinstitusjonen frå dei økonomiske svake til dei økonomiske sterke smuldrar opp. 2) Funksjonsbortfallet: Livsløp- og hushald endrar seg i takt med endringane i produksjonsmåte. 3) Kulturdiffusjon: Bykultur, urbanismen, spreier seg frå utanverda til dei norske byane, og deretter mot landsbygda langs dei nye kommunikasjonsvegane (dampferdsle, vegar og jarnvegar). Den nye kulturen trengjer vekk tradisjonelle skikkar og verdisett. 4) Moralsk forfall: Oppløysing av moralske normer fører til at ekteskap blir inngått på eit grunnlag som etter tradisjonell oppfatning ikkje var eit tilstrekkeleg grunnlag for familieetablering. 5) Demografiske årsaker: Folkevekst og ressurspress. Årsaksforholdet kan synest noko uklart, og den demografiske faktoren kan ha ulike utslag til ulik tid. Kring 1800 høyrer sterk folkevekst saman med ein enkel hushaldsstruktur og ein låg giftarmåls- og etableringsalder. Kring 1840 kan sterk folkevekst ha førd til ei sprenging av hushaldsstrukturen, der dei store hushalda blei oppdelt i mindre einingar eller gjennom avskalling.

³³⁹ Erikstad: 1979, s. 112. Solli: 1995, s. 126

³⁴⁰ Hovdhaugen: 1976, s. 90-91. Tilsvarende synspunkt er sterk imøtegått av Tveite: 1980.

Muligheit for regional komparasjon var eit krav til forklaringane som skulle prøvast i kapittel 7 og 8. To av forklaringane har ein heilt klar regional komponent: Funksjonsbortfallet og kulturdiffusjonsmodellen, og i tillegg burde delar av ei demografisk forklaring kunne operasjonaliserast gjennom regionalisering. Den første forklaringa, den sosio-økonomiske, vil krevje ei omfattande koding av yrke for å kunne prøvast. I 1801-teljinga er yrkestermen koda, medan dei to andre teljingane er i skrivande stund under koding.³⁴¹ Ei yrkeskoding og samkøyring av tre teljingar er alt for omfattande for dette prosjektet, derfor vil eg late denne forklaringa liggje. Den fjerde forklaringa, moralsk forfall, argumenterte Eilert Sundt sterkt i mot, og la denne forklaringa død. Eg ser heller ingen openberre variablar i folketeljingsmaterialet som let seg operasjonalisere som ein ”moralsk” variabel, og derfor må også denne forklaringa liggje. Problemet med demografiske forklaringsmodellar er at dei vil krevje data for mikrosimulering. Kjeldematerialet for den sentrale perioden 1801-1865 fins, men er ikkje systematisk dataregistert.

Gjennomgangen av forklaringsmodellar i dette kapittelet har først synt at særleg to forklaringstypar er heilt sentrale innafor norsk historieskriving; funksjonsbortfall og kulturspreiing. Derfor vil eg leggje vekt på desse to forklaringsmåtene, og i neste kapittel vil eg freiste å operasjonalisere desse to hovudforklaringane. I tillegg vil eg også freiste å finne måtar å teste delar av demografiske forklaringsmåten ved å relatere livsløp- og hushald til folkevekst. I kapittel 7 vil eg prøve funksjonsbortfallet, medan kulturdiffusjonsmodellen skal prøvast i kapittel 8.

³⁴¹ Yrkestermane i dei norske folketeljingane er i ferd med å bli koda etter HISCO-standaren som ein del av samarbeidsprosjektet ”North Atlantic Population Project”. Ein førebels versjon (0.2) av 1900-teljinga er planlagt klar sommaren 2003, medan endeleg versjon av teljingane 1865 og 1900 skal vere klar sommaren 2005. The North Atlantic Population Project (NAPP):u.å. http://www.nappdata.org/progress_report.shtml. Registreringssentral for historiske data:mars 2003, <http://www.rhd.uit.no/gen/rapp/rapp02.html>. HISCO står for Historical International Standard Classification of Occupations.

Familieetablering – Morgen en efter Brylluppet



Morgen en efter Brylluppet.

Kapittel 6

Operasjonalisering: Frå forklaring til prøving

I kapittel 4 vart eit sett av kjenneteikn ved livsløp- og hushaldsmønster i Norge avdekt. Nokre av desse eigenskapane endra seg over tid, samstundes som det også fannst indikasjonar på geografiske skilnader. I førre kapittel (kap 5) blei fem ulike forklaringar på desse endringane presentert. Den eine forklaringa hevda at samfunnsproduksjonen ”organiseres ikke lenger husholdsvise, men føres ut av husholdet og over i markedet, som det så besnærende og noe diffust lyder”³⁴² Dette er ein god karakteristikk av hovudproblemet i dette kapittelet. Korleis gjere årsaksforklaringane meir ’prosaiske’, mindre diffuse, meir konkrete og handfaste slik at dei kan prøvast? For å prøve forklaringane mot endring og variasjon i hushald og livsløp, må både eigenskapane ved mønstra og forklaringane operasjonaliserast.

Dei fem forklaringsmodellane presenterte i førre kapittel er: i) Sosial utjamning gjennom oppløysing av standssamfunnet. ii) Funksjonsbortfallet med vekt på produksjonsfunksjonen. iii) Modernisering gjennom kulturdiffusjon (spreiing). iv) Moralsk oppløysing. v) Demografiske forklaringsmåtar. Av desse vil eg i første omgang gå vidare med to forklaringsmodellar, funksjonsbortfallet og kulturdiffusjonsmodellen. Dei er fleire grunnar til det: For det første har desse to forklaringane har innebygd ein regional komponent, og eit av mine metodeverktøy er regional komparasjon. Eg har valt å prøve forklaringane gjennom ei regionalisering og komparasjon av regionane i rom og over tid. For det andre det er desse to forklaringane som har stått sterkast framme i forskinga sidan 1970-talet. Den viktigaste grunnen til at eg har valt ut desse to for særleg prøving er at dei har prega både den internasjonale og norske debatten om endring av sosiale strukturar. Målet med dette kapitelet er å finne fram til og dokumentere ulike regionar og variablar - endringsvariablar og forklaringsvariablar - på tre geografiske nivå; regionar, fylke og kommunar.

David I Kertzer har ved ein gjennomgang av forklaringsmodellar delt forklaringar på endring og variasjon i hushaldsstruktur i tre grupper: Politisk-økonomiske, kulturelle og demografiske. Funksjonsbortfallet kjem inn under det han kategoriserer som ei politisk-økonomisk forklaring, og kulturdiffusjonsmodellen er ei kulturell forklaring i Kertzers tredeling. Vel eg berre desse to forklaringsmåtarane ’manglar’ eg etter Kertzer si inndeling ein demografisk forklaring på endringane, men demografiske forklaringar på endringar i hushaldsstruktur har vore relativt fråverande i den norske debatten. Det kan vere ulike årsaker til dette, men ein er nok at vi manglar nominative folketeljingar i perioden 1815 til 1855.³⁴³ Først og fremst ville det vore interessant å prøve verknadane av den demografiske transisjonen mot endringar i livsløp og hushaldsstruktur. Til ein slik test treng ein først og fremst regionale data på prestegjeldsnivå for perioden 1801-1865 for mortalitet og fertilitet i tillegg til folketeljingsmaterialet. Mangelen på både kjeldemateriale og dataregistrert materiale gjer at vi ikkje har noko godt grunnlag for å teste innverknadane av den

³⁴² Sogner: 1990, s. 90.

³⁴³ Det finst unntak, jf. Tranberg: 1994.

demografiske transisjonen på hushaldsstrukturen. Dinest hadde det også vore interessant å finne samanhengar mellom fødselsregulering og hushalds- og livsløpsmønster, men fødselsregulering eit relativt seint fenomen i Norge, først tydeleg etter 1900, og med 100 års sperregrense på folketeljingar har det ikkje blitt registert teljemateriale for perioden etter 1900. Men ein del av ein demografisk forklaringsmåte let seg prøve regionalt og på eksisterande datamateriale, t.d. netto folkevekst periodar før teljetidspunkta (1801, 1865 og 1900).

Gjennomgangen i kapittel 4 avgrensa eit sett av indikatorvariablar for endring av livsløp og hushald. For å teste forklaringane har eg valt ein todelt strategi:

- a) Definere regionar for komparasjon; eit sett regionar definert gjennom avstand til sentrum og eitt sett av regionar definert ved næringsstruktur.
- b) Definere eit sett av kulturelle, økonomiske og demografiske forklaringsvariablar, som kan prøvast mot indikatorvariablane.

Ved komparasjon av regionar, kultureregionar definert nærleiken til det politiske og kulturelle sentrum og regionar for økonomi og næringsverksemd, ventar eg å finne ulike, men bestemte skilnader mellom regionane. Men eit sett av få regionar er eit grovmaska nett og samanhenger på eit høgt aggregeringsnivå kan gjerne skjule samanhengar meir enn dei avdekkjar dei. Difor treng vi to sett av forklaringsvariablar på eit lågare nivå, og dette er føremålet med strategi b) Definere eit sett av økonomiske forklaringsvariablar, eit sett av kulturelle forklaringsvariablar, og eit sett av demografiske forklaringsvariablar på kommunenivå. Både indikatorvariablane - endringsvariablane for livsløp og hushald - og forklaringsvariablane beskriv geografiske einingar som ein kommune.

Prøvinga av forklaringar ved regional komparasjon og analyse av indikator- og forklaringsvariablar for regionar og kommunar er eit typisk opplegg for analyse på makronivå. Faren ved makroanalyser med aggregerte data er såkalla økologiske økologiske feilslutningar.³⁴⁴ Det tyder at samanhengar vi tilsynelatande finn på makronivå (t.d. regionar) ved aggregerte data, løyser seg opp og forsvinn ved data på lågare nivå (t.d. kommunar) og særskild på individnivå. For å prøve å komme rundt dette problemet vil eg definere både indikatorvariablar og forklaringsvariablar på avgrensa sub-populasjonar innafor kommunane. Desse sub-populasjonane er definert både ved yrke, alder, kjønn og familiestilling. Eit vanleg problem med analysar på aggregerte data er at individdata manglar. Det er ikkje tilfelle for hovuddelen av datamaterialet nytta i denne avhandlinga. Dei tre folketeljingane og matrikkelen 1886 er alle tilgjengeleg elektronisk på individnivå.³⁴⁵ Ved generering av aggregerte data på t.d. regionsnivå er dei mellomliggjande nivåa tilgjengeleg som eigne analysesett, jf. figur C-1 ”Korleis analysedata har blitt til”. Dette gjev også eit godt grunnlag for å hindre økologiske feilslutningar.

³⁴⁴ Meir om økologiske feilslutningar sjå Hellevik: 1980, s. 364-369.

³⁴⁵ I digitalarkivet <http://digitalarkivet.no> og ved RHD, <http://www.rhd.uit.no/>

6.1 Funksjonsbortfall og økonomiske regionar

Eg har tidlegare nemnd at den økonomiske forklaringsmåten har ulike abstraksjonsnivå. På hushaldsnivå taler ein om bortfall av hushaldet sin produksjonsfunksjon, t.d. ved at husbonden har løna arbeid utanfor hushaldet. I makroøkonomisk samanheng taler ein om endring i produksjonsmåte, endring i samfunnsproduksjon og at produksjonen forlèt hushaldet og over i marknaden. "Marknaden" betyr at varer ikkje vert produsert i kvart einskild hushald, men i større industriverksemder og at varebyttet i auka grad vert internasjonalt. Eg tenkjer meg at endring av hushaldsvis til industriell produksjon/distribusjon og vil variere med regionale skilnader i næringsverksemda. I fasen med industrialisering og auka internasjonal handel vil graden av "samfunnsproduksjon" og deltaking i eit internasjonalt handelssystem vere avhengig av kommunikasjonar og særleg ressursgrunnlag (t.d. tilgang til vasskraft og seinare elektrisitet). Første steg er å definere økonomiske regionar, næringsregionar, der bortfallet av produksjonsfunksjonen har skjedd i ulik takt, til ulik tid eller kan ha hatt ulik innverknad. No er vi så heldige at komparasjon av hovudstrukturane i norsk produksjonsøkonomi har ein lang tradisjon, frå statistikaren Anders Kiær, historikarane S. Skappel, Anders Holmsen, Michael Drake, Trygve Solhaug, Ståle Dyrvik og Fritz Hodne.³⁴⁶ Ved bearbeidinga av folketeljinga i 1865 utarbeidde Anders Kiær ei inndeling av herada i Norge i seks grupper etter "Næringsforholde": "1. Fjeldbygder", "2. Fladbygder", "3. Skovbygder", "4. Industribygder", "5. Søfartsbygder" og "6. Fiskebygder".³⁴⁷ Byane var haldne utanfor denne kategoriseringa. Merkeleg nok har ein i standardverket Norsk økonomisk historie 1500-1850 valt å bruke reine administrative inndelingar som substitutt eller tilnærming for regionar for hovudnæringsane, jordbruk, skogbruk, bergverk og fiske. Det har ført til bruk av grovkalibra regionar med lite analytisk potensiale som t.d. "Austlandet I" og "Austlandet II".³⁴⁸

Kiær hadde eit klart føremål med å dele landet inn i regionar etter "Næringsforholde". Føremålet med inndelinga var å kaste lys over "Spørsmålet om de forskjellige Næringsveies Udvikling i vort Land"³⁴⁹, særleg samanhengen mellom folkevekst og næringsforhold mellom 1801 og 1865. Michael Drake nytta seg av denne inndeling i *Population and Society of Norway, 1735-1865*.³⁵⁰ I publikasjonar på 1880- og 1890-talet vart Kiær's kategorisering nytta i modifisert form av J.N. Mohn og A.N. Kiær.³⁵¹ Inndeling blei modifisert på to måtar. For det første skifta herad kategori, t.d. frå skogsbygd til industribygd, dinest vart kategoriane fjellbygder og flatbygder slått saman til jordbruksbygder med tre underkategoriar; 'kornbygder', 'fedriftsbygder' og 'andre jordbruksbygder'. I praksis vil det seie at mange av flatbygdene vart kornbygder og ditto fjellbygder var fedriftsbygder. I tillegg vart ein del av fiskeribygdene på indre strok av

³⁴⁶ NOS C No 1:1869, s. XI-XIV. Skappel: 1922, Hasund: 1932, Holmsen og Lunden: 1966, s. 222-237.

Drake: 1969, kart s. XIV og s. 81-82. Drakes studie er demografisk, men utvalet av prestegjeld for komparasjon er basert på A.N. Kiær's regionalisering. Dyrvik, Fossen, Grønlie, Hovland, Nordvik og Tveite: 1979, s. 184-199, særleg i kapittelet om dei sosiale tilhøva i bondesamfunnet. Dyrvik: 1989, s. 93-105.

Hodne og Grytten: 2000.

³⁴⁷ NOS C No 1:1869, s. XI-XII.

³⁴⁸ Dyrvik, Fossen, Grønlie, Hovland, Nordvik og Tveite: 1979. Eksempelvis s. 32 og s. 194-196.


³⁴⁹ NOS C No 1:1869, s. XI.

³⁵⁰ Drake: 1969

³⁵¹ Mohn: 1882, s. 90-95. NOS III No 106:1890, s. 31-33.

Vestlandet omkoda til jordbruksbygder, for med den tidlegare inndelinga kunne vestlandsbygdene berre kategoriserast til fjellbygd eller fiskeribygd. I 1865 hadde dette ført til at fiskeridistrikta på Vestlandet trengte langt inn i fjordbygdene, jf. kart nedanfor. Med omkategoriseringa vart dei tidlegare fiskeribygdene innpassa i den tredelte kategorien for jordbruksbygder.

Figur 6-1 Regionar for vesentlege næringsveggar. Norge 1865.



Kjelde: KHKD6586

Kva har dette å seie for mi operasjonisering? Eg vil halde på Kiær's opphavlege inndeling frå 1865 av to grunnar: 1) Den opphavlege kategoriseringa er best dokumentert.

Mohns rekategorisering frå 1882 er delvis dokumentert, medan eg har ikkje funne dokumentasjon av Kiær's omarbeiding (1890) av Mohn si rekategorisering (1882).³⁵² 2) Ved å bruke den opphavlege kategoriseringa kan talmaterialet samanliknast direkte både med Kiær's studie frå 1865 og Michael Drake si avhandling.³⁵³

Men for 1900-folketeljninga må Kiær's inndeling modifierast, ikkje på kategorinivå, men for kva kommunar som inngår i dei ulike kategoriene. Dette medfører eit metodisk problem og ein har to alternativ: a) Tildele kommunane ein kategori på eit gitt tidspunkt, t.d. 1865 og la kommunen behalde denne kategorien heile perioden (1801-1900). Eller, b) kategorisere om nye og gamle kommunar for perioden 1865 og 1900 slik at kategorien høver med næringsstatus i 1900. Eg har valt alternativ b) av to grunnar: For det første er det på regionsnivået eigenskapar ved regionane som er interessant, ikkje den einskilde kommune. Ved å velje status på eit tidspunkt ville bykommunar kunne blitt kategorisert som t.d. jordbruksbygder, eller omvendt alt etter kva tidspunkt ein la til grunn for kategoriseringa. For det andre er det i 1900 kring 100 fleire kommunar enn i 1865, og kvar av desse må òg kategoriserast. Dette er gjort på følgjande måte: 1) Kategorisering av nye og gamle kommunar etter 1865 dokumentert av Mohn eller Kiær er utført for 1900. 2) Kommunar ikkje omfatta av Kiær og Mohn sine tillegg og endringar er blitt plassert etter "moderkommunen", dvs. dei nye kommunane er resultat av ei kommunedeling og var "moderkommunen" ei fiskeribygd blir også dei to nye kommunane ei fiskeribygd. I tillegg har eg kontrollert denne kategoriseringa mot yrkesstatistikken for 1900, dvs. ved ei deling kan det tenkjast at ein moderkommune (skogsbygd) ved deling er best karakterisert som ein 'skogsbygd' og ein 'industribygd'. Kategoriseringane Kiær 1865, Mohn 1882 og mine tillegg og endringar til desse er dokumentert i tabell H-1 i tillegg H.

Men den viktigaste faktiske endringa mellom 1865 (1882) og 1900 var framveksten av nye industribygder. For å få best mogeleg kategorisering av kommunar i 1900 har eg derfor nytta to statistikkar; *Statistik over Norges Fabrikianlæg ved udgangen af Aaret 1895* og *Rigsforsikringsanstaltens industristatistikk for årene 1895-1899*. Begge desse to statistikkane inneheld industristatistikk over dei viktigaste "fabrikherreder" og "fabrikdistrikter".³⁵⁴ Statistikken syner m.a. tal anlegg, arbeidsstyrke, dagsverk og arbeidsforteneste fordelt på kommunar. Omkategoriseringa frå 1865 til 1900 på grunnlag av desse to statistikkane har størst innverknad på herada kring Oslofjorden. I dette området vert nokre få herad omkoda frå sjøfartsbygder til industribygder og nokre få frå flatbygder eller skogsbygder til industribygder.³⁵⁵ Eksempel på omkoding frå sjøfartsbygder til industribygder er Berg og Idd i Østfold. Onsøy var flatbygd i 1865, men industribygd i 1900.

I kommuneaggregatet for 1865-teljninga (KHKD6586) inneheld variabel nr. 128 'K1865' A.N. Kiær si kategorisering av kommunane, jf. tillegg B.2.2. For 1900-teljninga

³⁵² NOS III No 106:1890, s. 31-33. Folkemengden inden forskjellige Landsdele, grupperede efter de fremtrædende Næringsveie. A.N. Kiær refererer til "en noget forskjellig Grupperingsmaade" i NOS C No 1:1869, s. XI-XIII, men utan å dokumentere ulikskapen.

³⁵³ Drake: 1969. A. N. Kiær si kategorisering er òg nytta av etnologen Berggreen: 1994, s. 64-67.

³⁵⁴ Statistisk sentralbyrå: 1898, s. X-XIV. Statistisk Sentralbyrå: 1904, s. 16-18.

³⁵⁵ Jf. tabell H-1 i tillegg H. Endringane syner ved jamstilling av kolonnane 'Kiær 1865', 'Mohn 1882' og 'Solli 2003'

ligg mi modifiserte kommunekategorisering i variabel 174, jf. B.2.3 i tillegg B. Tilordning av kategori til kvar kommune for alle teljingane er dokumentert i tabell H-1 i tillegg H.

Men om ein går attende til hovudproblemet, operasjonalisering av ”overføring av samfunnsproduksjonen frå hushaldet til marknaden” kan ein stille spørsmålet: Kva er samanhengane mellom næringsregionane og forklaringsmodellen? Det sentrale poenget er at overgangen frå ”sjølvforsyningshushald”/”subsistensorientert økonomi” til ”pengehushald”/”marknadsorientering” kan ha skjedd til ulik tid, i ulikt omfang og med ulik takt avhengig av næringsverksemda. Sverre Steen meinte at det økonomiske og samfunnsmessige hovudskiljet kring 1830 gjekk mellom ”bysamfunnet=pengesamfunnet” og ”bondesamfunnet=sjølvforsyningshushaldet”, men at i delar av bondesamfunnet gjekk tilnærminga mot bysamfunnet (pengehushaldet) raskare:

Og det var nettopp gjennom salget av overskuddsvarer og pengeinntekter av binæringene at pengesystemet langsamt trengte inn og omsider sprengte det gamle selvforsyningshushold og det samfunnssystem som var bygd opp omkring det.³⁵⁶

Steen peikar også på at mellom ”binæringene”, bergverk, fiskeri, trelast, skipsfart, industri, så var det ”trelast- og bergverksområdet som skapte bylignende samfunn”³⁵⁷

Sjølv om Steens enkle dualistiske samfunnsmodell har fått ei rekkje skarpe skot for baugen³⁵⁸, er det likevel stor semje om at motoren i norsk økonomi frå kring 1840 og mot hundreårsskiftet var ”binæringene” i Steens terminologi eller eksportnæringane, utanrikssektoren. Utanrikssektoren, og særleg fiskeri, skogsdrift og skipsfart, er i følgje Fritz Hodne, sjølv ”lokomotivet i økonomien” i perioden 1840-1875.³⁵⁹ Sjølv om Francis Sejersted ikkje fullt ut kan gå god for Fritz Hodnes tese om den ”eksportledete veksten” i norsk økonomi på 1800-talet, er likevel semje om at det er ein viktig årsak til veksten i norsk økonomi.³⁶⁰ I følgje Sejersted var det frå kring 1840 sterk vekst i dei tre store eksportnæringane; trelast, fiske og skipsfart. Denne veksten hadde store ringverknader, og dei spreidde seg raskt. Store delar av befolkninga i desse områda vart gjennom denne aktiviteten raskt trekt ”inn i pengehusholdet, og dermed i markedsøkonomien”.³⁶¹

Hovudsiktemålet med regionane er å teste med komparasjon i kva grad dei økonomiske regionane meislar ut ulike strukturar med omsyn til livsløp- og hushaldsstruktur. Generelt bør det vere størst og først endring i regionar med ein eksportøkonomi; fiskeri, skipsfart, skogbruk og bergverk, medan i dei meir typiske jordbruksregionane bør tradisjonelle strukturar vare ved. I første del av neste kapittel vil eg kort trekkje opp hovudlinjene i den økonomiske utviklinga i perioden i regionane.

6.2 Funksjonsbortfallet: Forklaringsvariablar

Dei økonomiske regionane definert i førre punkt er relativt grove indikatorar for næringsforholda i dei underliggjande kommunane. På kommunenivå har eg derfor valt å

³⁵⁶ Steen: 1957, s. 82.

³⁵⁷ Steen: 1957, s. 52.

³⁵⁸ Tveite: 1959. Østerud: 1975, s. 120-129. Pryser: 1985, s. 135-141.

³⁵⁹ Hodne: 1981, kapittel 1. Hodne og Grytten: 2000, kapittel 8.

³⁶⁰ ”Vi må langt på vei gi Fritz Hodne rett i at den økonomiske utviklingen rundt midten av 1800-talet var ledet av etterspørselen på eksportmarkedene.” Sejersted: 1993, s. 82.

³⁶¹ Sejersted: 1993, s.61-62.

bruke følgjande forklaringsvariablar for å prøve forklaringa: a) Storleiken på sekundærsektor b) bruksstorleiken og c) mekanisering i jordbruket. Nedanfor vil eg gjere greie for kvar ein skild av desse variabelgruppene, og argumentere for samanhengen til funksjonsbortfallet som forklaring. I sjølve analysen vil eg gjere greie for kva samanhengar eg ventar å finne mellom t.d. storleiken på sekundærsektor og indikatorvariablane, men eit eksempel for å vere noko meir konkret: Dersom modellen held stikk ventar eg at dess større sekundærsektor dess fleire einslege hovudpersonar og mindre gjennomsnittleg hushald.

6.2.1 Sekundærsektor

Korleis kan vi måle at samfunnsproduksjonen blir førd ut av hushaldet og over i marknaden? Korleis kan vi måle graden av hushaldsproduksjon både på regionsnivå og kommunenivå? Problemet er samansett fordi produksjonen i dei ein skilde hushalda vil variere frå omfattande til nesten ingen ting. På eit gardsbruk ville ein i stor grad produsere ein stor del av det hushaldet konsumerte gjennom året (mat, klede, oppvarming, verkty), medan eit arbeidarhusald i ein tettstad kanskje hadde ein gris i bakgården, men elles måtte kjøpe det som vart konsumert som ferdigvarer eller halvfabrikat, t.d. ty til sying av klede.

Ein klar indikatorvariabel for å måle graden av hushaldsproduksjon utanfor hushaldet er storleiken på sekundær- og tertiærsektor i kommunen eller regionen. I det følgjande vil sekundærsektor og sekundærnæringar også omfatte det vi i dag vil kalle tenesteytande eller tertiærsektor sidan det i det statistiske materialet frå 1800-talet ikkje skil klart mellom sekundær- og tertiærsektor, jamfør B.2.2 og B.2.3 i tillegg B.

Storleiken på sekundærsektor inkludert tertiærsektor kan målast på ulike måtar, a) Prosentdelen hushald der hovudpersonen har eit yrke i ein sekundærnæring i høve til alle hushald, eller b) Prosentdelen arbeidsføre med yrke i ein sekundærnæring i høve til alle arbeidsføre, der arbeidsføre er definert ved alder. I det første tilfellet vil vi miste personar som arbeider utanfor hushaldet, men der hovudpersonen er gardbrukar, t.d. der dottera er meierske og foreldra gardbrukarar. Den andre målemetoden fangar betre opp den reelle storleiken på sekundærsektor betre. Men ingen av målemetodane fangar opp hushaldsproduksjonen direkte. To gardbrukarar kan vere særskilte ulike, ein kan bu nær ein tettstad/by og ha ein spesialisert produksjon retta mot sal i byen, t.d. vekt på mjølkeproduksjon.³⁶² ”By”-gardbrukaren har lett tilgang på varer/tenester han ikkje produserer sjølv og andre hushaldsmedlemmer kan ha anna arbeid i byen eller i korte periodar. Ein annan gardbrukar bur avsides og har færre muligheiter til å by fram produkt for sal, og må sjølv produsere for eige konsum stort sett som før. Ved å måle hushaldsproduksjon ved storleiken på sekundærsektor fangar ein også i liten grad opp t.d. gardbrukarar og særleg husmenn og plassebrukarar og deira familiemedlemmar som skaffar seg utkomme delar av året i andre næringar utanfor primærnæringane jordbruk og fiske. Av yrkestermane i folketeljinga 1900 ser vi ei mengd næringsverksemd utanfor primærnæringane. Plassemenn som var tømrrarar, snikkarar, skreddarar, bygningsmenn, og plassekoner som sydde importert bomullstøy eller dreiv med overnatting.

³⁶² Døme: Mjølkestrilar kring Bergen. Ertresvaag: 1974, s. 121-123.

For 1865 brukar eg talmateriale for sekundærsektor som ligg nær opp til a) ovanfor. I den offisielle statistikken for 1865 (NSD kommunedatabase) skil mellom 'Hovedpersoner', 'Familiemedlemmer' og 'Tyende'. Yrke er registrert på 'Hovedpersoner', men 'Hovedpersoner' er **ikkje** lik hushaldsoverhovud. Hovudregelen var at:

Til Hovedpersoner ere henregnet alle de, der i Henseende til Næringsvei eller Indtægtskilder indtage en selvstændig Stilling, altsaa Familieforsørgere eler enslige Personer. [Og] hjemmeværende voxne Sønner af Gaardbrugere, Husmænd, Haandværkere etc. ere blevne opførte som Hovedpersoner, idet man har forudsat at de gjøre nytte for sig ved den Hjælp de yde Foreldrene.³⁶³

Derimot blei vaksne kvinner uteletne og registrerte som familiemedlemmar. Same galdt studentar, kadettar og heimeverande vakse søner av proprietærer, sidan desse vart rekna som uproductive.

For 1900-teljinga er yrkesstatistikken annleis, og det tidlegare skiljet mellom 'Hovedpersoner', 'Familiemedlemmar' og 'Tyende' er oppheva. Alle tilstedeverande personar over 15 år vart fordelt etter **eigen** næringstilknyting. Dette tilsvarar alternativ b) ovanfor. Dei to måla er altså ulike: I 1865 vart hushaldsoverhovud registrert med eige yrke, medan vaksne produktive, mannlege familiemedlemmar vart registrert med hushaldsoverhovudet sin yrkeskategori. I 1900 er alle yrkesaktive, menn og kvinner over 15 år, registrert med eige yrke. Men sidan storleikane ikkje skal samanliknast er dette problemet ikkje avgjerande for bruken. Uansett er desse to storleikane som gjev det beste målet på næringsstruktur på dei to teljetidspunkta.

I datasettet KHKD6586 omfattar variablane 104-115, 118-122 utrekningsgrunnlag og storleikar for primær-, sekundær- og tertiærsektor, jf. B.2.2. Tilsvarande i datasettet KHKD0086 utgjer variabel 88-116 og 149-153 utrekningsgrunnlag og storleikar for næringsstruktur.

Alternativt til storleiken på sekundærsektor kan vi måle bruksstorleiken. I område (kommunar) der bruka er små, så små at brukarane må basere seg på utkomme frå anna enn jordbruket, vil dette gje eit alternativt måltal for graden av hushaldsproduksjonen.

6.2.2 Bruksstorleik

Bruksstorleiken avspeglar forhold ved næringsstrukturen, dess mindre bruk og særleg stor del av småbruk, kan tyde på mangesysleri og at jordbruket har mindre å seie for det totale økonomiske grunnlaget for levebrødet. Dess mindre bruk, dess større del av inntektene må komme frå næringar utanom jordbruket. I femårs-beretningane frå amtmennene fins det ei rekkje vurderingar av både årsakene til og konsekvensane av oppstyking av bruk. A.N. Kiærs gjennomgang av amtmannsberetningane 1835-1865 viser at synet på konsekvensane av bruksdeling var høgst forskjellig. Nokre amtmenn såg på dette som årsak til fattigdomsproblema, for mange små bruk gav ikkje stort nok innkomme til ein familie: "En liden gaard kan ikke fuldt ut beskæftige en Familie, hvoraf opstaaer Lediggang og Fatigdomm;"³⁶⁴ Andre stader vurderte ein bruksdeling annleis, at bruksdelinga skunda

³⁶³ NOS C No 1:1869. Sjå også dokumentasjon for variabel 67474-67571 i NSD kommunedatabase.

³⁶⁴ NOS C No 11:1873, s. X. Sitatet gjeld Smaalenenes Amt 1841-45

fram nydyrking og meir intensiv bruk av jorda.³⁶⁵ Generelt synest amtmennene ha eit positivt eller nøytralt syn på bruksdeling der sidenæringane tenderer mot å bli hovudnæring, sidenæringar som fiske, skogbruk, industri og bergverk. Kiær konkluderer si samanfatning av amtmannsberetningane med at bruksdeling "hvor gaardbrugerne ved siden af jordens dyrkning tillige sysle med anden næringsdrift, ikke har vist sig at medføre ulemper".³⁶⁶ Tvert i mot vitna bruksdelinga om økonomisk framgang, meir variert næringsliv og framsteg.³⁶⁷ I nokre bygder var sidenæringane blitt hovudyrke mellom 1860 og 1900, hevdar Nerbøvik i sitt oversynsverk.³⁶⁸ Der bruka er små i gjennomsnitt og der det er ein relativt stor del småbruk venter eg å finne at med eit meir variert levebødsgrunnlag vil t.d. giftarmålsalderen vere lågare enn i kommunar med ein meir einssidig jordbruksøkonomi.

Bruksstorleiken kan målast på ulike måtar og det vanlege i statistisk samanheng er å måle jordbruksarealet i dekar. Frå og med teljinga i jordbruksteljinga i 1959 er dette definert som sum åker og hage, eng på fulldyrka jord og natureng og overflatedyrka eng, utan skilje mellom innmark og utmark.³⁶⁹ Først frå og med jordbruksteljinga 1907 er det gitt arealoppgåver for både åkervekstar, hage og eng, men for teljingar før 1907 er arealet utrekna indirekte på grunnlag av oppgåver over utsæd og/eller matrikkelskyld. På tilgjengeleg materiale frå 1800-talet må vi såleis definere alternative mål for bruksstorleik. To kjelder er tilgjengeleg i dataformat for heile landet, matrikkelskylda 1886, før og etter revisjon og opplysningane om utsæd og husdyrhald i folketeljinga 1865. Det er mogeleg å knytte desse opplysningane saman sidan opplysningar om bruksnummer ('matrikkel løbenr') finst både i 1865-teljinga og i matrikkelen for 1886. Men eg har valt å nytte desse to kjeldene uavhengig av kvarandre av to grunnar: For det første er dette to heilt ulike storleikar: Jordbruksopplysningane i teljinga omfattar alle jordbrukande, både på matrikulert og ikkje matrikulert jord, og det omfattar også jordbruk i byar. Matrikuleringa 1886 omfattar berre landdistrikt, med unntak av Finnmark. Det betyr i praksis at eit matrikkelbruk kan vere nytta av fleire jordbrukarar og hushald, men også omvendt, ein jordbrukar kan eige mange matrikkeleiningar. Matrikkelen spesifiserer eigar, ikkje kven som faktisk brukar jorda, den kan vere bortleigd, utan at dette vil gå fram av korkje teljing eller matrikkel. Og på grunn av bruksdeling mellom 1865 og 1880-talet vil det ikkje same "løbenr" nødvendigvis representere same storleik på eininga. Derfor har eg valt å bruke desse to storleikane, jordbruksopplysningane i 1865-teljinga og matrikuleringa av 1886 uavhengig av kvarandre. Sidan matrikuleringa 1886 inneheld gammal skyld og revidert skyld kan det også forsvarast å nytte desse to talstorleikane mot både aggregerte data frå 1865-teljinga (gammal skyld) og 1900-teljinga (revidert skyld).

I datasettet KHKD6586 gjeld variablane frå og med variabel nr. 77 til og med variabel nr. 97 bruksstorleik, jf. B.2.2 i tillegg B. I KHKD0086 – kommuneaggregatet for 1900 – er variablane for jordbruksproduksjon frå og med variabel 77 til og med variabel

³⁶⁵ NOS C No 11:1873, s. XI. Eksempel: Kristians Amt 1856-1860 og Søndre Trondhjems Amt 1856-1860 og 1861-1865.

³⁶⁶ NOS C No 11:1873, s. XII.

³⁶⁷ NOS C No 11:1873, s. XII.

³⁶⁸ Nerbøvik: 1986, s. 15. Try: 1979, s. 241

³⁶⁹ NOS XII 291:1978, s. 123.

81. Variablane for 1900 er ikkje nytta eksplisitt i avhandlinga, sidan dei berre gjev enkle upresise ja/nei opplysningar, t.d. har det blitt det dyrka korn eller poteter, ja/nei?.³⁷⁰ I KHKD0086 inneheld også aggregerte opplysningar om jordbruksproduksjon frå NSD kommunedatabase i variabel 103-116 og 154-157. Også desse er nytta under arbeidet med avhandlinga, men sidan dette er totalsummar og ikkje aritmetiske gjennomsnitt utrekna hushaldsvis, har eg valt å ikkje bruke desse i avhandlinga.³⁷¹

6.2.3 Bruksstorleik etter matrikkelen i 1886

Matrikkelen 1886 syner matrikulerte eigedomar i landdistrikta på bruksnivå, jf. kapittel 3.1.4. Matrikkelen er nytta for å generere variablar for bruksstorleik på kommunenivå. Etter den gamle matrikuleringa vart bruka verdsett i skylddaler, ort og skilling, og ein skylddaler var lik 5 ort eller 120 skilling. Den nye skylda vart rekna i skyldmark og øre; ein skyldmark lik 100 øre. Ved å rekne om gammal skyld til skilling og revidert skyld til øre kan talmaterialet nyttast til å rekne ut aritmetisk gjennomsnitt og median bruksstorleik for regionar eller kommunar. Merk at einingane i dette materialet omfattar matrikkelbruk i landdistrikta (ikkje Finnmark), og ikkje hushald eller driftseiningar. I matrikkelen kan ein brukar stå som eigar av fleire bruk. I bearbeidinga av datamaterialet er bruk med same eigar slått saman. Dette fører til færre brukarar og større bruk enn om ein let kvar post i kjelda vere eit bruk.

Med eit eins skyldsetting av alle bruk i landet kan ein lett kategorisere bruka etter storleik. I den eldre jordbruksstatistikken og i statistikk over jordeigedom definerte ein følgjande kategorisering av bruk etter matrikkelskyld:

0-0.2 Skylddaler – ”Ikke egentlig jordbrug”. Dette er areal som vanlegvis blir eigd av arbeidarar, handverkarar, sjøfarande og fiskarar. Også kalla ”Parceller”.

0.2 – 2.0 Skylddaler – Småbruk. Jordbruket yter eit vesentleg bidrag til levebrødet, men ein familie er avhengig av andre inntektskjelder for å få endane til å møtast, særleg om det i tillegg til kår til bruket

2.0 – 10 Skylddaler – Middels stort bruk. Jordbruk er ikkje berre hovudnæring, men også einaste ”Erhvervskilde”.

10 Skylddaler eller meir – Store eigedomar. Gardsdrifta blir i regelen utført av forvaltarar og leigefolk.

³⁷⁰ NOS V No 4:1906, s. 178. Teksten på teljelista er: ”Har der i 1900 paa Stedet (Bruget, Gaarden) foregaaet nogen Udsæd af Korn eller Poteter? *Ja, Nei*. Det Ord, som passer, understreges”.

³⁷¹ Ved å kombinere dei enkle ja/nei opplysningane pr. hushald frå folketeljinga med den aggregerte statistikken ville ein kunne ha komme fram til noko meir presise gjennomsnittlege produksjonsoppgåver pr. hushald for 1900.

Dette gjev følgjande grenser for brukskategorisering etter storleik, jf. tabell 6-1.

Tabell 6-1 Storleikskategoriar i skilling (gammal skyld) og gjennomsnitt skyld i kategoriane. Etter A. N. Kiær 1873.³⁷²

Brukskategori	Skilling	Snittskyld i kategorien
Parsellar: Ikkje eigentlig jordbruk	0 – 24 sk.	12 skilling
Småbruk	25-239 sk.	0.9 skylddaler
Middels bruk	240-1199 sk.	3.9 skylddaler
Store bruk	1200 sk+	16 daler

Kjelde: Norges Offisielle Statistik:1873, s. IV.

Dei mest interessante kategoriane for denne analysen er dei to første – ”ikke eigentleg jordbruk” og ”småbruk”. Frå 1819 til 1838 aukar talet på bruk i ”parsellkategorien” (0 – 24 sk) med ein årleg vekst på 3.1% og i perioden 1838-1870 med 3.2%. Til samanlikning minkar både talet på bruk i dei to største kategoriane, medan talet på småbruk aukar med 1.5% og 1.1% i same tidsperiode.³⁷³ A. N. Kiær forklarar dette slik:

Dette Forhold antages at kunne forklares ved den tiltagende Overgang fra Jordbrug til anden Næringsdrift, saasom Søfart, Fiskeri og Industrivirksomhed, hvilket har tilfølgge, at der opstaaer et større og større Antal Smaabrug, der eies av Personer, der drive Jordbrug som Bisysse.³⁷⁴

Den relative fordelinga av bruk etter storleik kan såleis nyttast som indikator på fallande hushaldsproduksjon gjennom næringsverksemd utanom jordbruk, gjennom mangesysleri. Er dei to minste brukskategoriane relativt store indikerer det at næringar utanfor jordbruket har stor vekt i ein region eller kommune, og vi kan teste i kva grad dette har effekt på hushalds- og livsløpsmønster og endringar i dette. Mange bruk i dei to minste brukskategoriane vil også kunne gje ein låg gjennomsnitt bruksstorleik. For å få eit enkelt måltal har eg derfor valt å nytte gjennomsnitt bruksstorleik på kommunenivå, jf. dokumentasjon av analysesetta KHKD6586 og KHKD0086 i tillegg B.

6.2.4 Bruksstorleik etter jordbruksopplysningane i 1865

Det er langt meir komplisert, men ikkje umogeleg, å kategorisere jordbruksopplysningane i teljingane og la dei representere eit mål for bruksstorleik. Opplysningane om jordbruksavl i 1865-teljinga er på hushaldsnivå, og som tidlegare nemnd kan eit hushald kan drifte fleire matrikkelbruk, eller eit matrikkelbruk kan brukast av fleire hushald. Det finst òg hushald i teljinga som ikkje omfatta av matrikuleringa fordi dei brukar ikkje-matrikulert jord eller er utanfor områder omfatta matrikuleringa (bydistrikt og Finnmark).³⁷⁵ Spørsmålet blir då korleis kan vi måle, jamføre og gruppere jordbruksproduksjon som er oppført i ulike artar av utsæd og ulike typar husdyr. For å seie det enkelt: Kor mange sauer går det på ei kyr og kor mange tønner poteter tilsvarar ei tønne

³⁷² NOS C No 11:1873, s. IV. Innleiinga er underskriven av bureauchef A.N. Kiær.

³⁷³ NOS C No 11:1873, s. VII.

³⁷⁴ NOS C No 11:1873, s. VII. Innleiinga er underskriven av bureauchef A.N. Kiær.

³⁷⁵ Ved teljinga i 1900 skulle ikkje særskild matrikulerte ”bruk” føre opp ”Under” framfor gards- og bruksnummer. NOS V No 4:1906, s. 179.

korn. Disse problemstillingane er naturleg nok ikkje nye, og delvis løyst i den eldre statistikken. Første problem er omrekning av ulike husdyrslag og vekstar til representative storleikar for bruksstorleiken.

I ”vor statistikk”, som A. N. Kiær uttrykkjer det, var det vanleg å rekne at:

$$1 \text{ ku} = 1/2 \text{ hest} = 6 \text{ sauer/geiter} = 2 \text{ svin} = 4 \text{ reinsdyr}$$

og at

$$1 \text{ hl bygg} = \frac{3}{4} \text{ hl hvete, rug og erter} = 1 \frac{1}{2} \text{ hl blandkorn} \\ = 2 \text{ hl havre} = 3 \text{ hl poteter.}^{376}$$

I 1865-teljinga er utsæden oppført i tønner, men ei tønne er ikkje ei tønne. Korntønna blei i 1865 rekna til 139 liter, medan potettønna var lik 160 liter. Dette gjev følgjande omrekningsformlar i samla husdyrhald målt i kyr, og samla utsåd mål i hektoliter bygg:

$$\text{Kuverdi} = \text{ku} * 1 + \text{hest} * 2 + (\text{sau} + \text{geit})/6 + \text{svin}/2 + \\ \text{reinsdyr}/4.$$

$$\text{Byggverdi hl.} = (\text{bygg} + ((\text{kveite} + \text{rug} + \text{erter}) * 4/3) + \\ (\text{blandkorn} * 2/3) + (\text{havre}/2)) * 1.39 + (\text{poteter}/3 * 1.60)$$

Med desse formlane kan storleiken på husdyrproduksjon på hushaldsnivå reknast om i kuverdi; hestar, sauer, geiter, griser og reinsdyr blir målt i tal kyr pr. hushald. Ved aggregering til kommunenivå og kan gjennomsnitt eller median bruksstorleik³⁷⁷ i kuverdi for kommunen eller regionen reknast ut.

Men for utsåd, sjølv omrekna i hektoliter byggverdi, står vi over for fleire problem. For det første er tala i kjelda utsåd, ikkje produksjon, og omrekninga til byggverdi er basert på dei ulike vekstane sin salsverdi. For det andre må ei omrekning til produksjon både ta omsyn til at dei ulike vareslaga hadde ulik follltal og at nokre kornslag var sådd tettare enn andre og såinga også varierte regionalt.³⁷⁸ Generelt sådde vestlandsbonden langt tettare enn austlendingane og trøndarane, i tillegg til at ein sådde tettare på eit lite bruk enn på eit stort bruk: ”navnlig Dyrkningen af de mindre Eiendomme i Regelen er meget mer intensiv og følgelig giver et større Bruttoudbytte og føder et større Antal Kreaturer end de større.”³⁷⁹ Dei regionale skilnaden i kor tett det vart sådd var også store, t.d. var gjennomsnitt utsåd i Søndre Bergenhus i 1865 105,6 liter havre pr. dekar, medan berre 45.9 liter i Søndre Trondhjem Amt, og 52.8 liter for heile riket.³⁸⁰ Ein tenkt formel for bruksstorleik basert på utsåd kunne vere:

$$\text{Bruksstorleik} = \text{vekstslag} * \text{tønne storleik} * \text{byggverdifaktor} * \\ \text{utsådsfaktor} * \text{follltal}$$

³⁷⁶ NOS C No 15:1880, s. XIII, NOS III No 217:1895b, s. 110-111, NOS V No 145:1911, s. 36.

³⁷⁷ ”Bruk” tyder her produksjoneining og ikkje matrikkelbruk som over.

³⁷⁸ Myking: 1978, s. 24-25.

³⁷⁹ NOS C No 11:1873, s. IV. *) fotnote.

³⁸⁰ Myking: 1978, s. 25.

Med unntak av tønnesstorleiken vil dei tre siste faktorane variere regionalt; ulike prisar og prishøve mellom bygg og andre vekstar, utsåd varierer ikkje berre på amtsnivå, men òg på prestegjeldsnivå og folktala varierer frå bygd til bygd. I sum vil dette gje ein bruksstorleik som er avhengig av fleire usikre faktorar. Alternativet er å finne ei måltal for bruksstorleik der færre av faktorane er usikre.

Alternativet til å rekne utsåd om i total produksjonsverdi basert på ei rekkje usikre faktorar, er då å rekne direkte frå utsåd til åkerareal. I samband med folke- og jordbruksteljingane skulle lensmennene rapportere normal sånad pr. dekar for korn, erter og poteter.³⁸¹ Tabell 6-2 syner omrekning frå utsåd til dekar etter formelen:

$$\text{Bruksstorleik} = \text{utsåd} / \text{utsåd pr. dekar}$$

Tabell 6-2 Gjennomsnitt utsåd av korn pr. dekar i Norge (rikets bygder) 1866-70. Bruksstorleik gitt at utsåd er lik ein tønne av kvart kornslag.

Vektsslag	Utsåd tønner pr. dekar	Dekar ved 1 tønne utsåd
Kveite	0.20	5.00 da
Rug	0.15	6.67 da
Bygg	0.27	3.70 da
Havre	0.42	2.38 da
Blandkorn	0.34	2.94 da
Erter	0.23	4.35 da
Poteter	2.20	0.45 da
Bruksstorleik		25.49 da

Kjelde: NOS [Ældre Række] C No. 15, s.76-77.

Omrekningstala i tabell 6-2 er landsgjennomsnitta for perioden 1866-1871 for rikets bygder.³⁸² Ved utrekning av bruksstorleik burde ein ideelt bruke sånad pr. mål pr. kommune, men datamaterialet er omrekna med utsåd pr. mål pr. amt, jf. tabell H-2 i tillegg H. Bruksstorleik i dekar basert på utsåd gjev så ein tredje storleik på hushaldsnivå i tillegg til kuverdi og byggverdi, som kan brukast til å rekne ut gjennomsnitt bruksstorleik i kommunar og regionar. Sidan areal i dekar er basert på færre omrekningfaktorar enn byggverdi, vel eg å bruke omrekning til areal som hovudmål for bruksstorleik etter utsåd.³⁸³

For å summere opp: For 1865 har vi ulike variablar for bruksstorleik: Urevidert skyld etter 1886-matrikkelen målt i skilling, bruksstorleik målt i kuverdi og bruksstorleik målt i dekar. For 1900 har vi ein variabel for bruksstorleik: Revidert skyld i 1886-matrikkelen målt i øre. Desse fire variablane kan uttrykkast på ulike måtar aggregert til kommunenivå: Det aritmetiske gjennomsnitt, medianen, kvartilar, eller prosentdel bruk

³⁸¹ NOS C No 15:1880, s. XV og s. 76-79. Sjå også Mohn: 1880, s. 4-5.

³⁸² NOS C No 15:1880, s. 76. Tabell 18, del A. Utdrag av tabellen i tillegg H-2.

³⁸³ "Bruk" i denne samanheng er ikkje det same som matrikkelbruk, men kan vere det.

innafør kategoriane som er gjort greie for ovanfor. Matrikelopplysningane kan berre nyttast mot materialet frå landsbygda, medan produksjonsopplysningane også gjeld område som administrativt sett er by. I kva grad måler desse variablane bortfallet av produksjonsfunksjon? Variablane måler korkje samla tidsbruk, innsats eller inntekter for hushalda i ein region/kommune. Matrikkelen 1886 gjev ikkje eingong tal for heile landet, og områda som administrativt sett er byar er ikkje med. Likevel meiner eg variablane for bruksstorleik kan gje ein peikepinn på produksjonsforholda, særleg variablane som direkte måler jordbruksproduksjonen i hushalda uavhengig av administrativ tilknytning.

I datasettet KHKD6586 (kommuneaggregat for 1865) er variablane frå matrikkelen 1886 omfatta av variablane 134 til og med 154, jf. B.2.2 i tillegg B. I datasettet KHKD0086 er variablane frå og med nr. 181 til og med 201 utrekna på grunnlag av matrikkelen 1886, jf. B.2.3 i tillegg B.

6.2.5 Mekanisering i landbruket

Storleiken på sekundærsektor og bruksstorleiken gjev på kvar sin måte eit bilete av korleis samfunnsproduksjonen er organisert. Den tradisjonelle produksjonsmåten i landbruket var avhengig av leigd arbeidskraft - tenarar. Tenarar var naudsynte for å produsere tilstrekkeleg varer til konsum, samstundes som ein stor del av løna også vart rekna i varer produsert på garden, kost, losji og ei viss mengd varer frå produksjonen, t.d. ull eller skinn, som tenaren kunne lage seg klede eller sko for. Både Sogner og Nerbøvik har peika på den omformande krafta til mekaniseringa i jordbruket.³⁸⁴ Tore Pryser har i ei spissformulering hevda at slåmaskina i 1880-åra hadde meir å seie for folk flest enn riksrettsdommane mot regjeringa Selmer i 1884.³⁸⁵ Derfor vil graden av mekanisering også gje eit bilete av organiseringa av produksjonen i landbruket. Grad av mekanisering i landbruket bør såleis ha forklaringskraft i høve til nokre av dei sosiale endringane som er observert, t.d. bør det vere ein negativ samanheng mellom mekanisering og bruken av mannlege tenarar i hushaldsproduksjonen.

Dokumentasjon og referansar til mekaniseringsvariablane finst i dokumentasjonen for datasettet KHKD0086 (kommuneaggregat for 1900-teljinga) variabel 117-119 og variabel 158.

6.2.6 Funksjonsbortfallet: Oppsummering

Funksjonsbortfallet, graden av produksjonsfunksjonen som vert overført frå hushald til marknad, omkalfatinga frå *sjølvforsyningshushald/naturalhushald* til *pengehushald*³⁸⁶ vil eg prøve å måle på tre måtar: a) Storleiken på sekundærsektor b) Bruksstorleik og c) Mekanisering av produksjonseiningane. For sekundærsektor og mekanisering er berre tal på kommunenivå tilgjengeleg, medan bruksstorleik er målt med fleire måltal delvis eller heilt på hushaldsnivå: i) Matrikkelskyld etter 1886-matrikkelen og **produksjon pr. hushald** målt som ii) kuverdi og iii) utsæd omrekna til areal.

³⁸⁴ Sogner: 1990, s. 90-91. Nerbøvik: 1986, s. 17-18.

³⁸⁵ Pryser: 1985, s. 13.

³⁸⁶ Nerbøvik: 1986, s. 16. Dyrvik: 1983, s. 196.

6.3 Kulturspreiing: Politisk-kulturelle regionar

Det er ei vanleg oppfatning å sjå på Norge som delt i to kulturar eller to folk på 1800-talet.³⁸⁷ Klarast kjem dette til uttrykk i tittelen på eit band av Cappelens Norgeshistorie: *To kulturer - en stat, 1851-1884*. Denne todelinga er openberr; embetsmannskultur mot bondekultur eller by mot landsbygd, eller i 1800-tals språkbruk "dannelse" mot "råhet". Men kva ligg i omgrepet kultur? Eg vel å bruke kultur som "Livstotalitet eller levesett: Det settet av holdningar, verdier og ferdigheter mennesker har som gruppe"³⁸⁸ Dette kulturomgrepet inneheld tre element; det materielle, det sosiale og det ideologiske. Den materielle aspektet omfattar teknologi (reiskap) og økonomi (ressursar) og korleis menneskja skaffar seg eit utkomme. Det sosiale aspektet dreier seg om korleis gruppa regulerer samkvem i gruppa og i høve til andre grupper. Det ideologiske aspektet dreier seg om førestillingsverda, tru og meiningsoverbygning, dvs. det som legitimerer og grunnleggjer materielle og sosiale handlingar.³⁸⁹ Det første aspektet, det økonomiske, har eg skild ut som ei eiga sfære og dannar ein sjølvstendig forklaringsmodell, jf. punkt 6.2. Kulturspreiingsmodellen omfattar i langt sterkare grad dei to siste elementa i dette kulturomgrepet, det sosiale og det ideologiske; samanbunde ved eit sett av normer, skikkar, idear som styrer organiseringa av livsløp- og hushald.

Med enkel todeling – ved å samanlikne by mot land – kan kulturspreiinga prøvast, men det fører til at ein sentral dimensjon fell ut, nemleg at spreingstakta er ulik mellom regionar ved landsbygda blir "urbanisert" til ulik tid og i ulik grad. Eilert Sundt meinte at på Austlandet og i Agder-fylka hadde "dannelsen", dvs. bykulturen – høgst nivå langs kysten og deretter fallande innetter landet dess lenger ein kom frå kysten. Skagerakskysten gav inntrykk av "fremskreden kulturtilstand". Denne generaliseringa måtte Sundt gi opp når han kom til Vestlandet. Avstanden frå kysten impliserte ikkje eit fallande dannelsesnivå, dvs. grad av borgar- og embetsmannskultur. På Vestlandet var råskapen størst langs kysten og fallande mot innlandet, og dessutan hadde Bergen langt mindre dannande effekt enn austlandsbyane.³⁹⁰ I følgje Hans Try hadde dei to kulturane gjensidig innverknad på kvarandre, men i ulik grad i dei ulike landsdelane, på den måten at embetsmannskulturen møtte mindre motstand i einskilde strok. Try deler landet i to store regionar som han kallar "Austland" og "Vestland". Austlandet omfattar alle byane og store delar av låglandet austpå og særleg ut mot kysten, i tillegg ein del av Trøndelag – helst nær Trondheim og i Innherad. I tillegg bygder nær byar og Skagerakskysten. Til Vestlandet hørde også Fosen, Namdalen og fjellbygdene i Trøndelag, Nord-Norge, dei øvre dalbygdene og fjellbygdene på Austlandet og det meste av Agder (ikkje kysten).³⁹¹ Men også denne todelinga vil gi eit for grovmaske garn, for vi treng ein trålpose med mindre maskevidde sidan vi skal fange småtorsk.

³⁸⁷ Pryser: 1985, s. 11. Berggreen: 1994, s. 16.

³⁸⁸ Berggreen: 1994, s. 16-17.

³⁸⁹ Berggreen: 1994, 17-18.


³⁹⁰ Eilert Sundtd er sitert etter Berggreen: 1994, s. 65-66. Try: 1985, s. 16. Både Berggreen og Try referer til fleire av Sundts verk der han karakteriserer landsdelar etter "dannelsesnivå" og "råhet". Sundts karakteristikkar er å finne i "Om Husfliden i Norge", "Om Huslivet i Norge" og i "Om Renligheds-Stellet i Norge".

³⁹¹ Try: 1985, s. 15-16.

6.3.1 Politiske og kulturelle regionar

Kjernen i forklaringa om kulturell modernisering er at nye idear og kulturimpulsar spreier seg frå sentrale strok (hovudstaden, byane) og utover landsbygda og mot avsidesliggjande strok. I norsk statsvitenskap, med Stein Rokkan i spissen, er sentrum-periferi som forståingsramme sentral. Motsetningane mellom eit politisk-kulturelt sentrum og ulike periferiar, mobilisering og mot-mobilisering av periferien i politiske spørsmål og symbiotiske forholdet mellom sentrum og periferi er fundamentalt for å forstå særleg norsk historie på 1800 og 1900-talet. Den territorielle konfliktaksen er hovudaksen for kulturelle og religiøse motsetnader som syner særleg styrkje frå kring 1870.³⁹² Forholdet mellom sentrum og periferi har gjennom denne perioden vore kjenneteikna gjennom tre rørsler eller politiske konflikttema: lekmannsrørsla alt etablert ved Haugianarane kring 1800, fråhald- og totalavhald og målsprøsmålet.³⁹³ Etablering av denne forskingsretninga kan tileignast Valen og Rokkan, modellbygginga til Rokkan, medan operasjonisering av sentrum-periferi aksen i ein norsk kontekst har særleg Sten Sparre Nilson ytt eit viktig bidrag til.³⁹⁴

Figur 6-2 Regionar for poltisk avstand. Norge 1900. Etter Sten Sparre Nilson



Kjelde: KHKD1865, Nilson:1972 og Nilson:1974

³⁹² Nerbøvik: 1986, s. 129.

³⁹³ Aarebrot: 1982, s. 76, Nilson: 1972, s. 65-69.

³⁹⁴ Nilson: 1974, s. 19-26.

I granskinga ”Politisk avstand ved norske folkeavstemningar” opererte Sten Sparre Nilson med fem regionar, som er ei viss forenkling av Stein Rokkans sju regionar. Dei fem regionane er:

1. Indre sentrum
2. Ytre sentrum
3. Kyst og ytre fjord
4. Daler, fjell og indre fjord
5. Den nordlegaste landsdelen

’Indre sentrum’ omfattar hovudstaden med de næraste strøka omkring i Akershus fylke, og dessutan området nedover langs Oslofjorden og Drammensfjorden i søre del Buskerud og kystområda av Vestfold og Østfold. ’Ytre sentrum’ omfattar resten av Akershus og tilgrensande strøk av Hedmark, Oppland og Buskerud, dessutan litt av nedre Telemark og noko av Vestfold og Østfold. Det heile utgjør ein ring rundt ’Indre sentrum’. I tillegg kjem dei to byane Bergen og Trondheim med forstadskommunar (t.d. Årstad), som også er rekna med til ’Ytre sentrum’. Region 3, ’Kyst og ytre fjord’, består av ei stripe som byrjar ved svenskegrensa, der den omfattar det søraustlege Østfold, held fram med litt av det sørlege Vestfold og Telemark, og går vidare langs kysten tvers gjennom både Agderfylka, Vestlandsfylka og Trøndelagsfylka, til og med den sørlegaste kystområda av Nordland fylke. Region 4, ’Daler, fjell og indre fjord’, omfattar resten av Hedmark, Oppland, Buskerud og Telemark, av Sørlands-, Vestlands- og Trøndelagsfylka, og strekkjer seg også eit stykke nordover i det indre av Nordland fylke. Resten av Nordland saman med Troms og Finnmark er kalla ’Den nordlegaste landsdelen’.

Regionen ’Kyst og ytre fjordar’ svarar langt på veg til det som Gabriel Øidne kalla for ”den mørke kyststripa” og regionen ’Daler, fjell og indre fjord’ til det Øidne kalla ”folkehøgskuleregionen” i ein artikkel i Syn og Segn 1957.³⁹⁵ Men han heldt seg her i hovudsak til ”Motsetninga mellom Austlandet og Vestlandet”, sjølv om begge regionane strekte seg vidare gjennom Trøndelag og et stykke oppover i Nord-Norge. ”Folkehøgskuleregionen” (=4. region) var kjerneområdet for landsmålet og den frilynde ungdomsrørsla, og ei høgborg for ”reine venstre”. Regionen var også prega av ei viss religiøs likesæle. Området hyste også den folkelege radikalismen som kom til uttrykk gjennom røystgjevinga for republikk i 1905. Region 3, ’Kyst og ytre fjordar’, hyste delvis kulturregionen på Sørlandet og på Sør-Vestlandet – ”den mørke kyststripa” der både landsmål og grundtvigianismen hadde store vanskar med å slå rot, men der lekmannsrørsla stod sterkt.³⁹⁶ Ytre del av Oslofjord-området (Østfold) går også i ’Kyst og ytre fjordar’, for dette var bygder som hadde mykje sams med ”den mørke kyststripa” religiøst sett.

I høve til observasjonane Eilert Sundt gjorde seg, m.a. det høge ”dannelsesnivået” langs Skagerakkysten, så ville det vore rimeleg å definere kyststroka aust for Lindesnes til region 2, ’Ytre sentrum’. Er det alternativ til Sparre Nilsons regionsinndeling? Tabell 6-3

³⁹⁵ Øidne: 1957, s. 97-114

³⁹⁶ Øidne: 1957 og Nerbøvik: 1986, s. 129-131.

syner Rokkans forslag til kategorisering av kommunar etter hans eigen sentrum-periferi modell. Kva føremoner har Rokkans inndeling jamført med Sparre Nilsons?

Tabell 6-3 Rokkans operasjonisering av sentrum-periferi modellen

	Sentrum-periferi regionar	Eigenskapar
I. Bynettet	1. Sentrum	Det "indre" bynettverk og de næraste bygder
	2. Ytrebeltet	Byene langs kysten i sør-vest og nord
II. Mellombygder	1. Klassedelte mellombygder	Flatbygder, skogsbygder med markert stratifisering (Store gårder, skogbruk, gruvedrift e.l. industri)
	2. Egalitære mellombygder	Dalbygder, fjordbygder med mindre variasjon i bruksstorleik
III. Periferi	1. Egalitær kyst	Kystbygder frå Agder til Nordmøre
	2. Klassedelt kyst	Kystbygder frå Trondheimsfjorden til Finnmark
	3. Innland	Isolerte dalbygder og fjellbygder

Kjelde: Etter Rokkan:1975, s. 58.

Skilnaden mellom Rokkan og Nilson sin operasjonisering av sentrum-periferi aksene er at delar av klassedelte mellombygdene er lagt saman med 'Ytrebeltet' i Rokkans modell og utgjer 'Ytre sentrum' i Nilsons inndeling, og at dei 'Egalitære mellombygdene' er lagt saman med innland og utgjer 'Daler, fjell og indre fjord'. Sparre Nilson si inndeling manglar såleis ein sosial akse som ligg innebygd i Rokkan si gruppering. Dette er eit interessant perspektiv, men i praksis femnar Rokkans sosiale akse om ei grovinndeling av gjennomsnitt bruksstorleik og dette forholdet vil eg teste uavhengig av sentrum-periferi aksene. Gjennomgangen i førre kapittel avdekkar heller ikkje tydelege kulturelle skilnader mellom 'Klassedelte mellombygder' og 'Egalitære mellombygder'. Derfor synest grunnlaget for å oppretthalde kategoridelingane mindre.

Mitt val av operasjoniseringsalternativ er i tillegg praktisk-analytisk grunna: Det er Sparre Nilson si kategorisering av kommunar som er implementert i NSD kommunedatabase og delar av analyse materialet er henta frå denne databasen. Ved å velje Sparre Nilson si kategorisering vil denne analysen også kunne utnyttast komparativt med andre analysar som gjer bruk av kommunedatabasen. Skilnadene mellom dei to kategoriseringane er heller ikkje så store at det er sannsynleg at dei vil gje ulike resultat. Både Nilson og Rokkan er i stor grad interessert i spesielle og stabile politisk-kulturelle strukturar, medan denne analysen er oppteken av sosio-kulturelle strukturar og prosessar. Spørsmålet treng derfor ikkje bli kva for modell som passar best, men kva som passar minst dårleg. Men viktigaste grunnen for å sløyfe Rokkans sosiale akse i sentrum-periferi kategorisering, er at dette det sosio-økonomiske aspektet vil eg prøve direkte ved hjelp av analyse av bruksstorleik. Eg vel å halde på Sparre Nilsons regionalisering, av same grunn som eg valde å halde på A. Kiær's inndeling: Analysen og resultatane kan samanliknast med andre granskingar som nyttar NSD kommunedatabase.

6.3.2 Politisk-kulturelle regionar og sosial endring

Med basis i dei fem regionane kan vi tenkje oss følgjande med omsyn til sosiale endringar i giftarmålsåtferd og hushaldsetablering:

1. Sentrum. Endringane skjer først og med størst kraft.
2. Ytre sentrum. Inkubasjonstida og "smitteeffekten" er relativt rask og sterk. Grunnen er nærleiken til sentrum, lett kommunikasjon mellom sentrum/ytre sentrum og grad av pengeøkonomi.
3. Kyst og ytre fjord. Skil seg frå region 4, ved betre kommunikasjon (dampbåtferdsle) og mindre kulturell motstand mot sentrum.
4. Dal, fjell og fjord. Lite eller inga smitteeffekt som skuldast dårlegare kommunikasjonar, dels ligg bygdene isolert til, økonomisk sett er bygdene i stor grad prega av sjølvforsyningsøkonomi og dels sterk kulturell motstand mot sentrum (bykultur) både i høve til språk og alkohol.
5. Den nordlegaste landsdelen. Stor avstand til sentrum og lågare grad av pengeøkonomi. Smitteeffekten frå sentrum er svak og/eller tek lang tid.

Om vi forenkler ytterlegare kan vi dele endringsmønsteret i tre hovudkategoriar: I region 1 og 2 ('Indre' og 'Ytre sentrum') vil vi vente å finne parallell endring ved at 'Ytre sentrum' følgjer etter Indre. Medan i region 4 og 5 ventar vi lite eller inga endring i same retning som i sentrumsregionane. Regionen 'Kyst og ytre fjordar' ventar eg står i ei mellomstilling – mellom sentrumsregionane og periferiregionane. I sundtsk språkbruk ventar eg fallande "dannelse" og aukande "råhed" frå sentrum mot periferi.

Regionen 'Den nordlegaste landsdelen' er den mest problematiske ved denne regioninndelinga. Regionen var og er heterogen demografisk og kulturelt. I løpet av 1800-talet opplevde regionen sterk innflytting både frå aust og sør, samar, kvener, finnar og østerdølar. Bratrein omtalar regionen som "landet mellom øst og vest", med både vest- og aust-europeiske kulturimpulsar gjennom fleire hundre år.³⁹⁷ For det andre slår modellen sin enkle innebygde dikotomi fullt ut. Regionen var på nokre område nær kulturmetropolane, på andre områder var regionen eit "Ultima Thule". Til dømes tok innbyggjarane både i Tromsø og Hammerfest raskt opp europeiske motar på 1800-talet, og derav fekk Tromsø tilnamnet "Nordens Paris". Det "tradisjonelle" og "moderne" kan samstundes leve side ved side i beste velgåande.³⁹⁸ På den andre sida har knapt nokon region opplevd like sterk "fornorskingsprosess" som både den kvenske og samiske befolkninga var utsett for særleg etter 1850. Trass i etniske og religiøse skilnader vel Bratrein å oppfatte Nord-Norge som ein kulturregion: "I en viss forstand kan vi kalle all kultur i Nord-Norge for kystkultur".³⁹⁹ Trass i at Nord-Norge var tidleg, alt frå vikingtid, del av eit omfattande europeisk handelssystem, er det likevel rett å hevde at det økonomiske hamskiftet kom seint til Nord-Norge. Handelen lokalt bar preg av varebytte; fisk direkte mot matvarer og motevarer (silkeskerf og kjolar). Saman med eigarforholda vanskeleggjorde dette

³⁹⁷ Bratrein: 1997, s. 14-17.

³⁹⁸ Elstad: 2002, s. 14-16. "Menneskeliv i samfunn er sjeldan anten eller". Elstad: 1997, s. 60-61. "Tromsø was called the Paris of the North by virtue of the town's well dressed and stylish women."

³⁹⁹ Bratrein: 1992, s. 217.

kapitalakkumulasjon i regionen, og konsekvensen var lita økonomisk evne til investeringar i ny teknologi og produksjonsmiddel.⁴⁰⁰

Før vi forlét sentrum-periferi aksen på dette nivået er det interessant å leggje merke til at der historikarane har funne harmonisering, integrasjon og sentralisering langs sentrum-periferi aksane, har samfunnsforskarane med Rokkan i spissen funne konflikt og motsetnader (kløfter). Men desse to ulike oppfatningane treng nødvendigvis ikkje stå i motsetnad til kvarandre. Motsetnadar mellom sentrum og periferi kan nettopp skuldast det politiske sentrum sitt forsøk på uniformering, harmonisering, integrering og sentralisering. Det er òg mogeleg at dei skarpe politiske motsetnadane kan vere eit seinare fenomen i tid enn harmoniseringa, dvs. at motsetnadar er ein reaksjon mot harmonisering. Det er heller ikkje noko i vege for at harmonisering og konflikt er samtidig, harmonisering kan vere mest framherskande på t.d. sosiale eller økonomiske område medan konflikt meir typisk innafor bestemte politiske spørsmål (avhaldssak og målstrid).

6.4 Kulturspreiing: Forklaringsvariablar

Men også for denne modellen treng ein forklaringsvariablar på eit lågare nivå, både for å etablere eit meir nyansert bilete og for å teste modellen på eit lågare abstraksjonsnivå. Korleis kan ein måle at ein kommune har ein kultur som ber preg å vere tradisjonsbunden, lite variert, lite "urbanisert", lite påverka av kulturelle strøymingar og idear frå Europa? Igjen er det slik at ein må klare seg med det nest beste og kanskje ikkje det ein gong. Kultur og idear kan flytte seg utan flytting av personar, men stor innflytting til ein stad vil også medføre flyt av andre normer, tradisjonar, skikkar og måtar å vere på. Ikkje alltid treng skilnaden mellom det opphavleg og det nye vere stor, men sjansen for at nye tankar, nye samversformer og andre tradisjonar oppstår og flytter på seg kan auke med innflytting. "Heimfødingsprosenten" – talet på kor mange som bur der dei er fødd i høve til totalbefolkninga indikerer kor stor denne sjansen var. Eg føreset at ei bygd med ein høg heimfødingsprosent er meir tradisjonsbunden, mindre open, mindre utsett for nye idear, enn ei bygd med større demografisk gjennomtrekk og færre "heimalingar". Heimfødingsprosenten kan målast både i 1865 og 1900, sidan desse teljingane har opplysningar om fødestad.

Dinest vil eg bruke graden av politisk konformitet som teikn på at ein kommune er kulturelt einsformig og tradisjonell. I praksis vil dette kunne målast med prosentdelen røyster til det største partiet, vanlegvis venstre. Dersom talet på reine venstrestemmer ved val er høgt, og få røyster på andre parti, tyder dette på eit 'monokulturelt' samfunn. Med større del røyster for fleire andre parti, som moderate venstre, høgre og sosialistar, vil dette motsett tyde på eit politisk og kulturelt sett meir samansett samfunn, eit fleirkulturelt samfunn, for å nytte eit moderne omgrep. På kommunenivå vil naturlegvis einskildpersonar si lokale tilknytning og ikkje partitilknytning spele ei viktig rolle også ved Stortingsval. Likevel meiner eg på at dess større variasjon i partifloraen, dess meir

⁴⁰⁰ Bratrein: 1992, s. 220-222. Bratrein: 1997, s. 13-14. Elstad: 1997, s. 60-61. Elstad: 2002, s. 2-3. Korkje Bratrein eller Elstad gjev fullgode forklaringar på kvifor "Nordlendingen" ikkje re-investerte overskotet i produksjonsmiddel, men heller kjøpte silkeskjerf og andre luksusvarer. Elstad forklarar manglande vilje til re-investering med at usikker inntekt (frå fiske) forbaud langsiktig økonomisk planlegging.

mangfaldig er samfunnet ideologisk. Denne forklaringsvariabelen vil eg berre nytte mot 1900-teljinga, sidan datamateriale om valde kandidatar klassifisert etter parti (estimert) først er tilgjengeleg frå 1888 og den ålmenne røysteretten for menn kom først i 1898. Eg har derfor valt å nytte valdata for stortingsvalet i 1903. Det er fleire grunnar til det. Valet i 1903 er blitt karakterisert som det første moderne valet i Norge, med arbeiderpartiets gjennombrøt. I forkant av valet hadde Venstre skalla av både både i konservativ og radikal lei, som oppløyste to-partisystemet og la grunne for ein reell partiflora. 1903-valet avspeglar derfor i større grad det reelle politiske landskapet på 1890-talet enn tidlegare val.⁴⁰¹

Kva samanheng ventar ein på bakgrunn av dei politiske forklaringsvariablane? Dersom kulturspreiingsmodellen har forklaringskraft bør ein vente seg større utslag på indikatorvariablane, t.d. giftarmålsalder, i "fleirkulturelle" samfunn enn i samfunn med ein mager og meir ein-sidedig partiflora (berre eit parti).

I datasettet KHKD6586 er variabel 127 lik kommunetypologi etter Sparre Nilson si kategorisering, og variabel 125 er heimfødingsprosenten, jf. B.2.2 i tillegg B. I datasettet KHKD0086 utgjer variablane 136-148 og 161-163 utrekningsgrunnlag og storleikar for den politisk-kulturelle forklaringsmodellen, jf. B.2.3 i tillegg B.

6.5 Demografiske forklaringsvariablar

I førre kapittel såg vi på at folkevekst var knytt til variasjon i hushaldsstruktur. Internasjonalt har demografiske mønster, endring i mortalitet, fertilitet og nuptialitet, vore nytta for å forklare element ved hushaldssystem, t.d. kvifor hushalda i Vest-Europa hadde lite innslag av slekt.⁴⁰² Denne typen studiar baserer seg på mikrosimulering der ratane for mortalitet, fertilitet, nuptialitet og migrasjon er kjende for eit tidsrom i eit avgrensa geografisk område. I norsk samanheng har demografiske forklaringar, "ressurspress" og "overbefolkning", særleg vore nytta som årsaksforklaring bak emigrasjonen til Nord-Amerika.⁴⁰³ I områder med sterk emigrasjon kan konsekvensen vere endringar i hushaldsstruktur, t.d. at hushalda vil minke i storleik er ein mogeleg konsekvens. Den direkte årsaka til endring er dermed emigrasjon, medan dei underliggjande og indirekte er like komplekse som årsakene til emigrasjon.

Denne avhandlinga har **ikkje** som mål å studere hushalds- og livsløpsmønster i einskildregionar eller små geografiske områder ved hjelp av mikrosimulering. Pålitande kjeldedata for emigrasjon på kommunenivå er først tilgjengeleg frå 1870-talet av.⁴⁰⁴ Eg har dermed valt å avgrense dei demografiske forklaringsvariablane til å omfatte berre sjølve folkeauken. Folkeauken, målt i årleg vekst, vil eg i tillegg relatere til den årlege veksten i talet på hushald. Ved å bruke folketalet og talet på hushald på teljetidspunktet og teljinga

⁴⁰¹ Nerbøvik: 1986, s. 173-176.

⁴⁰² For relevante referansar sjå Kertzer: 1991 s. 170-172 og Ruggles: 1994 s. 109-115.

⁴⁰³ For referansar sjå Tveite: 1980

⁴⁰⁴ Oppsynet med emigrasjonen vart først godt utbygt ved lov av 1869. Dyrvik: 1983, s. 170.

før kan vekstrata reknast ut. Den generelle formelen for den årlege folkeveksten mellom to tidspunkt er:⁴⁰⁵

$$\text{Årleg folkevekst: } \left(\left(\frac{\text{Folketal i } t_2}{\text{Folketal i } t_1} \right)^{\frac{1}{(t_2-t_1)}} - 1 \right) * 100$$

Gitt at folketalet i 1855 var 3000 innbyggjarar og i 1865 var den auka til 3367 innbyggjarar.

$$\text{Årleg folkevekst} = \left(\left(\frac{3367}{3000} \right)^{\frac{1}{10}} - 1 \right) * 100 = 1.16\%$$

For 1801-teljinga (t_2) vil t_1 vere 1769 og differansen 31 år, medan for dei andre teljingane vil t_1 vere teljinga i tiåret før. Med tiårlege teljingar er differansen mellom t_2 og t_1 ti år.⁴⁰⁶

Både ved teljinga i 1855 og 1891 kjenner ein også talet på hushald. Den årlege veksten i talet på hushald er dermed kjent og kan reknast ut på same måte som folkeveksten. Talet på hushald erstattar folketalet i utrekninga. I tillegg kan ein også rekne ut gjennomsnittleg hushaldsstorleik på dei same teljetidspunkta, og dermed kjenner ein også endringa i hushaldsstorleik i tiåret før hovudkjeldene, teljingane 1865 og 1900. Desse to variablane er innbyrdes avhengige: Dersom den årlege veksten i talet på hushald er større enn den årlege folkeveksten, vil hushaldsstorleiken ha falle i tiårsperioden.

Korleis kan desse demografiske variablane nyttast? Årleg folkevekst er ein kompleks variabel, dei underliggjande årsakene kan vere mange og ulike. Sterk vekst kan skuldast sterk innflytting, men og endring i mortalitet eller fertilitet. Låg eller negativ folkevekst kan skuldast utflytting, men og mortalitetskrise eller fertilitetsendringar. Om folkevekst er ei årsak eller ein konsekvens er langt frå noko enkelt spørsmål. I førre kapittel såg vi at t.d. Hovdhaugen sette endring i hushaldsmønster klart i samband med "overbefolkning" og "ressurspress". Kan årleg folkevekst fortelje noko om dette? Både ja og nei. Sterk folkeauke kan føre til "overbefolkning", og deretter til "ressurspress" som gjev utslag i låg folkeauke. Sterk folkeauke kan og skuldast heving av "ressurstaket". Og "ressurstaket" kan ha vorte heva som følgje av "befolkningspress". Folkevekst som forklaringsvariabel er dermed vanskeleg å tolke, om ein ikkje har lengre seriar, kjenner ut/innflyttings mønsteret og har grep om den økonomiske utviklinga i kommunen eller regionen. Desse variablane kjenner eg ikkje. Folkevekst vil dermed berre kunne nyttast som ein beskrivande variabel. Er fenomenet eg studerer, t.d. fallande giftarmålsalder, bunde til folkeauke eller folkenedgang? Folkevekst utfyller ofte eit bilete, men forklarar ikkje bakgrunnen for det.

Grunnlaget for dei demografiske variablane i datasettet KHKD6586 er 99-102, 116-117, og variablar for årleg vekst i 155-157, jf. B.2.2. i tillegg B. Utrekningsgrunnlaget for

⁴⁰⁵ Dyrvik: 1983, s. 53-54. Denne utrekningsmåten inneber geometrisk interpolasjon – at veksten i tidsperioden mellom t_1 og t_2 er heilt jamn. For andre interpolasjonsteknikkar sjå Shryock, Siegel og Larmon: 1973, s. 292-293 og 681-689.

⁴⁰⁶ Teljinga 1855 og 1865 var pr. 31/12 slik at tidsavstanden er 10 år. Sidan teljinga i 1900 var 3. desember 1900 og teljinga i 1890 pr. 1. januar 1891 er avstanden 9.93 år. Teljinga 1769 var 15. august og teljinga i 1801 1. februar. Den nøyaktige differansen er dermed 31.48 år

dei demografiske forklaringsvariablane er variabel 120-135, 159-160 og 164-167 i datasettet KHKD0086. Variablane for årleg vekst er 168-170, jf. B.2.3 i tillegg B.

6.6 Oppsummering

I dette kapittelet har eg prøvd å operasjonalisere to hovudforklaring for endring av hushalds- og familieetablering i Norge i det 19. Hundreåret: 1) Funksjonsbortfallet; bortfall av hushaldet sin produksjonsfunksjon. 2) Kulturdiffusjonsmodellen. Den første vil eg karakterisere som endring gjennom økonomisk modernisering, den andre som endring gjennom kulturell modernisering. I tillegg vil eg prøve å kontrollere for ein tredje forklaring 3) folkeveksten. Desse tre forklaringane let seg best operasjonalisere i høve til det aktuelle kjeldematerialet.

Kva ventar eg å finne:

1. Minkande hushaldsstorleik
2. Færre mannlege tenarar, kvinneleg teneste blir husstell
3. Aukande tal losjerande
4. Aukande tal einslege, både unge og eldre
5. Fallande giftarmålsalder
6. Endring i "timing" av livsløpsovergangen 'Forlate opphavsfamilien'

Desse seks variablane kan vi kalle endringsindikatorar, som skal prøvast mot dei to hovudforklaringane i dei to følgjande kapitla. Forklaringane vil eg teste på to nivå, regionsnivå og på kommunenivå. Tabell 6-4 syner samanhengen mellom forklaringsmodellar, nivå, forklaringsvariablar og indikatorvariablar. I tabellen er forklaringsvariablane grupperte etter dei to hovudforklaringane, den økonomiske forklaringsmodellen og den politisk-kulturelle forklaringsmodellen (kulturdiffusjonsmodellen). I tabellen er òg folkevekst rubrisert som ein forklaringsvariabel, men høvet mellom det forklarte – sosial endring – og forklaringa – demografisk endring – er ikkje eintydig. Men det er ikkje usannsynleg at folkevekst vil delvis syne samvariasjon med dei økonomiske forklaringsvariablane, jf. mine egne og Erikstad sine granskingar referert i førre kapittel.⁴⁰⁷

⁴⁰⁷ Jamfør avsnitt 5.5 og Erikstad: 1979, s. 112 og Solli: 1995, s. 126.

Tabell 6-4 Samanheng mellom forklaringsmodell, forklaringsvariablar og indikatorvariablar for endring av livsløp- og hushaldsstruktur.

Forklaringsmodell	Forklaringsvariablar		Indikatorvariablar
	Regionsnivå	Kommunenivå	
Produksjons- økonomi, bortfall av produksjons- funksjonen	Seks regionar for viktige næringsvegar= økonomiske regionar	Storleik på sekundærsektor	1. Minkande hushaldsstorleik
		Bruksstorleik målt etter skyld i 1886 og produksjon i 1865.	2. Mannlege tenarar 3. Einsleg losjerande 4. Einsleg hovudpersonar 5. Giftermålsalder
Kulturdifusjon; politisk trykk og kulturell ”smitte”	Fem sentrum-periferi regionar =politisk-kulturelle regionar	Heimfødingsprosent	6. Forlate foreldreheimen
		Grad av variert politisk landskap	
Demografi		Årleg folkevekst	Effekt?

Hovudproblemet med forklaringsvariablane er at dei er reint kvantitative mål og at innverknad er sett lik storleik på verdien av variabelen. Reint teoretisk er det tenkjeleg at ”ei lita tuve kan velte eit stort lass”, dvs. at innflytting av ein mindre gruppe personar kan ha hatt stor innverknad på det sosiale og kulturelle liv i eit område. Likeeins økonomisk, ei eller fleire mindre industriverksemdar, nesten usynlege i statistikken, kan ha hatt relativt store økonomiske ringverknadar i høve til dei andre næringane. Dette er hovudproblemet med all kvantitativ analyse, for som alle veit det er ikkje alltid det er ”størrelsen det kjem an på”. Dels kan ein kompensere for dette ved å vekte variablar slik at også ”ei lita tuve kan velte eit stort lass”. Men ein slik vekting føreset kjennskap til lokale forhold så å seie på individnivå. I ein kommune kan ei aktiv prestefrue ha prøvd å endra både skikk og uskikk, i ein annan har prestefrue vore isolert og anonym i høve til bygdefolket. Det seier seg sjølv at med to millionar menneske i analysesetta er ikkje individuell vekting, sjølv av kommunar, ein farbar veg. Nye tankar, nye idear flyttar seg gjennom samfunn på ulike måtar, t.d. gjennom aviser, blad og bøker og omreisande agentar (t.d. utvandring). Og desse vart det fleire av etter 1850 – både idear og aviser. Dette er berre eitt eksempel på straumen av impulsar som ikkje let seg påvise i ”mitt” kjeldemateriale og med kvantitative metodar.

Dei to forklaringsmodellane ekskluderer ikkje kvarandre, men testen bør gje eit svar på kva for forklaringsmodell som har størst kraft. Diffusjonsmodellen kan vi karakterisere som ein politisk-kulturell forklaring, medan den andre er reint økonomisk.

Hushaldet hyser fem funksjonar: 1. Reproduksjon (formeiring), 2. Sosialisering (oppseding), 3. Produksjon, 4. Omsorg og pleie og 5. Konsum (forbruk). Dersom diffusjonsmodellen syner størst forklaringskraft kan det tyde på at politiske, kulturelle og ideologiske endringar m.o.t samvær, sosialisering, omsorg og pleie har hatt størst størst innverknad på hushalds- og livsløpsmønsteret. Dersom den økonomiske forklaringsmodellen syner størst forklaringskraft tyder det på at produksjonsfunksjonen som har hatt størst innverknad på korleis hushald og livsløp har vore organisert.

Dersom diffusjonsmodellen har størst forklaringskraft tyder det på at større offentlege deltaking særleg m.o.t. skule, utdanning og opplæring, men også velferd og omsorg, har hatt stor innverknad på hushaldsstrukturen, gjennom standardisering og meir konforme livsløp. Gjennom elitens påtrykk for folkeopplysing og nasjonsbygging har breie folkegrupper tileigna seg eliten sine normer og kulturmønster, og skilnaden mellom regionar vart mindre, sosialt og kulturelt. Men denne sameiningsprosessen var ikkje berre styrd av det offentlege, t.d. har Hans Try peika på organisasjonsframveksten frå 1840 til kring 1870 òg var prega av integrasjon og sentralisme, dvs. skiping av landomfattande private organisasjonar, med felles mål og med ein sentralistisk-hierarkisk struktur.⁴⁰⁸ Kulturdiffusjonen tok ulike former, både som etteraping, påtrykk og påbod, og den hadde ulike kanalar, einskildpersonar, private organisasjonar, private verksemder og offentlege institusjonar og gjennom trykksaker, småskrift og ei rekkje nye aviser.

Produksjonsforklaringa rettar seg mot produksjonsfunksjonen og til at denne blir flytt ut av hushaldet og til "marknaden" eller "samfunnet", frå heimen til eigne produksjonslokalar og til produksjon for ein marknad, ikkje berre til eige konsum.

Eg ventar at analysen kan gje tre ulike svar

1. Dårlig eller lite samsvar mellom livsløp- og hushaldsvariablane og begge modellane
2. Godt samsvar med økonomimodellen, men lite med den politisk-kulturelle. Eller omvendt.
3. Godt samsvar med økonomimodellen på hushaldsvariablane, og godt samsvar med den politisk-kulturelle på livsløpsvariablane.

⁴⁰⁸ Try: 1985, s. 22-26.

Kapittel 7

Prøving av den økonomiske forklaringsmodellen

I dette kapittelet skal eg prøve endringane i livsløp- og hushaldsmønster i høve til den økonomiske modellen. Endring i hushaldsstruktur og livsløpsmønster med fokus på etablerarane vil bli analyserast både i tid og rom. Analysen av hushaldsstruktur vil bli utført på følgjande tre element: a) Hushaldsstorleik for alle hushald, familiehusald og etablerarhushaldet. b) Einpersonhushaldet og c) Mannlege tenarar. Analysen av livsløpsmønster gjeld timinga av tre livløpsovergangar: a) 'å forlate foreldreheimen', b) giftarmål – etablering av familie. og c) etablering av hushald. Granskingar på amerikansk materiale av livsløpsovergangen "Å forlate foreldreheimen" syner at denne er karakterisert ved aukande alder og større alderssamanfall frå 1880 og mot vår tid, særleg på 1900-talet. Det vil derfor vere interessant å teste denne variabelen mot norsk kjeldemateriale frå 1800-talet, sidan vi har kjeldemateriale som går attende til 1801. Vi kan dermed undersøkje i kva grad denne prosessen strekkjer seg ned i før-industriell tid. Giftarmål: Endring i giftarmålsåtferd, uttrykt ved giftarmålsalder, er ein mykje brukt indikator på sosial endring, t.d. "modernisering" generelt og minkande foreldreautoritet. Hovudtanken er at utbrytinga frå det førindustrielle giftarmålsmønsteret syner seg ved fall i giftarmålsalderen, jf. kapittel 4 og 6. Giftarmål er ikkje berre endring i sivilstatus, det er også ein livsløpsovergang; etablering av familie. Og til slutt etablering av hushald: Eg ventar at alder for hushaldsetablering vil falle i perioden, men ikkje synkront, men i samanheng med den økonomiske forklaringsmodellen.

Desse seks storleikane fordelt likt på individ og hushald vil eg teste mot den økonomiske forklaringsmodellen på to nivå: Først ved regional komparasjon der regionane er definert på basis av næringsgrunnlaget. Dei sju næringsregionane er 'Byar', 'Fjellbygder', 'Flatbygder', 'Skogbygder', 'Industribygder', 'Sjøfartsbygder' og 'Fiskeribygder'. Etter komparasjonen på regionalt nivå vil eg løyse det regionale banda og teste forklaringane på eit lågare aggregeringsnivå (fylker, kommunar). Testing av variablane vil skje ved test av korrelasjon mellom forklaringsvariablar, t.d. storleiken på sekundærsektor og indikatorvariablane, t.d. giftarmålsalder.

7.1 Konjunkturar i næringane på 1800-talet.

Før analyse av dei sosiale endringsindikatorane vil det vere nyttig å kjenne til hovudtrekka ved konjunkturutviklinga i dei sju økonomiske regionane utleidd i kapittel 6.1⁴⁰⁹. Veksten og status i dei ulike regionane var ulik til ulike tider, og det er derfor naudsynt med ei kort avklaring m.o.t. hovudkonjunkturane i dei regionane i perioden tett før og samstundes med teljetidspunkta, 1801, 1865 og 1900. Denne framstillinga byggjer i all hovudsak på *Norsk økonomi i det 19. århundre* av Fritz Hodne og Ola Honningdal Grytten.⁴¹⁰

⁴⁰⁹ Byar, Fjellbygder, Flatbygder, Skogbygder, Industribygder, Sjøfartsbygder og Fiskeribygder.

⁴¹⁰ Hodne og Grytten: 2000. *Norsk økonomi i det 19. århundre* av Fritz Hodne og Ola Honningdal Grytten er den nyaste framstillinga av norsk økonomi på 1800-talet, som inneheld nye forskingsresultat i høve til *Norges økonomiske historie 1815-1970* (1981) av Fritz Hodne. For perioden før 1850 gjev også *Norsk Økonomisk historie band 1 1500-1850* av Ståle Dyrvik, et. al. ei brei framstilling av norsk økonomi fram til

1801: Åra kring 1800 fram til 1807 blir vanlegvis omtala som ein "gullalder", sidan Norge naut godt av å vere nøytral land i Napleonskrigane. Skipsfarten hadde gode konjunkturar frå 1770-talet fram til 1807. I fiskeria var forholda varierte. Silda forsvann i 1780-åra, og kom først att i 1808. Men tilbakegangen i sildeeksporten vart delvis kompensert med ein sterk vekst i eksport av tørrfisk og klippfisk frå 1800. Skogbruk- og trelastsektoren tente også godt på krigskonjunkturane. Jordbruket var prega av uår, både 1794 og 1801 var uår. I tillegg var det lokale uår 1792-93 og 1797-98, men ein reknar normalt med god vekst for jordbruket i perioden 1790-1808. Totalt sett auka eksportverdien, og særleg skipsfart og trelast nyt godt av krigen i Europa.⁴¹¹ Bergverk/industri: Bergverksnæringa hadde jamt god pris- og produksjonsutvikling. Før 1840 er det eigentleg uråd å tale om ein eigen industrisektor i Norge, og med få unntak var industrien knytt til enten bergverk (jernverk, kopparverk) eller skogbruk (sagbruk).

1865: Tjueårsperioden frå midten av 1840-talet fram til 1865 var i hovudtrekk ein vekstperiode, avbroten av kortvarige kriser, t.d. i etterkant av Krimkrigen. Silda kom att i 1808, var stabil fram til 1870-talet og dette medførte jamt rike sildefiskeri i heile denne perioden. Og i åra fram mot 1865 er det klippfisk og sild som står for hovuddelen av eksporten og eksportauka i fiskerinæringa.⁴¹² I skogbruket var det ein generell vekst frå 1830 mot 1865, men den var moderat i høve til veksten fiskerisektoren. Mot 1865 skuldast verdiaukinga i skogbruket ny teknologi, nye produkt og betre kommunikasjonar m.a. jernbane og dampskipsruter.⁴¹³ Skipsfarten hadde "glansår" frå 1850, særleg etter bortfallet av den engelske navigasjonsakta (1/1-1850). Dette medfører ei blomstringstid for Sørlandet med langt større deltaking i internasjonal sjøfart.⁴¹⁴ Veksten i jordbruksproduksjonen kulminerer i høve til folkeveksten kring 1865, fram til 1865 har jordbruksproduksjonen halde tritt med folketalet, frå 1865 aukar folketalet raskare enn jordbruksproduksjonen og Norge blir i større grad avhengig av matimport. Billeg utanlandsk korn konkurrerer ut norsk korn, som mellom anna fører til endå sterkare vekt på potetdyrking. Industri/Bergverk: 1840-talet dannar industrialiseringas første fase, og er både bransjemessig og geografisk konsentrert. Den første industrireisinga var innafor tekstil og mekanisk industri, seinare nærings- og nyttingsmiddel. Dels var det ny industri, nye bransjar, dels erstatta industrien gamle handsverksnæringar. Geografisk var denne industrireisinga konsentrert om Oslofjord-området og i 1865 kring utgjorde industrien i underkant av 14% av den totale sysselsettinga.⁴¹⁵ Den moderne industriutviklinga tok til i Bergensområdet i 1840-åra. I Bergen skjedde industrireisinga først og fremst utanfor sjølve byens grenser (Laksevåg, Årstad, Arna), men den skaffa òg mange av byens innbyggjarane sysselsetting i dei nye industriføretaka.⁴¹⁶ Gruvedrifta skil seg frå dei andre næringane med få nyetableringar i perioden før 1865, unntaket er kopparkisgruva på Karmøy og

1850. Og som ei motvekt til Fritz Hodne er det nyttig å lese Francis Sejersted, *Demokratisk kapitalisme* (2002), *Vekst gjennom krise: studier i norsk teknologihistorie* (1984) og *Historisk introduksjon til økonomien* (1985).

⁴¹¹ Hodne og Grytten: 2000, s. 21-25.

⁴¹² Hodne og Grytten: 2000, s. 103-104.

⁴¹³ Hodne og Grytten: 2000, s. 106-107.

⁴¹⁴ Hodne og Grytten: 2000, s. 110-111.

⁴¹⁵ Hodne og Grytten: 2000, s. 189-202.

⁴¹⁶ Departementet for det Indre: 1853, s. 7-9. Ertresvaag: 1974, s. 102-109.

svovelkisgruva på Stord som opnar nettopp i 1865. Stagnasjonen skuldast dels at næringa nyttar gammal utvinnings- og foredlingsteknologi, og dermed møter sterk konkurranse på pris i utlandet.

1900: Medan norsk økonomi på dei to føregåande tidspunkta i stor grad har vore prega av oppgangskonjunkturar, var perioden før 1900 i langt større grad prega av internasjonal lågkonjunktur og at fleire norske næringar har og har hatt store transformasjonsproblem, mest iaugefallande er overgangen frå segl til damp. Felles for alle eksportnæringane var teknologisk konservatisme.⁴¹⁷ ”Den store depresjonen”, den europeiske lågkonjunktura varte frå 1876 og fram til om lag 1890, og frå 1873 til 1896 var det samanhengande deflasjon. Skipsfart: Den norske handelsflåten mista ein stor del av marknaden etter 1880, med ein klar relativ stagnasjon i høve til den nordatlantiske flåten. Etter 1880 minka talet på seglskip og taparane var bygdene og byane på Sørlandet. Nokre byar, som Bergen, klarte omstillinga betre og kom slik sett styrka ut av krisa.⁴¹⁸ Fiskeri: I 1870-åra svikta på ny innsiget av sild på Vestlandet, men den vesle fisken kom att i 1890-åra. Samstundes var det år med ”svart hav” i Nord-Norge, innsiget av torsk sakk markert på slutten av 1890-talet. Den variable ressursituasjonen var dermed ein av grunnane til teknologiske endringar heilt på tampen av 1800-talet. Norsk fiskeri hadde fram til slutten av 1800-talet vore eit reint kystfiske, men den vanskelege ressursituasjonen gav støyten til bankfiske/havfiske både ved Island, utanfor norskekysten og i Barentshavet. Tett før 1900 var det derfor ei heilt ny driv i fiskerinæringa, og den var i ferd med å bli industrialisert (hermetikkindustrien).⁴¹⁹ Kanskje kjem denne utviklinga for seint til å ha noko stor innverknad i høve til problemstillingane i avhandlinga. Skogbruk og trelast: Etter toppåret 1873 stagnerte den tradisjonelle trelasteksporten, men også i denne næringa gav ny teknologi, nye produkt (cellulose, papir) ny giv i ei gammal næring fram mot 1900. Industri og bergverk: Den internasjonale lågkonjunktura råka dei tradisjonelle eksportnæringane, skipsfart, fiske og trelast, hardast, men i 1890-åra og særleg etter 1896 er det ny vekst i industrisektoren. Og som nemnd over vert både fiske- og treforedling industrialisert desse åra. Veksten fram mot 1900 er klart størst i industrien og den lange depresjonen blir fram mot 1900 avløyst av ny ”overoppheting”.⁴²⁰ Sysselsettinga i industrien auka frå 14% i 1865 til 26% i 1900.

Kort oppsummert: Kring 1801 stod skipsfartsnæringa og trelastnæringa for den sterkaste økonomiske veksten. Fram mot 1865 har det vore ein lang generell vekstperiode, særleg innafor skipsfarten og fiskeria. Mot 1900 har alle dei tradisjonelle eksportnæringane slite tungt, medan industrisektoren snur pessimisme til optimisme. Kanskje kom høgkonjunktura for seint til å ha større innverknad på ”trege” sosiale strukturar, men om ein i staden tek omsyn til produksjonsveksten så syner denne ein klart ny stigande trend frå 1887.

I 1801 utgjorde bybefolkninga berre 9% av folkemengda. Norske kjøpstader og ladestader, med unntak av Bergen, var små og få. Frå kring 1830 vaks både bybefolkninga og talet på byar. Haugesund er eksempel på ein heilt ny by, der det tidlegare ikkje var noko

⁴¹⁷ Sejersted: 1993, s. 62-63.

⁴¹⁸ Hodne og Grytten: 2000, s. 233-234 og 267-270. Sejersted: 1993, s. 59-63

⁴¹⁹ Hodne og Grytten: 2000, s. 270-273.

⁴²⁰ Hodne og Grytten: 2000, s. 234-236.

form for tettstad eller by. Kort tid før 1900 var det ny og kraftig vekst i bybefolkninga, som dels førte til både bustadboom og ”trangboddhet”. I 1900 budde 28% av befolkninga i Norge i byar, om ein definerer byar administrativt, og kring 36% av folkemengda budde i byar og tettbygde strøk.⁴²¹

7.2 Hushaldsstorleik. Regional variasjon og endring over tid.

Den første prøvinga av den økonomiske modellen er å granske hushaldsstorleiken i høve til den kartlagde variasjonen og endringa over tid i dei økonomiske regionane. I utgangspunktet har vi to mulige scenarier: a) Lita eller ingen endring over tid, dvs. inga endring frå 1800 til 1900. b) Endring over tid. Dersom a) må vi kunne forklare kvifor hushaldet har slik resistens mot samfunnsendringane på 1800-talet. Dersom b) må vi kunne datere endringane for å kunne forklare kva som endrar hushaldsstorleiken. Den økonomiske forklaringsmåten vil hevde at hushaldsstorleiken fell med overgangen frå hushaldet som ei kombinert produksjons/konsumpsjon eining til hushaldet som ei reinare konsumpsjonseinig. Denne overgangen vil skje først og med størst kraft i byar og regionar med veksande sekundær sektor og/eller vekst i eksportnæringane, t.d. regionar prega av industri, sjøfart, trelast og handel. I dei økonomiske regionane vil overføring av samfunnsproduksjonen frå hushaldet til marknaden⁴²² skje i ulik grad og i ulik takt. I kapittel 6 vart det avdekt at ei rekkje historikarar nettopp la vekt på denne forklaringsmodellen. Få har uttrykt desse samanhengane så godt som Sverre Steen:

Og det var nettopp gjennom salget av overskuddsvarer og pengeinntekter av binæringane at pengesystemet langsamt trengte inn og omsider sprengte det gamle selvforsyningshushold og det samfunnssystem som var bygd opp omkring det.⁴²³

7.2.1 Regional variasjon i gjennomsnitt hushaldsstorleik i 1801

Korleis er samanhengen mellom dei økonomiske regionane og hushaldsstorleik i 1801? Kva ventar vi å finne i 1801? I 1801 ventar eg følgjande rangering av storleiken på hushalda i dei ulike regionane: Byhushalda er minst, hushalda i industri og sjøfartsbygder mindre enn middels, fiskeribygdene og skogsbygder middels og fjellbygder og flatbygder størst. Ei slik rangering vil følgje av tanken om større spesialisering og arbeidsdeling der binæringane har stor vekt. Problemet med denne enkle modellen er at innafør jordbrukssektoren fann det stad ei proletarisering som i særleg grad påverka hushaldsstrukturen i flatbygdene på Austlandet og i Trøndelag. I desse områda vil husmannshushalda trekkje ned gjennomsnitt hushaldsstorleik, og også i delar av fjellbygdene vil talet på husmannshushald vere stort kring 1801. I andre område, som i Agder, Vestlandet og i Nord-Norge har husmannsvesenet mindre utbreiing og dermed mindre innverknad på den allmenne hushaldsstorleiken. Dette høvet gjer samanlikninga av regionane i tabellen under vanskeleg, og derfor er også standardavviket teke med for å få eit bilete av spreininga kring gjennomsnittet. Eit høgt standardavvik fortel om stor variasjon i hushaldsstorleik. Det andre problemet er styrken i dei økonomiske endringane så tidleg

⁴²¹ NOS XII 291:1978, s. 33. Prosent av hjemmehørende befolkning. Før 1845 er det ikkje skild mellom befolkning i byar og befolkning i tettbygde strøk. Definisjon av tettbygd s. 22 i NOS XII 291:1978

⁴²² Sogner: 1990, s. 90.

⁴²³ Steen: 1957, s. 82.

som 1801. Dei fleste historikarane, jamfør kapittel 5, har rekna med at dei kvantitative og kvalitative økonomiske endringane først har merkbar innverknad frå 1830 og utetter. Dette føreset ein modell der ein tenkjer seg at dei økonomiske skilnadane i regionane kring 1801 gav små utslag i livsløp- og hushaldsstruktur, men fekk ein akselerande endring mot 1865. Men i hovudoppgåva synte eg nettopp at det fans relativ stor regional variasjon i hushaldsmønsteret både lokalt på Vestlandet og i Norge.⁴²⁴ Den regionale variasjonen i hushaldsmønsteret i 1801 gjer at ein ikkje kan vente seg eit mønster som går frå likskap mot større variasjon. To alternativ til denne er openberre: For det første ei kvantitativ endring; skilnadar i 1801 vert større mot 1865. Og for det andre kvalitative endringar ved at regionale skilnader i 1801 vert erstatta av andre og nye skilnader i 1865.

Tabell 7-1 syner den gjennomsnittlege hushaldsstorleiken for familiehushald i 1801 fordelt etter hovudnæring i prestegjelda. Kva skilnader var det mellom regionane i 1801 med omsyn til hushaldsstorleik?

Tabell 7-1 Gjennomsnitt storleik for familiehushald og alle private hushald fordelt etter økonomiske regionar. Norge 1801

Regionar	Familiehushald			Alle private hushald		
	Gj.snitt	St.avvik	Tal	Gj.snitt	St.avvik	Tal
By	4.74	2.62	17936	4.61	2.66	18557
Industribygder	5.11	2.32	9007	5.07	2.35	9095
Sjøfartsbygder	5.16	2.22	11782	5.13	2.24	11879
Flatbygder	5.44	2.54	37054	5.42	2.55	37253
Skogbygder	5.57	2.56	14084	5.52	2.59	14237
Fiskeribygd	5.60	2.49	42987	5.56	2.52	43362
Fjellbygder	5.65	2.67	26734	5.60	2.69	27016
Totalt	5.41	2.54	159584	5.36	2.57	161399

Kjelde: KSH1801

I 1801 har byane lågast hushaldsstorleik, snittstorleiken for familiehushald er 4.74. Dette var venta. I 1801 er det så få ein-personhushald at skilnad i gjennomsnittstorleik for alle private hushald og for familiehushald er minimal. I tabellen er også standardavviket teke med, og standardavviket i byane er over middels, 2.62. Standardavviket syner kor sterkt hushaldsstorleiken varierer innafor gruppa, dess større standardavvik desse sterkare variasjon i underlagsmaterialet. Byhushalda skil seg klart frå dei andre kategoriane med unntak av industribygdene og sjøfartsbygdene. Bygdene med ein klar jordbruksøkonomi - fjellbygdene, flatbygdene, men også fiskeribygdene og skogsbygdene syner også sterkt samanfall i storleik. Desse regionane har eit snitt kring 5.6 personar, jamfør Tabell 7-1. Industribygdene er i 1801 prestegjeld som har saltverk, sagbruk, og bergverk. Regionen industribygder er relativt liten i 1801 med få prestegjeld og hushald, berre 15 prestegjeld og 9095 hushald. Tabellen syner at hushaldsstorleiken er lågare enn middels og overlappar med byhushalda. Sjøfartsbygdene har også lågare snitt enn middels, og ei mogleg delforklaring var at i sjøfartsbygdene manglar mannlege familiemedlemmar - far og eldste son var på utanriksfart og dermed auka sjansen for at dei er uteletne frå teljinga.

⁴²⁴ Solli: 1995, s. 84-91.

Kvinneoverskotet står ei slik forklaring. Sjøfartsbygdene har nest etter byane det høgste kvinneoverskotet i 1801, med 111 kvinner pr. 100 menn. Skilnaden mellom dei reine jordbruksregionane og fiske/skogbruksregionane er minimal i 1801. Denne likskapen vert interessant å følgje forbi 1830-40 talet og mot 1865.

Frå tabellen kunne vi ha tenkt oss tre hovudkategoriar av hushald etter familiestorleik kring 1800 - a) byhushaldet, b) kysthushaldet og c) landbrukshushaldet eller innland/fjordhushaldet. I første hovudkategori inngår hushalda i byar og industribygder, i b) hushalda i fiskeribygder og sjøfartsbygder og i c) hushalda i flatbygder, skogbruksbygder og fjellbygdene, og der hushalda i kategori a) er minst og hushalda i kategori c) størst. Denne skilnaden kan vi forklare reint økonomisk, etter i kor stor grad produksjonen er organisert hushaldsvis og skjer i hushaldet. Altså dess meir av produksjonen som er organisert hushaldsvis dess større er hushaldet. Ei delforklaring vil også vere kostnaden med å etablere eit hushald og mulighetene for å etablere nye hushald. I ein typisk landbrukshushald ligg det store investeringar i kapitalvarer som jord, reiskapar, hus, krøter og såkorn. Både klima og storleiken på buskapen, både fysisk og i tal, krev større og betre bygningar. I eit fiskarhushald vil ein kunne klare seg med mindre jord, hus og krøter, medan investeringar i båt og fiskevegn er høgare. Til gjengjeld vil innteningstida vere kortare for desse investeringane. Tenkjer vi oss ein ung mann vil innsatsen første sesongane vere arbeid og han vil tene pengar til å kjøpe seg partar i garn, nót eller båtlag seinare. Arbeidet kan direkte omsetjast i pengar ved sal av partar i fangsten. Vi kan såleis tenkje oss at kapitalinnsatsen er lågare i eit kystsamfunn og etablering av nye hushald er derfor i større grad økonomisk mogeleg. I reine kystsamfunn var fiskeressursen uavgrensa, så lenge fisken var stabil og kom kvart år. Problemet var "svart hav", og derfor måtte ein ha jord som sikkerheit og for å nytte arbeidskraftsressursen i barn og kvinner. Dermed er det uråd å tale om heilt reine fiskarhushald sjølv i dei beste fiskeridistrikta som Lofoten og på Sørvestlandet (sildefelta).⁴²⁵

Sjølv om ein ikkje kan operere med "reine" jordbrukshushald og "reine" fiskarhushald er det likevel mogeleg å operere med desse som idealtypar. Ei tredeling i a) byhushald b) kysthushald og c) innlandshushald er og i samsvar med Stein Tveites todeling av norsk økonomi på 1600- og 1700-talet, i ein "kystøkonomi" og ein "fjordøkonomi".⁴²⁶ Ei slik deling i ein fjord- innlandsøkonomi og ein kystøkonomi (fiske og sjøfart) er også i samsvar med hovudkonklusjonen i hovudoppgåva mi.⁴²⁷ Men tabell 7-1 står ikkje fullt ut denne tredelinga. Det er hushalda i fiskeribygdene som ikkje høver inn i denne modellen. Hushalda i fiskeribygdene skil seg ikkje klart ut, men det kan ha samanheng med at kategorien fiskeribygder er definert særers breitt, slik at både reine kystbygder og blandingsbygder (innland/kyst) inngår i kategorien, jamfør kart figur 6-1. Analysen av hushaldsstorleik i hovudoppgåva mi, avdekte også variasjon i hushaldsstorleiken langs kysten. Kystområdet sør på Vestlandet var prega av gjennomsnittleg små hushald, kring

⁴²⁵ Dyrvik: 1996. I artikkelen *Farmers at Sea: A study of Fishermen in North Norway, 1801-1920* testar Dyrvik ut denne modellen og konkluderer med at det er minimumsfaktoren, jord, som bestemmer hushaldsstrukturen, ikkje maksimumsfaktoren som er fiskeressursane.

⁴²⁶ Tveite: 1981, s. 140-142

⁴²⁷ Solli: 1995, s. 115-125

fire til fem personar. Medan hushalda langs kysten på Vestlandet nord for Sognefjorden var gjennomsnittleg kring 1-2 personar større.⁴²⁸

Alternativt kan vi då setje opp ein meir abstrakt modell med a) landbrukshushald/familieøkonomi og b) familielønsøkonomi/lønsarbeiderhushald. Denne todelinga av hushalda er i tråd med Sogners påstand om at hushaldsstorleiken fell med graden av samfunnsproduksjon som har forlate hushaldet og Dyrvik si "funksjonstøming", jf. modelldiskusjonen i førre kapittel. I den første kategorien a) landbrukshushaldet/familieøkonomi bør hushalda i fiskeribygder, skogbygder, flatbygder og fjellbygder inngå, medan hushalda i byar, sjøfartsbygder og industribygder bør falle saman under kategorien b) familielønsøkonomi. Igjen er det særleg hushalda i fiskebygdene og delvis i sjøfartsbygdene som ikkje høver med denne modellen. Dette kan tyde på at kategorien fiskeribygder er for omfattande, og at økonomien i desse bygdene er for ulik.

Variasjon i hushaldsstorleik i 1801 høver ikkje heilt inn i ein økonomisk forklaringsmodell. Ved ulike samanføyingar av kategoriane fell alltid ein eller fleire regionar utanfor. Det er særleg terrenget i fiskeribygdene og skogsbygdene som ikkje passar med kartet. Hovudgrunnen var at dei økonomiske endringane og skiljelinene kring 1801 ikkje hadde ført kvinnearbeidskrafta ut av hushaldet. Regionar med variert næringsgrunnlag, som skog og fiske, ville snarare krevje store hushald, fordi hushaldet baserte produksjonen på fleire sesongar. Arbeidskraft trongst dermed store delar av året og ei rasjonell løysing var store hushald. Konklusjonen må såleis bli at i 1801 er ikkje dei økonomiske endringane av så stor styrkje kvantitativt og kvalitativt at dei har avgjerande innverknad på fall i hushaldsstorleiken. Det er likevel mogeleg å skimte ei viss todeling: På den eine sida dei minste hushalda i byar, sjøfarts- og industribygder, og noko større hushald i fiskeri-, skog-, fjell og flatbygder. Hadde dette biletet blitt endra i 1865?

7.2.2 Regional variasjon i gjennomsnitt hushaldsstorleik i 1865

I 1801 har vi dermed ei fordeling av hushalda som berre i mindre grad høver med modellen, som hevdar at graden av hushaldsproduksjon organisert på tvers av eller utanfor hushaldet kan forklare variasjon i hushaldsstorleik. Kanskje gjev denne modellen betre utslag på regional variasjon i 1865? Tabell 7.2 syner same variablar som ovanfor, men for 1865-teljinga.

⁴²⁸ Solli: 1995. Sjå t.d. kart figur 4-2.

Tabell 7-2 Gjennomsnitt hushaldsstorleik for alle hushald og fordelt etter økonomiske regionar. Norge 1865

Region	Familie hushald			Alle private hushald		
	Gj.snitt	St.avvik	Tal	Gj. snitt	St. avvik	Tal
Fjellbygder	5.03	2.47	51443	4.45	2.68	60118
Byar	5.08	2.54	50351	4.80	2.66	53957
Flatbygder	5.24	2.47	68520	4.93	2.62	74005
Sjøfartsbygder	5.19	2.28	25739	4.99	2.40	27034
Industribygder	5.32	2.41	17115	5.07	2.55	18152
Fiskeribygder	5.46	2.53	80378	5.12	2.70	86955
Skogsbygder	5.52	2.59	24328	5.15	2.78	26494
Totalt	5.26	2.49	317874	4.90	2.66	346715

Kjelde: KSH1865

Kva er stoda i 1865? Om vi rangerer hushalda etter gjennomsnitt hushaldsstorleik for alle hushald får vi frå minst til størst: Fjellbygder, byar, flatbygder, sjøfartsbygder, industribygder, fiskeribygder og skogbygder. Ved å berre sjå på familiehushalda så byter by og fjell og flatbygder og sjøfartsbygder plass, elles er det same rangering. Byane og fjellbygdene skil seg ut med dei minste hushalda, skogsbygdene og fiskebygdene med dei største. Flatbygdene, industribygdene og sjøfartsbygdene skil seg mindre frå einannan. Variasjonsbreidda, standardavviket, er mindre enn i 1801.

Det er vanskeleg å sjå noko samsvar med modellen, og sidan kategoriseringa i desse sju kategoriane opphavleg var laga for teljingane 1835-1865, er det lite truleg at divergensen skuldast kategoriseringsfeil. Den gjennomsnittlege storleiken til hushalda i fjellbygdene er omlag lik med storleiken åt byhushalda. Skogsbygdene og fiskeribygdene toppar i andre enden, medan hushalda i flatbygdene, sjøfartsbygdene og industribygdene er også relativt jamstore. Korkje ei inndeling etter ein "kystøkonomi/innlandsøkonomi" eller i "familieøkonomi/familielønsøkonomi" ser ut til å gje meining.

Konklusjonen blir derfor så langt at endringane i hushaldsstorleik mellom 1801 og 1865 totalt sett ikkje er store om ein ser på familiehushaldet, 5.47 i 1801 mot 5.26 i 1865. Derimot har den gjennomsnittlege hushaldsstorleiken felle, noko som tyder på fleire einpersonhushald. Men fallet var ikkje stort, frå 5.36 til 4.90, eller 0.46 personar. Delar av dette fallet kan faktisk skuldast underregistrering av einpersonhushald i 1801.⁴²⁹ Endringane mellom regionane er meir omfattande enn totalfallet (0.46) og desse endringane er ikkje råd å forklare beinveges ut frå dei skisserte modellane. Noko eintydig konklusjon synest fjern. Modellane høver betre for 1801 enn 1865. Eg hadde venta ei motsett utvikling.

⁴²⁹ Dersom vi t.d. set delen einpersonhushald i 1801 til kring 4%, eller halvparten av prosentdelen for 1865, vil den gjennomsnittlege hushaldsstorleiken i 1801 felle med 0.2 person til kring 5.1 personar. Fallet er naturlegvis avhengig av korleis hushald med meir enn to personar er fordelte. I dette reknestykket har eg rekna med at delen hushald med fem, seks, sju og åtte personar minka med 1% kvar. Dersom ein i staden minkar delen av hushald tre, fire, fem og seks personar vil minken i gjennomsnittleg hushaldsstorleik berre bli kring 0.1 person.

7.2.3 Regional variasjon i gjennomsnitt hushaldsstorleik i 1900

Kva med 1900? Kva har skjedd i dei økonomiske regionane, og høver terrenget betre til kartet no?

Tabell 7-3 Gjennomsnitt hushaldsstorleik for alle hushald og familiehushald (hushald med meir enn 2 medlemmar) fordelt etter økonomiske regionar. Norge 1900

Regionar	Familiehushald			Alle hushald		
	Gj.snitt	St. avvik	Tal	Gj.snitt	St. avvik	Tal
Byar	4.75	2.39	123131	4.24	2.57	142483
Sjøfartsbygder	4.85	2.30	30238	4.50	2.46	33209
Fjellbygder	5.08	2.51	54297	4.59	2.70	61760
Industribygder	5.14	2.47	30438	4.73	2.65	33725
Flatbygder	5.17	2.50	56709	4.79	2.67	62399
Skogsbygder	5.34	2.54	36858	4.92	2.74	40877
Fiskeribygder	5.35	2.50	91169	5.10	2.63	96806
Totalt	5.07	2.47	422840	4.65	2.64	471259

Kjelde: KSH1900

Tabell 7-3 syner hushaldsstorleiken for familiehushald og alle private hushald etter 1900-teljningane fordelt på dei same sju regionane. Følgjande rangering av regionane etter hushaldsstorleik er venta (frå minst til størst): Byar, Industribygder, Sjøfartsbygder, Fiskeribygder, Skogsbygder, Flatbygder og Fjellbygder. I tabellen er regionane er sortert etter aukande familiehushaldsstorleik.

Jamført med tidlegare er den gjennomsnittlege hushaldsstorleiken for familiehushald svakt fallande, 5.41 i 1801, 5.26 i 1865 og 5.07 i 1900, men gjennomsnittet for alle hushald har felle meir; frå 5.36 i 1801, til 4.90 i 1865 og 4.65 i 1900, jamfør tabellane 7.1, 7.2 og 7.3. Dette indikerer auke i talet på einpersonhushald. For 1900 skil byane seg som før ut frå dei andre regionane. Fiskeribygdene, flatbygdene og særleg skogsbygdene har størst familiehushald, medan sjøfartsbygdene (4.85) ligg også som før nærast byen, altså med minst gjennomsnittstorleik. Den kraftigaste avviket i 1900, som i 1865, syner fjellbygdene, frå å ha hatt dei relativt sett største gjennomsnittshushalda i 1801 er desse hushalda no minst av dei rurale hushalda (5.09). Denne endringa kan henge saman med utvandringa - masseutvandringa har tømt hushalda for folk i bygdene i Innlands-Norge. Tendensen var klar også i 1865, hushaldsstorleiken er på veg ned i fjellbygdene i relativ sterkare takt enn i dei andre regionane. I høve til 1801 kan ein derfor ane at det særleg i fjellbygdene har vore eit befolkningsoverskot løynd i hushaldsorganisasjonen.

Ser vi bort frå fjellbygdene høver modellen, med at hushaldsstorleiken varierer i grad med delen av produksjonen som er organisert utanfor og på tvers av hushalda. Dei minste hushalda finn vi i byane, sjøfartsbygder og i industribygder. Medan der primærnæringsane framleis rår grunnen, i fiskebygdene, flatbygdene og skogsbygdene finn vi dei største hushalda, alle tre næringsregionane har større hushald enn snittet.

Modellen høver såleis best for materialet i 1801 og 1900 - mindre i 1865. For å granske dette meir nøyaktig er det viktig å kunne jamføre endringane over tid og regionalt samtidig. Korleis skjer endringane i tid og rom?

7.2.4 Endring over tid og regionalt. Hushaldsstorleik 1801, 1865 og 1900.

I korte trekk har denne analysen av hushaldsstorleik avdekt regional variasjon og ulik takt i endringsforløpet. Då fell det naturleg å nettopp samanlikne dette meir detaljert. Når skjer endringane og under kva økonomi skjer fallet i hushaldsstorleik først og sterkast?

Tabell 7-4 Hushaldsstorleik fordelt på økonomisk region. Norge 1801, 1865 og 1900.

Regionar	Gjennomsnitt hushaldsstorleik			Endring 1801, 1865 og 1900 ⁴³⁰			Prosent endring 1801 - 1900
	1801	1865	1900	Endrings	Endrings	Endring 1900 - 1801	
				-rate 1865 - 1801	-rate 1900 - 1865		
Fjellbygder	5.6	4.5	4.6	-1.8	0.4	-1.0	-18 %
Flatbygder	5.4	4.9	4.8	-0.8	-0.4	-0.6	-12 %
Sjøfartsbygder	5.1	5.0	4.5	-0.2	-1.4	-0.6	-12 %
Skogbygder	5.5	5.2	4.9	-0.6	-0.7	-0.6	-11 %
Byar	4.6	4.8	4.2	0.3	-1.6	-0.4	-8 %
Fiskebygder	5.6	5.1	5.1	-0.7	-0.1	-0.5	-8 %
Industribygder	5.1	5.1	4.7	0.0	-1.0	-0.3	-7 %
Totalt	5.4	4.9	4.7	-0.7	-0.7	-0.7	-13 %

Kjelde: KSH1801, KSH1865, KSH1900

Tabell 7-4 syner gjennomsnitt hushaldsstorleik fordelt på regionane i 1801, 1865 og 1900. Tabellen syner også endringane mellom tidspunkta og endring i prosent mellom 1801 og 1900. Tilsynelatande skjer det største fallet i hushaldsstorleik mellom 1801 og 1865. For totalt fell den gjennomsnittlege hushaldsstorleiken for Norge med 0.5 (-0.7) personar mellom 1801 og 1865, og 0.3 (-0.7) personar mellom 1865 og 1900. Men det første tidsrommet er nær på 65 år, det andre i underkant av 35 år. Reknar vi endringsrata i dei mellomliggjande tidspunkta, endring pr. 100 år, syner det seg at totalt sett fell hushaldsstorleiken jamt med -0.7 personar i dei to periodane.⁴³¹ Vi kan konkludere med at på landsplan fell den hushaldsstorleiken jamt i dei to periodane. Men under overflata er det store skilnader mellom dei økonomiske regionane. I byane er det inga minke i hushaldsstorleik mellom 1801 og 1865 (ei lita auka på 0.2 personar), og det same gjeld industribygdene og sjøfartsbygdene. Derimot er fallet stort i fjellbygdene mellom 1801 og 1865, heile 1.2 personar (-1.8). På flatbygdene er fallet, kring 0.5 personar (-0.8). Mellom 1865 og 1900 er det dei regionane som synte størst stabilitet mellom 1801 og 1865 som syner størst nedgang i hushaldsstorleiken: Byane, sjøfartsbygdene og industribygdene. Det kan vere ulike forklaringar på fallet i byane, industristadane og sjøfartsbygdene. Ei moglege forklaring på at hushaldsstorleiken fell i byane og sjøfartsbygdene kan vere eit utslag av barnebegrensing. I følgje granskinga The Princeton European Fertility Project når Norge på det nasjonale planet det irreversible 10%-punktet for fallet i den ekteskapelege

⁴³⁰ Endring for periodane 1801-1865 og 1865-1900 er målt i endringsrate = endring pr. 100 år. Dermed er kan endringane jamførast, jf. noten nedanfor.

⁴³¹ Fallet på -0.5 personar i 65 år pr. 100 år på -0.7 personar, og fallet på -0.3 personar på 35 år tilsvarar eit fall pr. 100 år lik -0.7 personar. Dei to kursiverte kolonnane syner endringsrata, endring pr. 100 år, medan kolonnen for endringane perioden 1801-1900 syner den verkelege endringa. Dei tre kolonnane kan dermed jamførast direkte.

fertiliteten (Ig) i 1903, men bak dette årstalet skjuler det seg variasjon.⁴³² Lokale granskingar av fertilitetsfallet har synt at barnebegrensing kan sporast til kring 1890 i nokre av dei mindre geografiske områda (prestegjeld eller kommunar) som er granska, men før 1900 eksisterer barnebegrensing berre i liten målestokk og innafor einskilte sosiale grupper.⁴³³ Det er difor lite sannsynleg at ”moderne” barnebegrensing kan ha hatt stor effekt på fallet i hushaldsstorleiken før 1900.

I Sjøfartsbygdene kunne menn framleis i 1900 unngå folketeljarane, men i 1900 var dette langt vanskelegare enn i 1865 og 1801, sidan både heimehøyrande og tilstadeverande befolkning skulle teljast i 1900. Derfor meiner eg det er utelukka at heile fallet i sjøfartsbygdene mellom 1865 og 1900 kan forklarast med utelatingar av personar. Endringa i teljemetode burde snarare ha ført til ei auke i hushaldsstorleiken i sjøfartsbygder og byar. Ei tredje meir sannsynleg forklaring er hushaldsproduksjon og trongen til kvinneleg arbeidskraft m.a. tenestejenter: Eilert Sundt kommenterte at kvinnene i sjøfartsdistrikta var meir ”sivilisert” enn på Vestlandet.

På østkysten finde vi arbeidsdelingen mest gjennomført. Skibsfarten er for mændene, kvinderne kunde ikke tage del. Dermed følger et mer udviklet begrep om, at det er manden som er den erhvervende, og at kvindens oppgave er ikke så meget at virke og bidrage til næringen, med at holde hus.⁴³⁴

Med utgangspunkt i denne påstanden frå Eilert Sundt har Brit Berggreen nytta 1865-teljinga og samanlikna forholdstalet mellom kyr og kvinner i sjøfartsbygda Dypvåg i Aust-Agder og fiskeribygda Haram på Nordvestlandet. I Dypvåg var høvet mellom kvinner og kyr 1:1, på Haramsøy 1:4; fire gonger fleire kyr pr. kvinne i Haramsøy enn i Dypvåg.⁴³⁵ Fjøsstell og gardsarbeid var kvinnearbeid både i fiskeridistrikt og i sjøfartsdistrikt slik at dette gjev ein indikasjon på ulikskap i behovet for arbeidskraft i hushalda. Eilert Sundt hevda også at ”skipperens og matrosernes hustruer [hadde] mere tiden for sig til at sysle med det indre husvæsen”.⁴³⁶ Fallande hushaldsstorleik i denne regionen kan dermed vere utslag av mindre behov for kvinneleg arbeidskraft. I perioden 1865 til 1900 kan fallet i hushaldsstorleik i byane og industristadane vere effekten av industrialiseringa - eller det som vanlegvis blir kalla *industrialiseringens andre fase*, i tråd med modellen. Denne samanhengen vil bli prøvd nedanfor, ved å teste forklaringsvariabelen ’sysselsetting i sekundær-sektor’ direkte på kommunenivå.

Hovudproblemet er ikkje endringane mellom 1865 og 1900, men det neste like sterke fallet mellom 1801 og 1865. Det er klart at vi kan utelukke både barnebegrensing og industrialisering som forklaring. Der innføringa av barnebegrensing er granska kan den i

⁴³² Coale, Watkins og Princeton European Fertility Project: 1986, s. 37-41 og s. 132-133. Tabell 2.1 s. 38. Analysen av den ekteskapelege fertiliteten for heile Norge syner at fallet når 10% frå det førmoderne ”normalnivået” i 1903.

⁴³³ Blom: 1980, s. 252, Dyrvik og Alsvik: 1987, s. 18-20. I Dyrvik og Alsvik går ein gjennom ei rad hovudfagsoppgåver og berre granska frå Kolbu på Toten syner at barnebegrensing har fått eit visst omfang før 1900, med nedgang i fertiliteten i det lågaste sosiale sjiktet (husmenn og jordbruksarbeidarar) frå om lag 1890. Blom si gransking syner derimot ei viss barnebegrensing før 1900 hos øvre sosiale sjikt på vestkanten i Kristiania.

⁴³⁴ Sundt: 1867. Her sitert frå Berggreen: 1994, s. 72.

⁴³⁵ Berggreen: 1994, s. 75.

⁴³⁶ Sundt: 1869. Her sitert etter Berggreen: 1994, s. 75.

hovudsak tidfestast til perioden 1880-1930, og industrialiseringa kan neppe nyttast som ei generell forklaring. Den første spede industrialiseringsfasen frå slutten av 1840-talet (kring 1850), men det eigentleg industrielle gjennombrøt er datert til første halvdel av 1870-åra av nokre og 1880-åra av andre.⁴³⁷ Uansett vil vi ikkje kunne forklare den generelle endringa før 1865 med industrialisering, altså må vi søkje andre forklaringsmåtar.

Det er lite truleg at fallet i hushaldsstorleik skjedd berre i eit kort tidsrom rett før 1865, det vil vere rimeleg å tru så store fall i hushaldsstorleiken er ein lang prosess, og vi må sannsynlegvis ned mot 1840-talet for å finne årsakene. Og då vil ei alternativ økonomisk forklaring kunne ligge i den sterke økonomiske veksten frå kring 1840-åra. Fritz Hodne er den varmaste talsmannen for at denne veksten er ”eksport ledet”.⁴³⁸ Hodne meiner den sterke veksten i norsk økonomi skuldast veksten i utanrikshandelen - veksten er ”eksport ledet” og fleire næringar dreg nytte av denne veksten, trelast, sjøfart og fiskeri. Importhandelen og presset i dei andre næringane fører også til at jordbruksnæringa blir utsett for konkurranse og konsekvensen er produktivetsforbetringar i jordbruket. Veksten i utanrikshandelen frå 1840-talet har såleis eir breitt nedslag i norsk økonomi. Dersom fallet skuldast endringar først og fremst på konsumsida, dvs. lågare kostnader ved etablering og drift av hushald som følgje av rimelegare importvarer skulle vi vente at fallet i hushaldsstorleik kom først og størst (før 1865) i industribygdene, sjøfartsbygdene, skogbruksbygdene og fiskeribygdene. Berre fiskeribygdene og sjøfartsbygdene høver i denne modellen, begge med eit moderat fall i hushaldsstorleiken med -0.22 (Sjøfart) og -0.36 (fiskeri) mellom 1801 og 1865. Sidan byane og industribygdene ikkje har dette fallet i same periode kan vi ikkje godta denne forklaringa som generell, men akseptere at eksportledda økonomisk vekst og rimelegare importvarer (hushaldningsvarer) kan vere ei årsak til fallet i hushaldsstorleik langs kysten i sjøfarts- og fiskeribygdar.

Ei anna forklaring kan vere utvandringa - dette vil særleg gjelde fjellbygdene, saman med Rogaland. Vang i Valdres kan stå som eksempel: I 1845 budde det 2291 personar i Vang, i 1855 2872, i 1865 2697. Om vi let talet på hushald i 1845 vere 500 og at dette talet held seg konstant, medan folketalet fell blir hushaldsstorleiken i 1845 5,84 personar mot 5,39 i 1865. Dette scenariet er ikkje utenkjeleg i regionar med tidleg utvandring i 1850 og 1860 åra, t.d. Sogn, Valdres, Hallingdal, Ryfylke, og delar av Hordaland. Men vi kan ikkje nytte denne forklaringa generelt sidan utvandringa i åra 1845-1865 var berre på kring 2.2 personar per. 1000 innbyggjar.⁴³⁹

Kvifor er hushalda små? Underlagsmaterialet syner at det er relativt få makar og barn i hushalda i Fjellbygdene, bygdene med færrest makar og barn er: Ål i Hallingdal, Borgund i Sogn, Voss i Voss og Hardanger, Vinje og Rauland i Øvre Telemark. Desse fem prestegjelda tilhøyrer fogderi med størst utvandring i perioden 1856-1865: Sogn, Valdres, Hallingdal, Hardanger og Voss og Øvre Telemark. I denne perioden fell folketalet i Øvre Telemark og Hallingdal, og det er stabilt i Sogn.⁴⁴⁰ Granskar vi hushalda i desse bygdene fell eit par forhold straks i auga: Teljarane har vore konsekvente med å føre innerstar og førerådsfolk ('Livøremand') i eigne hushald, og i tillegg ser ein eksempel på at slektningar

⁴³⁷ Myhre: 1976, s. 51

⁴³⁸ Hodne: 1981 og Hodne og Grytten: 2000.

⁴³⁹ Backer og Statistisk sentralbyrå: 1965, s. 158

⁴⁴⁰ Semmingsen: 1941, s. 245-246.

(t.d. brødre av husbondsfolket) er ført som eigen hushaldsoverhovud. Desse er også ført med eit eige yrke utanfor gardsdrifta: Skomakar, snekker, dagarbeidar o.l.⁴⁴¹

Semmingsen meiner at årsaka til høg utvandring i fjell- og fjordbygdene, og spesielt dei fem førenemnde fogderia, skuldast at jordbruket her var mest gammaldags, dei mest primitive jordbruksmetodane var framleis i bruk, det var vanskelegast å rydde jord og dermed virka befolkningspresset med størst tyngde i desse bygdene.⁴⁴² Hushaldsstukturen i desse områda, små hushald med få makar og barn, syner at dei store hushalda i 1801 er sprengt ved at føderådsfolk (livøre) er skild ut og dinest at ugifte sysken av husbondsfolket er skild frå og livnærer seg som dagarbeidarar og som landsbygdhandverkarar (t.d. skomakar). Dette kan tyde på at ein i denne regionen har stanga mot eit levebrødstak, om vi tenkjer leverbrød enten som ein plass eller eit gardsbruk. Gardsbruka kan ikkje delast meir, husmannsplassane har nådd grensa for kva som kan gje ei utkomme for ein familie. Utvandringsintensiteten og desimering av hushaldsstrukturen peikar såleis i same retning: Befolkninga i nokre av desse områda har støytt mot eit Malthusiansk tak.

7.2.5 Oppsummering: Fall i hushaldsstorleik

Den gjennomsnittlege hushaldsstorleiken i regionane ordna frå minst til størst ved dei tre teljingane gjev følgjande resultat:

- 1801: Byar, industribygder, sjøfartsbygder, flatbygder, skogsbygder, fiskeribygd, fjellbygder
- 1865: Fjellbygder, byar, flatbygder, sjøfartsbygder, industribygder, fiskeribygd, skogsbygder
- 1900: Byar, sjøfartsbygder, fjellbygder, industribygder, flatbygder, skogsbygder, fiskeribygd

Rekkjefølgja i 1801 og 1900 høver best i høve til modellen, i byane, industribygdene, sjøfartsbygdene er levebrødsmangfaldet størst, minst avhengig av å vere eit konkret og klart definert gardsbruk eller plass, alternativa er fleire. Hushaldsstorleiken minkar med funksjonsbortfallet, og er størst der levebrøda framleis i stor grad er definert som gardsbruk eller plass. Men i 1865 synest modellen å ikkje passe i det heile; i fjellbygdene, der primærnæringane både i 1865 og 1900 stod særst sterkt, finn vi i 1865 dei minste hushalda og flatbygdene har kilt seg mellom byane og sjøfartsbygdene. I 1900 er situasjonen den venta, men fjellbygdene står framleis mellom sjøfartsbygdene og industribygdene m.o.t. hushaldsstorleik, medan flatbygdene, skogsbygdene og fiskeribygdene er plassert der ein skulle vente. Kanskje ville ein tru at i fiskeribygdene ville hushaldsstorleiken vere mindre enn i skogsbygdene og flatbygdene. Det kan vere to grunnar til dette: Fiskeribygdene er definert langt inn i fjordane på Vestlandet og i fjordbygdene er jordbruket sin rolle om lag som på fjellbygdene og flatbygdene. Dette hevar hushaldssnittet for fiskeribygdene. Også hushalda i fiskeridistrikta er definert frå minimumsfaktoren (jordbruket) og ikkje maksimumsfaktoren som er fiskeressursane, slik Dyrvik konkluderer i granskinga av tre kommunar i Nord-Norge.⁴⁴³

⁴⁴¹ Digitalarkivet, <http://digitalarkivet.uib.no/> Sjø 'kommunane': 619 Ål, 1422 Lærdal, 834 Vinje, 835 Rauland og 1235 Voss for 1865-teljinga.

⁴⁴² Semmingsen: 1941, s. 246.

⁴⁴³ Dyrvik: 1996.

Dermed må vi bruke to ulike forklaringar: 1) Forklare fallet i hushaldsstorleik på flatbygdene og i fjellbygdene før 1865. 2) Forklare fallet i byar, industribygder og sjøfartsbygder etter 1865. I skogsbygdene fell hushaldsstorleiken jamt gjennom heile hundreåret, medan fiskeribygdene følgjer utviklinga på flat- og fjellbygdene. Det interessante er likevel at fallet i hushaldsstorleik over tid først skjer i bygder med den klart mest einsidige jordbruksøkonomien, og ikkje i byar og bygder med ein økonomi som i mindre grad er retta mot primærnæringane, men der handel, transport og industrielle føretak har større betydning. Men kva med etablerarhushaldet i same periode, kan det gjev ein betre indikasjon på kva for, korleis og når fallet i hushaldsstorleik skjer? Og følgjer etablerarhushaldet i større grad utviklinga som modellen føreset?

7.3 Etablerarhushaldet

I den føregåande diskusjonen såg vi at modellen ikkje gav fullgod forklaring på fallet i hushaldsstorleik, og i denne delen vil eg derfor setje fokus på etablerarhushaldet. Høver modellen betre, om vi isolerer analysen til hushald som er i etableringsfasen? Etablerarhushaldet definerer eg då som hushald til hovudpersonar frå og med 28 til og med 32 år.

Tabell 7-5 Etablerarhushaldet i økonomiske regionar 1801, 1865 og 1900. Gjennomsnittshushaldsstorleik for hushald der hovudpersonen er i alderen 28-32 år.

Regionar	Gjennomsnitt hushaldsstorleik			Endring 1801-1900 ⁴⁴⁴			
	1801	1865	1900	Endrings rate 1865 – 1801	Endrings -rate 1900 - 1865	Endring 1900 - 1801	Prosent endring 1801 1900
Fjellbygder	5.2	3.8	4.4	-2.1	1.7	-0.8	-15 %
Sjøfartsbygder	4.8	4.2	4.1	-0.9	-0.4	-0.7	-15 %
Skogsbygder	5.1	4.4	4.4	-1.1	0.1	-0.7	-14 %
Byar	4.4	4.3	3.8	-0.2	-1.3	-0.6	-13 %
Fiskeribygd	5.3	4.7	4.7	-0.9	0.0	-0.6	-11 %
Flatbygder	5.0	4.4	4.6	-0.9	0.5	-0.4	-9 %
Industribygder	4.6	4.4	4.2	-0.4	-0.4	-0.4	-9 %
Totalt	5.0	4.3	4.2	-1.0	-0.3	-0.8	-16 %

Kjelde: KSH1801, KSH1865, KSH1900.

Tabell 7-5 syner gjennomsnittstorleiken for etablerarhushaldet i 1801, 1865 og 1900 fordelt på dei sju økonomiske regionane. Tabellen er sortert etter størst prosentvis endring mellom 1801 og 1900. Kva skjer med etablerarhushaldet i perioden? Frå 1801 til 1865 fell hushaldsstorleiken mest i fjellbygdene, med 1.4 (-2.1) personar. Minst fall finn vi i industribygdene og byane, medan dei andre regionane ligg kring det totale snittet på 0.7 (-1.0) personar færre i 1865 enn i 1801. Frå 1865 til 1900 minkar storleiken på

⁴⁴⁴ For direkte å kunne jamføre endringane i hushaldsstorleik er endringane mellom 1801-1865 og 1865-1900 synt som endringsrate. Endringsrata er lik endring pr. 100 år, dvs. verkeleg endring i perioden er delt med periodens lengde multiplisert med 100. Eks. Endringsrate 1801-1865 = $(4.3 - 5.0)/65 * 100 = -0.7/65 * 100 = -1.0$

etablerarhushaldet sterkt i byane -0.4 (-1.3), og noko mindre i industristadane og sjøfartsbygdene, medan hushaldsstorleiken aukar eller er stabil i dei andre regionane. For heile perioden 1801 til 1900 minkar etablerarhushaldet mest i fjellbygdene, sjøfartsbygdene, skogsbygdene, middels fall i byane og fiskebygdene, og under middels i industribygdene og på flatbygdene.

Etablerarhushaldet ordna etter storleik frå minst til størst gjev følgjande rekkjefølgje:

- 1801: Byar, industribygder, sjøfartsbygder, skogsbygder, flatbygder, fjellbygder, fiskeribygd
- 1865: Fjellbygder, sjøfartsbygder, byar, industribygder, skogsbygder, flatbygder, fiskeribygd
- 1900: Byar, sjøfartsbygder, industribygder, fjellbygder, skogsbygder, flatbygder, fiskeribygd

Ordnar vi derimot etter prosentvis størst fall i hushaldsstorleiken 1801 til 1900 kjem følgjande rekkjefølgje fram:

- Fjell, sjøfartsbygder, skogsbygder, byar, fiskeribygd, industribygder og flatbygder.

Ei oppstillinga etter storleiken på etablerarhushaldet gjev den same rekkefølgja som for hushalda generelt ved dei tre teljingane. I 1900 er rekkjefølgja langt på veg slik vi venta, kanskje med unntak av at fjellbygdene har plassert seg først mellom dei regionane der primærsektor står sterkast. Men ordnar vi regionane etter størst prosentvis fall i perioden 1801 til 1900 blir dette mønsteret brote, fallet i hushaldsstorleik er like stort i fjellbygdene og skogsbygdene som i byar og sjøfartsbygder. Igjen gjev ikkje modellen noko eintydig svar på fallet i hushaldsstorleik.

Fallet i hushaldsstorleik er knytt til framvekst av einpersonhushaldet, dette forklarar delar av fallet. Kan skilnadene og fallet i regionane skuldast ulik framvekst av einpersonhushaldet? Det kan vere to typar einpersonhushald vi står over for, eit i fjellbygdene og eit i byane. Kanskje er det så enkelt at einpersonhushald med eldre hovudpersonar er eit "fjellfenomen" og einpersonhushald med unge hovudpersonar eit "byfenomen". Dette blir ei av problemstillingane i neste avsnitt.

7.4 Einslege hovudpersonar

I tråd med fallet i den generelle hushaldsstorleiken og storleiken på etablerarhushaldet vert det avgjerande å avklare om det er ein eller fleire typar einpersonhushald veks fram i løpet av 1800-talet. Kan det vere tale om to typar, eit "pensjonisthushald", og eit "ungdomshushald", og kan desse to typane vere ulikt regionalt fordelt og dermed forklare kvifor byane og fjellbygdene tilsynelatande har parallell endring i hushaldsstorleik? Kan einpersonhushaldet med unge ugifte menn vere eit byfenomen, medan einpersonhushaldet med eldre enkjemenn og enkjer vere eit landsbygdfenomen (fjell- og skogsbygdene)? I så fall vil den økonomiske modellen framleis ha forklaringskraft på fallet i hushaldsstorleik.

Kva er einslege hovudpersonar? Med einslege definerer eg einpersonhushald som einslege. Dette ei relativt grov tilnærming og ein rein "folketeljingsdefinisjon" av einsleg. Einsleg i folketeljingsforstand må ikkje blandast med sosialt og emosjonelt einsleg. Vi kan nok finne einslege i ulike tydingar også i fleirpersonshushald, og personar i einpersonhushald kan ha hatt rik sosial omgong med andre personar i huset eller i nærleiken. I følgje modellen skal talet på einslege, særleg unge einslege, auka, og etter produksjonstesa, mest i byar og industribygder, minst i regionar med sterkt innslag av primærnæringar. Stemmer dette?

Tabell 7-6 Prosent einslege hovudpersonar fordelt etter alder og økonomisk region. Norge 1801

Alders-gruppe	By	Fjell-bygder	Flat-bygder	Skogs-bygder	Industri-bygder	Sjøfarts-bygder	Fiske-bygder	Sum
15-19	2 %	0 %	0 %	1 %	2 %	0 %	0 %	1 %
20-24	4 %	4 %	5 %	6 %	5 %	4 %	1 %	4 %
25-29	7 %	9 %	10 %	10 %	6 %	4 %	3 %	7 %
30-34	6 %	7 %	6 %	5 %	9 %	10 %	4 %	6 %
35-39	5 %	5 %	5 %	9 %	6 %	3 %	5 %	5 %
40-44	7 %	5 %	6 %	9 %	10 %	7 %	5 %	7 %
45-49	7 %	7 %	4 %	7 %	7 %	12 %	5 %	6 %
50-54	15 %	7 %	8 %	12 %	8 %	9 %	14 %	12 %
55-59	7 %	6 %	6 %	8 %	6 %	5 %	7 %	7 %
60-64	15 %	15 %	15 %	10 %	13 %	14 %	19 %	15 %
65-69	8 %	10 %	11 %	8 %	14 %	5 %	10 %	9 %
70-74	8 %	10 %	9 %	10 %	15 %	12 %	15 %	11 %
75-79	4 %	9 %	10 %	2 %	0 %	5 %	7 %	6 %
80+	5 %	6 %	8 %	3 %	1 %	7 %	5 %	5 %
Sum	100.0 %	100.0 %	100.0 %	100.0 %	100.0 %	100.0 %	100.0 %	100.0 %
Tal (N)	621	282	199	153	88	97	375	1815

Kjelde: KSH1801

Ved gjennomgangen av folketeljinga 1900 synte SSB at talet på einslege personar, losjerande og andre auka frå 1875 til 1900. Dette gjeld både for kvinner og menn. I 1875 var talet på einslege 2.76 pr. 100 menn og 2.50 pr. 100 kvinner. I 1900 hadde delen auka til 3.88 og 3.54. Fordelinga på landsbygd, byar og Kristiania syner at det er flest einslege i byane, særleg Kristiania med 9.66% einslege menn i 1876 og 9.12% i 1900, kvinner 4.60% og 5.96%.⁴⁴⁵ Eg har tidlegare synt at denne auka er aldersbetinga⁴⁴⁶, og skal vi kunne trekkje konklusjonar bør vi disaggregere aldersvariabelen.

Tabell 7-6 syner talet på einslege hovudpersonar (einpersonhushald) fordelt i økonomiske regionar. Tabellen syner at det er sær få einpersonhushald i 1801, jf. tabell 5.2. Berre 1.1% av alle private hushald er einpersonhushald i 1801. Delt på regionalt nivå blir talmaterialet sær fragmentert, men likevel kan vi slå fast at storparten av einpersonhushalda fanst i byane, i fjellbygdene og fiskeribygdene. Tabellen syner også at det er liten aldersskilnad mellom desse tre regionane og eg vil derfor bruke sluttkolonna (summen) til å drage slutningar. Hovudparten av dei einslege hovudpersonane er i

⁴⁴⁵ NOS V No 4:1906, s. 121.

⁴⁴⁶ Jf. kapittel 4.

aldersgruppa 50 til 74 år, totalt er 54% av hovudpersonane er i denne aldersgruppa. I denne gruppa utgjer 2/3 kvinner, og av gruppa er kring 2/3 enkjer eller enkjemenn (jamt mellom kjønna). Yrkesfordelinga er variert, men kring 24% er husmenn, 11% lever av handarbeid og kring 11% er folk som nyt opphald, men overraskande nok svært få (9 av 1815 personar) oppførde som kårfolk.⁴⁴⁷

Dette kan tyde på at denne gruppa i all hovudsak består av personar som tidlegare har vore hovudpersonar i større hushald, men no på ulike måtar syter for seg sjølv som einsleg. Både sivilstatus og yrke gjev indikasjon på dette. Det er rimeleg å slutte at denne situasjonen i større grad er blitt til av ulike omstende, framfor at den er søkt mot eller villa. I 1801 er talet på einslege hovudpersonar så lite at det har lite å seie for korkje hushaldsstorleiken generelt og for etablerarhushaldet, men i 1865 har denne situasjonen endra seg, jf. tabell 7-7.

Tabell 7-7 syner einpersonhushald i 1865 fordelt etter alder og region. Som eg har synt i kapittel 5 (jf. tabell 5-3) har det i 1865 utvikla seg to hovudgrupper av einpersonhushald, for aldersgruppene 25-34 og 60-74. Denne todelinga er ikkje samanfallande for regionane. I byane er **ikkje** den yngste gruppa synleg, medan derimot i fjellbygdene, i skogsbygdene og i industribygdene er gruppa av unge einslege hovudpersonar markant. Den eldste gruppa, 60-74, er i større grad jamt fordelt i alle regionane.

Tabell 7-7 Prosent einslege hovudpersonar fordelt etter alder og økonomisk region. Norge 1865

Alders-grupper	By	Fjell-bygder	Flat-bygder	Skogs-bygder	Industri-bygder	Sjøfarts-bygder	Fiskeri-bygder	Sum
15-19	0.9 %	2.0 %	0.7 %	0.8 %	1.2 %	0.3 %	1.2 %	1.3 %
20-24	5.0 %	9.7 %	5.3 %	7.8 %	5.5 %	3.1 %	6.0 %	6.9 %
25-29	7.4 %	10.5 %	7.2 %	11.6 %	10.2 %	5.4 %	8.3 %	8.8 %
30-34	7.1 %	8.5 %	7.3 %	10.9 %	7.6 %	7.2 %	8.0 %	8.1 %
35-39	7.1 %	5.9 %	6.5 %	7.4 %	7.2 %	6.2 %	6.1 %	6.4 %
40-44	7.1 %	5.9 %	6.1 %	6.7 %	7.3 %	7.2 %	5.3 %	6.1 %
45-49	6.8 %	4.9 %	6.0 %	5.1 %	6.9 %	7.9 %	6.0 %	5.8 %
50-54	8.1 %	5.6 %	6.4 %	5.8 %	8.1 %	8.7 %	6.8 %	6.6 %
55-59	8.8 %	5.7 %	6.5 %	5.6 %	5.8 %	7.9 %	6.6 %	6.5 %
60-64	12.5 %	8.2 %	10.9 %	9.6 %	10.0 %	13.0 %	9.9 %	10.0 %
65-69	11.2 %	9.4 %	11.7 %	9.0 %	11.4 %	11.8 %	10.3 %	10.4 %
70-74	9.2 %	10.3 %	12.5 %	8.8 %	9.4 %	10.1 %	11.1 %	10.6 %
75-79	5.5 %	7.0 %	7.7 %	5.8 %	6.3 %	7.0 %	8.1 %	7.1 %
80+	3.2 %	6.2 %	5.2 %	5.0 %	3.2 %	4.2 %	6.2 %	5.4 %
Sum	100.0 %	100.0 %	100.0 %	100.0 %	100.0 %	100.0 %	100.0 %	100.0 %
Tal (N)	3584	8648	5473	2156	1033	1286	6549	28729

Kjelde: KSH1865

I kva grad stemmer dette med modellen? Ved første augekast dårleg fordi fjellbygdene og skogsbygdene i høve til modellen ikkje skulle syne same tendens som industribygdene og byane. Men det er samstundes viktig å leggje merke til at i byane er

⁴⁴⁷ Database KSH1801

delen einslege i alle aldersgruppene mellom 35 og 60 år større enn gjennomsnittet for alle regionane (Sum kollonna). Medan i same aldersintervall ligg prosentdelen, i fjellbygdene, i flatbygdene, skogsbygdene og fiskebygdene enten kring totalen eller i underkant av totalen for alle regionane. Kva kan denne jamne aldersfordelinga i industribygdene og byane og den ujamne i jordbruksbygdene tyde på? Også sjøfartsbygdene og industribygdene har for aldersgruppa 35-59 år ein høgare prosentdel einpersonhushald enn totalen (unntak er industribygdene 55-59 år). Dette tolkar eg slik at endringa mot fleire einpersonhushald er ein eldre prosess i byane, sjøfarts- og industribygdene, enn i fjell- og skogsbygdene som har relativt mange einslege hovudpersonar i aldersgruppa 20-34 år. Alternativt kan ein òg skimte to ulike funksjonar: I jordbruksbygdene var einpersonhushaldet ventestasjon i to omgonger, ein for å vente på at eit familielevebrød skulle dukke opp og ein for det neste livet. I byane var derimot einpersonhushaldet eit klart alternativ uavhengig av alder og livsløp. Med ein viss tvil kan vi dermed slå fast at modellen delvis ser ut til å høve for auken i talet på einpersonhushald. Aldersfordelinga kan tyde på at i byane, industribygdene og sjøfartsbygdene er dette ein prosess som truleg går attende til 1830-talet, medan i skogsbygdene har utviklinga teke til på 1850-talet, og ho er relativt fersk i fjellbygdene. I fiske- og flatbygdene er denne prosessen ikkje i gong i 1865.

Kva med 1900? Kan vi følgje denne prosessen vidare?

Tabell 7-8 Prosent einslege hovudpersonar fordelt etter alder og økonomisk region. Norge 1900

Alders- gruppe	By	Fjell- bygder	Flat- bygder	Skogs- bygder	Industri- bygder	Sjøfarts- bygder	Fiske- bygder	Sum
15-19	6.2 %	3.9 %	4.3 %	4.6 %	6.3 %	5.4 %	3.3 %	5.1 %
20-24	15.6 %	6.0 %	10.6 %	10.3 %	13.7 %	9.6 %	4.4 %	11.2 %
25-29	12.1 %	5.4 %	8.1 %	8.8 %	11.3 %	6.3 %	3.7 %	8.9 %
30-34	8.2 %	4.2 %	5.5 %	5.6 %	6.5 %	4.7 %	3.1 %	6.1 %
35-39	7.5 %	4.0 %	4.6 %	4.2 %	5.8 %	4.9 %	3.2 %	5.5 %
40-44	6.6 %	4.6 %	4.4 %	4.9 %	4.9 %	4.2 %	2.8 %	5.2 %
45-49	5.5 %	5.0 %	4.2 %	5.6 %	4.9 %	5.9 %	3.8 %	5.1 %
50-54	6.3 %	5.9 %	6.0 %	5.3 %	5.6 %	6.7 %	5.3 %	6.0 %
55-59	6.2 %	7.4 %	5.9 %	6.4 %	6.0 %	8.0 %	7.5 %	6.6 %
60-64	6.2 %	9.8 %	7.7 %	8.5 %	8.0 %	9.9 %	9.4 %	7.8 %
65-69	7.0 %	10.8 %	10.9 %	10.4 %	8.5 %	10.5 %	13.2 %	9.4 %
70-74	6.0 %	12.6 %	11.9 %	10.6 %	8.2 %	11.4 %	15.6 %	9.7 %
75-79	4.4 %	10.8 %	9.5 %	8.8 %	6.5 %	7.7 %	13.1 %	7.7 %
80+	2.2 %	9.6 %	6.3 %	6.0 %	3.8 %	4.6 %	11.8 %	5.5 %
Sum	100.0 %	100.0 %	100.0 %	100.0 %	100.0 %	100.0 %	100.0 %	100.0 %
Tal	18757	7350	5592	3942	3226	2918	5581	47366

Kjelde: KSH1900

Tabell 7-8 syner einpersonhushald fordelt etter alder og økonomisk region i 1900. Som tidlegare slått fast (jf. sum kolonne og tabell 5-3) har vi no fått ei innsnevring av aldersfordelinga av hovudpersonane i einpersonhushald. Det er framleis to hovudtoppar, men skarpere innsnevra enn tidlegare: 20-29 år og 65-74 år. Dei einslege hovudpersonane har blitt langt yngre enn tidlegare, og det er byane og industribygdene som leier an i denne prosessen, med høvesvis 15.6% og 13.7% av einslege hovudpersonar i aldersgruppa 20-24

år. Eit anna interessant trekk ved aldersfordelinga er at prosentdelen unge einslege personar er omvendt proporsjonal med prosentdelen eldre einslege hovudpersonar. Om vi t.d. samanliknar aldersgruppene 20-24 med 70-74 ser vi at byane og industribygdene har høgst prosentdel i den første aldersgruppa (15.6% og 13.7%) men lågast i den siste (6% og 8.2%). Og motsett: Fjellbygdene og fiskebygdene som har lågast prosentdel i aldersgruppa 20-24 år (6.0% og 4.4%) har samstundes den høgste prosentdelen i aldersgruppa 70-74 år (12.6% og 15.6%). Dette avspeglar dei to hovudtrekka ved einpersonhushaldet ved slutten av 1800-talet, som "pensjonisttilvære", den einslege kårmannen eller kårkona, og den unge mobile i ein ny levebrødsmarknad. Underlagsmaterialet syner at i aldersgruppa 20-29 år er dei mest vanlege yrka "arbeider", "fabrikkarbeider", "lærer", "syersker/handarbeid" og "meierske". Mennene utgjer 2/3 av gruppa, og 95% av personane er ugifte.⁴⁴⁸ I aldersgruppa 65-74 år er 2/3 kvinner, og 2/3 er enkjefolk, men litt fleire enkjer (omlag 70% av kvinnene) enn enkjemenn (63% av mennene). Dei vanlegaste "yrka" for denne gruppa er "føderåd", "rentenist", "plassmenn", "offentleg fattigunderstøttelse", "lever av egne midler" og "husmann".

Konklusjon: Modellen som knyter einpersonhushaldet til nye, "abstrakte" levebrød høver berre delvis, og best samsvar syner 1900-teljinga. I 1900 avspeglar einpersonshushaldet ikkje berre unge menneske på veg inn i ein delvis ny levebrødsmarknad, men også eit alternativ for eldre menneske, særleg kvinner, på veg ut av arbeidsmarknaden.

7.5 Mannlege tenarar

I følgje Sølvi Sogner er ei vesentleg endring i hushald- og livløpsmønsteret at dei mannlege tenestefolka blir "en saga blott"⁴⁴⁹ i løpet av 1800-talet. Mannlege tenarar forsvann frå gruppa av tenestefolk, og dermed var ein stor del av den mannlege arbeidskrafta trekt ut frå hushaldsproduksjonen:

Mannlig arbeidskraft var ikke lenger privatisert og avhengig, men var knyttet til storsamfunnet ved lønsmessige bånd. Alminnelig stemmerett til menn i 1899 var en erkjennelse av at dette faktisk var situasjonen.⁴⁵⁰

I samband med modellen vil det vere interessant å undersøkje om denne endringa - at mannlege tenarar blir ein saga blott - har samanheng med dei økonomiske regionane. Dvs. vi ventar at mannlege tenarar forsvinn frå hushaldsproduksjonen først i byane, deretter i industribygder og sjøfartsbygder, og til slutt i landbruks- og fiskebygdene. Den økonomiske forklaringsmodellen føreset ein slik samanheng fordi i t.d. industribygder og byar trekkjer lønsarbeid i industri og næringar utanom jordbruket den mannlege arbeidskrafta til seg medan i dei "tunge" jordbruksområda vil teneste også vere eit alternativ sjølv i 1900.

⁴⁴⁸ Database KSH1900

⁴⁴⁹ Sogner: 1990, s. 91. Jamfør også del om mannlege tenarar i førre kapittel (Del 7.5)

⁴⁵⁰ Sogner: 1990, s. 83.

Tabell 7-9 Tal hushald med ein eller fleire tenarar, absolutte tal og prosent. Norge 1801, 1865 og 1900

Teljeår	Byar	Fjell- bygder	Flat- bygder	Skogs- bygder	Industri- bygder	Sjøfarts- bygder	Fiske- bygder	Sum
1801	2096	4975	7041	2382	1285	1299	10397	29475
1865	3539	5542	9281	3350	1790	1943	14518	39963
1900	2054	4803	6622	3549	1775	1351	6686	26840
1801	11.3%	18.4 %	18.9 %	16.7 %	14.1 %	10.9 %	24.0 %	18.3%
1865	6.6 %	9.2 %	12.5 %	12.6 %	9.9 %	7.2 %	16.7 %	11.5%
1900	1.4 %	7.8 %	10.6 %	8.7 %	5.3 %	4.1 %	6.9 %	5.7 %

Kjelde: KSH1801, KSH1865 og KSH1900

Tabell 7-9 syner talet på hushald med ein - 1 - eller fleire tenarar i 1801, 1865 og 1900. Den øvste delen av tabellen syner talet på hushald med mannlege tenarar i absolutte tal, den nedste kor mange hushald dette utgjer at totalt tal hushald. Om vi ser på talet på hushald med mannlege tenarar i 1801 og 1900 så skjer det små endringar, med unntak av i fiskebygdene der talet på hushald med tenarar blir redusert til kring 2/3, frå 10397 til 6637 hushald. Og i skogsbygdene skjer det ei auke i talet på hushald med mannlege tenestefolk, frå 2382 til 3549 hushald, ei auke på nær 50%. I absolutte tal blir det såleis feil å tale om uttradering av mannleg arbeidskraft i hushalda i perioden. Men i relative tal er biletet noko annleis. I same periode aukar folketalet frå kring 880.000 til 2.2 millionar, og talet på hushald aukar frå omlag 160.000 til vel ½ million. Nedste del av tabell 7-9 syner kor stor del av hushalda dette utgjer. I 1801 hadde kvart 9. hushald (11.3%) i byane ei eller fleire tenarar, i 1900 er det berre 1 av 70 byhushald med mannlege tenestefolk. I fiskeribygdene var situasjonen relativt annleis: I 1801 hadde kvart 4. hushald (24%) ein mannleg tenar, i 1900 berre kvart 14. hushald (6.9%). Vi kan såleis truleg slå fast at den relative betydninga av mannleg arbeidskraft i hushalda har gått ned, men i absolutte tal er det like mange hushald med tenarar i 1900 som i 1801. Men kor sterk den relative reduksjonen er kjenner vi ikkje til før vi har granska talet tenarar og kor mange tenarar det finst pr. hushald. Har dette auka eller minka, ei minke i talet på tenarar pr. hushald vil i tillegg styrkje den relative betydninga.

Tabell 7-10 Talet på mannlege tenarar og gjennomsnitt tal mannlege tenarar pr. hushald med tenarar. Norge 1801, 1865 og 1900.

År	By	Fjell- bygder	Flat- bygder	Skogs- bygder	Industri- bygder	Sjøfarts- bygder	Fiske- bygder	Sum	NOS
1801	4031	6739	9785	3261	1786	1630	13690	40922	
1865	5861	6919	11689	4275	2250	2389	18299	51682	
1900	3211	5778	8639	4483	2325	1683	7806	33925	39960
1801	1.92	1.35	1.39	1.37	1.39	1.25	1.32	1.39	
1865	1.66	1.25	1.26	1.28	1.26	1.23	1.26	1.29	
1900	1.56	1.20	1.30	1.26	1.30	1.24	1.17	1.26	

Kjelde: KSH1801, KSH1865 og KSH1900. NOS=Norges Offisielle Statistikk:1904, s. 94.

Øvste del av tabell 7-10 syner talet på tenarar på dei tre teljetidspunkta fordelt på dei økonomiske regionane. Sumkolonnen syner at frå 1801 til 1900 vert talet på mannlege tenarar redusert frå 40922 til 33925. Talet for 1900 er truleg for lågt, for i den offisielle statistikken er talet på mannlege tenestefolk 39960. Det er to grunnar til at mine tal er for låge: Mine tal for 1900 og 1865 inkluderer ikkje heile teljematerialet og heile teljematerialet er heller ikkje er koda. Dinest var det ikkje uvanleg i 1900 å føre opp søner som "søn" i feltet for familiestilling og "tjener" i feltet for yrke. Dette har eg ikkje teke omsyn til, og dermed mister eg søner som har tenar som yrke.⁴⁵¹ Den siste kolumna i tabellen inneheld tala frå den offisielle statistikken (NOS). I NOS er talet på mannlege "hustjenere", andre "hushjelpere" og "arbeidshjelpere" totalt 39960 i 1900, altså ein reduksjon på knappe 1000 mannlege tenarar frå 1801 til 1900.⁴⁵² Sterkast reduksjon finn vi i fiskebygdene med kring 44% og i byane med 22% færre mannlege tenarar. Sett i høve til at folketalet aukar i perioden så utgjer mannlege tenarar ein mindre og mindre del av folketalet kring 4.5% i 1801 og kring 1.8% i 1900.

Nedste delen av tabellen syner gjennomsnitt tal mannlege tenarar i hushald med mannlege tenarar. Det totale bildet syner små endringar, men med ein reduksjon på 0.36 tenarar pr. hushald i byane og 0.15 tenarar i fiskebygdene. Elles er det berre mindre endringar. Det vanlege gjennom hundreåret er 1.3 mannleg tenar pr. hushald i hushald med mannlege tenestefolk. Talet på tenarar endrar seg lite. Talet på hushald med tenestefolk endrar seg lite. Talet på mannlege tenarar pr. hushald endrar seg lite. Dermed er eg freista til å tru det er dei same hushalda som har tenestefolk i 1801 som i 1900, men berre tre generasjonar seinare.

Kva om vi ser endringane i tabell 7.9 og 7.10 i samanheng med modellen? Er endingane størst, først og sterkast i byar, industribygdene og sjøfartsbygdene? Nei: Både relativt og absolutt er endringane størst i fiskebygdene og i byane, her fell både talet på hushald og talet på tenarar absolutt og relativt. Medan det i industribygdene og sjøfartsbygdene skjer det ei absolutt auke i talet på tenarar, og den relative minken er minst både målt i talet på tenarar og talet på hushald med tenarar. Industribygdene og sjøfartsbygdene har her same utviklinga som i skogsbygdene, der dei relative endringane gjennom hundreåret er minst.

På dette grunnlag er det mogeleg å sterkt nyansere Sogner sitt ein-sidede bilete av mannleg arbeidskraft i hushalda som ein "saga blott". Eg konkluderer med at dei hushalda som baserte sin produksjon på rimeleg, stabil arbeidskraft i 1801, også gjer det i 1900. Dette gjeld med unntak av særleg fiskebygdene og byane. Utanom byane og fiskebygdene er biletet såleis prega av stabilitet og kontinuitet, om vi ser tenarinstitusjonen på hushald eller individnivå. Det er like mange tenarar i 1801 som i 1900. Det er like mange tenarar i hushalda med tenarar i 1801 som i 1900. Relativt sett, i høve til folketalet, høver Sogner si skildring betre, relativt sett betyr mannleg arbeidskraft i hushalda for samfunnsproduksjonen mindre i 1900 enn i 1801. Men vi kan rekne med at denne arbeidskrafta står for ein minst like stor produksjon i 1900 som i 1801.

⁴⁵¹ Dersom familiestillingsfeltet er blankt tek eg omsyn til yrkesfeltet for å finne hushaldsstilling.

⁴⁵² NOS IV No 82:1904, s. 94, merk 5% utval i landdistrikt og 10% utval i byar. NOS IV No 73:1903, s. 119.

Stabiliteten og kontinuiteten, i tillegg til at endringane skjer annleis enn predikert, gjer det vanskeleg å oppfatte modellen som fullt ut relevant i høve til tenesteinstitusjonen. Det er ikkje tale om at dei konkrete hushalda mister ”produksjonsfunksjonen”, men at det snarare veks fram ei rekkje nye hushald utan same behovet for avhengig, bunden mannlege arbeidskraft (tenestedrengar). Men teneste og det å gå i teneste var ikkje ei permanent livsstilling, den var ein del av livsløpet, og det fører oss frå hushaldet til livsløpet og analysen av livsløpsovergangane inn mot teneste og ut av teneste, det å forlate foreldreheimen og det å stifte familie. Sidan halvaksne søner i større og større grad vart verande heime eller forlèt foreldreheimen på eit seinare tidspunkt, var og fleire og fleire hushald sjølvforsynt med arbeidskraft.

7.6 Forlate foreldreheimen

Over har eg granska endringane i tenesteinstitusjonen, der relativt færre unge, særleg menn, er i teneste som ein del av livsløpet. Det å ta seg teneste markerte tradisjonelt gjerne ei ny vending i livsløpet, ein flytta bort frå ”opphavsfamilien”. I USA har granskingar synt at på 1900-talet flytta barna bort frå familien på eit seinare tidspunkt i livsløpet enn tidlegare, og denne livsløpsovergangen får eit meir og meir konformt eller standardisert preg. Dette har vore sett i samanheng med utvida skule, høgare utdanning og militærtjeneste. Ei engelsk gransking med kjeldemateriale frå 1700- og 1800-talet syner ikkje ei slik unilineær endring. I USA i 1900 var gjennomsnittsalderen for å forlate familien 23 år for kvite menn, og 21.4 år for kvite kvinner.⁴⁵³ I Philadelphia i 1880 var gjennomsnittsalderen 23.2 år for menn, 20.1 år for kvinner.⁴⁵⁴ I artikkelen *Det store oppbrotet* brukar Jan Oldervoll 1801-teljinga for å undersøkje når og i kva takt barna forlèt foreldreheimen. I analysen blir fem administrative regionar samanlikna og den syner relativt skilnader mellom Nord-Norge og Sørlandet (Agder-fylka og Telemark). I Nord-Norge forlèt ein større del av barna foreldreheimen langt tidlegare enn i dei andre regionane, særleg i høve til Sørlandet.⁴⁵⁵

Legg vi forklaringa til den økonomiske modellen over materialet bør vi finne at barna forlèt opphavsfamilie ved ein høgare alder i byar og industribygder. Dels fordi arbeidskrafta var kravd heime, dels fordi barn kan bu heime og arbeide i industri, handverk eller handel, og dels fordi teneste manglar som alternativ. I dei tyngre jordbruksområda vil nokre hushald, dei store gardsbruka, ha stort behov for arbeidskraft, medan andre hushald, husmannsplassane, har klart mindre behov for barna si arbeidskraft. I desse regionane, flat-, fjell-, skogs- og fiskeribygdene ventar eg at ein viss del forlèt foreldreheimen tidleg. I desse regionane vil etterspurnad og tilbod på arbeidskraft variere med høvet mellom bondehushald og husmannshushald, men ved å måle alder ved når 1. kvartil av eit kull er utanfor foreldreheimen, nettopp kan vi ta omsyn til denne variasjonen.

Kva er skilnaden mellom regionane og i kva grad høver den økonomiske forklaringsmodellen på variasjon og endring over tid?

⁴⁵³ Guinnane: 1992, s. 654

⁴⁵⁴ Modell, Furstenberg og Hershberg: 1976, s. 14. For meir om livsløpsendringar i USA sjå også Stevens: 1990.

⁴⁵⁵ Oldervoll: 1980, s. 101-104.

Tabell 7-11 Timing av overgangen 'å forlate opphavsfamilien', alder ved første kvartil fordelt etter økonomiske regionar. Norge 1801, 1865 og 1900

Regionar	Timing: Alder ved første kvartil					
	Menn			Kvinner		
	1801	1865	1900	1801	1865	1900
Byar	12.4	15.0	17.1	12.9	14.7	15.4
Fjellbygder	14.4	16.2	15.9	13.1	15.3	15.2
Flatbygder	12.6	14.6	14.2	12.1	13.9	14.4
Skogsbygder	13.9	15.5	15.5	12.7	14.0	14.7
Industribygder	13.0	16.0	17.6	12.7	14.4	15.5
Sjøfartsbygder	16.5	19.1	19.7	13.0	14.8	15.2
Fiskeribygder	11.8	14.6	18.6	11.9	13.4	15.1
Totalt	12.9	15.4	16.5	12.6	14.5	15.1

Kjelde: PERS1801, PERS1865 og PERS1900

Tabell 7-11 syner alder når første kvartil i eit kull bur borte frå opphavsfamilien. Barn og stebarn blir rekna som verande hos sine foreldre, medan svogerbarn, adopterte og fosterbarn og andre blir rekna som utflytt. Tabellen avdekkjer at i 1801 tek utflyttinga frå foreldreheimen til tidleg i livsløpet. I fiskeribygdene bur 1/4 av barna i årskulla borte frå foreldreheimen alt ved 11.8 år for gutar og 11.9 år for jenter. Det er liten skilnad mellom regionane i 1801. Utflyttinga skjer i same takt for gutar og jenter, med unntak av sjøfartsbygdene, der gutane (16.5 år) blir verande lengre heime enn jentene. No kan dette delvis skuldast metoden og kjeldene. 1900-teljinga, i motsetnad til både 1801 og 1865, opererer med kategoriane fråverande og mellombels tilstades, som er ei kontrollert dobbelføring av personar som er bortreist på teljetidspunktet. Sidan desse kategoriane manglar i dei to første teljingane kan dette ha ført til underregistrering av gutar både i innanriks og ikkje minst i utanriks sjøfart. Dersom eit fleirtal av dei underregistrerte faktisk budde heime hos foreldra når dei ikkje var på sjøen, vil dette føre til at den utrekna alderen for livsløpsovergangen blir for høg. Men det er også mogeleg at gutar budde lengre heime hjå foreldra fordi dei var på sjøen, og i praksis var på sjøen i store delar av året. Var ein i land borte frå heimstaden budde ein på skipet, var det landliggje nær opphavsfamilien ville foreldreheimen vere den mest naturlege "hamna". Difor er det ikkje usannsynleg at gutar blir verande lenger heime hos foreldra i sjøfartsbygdene.

Ved å ordne regionane etter når menn forlèt opphavsfamilien blir resultatet:

- 1801 menn: Fiskeribygder, byar, flatbygder, industribygder, skogsbygder, fjellbygder og sjøfartsbygder.
- 1865 menn: Flatbygder, fiskeribygder, byar, skogsbygder, industribygder, fjellbygder og sjøfartsbygder
- 1900 menn: Flatbygder, skogsbygder, fjellbygder, byar, industribygder, fiskeribygder og sjøfartsbygder

Med utgangpunkt i forklaringsmodellen skal barna forlate foreldreheimen tidlegast i dei tunge, sosialt sterkt delte jordbruksbygdene, seinare i byar og bygder der andre næringer (sidenæringer) står sterkare. I 1900 er resultatet som venta, i flatbygdene forlèt barna foreldreheimen ved ein lågare alder enn i byar, industribygder, fiskeribygder og

sjøfartsbygder. I 1865 forkludrar fjellbygdene modellen, og i 1801 er det liten skilnad mellom regionane. Såleis syner modellen forklaringskraft i høve til den observerte skilnadane i 1900, i noko mindre grad i 1865 og lite i 1801.

Alder ved første kvartil syner når ein livsløpsovergang tek til, men kva med tempoet? Ved å analysere differansen mellom første og andre kvartil får ein også eit bilete av aldersspreiinga. Vert overgangen komprimert?

Tabell 7-12 Median alder for 'å forlate opphavsfamilien', menn og kvinner fordelt etter økonomiske regionar. Norge 1801, 1865 og 1900

Regionar	Timing: Alder ved andre kvartil					
	Menn			Kvinner		
	1801	1865	1900	1801	1865	1900
Byar	16.6	17.6	21.4	16.8	16.8	18.1
Fjellbygder	21.5	22.4	25.1	18.0	18.3	20.4
Flatbygder	20.7	22.7	22.4	17.0	17.0	18.0
Skogsbygder	21.2	22.5	24.6	17.8	17.7	18.7
Industribygder	21.7	22.3	22.5	18.5	17.6	19.3
Sjøfartsbygder	23.5	25.6	26.1	18.5	18.5	21.4
Fiskeribygder	21.2	22.0	25.7	18.7	18.2	20.5
Totalt	21.0	21.8	23.6	17.5	17.6	19.0

Kjelde: PERS1801, PERS1865, PERS1900, KHKD1801, KHKD6586 og KHKD0086

Tabell 7-12 syner median alder (2. kvartil) for livsløpsovergangen å forlate opphavsfamilien. Tabellen syner at median alder aukar særleg etter 1865, for menn frå 21.0 i 1801, 21.8 i 1865 og 23.6 i 1900, altså ei auke på kring 2.6 år i laupet av hundreåret. For kvinner er auken mindre (1.5 år), frå 17.5 i 1801, 17.6 i 1865 til 19.0 i 1900. Menn blir verande lenger i foreldreheimen og differansen aukar mellom kjønna utetter hundreåret. For menn er auken størst i byane, fiskeribygdene og fjellbygdene, minst i industribygder og flatbygder. Dette kan tyde på at ein avgjerande faktor for når menn forlèt foreldreheimen er mulighetene for arbeid utanfor opphavshushaldet. Etterspurnaden etter ung, rimeleg, mannleg arbeidskraft er stor på dei flate jordbruksbygdene. For kvinner er auken størst i sjøfartsbygder og fjellbygder, minst i skogsbygder og industribygder. Også dette tyder på at det er mulighetene for arbeid utanfor opphavshushaldet som er ein viktig faktor for når kvinnene forlèt hushaldet.

Studiar har synt at det er fire faktorar som er avgjerande for når barna forlèt opphavsfamilien:⁴⁵⁶ 1) Hushaldets egne ressursar og behov: I fattige hushald og/eller hushald med mindre arbeidskraftsbehov forlèt barna hushaldet tidleg. 2) Lokale muligheter for arbeid som kan forlenge opphaldet i opphavshushaldet, dvs. ein kan arbeide ein stad, men bu heime. 3) Utdanning og opplæring: Dersom behovet for utdanning og opplæring ikkje kan dekkjast lokal, må ein flytte heimanfrå, eksempel jordmødrer, meirersker, seminaristar, osb. 4) Inter-generasjonelle transaksjonar: Gjeld både arv og når ansvaret for hushaldet blir overlata til neste generasjon, samstundes som første generasjon tek seg kår. Faktor 1 og 4 let seg ikkje teste med operasjonaliseringa som er gjort her, og

⁴⁵⁶ Dribe: 1999 og Dribe: 2000.

det er heller ikkje råd å skilje mellom 2 og 3. Skilnadane i materialet trur eg skuldast ein kombinasjon av 2 og 3, mulighetene for arbeid nær opphavsfamilien og behovet og mulighetene for å investere i eiga framtid borte frå opphavsfamilien.

Regionane fordelt etter 2. kvartil for livsløpsovergangen 'å forlate opphavsfamilien' gjev følgjande resultat for menn:

- 1801 menn: Byar, flatbygder, skogsbygder, fiskeribygd, fjellbygder, industribygder, sjøfartsbygder
- 1865 menn: Byar, fiskeribygd, industribygder, fjellbygder, skogsbygder, flatbygder, sjøfartsbygder
- 1900 menn: Byar, flatbygder, industribygder, skogsbygder, fjellbygder, fiskeribygd, sjøfartsbygder

Rekkjefølgja ved 2. kvartil gjev eit anna resultat enn fordelinga av 1. kvartil, dels er rekkjefølgja omsnudd, t.d. for byar som hadde ein middels høg alder ved første kvartil, har den lågaste alderen for andre kvartil. Dette forholdet peikar mot kvartildifferansen som fortel noko om kor raskt ein overgang skjer i eit kull.

Tabell 7-13 Aldersspreiing ved overgangen 'å forlate opphavsfamilien', differanse mellom første kvartil og andre kvartil fordelt etter økonomiske regionar. Norge 1801, 1865 og 1900

Regionar	Overgangsspreiing: Kvartildifferanse 1-2 (tal år)					
	Menn			Kvinner		
	1801	1865	1900	1801	1865	1900
Byar	4.1	2.7	4.3	3.9	2.2	2.8
Fjellbygder	7.1	6.2	9.1	4.9	3.1	5.2
Flatbygder	8.1	8.1	8.2	4.9	3.2	3.6
Skogsbygder	7.4	7.0	9.1	5.1	3.7	4.0
Industribygder	8.7	6.3	4.9	5.8	3.3	3.7
Sjøfartsbygder	7.0	6.6	6.5	5.5	3.7	6.2
Fiskeribygd	9.5	7.4	7.1	6.8	4.7	5.4
Totalt	8.0	6.5	7.1	4.9	3.1	4.0

Kjelde: PERS1801, PERS1865 og PERS1900

Tabell 7-13 syner livsløpsovergangen si aldersspreiing som syner kor raskt ein livsløpsovergang skjer i eit kull. Innleiingsvis nemnde eg amerikanske granskingar som m.a. syner at "moderne" livsløpsovergangar er klarare aldersbetinga, overgangen skjer i langt større grad samstundes for heile kullet, og dette syner seg ved at aldersspreiinga blir mindre. Gjennom heile perioden er aldersspreiinga klart minst i byane, og rekkjefølgja er slik:

- 1801 menn: Byar, sjøfartsbygder, fjellbygder, skogsbygder, industribygder, fiskeribygd.
- 1865 menn: Byar, fjellbygder, industribygder, sjøfartsbygder, skogsbygder, fiskeribygd, flatbygder.
- 1900 menn: Byar, industribygder, sjøfartsbygder, flatbygder, fiskeribygd, skogsbygder, flatbygder.

Rekkjefølgja syner at den økonomiske forklaringsmodellen høver godt i 1900 for menn, sidan aldersspreinga minst i byane.

Analysen av livsløpsovergangen 'forlate opphavsfamilien' synest berre delvis høve med modellen. Eigenskapen som synest best samsvar med den økonomiske modellen er at overgangen er mest komprimert (uniform) i byar og industribygder. Generelt aukar alderen for å forlate opphavsfamilien både for menn og kvinner i alle regionar, men flatbygdene heng etter. På flatbygdene forlèt framleis kring 1900 menn opphavsfamilien ved ein låg alder. Dette kan vere ein indikasjon på at etterspurnaden etter arbeidskraft (tenestegutar) som også i 1900 styrer kor tidleg barn forlèt foreldreheimen.

7.7 Familieetablering

I kva grad fell giftarmålsalderen ulikt i dei økonomiske regionane? Er det slik at byane, sjøfartsbygdene og industribygdene opplever det største fallet i giftarmålsalder på 1800-talet?

Tabell 7-14 Alder ved familieetablering. Giftarmålsalder (SMAM) for menn og kvinner fordelt i økonomiske regionar. Norge 1801, 1865 og 1900.

Regionar	Giftarmålsalder						Endring i dagar pr. år ⁴⁵⁷					
	Menn			Kvinner			Menn			Kvinner		
	1801	1865	1900	1801	1865	1900	1801-1865	1865-1900	1801-1900	1801-1865	1865-1900	1801-1900
Byar	28.8	27.6	27.3	28.0	26.2	26.7	-6	-4	-5	-10	5	-5
Fjellbygder	29.7	29.7	29.3	27.5	28.0	27.7	0	-4	-2	2	-3	0
Flatbygder	28.5	29.3	28.4	27.1	27.8	26.6	4	-9	0	4	-13	-2
Skogsbygder	28.6	29.5	29.0	26.7	27.5	26.5	5	-5	1	4	-10	-1
Industribygder	28.0	28.4	27.4	26.8	26.8	25.7	2	-11	-2	0	-11	-4
Sjøfartsbygder	28.5	29.4	29.0	26.6	27.1	26.1	5	-4	2	3	-11	-2
Fiskeribygder	29.1	29.0	28.6	28.0	27.3	26.9	0	-4	-2	-4	-5	-4
Totalt	28.9	29.0	28.2	27.4	27.3	26.7	0	-8	-3	-1	-6	-3

Kjelde: PERS1801, PERS1865 og PERS1900

Tabell 7-14 syner SMAM, Singulær gjennomsnittleg alder ved førstegongs giftarmål, for menn og kvinner fordelt etter økonomiske regionar i 1801, 1865 og 1900. Totalen syner at endringane gjennom hundreåret er minimale, men som tidlegare vist (jf. kapittel 4) fangar ikkje metoden fullgodt opp fallet i giftarmålsalder i siste del av 1800-talet. For menn er giftarmålsalderen 28.8 i 1801 og i 1900 er den 28.9, og for kvinner 27.3 og 27.0. For kvinner skjer eit fall på kring 1 år i byane, industribygdene og fiskebygdene. Dette er ein indikasjon på at endringane i levebrødstilbodet både kvantitativt og kvalitativt har gitt ein fallande giftarmålsalder. I dei andre regionane er giftarmålsalderen relativt stabil. For mennene fell giftarmålsalderen med kring eit halvt år i byar og hovuddelen av fallet skjer før 1865. Fram til 1865 fell giftarmålsalderen for menn med 6 dagar pr. år i

⁴⁵⁷ Tidsdifferansen mellom teljinga 1/2/1801 og 31/12/1865 er 23709 dagar eller 64.91 år. Avstanden mellom 31/12/1865 og 3/12/1900 er 12756 dagar=34.92 år. Ved utrekning av endringstakta er talet på dagar i året er sett lik 365.25. Eksempel: Utrekning av endring i dagar pr. år dersom giftarmålsalderen fell frå 28.96 år til 28.19 år mellom 1865 og 1900: $(28.19-28.96)/34.92*365.25=-8.05 = -8$ dagar pr. år

byane. I industribygdene skjer fallet mellom 1865 og 1900, der med 11 dagar pr. år for perioden. Elles er giftarmålsalderen stabil. For kvinner er mønsteret litt annleis. I første periode, frå 1801 til 1865, fell giftarmålsalderen i byane, med 10 dagar pr. år. I andre periode, frå 1865 til 1900, fell giftarmålsalderen mest for kvinnene i industribygdene, sjøfartsbygdene (11 dagar pr. år) og på flatbygdene (13 dagar pr. år). Men merk at for flatbygdene har giftarmålsalder gått opp i den førre perioden, slik at reduksjonen totalt sett er lågare enn for byar og industribygder.

Endringane peikar i same lei, ein meir variert og dynamisk levebrødsmarknad synest gi ein noko lågare giftarmålsalderen, men endringane er små. Svingingane er synleg i byar, industristader og sjøfartsbygder. Der primærnæringane står sterkt, aukar giftarmålsalderen både for menn og kvinner mellom 1801 og 1865. Men det generelle hovudintrykket er at giftarmålsalderen endrar seg lite i perioden, og det kan tyde på at alderen for giftarmål er styrd av andre faktorar enn endringar i produksjonsøkonomien. Kanskje vil den politisk-kulturelle modellen ha større forklaringskraft på giftarmålstidspunkt? Dette spørsmålet vil bli prøvd i neste kapittel.

7.8 Hushaldsetablering

Kva med alder for etablering av hushald, fell den gjennom hundreåret og er det samanheng mellom næringsregionar og fallet? Etter forklaringsmodellen bør etableringsalderen falle i byar, sjøfart og industribygder, lite eller stabilt i flatbygder og fjellbygder. Skogsbygdene og fiskeribygdene kan ein tenkje seg står i ei midtstilling.

Tabell 7-15 Median etableringsalder ved hushaldsetablering, menn, fordelt etter næringsregionar. Norge 1801, 1865 og 1900.

Regionar	Median etableringsalder			Endring i dagar pr. år ⁴⁵⁸		
	1801	1865	1900	1801-1865	1865-1900	1801-1900
Byar	27.5	26.7	25.6	-4	-12	-7
Fjellbygder	29.1	28.0	28.3	-6	3	-3
Flatbygder	27.4	28.5	27.1	6	-15	-1
Skogsbygder	28.1	28.4	27.7	1	-7	-2
Industribygder	27.3	27.5	25.8	1	-18	-5
Sjøfartsbygder	27.8	28.7	27.9	5	-9	0
Fiskeribygdene	28.0	28.0	28.1	0	1	1
Totalt	28.0	27.8	26.9	-1	-9	-4

Kjelde: PERS1801, PERS1865 og PERS1900.

Tabell 7-15 syner alder ved hushaldsetablering for menn, og denne livsløpsovergangen syner større variasjon i høve til tid og rom. I 1801 er etableringsalderen lågast i industribygder, flatbygder, byar og sjøfartsbygder (mindre enn 28 år), medan i 1865 er det berre i byar og industribygder at etableringsalderen er under 28 år. Og i 1900 er etableringsalderen klart lågast i byar og industribygder (25.6 og 25.8 år). I motsett ende av skalen finn vi i 1801 skogsbygdene og fjellbygdene, i 1865 flatbygdene og sjøfartsbygdene og i 1900 fiskeribygdene og fjellbygdene. Dei regionale skilnadane aukar

⁴⁵⁸ For utrekning av endring av etableringsalder målt i dagar pr. år sjå tabell 7-14.

uttetter hundreåret, i 1801 er differansen mellom lågaste og høgste alder 1.8 år, i 1865 2.0 år og i 1900 heile 2.7 år. I 1900 i byane og industribygdene har halvparten av alle menn etablert hushald kring 2.5 år før halvparten av mennene i fiskeribygdene og fjellbygdene har etablert seg.

Endringstakta målt i dagar endring pr. år syner at fallet er sterkast mellom 1865 og 1900 i byar, industribygder, flatbygder og sjøfartsbygder. Etableringsalderen for menn fell mellom 9 og 18 dagar pr. år i denne perioden. Flatbygdene merkar seg ut ved at etableringsalderen har auka i den føregåande perioden, slik at fallet i heile perioden er lite. Andre regionar er prega av stabilitet. Dette endringsmønsteret gjev ein ny indikasjon på at endringane fell saman med det som var venta etter den økonomiske forklaringsmodellen.

7.9 Kvifor endring?

Så langt har eg først og fremst stadfest at både livsløp og hushald varierer regionalt variasjon og endrar seg over tid. På eit overordna, for ikkje å seie overflatisk, nivå kan vi så langt konkludere med at næringstilhøve har innverknad på endringane. Delvis skjer endringane først og i størst grad i byane og bygder med innslag av urbane næringar (industri og sjøfart), og deretter med ei viss forseinking og i mindre mon i dei einsidige jordbruksbygdene. Så langt har vi stadfest ei ”gammal” sanning. Men samtidig har analysen avdekt fleire problem i høve til denne forklaringsmodellen: For det første avvik fjellbygdene frå mønsteret, for det andre skjer endringane dels synkront og parallelt i dei ulike regionane og dels er livsløps- og hushaldsmønsteret karakterisert av stabilitet. Vi må derfor djupare i årsaksforklaringane!

Så langt har eg prøvd dei seks indikatorvariablane på regionalt nivå, mot sju økonomiske regionar, byar, flat-, skogs, fjell-, sjøfarts-, fiskeri- og industribygder. Tesen er at sosial endring først og i sterkast grad vil finne stad i byar, sjøfarts- og industribygder der nærings- og levebrødsgrunnlaget er mest variert. Desse bygdene er minst avhengig av primærnæringsane, med særleg gardsbruk som ’hjørnesteinsbedrift’ for å bruke eit moderne uttrykk. Eg venta sjøfartsbygdene ville ligge nær industribygdene i endringsmønster. I skogsbygdene og fiskeribygdene venta eg å finne tilsvarande endringar men i mindre grad eller på eit seinare tidspunkt. Til slutt og med minst endring venta eg å finne flatbygdene og fjellbygdene. Delvis og for nokre av indikatorvariablane fekk eg eit resultat som samsvarer med modellen, men mindre klart enn venta, og dessutan har fjellbygdene synt liknande endringsmønster som byane, ja delvis skjer endringane først i fjellbygdene, t.d. minken i hushaldsstorleik. Dette kan tyde på at ulike økonomiske prosessar kombinert med ei mulig overbefolkning (i fjellbygdene) gav same resultat: Mindre hushald og fleire einslege. Når resultatet ikkje heilt var i samsvar med modellen er det naturleg å tenkje at kategoriane, inndeling av kommunar i økonomiske regionar etter hovudnæringsforholda, er for grove, kommunane i regionane er for ulike i høve til næringsforholda slik at kategoriane ikkje er dekkjande for mange av kommunane. Mange kommunar vil og vere blandingskommunar, litt sjøfart, noko skogbruk og jordbruk.

Tabell 7-16 Økonomisk forklaringsmodell: Samanhengar mellom indikatorvariablar og sekundærnæringar.

Uavhengige variablar	Verdi	Variabel for sosial endring	Samanheng – verdi
Produksjonsforhold og folkevekst 1) Sekundærnæringar 2) Folkevekst	Høg prosentdel hushaldsoverhovud i sekundærsektor Høg prosentvis folkevekst 1855-1865 og 1891-1900	Hushaldsstorleik	Lågt snitt for MHS, små hushald
		Hushaldsstorleik, etablerarhushald	Lågt snitt for MHS28-32 år.
		Etableringsalder	Låg median etableringsalder
		Giftarmålsalder	Låg SMAM, menn og kvinner
		Forlate foreldreheimen	Høg alder ved 1. kvartil, menn og kvinner
		Einslege hovudpersonar	Høg prosentdel einpersonhushald. Høg prosentdel for alder 20-29 år (menn)
		Mannlege tenarar	Låg prosentdel mannlege tenarar
3) Bruksstorleik Kutal 1865 Dekar 1865 Landskyld 1886	Store gardsbruk; dvs. høgt gjennomsnittsnitt for bruksstorleik a) Høgt gjennomsnittleg husdyrhald pr. hushald. Husdyrhald 1865 b) Høgt gjennomsnitt dekar pr. hushald målt etter utsæd i 1865 c) Gjennomsnitt landskyld i 1886	Hushaldsstorleik	Høgt snitt for MHS og FAMMHS, store hushald
		Hushaldsstorleik, etablerarhushald	Høgt snitt for MHS28-32 år.
		Etableringsalder	Høg median etableringsalder
		Giftarmålsalder	Høg SMAM, menn og kvinner
		Forlate foreldreheimen	Låg alder ved 1. kvartil, menn og kvinner
		Einslege hovudpersonar	Låg del einpersonhushald Låg del for alder 20-29 år
		Mannlege tenarar	Høg prosentdel mannlege tenarar
4) Mekanisering i jordbruket: Slå- og meiemaskinar pr. 1000 hushald.		Mannlege tenarar	Reduksjon i behovet for arbeidskraft, t.d. mannlege tenarar

Ein alternativ operasjonisering for endring i produksjonsforholda er såleis kor stor del av befolkninga som har levebrød innafor sekundærnæringar både på fylkesnivå og kommunenivå. Prosentdelen hushaldsoverhovud med yrke i ei sekundærnæring etter mange ulike folketeljningar er registert i NSD kommunedatabase. Sjølv sagt ville ei ny koding av folketeljingsdata for 1865 og 1900 vore eit minst like godt alternativ, men ei slik

koding føreligg førebels ikkje.⁴⁵⁹ Ei slik koding og kategorisering er meir enn ein manns arbeid, og då er NSD kommunedatabase eit godt alternativ. Ved å bruke kommunedatabasen kan samanhengen mellom produksjonsforhold og endringsindikatorane prøvast direkte på fylkesnivå og kommunenivå, ikkje berre regionalt. Dette gjev òg ein betre test på i kva grad tesen om at samfunnsproduksjonen forlèt hushaldet og går ut i marknaden endrar hushalds- og livsløpsmønster er gyldig.

Tabell 7-16 syner kva for samanhengar eg ventar å finne gjennom grad av sekundærnæringar i ein kommune og hushalds- og livsløpsmønster i kommunen. I eit samfunn med høg prosentdel hushaldsoverhovud i sekundærsektor (1865) eller høg prosentdel av befolkninga over 15 år sysselsett i sekundærsektor (1900) ventar eg å finne små hushald, både for den ålmenne hushaldsstorleiken, familiehushalda og hushaldsstorleik for etablerarhushalda. Dinstø ventar eg å finne låg giftarmålsalder og ein låg prosentdel mannlege tenarar. Desse samanhengane er negative eller omvendt proporsjonale. Vidare, med høg prosentdel sekundærnæring ventar eg å finne ein høg alder ved livsløpstransisjonen 'forlate opphavsfamilien', dvs. det skjer ved låg alder der primærnæringane framleis står sterkt, og eg ventar å finne ein relativt stor del einperson hushald og ein høg del einslege mannlege hovudpersonar i alderen 20-29 år. Her ventar eg å finne ein positiv samvariasjon mellom storleiken på sekundærsektor og indikatorvariablane.

Bruksstorleiken gjev ein indikasjon på kor stor vekt jordbruket har i regionen eller kommunen. Mange minibruk og småbruk gjev ein indikasjon på mangesysleri og sidenæringar og at ulike sidenæringar har vekt for levebrødsgrunnlaget. Bruksstorleiken kan såleis avsløre mindre vektlegging av jordbruket, utan at dette let seg avsløre i statistikken over sekundærsektor som kan vere mangelfull, særleg i 1865. Med bruksstorleiken voner eg å fange opp innverknaden av yrkeskombinasjonar med jordbruk på hushalds- og livsløpsmønsteret, dvs. samfunn der yrkeskombinasjonar med "gaardbruger"/"plassemand" og yrke innafor handel, handverk og småindustri er utbreidd, t.d. "rokkedreier", "smed", "hjulmakar", "landhandler", "stenarbeider" o.l. Bruksstorleiken er målt som det aritmetiske snittet for urevidert skyld i 1886 (skilling) og revidert skyld (øre) etter matrikkelen 1886. Den ureviderte skylda blir nytta mot datamaterialet for 1865, medan den reviderte skylda blir prøvd mot datamaterialet for 1900. Denne målevariabelen gjeld berre landdistrikta, byane er utelate. I datamaterialet for 1865-teljninga er det også registert opplysningar om husdyrhald og utsåd. Ved omrekning gjev desse også måltal for bruksstorleik, jamfør kapittel 6.2.4. Bruksstorleiken er målt i gjennomsnitt husdyrhald i kyr pr. hushald med husdyr og brukstorleik i dekar utrekna etter utsåd og gjennomsnitt utsåd pr. dekar.⁴⁶⁰ Begge storleikane er utrekna på hushaldsnivå og aggregert til kommunenivå.

Alle variablane, både forklaringsvariablar og indikatorvariablar er deretter aggregert til fylkesnivå og til regionsnivå. I denne siste aggregeringa er måltala gjennomsnitt av snitta for kommunane, slik at t.d. heimfødingsprosenten ikkje er lik

⁴⁵⁹ Yrkeskoding etter HISCO-standard er venta ferdig i 2005.

http://www.nappdata.org/progress_report.shtml

⁴⁶⁰ Sjø 6.2.4 og tabell H-2 i tillegg H.

heimfødingsprosenten på fylkesbasis, men snittet for kommunane innafor eit fylke eller ein region. Alle aggregerte er vekta på grunnlag av folketalet på nivået under.

Dersom vi skal kunne gå djupare inn i materialet må vi få avklara følgjande forhold eller eigenskapar i dei seks regionane: a) Befolkningsutviklinga. Dette vil by på problem sidan regionane ikkje er statiske over tid. c) Auken i sekundærsektor og c) Bruksstruktur.

7.9.1 Befolkningsutviklinga i regionane

Næringsregionane vart definerte av Kiær for å analysere folkeveksten i perioden 1801-1865 og seinare av Mohn til 1880.⁴⁶¹ Også Michael Drake nytta same regionane i si demografiske analyse i tida fram til 1865.⁴⁶² Analytisk står vi overfor ei lite problem m.o.t. den demografiske utviklinga sidan eg har operert med status i to tidspunkt, 1865 og 1900. Dette kan løysast på ulike måtar. Eit alternativ er å velje eit tidspunkt og definere regionane utifrå dette tidspunktet, og det ville falle naturleg å velje 1865 sidan dette er om lag midt i perioden for granskinga. Dersom eg hadde nytta materiale berre frå NSD kommunedatabase ville dette vore enkelt sidan kommunedatabasen har etablert eit omrekningssystem for nettopp dette føremålet. Men denne analysen byggjer på eit langt større materiale, folketeljningane 1865 og 1900, og matrikuleringa 1886, alle på individnivå, og eit tilsvarande omrekningssystem føreligg ikkje på individnivå. Det ville også vere eit omfattande arbeid å etablere tabellverket for omrekingane på kommunenivå for desse tre kjeldene. Løysinga er å oppretthalde status på dei to tidspunkta, men ikkje samanlikne folkeveksten mellom dei to tidspunkta, men i tiåret før dei to tidspunkta (1855-1865 og 1891-1900).

Tabell 7-17 Folketal og folkevekst 1801, 1865 og 1900 fordelt på økonomiske regionar.

Regionar	1801	1855	1865	Årleg vekst		1900	Årleg vekst
				1855-65	1891		1891-1900 ⁴⁶³
Byar	93569	203265	266292	2.2 %	480372	628102	3.0 %
Industribygder	45330	75781	99261	1.2 %	138421	164664	2.0 %
Sjøfartsbygder	66817	117795	135810	1.0 %	147853	151875	0.3 %
Skogsbygder	76821	125913	143461	1.0 %	192182	201407	0.5 %
Fiskeribygder	238644	393276	439884	1.2 %	462579	497544	0.8 %
Flatbygder	202205	324373	354874	1.0 %	290725	305173	0.5 %
Fjellbygder	159652	249644	262174	0.6 %	281692	284328	0.1 %
Totalt	883038	1490047	1701756	1.3 %	1995715	2234993	1.3 %

Kjelde: Norges Offisielle Statistik:1869, s. XII, KHKD6586, KHKD0086.

Tabell 7-17 syner folketalet og folkeveksten i regionane i perioden 1801 til 1865. Regionane er definert på to tidspunkt 1865 og 1900, slik at tala ikkje kan samanliknast direkte mellom desse to tidspunkta, og derfor er veksten i tiåret før teljetidspunktet teke med for å gje eit bilete av folkeveksten i regionane. På baa tidspunkta er det byane som

⁴⁶¹ NOS C No 1:1869, s. XII.

⁴⁶² Drake: 1969.

⁴⁶³ Formel for utrekning av prosentvis årleg folkevekst $=(((\text{Folketal } t2/\text{Folketal } t1)^{(1/t2-t1)}-1)*100$, jamfør kapittel 3.

syner sterkast folkevekst, dinest industribygdene. I åra før 1865 er også folkeveksten høg i fiskeribygdene. Dei hine regionane er prega av svak folkevekst (1% årleg) og i fjellbygdene nærast stagnerer folketalet i åra før 1865. I tida før 1900 er det berre byane og industribygdene som har markant folkevekst, medan i dei hine regionane er folkeveksten svak eller tilnærma stabil. I kva grad er det samsvar mellom folkevekst og indikatorvariablane?

Tabell 7-18 syner samvariasjon målt med korrelasjonskoeffisienten Pearson's R mellom forklaringsvariablar for befolkningsvekst, sekundærsektor, bruksstruktur og indikatorvariablane. Første kolonne i tabellen syner korrelasjonen med folkeveksten.

Tabell 7-18 Korrelasjonskoeffisienten Pearson's R for samvariasjon mellom folkevekst og endringsvariablane. Regionsnivå 1865 og 1900.

Indikatorvariablar	Venta	Folkevekst	
		Folkevekst 1855-1865	Folkevekst 1891-1900
Kvinner, forlate opphavsfamilien		-0.06	0.37
Menn, forlate opphavsfamilien		0.16	0.15
SMAM kvinner		-0.95	-0.54
SMAM menn		-0.88	-0.90
Etableringsalder: median		-0.71	-0.87
% tenestegutar av alle menn		-0.47	-0.57
% einperson hushald		-0.49	0.31
% einpersonhushald menn 20-29		-0.12	0.45
MHS30		-0.06	-0.57
MHS		0.04	-0.48
FAMMHS		-0.23	-0.52

Kjelde: KHKD6586 og KHKD0086.

Tabell 7-18 syner at på regionsnivået er samvariasjonen mellom befolkningsvekst og giftarmålsalder og etableringsalder sterkast, men ikkje utan variasjon. I 1865 kan 80% av variasjonen forklarast (statistisk sett) med folkeveksten, sterkast er samvariasjonen for giftarmålsalderen for kvinner, dess sterkare folkevekst dess lågare giftarmålsalder (-0.95), og sameleis for menn giftarmålsalder -0.88 og -0.71. Med berre 7 einingar i populasjonen (sju regionar) er det liten grunn til å vurdere korrelasjonskoeffisientar med lågare absoluttverdi enn 0.71. Hushaldsstrukturen syner lite eller ingen variasjon med folkeveksten, men det er verdt å merkje seg at folkevekst er ikkje assosiert med mannlege tenarar (-0.47) og prosentdelen einpersonhushald (-0.49). Det første er ikkje overraskande, men det siste er, men den negative samvariasjonen skuldast m.a. at det er relativt flest einpersonhushald i regionane med mest og minst folkevekst (by og fjellbygder). Flytter vi oss til 1900 er stoda noko annleis. Giftarmålsalderen for kvinner korrelerar mindre med folkeveksten, medan høvet jamført med 1865 er omsnudd for giftarmålsalder og etableringsalder for menn med Pearson's R lik -0.97 og -0.87. Tabellen syner også at no er samvariasjonen mellom einpersonhushaldet og folkeveksten positiv, dess sterkare folkevekst dess fleire einpersonhushald generelt og relativt fleire einpersonhushald med

menn i 20-åra. I 1900 syner også dei andre tala for hushaldsstruktur samvariasjon med folkeveksten, dess større folkevekst dess mindre hushald.

Tabellen understrekar det komplekse forklaringsproblemet vi står over for: Sterk folkevekst og stagnerande folkeutvikling gjev same "symptom" på hushaldsstrukturen, auke i einpersonhushaldet. Folkeveksten gjev også ulikt utslag på dei to tidspunkta, særleg gjeld dette hushaldsstruktur. Ulike faktorar gjev med andre ord same eller likt resultat. I tidlegare forskning i tradisjonen etter Kiær har det vore tradisjonelt å assosiere voksteren i einpersonhushaldet med byvokster og bynæringar. Tabell 7-7, 7-8 og 7-16 syner at dette ikkje er korrekt, og at det berre er ei side av strukturendringa.

Samvariasjonen mellom folkevekst og livsløpsvariablane for giftarmål og etablering kan ha ein felles årsaksfaktor, at både stor folkevekst og låg giftarmål- og etableringsalder skuldast ein felles årsaksfaktor, og det skal vi sjå på i neste punkt. I kva grad er det samanheng mellom storleiken på sekundærsektor og livsløps- og hushaldsvariablane?

Tabell 7-19 Forklaringsvariablar for sekundærsektor, bruksstorleik og mekanisering fordelt etter regionar, 1865 og 1900.

Forklaringsvariablar	Byar	Fjell-bygder	Flat-bygder	Skogs-bygder	Industri-bygder	Sjøfarts-bygder	Fiskeri-bygder
% hovudpersonar i sekundærnæringar 1865	82.1%	11.4%	15.0%	15.5%	43.1%	40.3%	9.6%
% personar 15 år og eldre i sekundærnæringar (eiga næring), 1900	49.3%	15.0%	18.8%	17.3%	32.9%	25.7%	11.7%
Bruksstruktur							
Gjennomsnitt urevidert skyld i skilling, 1886		178	218	142	170	135	131
Gjennomsnitt revidert skyld i øre, 1886		271	421	316	289	226	201
Husdyrhald, ku pr. hushald, 1865	2.4	9.4	7.4	6.8	5.7	5.2	9.0
Dekar pr. hushald, 1865	8.39	8.94	14.7	9.71	11.85	9.95	9.11
Mekanisering av jordbruket, maskinar pr. 1000 hushald, 1900	0.3	15.2	9.6	2.0	15.3	35.8	22.4

Kjelde: KHKD6586

7.9.2 Sekundærsektor som forklaring

Før samanhengen mellom storleiken på sekundærsektor i eit samfunn og utslaga på livsløps og hushaldsvariablane kan prøvast, må storleiken på sekundærsektor i regionane i 1865 og 1900 kartleggjast. Første rad i tabell 7-19 syner prosentdelen hovudpersonar som er sysselsett innafor ein sekundærnæring i 1865. I byane heile 82.1%, minst i fiskeribygdene med 9.6%. For 1900 har eg nytta ein annan storleik, prosentdelen personar 15 år og eldre sysselsett med eiga næring i sekundær- og tertiærsektor. Desse to storleikane kan ikkje samanliknast direkte, men på dei to tidspunkta gjev desse det beste uttrykket for

sysselsettinga innafor sekundær- og tertiærsektor. Alternativet for 1865 var å nytte talet på personar som var sørgja for av ein hovudperson sysselsett i sekundærnæringar.

Andre rad i tabellen syner sysselsettingsfordelinga i 1900. I 1900 var 49.3 prosent av alle personar 15 år og eldre sysselsett i sekundærsektor i byane, og fjellbygdene og fiskeribygdene er lågast med 15.0% og 11.7%. I kva grad er det samsvar mellom variablane for storleiken på sekundærsektor i regionane og livsløp- og hushaldsvariablane?

Tabell 7-20 Korrelasjonskoeffisienten Pearson's R for samvariasjon mellom næringsstruktur og indikatorvariablane. Regionsnivå 1865 og 1900.

Indikatorvariablar	Venta	Næringsstruktur	
		Prosentdel av hushald med hovudperson i sekundærsektor (1865)	Prosentdel 15 år og eldre med eiga næring i sekundærsektor (1900)
Kvinner, forlate opphavsfamilien	+	0.24	0.48
Menn, forlate opphavsfamilien	+	0.39	0.29
SMAM kvinner	-	-0.85	-0.58
SMAM menn	-	-0.77	-0.73
Etableringsalder: median	-	-0.70	-0.79
% tenestegutar av alle menn	-	-0.71	-0.66
% einperson hushald	+	-0.34	0.54
% einpersonhushald menn 20-29	+	-0.16	0.51
MHS30	-	-0.39	-0.83
MHS	-	-0.26	-0.78
FAMMHS	-	-0.54	-0.79

Kjelde: KHKD6586, KHKD0086.

Tabell 7-20 syner at samvariasjon med eit absoluttnivå høgare enn 0.7 i 1865 finst for giftarmålsalderen, etableringsalder og prosentdelen tenestegutar. Dess større sekundærsektor, dess lågare giftarmålsalder og færre tenarar. I 1900 syner berre to livsløpsvariablar for menn eit akseptabelt korrelasjonsnivå – giftarmålsalderen for menn og etableringsalder for menn. Dess større sekundærsektor, dess lågare giftarmålsalder og etableringsalder for menn. Men i 1900 korrelerer også hushaldsstorleikane langt betre med sekundærnæringane, særleg gjeld dette etablerarhushaldet (Pearson's $R=-0.83$). Dess større sekundærsektor, dess mindre gjennomsnittleg etablerarhushald (MHS30), dess mindre gjennomsnitt hushaldsstorleik for alle private hushald (MHS) og mindre familiehushald (FAMMHS).⁴⁶⁴ Pearson's R for desse tre hushaldsvariablane er -0.83 , -0.78 og -0.79 .

Den negative samvariasjonen mellom sekundærsektor og hushaldsstorleik er tydeleg i 1900, men ikkje i 1865. Ein årsak til dette kan vere at storleiken på sekundærsektor i 1865 ikkje er noko godt mål på sysselsetting utanfor jordbruket, men kanskje kan bruksstrukturen i 1865 gje ein betre forklaring på variasjonen i hushaldsstorleik og dei andre indikatorane for livsløp og hushald?

⁴⁶⁴ FAMMHS=gjennomsnitt hushaldsstorleik for hushald med 2 eller fleire personar (familiehushald).

7.9.3 Bruksstruktur som forklaring

I tabell 7-16 er det fire variablar som beskriv regionane med omsyn til bruksstruktur. I 1865 bruksstorleik målt i husdyrhald og utsåd. Matrikkelen 1886 syner bruksstorleik målt i landskyld, og den ureviderte skylda er jamført med 1865-teljinga, den reviderte skylda i mark og øre jamført med 1900-teljinga. Mekanisering er målt i talet på slå- og meiemaskinar i høve til 1000 hushald og skal jamførast med 1900-teljinga. Berre eit fåtal kombinasjonar syner samvariasjon mellom forklaringsvariablane og indikatorvariablar med verdiar større enn 0.7 eller mindre enn -0.7

- I 1865 er korrelasjonskoeffisienten mellom bruksstorleik målt i skilling og giftarmålsalder for kvinner lik 0.71 og bruksstorleik målt i husdyrhald lik 0.80. Dess større gardar (fedrift), dess høgare giftarmålsalder. Prosentdelen mannlege tenarar når nesten opp, med koeffisient lik 0.67 mellom prosentdelen mannlege tenarar og gjennomsnitt bruksstorleik målt i husdyrhald. Bruksstorleik målt i dekar (utrekna etter utsåd, jamfør kapittel 6) syner ikkje så gode samanhengar, jamfør tabell I-1 i tillegg I.⁴⁶⁵ Heller ingen andre forklaringsvariablar når 0.7 nivået.
- I 1900 er korrelasjonskoeffisienten mellom bruksstorleik målt i øre og alder når første kvartil har forlate opphavsfamilien -0.74 for kvinner og -0.76 for menn, og prosentdelen mannlege tenarar lik 0.89. Dess mindre gjennomsnittleg bruk, dess lengre blir barna verande heime, og dess større gjennomsnittleg bruk, dess større del mannlege tenarar.⁴⁶⁶
- I høve til grad av mekanisering i jordbruket er det to variabel som når over 0.7-nivået. Først delen mannlege tenarar. Korrelasjonen er på 0.84, dvs. der mekaniseringa er størst er det også relativt flest mannlege tenarar.⁴⁶⁷ Dinest alder ved 1. kvartil for menn som forlèt foreldreheimen. Korrelasjonen er -0.74 . Dette syner at det er samheng mellom mekanisering og at barna forlèt opphavsfamilien tidleg.

Korleis skal vi tolke desse funna? I 1865 er det samheng mellom bruksstorleik og giftarmålsalder, men mot 1900 forsvinn denne. I 1900 er det samheng mellom bruksstorleik og når barna forlèt foreldreheimen, i 1865 manglar denne. Bruksstorleik er eit mål for mangesysleri og at den relative betydninga av jordbruk er mindre enn gjennomsnittet. Eg vil såleis konkludere med at mangesysleri senkar giftarmålsalderen i 1865, og sameleis at mangesysleriet i 1900 fører til at ein ynskjer å halde barna heime, ein større del av hushalda treng arbeidskrafta deira heime. I det første tilfellet kan ein grunn vere at menn som skaffar seg levebrød med stort innslag sidenæringar kan nøye seg med ei mindre jordbot og slepp å vente på at eit gardsbruk skal bli ledig. Kvifor bruksstorleiken ikkje får identisk utslag på menns giftarmålsalder (koeffisienten er berre 0.53) tør eg ikkje spekulere på med dette aggregeringsnivået. Mekanisering i jordbruket fører ikkje til lågare tenarhald eller at gutar blir verande lenger heime hos opphavsfamilien. Dette tyder på at i

⁴⁶⁵ Alle korrelasjonskoeffisientar i tabell I-1 i tillegg I.

⁴⁶⁶ Alle korrelasjonar i tabell I-2 i tillegg I

⁴⁶⁷ Jamfør tabell I-2 i tillegg I.

regionar der mekaniseringa var sterkast var framleis behovet for ung, rimeleg mannleg arbeidskraft stort.

7.10 Kva om vi løyser opp regionane?

I det føregåande har næringsregionane vore sentrale i analysen, men eg vil no løyse opp denne bindinga, og granske forklaringsvariablane uavhengig av hovudnæringane. Kva nivå skal eg velje? Kommunen er naturleg nivå sidan dette er grunn-nivået i delar av datagrunnlaget, og mellom kommunenivået og regionsnivået peikar to alternativ seg ut, fogderi og amt. Eit fogderi vil i større grad vere einheitleg, sosialt, økonomisk og kulturelt enn eit amt, men eg vil velje amtet/fylket sidan det i statistisk samanheng er den vanlege eininga mellom kommunen og landet.

Tabell 7-21 Korrelasjonskoeffisienten Pearson's R for samvariasjon mellom forklaringsvariablane næringsstruktur og bruksstruktur og endringsvariablane. Fylkesnivå 1865.

Indikatorvariablar, endringsvariablar	Næring		Bruksstruktur			Folkevekst	
	Venta	Prosent- del sekundær- næringar	Venta	Bruks- struktur: Snitt skilling (1886)	Husdyr- hald (kyr) pr. hushald. (1865)	Dekar dyrkings- jord pr. hushald (1865)	Årleg prosentvis vekst 1855- 1865
Kvinner, forlate opphavsf.	+	0.25	-	0.15	0.13	-0.15	-0.38
Menn, forlate opphavsf.	+	0.17	-	-0.14	-0.21	-0.35	-0.23
SMAM kvinner	-	0.04	+	0.47	0.52	0.49	-0.52
SMAM menn	-	-0.24	+	-0.12	0.33	0.33	-0.37
Etableringsalder: median	-	-0.28	+	0.14	0.40	0.50	-0.19
% tenesteg, av alle menn	-	-0.51	+	0.06	0.60	0.19	-0.09
% einp. hushald	+	-0.43	-	0.26	0.42	-0.41	-0.77
% einp. hushald 20-29	+	-0.34	-	0.18	-0.04	-0.61	-0.20
MHS30	-	-0.11	+	-0.09	0.28	0.26	0.54
MHS	-	0.04	+	-0.33	-0.01	0.23	0.69
FAMMHS	-	-0.15	+	-0.31	0.18	0.12	0.55

Kjelde: KHKD6586.

Tabell 7-21 syner korrelasjon på fylkesnivå mellom forklaringsvarialane næringsstruktur, bruksstruktur og folkevekst i høve til indikatorvariablane på fylkesnivå, der Bergen og Kristiania er rekna som egne fylke. Tabell I3 og I-4 i tillegg I syner grunnlagsdata for Tabell 7-21. Næringsstrukturen er målt i storleiken på sekundærnæringane for 1865, målt i prosent hushald der hovudpersonen sitt yrke er kategorisert innafor sekundærsektor i høve til alle private hushald. Eg ventar å finne at der ein stor prosentdel av hushalda er innafor sekundærsektor, er også barna lengre heime, men gifter seg tidlegare enn i fylke med låg del hushald i sekundærsektor. Og eg ventar også å finne positivt samsvar mellom stor sekundærsektor og relativ stor del einpersonhushald. Hushalda ventar eg derimot å finne i den minste kategorien, og det same gjeld tal tenestegutar, jf. tabell 7-15.

Tabell 7-21 syner at i 1865 er det berre prosentdelen tenestegutar av alle menn som innfrir det modellen føreset, ved at korrelasjonen er -0.51 , ein svak negativ samvariasjon. For dei andre variablane er korrelasjonen svak, delvis i feil retning. For prosentdelen einpersonhushald er korrelasjonen -0.43 der eg venta ein positiv samvariasjon. Heller ikkje prosentdelen einpersonhushald med menn i alderen 20-29 varierer slik eg venta. Dette betyr at høg del einpersonhushald ikkje kan forklarast med utbreiing av sekundærsektor. Ser vi i høve til folkeveksten er det ein negativ samvariasjon mellom folkevekst og prosentdel einpersonhushald på -0.77 , ein moderat god samanheng. Dette avviket tolkar eg slik at fram mot 1865 er det andre faktorar som har større innverknad på hushaldsstrukturen enn sekundærsektor, og av tabell 7-7 ser vi at framveksten av einpersonhushald er sterkast i fjell- og skogsbygdene fram mot 1865. Denne kombinasjonen, at einpersonhushaldet er assosiert med ein liten sekundærsektor og liten eller ingen folkevekst, gjer det rimeleg å tolke framveksten av einpersonhushaldet som eit sjukdomssymptom: eit samfunn som slit med ein einsidig økonomi med vekt på fedrift og med få ekspansjonsmuligheiter.⁴⁶⁸ Vekta på store fedriftseiningar ser vi ved at både prosentdelen tenestegutar og einpersonhushaldet har ein positiv samvariasjon med gjennomsnitt husdyrhald. Dette understrekar at i den tidlege fasen (før 1865) er ikkje sekundærsektor avgjerande for veksten av einpersonhushaldet, og på grunnlag av tabell 7-7 synest det lettare å tolke dette i retning av sterkare utskiljing av hushaldsmedlemmer både gjennom kårssystem og på grunn av ressurspress. Sidan veksten av einpersonhushald også gjeld unge menneske i desse områda er det (ugifte) sysken av hovudpersonen som går ut av hovudhushaldet i tillegg til den eldre generasjonen (kår). Sidan dette ikkje samtidig fører til ei auke i storleiken på sekundærsektor er det truleg at desse er sysselsett innafør primærnæringane som dagarbeidarar eller skogsarbeidarar. Det er også rimeleg at desse i onnene har hovudinntekta si frå primærnæringane.

Om vi tilfeldigvis vel Lom, vel ugifte mannlege hovudpersonar i alderen 20-29 år, finn vi m.a. fire døme på denne gruppa: Ole Johnnsen, losjerande og forpaktar, Ole Olsen, losjerande og skreddar, Eilif Olsen losjerande og rekneskapsfører, Johannes Pedersen losjerande og dagarbeidar. I nokre tilfelle synest desse einpersonane vere i slekt med personar i hovudhushaldet, ved andre høve ikkje. Både skreddaren og rekneskapsføraren er eksempel på sysselsette i sekundærnæringar. Korleis kan då påstanden om at einpersonhushaldet utviklar seg i regionar med låg eller negativ folkevekst og mangel på eksportnæringar og alternativ til eit gardsbruk eller ein plass som levebrød? Forklaringa kan vere at i regionar med få ekspansjonsmuligheiter i dei alternative og ekspansive næringane, var dei få alternativa til gard eller plass ikkje å rekne som familielevebrød, dvs. dei alternative levebrøda var for små til å fø ein familie. Skreddaren har ikkje nok kundar og rekneskapsføring i Lom kastar ikkje nok av seg. Dei få nye levebrøda i denne regionen vart ikkje rekna for å vere "fulle" og heile levebrød, men eit alternativ medan ein venta på ein plass, slik at ein kunne kombinere litt jordbruk med t.d. skreddarverksemda. Då vart også dette levebrødet eit familielevebrød.

⁴⁶⁸ Til dømes har Tysdal: 1990 og Dyrvik: 1983 sett på framveksten av dei små hushalda som eit vekstfenomen, økonomisk vekst og differensiering.

Tabell 7-22 Korrelasjonskoeffisienten Pearson's R for samvariasjon mellom forklaringsvariablar og indikatorvariablane. Fylkesnivå 1900.

Indikatorvariablar	Venta	Næring	Bruksstruktur:		Folkevekst	
		% av befolkninga 15 år og eldre sysselsett i sekundærnæringar	Mekanisering pr. hushald. Talet på maskinar pr. hushald	Venta	Gjennomsnitt bruksstorleik i øre, 1886	Årleg prosentvis vekst 1891-1900
Kvinner, forlate opphavsfamilien	+	0.20	-0.52	-	-0.60	0.11
Menn, forlate opphavsfamilien	+	-0.04	-0.71	-	-0.83	0.00
SMAM kvinner	-	0.07	-0.29	+	-0.05	-0.07
SMAM menn	-	-0.54	-0.32	+	-0.31	-0.76
Etableringsalder: median	-	-0.82	-0.11	+	-0.26	-0.72
% tenestegutar	-	-0.58	0.65	+	0.78	-0.52
% einperson hushald	+	0.54	0.14	-	0.31	0.16
% einpersonhushald menn 20-29	+	0.66	0.25	-	0.22	0.66
MHS30	-	-0.70	-0.04	+	0.05	-0.36
MHS	-	-0.67	-0.17	+	-0.25	-0.19
MHS familiehushald	-	-0.70	-0.14	+	-0.17	-0.23

Kjelde: KHKD0086.

Tabell 7-22 syner at samvariasjon mellom næringsstruktur og bruksstruktur i 1900 på fylkesnivå, og med byane Oslo (Kristiania) og Bergen separat. Grunnlagsdata for korrelasjonsanalysen sjå tabell I-5 og I-6 i tillegg I. Næringsstrukturen er målt i personar 15 år og eldre registrert med eiga næring i sekundærsektor i høve til alle personar 15 år og eldre. Samvariasjonen med storleiken på sekundærsektor er god, særleg for etableringsalderen for menn og hushaldsstorleiken. Dess større innslag av sekundærnæringar, dess lågare er etableringsalderen og dess mindre er etablerarhushaldet og familiehushaldet. Desse variablane har Pearson's R lik -0.82 og -0.70 . Samstundes har variasjonen sekundærsektor mindre å seie for einpersonhushaldet sidan Pearson's R er 0.54 for prosentdelen einpersonhushald av alle private hushald, og noko høgare (0.66) for prosentdelen einpersonhushald for menn i alderen 20-29 år målt i høve til alle einpersonhushald. Den første hadde eg venta høgare, den andre samsvarar godt med forklaringsmodellen.

Derimot har bruksstrukturen klart større samvariasjon med livsløpsvariablane for når barna forlèt foreldreheimen. Den negative samvariasjonen mellom bruksstorleik og alder for når første kvartil er 'ute av reiret' syner at det er arbeidskraftsbehovet på dei store bruka som fører til at barn flytter ut tidleg. Det tyder også på at i regionar med jamt mindre bruk blir barna verande lengre heime hos foreldra. Dette kan tyde på at ei bruksutjamning har positiv effekt på kor lenge barna er heime hos foreldra, og dess høgare grad av mangesysleri dess meir gjer ein bruk av berre familiarbeidskraft og i mindre grad barn og ungdom frå andre heimar som arbeidskraft. Dette kjem klart fram når ein samstundes ser at prosentdelen gutar i teneste er høg der gjennomsnitt bruksstorleik er stor (Pearson's R = 0.78).

7.10.1 Frå fylke til kommune. Kverv korrelasjonane?

Kva om vi forlèt fylkesnivået og flyttar oss ned på kommunenivå, vil dei strukturelle samanhengane bli mindre eller forsvinne?

Tabell 7-23 Korrelasjon målt med Persons R mellom prosentdel hushaldsoverhovud i sekundærsektor og indikatorvariablar for sosial endring. Norske kommunar 1865 og 1900.

Indikatorvariablar 1865 og 1900	Venta	Høg prosentdel sekundærnæringar		Bruksstruktur: Gjennomsnitt bruksstorleik, husdyrhald og landskyld		Folkevekst		
		Verdi 1865	Verdi 1900	Husdyrhald 1865	Land-skyld 1886	1855-1865	1891-1900	
		1865	1900	1865	1900	1865	1900	
<i>År for indikatorvariabel</i>								
Kvinner, forlate opphavsfamilien	+	0.13	0.19	-	0.04	-0.36	-0.11	0.05
Menn, forlate opphavsfamilien	+	0.11	0.01	-	-0.22	-0.53	-0.07	-0.05
SMAM kvinner	-	-0.23	-0.09	+	0.34	-0.02	-0.42	-0.37
SMAM menn	-	-0.30	-0.45	+	0.15	-0.05	-0.33	-0.33
Etableringsalder: median	-	-0.28	-0.61	+	0.12	-0.17	-0.18	-0.45
% tenestegutar	-	-0.40	-0.57	+	0.44	0.59	-0.09	-0.10
% einperson hushald	+	-0.22	0.42	-	0.29	0.27	-0.34	0.00
% einpersonhushald menn 20-29	+	-0.13	0.54	-	0.04	0.18	-0.07	0.49
MHS30	-	-0.12	-0.57	+	0.16	0.08	0.12	0.01
MHS	-	-0.04	-0.58	+	0.02	-0.20	0.21	0.19
MHS familiehushald	-	-0.17	-0.54	+	0.18	-0.09	0.11	0.33

Kjelde: KHKD6586, KHKD0086. Utelating ved manglande data: Listvis. Dei kursiverte årstala syner teljear for indikatorvariablane.

Tabell 7-23 syner samvariasjon mellom indikatorvariablar for endring av livsløp- og hushaldsmønster og prosentdel hushaldsoverhovud i sekundærsektor på kommunenivå, mellom 435 til 592 kommunar er med i populasjonen avhengig av teljetidspunkt (kursiverte årstal) og variablar. Korrelasjonen mellom indikatorvariablane og bruksstorleik målt i urevidert landskyld 1886 og dekar i 1865 er teke bort sidan ingen av desse to forklaringsvariablane syner nokon samheng i det heile på kommunenivå. Høgste korrelasjonskoeffisienten er 0.24 for urevidert landskyld og 0.19 for gjennomsnitt bruksstorleik pr. hushald målt i dekar. Generelt sterkast samvariasjon mellom indikatorvariablane og forklaringsvariablane syner sekundærsektor i 1900 og folkeveksten 1891-1900.

Følgjande kan lesast av tabell 7-23. For det første: Dess høgare prosentdel sekundærsektor i ein kommune dess lågare prosentdel mannlege tenarar. Her venta eg også negativ samvariasjon og denne er målt til -0.40 med Pearson's R i 1865. I 1900 har korrelasjonen auka til -0.57 . Giftarmålalderen for kvinner minkar med aukande sekundærsektor (-0.23 i 1865), medan denne samanhangen er sterkare for menn, særleg i 1900 (-0.45). Generelt synest likevel samanhangen mellom giftarmålalder og sekundærsektor vere svak, og i 1900 er det ingen slik samheng for kvinner. I 1900 syner etableringsalder og prosentdelen einpersonhushald der einepersonen er ein mann mellom

20-30 år sterkast samvariasjon med storleiken på sekundærsektor. Dess større sekundærsektor, dess lågare etableringsalder (-0.61) og dess fleire einpersonhushald (+0.54) i denne aldersgruppa. I 1900 er òg etablert ein samheng mellom hushaldsstorleiken og storleiken på sekundærsektor i kommunen. Aukande sekundærsektor gjev fallande hushaldsstorleik for alle tre typane. Korrelasjonskoeffisienten er mellom -0.54 og -0.58.

For dei andre variablane er samvariasjonen med sekundærsektor svært avgrensa eller heilt manglande. Giftarmålsalderen for kvinner fell med aukande storleik på sekundærsektor, men samanhengen er særst svak, -0.37. Men her vil ein demografisk faktor spele ei viktig rolle, kjønnsproporsjonen. Eg vil derfor tru at høg sekundærsektor saman med ein låg kjønnsproporsjon, dvs. overskot av menn, vil kunne senke giftarmålsalderen for kvinner. Kva faktor som størst forklaringskraft statistisk sett let seg prøve ved å samanlikne beta-verdiane for den multiple regresjonen. Den samla multiple korrelasjonen mellom giftarmålsalder og prosent sekundærsektor og kjønnsproporsjonen er 0.53. Beta-verdiane er 0.61 for kjønnsproporsjonen og -0.5 for sekundærsektor, som syner at giftarmålsalderen aukar med aukande kvinneoverskot og minkar med storleiken på sekundær- og tertiærsektor. Og sidan absoluttverdien av beta-verdien er høgst for kjønnsproporsjonen (dess høgare kjønnsproporsjon, dess større kvinneoverskot) syner det at giftarmålsalderen for kvinner er meir kjenslevar for kvinneoverskot enn storleiken på sekundær- og tertiærsektor.

I 1900 er samvariasjonen mellom indikatorvariablane betre for langt fleire variablar enn i 1865. Seks variablar peikar seg no ut med ein middels god samheng i venta lei. Dess større sekundærsektoren er i ein kommune dess lågare etableringsalder (Pearson's R -0.61), dess mindre private hushald (-0.58), etablerarhushald (-0.57) og familiehushald (-0.54) Også delen av mannlege tenarar (-0.57) er fallande med aukande sekundærsektor, og det er ein relativt høg del einpersonhushald der hovudpersonen er ein mann mellom 20-29 år (+0.54). For dei andre variablane er samhengane mindre eller ubetydelege, men i motsetning til i 1865 så er all samvariasjon som venta med to unntak. Alder for å forlate foreldreheimen har ingen korrelasjon med sekundærsektor i 1900, og heller ikkje giftarmålsalder for kvinner. Når variasjonen i livsløp- og hushaldsvariablane syner større samvariasjon med sekundærsektor i 1900 enn i 1865 er det ei rimeleg tolking at sekundærsektoren totalt sett er for liten i 1865 til å ha større utslag på livsløp- og hushaldsstruktur. Voksteren i sekundærsektor dei to siste tiåra før 1900 tyder på at kring 1900 er sekundærsektoren stor nok til å forklare variasjon i livsløp- og hushaldsmønsteret.

Tabell 7-23 syner også korrelasjon mellom variablar for bruksstruktur og indikatorvariablane i 1865 og 1900 på kommunenivå. Høgt gjennomsnittleg husdyrhald har positiv samvariasjon med giftarmålsalderen for kvinner (0.34) og prosentdelen mannlege tenarar (0.44). Korleis skal ein tolke dette? Ei muligheit er å sjå desse to variablane i samheng og i forhold til arbeidskraftsbehovet, behovet for ugifte kvinner til fjøsstell (budeier), samstundes som den mannlege arbeidskrafta er viktig i høve til førsanking. Databasen syner høgt gjennomsnittleg husdyrhald på Nordvestlandet, nordlege delar av Austlandet (skogsbygder, fjellbygder) og i Nord-Trøndelag. Med eit stramt tilbod på gardsbruk og plassar og få andre typar levebrød kan vi tolke desse samhengane som

eksempel på det europeiske giftarmålsmønsteret.⁴⁶⁹ Stram levebrødsmarknad og samstundes etterspurnad etter tenestefolk skubar giftarmålsalderen opp og unge folk blir verande lenger i teneste.

Derimot er det sterkare samvariasjon mellom storleiken på den reviderte skylda i 1886 og indikatorvariablane i 1900 enn for bruksstruktur målt i husdyrhald. Ein bruksstruktur der den gjennomsnittlege bruksstorleiken er låg varierer negativt med når barna forlèt foreldreheimen, særleg gjeld dette gutar, dess gjennomsnittleg mindre bruk, dess lengre blir gutane verande heime. Korrelasjonen er -0.53 . Det same gjeld prosentdelen tenestegutar i høve til alle menn, dess mindre bruk, dess færre tenestegutar, og omvendt: Dess gjennomsnittleg større bruk dess fleire tenestegutar. Denne korrelasjonen mellom bruksstorleik og prosentdel mannlege tenarar er på 0.59 i 1900. Dette synest rimeleg. I kommunar store gardar er behovet for tenestehjelp stor, der gardane er mindre og jamstore er fleire hushald sjølvforsynte med arbeidskraft.

Dei to siste kolonnane i tabell 7-22 syner høvet mellom folkeveksten og indikatorvariablane. Generelt synest samanhengane vere noko sterkare i 1900 enn i 1865. I 1865 er det berre giftarmålsalderen for kvinner (-0.42) og prosentdelen einpersonhushald (-0.37) som syner ein viss samvariasjon på kommunenivå. I 1900 er samanhengane fleire: Både giftarmålsalder for kvinner og menn og etableringsalderen er følsam for folkeveksten. Dess sterkare folkevekst, dess lågare giftarmålsalder. Og særleg prosentdelen einpersonhushald, som i 1900 også på kommunenivå samvarierer positivt med folkeveksten (0.49). Det synest rimeleg å tolke både sterk folkevekst, lågare giftarmålsalder og etableringsalder som resultat av det same; dynamisk økonomisk vekst.

Dersom vi ser alle variablane i samanheng er det tre variablar som merkar seg ut som følsame for forklaringsvariablane: Giftarmålsalderen for kvinner, prosentdelen tenestegutar og prosentdelen menn 20-29 år i einpersonhushald. Særleg i 1900 synest det å vere ein samanheng: Giftarmålsalderen fell med storleiken på sekundærsektor og aukande folkevekst. Motsett færre tenestegutar dess større sekundærsektor og folkevekst. Og fleire menn i alderen 20-29 år som einepersonar ser ut til å følgje med aukande sekundærsektor og aukande folkevekst. For desse tre indikatorvariablane er det altså ein viss samanheng som gjev argument for at den økonomiske modellen har forklaringskraft. Men det er verdt å merkje seg at samanhengane er svake og at dei først og fremst er synlege i 1900. Grunnen kan vere at sekundærsektor rett og slett er for liten i 1865 til å ha større innverknad på livsløp- og hushaldsmønsteret. Ved t.d. å isolere industribygdene er det større samvariasjon på kommunenivå mellom storleiken på sekundærnæringane og livsløp- og hushaldsvariablane i industribygdene også i 1865.

Om ein avgrensar talmaterialet på regionsnivå og måler samanhengane på kommunenivå trer nokre fleire korrelasjonar fram. Det er òg ein sterk samanheng mellom bruksstorleik målt i kornproduksjon og særleg livsløpsvariablane i skogsbygder i 1865. I skogsbygder med relativt store korngardar, kan det sjå ut som arbeidskraftsbehovet blir dekkja gjennom å halde borna lenger heime, samtidig som ein mindre grad baserer produksjonen i hushaldet på mannlege tenestefolk, samtidig som etableringsalderen er låg. Dvs. barna blir verande lenge heime, det er få tenarar og tidleg etablering i skogsbygder

⁴⁶⁹ Det europeiske giftarmålsmønster Hajnal: 1965 og det nordvest-europeiske hushaldssystem Hajnal: 1983.

med store kornbruk. Dette kan tyde på spesialisering, satsing på kornproduksjon på dei største bruka, samtidig som unge menn skaffar seg levebrød gjennom skogsdrifta.

7.11 Oppsummering

Dette kapitlet er langt og analysen har vore omfattande og flytt seg frå nivå til nivå. Eg synest at ei fyldig oppsummering er naudsynt. I dette kapitlet har eg prøvd seks endringsindikatorar i høve til den økonomiske modellen. Indikatorane på endring av hushald og livsløp var:

1. Minkande hushaldsstorleik, generelt, og for etablerarane
2. Aukande tal einslege, både unge og eldre. Framveksten av einpersonhushaldet.
3. Færre mannlege tenarar, kvinneleg teneste blir husstell
4. Fallande giftarmålsalder
5. Fallande etableringsalder
6. Endring i timing av livsløpsovergangen 'Forlate opphavsfamilien'

Bortfallet av produksjonsfunksjonen blei dekomponert på to måtar: Først ved regionalisering av kommunar etter hovudnæring der ein venta størst endring i regionar med variert levebrødsmarknad og der primærnæringane stod svakt, dvs. byar, industribygder og sjøfartsbygder. Fiskeribygdene og skogsbygdene var venta ville stå i ein midtstilling, fjellbygdene og flatbygdene skulle syne minst endring. Deretter ved etablering av eit sett av økonomiske forklaringsvariablar; storleiken på sekundær- og tertiærsektor, bruksstorleik og andre produksjonsvariablar, og i tillegg ein demografisk variabel, folkevekst i perioden før måletidspunkta.

I kva grad kunne endring i desse indikatorvariablane skuldast bortfallet av hushaldet sin produksjonsfunksjon, både sett i høve til dei økonomiske regionane og i høve til dei økonomiske og demografiske variablane?

Frå 1801-1900 fell den gjennomsnittlege hushaldsstorleiken (alle hushald) mest i fjellbygdene, nest mest i sjøfartsbygder og flatbygder, minst i industribygdene. Det kan vere ulike forklaringar på dette. For det første kan det tyde på at vi må forkaste den økonomiske forklaringsmodellen m.o.t. fallande hushaldsstorleik. Men byar, industribygder og sjøfartsbygder hadde i utgangspunktet (1801) dei minste hushalda. Det kan tyde på at perioden 1801-1900 berre er slutten på ein prosess som har teke til i byar, industribygder og sjøfartsbygder før 1801, og perioden 1801-1865 er hovudfasen for same prosess i fjell- og flatbygdene. Om ein ser bort frå 1865 og samanliknar status i 1800 og 1900 høver den økonomiske forklaringsmodellen betre; dei minste hushalda er lokalisert til regionane byar, sjøfartsbygder og industribygder.

Av dei økonomiske og demografiske forklaringsvariablane synte berre storleiken på sekundær- og tertiærsektor samvariasjon på det lågaste nivået (kommunar) med den generelle hushaldsstorleiken og med hushaldsstorleik for familiehushald. Korrelasjonen var negativ; dess større sekundærsektor, dess mindre hushald, men dette var berre signifikant på kommunenivå i 1900. Dei andre forklaringsvariablane, bruksstruktur og folkevekst, synte ingen klar samanheng med hushaldsstorleiken på det lågste nivået. På høgare aggregeringsnivå synte det seg ein svak positiv samanheng mellom folkevekst og

hushaldsstorleik i tiårsperioden før 1865, men negativ i tiårsperioden før 1900. Dette tyder på at den demografiske ekspansjonen frå 1840-talet får plass innfor den eksisterande hushaldsstrukturen, medan veksten i andre siste del av 1800-talet til ein viss grad har ein fragmenterande verknad.

I kva grad gjev endringar i etableringshushaldet ein betre indikasjon på at funksjonsbortfallet styrer hushaldsstorleiken? Den regionale fordelinga av gjennomsnitt hushaldsstorleik for etablerarane syner større samsvar med forklaringsmodellen, dei minste etablerarhushalda var i heile perioden i byar, sjøfartsbygder og industribygder. Men igjen kiler fjellbygdene seg mellom, og særleg gjeld dette i 1865.

Etablerarhushaldet, målt med gjennomsnitt hushaldsstorleik for hushaldsoverhovud i alderen 28-32 år synte liknande mønster som for den generelle hushaldsstorleiken, men etablerarhushaldet var meir kjenslevert overfor storleiken på sekundærsektor (i 1900), men om lag likt i høve til folkevekst. Bruksstruktur synte lite eller ingen samanheng med storleiken på etablerarhushaldet.

Framveksten av einpersonhushaldet har blitt sett på som ein klar "moderniseringsindikator".⁴⁷⁰ I 1801 er det særst få einpersonhushald, medan det mot 1865 har skjedd ein sterk vokster i talet på einpersonhushald. Særleg sterk har denne voksteren vore i fjellbygdene. Først i 1900 står byar og industristader for ein stor del av einpersonhushalda. På overflata kan dette sjå ut som om den økonomiske forklaringsmodellen må forkastast, i den tidlege fasen er ikkje einpersonhushaldet eit reint by-fenomen, framveksten er sterkare i fjellbygdene enn i byane. Derimot fram mot 1900 var veksten i delen av einpersonhushaldet sterkast i byar og industristader.

Einpersonhushaldet vart målt med to indikatorvariablar i høve til forklaringsvariablane; a) Prosentdel einpersonhushald i høve til alle hushald og b) Prosentdelen av einpersonhushald der einpersonen er ein mann i aldersgruppa 20-29 år i høve til alle einpersonhushald. På fylkesnivået synte to forklaringsvariablar negativ samvariasjon i 1865, bruksstorleik målt i dekar dyrkingsjord pr. hushald og folkeveksten. Dess mindre bruk i dekar, dess større prosentdel mannlege einpersonhushald i aldersgruppa 20-29 år, og dess større folkevekst dess større prosentdel einpersonhushald generelt. I 1900 var denne samanhengen snudd; dess større folkevekst dess fleire mannlege einpersonhushald, og i 1900 er det også positiv samvariasjon mellom storleiken på sekundær- og tertiærsektor og einpersonhushald. På det lågaste nivået, kommunenivået, er det berre storleiken på sekundær- og tertiærsektor og folkeveksten i 1900 som syner positiv korrelasjon med einpersonhushaldet. Dei andre samanhengane observert på høgare nivå smuldrar til dels opp.

Mannlege tenarar blir ein saga blott – hevdar Sølvi Sogner. Reduksjonen i delen av mannlege tenarar blir sett i samanheng med frigjeringa frå stengsler sett av ætt, eigedom og privileg. Analysen har nyansert Sogner sin påstanden, og den viser at færrest hushald med mannlege tenarar finn vi i byar, industribygder og sjøfartsbygder. Her synest vere ein klar samanheng mellom økonomi og delen hushald med mannlege tenarar. Men i einsidige jordbruksbygder held tenesteinstitusjonen betre stand enn i regionar med meir variert næringsstruktur. Og dette forhold gjeld menn, ikkje for kvinner.

⁴⁷⁰ NOS V No 4:1906, s. 121. NOS II C No. 1:1882, s. 34-35 og Dyrvik: 1986, s. 34-36.

Prosentdelen manlege tenarar syner ein svak negativ samvariasjon med folkevekst på eit høgt aggregeringsnivå (regionar). Noko sterkare er den negative samvariasjonen med storleiken på sekundær- og tertiærsektor, både i 1865 og i 1900. I 1900 er det også på det regionale nivået god positiv korrelasjon mellom bruksstorleik og prosentdel manlege tenarar; dess større bruk, dess fleire manlege tenarar. På lågare aggregeringsnivå synest framleis samanhengen mellom sekundærsektor (-) og bruksstorleik både målt i tal kyr (omrekna) og i skyld (+) å halde seg. Inga stor overrasking, store bruk og mange tenestegutar. Kanskje noko overraskande er det at det er ein positiv samanheng mellom mekanisering og manlege tenarar. Men t.d. Sommestad gransking av meieriverksemda i Sverige har synt korleis mekanisering maskuliniserer ei tidlegare kvinnedominert næring.⁴⁷¹ Det kan tyde på at på flatbygdene og i industribygdene der mekaniseringa er sterkast (jf. tabell 7-18) ikkje medfører frigjeving av arbeidskraft, men etterspurnad etter mannleg arbeidskraft til tradisjonelt sett kvinnearbeid. Dersom denne konklusjonen er held vatn vil det snu opp ned på den tradisjonelle førestillinga om mekanisering og arbeidskraft i jordbruket. Sjølv på det lågaste nivået (kommunar) smuldrar **ikkje** samanhengen mellom manlege tenarar og sekundær- og tertiærsektor og bruksstorleik opp. Tendensen er at mangel på sekundær- og tertiærsektor kombinert med store brukseiningar målt i skyld og husdyrtal etterspør mannleg arbeidskraft i form av tenarar.

I det gamle bondesamfunnet var livsløpet prega av ein lang "ung-vaksen" fase, ein forlèt foreldreheimen tidleg, men ein etablerte seg samtidig også relativt seint. Industrisamfunnet endra dette ved at barna vart verande heime lenger, og opne industriporter senka alderen for familieetablering i følgje Frønes og Brusdal.⁴⁷² I kva grad kan endring i dei tre livsløpsovergangane frå ein forlèt foreldreheimen til ein sjølv etablerar hushald setjast i samanheng med endringa i produksjonsforholda? Det mest interessante er om barn blir verande lenger heime i byar, sjøfartsbygder og industribygder mot slutten av hundreåret. Komparasjonen av dei sju økonomiske regionane synte at i 1801 forlèt gutar opphavsfamilien tidlegast i fiskeribygd, byar og flatbygder, medan i 1900 forlèt gutar opphavsfamilien tidlegast i flatbygder, skogsbygder og fjellbygder. Gutane blei i 1900 verande lengst heime i byar, industribygder, fiskeribygd og sjøfartsbygder. Dette gjev stønad til den økonomiske forklaringsmodellen om ein legg vekt på når første fjerdedel av eit kull har forlate opphavsfamilien. Men dersom ein i staden nyttar 2. kvartil (median), dvs. når kring halvparten av eit kull er utanfor foreldreheimen blir dette biletet omsnudd. Og til slutt, dersom ein brukar aldersspreiing som indikator, dvs. at eit kort aldersintervall tyder på "standardisering" er det igjen byane, industribygdene og sjøfartsbygdene som har klart mest "standardisert" timing av denne livsløpsovergangen. Uansett det mest karakteristiske trekket er likevel ei sterk auke i alderen for når barn forlèt foreldreheimen, generelt blir barna verande lenger heime i "reiret" utetter 1800-talet.

Kan dei økonomiske forklaringsvariablane i større grad forklare korleis og kvifor dette skjer? På det høgste aggregeringsnivået (regionar) synest det ikkje vere nokon klar samanheng mellom forklaringsvariablane og når barna forlèt "reiret". Unntaket er i 1900 der små bruk fører til at barna blir verande heime lenger – dess mindre bruk, dess lenger

⁴⁷¹ Sommestad: 1992

⁴⁷² Frønes og Brusdal: 2000, s. 42. Sjå også innleiingskapittelet (kap. 1)

heime. På lågare aggregeringsnivå (fylke) og for 1900 kjem nye samanhengar fram: Dess høgare grad av mekanisering og dess større bruk (målt i landskyld), dess tidlegare forlèt barna foreldreheimen, og særleg gjeld dette menn. Dette må sjåast i samanheng med etterspurnaden av manlege tenarar, som synte same type samvariasjon. Samstundes er det interessant at storleiken på sekundær- og tertiærsektor har ingen eller lite forklaringskraft i høve til når barna forlèt foreldreheimen. Dette kan også vere ein indikasjon på at den økonomiske forklaringsmodellen har liten forklaringskraft i høve til denne endringa i åtferd. Denne manglande samanhengen med dei økonomiske forklaringsvariablane kan tale for den politisk-kulturelle forklaringsmodellen, kulturspreiing. Dette spørsmålet blir følgd opp i neste kapittel.

Alderen for å etablere familie målt ved giftarmålsalder for menn syner liten endring gjennom heile perioden, men eit visst fall i byar og industribygder etter 1865. Desse to regionane er dei einaste med ein giftarmålsalder ved førstegongs giftarmål (SMAM) for menn som er under 28 år.

Det er ein lang forskningstradisjon for å gjere giftarmålsalder og giftarmålshyppigheit kjenslevar for korte og lange økonomiske endringar.⁴⁷³ Den regionale komparasjonen synte at giftarmålsalderen var relativt stabil gjennom store delar av hundreåret, med unntak av siste tiåra før hundreårsskiftet. Korrelasjonsanalysen gav ein litt anna bilete. På regionsnivået synte giftarmålsalderen både for menn og kvinner negativ samvariasjon med storleiken på sekundær- og tertiærsektor; dess større del sekundær- og tertiærsektor, dess lågare giftarmålsalder. På lågare nivå (fylke og kommune) endra denne samanhengen karakter. Særleg giftarmålsalderen for menn var kjenslevar for storleiken på sekundær- og tertiærsektor på slutten av hundreåret. Dess større del primærnæringar, dess høgare giftarmålsalder. Giftarmålsalderen var og lågare der folkeveksten var sterk. Kvinnene sin giftarmålsalder derimot synte sterkare samanheng med bruksstruktur, dess større bruk målt både i skyld og produksjonstal for fedrift og jordbruk, dess høgare giftarmålsalder. For menn kan ikkje ein slik samanheng observerast. I sum: Menn sin giftarmålsåtferd er i sterkare grad knytt til endringane i sekundær- og tertiærsektor enn kvinnene, medan kvinnene sin giftarmålsåtferd er i større grad knytt til primærnæringane ved å syne samvariasjon med bruksstrukturen, store bruk gjev høg giftarmålsalder. Indirekte syner også dette samanheng med næringsstrukturen, ved at store bruk er karakteristisk for sentrale jordbruksregionar.

Alder for å etablere hushald målt ved etableringsalder for menn syner langt sterkare regional variasjon enn giftarmålsalderen. Både absolutt og relativt fell alder for hushaldsetablering sterkast i byar og industribygder. I 1900 var etableringsalder for menn heile 2.5 år lågare i industribygder og byar enn i fiskeribygder og fjellbygder. Dermed kan ein trygt konkludere med at hushaldsetablering varierer i samsvar med den økonomiske modellen.

Åtferd ved hushaldsetablering, målt ved median alder ved etablering av hushald syner liknande tendens som giftarmålsalderen for menn. Dei økonomiske variablane med sterkast forklaringskraft er næringsstruktur: Dess større sekundær- og tertiærsektor, dess lågare etableringsalder. Sterk folkevekst heng og saman med låg etableringsalder. Dette er

⁴⁷³ Jamfør kapittel 2 og kapittel 5.

ein ny indikasjon på samanhengen mellom ein dynamisk og ekspansiv levebrødsmarknad og fallande alder for etablering av hushald. Den økonomiske forklaringsmodellen ser ut til å gje meining til mønstra.

Generelt synest samanhengane seg mest tydeleg på eit høgt aggregert nivå, på fylkesnivået. Samanhengen mellom sekundærsektor blir sterkare mot 1900, og det same gjeld bruksstrukturen. I 1865 og særleg dess lågare aggregeringsnivå blir dei fleste samanhengane oppløyse eller blir særsvake. Analysen tyder på at sekundærsektor må nå eit relativt høgt nivå eller vere avgrensa til industribygdene før den gjer seg gjeldande som endringskraft i høve til livsløp og hushaldsmønster i 1865.

Kapittel 8

Kulturspreiing og politisk gravitasjon

Målet for dette kapittelet er å teste endringane i hushaldsstruktur og livsløpsmønster mot kulturdiffusjonsmodellen; kulturspreiing langs aksar frå det politisk-kulturelle sentrum mot periferien. På 1800-talet voks Christiania frå å vere ein småby med kring 9000 innbyggjarar i 1801 til ein storby med over 200000 innbyggjarar i 1900. Utetter 1800-talet etablerte Kristiania seg som senter for nær alle landsomfattande organisasjonar, private og offentlege, statlege institusjonar og politiske organ. Med få unntak vart nettverket av alle organisatoriske trådar i landet samla i Kristiania. Og medan straumen av folk gjekk mot byane, og særleg Kristiania, gjekk dei kulturelle, nasjonsbyggjande impulsane andre vegen, mot folkestraumen. Skulen, historiefaget, organisasjonane, partia, rørslene, avisene, dei nye kommunikasjonslinjene førte "verda" og det "moderne" ut i til folket på bygdene. I hamskifte-litteraturen, omtalt i kapittel 6, er det lagt vekt på aukande integrasjon mellom by og land, pengehushaldet fekk innpass på landsbygda, landsbygda vart urbanisert sosialt, kulturelt og økonomisk. Krokann meiner at t.d. rallarane, som bygde jarnbane og vegar, førte inn nye kulturelle impulsar og nye sosiale normer. Og der rallarane kom, drog dei nokre av bygda sin eigen ungdom med seg til nye stader, og nokre rallarar vart verande i bygda, fanga av ei fager jente. Dei nye og forbetra kommunikasjonslinjene spreidde både folk, varer, tenester og tankar. Harmonisering, integrasjon og etteraping, men ikkje heilt utan konflikt og polarisering, karakteriserer dei kulturelle og politiske prosessane på 1800-talet. Hovudpoenget i dette kapittelet er å prøve om også desse omgrepa karakteriserer endringane i hushaldsstruktur og livsløpsmønster. Følgjer endringane aksen frå sentrum mot periferi? Er endringane best karakterisert som harmonisering og uniformering ved at regionale skilnader forsvinn? Dette er dei overordna spørsmåla når eg no vil granske endringane av dei seks indikatorvariablane:

1. Minkande hushaldsstorleik
2. Aukande tal einslege, både unge og eldre.
3. Færre mannlege tenarar
4. Endring i "timing" av livsløpsovergangen 'Forlate opphavsfamilien'
5. Fallande giftarmålsalder

Desse endringsindikatorane vil eg prøve langs ein sentrum-periferi akse som er definert med fem politisk-kulturelle regionar:

1. Indre sentrum
2. Ytre sentrum
3. Kyst og ytre bygder
4. Dalar, fjell og indre fjord
5. Den nordlegaste landsdelen

Regionsinndelinga for politisk-kulturelle regionar og problem kring denne er drøfta i kapittel 6. I førre kapittel vart det gjort greie for den økonomiske status i dei økonomiske regionane. Ein tilsvarande for status og utvikling i dei politisk-kulturelle regionane er langt meir vanskeleg å gjere greie for. Produksjon og eksport kan målast i dalar og skilling, men

politiske vedtak, kulturell overføring og kulturdiffusjon let seg sjeldan lese av direkte i statistikkar. På grunnlag av utgreiinga i kapittel 5 og 6 vil eg foreslå følgjande faseinndeling:

1. Fram til 1814. Det politiske, kulturelle og intellektuelle sentrum var København. Dei tre største norske byane, Trondhjem, Bergen og Christiania var likestilte og danna regionale sentre.
2. Etter 1814 og særleg frå 1830-talet. Christiania veks fram som det politiske, demografiske og økonomiske tyngdepunktet. Universitet frå 1811.
3. Frå om lag 1840: Forsøk på sterkare integrasjon og danning av den "rå" bondekulturen. Det politiske sentrum med borgarleg, urban kultur dannar malen. Nasjonen skal byggjast. Organisasjonar og kommunikasjonar veks fram og bind landet saman på ein ny måte.

Felles for heile perioden er at det politiske og kulturelle tyngdepunktet, Christiania/Kristiania, aukar si gravitasjonskraft. Konsekvensane av denne utviklinga er framstilt i figur 5-2. Konvergens, integrasjon, harmonisering, uniformering, konsensus er merkelappar vi kan setje på historikarane si framstilling av dei kulturelle og politiske utviklingstrekk i perioden. Kanskje noko overraskande sidan kløfter ("cleavages"), motsetnader og kulturkamp også pregar framstillingane, jf. kapittel 5. Siktemålet med dette kapittelet er å prøve om endringane i hushalds- og livsløpsmønster òg kan beskrivast med omgrep som konvergens og uniformering.

8.1 Hushaldsstorleik: Alle hushald og familiehushald

I kva grad følgjer fallande hushaldstorleik sentrum-periferi aksene? Tidlegare har eg vore inne på Sølvi Sogner og Lisbeth Higleys generaliseringar omkring fenomenet hushaldsstruktur og -storleik og kulturspreiingsmodellen. Sogner hevdar at oppløysinga av dei store fellehushalda i eit brukarhushald og eit kårhushald følgjer sentrum-periferiaksen. "I Rendalen ser det ut til at fellehusstand mellom kårfolk og ungfolk var vanligere ved midten av 1700-talet enn det ble rundt 1800."⁴⁷⁴ Dersom ein hadde råd og krefter til å føre to hushald var dette norma. Og trenden gjekk mot deling, separate hushald, for foreldre og ungfolket på garden. Sogner referer til Eli Fure si gransking av fleirgenerasjonsfamiljar i Asker og Bærum frå tidleg 1800-tal⁴⁷⁵, og konkluderer med at trenden har kome lenger i sentrale områder som Bærum og Asker enn i Rendalen som ligg perifert, øvst i Østerdalen. Denne delinga bør har tre utslag: 1) Generell nedgang i hushaldsstorleik 2) Særleg nedgang i storleik for etablerarhushaldet og 3) Auke i talet på 1- og 2-personshushald for eldre folk. I kva grad skjer det ei endring for desse tre variablane for hushaldsstorleik langs sentrum-periferi aksane?

Først for alle private hushald, fell hushaldsstorleiken og korleis? Hushaldsstorleik er målt på to måtar; Gjennomsnitt for alle private hushald og gjennomsnitt for

⁴⁷⁴ Sogner: 1990, s. 79.

⁴⁷⁵ Fure: 1986b, s. 16-34. Ei tilsvarande dansk gransking for perioden 1787-1801 syner liknande resultat. Berre halvparten av eldre med gifte barn budde saman med nokon av dei gifte bama. Johansen: 1976, s. 142-142.

familiehushald, hushald med 2 eller fleire personar. Ved å kontrollere for endring i storleiken på såkalla familiehushald kan vi undersøkje i kva grad hushaldsstorleiken endrar seg utanom etablering av nye 1-personhushald.

Tabell 8-1 Gjennomsnitt storleik for familiehushald og alle private hushald fordelt etter politisk-kulturelle regionar. Norge 1801

Regionar	Familiehushald			Alle private hushald		
	Gj.snitt	St.avvik	Antall	Gj.snitt	St.avvik	Antall
Indre sentrum	5.28	2.51	19663	5.23	2.53	19901
Ytre sentrum	5.19	2.54	35393	5.14	2.57	35821
Kyst og ytre bygder	5.30	2.35	41821	5.25	2.38	42358
Dalar, fjell og indre fjord	5.63	2.63	51255	5.58	2.66	51811
Den nordlegaste landsdelen	5.71	2.76	11452	5.69	2.77	11508
Totalt	5.41	2.54	159584	5.36	2.57	161399

Kjelde: KSH1801

Tabell 8-1 syner gjennomsnitt storleik for familiehushald og alle private hushald i 1801 fordelt etter dei fem regionane som dannar sentrum-periferi aksene. For begge måltala er skilnadene små. Hushaldsstorleiken er omlag lik i 'Indre sentrum', 'Ytre sentrum' og i 'Kyst og ytre bygder', maksimumsskilnaden er 0.11 personar. Noko større er hushalda i 'Dalar, fjell og indre fjord' og i 'Den nordlegaste landsdelen', men gjennomsnittet er kring 0.4 personar større. Standardavviket syner at hushalda varierer relativt mykje i storleik. Eg må derfor konkludere med at sentrum-periferi aksene ikkje har forklaringskraft på variasjonen i 1801, og det er kanskje ikkje overraskande sidan aksene først og fremst blir "aktivisert" på 1840-talet (jf. diskusjonen av Hamskiftet i kapittel 6)

Derfor blir det spennande å sjå om vi finn skilnader og endringar langs aksene i 1865.

Tabell 8-2 Gjennomsnitt hushaldsstorleik for familiehushald og alle private hushald og fordelt i politisk-kulturelle regionar. Norge 1865

Regionar	Familiehushald			Alle private hushald		
	Gj.snitt	St.avvik	Antall	Gj.snitt	St.avvik	Antall
Indre sentrum	5.33	2.50	45601	5.14	2.60	47725
Ytre sentrum	5.23	2.49	63256	4.90	2.65	68625
Kyst og ytre bygder	5.25	2.41	93227	4.96	2.56	100084
Dalar, fjell og indre fjord	5.14	2.51	92063	4.64	2.72	104855
Den nordlegaste landsdelen	5.67	2.68	23727	5.36	2.84	25426
Totalt	5.26	2.49	317874	4.90	2.66	346715

Kjelde: KSH1865

Tabell 8-2 syner gjennomsnitthushaldsstorleik for familiehushald (hushald med 2 eller fleire medlemmer) og alle private hushald i sentrum og aukande periferi. Igjen er hovudintrykket at dei politisk-kulturelle regionane ikkje dannar skiljelinjer i hushaldsorganisasjonen målt med storleik. Gjennomsnitt hushaldsstorleik for familiehushald ligg nært kring snittet i alle regionane, med unntak av 'Den nordlegaste

landsdelen'. Dels gjeld dette også for gjennomsnittet for alle hushald, unntaket er 'Dalar, fjell og indre fjord' som har 0.36 personar færre enn snittet, og 'Den nordlegaste landsdelen' med 0.46 personar meir enn snittet. Frå kapittel 7 veit vi at for regionen 'Dalar, fjell og indre fjord' er det særleg fjellbygdene som dreg snittet nedover. Og for begge måltala har ikkje 'Indre sentrum' det lågaste snittet, og igjen må vi konkludere med at aksens sentrum-periferi og hushaldsstorleik ikkje syner noko samsvar i retning av aukande snitt frå sentrum mot periferi.

Så langt ser kulturell ulikskap og kulturspreiing ut til å ha liten forklaringskraft i høve til variasjon i hushaldsstorleik. Tala, samanfallande snitt og stort standardavvik tyder på at variasjonen innafor gruppene er like stor/liten som mellom gruppene. Men kanskje er det slik at kulturdifusjonsmodellen først og fremst har forklaringskraft i siste del av hundreåret. I 1900 har hamskiftet virka i 60 år. I kva grad varierer hushaldsstorleik i samsvar med aksens i 1900?

Tabell 8-3 Gjennomsnitt hushaldsstorleik for familiehushald og alle private hushald fordelt i politisk-kulturelle regionar. Norge 1900.

	Familiehushald			Alle private hushald		
	Gj.snitt	St.avvik	Antall	Gj.snitt	St.avvik	Antall
Indre sentrum	4.87	2.42	95603	4.34	2.61	110872
Ytre sentrum	5.02	2.45	79583	4.62	2.62	88426
Kyst og ytre bygder	5.02	2.43	116418	4.68	2.58	127130
Dalar, fjell og indre fjord	5.12	2.52	90291	4.64	2.71	102218
Den nordlegaste landsdelen	5.61	2.53	41205	5.43	2.64	42881
Totalt	5.07	2.47	423100	4.65	2.64	471527

Kjelde: KSH1900

Tabell 8-3 syner same talmateriale som i tabell 8-1 og 8-2, men for 1900. Både for familiehushald og for alle hushald aukar snittet frå sentrum mot periferi. Familiehushalda i 'Indre sentrum' er 4.87 personar, og snittet aukar til 5.61 i 'Den nordlegaste landsdelen'. Ser vi på kolumna for alle private hushald så er skilnadene mellom sentrum og periferi endå større, i 'Indre sentrum' er snitthushaldet på 4.34 personar, i 'Den nordlegaste landsdelen' 5.43. Dei tre andre regionane, 'Ytre sentrum', 'Kyst og ytre bygder' og 'Dalar, fjell og indre fjord' har alle snitt som ligg nær totalen på 4.65 personar. I 1900 er det eit visst samsvar mellom modellen og variasjonen i hushaldsstorleik. Skilnadene er ikkje store, variasjonsbreidda er stor og 'Ytre sentrum' skil seg ikkje frå regionane 'Kyst og ytre bygder' eller 'Dalar, fjell og indre fjord'.

Likevel må vi tru at modellen fangar opp ein endringsfaktor, men den er ikkje spesielt tydeleg for hushaldsstorleik. Modellen fangar ikkje opp klare endringstrekk før 1865, men noko tydelegare samsvar fram mot 1900. Eg vil derfor konkludere med at for variasjon i hushaldsstorleik er kulturspreiingsmodellen underordna som forklaringsmodell. Kapittel 7 synte at variasjon i hushaldsstorleik i langt større grad er knytt til variasjon i produksjonsøkonomi.

Men kva med endringane over tid? Fangar kulturspreiingsmodellen betre opp endringane over tid?

8.1.1 Endring over tid

Mellom 1801 og 1900 fell den gjennomsnittlege hushaldsstorleiken frå 5.36 personar til 4.65 personar. Er fallet i hushaldsstorleik sterkare i sentrum enn i periferien?

Tabell 8-4 Gjennomsnitt hushaldsstorleik alle private hushald fordelt i politisk-kulturelle regionar. Endring i absolutte tal og prosent. Norge 1801, 1865 og 1900.

Regionar	Gjennomsnitt hushaldsstorleik			Endring 1801, 1865 og 1900 ⁴⁷⁶			
	1801	1865	1900	Endrings-	Endrings-	Endring	Prosent
				rate	-rate		
				1865 -	1900 -	1900 -	1801 1900
				1801	1865	1801	
Indre sentrum	5.2	5.1	4.3	-0.1	-2.3	-0.9	-17 %
Ytre sentrum	5.1	4.9	4.6	-0.4	-0.8	-0.5	-10 %
Kyst og ytre bygder	5.3	5.0	4.7	-0.4	-0.8	-0.6	-11 %
Dalar, fjell og indre fjord	5.6	4.6	4.6	-1.4	0.0	-0.9	-17 %
Den nordlegaste landsdelen	5.7	5.4	5.4	-0.5	0.2	-0.3	-5 %
Totalt	5.4	4.9	4.7	-0.7	-0.7	-0.7	-13 %

Kjelde: KSH1801, KSH1865, KSH1900

Tabell 8-4 syner gjennomsnitt hushaldsstorleik for alle private hushald i 1801, 1865 og 1900. Tabellen syner også endringane mellom dei tre tidspunkta, mellom 1801 og 1865, mellom 1865 og 1900 og tilslutt mellom 1801 og 1900. Siste kolonne syner endringa mellom 1801 og 1900 i prosent. Totalt fell hushaldsstorleiken med 0.7 personar i perioden eller med 13%. Størst endring finn vi i 'Indre sentrum' og i 'Dalar, fjell og indre fjord', altså i sentrum og i ein av dei mest perifere periferi-regionane. I 'Dalar, fjell og indre fjord' fell hushaldsstorleiken med -0.9 personar (-1.4 pr. 100 år) i perioden 1801-1865. I 'Indre sentrum' fell hushaldsstorleiken i perioden 1865-1900 med -0.8 personar (-2.3). I absolutte tal er fallet på 0.9 personar både i sentrumsregionen og i periferien, eller 17%, for heile perioden. I dei andre regionane er fallet mindre, kring 0.5 personar. I 'Den nordlegaste landsdelen' er hushaldsstorleiken er tilnærma stabil i perioden. Om vi jamfører med tabell 7-4 kan vi slutte at det er fjellbygdene av 'Dalar, fjell og indre fjord' der fallet er størst.

Igjen må vi konkludere med at diffusjonsmodellen heller ikkje i stor grad syner samsvar med endringane over tid, endringane er størst i ein av sentrumsregionane og ein av periferiregionane.

Eit problem kan vere det høge aggregeringsnivået og at endringar ikkje let seg så lett avspegle i den gjennomsnittlege hushaldsstorleiken. Derfor flyttar vi no brennpunktet til etablerarhushaldet. I kva grad er diffusjonsmodellen god når det gjeld unge menneske i etableringsfasen? Kanskje er dei unge nyetablerarane meir påverkelege for nye impulsar og nye idear?

⁴⁷⁶ Endring for periodane 1801-1865 og 1865-1900 er målt i endringsrate = endring pr. 100 år. Fallet på -0.9 personar i 65 år målt pr. 100 år er lik -1.4 personar, og fallet i 'Indre sentrum' på -0.8 personar på 35 år tilsvarar eit fall pr. 100 år lik -2.3 personar. Dei to kursiverte kolonnane syner endringsrata, endring pr. 100 år, medan den kolonnen for endringane perioden 1801-1900 syner den absolutte endringa. Dermed er kan endringane jamførast direkte.

8.2 Etablerarhushaldet

Sogner fann ut at trenden frå slutten av 1700-talet og i første del av 1800-talet var at fleirgenerasjonsfamiliane blei mindre vanleg, og dette vil føre til at etablerarhushaldet blir mindre. I kva grad er dette tilfelle? Og i kva grad skjer endringa langs sentrum-periferi aksen?

Tabell 8-5 Etablerarhushaldet i politisk-kulturelle regionar i 1801, 1865 og 1900. Gjennomsnitt hushaldsstorleik for alle private hushald der hovudpersonen er i alderen 28-32 år.

Regionar	Gjennomsnitt hushaldsstorleik			Endring 1801-1900 ⁴⁷⁷			
	1801	1865	1900	Endrings -rate 1801 – 1865	Endrings -rate 1865- 1900	Endring 1801- 1900	Prosent endring 1801 1900
Indre sentrum	4.8	4.5	3.8	-0.5	-1.9	-1.0	-20 %
Ytre sentrum	4.8	4.4	4.2	-0.6	-0.4	-0.6	-12 %
Kyst og ytre bygder	5.0	4.4	4.4	-0.9	-0.1	-0.7	-13 %
Dalar, fjell og indre fjord	5.2	4.1	4.4	-1.8	1.1	-0.8	-15 %
Den nordlegaste landsdelen	5.1	4.7	4.7	-0.6	0.0	-0.4	-8 %
Totalt	5.0	4.3	4.2	-1.0	-0.3	-0.8	-16 %

Kjelde: KSH1801, KSH1865, KSH1900

Tabell 8-4 syner endring i hushaldsstorleik for etablerarhushaldet, definert som hushald der hovudpersonen er mellom 28-32 år. Eit utval berre basert på alder er ei grov inndeling, for ein kunne ha tenkt seg at hushald der maken er gift for andre gong eller der maken er langt eldre enn hovudpersonen burde ha vore luka bort, sidan det kan tyde på at det ikkje er tale om reell nyetablering. Men andre gongs giftarmål er berre registrert i 1801-teljinga og stor alderskilnad treng heller ikkje alltid tyde på at nyetableringa berre gjeld den eine parten. Kva fortel tabellen? For det første: Etablerarhushaldet er mindre enn snitthushaldet, men det veit vi alt, jamfør tabell 7-4. For det andre er skilnaden mellom alle hushald og etablerarhushald m.o.t. endringsforløpet liten. I regionane 'Indre sentrum' og 'Dalar, fjell og indre fjord' er minken i hushaldsstorleik størst, som for alle hushald generelt. I desse to regionane minkar etablerarhushaldet med kring 1 person. Men takta er ulik: Periferi-regionen opplever fallet i første del av 1800-talet, minken er -1.2 personar mellom 1801 og 1865 (-1.8 pr. 100 år). I 'Indre sentrum' skjer fallet i hushaldsstorleik hovudsakleg i siste del av 1800-talet, mellom 1865 og 1900 (-0.7/-1.9 pr. 100 år).

Igjen må vi konkludere med at kulturdiffusjonsmodellen har lita forklaringskraft. Det er skilnad mellom sentrum og periferi, hushalda er minst i sentrum, men også i periferi-regionane skjer det fall i hushaldsstorleiken og dette fallet skjer tidlegare i periferien enn i sentrum.

8.2.1 Hushaldsstorleik: Konklusjon

Sølvi Sogner og Lisbeth Higley konkluderte med at endringane i hushaldsstorleik følgde ein sentrum-periferi akse. Det opphavlege blei best teke vare på i periferi strøk av landet.

⁴⁷⁷ Endring for 1801-1865 og 1865-1900 er endringsrata målt i endring pr. 100 år, jf. note for tabell 8.4

Generaliseringa var basert på talmateriale frå to-tre prestegjeld i Austlandsområdet. Eg har testa denne forklaringa mot materiale for heile landet, og må konkludere med at denne forklaringa har lite for seg som ei generell forklaring på fallet i hushaldsstorleik, men eg vil ikkje gå i mot den som regional forklaring på delar av Austlandet.⁴⁷⁸ Det er andre faktorar som har større forklaringskraft m.o.t. å forklare variasjon og endring i hushaldsstorleik på 1800-talet i Norge. Dette biletet kan endre seg når vi no delvis flyttar oss til individnivået og til einslege hovudpersonar. Einslege hovudpersonar er først og fremst resultat av eit einskild individ sine behov, handlingar og haldningar, og er i mindre grad resultat av kollektive avgjerder som hushaldet vil bere preg av. Vil kulturdiffusjonsmodellen syne større forklaringskraft på individnivået?

8.3 Einpersonhushaldet - einslege hovudpersonar

Oppsplittinga av felleshushald etter 1800 hadde som konsekvens at det blei fleire hushald med hovudpersonar som er i pensjonsalderen, t.d. kårfolk. Kårhushalda kan innehalde 1, 2 og 3-personar; kårkallen, kårkona og ein tenar eller yngste barnet åt kårfolket. Samstundes auka delen av ein-personhushald i andre enden av livsløpet, etablerarhushaldet, jf. figur 4-6 i kapittel 4. Derfor er det viktig at analysen av ein-personhushald i høve til dei politisk-kulturelle regionane er aldersdelt. I kva grad har framveksten av einpersonhushalda til dei yngre aldersgruppene ein sentrum-periferi profil?

Tabell 8-6 Einslege hovudpersonar fordelt etter alder og politisk-kulturelle regionar. Norge 1865

Alders-gruppe	Indre sentrum	Ytre sentrum	Kyst og ytre bygder	Dalar, fjell og indre fjord	Den nordlegaste landsdelen	Totalen
15-19	0.5 %	1.1 %	0.5 %	1.9 %	0.7 %	1.3 %
20-24	4.2 %	6.1 %	4.6 %	9.0 %	5.8 %	6.9 %
25-29	6.8 %	7.5 %	7.8 %	10.2 %	9.1 %	8.8 %
30-34	6.9 %	7.4 %	7.6 %	8.8 %	8.3 %	8.1 %
35-39	6.4 %	6.4 %	6.1 %	6.4 %	7.6 %	6.4 %
40-44	7.2 %	6.1 %	6.0 %	5.9 %	6.7 %	6.1 %
45-49	7.2 %	5.6 %	6.2 %	5.3 %	6.9 %	5.8 %
50-54	7.2 %	6.7 %	7.6 %	5.7 %	8.0 %	6.6 %
55-59	6.5 %	6.9 %	7.4 %	5.9 %	6.9 %	6.5 %
60-64	11.8 %	11.5 %	10.9 %	8.6 %	10.4 %	10.0 %
65-69	12.7 %	11.3 %	11.0 %	9.4 %	10.0 %	10.4 %
70-74	12.0 %	11.4 %	11.1 %	10.0 %	8.9 %	10.6 %
75-79	7.1 %	7.0 %	7.5 %	7.1 %	6.0 %	7.1 %
80+	3.5 %	4.9 %	5.6 %	5.9 %	4.6 %	5.4 %
Sum	100.0 %	100.0 %	100.0 %	100.0 %	100.0 %	100.0 %
Tal(N)	2112	5348	6828	12747	1694	28729

Kjelde: KSH1865

⁴⁷⁸ Kartet figur 9-9 som syner gjennomsnitt hushaldsstorleik for etablerarhushald kan til ein viss grad stø ein slik skildring og forklaring.

Tabell 7-6 i kapittel 7 synte at det berre var 1815 einslege hovudpersonar i 1801. Dette er så få, at eg vel å sløyfe analysen av 1801-teljinga i dette kapittelet. Derfor går eg rett på 1865-materialet.

Tabell 8-6 syner fordelinga av einslege hovudpersonar etter alder og regionane langs sentrum-periferiaksen. Er det slik at dei einslege hovudpersonane er relativt sett yngre i sentrumsregionane? For det første: Tabellen syner sterk likskap mellom regionane, ingen region merkar seg ut frå totalen i siste kolonne. Kvar finst det relativt sett mest unge einslege hovudpersonar? Tabellen syner at det er i dei to mest perifere regionane av periferien, 'Dalar, fjell og indre fjord' og 'Den nordlegaste landsdelen'. Der er prosentdelen hovudpersonar i aldersgruppa 25-29 år kring 10% og dermed nokre prosent over snittet og dei andre regionane. Høgare prosentdel unge einslege hovudpersonar i desse regionane er stikk motsett av venta etter modellen. Sentrumsregionane skulle ha hatt relativt flest hovudpersonar i denne aldersgruppa.

Men kan dette forholdet ha endra seg mot 1900?

Tabell 8-7 Prosent einslege hovudpersonar fordelt etter alder og politisk-kulturelle regionar. Norge 1900

Alders-gruppe	Indre sentrum	Ytre sentrum	Kyst og Ytre bygder	Dalar, fjell og indre fjord	Den nordlegaste landsdelen	Sum
15-19	6.8 %	5.8 %	3.4 %	4.6 %	1.1 %	5.1 %
20-24	18.6 %	11.7 %	5.9 %	7.2 %	4.3 %	11.2 %
25-29	14.4 %	9.2 %	4.4 %	6.3 %	5.7 %	8.9 %
30-34	8.8 %	6.1 %	4.0 %	4.6 %	5.4 %	6.1 %
35-39	7.2 %	5.7 %	4.3 %	4.5 %	5.2 %	5.5 %
40-44	6.2 %	5.3 %	4.1 %	4.9 %	4.6 %	5.2 %
45-49	5.0 %	5.0 %	5.0 %	5.2 %	5.9 %	5.1 %
50-54	5.5 %	6.0 %	6.4 %	5.9 %	7.8 %	6.0 %
55-59	5.2 %	6.4 %	7.8 %	7.2 %	8.6 %	6.6 %
60-64	5.3 %	7.2 %	9.7 %	9.7 %	10.0 %	7.8 %
65-69	5.9 %	9.5 %	12.2 %	11.0 %	12.1 %	9.4 %
70-74	5.3 %	9.5 %	13.4 %	11.6 %	13.6 %	9.7 %
75-79	4.0 %	7.7 %	10.9 %	9.6 %	8.7 %	7.7 %
80+	1.8 %	5.0 %	8.5 %	7.8 %	7.0 %	5.5 %
Sum	100.0 %	100.0 %	100.0 %	100.0 %	100.0 %	100.0 %
Tal (N)	14956	8714	10589	11457	1658	47374

Kjelde: KHSH1900

I tabell 8-7 er einslege hovudpersonar prosentfordelt i dei fem regionane, frå sentrum mot periferi. Er det skilnad mellom regionane og kvar finn vi relativt flest unge einslege hovudpersonar? Tabellen syner at aldersgruppa 20-24 år hyser flest einslege hovudpersonar, 11.2% totalt. Og i 'Indre sentrum' er heile 18.6% i denne aldersgruppa, og 14.4% i den neste, dvs. 1/3 av alle einslege hovudpersonar er mellom 20-29 år i indre sentrum. Det er litt færre i regionen ytre sentrum, 1/5 er mellom 20-29 år. I dei tre periferi-regionane er delen lågare, godt under snittet for alle tre. Samstundes ser vi at dei same tre regionane har relativt flest einslege hovudpersonar i aldersgruppene 65-69 og 70-74 år (samla kring 25%). I dei to sentrumsregionane er nettopp desse to aldersgruppene langt

svakare representert, særleg i 'Indre sentrum' med berre 11.2% til saman i desse to aldersgruppene.

Fordelinga i 1900 stemmer såleis med modellen, for i sentrum er det relativt fleire unge einslege hovudpersonar. Men utviklinga over tid stemmer ikkje med modellen, for det var i to av dei perifere regionane (jf. tabell 8-6) talet på unge einslege var størst i 1865. Det kan tyde på at modellen gjev eit betre bilete seint i hundreåret, mot 1900, enn tidlegare. Dette blir eit av spørsmåla vi no må granske vidare når vi endå sterkare grad fokuserer på individet og livsløpsperspektivet ved først å analysere tenesteinstitusjonen og deretter livsløpsovergangen "forlate opphavsfamilien".

8.4 Mannlege tenarar

I førre kapittel nyanserte eg kjensgjerninga om at mannlege tenarar vart ein "saga blott".⁴⁷⁹ Kan det likevel vere slik at mannlege tenarar blir ein "saga blott" i det politiske og kulturelle sentrum?

Tabell 8-8 Tal hushald med ein eller fleire tenarar, absolutte tal og prosent. Norge 1801, 1865 og 1900 fordelt i politisk-kulturelle regionar.

År	Indre sentrum	Ytre sentrum	Kyst og ytre bygder	Dalar, fjell og indre fjord	Den nordlegaste landsdelen	Totalt
1801	3405	5339	8575	9841	2315	29475
1865	4939	7039	12698	11189	4098	39963
1900	3728	4797	7281	8344	2705	26855
1801	17.1 %	14.9 %	20.2 %	19.0 %	20.1 %	18.3 %
1865	10.3 %	10.3 %	12.7 %	10.7 %	16.1 %	11.5 %
1900	3.4 %	5.4 %	5.7 %	8.2 %	6.3 %	5.7 %

Kjelde: KSH1801, KSH1865 og KSH1900.⁴⁸⁰

Tabell 8-8 syner endring i talet på hushald med mannlege tenarar fordelt etter politisk-kulturelle regionar. I 1801 er det tenarar i underkant av kvart 5. hushald. I 1900 i regionen 'Indre sentrum' tenarar i kvart 30. hushald og i dei andre regionane kring kvart 16. hushald. I 1865 er det færre hushald med tenarar, men variasjonen er liten, berre regionen 'Den nordlegaste landsdelen' merkar seg ut med flest hushald med tenarar. Og som vi var inne på i kapitteldel 7-3 tabell 7-9, minken er generell, men tabell 8-8 syner at minken er sterkast i sentrum og noko mindre mot periferien.

⁴⁷⁹ Sogner: 1990, s. 91.

⁴⁸⁰ Totalen for 1900 er 26840 hushald med ein eller fleire tenarar i tabell 7-6 og 26855 i tabell 8-6. Årsaka til denne skilnaden er at 2586 hushald manglar kategorisering for økonomiske regionar, medan 2318 hushald manglar koding for Sentrum-Periferi region. Totalt er det 473947 hushald i KSH1900.

Tabell 8-9 Talet på mannlege tenarar og gjennomsnitt tal mannlege tenarar pr. hushald med tenarar. Norge 1801, 1865 og 1900 fordelt i regionar.

År	Indre sentrum	Ytre sentrum	Kyst og ytre bygder	Dalar, fjell og indre fjord	Den nordlegaste landsdelen	Totalt
1801	4911	8068	11320	13332	3291	40922
1865	6723	9200	16066	14266	5427	51682
1900	5157	6403	8641	10420	3320	33941
1801	1.44	1.51	1.32	1.35	1.42	1.39
1865	1.36	1.31	1.27	1.28	1.32	1.29
1900	1.38	1.33	1.19	1.25	1.23	1.26

Kjelde: KSH1801, KSH1865 og KSH1900⁴⁸¹

Tabell 8-9 syner talet på mannlege tenarar i dei ulike regionane og talet på mannlege tenarar pr. hushald, jamfør tabell 7-10. Dei tre siste radene i tabellen, tenarar pr. hushald, kjem ein fram til ved å dividere dei tre første radene i tabell 8-9 med dei tre første i tabell 8-8. Diffusjonsmodellen syner no eit klarare samsvar men endringa i tenesteinstitusjonen, og det kan tyde på at denne forklaringsmodellen har sterkare forklaringskraft dess nærare vi kjem individet.

Gro Hagemann hevdar at "Tjenerholdet gikk drastisk ned i siste del av 1800-talet. Mellom 1850 og 1900 ble det gjennomsnittlige antall tenestefolk i husholdningene halvert".⁴⁸² Dette er såpass unyansert at det nesten blir feilaktig. Det er om lag like mange hushald i 1801 som i 1900 som har mannlege tenestefolk, og dei hushalda som har mannlege tenestefolk har om lag like mange i 1801 som i 1900, 1.39 mannlege tenarar pr. hushald i 1801, 1.26 mannlege tenarar pr. hushald i 1900. Men som vi ser av tabell 8-1, 8-3 og 8-8 vert talet på hushald totalt sett tredobla i perioden, og tabell 8-8 syner også at talet på mannlege tenestefolk er jamt og stabilt i regionane. Dette kan vi snarare tolke som at det veks fram ei rekkje hushald som truleg ikkje har same behov for mannleg arbeidskraft. Dermed er eg freista til å tru at dei hushalda som hadde trong for mannleg tenarar som arbeidskraft i 1801 også hadde det i 1900. Hagemann hevdar vidare at dermed måtte husmødrene "klare en større del av arbeidet selv"⁴⁸³, men kva med barna som blir verande lenger heime hjå foreldra, kan ikkje den arbeidskrafta erstatte dei manglande tenarane? Dette fører oss over til neste indikatorvariabel, alder for 'å forlate opphavsfamilien'. Endrar livsløpsovergangen seg på ulik måte i regionane? Blir barna verande lenger heime hos foreldra i sentrum, men må tidlegare ut av reiret i periferien?

8.5 Forlate opphavsfamilien

Vegen til å etablere eige familie og hushald startar med at ein forlet opphavsfamilien. For nokre kunne det gå mange år frå dei flytta heimanfrå til dei etablerte søg, for andre var desse to overgangane nær knytt til kvarandre i tid. Tidlegare (kapittel 4) har vi slått fast at

⁴⁸¹ Jamfør fotnote for tabell 8-6 m.o.t. differansen i totalen for 1900 mellom tabell 8-7 og 7-7.

⁴⁸² Hagemann: 1999, s. 162.

⁴⁸³ Hagemann: 1999, s. 162.

alderen for livsløpsovergangen 'forlate opphavsfamilien' aukar på 1800-talet. Eller sagt på ein annan måte, barn blir verande lengre heime. Eit anna trekk vi avdekka var aukande standardisering og raskare takt, vist ved at aldersrommet for transisjonen blei mindre. I denne delen skal eg analysere i kva grad desse endringane kan gje meining innafor ein diffusjonsmodell. Er det slik at endringane tek til i sentrum og spreier seg mot periferien etter kontakt med byen, slik kona fortalde til Eilert Sundt, jamfør kapittel 6?

Tabell 8-10 Timing av overgangen 'forlate opphavsfamilien', alder ved første kvartil fordelt etter politisk-kulturelle regionar. Norge 1801, 1865 og 1900

Regionar	Timing: Alder ved første kvartil					
	Menn			Kvinner		
	1801	1865	1900	1801	1865	1900
Indre sentrum	12.6	15.1	16.7	12.1	14.0	15.2
Ytre sentrum	13.1	15.2	16.0	12.6	14.5	14.9
Kyst og ytre bygder	12.2	15.5	17.3	12.5	14.6	15.2
Dalar, fjell og indre fjord	13.5	15.7	15.5	12.9	14.9	14.9
Den nordlegaste landsdelen	10.8	14.0	18.7	10.7	11.5	15.4
Totalt	12.9	15.4	16.5	12.6	14.5	15.1

Kjelde: PERS1801, PERS1865 og PERS1900

Tabell 8-10 syner alderen når første fjerdedel av eit alderskull er utanfor opphavsfamilien: 1/4 av alle gutar i 1801 bur ikkje saman med foreldra ved alderen 12.9 år (totallinja). I 1865 har første kvartil av mennene reist frå opphavsfamilien ved 15.4 år, i 1900 ved 16.5 år. Kva med dei ulike regionane? Tabellen syner at i 'Den nordlegaste landsdelen' aukar første kvartil frå 10.8 til 18.7 år, og denne landsdelen går frå den lågaste til den høgste alderen mellom 1801 og 1900. Oldervoll fann i ei tilsvarande analyse at Nord-Norge merka seg ut kring 1800 med låg og raskare fallande husbondsbornprosent alt frå toårs-alderen.⁴⁸⁴ Den låge prosentdelen husbondsborn, der berre 77% av 9-åringane var husbondsborn, skuldast **ikkje** høgare uekteprosent og heller **ikkje** lågare alder for å gå teneste. Oldervoll meiner forklaringa måtte vere at ekstra mange husstandar vart oppløyste ved at husbonden omkom på sjøen, og at borna då vart spreidde kring om på bygda som fosterborn.⁴⁸⁵ Stor prosentdel fosterborn vil ha innverknad på timing av overgangen "forlate opphavsfamilien". Tabellen syner at alderen også er relativt låg også i andre kystbygder i 1801, 12.2 år. 'Den nordlegaste landsdelen' merkar seg ut med ei sterk auke i alderen fram mot 1900. Også dei andre kystbygdene syner ei sterk auke, frå 12.2 til 17.3 år. Oppløysing av hushald som følgje av dødsfall på sjøen var årsak til at relativt fleire barn i kystområda var borte frå opphavsfamilien. Delar av auka i alder for når barn forlèt foreldreheimen må derfor skuldast at hushald i mindre grad gjekk i oppløysing ved dødsfall seint i hundreåret enn tidleg. Figur 4-4 syner at i 1865 og 1900 var det langt meir vanleg at kvinner var hushaldsoverhovud enn i 1801. Dette syner kompleksiteten i endring av individuelle livsløp, eit livsløp er del av familiens livsløp.

⁴⁸⁴ Oldervoll: 1980, s. 92-94. Oldervoll kategoriserer born som Husbondsborn, Tenestefolk, Fosterborn, Barneborn, Anna slekt og Innerstborn. Husbondsborn er barna som bur saman med opphavsfamilien.

⁴⁸⁵ Oldervoll: 1980, s. 94.

'Den nordlegaste landsdelen' og kystregionen merka seg ut med auke i alderen for å forlate opphavsfamilien. Sentrumsregionane peikar seg **ikkje** ut i denne prosessen, og ligg kring totalen for heile landet. Tabellen syner også at auka er jamn gjennom heile hundreåret, 2.5 år frå 1801 til 1865, 1.2 år frå 1865 til 1900. I snitt er auka omlag 0.04 år pr. år, men vekstrata er noko ulik mellom regionane slik at variasjonen er langt mindre i 1865 enn i 1801. Med unntak av 'Den nordlegaste landsdelen' fell alder ved første kvartil tett rundt 15.4 år i dei andre regionane. Dette kan tyde på at det finst ein ekstern faktor, uavhengig av sentrum-periferi aksens som har standardisert livsløpet til menn i perioden 1801 til 1865. Tala for 1900 varierer meir enn i 1865, frå 15.5 år i 'Dalar, fjell og indre fjord' til 18.7 år i 'Den nordlegaste landsdelen'. Men før eg drøftar dette problemet, kva med jentene? I alle regionane er auken mindre enn hos gutane, og igjen er det 'Den nordlegaste landsdelen' som merkar seg ut med størst vekst, frå 10.7 år til 15.4 år.

Tabell 8-10 avdekkjer at standardiseringa av livsløpsovergangen er sterkare hos jenter enn hos gutar, auka mot 15.1 år i 1900 er jamn for alle regionane og variasjonen er liten både i 1865 og 1900, der alderen ligg tett rundt 15.1 år for alle regionane. I motsetnad til gutane er variasjonen for jenter mindre i 1900 enn 1865.

Igjen kan det sjå ut som ein ekstern faktor uavhengig av sentrum-periferi aksens som normaliserer eller standardiserer denne livsløpsovergangen. Det fell naturleg å tru at skule eller konfirmasjon kan vere ein viktig faktor som bestemmer takta for når barna forlèt foreldreheimen. Sosial utjamning som Ståle Dyrvik har peika på som ein viktig faktor for utjamning av hushaldsstrukturen, kan også vere ei mogleg forklaring på standardisering av livsløpet.⁴⁸⁶ Utbygging av skulevesenet vil særleg ha innverknad på når 1. kvartil har forlate opphavsfamilien sidan dei fleste var ferdig med skulegangen i 14 års alderen. Og om utvida skulegang åleine er årsaka til aldersforseinkinga bør alder for 2. kvartil i langt større grad vere stabil. Er den uendra?. Tabell 8-11 kan gje svaret på dette.

Tabell 8-11 Timing av overgangen 'forlate opphavsfamilien', alder ved andre kvartil (median) fordelt etter politisk-kulturelle regionar. Norge 1801, 1865 og 1900

	Timing: Alder ved andre kvartil (median)					
	Menn			Kvinner		
	1801	1865	1900	1801	1865	1900
Indre sentrum	18.5	18.8	20.8	17.0	16.6	18.2
Ytre sentrum	19.0	20.9	22.4	16.9	17.0	18.0
Kyst og ytre bygder	21.5	22.7	25.6	17.7	17.8	20.6
Dalar, fjell og indre fjord	21.4	22.9	24.6	18.0	18.2	19.8
Den nordlegaste landsdelen	22.1	21.1	24.8	19.0	18.3	19.9
Totalt	21.0	21.8	23.6	17.5	17.6	19.0

Kjelde: PERS1801, PERS1865 og PERS1900

Tabell 8-11 syner alder ved andre kvartil for transisjonen 'å forlate opphavsfamilien'. Ved andre kvartil er halvparten av alle som gjennomfører transisjonen borte frå opphavsfamilien. Andre kvartil er identisk med medianen for transisjonen. Hovudtrekka er: Auken i median alder for livsløpsalder er mindre enn for 1. kvartil, for

⁴⁸⁶ Dyrvik: 1986. Sjå òg kapittel 5.1

menn er auken 2.6 år, for kvinner 1.5 år. Men variasjonen mellom regionane er stor, t.d. aukar median alder i 'Kyst og ytre bygder' med 4.1 år for menn og 2.9 år for kvinner. Sidan 1. kvartil aukar meir enn medianen tyder det at overgangen får ei mindre aldersspreiing, dvs. at ein større del av eit kull gjennomfører same livsløpstransisjon ved same eller lik alder. Denne komprimeringa er framstilt i tabell 8-12, som syner differansen mellom første og andre kvartil.

Tabell 8-12 Aldersspreiing ved overgangen 'forlate opphavsfamilien', differanse mellom første kvartil og andre kvartil fordelt etter politisk-kulturelle regionar. Norge 1801, 1865 og 1900

Regionar	Overgangsspreiing: Kvartildifferanse 1. og 2. kvartil (tal år)					
	Menn			Kvinner		
	1801	1865	1900	1801	1865	1900
Indre sentrum	6.0	3.7	4.1	4.9	2.6	3.0
Ytre sentrum	5.9	5.6	6.4	4.4	2.5	3.1
Kyst og ytre bygder	9.3	7.1	8.3	5.2	3.3	5.5
Dalar, fjell og indre fjord	8.0	7.2	9.1	5.2	3.2	4.9
Den nordlegaste landsdelen	11.3	7.1	6.0	8.3	6.8	4.5
Totalt	8.0	6.5	7.1	4.9	3.1	4.0

Kjelde: PERS1801, PERS1865 og PERS1900

Tabell 8-12 syner aldersspreiinga for livsløpsovergangen 'å forlate opphavsfamilien'. Generelt minkar aldersspreiinga frå 1801 til 1865, og så skjer det ei viss auke frå 1865 til 1900. Årsaka til auken er at medianen i siste tidsrom aukar meir enn 1. kvartil. Tabellen avslørar at det er sterk variasjon i kvartildifferansen, som igjen tyder at transisjonen blir gjennomført på ulike måte i ulike regionar. Liten differanse tyder at livsløpsovergangen blir gjennomført av ein stor del av kullet ved same alder. Dette kan vi kalle ei normalisering eller standardisering av livsløpsovergangen. Tabellen avslørar at det ei slik standardisering er sterkast for kvinnene i dei to sentrumsregionane, med ein kvartildifferanse på 2.5 til 3.0 år. Høgst kvartildifferanse finn vi for menn i periferi-regionane, mellom 7 til 9 år. Ein kort overgangsperiode, ein kort ungdomstid, har blitt karakterisert som moderne. Ivar Frønes og Ragnhild Brusdal skildrar i *På sporet av den nye tid* livsløpsskilnadane mellom bondesamfunnet (før-moderne), industrisamfunnet (moderne) og kunnskapssamfunnet (post-moderne):

I det gamle bondesamfunnet ble man en slags voksen tidlig, ved konfirmasjon eller der omkring. Samtidig var man ikkje fullt ut voksen før man hadde stiftet familie [...] Første barn for småbruker-/husmannsdøtre kom som regel når de var 28-30 år. Industrisamfunnets livsløp innebar en relativt kort ungdomstid⁴⁸⁷

Brukar vi korte og normerte livsløpsfasar som kriterium kan vi seie at kvinnene sitt livsløp blir "modernisert" tidlegare enn mennene sitt, i kontrast til eit hovudpoeng hos forfattarane av *Med kjønnspektiv på norsk historie*, som legg stor vekt på at medan menns verden vart "modernisert" på 1800-talet, så skjedde dette ikkje for kvinner.

⁴⁸⁷ Frønes og Brusdal: 2000, s. 41-43.

Isolert sett syner indikatorvariabelen 'å forlate opphavsfamilien' samsvar med ein kulturdiffusjonsmodellen, dvs. den har to aksar, ein kjønnsakse og ein sentrum-periferi akse. Langs denne to-dimensjonale aksen skjer ei normalisering og standardisering av livsløpsovergangen. Dersom ein samtidig får ein fallande giftarmålsalder vil "ungdomsfasen" – tida mellom ein forlèt foreldreheimen og fram til eiga familieetablering – bli kortare. Er denne forkortinga av "ungdomsfasen" bestemt av avstand frå sentrum? Dette vil analysen av giftarmålsalder gi ein peikepinn på.

8.6 Familieetablering - giftarmål

Barna blir verande lenger i foreldreheimen, dei flyttar ut seinare i livsløpet. Frå kapittel 4 og 7 har vi sett korleis giftarmålsalderen fell i perioden. Dette fører til at fasen mellom "barn" og "vaksen" skrumpar inn. I kva grad er fallet i giftarmålsalder og innkorting av ungdomsfasen eit sentrumsfenomen? Tek prosessen til i sentrum og avsidesliggjande bygder heng etter i utviklinga? Desse spørsmåla tek analysen sikte på å få svar på no.

Giftarmål er ikkje berre ei sentral demografisk hending, det er også fest og tradisjon: Bryllaup. Eller som Eilert Sundt sjølv seier i boka *Om giftermål i Norge*:

Hele denne bog handler jo i grunden ikke om forviklede tal, men om virkelige menneskelige ting og velbekjendte hverdagslige begivenheder - om bryllupper!⁴⁸⁸

Giftarmål i demografisk forstand kan ha innverknad på bryllaupskikkane, og omvendt, endring i bryllaupskikkane kan ha innverknad på giftarmål som demografisk hending. Derfor er det viktig å avklare kva for endringar som skjer i bryllaupsskikkane på 1800-talet, når skjer dei og i kva grad er desse forklart som følgje av kulturspreiing. Denne innleiande diskusjonen av endring i bryllaupsskikkane er ikkje meint å vere uttømmmande, men snarare supplerande til den etterfølgjande drøftinga av giftarmålmønster i høve til kulturspreiingsmodellen.

8.6.1 Hovudendringar i bryllaupstradisjonar i Norge på 1800-talet

Etnologen Linda Stewart hevdar at bryllaupsskikkane i Norge held seg relativt stabile fram til midten eller slutten av 1800-talet.⁴⁸⁹ Gjennomføring av friing og bryllaup endra seg gradvis og særst langsamt. Bruken av kjøgemeister fall bort eller oppgåvene hans blei redusert. Og utan ein kyndig kjøgemeister til å leie bryllaupet, gjekk også den tradisjonelle kunnskapen om korleis gjennomføre eit bryllaup bort og bryllaupsskikkane vart ståande langt meir opne for endringar. Sjølv bryllaupsfeiringa vart forkorta, dei tradisjonelle 3 eller 5-dagars bryllaupa vart sjeldnare, og bryllaup vart gjennomført på ein dag. I ei gransking basert på kyrkjeboksmateriale i Førde i Sunnfjord har Ane Landøy indikasjonar på at denne overgangen frå fleire- til eindagsbryllaup skjer på 1860-talet.⁴⁹⁰ I Nordfjord skjer dette sist på 1800-talet.⁴⁹¹ Bryllaup gjekk frå å vere ei hending der store delar av ei bygd eller grend vart involvert gjennom bearlagssystemet til at bryllaupet omfatta næraste familie og vener. I *Der stod seg et bryllup* kjem Bjarne Hodne (m.fl.) med

⁴⁸⁸ Sundt: 1975, s.252 (§81 kapittel 8)

⁴⁸⁹ Stewart: 1996, s. 107-109.

⁴⁹⁰ Landøy: 1990, s. 48-49, 149-150.

⁴⁹¹ Aaland og Djupedal: 1982

ei rekkje eksempel på bryllaupsskikkar som spreier seg frå bymiljø til landsbygda på 1800-talet, og ein viktig grunn var impulsane frå ein bykultur i vekst som tok til å gjøre seg gjeldande på landsbygda.⁴⁹² Stewart peikar på fleire økonomiske faktorar som spelar inn når ein skal forstå kvifor og korleis endringane skjedde: For det første overgangen frå naturalhushald til pengehushald, men her er Stewart uklar, for ho skisserer berre skilnaden på desse to økonomiske systema, utan å setje dei i relasjon til endring bryllaupsskikkar. I følgje Stewart er den mest sentrale endringa oppløysinga av bearlagssystemet. Bearlagssystemet formaliserte fleire sider ved bryllaupet; dels finansiering og dels planlegging og gjennomføring av byllaupet gjennom dugnad og felles innsats frå grenda. Ved bortfall av bearlagssystemet erstatta bankar og direkte kjøp av varer og tenester desse funksjonane (finansiering og dugnad). Auka urbanisering og nye ikkje-rurale bumiljø førte også til at tradisjonelle bryllaupsfeiringar var vanskelege eller for å ikkje seie umogelege å gjennomføre i urban kontekst. Industrialisering og urbanisering førte dermed direkte til endring i bryllaupstradisjonane. Så langt dei økonomiske faktorane, for også nye idear og kulturimpulsar førte til endring i følgje Stewart. Dei europeiske bryllaupsskikkane (t.d. kvit brudekjole) blei først tekne opp av borgarskapet i dei store byane og det varte ikkje lenge før innflyttarane frå landsbygda tok over modifiserte former av dei europeiske skikkane frå overklassa i dei store byane. Synspunkta til Stewart kjenner vi igjen også frå andre samanhengar og historikarar, jamfør kapittel 5: Kulturelle endringar vert først tekne opp av borgarskapet i dei store byane, deretter av dei andre sosiale gruppene i byane og så vidare til befolkninga i mindre byar og tettstader og tilslutt den fjernaste avkrok.⁴⁹³

Men kan nye, urbane, borgarlege bryllaupsskikkar endre giftarmålmønsteret? Både ja og nei. Ja, fordi mindre tradisjonsbunde bryllaup gjennom bortfall av bearlagssystemet, med større grad av privat eller individuell finansiering av bryllaupet, med mindre omfangsrike bryllaup i tid og talet på gjestar og oppløysing av grenda sine oppgåver i samband med bryllaup gjer bryllaupet til ei privat og individuell handling. Eit giftarmål kan dermed inngåast med mindre organisering, til ein lågare kostnad og færre normsetjarar. Det er ikkje ei urimeleg tolking at 'europeiseringa', 'individualisering' og 'urbanisering' av bryllaupsskikkane kan ha ført til lågare giftarmålsalder ved at terskelen for å inngå ekteskap vart senka. Terskelen var settet av tradisjonar og normer som kom som ei følgje av garden og grendesamfunnet sitt engasjement og forventningar, og forenkling og bortfall av dette engasjementet kan ha hatt lågare giftarmålsalder som konsekvens. Og sidan endringa i bryllaupsskikkar følgde den sosio-territorielle aksen, vil ein også kunne vente at endringa i giftarmålmønster også følgde same aksen.

Men dersom nye bryllaupsskikkar **ikkje** hadde kraft til å endre sosiale strukturar, kan ein snarare oppfatte endring av bryllaupsskikkar og giftarmålmønsteret som to sider av same sak. To parallelle rørsler, med same spreingsevne og –takt, eller inkubasjonstid om ein skal halde seg innafor den medisinske sjargongen. Og det fører oss attende til "de

⁴⁹² Hodne, Hodne og Grambo: 1985, s. 75-122. Eksempel på overføring av skikkar frå by til landsbygd er kjøkekemeisterembetet, brur- og brudgomsklede, bryllupsmaten (risgraut), jf. s. 87-111 og 122.

⁴⁹³ Om smittespreiing av bryllupsskikkar: Stewart: 1996, s. 107-109. Hodne, Hodne og Grambo: 1985, s. 91-92, 114-115 og s. 122. Hodne m.fl. legg også vekt på endringar som resultat av politiske vedtak og press frå kyrkja. For generelle synspunkt frå andre historikarar og samfunnsforskarar, sjå kapittel 5.3

forviklede tal” som Eilert Sundt ville ha sagt. Er det samanheng mellom endring i giftarmålsalder og dei politisk-kulturelle regionane?

Tabell 8-13 Giftarmålsalder (SMAM) for menn og kvinner fordelt i politisk-kulturelle regionar. Endring målt i dagar pr. år. Norge 1801, 1865 og 1900.

Regionar	SMAM						Endring i dagar pr. år ⁴⁹⁴					
	Menn			Kvinner			Menn			Kvinner		
	1801	1865	1900	1801	1865	1900	1801	1865	1900	1801	1865	1900
							-	-	-	-	-	-
							1865	1900	1900	1865	1900	1900
Indre sentrum	28.7	28.4	27.5	27.3	26.6	26.3	-1	-9	-4	-4	-3	-4
Ytre sentrum	28.3	28.5	27.6	27.1	27.2	26.4	1	-10	-3	1	-8	-3
Kyst og ytre bygder	28.8	29.0	28.4	27.8	27.6	27.1	1	-6	-2	-2	-5	-3
Dalar, fjell og indre fjord	29.3	29.7	29.1	27.3	27.9	27.3	2	-6	-1	3	-6	0
Den nordlegaste landsdelen	29.2	28.7	28.6	27.4	25.9	26.2	-3	-1	-2	-9	3	-4
Totalt	28.9	29.0	28.2	27.4	27.3	26.7	0	-8	-3	-1	-6	-3

Kjelde: KHKD1801, KHKD6586, KHKD0086

Tabell 8-13 syner SMAM fordelt i dei politisk-kulturelle regionane – frå sentrum mot periferi. For menn er fallet i giftarmålsalder (SMAM) størst i sentrumsregionane, for kvinner er fallet størst i 'Indre sentrum' og i 'Den nordlegaste landsdelen'. Frå 1801 til 1900 fell giftarmålsalderen i indre sentrum med 1.1 år for menn og 1 år for kvinner, men fallet er størst for kvinner i 'Den nordlegaste landsdelen' med høvesvis 1.2 år. For menn er det lita eller inga endring i periferiregionane 'Dalar, fjell og indre fjord' og 'Kyst og ytre bygder'. Det same gjeld for kvinnene i 'Dalar, fjell og indre fjord' – inga endring frå 1801 til 1900. Fallet i giftarmålsalder for kvinner i 'Den nordlegaste landsdelen' skjer mellom 1801 og 1865, frå 27.4 år til 25.9 år. Fallet for menn i 'Indre sentrum' skjer i hovudsak mellom 1865 og 1900, frå 28.7 til 27.5 år. Men sidan det første aldersintervallet er 65 år, og det neste 35 år, er det vanskeleg å samanlikne endringane over tid. Grovt vil ein kunne seie at fallet er jamstort om fallet i første periode er det doble av andre periode (1865-1900).

For å bate på tolkingsproblemet av di tidsrommet har ulik lengde, syner dei seks siste kolonnane i tabellen fallet i dagar pr. år.⁴⁹⁵ Dette gjev ein storleik som direkte kan jamførast. Tabellen syner at i sentrumsregionane fall giftarmålsalderen for menn med 9 og 10 dagar pr. år i perioden 1865 til 1900. For kvinner er fallet sterkast i Den nordlegaste landsdelen med 9 dagar pr. år i perioden 1801 til 1865, og 8 dagar pr. år i ytre sentrum mellom 1865 og 1900. Dette kan vere ein ny indikasjon på at vi har med to ulike prosessar å gjere, kjønn, tidsrom og geografi varierer. Medan fallet i giftarmålsalder for menn har ein sentrum-periferi profil, størst i sentrum og fallande mot periferien, så har fallet i giftarmålsalder for kvinner ikkje same profilen. Ser vi bort frå 'Den nordlegaste landsdelen' er det også samsvar mellom modellen og fallet i giftarmålsalder for begge

⁴⁹⁴ For utrekning av endring i giftarmålsalder målt i dagar pr. år sjå tabell 7-14.

⁴⁹⁵ For utrekning av endring i giftarmålsalder målt i dagar pr. år sjå tabell 7-14.

kjønn. Fallet er størst i sentrumsregionane, og minimalt i periferien, fallet er og relativt størst etter 1865.

8.7 Hushaldsetablering

I førre kapittel vart det avdekt at alder for hushaldsetablering var kjenslevar for nokre av dei økonomiske variablane. I kva grad syner alder ved hushaldsetablering sterkare eller svakare samanheng med kulturelle strukturar?

Tabell 8-14 Median etableringsalder ved hushaldsetablering, menn, fordelt etter regionar. Norge 1801, 1865 og 1900.

Regionar	Median etableringsalder			Endring i dagar pr. år ⁴⁹⁶		
	1801	1865	1900	1801-1865	1865-1900	1801-1900
Indre sentrum	27.6	27.9	25.5	2	-26	-8
Ytre sentrum	27.4	27.3	26.1	-1	-12	-5
Kyst og ytre bygder	27.9	27.9	27.8	0	-1	0
Dalar, fjell og indre fjord	28.5	28.2	28.0	-2	-2	-2
Den nordlegaste landsdelen	27.9	27.7	28.1	-2	4	0
Totalt	28.0	27.8	26.9	-1	-9	-4

Kjelde: PERS1801, PERS1865 og PERS1900

Tabell 8-14 syner median alder for menn ved hushaldsetablering. I 1801 og 1865 var det relativt små skilnader mellom regionane, mellom lågaste og høgste alder var det høvesvis 1.1 og 0.9 år skilnad, lågast i 'Ytre sentrum' med 27.4 år, høgast i 'Dalar, fjell og indre fjord' med 28.5 år. I 1900 er det klare skilnader mellom regionane, skilnaden mellom minimumsverdi og maksimumsverdi er 2.6 år, og etableringsalderen er klart lågast i 'Indre sentrum' (25.5 år), og høgast i 'Den nordlegaste landsdelen' med 28.1 år.

Fallet i etableringsalder mellom 1801 og 1900 er klart sterkast i dei to sentrumsregionane, med 2.1 år og 1.3 år. Dei andre regionane er prega av stabilitet i etableringsalder. Nesten heile reduksjonen i etableringsalder skjedde mellom 1865 og 1900. Dei tre siste kolonnane i tabellen syner endring i dagar pr. år. I Indre sentrum fell giftarmålsalderen 26 dagar pr. år i perioden 1865 til 1900, og kring halvparten av dette i 'Ytre sentrum'. Dei andre regionane er prega av stabilitet, det årlege fallet er mellom 0 og 2 dagar pr. år for heile hundreårsperioden. I og med at regionsinndelinga ikkje gjev større skilnader i 1801 og 1865, kan dette tyde på at kulturdiffusjonsmodellen først gjev meining i 1900. Frå 1865 til 1900 har fallet i etableringsalder ein klar sentrum-periferi profil, ved at fallet skjer berre i sentrumsregionane. På dette nivået synest kulturspreiingsmodellen å gi god forklaring på dei sosiale endringane.

8.8 Forklaringsvariablar: Frå regionar til kommunar

Så langt har eg prøvd endringsvariablane mot fem politisk-kulturelle regionar definert langs ein akse frå sentrum mot periferi, men i det følgjande vil eg prøve endringsvariablane

⁴⁹⁶ Jamfør tabell 7-14.

direkte mot fylke og kommunar og eigenskapar ved dei. Både i kapittel 5 og i drøftinga over har eg vist til synspunkt der historikarar opererer med fleire aksar, sosiale, politiske, kulturelle og kjønn og sosial endring langs desse. Problemet er naturlegvis å kunne operasjonalisere komplekse fleirdimensjonale aksystem, og her må det forenkling til. Ein må gjerne ta til takke med mulige uavhengige sosio-kulturelle variablar og ikkje dei optimale. Vi er altså på jakt etter eit mål for politisk-kulturell pluralisme kontra ein-sidig kulturell tradisjonisme. I kapittel 6.4 presenterte eg tre slike variablar. Den første variabelen for å måle kulturell tradisjonisme er heimfødingsprosenten. Høg prosent heimfødinger uttrykkjer eit samfunn med liten sosio-demografisk variasjon, liten mobilitet og låg innflytting. Motsett låg prosent heimfødinger syner eit samfunn i vekst, høg mobilitet og høg innflytting. Vi kan seie at låg heimfødingsprosent uttrykkjer kulturell og sosio-demografisk pluralisme, og motsett høg heimfødingsprosent er eit målt for tradisjonelt "lukka" samfunn.

Men heimfødingsprosenten måler ikkje flyt av idear, men flyt av menneske, og slik sett gjev den ikkje noko sikkert mål på kulturdiffusjon. Optimalt kunne ein tenkt seg ein meir samansett variabel for å måle graden av kulturimpulsar enn heimfødingsprosenten. Til dømes vil to andre demografiske variablar kunne vore nytta: Graden av emigrasjon og prosentdel med fødestad lik aktuell kommune, men med bustad utanfor heimkommunen. Både emigrasjon og migrasjon ut av kommunen (mot sentrumsstader) vil også ha innverknad på mulighetene for immigrasjon av kulturimpulsar og nye idear. Samtalen mellom kona på Ringsaker og Eilert Sundt syner nettopp korleis samværsformer endrar seg ved at bygdefolket har kontakt med utflytte i samband med ferie eller korte vitjingar, jf. kapittel 5.3. Men tal for emigrasjon manglar i materialet, samstundes som tal for bustad utanfor kommunen krev langt meir presis og detaljert koding av folketeljingsmaterialet enn det eg har ressursar til åleine. Dessutan vil eg tru at migrasjon av folk til ein kommune, som direkte senker heimfødingsprosenten, har størst innverknad på innslaget av ulikarta idear, enn graden av folk som har flytta ut. Samanhengane som eg venter å finne mellom heimfødingsprosent og indikatorvariablane syner eg i tabell 8-15 nedanfor, og samanhengane kan målast både i 1865 og 1900.

Den andre diffusjonsvariabelen i kapittel 6.4 politisk, eit mål på kor variert eller samansett eit samfunn var politisk. Dette kan fortelje noko om i kor stor grad eit samfunn var einskapleg kulturelt og ideologisk. Eit samfunn med eit stort politisk parti vil vere meir politisk og kulturelt konformt enn eit samfunn med mange parti og ein større og variert politisk flora. Denne politiske konformiteten og sterk grad av politisk konsensus vil eg bruke som mål på at eit samfunn er tradisjonelt og relativt einskapleg politisk. Dette vil eg i praksis gjere ved å prøve samanhengen mellom røyster for det største partiet og endringsvariablane. Eg tenkjer meg at ein høg prosentdel røyster for eit parti (som oftast Venstre) uttrykkjer eit kulturelt einskapleg og tradisjonelt samfunn, medan lågare prosentdel røyster for eit stort parti (Venstre) grunna både stemmer for dei andre partia, syner eit meir samansett samfunn politisk, kulturelt og sosialt. Tanken er at dess jamnare fordelt røystegjevinga er ved Stortingsval, dess større politisk pluralisme herskar i kommunen. På grunn av valordningar og partidanning kan denne samanhengen kan berre prøvast mot 1900 materialet. Valet i 1900 er det første valet etter innføringa av allmenn

røysterett for menn (1898), og skulle såleis gje eit betre bilete enn tidlegare av den politiske strukturen i ein region, fylke eller kommune.

Tabell 8-15 Venta samanheng mellom politiske og kulturelle forklaringsvariablar og indikatorvariablar for livsløp- og hushaldsmønster.

Uavhengige variablar: Politisk-kulturell pluralisme	Verdi	Variabel for sosial endring	Samanheng - verdi
a) Heimfødingsprosent b) Prosentdel røyster til det største partiet c) Prosentdel nei til monarki	Høg	Hushaldsstorleik	Høgt snitt for MHS, store hushald
	Høg	Hushaldsstorleik, etablerarhushald	Høgt snitt for MHS28-32 år
	Høg	Giftarmålsalder	Høg SMAM, menn og kvinner
	Høg	Forlate foreldreheimen	Låg alder ved 1. kvartil, menn og kvinner
	Høg	Einslege hovudpersonar	Låg del for alder 20-29 år
	Høg	Mannlege tenarar	Høg prosentdel mannlege tenarar

Den tredje politisk-kulturelle forklaringsvariabelen syner kor effektivt eit politisk budskap kunne spreie seg frå sentrum. Ved spørsmålet om monarki ved folkerøystinga i 1905 mobiliserte periferien mot monarki og for republikk. Med "den store stjerna" Christian Michelsen i spissen mobiliserte det politiske sentrum og fekk sterk oppslutning for monarki der.⁴⁹⁷ Ved folkerøystinga 18. november 1905 røysta 259.563 for kongeval og 69.264 mot. Motstanden var særleg sterk i dei indre fjordbygdene og fjellbygdene. Røystegjevinga for monarki vil eg bruke som eit anna mål på kor raskt ein politisk ide let seg spreie, og nei til monarki (republikanisme) som eit mål både på motstanden og forseinkinga i spreinga av eit politisk budskap frå sentrum. No er sosiale prosessar gjennom kulturdiffusjon og mobiliseringa i høve til valet av statsform i 1905 ulike prosessar. Sosiale endringar gjennom diffusjon er vanlegvis oppfatta som ein "treg" prosess som verkar over lang tid. Valkampen i 1905 var derimot kort, den varte berre nokre månader, frå juni til november 1905. Likevel er det sannsynleg at den kan fortelje noko om kulturelle skilnader og spreingstakta til idear og i dette tilfellet politiske.⁴⁹⁸

⁴⁹⁷ Nerbøvik: 1986, s. 130, s. 168-172 og s. 187-191.

⁴⁹⁸ Nerbøvik: 1986, s. 130. Det indre av Norge er karakterisert som ein eigen "seig" kulturregion av Nerbøvik. Denne regionen var dei republikanske kjerneområda i 1905 og likeeins var motstanden mot EF i 1972 kompakt.

8.8.1 Folkeveksten i dei politisk-kulturelle regionane

Men før vi kan analysere samanhengen mellom målevariablane for kulturendring og indikatorvariablane for livsløp- og hushald, bør vi kjenne til nokre eigenskapar ved regionane. Tabell 8-16 syner verdiane på dei uavhengige variablane fordelt på regionar, og for oversikta si skuld er verdiane på nokre av dei økonomiske variablane også tekne med.

Tabell 8-16 Folketal og folkevekst i regionane 1801, 1865 og 1900

Regionar	1801	1855	1865	Folkevekst 1855-1865	1891	1900	Folkevekst 1891-1900
Indre sentrum	100844	201704	247205	2.05	373938	487468	2.99
Ytre sentrum	186424	292582	338827	1.48	367959	426397	1.65
Kyst og ytre bygder	229300	428981	509834	1.74	570044	595105	0.48
Dalar, fjell og indre fjord	283225	451199	476512	0.55	466687	473628	0.16
Den nordlegaste landsdelen	62542	115577	136729	1.69	203488	232543	1.49
Manglar/feilkoda	16716						
Totalt	879051	1490043	1709107	1.38	1982116	2215141	1.24

Kjelde: KHKD1801, KHKD6586, KHKD0086

Tabell 8-16 syner folketalet og folkeveksten i regionane frå 1801 til 1900. Midt på 1800-talet er folkeveksten sterkast i 'Indre sentrum' med ein årleg prosentvis vekst på 2.05%, og i kystbygdene i Sør-Norge med 1.74% årleg folkevekst. I 'Dalar, fjell og indre fjord' er det liten folkevekst, berre 0.55%. I 1900 er status annleis, 'Indre Sentrum' (Oslofjordområdet) har den klart sterkaste veksten med 2.99% årleg vekst, dinest følgd av 'Ytre sentrum'. Både langs kysten og i innlandet er veksten liten, bort i mot stagnasjon. Legg også merke til at 'Den nordlegaste landsdelen' (om lag Nord-Norge) har jamt stor folkevekst i heile perioden. I motsetnad til regionaliseringa i førre kapittel (økonomiske regionar) er denne statisk og tala kan difor samanliknast direkte mellom alle teljetidspunkta.

Tabell 8-17 Korrelasjonskoeffisienten Pearsons R for samvariasjon mellom folkevekst og endringsvariablane. Regionsnivå 1865 og 1900.

Indikatorvariablar	Folkevekst 1855- 1865	Folkevekst 1891- 1900
Kvinner, forlate opphavsfamilien	-0.48	-0.36
Menn, forlate opphavsfamilien	-0.41	-0.16
SMAM kvinner	-0.50	-0.89
SMAM menn	-0.61	-0.91
Etableringsalder: median	-0.35	-0.83
% tenestegutar av alle menn	0.02	-0.02
% einperson hushald	-0.97	-0.07
% einpersonhushald menn 20-29	-0.71	0.82
MHS30	0.77	-0.56
MHS	0.79	-0.04
FAMMHS	0.53	-0.15

Kjelde: KHKD6586, KHKD0086

Tabell 8-17 syner samanhengen mellom folkevekst i regionane, jamfør tabell 8-15, og indikatorvariablane for endring av livsløp og hushaldsstruktur. På regionsnivå, med fem einingar vil eg berre vurdere korrelasjonar med koeffisient større enn 0.7 eller mindre enn -0.7 . Årsaka til at eg set eit såpass høgt krav er at vi har berre fem "cases" eller regionar og med ein korrelasjonskoeffisient på 0.7 eller høgre er minst 50% av variasjonen i populasjonen forklart. Kort sagt: Minst 3 av 5 regionar må variere i takt. I 1865 syner fire variablar sterk samanheng med folkeveksten: Prosentdelen einpersonhushald av alle hushald minkar med aukande folkevekst, dvs. som vi tidlegare har sett i kapittel 7, einpersonhushaldet i perioden før 1865 har størst utbreiing der folkeveksten er minst og i det er i nokre av periferiregionane. Einpersonhushaldet er såleis ikkje eit sentrumsfenomen i tida før 1865. Også i denne perioden aukar prosentdelen einpersonhushald for menn i alderen 20-29 år, der folkeveksten er liten eller nær null. Heller ikkje er einpersonhushaldet danna av unge menn eit sentrumsfenomen. Tabellen syner også at på regionsnivå er det ein middels sterk samanheng mellom hushaldsstorleik og folkevekst. Det betyr at i område med sterk folkevekst får denne folkeveksten plass innafør den eksisterande hushaldsstrukturen, og dermed at folketalet aukar raskare og i større takt enn veksten i hushald. Dette fenomenet er også eit sentrumsfenomen, men det kan ha direkte samanheng med storleiken på folkeveksten; særst stor folkevekst fører til ei viss opphopping i hushalda.

I 1900 er situasjonen delvis omsnudd. Tabellen syner at giftarmålsalderen både for menn og kvinner minkar med aukande folkevekst (-0.86 og -0.91). Det same gjeld etableringsalderen for menn (-0.89). Fallande alder for familieetablering og hushaldsetablering har sterk korrelasjon med folkevekst. Ingen av desse variablane synte same sterke samanheng i 1865. Totalt omsnudd er høvet mellom folkevekst og einpersonhushaldet der hovudpersonen er ein mann i alderen 20-29 år. Dette varierer no positivt (merk negativt i 1865) med folkevekst ($+0.82$), og det er såleis eit klart sentrumsfenomen. Prosentdelen einpersonhushald generelt har ingen samanheng med folkevekst. Det er også verd å merke seg den tidlegare samanhengen mellom veksande hushald og folkevekst er borte. Og i 1900 finn ein dei minste etablerarhushalda (-0.56) der folkeveksten hadde vore sterkast, ikkje omvendt som i 1865 ($+0.77$).

Både i 1865 og 1900 er folkeveksten sterkast i 'Indre sentrum' (Kristiania og området i kring). Delar av denne veksten skuldast først og fremst Kristiania by, men sjølv om ein held Kristiania utanfor var folkeveksten sterkast i 'Indre sentrum' i 1865 og i begge sentrumsregionane i 1900. Folkeveksten som er klart sterkast i sentrumsregionane syner ulike samanhengar med indikatorvariablane, og i 1865 er korkje små hushald eller einpersonhushaldet sentrumsfenomen. Derimot syner både giftarmålsalder, etableringsalder, einpersonhushaldet og etablerarhushaldet seg å vere sentrumsfenomen i 1900. Alder for både giftarmål- og alder fell i proporsjonalt med folkeveksten. Desse samanhengane er viktige no når høvet mellom heimfødingsprosenten og indikatorvariablane skal granskast.

8.8.2 Heimfødingsprosenten

Tabell 8-18 syner variasjonen i heimfødingsprosent, sekundærsektor, bruksstorleik og røystgjeving i dei fem politisk-kulturelle regionane. I første omgong skal vi konsentrere

oss om heimfødingsprosent og røystgjeving. Regionen sin heimfødingsprosent er eit vekta snitt av heimfødingsprosenten i dei ein-skilde kommunane i regionen. Vektevariabel er totalt folketal i 1865 og heimehøyrande befolkning i 1900.

Tabell 8-18 Heimfødingsprosent, sekundærsektor, bruksstorleik og politisk røystgjeving fordelt etter politisk-kulturelle regionar, 1865 og 1900.

Forklaringsvariablar	Indre sentrum	Ytre sentrum	Kyst og ytre bygder	Dalar, fjell og indre fjord	Den nordlegaste landsdelen	Totalt
Heimfødingspst. 1865	61.4%	77.6%	77.4%	87.7%	75.7%	77.9%
Heimfødingspst. 1900	49.3%	63.1%	71.2%	80.9%	74.0%	
Sekundærsektor 1865	52.5%	32.7%	29.2	13.7	12.0	27.6%
Sekundærsektor 1900	32.4%	27.1%	19.6	17.4	12.5	
Snitt landskyld 1886, øre	349	430	244	319	162	307
Dekar pr. jordbrukande hushald (1865)	10.9	11.8	8.5	9.8	5.8	9.6
% røyster største parti	60.6%	60.3%	69.6%	72.9%	76.6%	
% nei til monarki	15.4%	20.3%	17.0%	35.0%	19.3%	21.4%

Kjelde: KHKD6586, KHKD0086

Dei uavhengige politisk-kulturelle variablane i tabellen er heimfødingsprosent og prosentdel røyster til det største partiet. Høg verdi på alle desse to variablane uttrykkjer eit tradisjonelt, monokulturelt samfunn med lite innslag av borgarskap, embetsmenn, tenestemenn og arbeidarar. Prosentdelen nei-røyster ved folkerøystinga om statsform er langt frå uproblematisk og eintydig. Den vil kunne syne både i kva grad periferien kan mobilisere mot påverknad frå sentrum, men òg kor langt og raskt politisk trykk frå sentrum spreier seg mot periferien.

Dei avhengige variablane kjenner vi frå før, men her har dei delvis endra form. Høg verdi på dei uavhengige variablane skal gje a) høg verdi på hushaldsstorleiken, både den allmenne og på etablerarhushaldet b) høg giftarmålsalder både for menn og kvinner og c) høg prosentdel mannlege tenarar (positiv korrelasjon). Samstundes ventar eg å finne d) at barna forlèt foreldreheimen tidleg, uttrykt ved alder for 1. kvartil og e) Ein låg prosentdel einslege hovudpersonar i alderen 20-29 år (negativ korrelasjon). Tabell 8-19 syner samanhengen mellom heimfødingsprosent og indikatorvariablane målt med Pearson's R.

Tabell 8-19 syner korrelasjonen mellom heimfødingsprosenten i 1865 og 1900 og indikatorvariablane. Heimfødingsprosenten er lik det vekta snittet av heimfødingsprosenten i dei ein-skilde kommunane som inngår i regionen, altså ikkje regionens heimfødingsprosent. I 1865 syner prosentdelen einpersonhushald sterk samvariasjon med heimfødingsprosenten. Dette syner at einpersonhushaldet er eit fenomen i kommunar med låg innflytting, og jamført med tabell 8-17 der einpersonhushaldet også har sterk samanheng med låg folkevekst, understrekar dette at i tida før 1865 er einpersonhushaldet ein resultat av ein stagnerande økonomi, ikkje ekspansiv. Heimfødingsprosenten syner og middels samvariasjon med hushald der hovudpersonen er ein einsleg mann mellom 20-29 år (0.75). Det er ein viss samheng mellom låg

gjennomsnittleg hushaldsstorleik og høg heimfødingsprosent (-0.65). Siste kolonne i tabellen syner at i 1900 var situasjonen frå 1865 dels omsnudd og at nye variablar er kjenslevare for heimfødingsprosenten. Giftarmålsalderen for menn syner positiv samvariasjon med heimfødingsprosenten (0.84) og det same gjer etableringsalder (0.80), samstundes som den positive samvariasjonen mellom prosentdel einpersonhushald i 1865 er utan samsvar (-0.19) i 1900. Og prosentdelen mannlege einslege hovudpersonar i alderen 20-29 år er snudd til negativ, dvs. høgare prosentdel einslege menn, dess lågare heimfødingsprosent. I 1900 er samanhengen mellom hushaldsstorleik og heimfødingsprosent også snudd frå negativ (-0.64) til positiv (+0.72).

Tabell 8-19 Korrelasjon mellom heimfødingsprosent og indikatorvariablar for livsløp og hushald. Politisk-kulturelle regionar, 1865 og 1900.

Indikatorvariablar	Heimfødingsprosent 1865	Heimfødingsprosent 1900
Kvinner, forlate opphavsfamilien	0.30	0.58
Menn, forlate opphavsfamilien	0.23	0.38
SMAM kvinner	0.35	0.65
SMAM menn	0.55	0.84
Etableringsalder: median	0.31	0.80
% tenestegutar av alle menn	0.20	-0.13
% einperson hushald	0.93	-0.19
% einpersonhushald menn 20-29	0.75	-0.75
MHS30	-0.64	0.72
MHS	-0.65	0.37
FAMMHS	-0.37	0.51

Kjelde: KHKD6586, KHKD0086

Omsnuinga i samanhengen mellom heimfødingsprosent og indikatorvariablane har to tolkingalternativ. For det første er det ikkje usannsynleg at samanhengen er spuriøs, dvs. det er ein anna eller andre faktorar som har innverknad på både heimfødingsprosenten og indikatorvariablane. I 1865 kan denne faktoren vere ressurspress: Høg heimfødingsprosent, låg prosentdel sekundærsektor og liten folkevekst kjenneteiknar regionen "Dal, fjell og indre fjord". Dette var også områder med godt etablert utvandring til Amerika frå kring 1840. Små eller få muligheiter for ekspansjon har sprengt den eksisterande hushaldsstrukturen. I sentrale strok og strok med fleire levebrødsalternativ får folkeveksten framleis plass innafør eksisterande hushaldsstruktur. I 1900 syner låg heimfødingsprosent i realiteten eit høgt press i økonomien, sterk tilflytting og folkevekst, muligheiter for arbeid og trykk på den eksisterande bustadmassen i dei største byane. I 1865 og 1900 var det ulike økonomiske faktorar som skapte same resultat, framvekst av einpersonhushald, fram mot 1865 i periferien, etter i sentrum. Den andre tolkinga av samanhengen mellom heimfødingsprosent og indikatorvariablane er at i 1865 er heimfødingsprosent som kulturell variabel uaktuell eller har liten innverknad fordi andre faktorar er sterkare (få levebrødsalternativ), medan i 1900 stør den ei kulturell forklaring på samanhengane fordi den kulturelle forklaringsmodellen føreset ein infrastruktur som ikkje fans i 1865, men var tilstades i 1900. Men dette kan ikkje heimfødingsprosenten

svare på, den er for avhengig av demografiske høve, men kanskje kan røystegjeving ved politiske val syne om det fins ein samanheng mellom kulturelle variablar og endring i livsløp- og hushaldsmønsteret.

8.8.3 Politiske val

I det følgjande vil eg prøve om det er ein samanheng mellom partistruktur og røystegjeving og indikatorvariablane. Tabell 8-18 framfor syner eigenskapar ved fem regionane m.o.t. partistorleik og røystegjeving ved val om statsform i 1905. Tabellen syner at storleiken på det største partiet i ein kommune minkar frå sentrum mot periferi, dvs. i periferikommunane er i større grad dominert av eit stort parti (Venstre). Ved folkerøystinga i 1905 er ikkje samanhengane så klare, men i sentrum og langs kysten i Sør-Norge var stemninga for monarki størst, medan i delar av periferien var langt meir positiv til republikk. Denne variabelen syner både i kor stor grad det politiske sentrum med Christian Michelsen i føregrunnen greidde å mobilisere og kor sterk motstanden i periferien var. Variabelen fortel også noko om spreingstakt, spireevne og grobotn frå sentrum mot periferi.

Tabell 8-20 Korrelasjon mellom indikatorvariablar og politisk-kulturelle forklaringsvariablar. Politisk-kulturelle regionar 1900.

Indikatorvariablar	Venta samanheng	Prosent røyster til det største partiet	Prosent nei til monarki
Kvinner, forlate opphavsfamilien	-	0.85	0.48
Menn, forlate opphavsfamilien	-	0.75	-0.28
SMAM kvinner	+	0.32	0.58
SMAM menn	+	0.65	0.78
Etableringsalder: median	+	0.82	0.33
% tenestegutar av alle menn	+	-0.44	0.58
% einperson hushald	-	-0.54	0.44
% einpersonhushald menn 20-29	-	-0.74	-0.20
MHS30	-	0.62	0.16
MHS	-	0.66	-0.16
FAMMHS	-	0.75	0.07

Kjelde: KHKD6586, KHKD0086

Tabell 8-20 syner samanhengen mellom indikatorvariablane og dei to kulturvariablane. Den andre kolumna syner den venta samanhengen. Tabellen byr på fleire overraskingar, særleg var det **ikkje** venta at det var ein positiv samanheng mellom eit stort parti og at barna forlét opphavsfamilien seint, men prosentdelen nei til monarki syner svakare, dels ingen samanheng, og derfor må denne samanhengane studerast på eit lågare aggregeringsnivå. Dei to kulturvariablane syner berre same retning på ein av indikatorvariablane, giftarmålsalderen for menn. Denne er høg der ein har ein enkel partistruktur med eit stort parti og der det var ein stor prosentdel neirøyster (+0.65 og +0.78). Sidan resultatet i tabell 8-19 er sprikande vil det vere spennande å følgje samanhengane til eit lågare nivå, fylker og kommunar. Det kan både medføre både at

makrosamanhengar forsvinn eller tek ei bestemt retning, slik at dei sprikande samanhengane i tabell 8-19 også let seg forklare.

8.9 Fylker og kommunar: Forsvinn samanhengane?

Ovanfor har eg analysert samanhengen mellom indikatorvariablane og dei kulturelle forklaringsvariablane på regionsnivå (politisk-kulturelle regionar). Sidan desse regionane er ulike frå næringsregionane i kapittel 7 let ikkje resultata seg samanlikne direkte. Men ved å analysere samvariasjon på fylkes- og kommunenivå uavhengig av regionane vil denne delen (punkt 8.9 og 8.10) kunne samanliknast direkte med del 7.9, og det er mogeleg å samanlikne og drøfte kva for forklaringsvariablar som har størst innverknad på indikatorvariablane for endring i livsløp- og hushaldsmønster. På dette nivået kan vi ikkje berre observere samanhengar, men bør også kunne avgjere kva for samanheng som har størst forklaringskraft, og såleis direkte svare på spørsmålet om det er økonomi eller kultur som styrer endringsprosessane.

Tabell 8-21 Korrelasjonskoeffisienten Pearson's R for samvariasjon mellom forklaringsvariablar og endringsvariablane. Fylker 1865 og 1900.

Indikatorvariablar	Prosent heimfødingar 1865.	Prosent heimfødingar 1900	Prosent røyster til det største partiet	Prosent røyster nei til monarki
Kvinner, forlate opphavsfamilien 1. kvartil	0.20	0.07	-0.37	0.10
Menn, forlate opphavsfamilien 1. kvartil	0.10	0.17	-0.07	0.05
SMAM kvinner	0.37	0.30	-0.01	0.16
SMAM menn	0.43	0.56	0.44	0.26
Median etableringsalder	0.37	0.71	0.64	-0.04
Prosent tenestegutar av alle menn	0.30	0.36	0.50	-0.13
Prosent einperson hushald av alle hushald	0.69	-0.32	-0.47	0.09
Prosent einpersonhushald menn 20-29 av alle mannlege einpersonshushald	0.27	-0.69	-0.61	0.00
MHS, hovudperson 28-32 år	-0.24	0.59	0.49	-0.13
MHS alle private hushald	-0.37	0.43	0.55	-0.04
MHS for familiehushald	-0.17	0.45	0.55	0.02

Kjelde: KHKD6586 og KHKD0086

Tabell 8-21 syner samanhengen mellom forklaringsvariablane og livsløp- og hushaldsvariablane på fylkesnivå. Grunnlagsdata for tabellen i tabell I-2 i vedlegg i og J-1 i vedlegg J. Verdiane på variablane på fylkesnivå er vekta snitt av verdiane på kommunenivå, der folketalet er vektingsvariabel.⁴⁹⁹ På fylkesnivå set eg grensa for korrelasjon lik +/-0.5 for å ta variabelen med i drøftinga. Berre ein indikatorvariabel opprettheld nivået på fylkesnivå, prosentdelen einpersonhushald (+0.69) og heimfødingsprosenten i 1865. Sidan modellen føreset først og sterkast endring der ein har ein låg heimfødingsprosent, strid dette direkte mot forklaringsmodellen. Kva var stoda i 1900? Høg heimfødingsprosent gjev høg giftarmåls- og etableringsalder for menn, relativt få mannlege einslege hovudpersonar i alderen 20-29 år og store hushald, og omvendt: låg

⁴⁹⁹ Vekta etter heimehøyrande befolkning i 1900, jf. variabeldokumentasjon KHKD0086 i tillegg B.

heimfødingsprosent gav låg giftarmåls- og etableringsalder (+0.56 og +0.71), mange einslege (-0.69) og små etablerarhushald (+0.59) – i tråd med forklaringsmodellen. Vi står då overfor same situasjon som over, indikatorvariablane varierer på ulike måtar i høve til heimfødingsprosenten i 1865 og 1900. Vi har framleis to alternativ: a) Heimfødingsprosenten dekkjer over for andre faktorar, samanhengen mellom den uavhengige og dei avhengige variablane er spuriøs. b) modellen har inga forklaringskraft i 1865, men ei viss forklaringskraft i 1900. Kva med dei to andre kulturelle forklaringsvariablane, partistruktur og krafta i motstanden mot monarki?

Fylke der eitt parti var dominerande (uttrykt i vekta snitt av kommunane i fylket) gjev positiv samvariasjon med høg giftarmålsalder for menn, høg etableringsalder for menn, stor del mannlege tenarar og store hushald, samstundes som det er få einpersonhushald. Alle eigenskapar vi set i samband med eit tradisjonelt samfunn. Kan dette tyde på at kulturdiffusjonsmodellen faktisk har god forklaringskraft? Kva med røystegjevinga i 1905, er det samheng mellom nei-motstanden og eit ”tradisjonelt” livsløp- og hushaldsmønster? Siste kolonne i tabellen syner samvariasjon mellom prosentdel nei-røyster til monarki og indikatorvariablane på fylkesnivå, og vi kan trygt slå fast at det er ingen samanheng, for alle korrelasjonskoeffisientane ligg mellom -0.13 og +0.26. Dette kan skuldast at forklaringsvariabelen ikkje fortel noko som helst kulturforholda i Norge kring 1900, sjølv om den har vore nytta som ein motkultur-variabel. Det kan også tyde på at kulturmotsetnader - urban sentrumskultur i mot rural motkultur – ikkje har innverknad på dei sosiale strukturane vi granskar.

Tabell 8-22 Korrelasjon målt med Persons R mellom prosentdel heimfødingar, prosentdel venstrestemmer og indikatorvariablar for sosial endring. Norske kommunar 1865 og 1900.

Indikatorvariablar, avhengige variablar	Vanta samanhang	Forklaringsvariablar, uavhengig variablar			
		Heimfødingsprosent		Prosent røyster til det største partiet	Nei til monarki
		1865	1900	1900	1900/1905
Kvinner, forlate opphavsfamilien	-	0.14	-0.07	-0.18	0.02
Menn, forlate opphavsfamilien	-	0.14	0.10	-0.01	-0.17
SMAM kvinner	+	0.30	0.14	0.01	0.03
SMAM menn	+	0.28	0.41	0.20	0.07
Etableringsalder: median	+	0.20	0.61	0.39	-0.04
% tenestegutar	+	0.13	0.37	0.30	0.06
% einperson hushald	-	0.35	-0.36	-0.31	0.14
% einpersonhushald menn 20-29	-	0.16	-0.57	-0.36	0.07
MHS30	+	-0.06	0.48	0.27	-0.05
MHS	+	-0.13	0.44	0.35	-0.07
MHS familiehushald	+	0.01	0.37	0.31	0.02

Kjelde: KHKD6586 og KHKD0086

Men både heimfødingsprosent og partistruktur viser samvariasjon med dei sosiale variablane på fylkesnivået, kva om aggregeringsnivået blir senka eit hakk til, til kommunar, løyser makrosamanhengane seg då opp og forsvinn?

Tabell 8-22 på syner samanhengen mellom dei uavhengige variablane og dei avhengige indikatorvariablane for sosial endring på kommunenivå. Populasjonen er om lag 590 kommunar som har gyldige verdiar på alle variablane, og eg vil vurdere korrelasjon heilt ned mot +/- 0.33.

Hovudintrykket er lågare korrelasjon på kommunenivå enn på fylkesnivå, særleg for dei politiske variablane, prosentdel røyster til det største partiet (vanlegvis Venstre) syner framleis ein viss samanheng, medan røystegjevinga i 1905 er utan samvariasjon med indikatorvariablane. Heimfødingsprosenten syner berre ein svak samanheng med ein av indikatorvariablane i 1865, prosentdelen einpersonhushald. Og denne samanhengen er på kommunenivå som på dei høgare nivåa, positiv (+0.35). For dei andre variablane er samanhengane ubetydelege og delvis er i motsett retning av venta. Men i 1900 viser tabellen framleis ein svak korrelasjon mellom heimfødingsprosent på den eine sida og store hushald, høg giftarmålsalder og låg del einpersonhushald. Tradisjonelle livsløp- og hushaldsmønster lever best saman med høg heimfødingsprosent. Kanskje har Krokann rett når han hevdar endringane kom med folket langs dei nye kommunikasjonslinene – både dei som bygde dei og dei som følgde dei? Og når den gamle kona fortel til Eilert Sundt korleis ”natløberiet” døyrt ut med auka samkvem med bybefolkninga⁵⁰⁰, var ho då inne på ein vesentleg forklaringsfaktor? Eg venta å finne ein negativ korrelasjon mellom heimfødingsprosent og alder for å forlate opphavsfamilien, men her er det ingen korrelasjon. Det er generelt liten korrelasjon mellom dei politiske og kulturelle variablane og variablar for sosial endring.

Hovudintrykket av denne analysen er at kulturvariablane syner sterkast samanheng seint i hundreåret, mot 1900. Mest følsame for kulturvariablane synest giftarmålsalder og etableringsalder for menn, noko vi var inne på alt i punkt 8.6 (jamfør også tabell 8-13). Kring midten av hundreåret ser ikkje kulturdiffusjonsmodellen til å ha tilsvarande innverknad på endringane i livsløp- og hushaldsmønster.

8.10 Oppsummering

I dette kapitlet har eg freista å prøve ein kulturdiffusjonsmodell i høve til livsløps- og hushaldsmønster. Dette er gjort på to måtar: a) Ved å dele landet inn i politisk-kulturelle regionar langs ein akse frå sentrum mot periferi. Og b) ved å teste samvariasjon mellom politiske og kulturelle variablar og indikatorvariablane på ulike nivå, frå regionar til kommunar. I dette kapitlet og i kapittel 6 har eg synt at ein diffusjonsmodell på sosial, kulturell og politisk endring er utbreidd hos ein rekkje historikarar, etnologar og samfunnsforskarar. Og historikarar har i ulike samanhengar tala for at hushaldsstruktur og familiemønster vart endra på 1800-talet langs ein territoriell sentrum-periferi akse. I kva grad kan endring i hushalds- og livsløpmønster forklarast som resultat av kulturspreiing?

Fallet i hushaldsstorleik på 1800 var sterkast i indre sentrum og i periferiregionen Dalar, fjell og indre fjord. På regionsnivå var det i 1865 ein negativ samvariasjon mellom

⁵⁰⁰ Jf. kapittel 5.3

hushaldsstorleik og heimfødingsprosent, i 1900 var denne snudd til ein positiv korrelasjon. På fylkesnivå vert desse samanhengane svekka, men pariteten på samanhengen held seg, og på kommunenivå løyser den seg opp for 1865, men det er ein moderat positiv samheng i 1900. Dette kan indikere at samanhengen er spuriøs, og det er nærliggjande å tru at t.d. næringshøve kan liggje bak både heimfødingsprosent og hushaldsstorleiken. På kommunenivå er korrelasjonen mellom prosentdelen primærnæringsar og heimfødingsprosenten $+0.84$ i 1900⁵⁰¹, og det strykkjer mistanken om ein spuriøs samheng. Dei politiske variablane skårar og lågt andsynes hushaldsstorleiken, unntaket er den positive samanhengen mellom hushaldsstorleik og mange røyster til berre eit parti, men også denne samanhengen løyser seg opp på det lågaste nivået. I høve til endring i hushaldsstorleik synest diffusjonsmodellen å ha lite for seg.

Etablerarhushaldet har liknande endringslaup som alle private hushald. Minken i hushaldsstorleik fram til 1865 er størst i ein av periferiregionane (Dalar, fjell og indre fjord) og mellom 1865 og 1900 er fallet i hushaldsstorleik for etablerarhushaldet størst i regionen Indre Sentrum. Samanhengen mellom dei politisk-kulturelle variablane og hushaldsstorleik for etablerarhushald har same tendens for hushald generelt, ved nokre høve er samanhengen noko sterkare, andre gonger litt svakare, t.d. på kommunenivå i 1900 er samanhengen mellom heimfødingsprosent og hushaldsstorleik sterkare for etablerarhushaldet. Men generelt må vi konkludere med at dei politisk-kulturelle forklaringsvariablane syner svak samheng, med hushaldsstorleiken til etablerarane, særleg gjeld dette dei politiske variablane.

Framveksten av einpersonhushaldet i tida før 1865 er sterkast i to periferiregionar, særleg gjeld dette einpersonhushald der hovudpersonen er mellom 25-29 år. Etter 1865 er veksten er sterkast i Indre Sentrum. Og igjen følgjer ikkje endringstakta modellen, modellen føreset sentrum først, deretter periferi. Eit liknande bilete gjev dei politisk-kulturelle forklaringsvariablane. I 1865 var det ein positiv samheng mellom einpersonhushald og heimfødingsprosent, i 1900 er denne snudd til ein negativ samheng. Også ein einseitig politisk flora har i 1900 negativ samvariasjon med einpersonhushaldet. Men folkeveksten syner ein langt sterkare samheng med einpersonhushaldet, og dette kan tyde på at samanhengen er spuriøs, høg folkevekst gjev bidrag til ein låg heimfødingsprosent pga. innflytting. Og såleis kan den observerte samanhengen mellom heimfødingsprosent og einpersonhushaldet skuldast variasjon i folkeauken.

Prosentdelen av mannlege tenarar både i høve til befolkning og i høve til tal hushald fell generelt i perioden. Analysen syner at minken i talet på mannlege tenarar er noko sterkare i sentrumsregionane, men skilnaden mellom t.d. Ytre Sentrum og Kyst og Ytre bygder er minimal. Analysen av talet på mannlege tenarar i hushald med tenestefolk gav heller ikkje noko eintydig resultat. Det kan synest som om at dei hushalda som hadde mannlege tenarar i 1801 også hadde det i 1900, sidan talet på hushald med mannlege tenarar er stabilt gjennom hundreåret. Den relative minken av mannlege tenarar (i høve til hushald og befolkning) har ingen klar sentrum-periferi profil. Den einaste politisk-kulturelle variabelen som gjev ein viss samvariasjon med prosentdelen mannlege tenarar er prosentdelen røyster for eit stort parti. Dette er interessant, sidan det kan tyde på at menns

⁵⁰¹ Kjelde: KHKD0086

uvilje til å vere i teneste går saman med ein politisk vakning og opposisjon mot eigedomsklassen. Vi kan tenkje oss at dess sterkare oppløysinga av dei paternalistiske banda; dess meir variert politisk flora og dess større uvilje til teneste. Men denne samanhengen syner seg best på fylkesnivå, elles er den for svak. Kulturdiffusjonsmodellen gjev såleis lite grunnlag for å forklare endringane i tenesteinstitusjonen for menn.

Trekk ved livsløpsovergangen 'forlate opphavsfamilien' blir også endra generelt og tilsynelatande uavhengig av sentrums-periferi-aksen. Standardisering av livsløpet er sterkare hos jenter enn hos gutar, og gjennom hundreåret skjer det ei konvergering av alder for å forlate opphavsfamilien. Skilnadane mellom regionane var større tidleg i hundreåret, enn seint. Dette kan tyde på at ein ekstern og generell faktor påvirkar denne delen av livsløpet og at desse kreftene er så sterke at det ikkje har oppstått regionale skilnader. Derimot synte analysen av medianen for livsløpsovergangen og aldersspreiinga ved livsløpsovergangen at diffusjonsmodellen hadde ein viss forklaringskraft. Korrelasjonsanalysen gav ikkje noko ny kunnskap. Det er ingen samheng (Pearson's R +/-0) mellom indikatorvariablane og forklaringsvariablane. Unntaket er på regionsnivået, der det syner seg å vere ein samheng mellom politisk konformitet og at kvinnene blir verande lenge heime, men denne samanhengen let seg ikkje følgje på lågare aggregeringsnivå. Dette styrkjer mistanken om at endringane i denne livsløpsovergangen er styrd av ein eller fleire faktorar som korkje er avdekt i førre kapittel (økonomiske forklaringar) eller i dette kapittelet (politisk-kulturelle).

Endring i mønsteret for familieetablering syner heller ingen klar samheng med diffusjonsmodellen. Fallet i giftarmålsalder for kvinner skjer først i ein av periferiregionane ('Den nordlegaste landsdelen') og fallet skjer før 1865. For menn fell giftarmålsalderen etter 1865 og i sentrums-regionen 'Indre sentrum', medan periferiregionane syner stabilitet i giftarmålsalderen. På regionsnivå er det ein viss samvariasjon mellom republikanisme og høg giftarmålsalder for menn, på lågare nivå er denne samanhengen borte, derimot er det i 1900 positiv korrelasjon mellom giftarmålsalder for menn og heimfødingsprosenten og denne samanhengen vert ikkje borte, men er svak på kommunenivået. For kvinnene er det ingen liknande samanhengar mellom giftarmålsalder og dei politisk-kulturelle variablane.

Timing av hushaldsetablering (for menn) syner at det er små skilnader mellom regionane i 1801 og 1865, men i 1900 er det langt klarare skilnader mellom sentrum og periferi. I sentrum er medianen for hushaldsetablering kring 26 år, i periferien kring 28 år. Dette kan tyde på at diffusjonsmodellen med ein territoriell akse frå sentrum mot periferi har ei viss forklaringskraft tett mot 1900, men ikkje tidlegare. I regionar med eit stort dominerande parti er samstundes etableringsalderen høg, og det same gjeld høvet mellom heimfødingsprosent og etableringsalder. Desse to samhengane er framleis tilstades på fylkesnivået, medan berre heimfødingsprosenten og etableringsalder har eit signifikant nivå på kommunenivået (Pearson's $R=+0.61$). Andre samanhengar kverv på kommunenivået. Men som tidlegare, heimfødingsprosenten åleine er ein høgst problematisk variabel, det kan igjen vere ein kombinasjon av ein dominerande primærsektor og låg folkevekst og innflytting som gjev høg heimfødingsprosent.

Generelt sett synest den politisk-kulturelle diffusjonsmodellen å ha lita forklaringskraft. I dette kapittelet er diffusjonsmodellen prøvd både gjennom politisk-kulturelle regionar og gjennom eit sett av politisk-kulturelle variablar, utan at det har lukkast å få finne samvariasjon på andre variablar enn heimfødingsprosenten. Problemet er naturlegvis at heimfødingsprosenten avspeglar økonomiske og demografiske høve, slik at denne påviste samanhengen truleg er spuriøs. Eg kan ikkje avvise forklaringsmåten totalt, for mangelen på samsvar kan skuldast dårleg operasjonisering. Eller sagt på ein annan måte: Eg trefte ikkje hovudet på spikaren, og tommelen blir berre blå dess meir ein hamrar. Men eg vil likevel konkludere med at prøvinga har svekka diffusjonsmodellen si forklaringskraft.

Kapittel 9

Mot ein meir samansett forklaringsmåte

I kapittel 7 og 8 vart to hovudforklaringar på endring av livsløp- og hushaldsmønster drøfta. Analysen var detaljert, mange faktorar og indikatorar vart prøvde. Føremålet med dette kapittelet er å prøve å trekke saman og generalisere dei mest signifikante funna i kapittel 7 og 8 og trekkje inn forklaringar drøfta i kapittel 6, men ikkje analysert i 7 og 8. Dette kapittelet er såleis både ei samandraging og eit forsøk på generalisering. Men i tillegg vil nokre nye faktorar bli dregne inn for å drøfte delkonklusjonane i dei to føregåande kapitla. Analysen i kapitla 7 og 8 synte at folkevekst gav høg samvariasjon med endringsvariablane i tillegg til nokre av dei økonomiske variablane. Samstundes synte det seg at livsløpsovergangen 'å forlate opphavsfamilien', vart endra uavhengig av dei økonomiske, politisk-kulturelle og demografiske faktorene. Føremålet med dette kapittelet er derfor å søkje etter eit breiare forklaringsgrunnlag, og kapittelet er dermed meir enn eit reint samandrag av føregåande kapittel.

9.1 Endringar og kvifor

Gjennomgangen av forklaringsmodellar i kapittel 5 og 6 synte at vi i hovudtrekk kan utkrystallisere to hovudforklaringar på sosial endring i Norge på 1800-talet og at desse fell om lag i dei same kategoriane som har stått sterkast internasjonalt. På den eine sida har vi den kulturelle forklaringsmodellen, der sosial endring er ein refleks av ein dominant og sterkare kultur. Den dominerande kulturen får styrkje gjennom å sameksistere med den politiske eliten og tenkjemåten til den politiske eliten. Endringar er såleis ein kombinasjon av etteraping av den kulturelle eliten, medviten nasjonal politisk styring og ideologisk påverknad for å endre normer og kultur – heve dannelsingsnivået i allmugen. Element av denne kulturell forklaringsmodellen finn vi hos Eilert Sundt, Inge Krokann og forfattarane av *Med kjønnsperspektiv på norsk historie*. Sosiale endring er følgjer av ny borgarleg, urban kultur og tenkjemåte, eller i Krokanns terminologi: Det kulturelle hamskiftet. Hos andre finn vi ei sterkare vektlegging av dei politiske aspekta – med både harmonisering, politisk strid og kulturkamp. Rune Slagstad dannar ytterpolen, som i *Nasjonale Strateger* nettopp vektlegg den endrande krafta til dominante einskildindivid i det politiske sentrum. Sentralt for Jens Arup Seip og særleg Stein Rokkan, trass i metodisk usemje, er kampen om det politiske sentrum. Og sjølv om det kan vere usemje om korleis kampen vart vunnen, er Hans Try klar i sin konklusjon: Den etablerte politiske eliten i sentrum (embetsmennene) vann den kulturelle kampen, sjølv om dei tapte staten. Sosiale endringar skal etter denne forklaringsmodellen kunne avlesast langs sentrum-periferi-aksen, først i sentrum, deretter som ringar i vatnet til den fjernaste avkrok og inste vik.

Den andre forklaringsmodellen vektlegg dei økonomiske aspekta i litt ulike variantar, dels er det tale om ulik omgrepsbruk. Både Sølvi Sogner og Ståle Dyrvik har vektlagt hushaldet sin produksjonsfunksjon; produksjonen forlèt hushaldet og går ut i marknaden. I sosiologisk terminologi: Funksjonsbortfallet. I granskinga av barnebegrensing tidleg på 1900-talet konkluderer Sogner, Randsborg og Fure med at dei

økonomiske faktorane har størst forklaringskraft. På eit meir generelt plan vektlegg både Tore Pryser og Jostein Nerbøvik den endrande krafta til teknologiske nyvinningar, som t.d. slå- og såmaskinar. Mekanisering og ny teknologi endrar det sosiale landskapet på landsbygda i Norge. Krokann framhevar også teknologi, særleg kommunikasjonsteknologi, vegar og jarnvegar fører med seg både folk, idear og varer. Men for Krokann synest ideane den nye teknologi ber med seg ha sterkast forklaringskraft, ikkje teknologien i seg sjølv. Oppløysinga av det tradisjonelle bondesamfunnet får såleis mest næring frå nye økonomiske høve. Sverre Steen og Fritz Hodne vektlegg i denne samanhengen særleg eksportnæringane som frå kring 1830-40 løyser opp det gamle 'sjølvforsyningshushaldet' og vert erstatta av 'pengehushaldet'. Det er ein viss gradsskilnad og tidsskilnad her: Krokann og Steen kan tolkast klarast i retning av at endringane tek til før 1850, medan Sogner, Pryser og Nerbøvik i sterkare grad vektlegg industrialiseringa seinare i hundreåret.


I tillegg synte analysen at det var ein sterk samheng mellom endring av livsløp- og hushaldsmønster og folkeveksten, samt at livløpsovergangen å forlate opphavsfamilien delvis vart endra uavhengig av økonomiske og demografiske faktorar. Analysen gav få indikasjonar på at den politisk-kulturelle forklaringsmodellen hadde forklaringskraft, og livsløps- og hushaldsendringane var klart meir kjenslevare for dei økonomiske variablane. Derfor er dette kapittelet delt i tre delar der eg vil avgrense, klargjere og drøfte tre faktorar sin innverknad på endringane i livsløp- og hushaldsmønsteret:

- 1) Demografi, folkevekst
- 2) Økonomi, utviklinga av sekundær- og tertiærsektor
- 3) Kan organseringa av skulevesenet vere den eksterne faktoren som forklarar endringane i livsløpsovergangane frå 'barn' til 'ung vaksen'?
- 4) Andre faktorar: Sosial utjamning og endring av kårskipnaden

Kva av faktorane synest vere sterkast? Har dei verknad på ulike måte og til ulik tid?

9.2 Folkevekst og hushald

I perioden 1801 til 1900 fell den gjennomsnittlege hushaldsstorleiken meir for etablerarane enn generelt - etablerarhushaldet blir mindre. Dei minste hushalda finn vi i byane og i innlandet i Sør-Norge. Ved inndeling av kommunane i næringskategoriar synte det seg at det var regionen fjellbygder som opplevde det største fallet i hushaldsstorleik, og ved inndeling i kommunane i politisk-kulturelle regionar var fallet størst i regionen 'Dal, fjell og indre fjord'. Delvis er desse to regionane overlappande. Fallet i hushaldsstorleik er ikkje slik vi venta; eit isolert by eller sentrumsfenomen. Det er det òg, men byane/sentrum og fjellbygder/'Dal, fjell og indre fjord' er i kvar ende av aksen frå sentrum mot periferi, byane hadde den største - og veksande - sekundærsektor, medan dal-, fjord- og fjellbygdene var nærast einsidige jordbruksbygder, jf. tabell 7-19. Regionane stod såleis også i kvar ende av ein økonomiakse. Korleis var ei slik parallell utvikling mogeleg i to så ulike økonomiske og kulturelle regionar? Korkje dei økonomiske eller kulturelle forklaringsvariablane gav høgt samsvar i korrelasjonstesten, men derimot gav folkevekst godt samsvar med endringane i hushaldsstruktur og eg skal underbygge dette ytterligare.

Figur 9-1 Prosentvis årleg folkevekst 1855-1865. Norske kommunar 1865.

Kjelde: KHKD6586


Figur 9-1 syner at folkeveksten var generelt sterk langs kysten og i byane og i Nord-Norge i tiåret før 1865. Kartet syner prosentvis årleg folkevekst⁵⁰² i kommunane justert etter kommuneinndelinga i 1865. Lys fargeskivering syner negativ, ingen eller liten folkevekst, dess mørkare farge, dess sterkare folkevekst i perioden 1855-1865. Kommunane er delt i fire like store delar pr. 1865, grenseverdien 1.09 syner derfor median folkevekst. I Innlands-Norge var det i tiåret 1855-65 stagnasjon eller svak folkevekst (mindre enn 0.52% årleg vekst), medan veksten var klart sterkast langs kysten. Unntaket frå denne regelen var Hedmark og flatbygdene i nærleiken til Kristiania. Kartet syner at i desse stroka var veksten større enn medianen med meir enn 1.09% årleg folkevekst. Dei fleste byane har meir enn 1.74% årleg folkevekst. Kva med fordelinga av einpersonhushald i høve til folkevekst?

Figur 9-2 syner prosentdelen einpersonhushald av alle private hushald i alle norske kommunar i 1865. Ein låg prosentdel einpersonhushald er markert med lys fargeskivur, medan mørk farge viser høg prosentdel einpersonhushald. Kommunane er delt i fire like

⁵⁰² Den årleg prosentvise veksten er geometrisk interpolert, sjå Dyrvik: 1983, s. 54 eller Shryock, Siegel og Larmon: 1973, s. 681-702

store blokker, grenseverdiane syner kvartilane, og median prosentdel einpersonhushald i 1865 er 7.1%, jf. fargeforklaring på figuren. Figuren syner at einpersonhushalda har sterkast utbreiing i Innlands-Norge, særleg i Sør-Norge med jamt over meir enn 10% einpersonhushald av alle hushald. Nokre få byar og nokre få stader langs kysten har også høg prosentdel einpersonhushald, men kartet syner ein klar tendens, einpersonhushaldet er eit innlandsfenomen. Samanlikna med førre kart over folkeveksten (figur 9-1), syner at sterk folkevekst i perioden 1855-65 var eit typisk kystfenomen, og Innlands-Norge var prega av stagnasjon eller nedgang i folketalet.

Figur 9-2 Prosentdelen einpersonhushald av alle private hushald. Norge 1865.




Kjelde: KHKD6586

Ved å samanlikne figur 9-2 og 9-1 kan vi visuelt erkjenne at det er ein samanheng (negativ korrelasjon) mellom folkevekst og prosentdelen einpersonhushald. Figur 9-1 syner at folkeveksten er sterkast i byane, og langs den heilt yste kyststripa, og helst der hovuddelen av prestegjeldet grensar mot havet. Prosentdelen einpersonhushald er noko meir variert: Kartet, figur 9-2 syner at prosentdelen einpersonhushald er mellom 8%-15% i store delar av Innlands-Norge.⁵⁰³ I tillegg er det også ein høg prosentdel einpersonhushald i nokre av byane. Mønsteret er langt frå så eintydig som for folkeveksten, men til ein viss

⁵⁰³ Kjelde KHKD6586

grad syner kartet at kommunar med liten eller ingen folkevekst har flest einpersonhushald, medan kommunar med stor vekst i folketalet har færrest. Men kart kan lure ein, for på kommunenivå er samvariasjonen mellom prosentdelen einpersonhushald og folkevekst berre -0.27 (Pearson's R). Men som tabell 7-20 syner er korrelasjonen mellom folkevekst og einpersonhushald -0.77 på fylkesnivå.

Figur 9-3 Korrelasjon mellom årleg prosentvis folkevekst 1855-1865 og prosentdelen einpers onhushald i 1865. Fylkesnivå.



Kjelde: KHKD6586. Grunnlagsdata i tabell I-3 og I4 i vedlegg I.

Diagram, figur 9-3, syner fordeling av årleg prosentvis folkevekst 1855-1865 (x-aksen) og prosentdel einpersonhushald i 1865 på fylkesnivå (y-aksen). Lina i diagrammet syner den lineære samanhengen mellom desse to variablane. Regresjonslikninga for lina er:

$$\text{Prosentdel einpersonhushald} = -3.9 * \text{folkevekst} + 13.3$$

Med 1% folkevekst: $-3.9 * 1.0\% + 13.3 = 9.4\%$ einpersonhushald

Med 2% folkevekst: $-3.9 * 2.0\% + 13.3 = 5.5\%$ einpersonhushald

I høve til likninga har Buskerud høgare prosentdel einpersonhushald (11.5%) enn kva folkeveksten skulle tilseie. Også Finnmark med 7.9% einpersonhushald har for stor del einpersonhushald i høve til folkeveksten, medan Østfold og Oslo har for låg prosentdel einpersonhushald i høve til folkeveksten og likninga. Korrelasjonskoeffisienten Pearson's R måler -0.77 mellom dei to variablane, jamfør tabell 7-21.

Samanhengen mellom folkevekst og prosentdelen einpersonhushald i 1865 tyder på at framveksten av einpersonhushaldet var skunda fram av stagnasjon og tilbakegang i

folketalet. Men for å klargjere korleis denne samanhengen var vil eg analysere to nye variablar: Veksten i talet på hushald mellom 1855 og 1865 og endringa i hushaldsstorleik i same tiår. Endringa i hushaldsstorleik mellom 1855 og 1865 vil kunne gje svar på om veksten i talet på einpersonhushald fører til fall i hushaldsstorleik, altså om fallet i hushaldsstorleik berre er relatert til framvekst av einpersonhushald, eller om denne prosessen er meir komplisert. Veksten i talet på hushald vil indirekte fortelje noko om veksten i talet på levebrød. Dersom folkeveksten er sterkare enn hushaldsveksten vil hushaldsstorleiken auke, dersom hushaldsveksten er sterkare enn folkeveksten vil hushaldsstorleiken minke.


Tabell 9-1 Korrelasjon mellom folkevekst, hushaldsvekst og endring i hushaldsstorleik mellom 1855-1865 og 1891-1900. Kommunenivå og fylkesnivå.

Variabel	Folkevekst, kommunenivå	Hushaldsvekst, kommunenivå	Endring i MHS, kommunenivå	% einpersonhushald, fylkesnivå	% einpersonhushald 20-29 år av alle einpersonhushald, fylkesnivå
Folkevekst 1855-1865	-	0.83	0.03	-0.77	-0.20
Hushaldsvekst 1855-1865	0.83	-	-0.51	-0.66	-0.10
Folkevekst 1891-1900	-	0.89	-0.22	0.16	0.66
Hushaldsvekst 1891-1900	0.89	-	-0.56	0.12	0.57

Kjelde: KHKD6586. Grunnlagsdata for fylkesnivå i tabellane I-3, I-4, I-5 og I-6 i vedlegg I.

Tabell 9-1 syner samanhengen mellom folkeveksten 1855-1865, hushaldsveksten i same periode, differansen i gjennomsnitt hushaldsstorleik (MHS) mellom 1855 og 1865 (MHS for 1865 minus for MHS 1855) og prosentdelen einpersonhushald. Alle korrelasjonar er målt på kommunenivå. I tillegg er prosentdelen einpersonhushald også er målt på fylkesnivå. Korrelasjonskoeffisienten Pearson's R mellom veksten i talet på hushald og folkeveksten er ikkje heilt uventa sterk og måler +0.83 i 1865 og +0.89 i 1900. Det tyder på at tala på hushald og folketalet aukar eller minskar i om lag same takt, men samsvaret er ikkje 'perfekt'. Generelt var hushaldsauken noko sterkare enn folkeveksten. Denne relasjonen syner seg som eit svakt fall i den gjennomsnittlege hushaldsstorleiken. Samanhengen mellom endring i MHS og hushaldsveksten er negativ, -0.51 i 1865 og -0.56 i 1900. Det tyder på at i kommunar der hushaldet aukar mest i storleik i tiårsperioden før teljinga er også folkeveksten minst, og omvendt sterk folkevekst og liten endring eller fall i hushaldsstorleik. Denne samanhengen er ikkje umiddelbart intuitiv, men figur 9-4 nedanfor er oppklarande.

Figur 9-4 Samanhengen mellom vekst i talet på hushald og endring i hushaldsstorleik på kommunenivå. Norge 1855-1865.



Kjelde: KHKD6586

Vi skal no konsentrere oss om 1865. Figur 9-4 syner samanhengen mellom den årlege veksten (x-aksen) i talet på hushald i prosent og endring i hushaldsstorleik (y-aksen) mellom 1855 og 1865 i 477 kommunar.⁵⁰⁴ Figuren syner at i kommunar der hushaldsveksten er mellom 1%-4% minkar hushaldsstorleiken mellom 0 og 0.75 personar. Medan i kommunar med hushaldsvekst mindre enn 1% aukar hushaldsstorleiken med mellom 0 til 0.75 personar. Figuren syner også kvifor korrelasjonen mellom endring i hushaldsstorleik og hushaldsvekst berre målte -0.57 , for særleg i kommunar med sterk hushaldsvekst er det også sterk variasjon i endring i gjennomsnittleg hushaldsstorleik (MHS). I prikkdiagrammet, figur 9-4, syner dette seg ved vifteforma i høgre del av figuren. I høve til norma (regresjonslina) i diagrammet, så aukar MHS for sterkt, andre stader minkar MHS sterkare enn normalen. Lina i figuren er regresjonslina, og samanhengen mellom hushaldsvekst og endring i hushaldsstorleik kan uttrykkast matematisk med formelen:

⁵⁰⁴ Kommunar med ekstremverdiar er fjerna frå utvalet, dvs. kommunar der hushaldsveksten er mindre enn -3% årleg eller større enn 5% årleg, eller minken i hushaldsstorleik er mindre enn 2 personar eller større enn 2 personar. Utvalet utgjer dermed kring 95% av alle kommunar i Norge i 1865.

$$\begin{aligned} \text{Endring i hushaldsstorleik 1855-1865} \\ = -0.18 * \text{hushaldsvekst} + 0.18 \end{aligned}$$

Med denne enkle likninga kan vi predikere fallet i hushaldsstorleik dersom vi kjenner den årlege veksten i talet på hushald, t.d. om den årlege veksten i talet på hushald er lik 2% mellom 1855 og 1865, vil hushaldsstorleiken falle med 0.18 personar i same periode. Eller dersom hushaldsveksten er lik 0% vil hushaldsstorleiken auke med 0.18 personar. No er dette ingen sterk samanheng for den ikkje-vekta korrelasjonen er -0.57 i 1865. Det vil seie at berre i overkant av 30% av variansen er forklart (statistisk) gjennom denne likninga. Det betyr at det nok er fleire underliggjande straumar som dreg i ulik retning, og det fører oss over på ein-personhushaldet.

Prikkdiagrammet, Figur 9-4, syner at det særleg er kommunar med sterk hushaldsvekst (og også folkevekst) som avvik frå normalen. I nokre kommunar med sterk hushaldsvekst fell hushaldsstorleiken, i andre aukar den. Etter figuren og formelen burde hushalda i kommunar med hushaldsvekst større enn 3.5% minke med om lag 0.5 personar. Kva for kommunar fell inn i mønsteret og kva for kommunar fell utanfor? Vi kan dele kommunane i tre grupper. A) Negativt avvik b) Positivt avvik og c) Etter normalen.

- a) Kommunar med negativt avvik. Øystre Slidre, Leksvik, Loppa, Kongsvinger, Fræna, Sandnes, Vega, Vardø, Namsos, Vadsø, Vågan og Sortland. Dette er kommunar som avvik ved at hushaldsstorleiken minkar meir enn normalen. I denne gruppa er ei klar overvekt av byar og bygder i Nord-Norge.
- b) Kommunar med positivt avvik. Haugesund, Hamar, Tvedestrand, Glemmen, Bodø, Lillesand og Tønsberg. I desse kommunar aukar hushaldsstorleiken, men etter mønsteret burde den minke. Ei forklaring på at auke i hushaldsstorleik samstundes som sterk auke i folketalet kan vere manglande utbygging av husvære. Etterspurnaden etter bustad er større enn tilbodet.
- c) Normalkommunar. Kommunar der hushaldsveksten og den tilsvarande minka i hushaldsstorleik normalen, "typiske" kommunar: Levanger, Gimsøy, Vardø landdistrikt, Målselv, Hammerfest, Åmot, Fjære, Stavanger, Hurum, Sandefjord og Aker.

I gruppe a) er særleg i Nord-Norge at minken i hushaldsstorleik er større enn auken i talet på hushald. Her kjem vi egentleg ikkje lenger enn å konkludere med at fiskerinæringa i visse bygder har ein fragmenterande verknad på hushaldsstrukturen. Ved gjennomsyn av nokre av dei aktuelle byane og bygdene ser denne fragmenteringa ut til å komme av både sterk tilstrøyming av fiskarar og ei mogleg oppsplitting av hushald ved at kårfolk med fiske som hovudyrke er førd som eige hushald. I gruppe b) - gruppa av kommunar med både sterk hushaldsvekst og sterk vekst i hushaldsstorleik 1855 og 1865 - er byane og industribygdene overrepresenterte. Dette tolkar eg som resultat av sterk tilflytting og mangel på husvære (trangbodddhet).

Tabell 9-1 ovanfor syner også samvariasjonen mellom variablane for perioden 1891 og 1900. Samanhengen mellom folkevekst og hushaldsvekst er sterkare i 1900 enn i

1865, Pearson's R måler heile 0.89 mot 0.83 i 1865. Også samanhengen mellom fall i hushaldsstorleik og auke i talet på hushald var noko sterkare i 1900 enn i 1865, -0.56 mot -0.51 i 1865. I 1900 - noko sterkare enn i 1865 – aukar folketalet og talet på hushald i takt og hushaldsstorleiken er fallande med sterk folkeauke og hushaldsauke. Men tabell 9-1 syner og at høvet mellom einpersonhushaldet og dei andre variablane er totalt forandra. Retninga på samanhengane har snudd! Tabell 9-1 syner at den store skilnaden mellom 1865 og 1900 er samanhengen mellom folkevekst og einpersonhushaldet. I 1865 korrelerar einpersonhushaldet negativt med folkevekst (-0.77). I 1900 er denne korrelasjonen borte, medan i 1900 korrelerer prosentdelen einpersonhushald med menn i alderen 20-29 år, rimeleg sterkt med folkeveksten (Pearson's R=0.66). Dette tyder på nye samanhengar mellom demografiske endringar og hushaldsstruktur. Kva har hendt i denne knappe 40-års perioden?

Analysen i kapittel 7 synte at einpersonhushaldet hadde særleg stor utbreiing i fjellbygdene i 1865. I fjellbygdene var det kring 12% einpersonhushald, medan i dei andre regionane var prosentdelen einpersonhushald kring 5-7%.⁵⁰⁵ Fjellbygdene og byane har særst ulik folketalet- og hushaldsutvikling i tida før 1865, og dette kompliserer analysen av høvet mellom folkevekst, hushaldsvekst og endring i hushaldsstorleik. Så langt syner analysen av desse tre variablane at det er positiv samvariasjon mellom folkevekst og hushaldsvekst, noko mindre negativ samvariasjon mellom hushaldsvekst og endring i hushaldsstorleik, og tilslutt ingen samheng mellom folkevekst og endring i hushaldsstorleik. Kan desse dels forvirrande samanhengande verte forklart på nokon måte? Kva om desse tre variablane blir kombinert med prosentdelen einpersonhushald, kva for figurar materialiserer seg då?

Tabell 9-2 Folkevekst, hushaldsvekst, endring i hushaldsstorleik 1855-1865, og prosentdel einpersonhushald og prosentdel manlege tenarar i 1865 fordelt etter næringsregionar.

Region	Folkevekst gj. snitt	Hushalds-vekst, gj. snitt	Endring i hushalds- storleik (personar), median	% einperson- hushald, gj. snitt	% manlege tenarar av alle menn, gj. snitt
Byar	2.63	2.55	0.22	6.5 %	4.6 %
Fjellbygder	0.50	0.45	0.27	13.8 %	5.3 %
Flatbygder	0.98	1.04	-0.11	7.2 %	6.5 %
Skogsbygder	1.30	0.84	0.24	7.8 %	6.3 %
Industribygder	2.94	2.82	0.34	5.6 %	4.9 %
Sjøfartsbygder	1.53	1.54	-0.08	4.7 %	3.5 %
Fiskeribygd	1.18	1.22	0.45	7.3 %	8.3 %
Totalt	1.39	1.35	0.23	7.9 %	6.2 %

Kjelde: KHKD6586

⁵⁰⁵ Kjelde KHKD6586. Sjå tabell 7-7 og figur 9-2.

Tabell 9-2 syner folkeveksten, hushaldsveksten og endring i hushaldsstorleik i tida 1855 til 1865, prosentdelen einpersonhushald av alle hushald i 1865 og prosentdelen mannlege tenarar av alle menn. Alle variablar er fordelt på dei økonomiske regionane nytta i kapittel 7. Kva fortel tabellen? Han syner at i regionar med låg folkevekst og hushaldsvekst, fjellbygder, flatbygder og fiskeribygder er samstundes prosentdelen einpersonhushald høg, samstundes som hushalda vert større i byane, industribygdene, fjellbygdene og særleg fiskeribygdene. Dette tyder på at den store delen einpersonhushald, t.d. i fjellbygdene blir kompensert med ein auke i tal på hushald større enn normalen. I fjellbygdene blir hushalda generelt større samstundes som det blir fleire einpersonhushald. Prosentdelen mannlege tenarar syner også at det er i dei tre regionane med lågare hushalds- og folkevekst enn gjennomsnittet, skogsbygder, flatbygder og fiskeribygder delen av mannlege er størst. Fjellbygdene skil seg ut med relativ låg del mannlege tenarar, men altså høg del einpersonhushald. Denne samanhengen syner at i fjellbygdene er mannleg arbeidskraft skild ut frå hushaldet i større grad enn i dei andre typiske jordbruksområda. I fjellbygdene er tenarane skild ut frå hovudhushaldet, som ledig og nyttig arbeidskraft i onnere. Menn i denne aldersgruppa ført som dagarbeidar i folketeljingane er truleg tenarane frå 1801. Resten av året må desse mennene finne seg andre gjeremål.

Igjen kan desse detaljane og samanhengane i tabell 9-2 virke forvirrande, men kva er hovudessensen? For det første einpersonhushaldet: Framveksten av einpersonhushaldet er ikkje eit byfenomen, heilt motsett til kva Statistisk sentralbyrå konkluderte med i 1900.⁵⁰⁶ Også Tysdal konkluderte med at framveksten var eit by- og tettstadfenomen i ei hushaldsgransking for Sandnes og Høydal.⁵⁰⁷ Dyrvik ser også ut til å knyte framveksten av hushald i kategorien 'Einslege' og 'Ikkje-familiehushald' til bynæringar.⁵⁰⁸ Tabell 9-2 tek livet av denne "sanninga". Framveksten av einpersonhushaldet fram til 1865 tolkar eg som eit krisefenomen. Det skjer først og fremst der folkeveksten og hushaldsveksten er låg. Delar av dei same områda, fjellbygdene og dei indre Vestlandsbygdene, var samstundes prega av ein sterk utvandringsfeber. I Innlands-Norge der ressurstaket i større grad må ha vore følt absolutt blei problemet løyst både å auke hushaldsstorleiken og samstundes "kjibbe" ut sysken og eldre frå hushaldet, men ikkje i stor nok takt til at hushaldsstorleiken går ned. Det betyr at sysken må ut, og eldre må ut.

Biletet er langt meir variert i dei ekspansive områda; byane, industribygdene og sjøfartsbygdene. I områda med særskild sterk folke- og hushaldsvekst, minkar hushaldsstorleiken i nokre kommunar mellom 1855 og 1865 medan den aukar hushaldsstorleiken i andre. Vifteforma i høgre del av figur 9-4 syner dette. Dette tyder på at ved sterk ekspansjon skjer hushaldsveksten dels i form av knoppskyting, dvs. nye hushald blir etablert som er noko mindre enn dei eksisterande, og gjennomsnittshushaldet fell i storleik, dels skjer ekspansjonen ved at eksisterande hushald aukar i storleik. Det siste kan tyde på at dei einskilte hushalda aukar eller rettar sitt inntektsgrunnlag mot nye næringar, medan det første tilfellet kan tyde på at hushald blir etablert med i basis i ekspanderande næringar og nye typar levebrød. I område sterkare prega av stagnasjon og

⁵⁰⁶ NOS V No 4:1906, s. 121

⁵⁰⁷ Tysdal: 1990, s. 68.


⁵⁰⁸ Dyrvik: 1983, s. 195-196.

tilbakegang i folketal og hushald, er det langt meir eintydig at hushaldet aukar i storleik, jf. avsmalinga av figur 9-2 der hushaldsveksten er mindre enn snittet (1.3%), dvs. i venstre del av figuren. Det tyder på at i flatbygdene, fjellbygdene og i fiskeribygdene var endringane i næringsvegane mindre, produksjonen held fram etter same mønster som i 1801. I fiskeribygdene var mekanisering og motorisering enno nokre tiår unna i 1900. Medan i sjøfarts- og industribygder har ny sterk dynamisk næringsverksemd, t.d. industrialisering sidan 1840 og opphevinga av den britiske navigasjonsakta (jf. kapittel 7) lagt nye vilkår for hushaldsvekst. Einpersonhushaldet er såleis eit resultat av eit Malthusiansk tak, medan reduksjonen i hushaldsstorleik til ein viss grad heng saman med sterk vekst i gamle eksportnærings (sjøfart) og gjennom etablering av heilt ny næringsverksemd og re-strukturering av gamle handverksnærings i industribygder og byar. Eg har inga forklaring på kvifor sterk ekspansjon i talet på hushald (3-4% 1855-65) nokre stader fører til vekst i hushaldsstorleik, andre stader til fall, men ein faktor kan vere mangel på bustader, aukande "trangboddhet" har ført til vekst i hushaldsstorleiken.

Men det er ein viss fare for økologisk feilslutning her! Dersom halvparten av fjellbygdene har ein auke i hushaldsstorleik og samstundes få einpersonhushald, kan den andre halvparten ha minke i hushaldsstorleik og mange einpersonhushald. På gruppenivå, samla for alle fjellbygdene, kan det derfor tilsynelatande sjå ut som at hushaldsstorleiken aukar samtidig som gruppa totalt sett har ein stor prosentdel einpersonhushald. Dette kan ein teste på to måtar, for det første ved å analysere nærare fjellbygdene på kommunenivå, og for det andre undersøkje om samanhengen mellom endring i hushaldsstorleik og hushaldsvekst også syner seg på lågare nivå, dvs. om ein bryt ned regionsnivået til eit lågare aggregeringsnivå.

Korleis er endring i hushaldsstorleik og prosentdelen einpersonhushald fordelt internt i fjellbygdene? I kring 6 av 10 fjellbygder aukar hushaldsstorleiken, og i kring 8 av 10 fjellbygder var det meir enn 8% einpersonhushald i 1865. Gjennomsnitt for heile landet var i underkant av 8%, jamfør tabell 9-2. Om ein fordeler prosentdel einpersonhushald og endring i hushaldsstorleik syner det seg at nesten 1/3 av kommune i fjellbygdene har ei endring i hushaldsstorleik mellom -0.2 og +0.5 personar mellom 1855 og 1865 og samstundes ein prosentdel einpersonhushald mellom 8.5% - 16.5%, jamfør tabell K-1 i vedlegg K. Vi kan dermed trygt konkludere med at ein høg prosentdel einpersonhushald høyer saman med stabil eller ei moderat auke i hushaldsstorleik, og faren for nivåfeilslutning synes vere grunnlaus.

Figur 9-5 Korrelasjon mellom einpersonhushald 20-29 år av alle einpersonhushald (1900) og årleg prosentvis folkevekst 1891-1900. Fylkesnivå.



Kjelde: KHKD0086. Grunnlagsdata i tabellane I-5 og I-6 i vedlegg I.

Figur 9-5 understrekar at samanhengen mellom folkevekst og einpersonhushaldet er omsnudd i 1900. I 1900 fører sterk folkeauke til sterk vekst i det einpersonhushald av ein bestemt type, hushald der hovudpersonen er ein mann mellom 20 og 29 år. Figur 9-5 syner samvariasjon og regresjonslina mellom prosentdelen einpersonhushald i denne kategorien og folkevekst 1891-1900 på fylkesnivå. Fylka som avvik frå modellen er Oslo, Aust-Agder, Buskerud og Telemark med unormalt mange einpersonhushald i høve til folkeveksten, og Bergen og Nordland med unormalt få einpersonhushald i høve til folkeveksten.

Høvet mellom folkevekst og prosentdel einpersonhushald med menn 20-29 år av alle mannlege einpersonhushald har følgjande regresjonslikning:

$$\begin{aligned} \% \text{ einpersonhushald menn } 20-29 \text{ år} &= 3.9 * \text{folkevekst} + 8.3 \\ \text{Med } 1\% \text{ årleg folkevekst} &= 3.9 * 1.0 + 8.3 = 12.2\% \text{ hushald} \\ \text{Med } 2\% \text{ årleg folkevekst} &= 3.9 * 2.0 + 8.3 = 16.1\% \text{ hushald} \end{aligned}$$

Regresjonslina i diagrammet fortel at 1% årleg folkevekst gjev 12.2% einpersonhushald med menn i alderen 20-29 år, og med 2% årleg folkevekst vil prosentdelen hushald av denne typen auke til 16.1%.

Kva kan vi konkludere med? For det første at frå 1801 fram mot 1865 er det folkeveksten som er ein den klare faktoren som forklarar endringane i livsløp- og hushaldsmønsteret. Stagnasjon i folkeveksten fører til både til "koagulasjon" eller samling og til fragmentering. I områda med liten folkevekst vert hushalda større, samstundes som det skjer avskalling. Dette kan skje ved at einpersonhushalda aukar i tal, samstundes som

3-4 personhushalda minkar i tal og 5-6 personshushalda aukar i tal. I områda med sterk folkevekst aukar talet på hushald noko raskare takt enn folkeveksten og med liten endring i hushaldsstorleik, normalt med eit svakt fall. Dette tyder på sterk etablering av same type hushald som alt dominerer regionen. Samstundes syner både giftarmålsalderen og etableringsalderen eit visst fall i regionane med folkeauke, medan livsløpsovergangen forlate opphavsfamilien er indifferent i høve til både demografiske, kulturelle og økonomiske faktorar.

Kva ligg under folkeveksten? Kart 9-1 syner at folkeveksten i perioden 1855-1865 er eit klart kystfenomen, og kysten er smal, berre ei tynn stripe. I tillegg er den eit byfenomen, men dei aller fleste norske byane ligg langs kysten. Stagnasjon og tilbakegang finn vi i Innlands-Norge, med unntak av Hedmark.⁵⁰⁹ Dermed må ein søkje forklaringa i Fritz Hodnes og Sverre Steens poengtering av eksporten som den kraftigaste drivkrafta i norsk samfunnsutvikling frå kring 1830-1840 – den eksportledda veksten. Langs kysten i sjøfarts- og fiskeribygdene og byane fører den økonomiske veksten til etablering av nye hushald av same type som dominerer, kjernefamiliehushald. Nye og ekspanderande eksportrelaterte næringar fører altså ikkje til noko nytt, men snarare ein sterk vekst innafør gamle og kjente mønster. Livsløp og etablering av familie og hushald følgjer etablerte rammer. Derimot der mulighetene for økonomisk vekst og nyetablering var mindre eller manglande, Innlands-bygdene i Sør-Norge, skjedde det ei form for oppløysing av tradisjonelle mønster fram mot 1865 ved at einpersonhushaldet vaks fram. I tillegg skjedde ei svak auke i giftarmål- og etableringsalder. Dette vitnar om at samfunnet i regionane stangar mot eit tak på fleire måtar. Einpersonhushaldet var ikkje eit resultat av økonomisk vekst og sterk vekst i nye næringar. Men heller ei kriseløysing i regionar der utvandring til Amerika samstundes var eit anna alternativ – ”eit blidare tilvere”.⁵¹⁰

Skildringa over høver for tida kring 1865, men mot 1900 trer nye mønster fram. Kva faktorar vert avgjerande for livsløp, familie og hushald i tida mot hundreårsskiftet?


9.3 Sekundær- og tertiærnæringar

Medan sterk folkevekst i perioden fram mot 1865 førte til reproduksjon av eksisterande livsløp- og hushaldsmønster, trer denne faktoren meir i bakgrunnen mot 1900. Først fram mot 1900 har veksten i sekundær- og tertiærsektor innverknad på sosiale mønster.

⁵⁰⁹ Når Hedmark skil seg ut frå Innlands-Norge generelt kan dette ha samband med at Østerdalen og Hedmark var det største og viktigaste skogbruksområdet på 1800-talet og dermed direkte avhengig av eksporten. Dyrvik, Fossen, Grønlie, Hovland, Nordvik og Tveite: 1979, s. 162-168.

⁵¹⁰ Kolle, Dyrvik og Voss folkemuseum: 1986.

Figur 9-6 Prosentdel av befolkninga 15 år og eldre i sekundær eller tertiærnæringar. Norge 1900.




Kjelde: KHKD0086

Kartet i figur 9-6 syner prosentdelen av befolkninga 15 år og eldre i sekundær- og tertiærnæringar i 1900. Kommunane er delt i fire like store dataintervall, slik at grenseverdiane er lik grenseverdiane for kvartilane. I alle byane, i sjøfartsbygdene på Sør- og Austlandskysten, i bygdene kring Oslofjorden og bygdene kring Trondheim og Bergen har mellom $\frac{1}{4}$ og $\frac{1}{2}$ av populasjonen yrke i sekundær- eller tertiærsektor. Kyststroka, frå Hordaland og nordetter merkar seg ut med låg prosentdel (mellom 2%-11%) sysselsetting i sekundær- og tertiærsektor. Den mellomliggjande kyststripa, frå Kristiansand til Haugesund tek ei mellomstilling. Kommunar i hovuddelen av Innlands-Norge, med unntak av flatbygdene både på Austlandet og i Trøndelag ligg i dei to første (lågaste) kvartilane.

Kartet figur 9-7 syner etableringsalder for menn i 1900. Fjerdedelen av kommunar med lågast etableringsalder, under 26.7 år, finn ein hovudsakleg i Buskerud og på flatbygdene i Oppland, Akershus og Hedmark og i deler av Telemark og Aust-Agder. Brorparten av byane fell også inn i denne gruppa, samt nokre kommunar i Troms og Finnmark. I den motsette fjerdeparten, kommunar med etableringsalder over 29.1 år, er kommunane på Vestlandet, med unntak av kommunane kring Bergen, nordlege delar av Buskerud, Oppland og Hedmark, Sør- og Nord-Trøndelag, med unntak av bygdene kring

Trondheim og i Stjørdal og Værdal fogderi. Kysten frå Lillesand til Vesterålen, med unntak av bygdene kring Bergen, har også høgare etableringsalder enn medianen (27.9 år).

Figur 9-7 Median etableringsalder for menn. Norske kommunar 1900



Kjelde: KHKD0086


Samanliknar ein kart 9-6, sysselsette i sekundær- og tertiærsektor, med kart 9-7, etableringsalder for menn, trer ein samanheng fram: Høg sysselsetting **utanom** primærnæringane gjev låg etableringsalder for menn. Denne samvariasjonen er uttrykt på fylkesnivå i figur 9-10. Prikkdiagrammet figur 9-10 syner fylka fordelt etter prosentdelen sysselsette i sekundær- og tertiærsektor og dei same fylka fordelt etter etableringsalder. Regresjonslina i figuren syner den lineære samanhengen mellom desse to variablane. Særleg to fylke har avvik med låg etableringsalder i høve til storleiken på sekundærsektor, Nord-Trøndelag og Finnmark (stor avstand til regresjonslina). Og, omvendt, særleg Sør-Trøndelag og Møre og Romsdal avvik med høg etableringsalder i høve til sysselsettinga i sekundærsektor. Grunnen til dette kan vere at baa desse fylka har sterkt veksande byar og eit omland med bygder der primærnæringane står sterkt. Resultatet av denne kombinasjonen er stor variasjon på begge variablane slik at medianmål (etableringsalder) og snittmål (sekundær- og tertiærsektor) nok ikkje syner noko klar retning eller tendens.

Korrelasjonen mellom sysselsette i sekundær- og tertiærsektor og etableringsalder er -0.82 , som må karakteriserast som ein middels til høg tendens. Likninga for regresjonslina i figur 9-10 er:

$$y = ax + b$$

$$\text{Etableringsalder} = \% \text{ sysselsetting} * -0.07 + 29.3$$


Figur 9-8 Korrelasjon mellom sekundær- og tertiærsektor og etableringsalder. Norge 1900. Fylkesnivå.



Kjelde: KHKD0086. Grunnlagsdata i tabellane I-5 og I-6 i tillegg I.

Eksempel: Dersom prosentdelen sysselsette i sekundær- og tertiærsektor er lik 15% vert den predikerte etableringsalder etter regresjonslikninga lik $= (15 * -0.07) + 29.3 = 28.2$ år. Dersom sysselsette aukar til 25% fell den predikerte etableringsalderen til $(25 * -0.07) + 29.3 = 27.5$ år, jf. regresjonslina i figur 9-10.

Figur 9-9 Gjennomsnitt hushaldsstorleik for hovudpersonar i alderen 28-32 år. Norge 1900




Kjelde: KHKD0086

Kart, figur 9-9, syner den gjennomsnittlege hushaldsstorleiken for etablerarhushaldet – hushald der hovudpersonen er 28 til 32 år. Kommunane er som tidlegare delte i fire like store grupper. Dei minste etablerarhushalda finn ein i byane, i Agderfylka, Telemark og Buskerud og i dei næraste bygdene kring Kristiania. Dei største etablerarhushalda finn ein på Vestlandet nord for Bergen og Jæren, på Austlandet i Hedmark og Østfold og nordlege delar av Oppland og i Sør-Trøndelag.

Samanheld ein figur 9-9, gjennomsnitt storleik for etablerarhushaldet, med figur 9-7, sysselsette i sekundær- og tertiærsektor, synest det delvis vere ein samanheng mellom høg prosentdel sysselsette i sekundær- og tertiærsektor og små etablerarhushald. Denne samanhengen er framstilt i figur 9-10, som syner samanhengen mellom gjennomsnitt hushaldsstorleik for etablerarhushaldet og sysselsetting på fylkesnivå. Korrelasjonen mellom variablane er -0.70 . Tre fylke fell langt frå regresjonslina ved at dei har for små hushald i høve til storleiken på sysselsettinga utanom primærnæringane: Vest-Agder, Telemark og Buskerud. Eit fylke har for store hushald i høve til den matematiske

modellen: Bergen⁵¹¹. Dei tre fylka som har mindre hushald enn kva som modellen predikerar gjev ein indikasjon på at situasjonen i 1865 med små etablerarhushald i Fjellbygdene framleis har innverknadskraft. Fordelinga i figur 9-12 syner derfor to ulike prosessar 1) Prosessen som først og fremst var merkbar til 1865 med fragmentering av hushaldsstrukturen der verknadane av den eksportledda veksten var minst (typisk for Fjellbygdene). I 1900 er denne fragmenteringa framleis verkande i Indre delar av Telemark, Buskerud og Agderfylka. 2) Prosessen fram mot 1900 som har ført til minke av hushaldsstorleiken i områder med ein relativt stor sekundær- og tertiærsektor: Byane, kring dei største byane og kystbygdene aust for Kristiansand.

Figur 9-10 Korrelasjon mellom gjennomsnitt hushaldsstorleik for etablerarar (28-32 år) og sekundær- og tertiærsektor



Kjelde: KHKD0086. Grunnlagsdata i tabellane I-5 og I-6 i vedlegg I.

Vi har sett på mange kart og kompliserte figurar, så nokre delkonklusjonar er på sin plass.

Funksjonstømminga, samfunnsproduksjonen som forlèt hushaldet og ut i marknaden, forklarar fall i etableringsalder, veksten av einpersonhushaldet kring 1900 og fallet i hushaldsstorleik. Økonomimodellen synest ha stor forklaringskraft på desse endringane særleg kring 1900. Men modellen forklarar i mindre grad livsløpsendringane før giftarmål og etablering – det å forlate foreldreheimen. Kva bestemmer endringane ved denne livsløpsovergangen? I amerikanske livsløpsgranskingar har statens rolle og i mindre grad økonomi vore nytta som hovudforklaring på endringar av livsløpet i fasen mellom

⁵¹¹ Kristiania og Bergen er definert som eigne "fylke" i folketeljingane, men det er òg metodisk korrekt å skilje dei ut frå det omliggjande amtet sidan dei utgjer ein stor del av fylkets populasjon samtidig som dei sosialt og økonomisk skil seg frå det omsluttande amtet.

barn og vaksen. Kan utdanningspolitiske endringar ha hatt innverknad på livsløpet til "våre" unge menneske. Dette er tema i neste avsnitt.

9.4 Staten og skulen

Analysen av livsløpsovergangen 'forlate opphavsfamilien' synte ei dramatisk auke i alderen for når denne blei gjennomført, jf. kapittel 4.2. I 1801 var første fjerdedel av årskulla borte frå opphavsfamilien i 12-13 års alderen, i 1900 først mellom 15-17 år. Målt ved når første fjerdedel av ein populasjon var borte frå opphavsfamilien aukar alderen frå med kring 2 år for kvinner og 3 år for menn mellom 1801 og 1865. Mellom 1865 og 1900 skjer det ei ny auke på kring eit år, jf. tabell 8-10 i førre kapittel. Ikkje berre auka alderen, men overgangen blei i større grad standardisert ved at aldersrommet vart korta ned. Barn vart verande lenger heime hos foreldra, før dei drog bort enten for å gå i teneste eller sjølve etablere hushald. Både hushalds- og familieetablering skjedde noko tidlegare kring 1900 enn i 1865 og 1801. Auken var generell, galdt begge kjønna, men var sterkast for menn. Få av indikatorvariablane, korkje dei økonomiske eller kulturelle, med unntak av bruksstorleik, fanga opp variasjonen, jf. kapittel 7 og 8. Dermed konkluderte eg med at årsaka måtte liggje utanfor den økonomiske og kulturelle sfæren. I amerikanske livsløpsgranskningar har tilsvarende endringar blitt forklart med statens inntog i livsløpet gjennom skulevesen, utdanning og militærvesen.⁵¹²

1800-talet var prega av at staten i større og større grad tok tak i kvart einskild individ. Subjekt vart til borgarar, med nye rettar og plikter, direkte og ikkje gjennom føresette. Den faktoren som reint intuitivt synest å kunne ha størst innverknad på livsløpet i denne fasen over heile landet er utbygginga av skulen og skulevesenet. Større statleg engasjement kan derfor ha hatt avgjerande innverknad på utforminga av livsløpsmønster på 1800-talet i Norge. I perioden 1827-1860 skjer dei ei omlegging og utbygging av skulen gjennom eit stendig meir omfangsrikt og detaljert lovverk.⁵¹³ Det er i same periode endringane av livsløpsmønster, endringane frå 1801 til 1865 må ha føregått. I kva grad kan livsløpsendringane relaterast til endringane i skulevesenet? Konfirmasjon har vore sett på som skiljet mellom barn og vaksen.⁵¹⁴ Konfirmasjon var samstundes avslutning på utdanninga for store delar av befolkninga på 1800-talet. Kan timing av konfirmasjon syne når endringane av livsløpsfasen 'å forlate opphavsfamilien' tok til?

9.4.1 Frå omgongsskule til faste skular


Lova av 1848 for almueskolen i byane og lova av 1860 for landsbygda gjorde sju års skulegong til normalen. Oppstart skal normalt skje i sju til åtte års alderen. For det andre fører lova av 1860 ei omfattande omlegging frå omgongsskular til faste skular på landsbygda. Figur 9-11 syner talet på barn i omgongsskular og faste skular i tida 1837 til 1900.

⁵¹² Modell, Furstenberg og Hershberg: 1976, Modell, Furstenberg og Douglas: 1978 og Stevens: 1990.

⁵¹³ 14 Juli 1827, Lov angaaende Almue-Skolevæsenet paa Landet. Vogt og Arntzen:1828, Lov om Almueskolevæsenet i Købstæderne. Vogt og Bull:1848 og 16 Mai 1860, Lov om Almueskolevæsenet paa Landet. Vogt:1860.

⁵¹⁴ Dyrvik: 1979.

Figur 9-11 Tal barn i omgangsskular og faste skular på landsbygda i Norge i perioden 1837-1900.



Kjelde: http://www.ssb.no/emner/historisk_statistikk/aarboek/ht-040220-187.html, Statistiske oversikter 1948.

Figur 9-11 syner at i 1853 er 15% av barna på landsbygda i Norge i faste skular, medan 85% går på omgongsskular.⁵¹⁵ I 1861, berre eit år etter lova som krov at kommunane måtte bygge eigne skulelokale, er nær halvparten av alle barn i faste skular. I 1865 er $\frac{3}{4}$ av alle barn på landsbygda i Norge i faste skular, prosentdelen barn i faste skular aukar raskt og i 1900 er berre 1% av alle skulebarn på landsbygda i Norge i omgongsskular. Det knyter seg ei viss uvisse til talmaterialet innhenta av stiftsdirksjonen også på 1860-talet, og denne slår negativt ut for talet på barn i faste skular, sidan ein del faste skular i leigde lokale er registert som omgongsskular.⁵¹⁶ Dette syner at i tiåret før teljinga i 1865 har organiseringa av skulen drastisk blitt endra, og dette gjev to spørsmål. Kan denne omlegginga frå omgongsskular til faste skular og utbygginga av skulen både kvantitativt og kvalitativt med almueskolelova av 1860 ha endra livsløpet slik det er blitt avdekt i kapittel 7 og 8? Og korleis kan desse endringane i organiseringa av skulen ha hatt så dramatiske innverknader på barns livsløp?

Reint tidsmessig er det ein samanheng. Figuren syner at skulelova hadde rask effekt på overgangen frå omgongsskular til faste skular, i løpet av ti år var fordelinga mellom barn i faste skular kontra barn i omgongsskular snudd frå eit klart mindretal til eit klart

⁵¹⁵ Talmaterialet fram til og med 1853 er usikkert, jf. Dokka 1967, s. 25-32. I 1853 opererer statistikken også med "halvfaste" skular, dvs. omgongsskular med med ein fast tilhaldsstad.

⁵¹⁶ Dokka: 1967, s. 207-214.

fleirtal. Men dateringa av auken i alder for når barna forlèt foreldreheimen er langt mindre klar, for vi veit i realiteten ikkje meir enn at den har skjedd mellom 1801 og 1865. Det betyr at auka kan ha skjedd gradvis, eller den kan ha skjedd på 1840-talet eller i tiåret før 1865. Korleis kan ei slik omlegging ha hatt innverknad på livsløpet?

Med omgongsskulesystemet ville mange barn i den tida på året dei gjekk på skule vere borte frå foreldreheimen alt frå sju års alderen. Dette ville gjere barnet røynd med å vere borte frå foreldra, samstundes som dei òg vart introdusert for potensielle arbeidsgjevarar ved at skulen normalt vart halden i våningshusa på dei største gardsbruka. Dermed vart etablert eit tillits- og kjennsksforhold mellom barn og mulige arbeidsgjevarar. Med omlegging av faste skular, skulle det etter lova etablerast skulekrinsar slik at barna normalt kunne bu heime hjå foreldra medan dei gjekk på skulen. Følgjande lovformulering syner dette:

Forsaavidt Bostederne ligge saa nær sammen, at et Antal af mindst 30 skolepligtige Børn fra hjemmet hver Dag kunne søge samme Skole, holdes denne i eget dertil opført eller leiet hensigtsmæssigt Lokale.⁵¹⁷

Faste skular og barna buande heime ville på sikt gje barn mindre røymsle med å vere borte frå foreldreheimen, og dei vart heller ikkje gjennom skulesystemet kjend med folk på gardar som hadde behov for arbeidskraft. Omgongsskulen hadde vore til mindre hinder for at barn kunne flytte heimanfrå før dei var ferdig med skulegongen enn den faste skulen. Lovgjevar ville at barna skulle bu heime hos foreldra til dei var ferdig med skulegongen. Det primære var skule og utdanning - ikkje arbeid. Det at forsømingprosenten gjekk raskt nedover syner at omlegginga til faste skular hadde verknaden lovgjevar tenkte seg.⁵¹⁸

Denne forklaringa på korleis endringa i skulevesenet har hatt på livsløpet er absolutt tenkjeleg, men mot dette kan det innvendast at skuletida, både før og etter lova av 1860, var kort, ofte berre ni veker for året som var minimumskravet for ein klassedelt skule, tolv veker for ein udelt skule.⁵¹⁹ Med skulegong så få veker for året ville barn likevel vere tilgjengeleg som arbeidskraft i hovuddelen av året. Endringane 1860-lova medførte treng derfor ikkje ha lagt store hinder i vegen for at barn kunne bli tenestejenter eller – gutar alt frå 10-12 års alderen.

9.4.2 Konfirmasjon

Men det avgjerande for å kunne akseptere at omlegginga av skulen var den viktigaste årsaka til endring av denne livsløpsfasen, må vere å kunne datere sjølve livsløpsendringa langt meir nøyaktig. Dersom den skjedde samstundes med omlegginga av skulevesenet vil denne forklaringa kunne akseptast, skjedde den før må ein leite etter andre forklaringsfaktorar. Men her støyter vi på eit kjeldeproblem. Det statistiske materialet frå folketeljinga 1855 tillet ikkje ei nedbryting på alder og familiestilling som er naudsynt for å kunne finne ut når barna forlèt opphavsfamilien. Finst det alternativ? Med


⁵¹⁷ Lov om Almueskolevæsenet paa Landet, 16. mai 1860. 2. kapittel, §3.

⁵¹⁸ Dokka: 1979, s. 30-40.

⁵¹⁹ Høigård og Ruge: 1971, s. 91, 101, 135 og 130. Lov om Almueskolevæsenet paa Landet, 16. mai 1860, 2. kapittel, §6. Dokka: 1979, s. 33-35.

lova om folkeskolen av 1889 vart bindinga av skule og konfirmasjon løyst, før 1889 var skule og konfirmasjon to sider av same sak. Konfirmasjonsførebuinga kom etter avslutta skulegong og konfirmasjonsoverhøringa kan ein også sjå på som ein endeleg og offentleg eksamen, eleven vart prøvd i alle sitt påhøyr, og "kandidaten" vart ikkje framstilt før han meistra sin katekisme. Konfirmasjon var ikkje dermed berre ei stadfesting av dåpen men og av skulegongen. Frå vår foreldregenerasjon kjenner vi også til korleis konfirmasjon var eit overgangsrite, etter konfirmasjonen kunne ein røykje, drikke alkohol og gå på bygdedans. For besteforeldregenerasjonen markerte også konfirmasjonen at ein kunne søkje teneste. Derfor er det mogeleg at livsløpsendringar knytt til skule og skulegong også let seg avlese i gjennomføringa av konfirmasjon. Gjennomgang av litteratur peikar i retning av at konfirmasjonsalderen var stabil kring 14-15 år på 1800-talet⁵²⁰, men stemmer dette? Dersom skulelova av 1860 endrar denne delen av livsfasen, og sidan skule og konfirmasjon i nesten heile denne perioden er knytt direkte til kvarandre, vil endring i konfirmasjonsalder kunne gje ein peikepinn på om det er samanheng mellom skule og endring av livsløpsovergangen forlate foreldreheimen. Kan timing av konfirmasjon, konfirmasjonsalderen, kaste lys på timing av livsløpsovergangen 'forlate foreldreheimen'?


Figur 9-12 Gjennomsnitt konfirmasjonsalder basert på eit utval av prestegjeld og sokn 1736-1919.



⁵²⁰ Den Norske kirke og Den Norske kirkes presteforening: 1935, s. 62-64. Dokka: 1979, s. 33. Haraldsø: 1986, s. 51-54. Det kan synest som at forfatarane har trekt slutningar om konfirmasjonsalder på basis av normative kjelder. òg Dyrvik: 1979, s. 8 synest å gå ut frå at konfirmasjonsalderen var stabil kring 14-16 år på 1800-talet og markerte overgangen frå barndom til ungdom. Etter konfirmasjonen venta teneste og arbeidsliv.

Kjelder: Sjå tabell K-2 i vedlegg K.

Figur 9-12 syner den gjennomsnittlege konfirmasjonsalderen i eit utval av landkommunar i perioden 1736 til 1919.⁵²¹ Fram mot kring 1800 varierte konfirmasjonsalderen mellom 16.5 og 18 år, og konfirmasjonsalderen for menn var i snitt 0.5 år høgare enn for kvinner. Kring hundreårsskiftet 1700/1800 fell konfirmasjonsalderen til kring 16 år og held seg stabilt kring 16 år til om lag 1830 då den i løpet av 10 år fell til i overkant av 15 år, flatar ut og etter 1870 stabiliserer seg ved 15 år. Etter 1870 er aldersskilnaden mellom menn og kvinner minimal (0.08 år). Mest interessant er fallet i konfirmasjonsalder frå 1830 til 1840 og stabiliseringa av konfirmasjonsalderen etter 1840. Mindre variasjon, utflating og utjamning vitnar om ei nasjonal uniformering. Gjennomsnitt syner sentraltendensen, men det vil og vere spennande å sjå om aldersvariasjonen fell, dvs. at konfirmasjon som livsløpsovergang i større grad blir gjennomført ved same alder for populasjonane. Dette kan analyserast ved ei jamføring av standardavviket.



Figur 9-13 Konfirmasjonsalder. Standardavvik i perioden 1736-1919.

Kjelde: Sjå tabell K-2 i vedlegg K.

⁵²¹ Det aritmetiske gjennomsnittet er utrekna på grunnlag av konfirmantar i følgjande prestegjeld og sokn: Aker, Akershus, Askøy, Fjeldberg, Hamre, Herdla, Hobøl, Manger, Rødøy, Sande, Sund, Verdal Voss, og Årstad, jamfør tabell 9-2 i vedlegg D.

Figur 9-13 syner standardavviket ved måling av gjennomsnitt konfirmasjonsalder for perioden 1736-1919. Standardavviket syner variasjonsbreidda, dess større standardavvik dess større er variasjonsbreidda i alderen åt konfirmantane i populasjonen. Eit standardavvik på 1.5 år ved eit gjennomsnitt på 17 år (t.d. kring 1760) tyder at 67% av konfirmantane er mellom 15.5 og 18.5 år, og sameleis syner eit standardavvik på 0.5 år i 1900 med ein konfirmasjonsalder kring 15 år at 67% av konfirmantane då var mellom 14.5 og 15.5 år gamle. Endringa i standardavvik kan delast inn i tre tidsbolkar; a) Perioden før 1800: Standardavviket er kring 1.5 år. b) Perioden 1800-1860. Standardavvik på kring 1 år. Etter 1860, standardavvik kring eit halvt år. Tilsvarende periodar gjeld òg for gjennomsnitt konfirmasjonsalder: a) Før 1800 kring 17.5 år, b) Mellom 1800-1860 kring 16 år. c) Etter 1860 kring 15 år. Analysen av gjennomsnitt og standardavvik har då synt at 1) Alderstimminga fell med kring 2.5 år i heile den undersøkte perioden 2) Spreiinga, standardavviket, minkar frå 1.5 til 0.5 år. Begge livsløpsmåla vitnar om sterkare uniformering av livsløpsovergangen. Kjeldematerialet er langt frå komplett, men både byar og landsbygd, Austlandet, Vestland, Trøndelag og Nord-Norge er representerte, jf. kjelder for tabell K-2 i tillegg K. Dette gjev eit godt grunnlag for å konkludere: Lokale variasjonar og variasjon innafor populasjonen og skilnaden mellom gutar og jenter forsvinn i andre halvdel av 1800-talet. Fallet i gjennomsnitt konfirmasjonsalder kan i hovudsak avgrensast til to tiår: Det første fallet er i tiåret 1795-1805 og samstundes minkar standardavviket til i underkant av 1 år. Det andre markerte fallet i gjennomsnittsalder skjer i tiåret 1830-1840, medan fallet i standardavviket skjer i tiåret 1855-1865. I dette siste tiåret vert også kjønnskilnadane utviska. Korleis kan ein forklare desse endringane? Det første fallet kan setjast i samanheng med mortalitetsfallet i same periode (1790-talet). Betre ernæring kan òg ha ført til lågare menarchealder (alder for 1. menstruasjon). Barn modnast tidlegare og vart tidlegare vaksen biologisk sett. Det andre fallet på 1830-40 talet kan ha samanheng med lov om almueskole i 1827 som fastsette skulestart til 7-8 års alderen og skuletida til normalt 7 år. Fall standardavviket og utjamning mellom kjønna kring 1860 trur eg er ein konsekvens av lov om almueskolevesenet på landet av 1860. Ved at skulen får langt større og breiare fagleg innhald enn tidlegare får konfirmasjonen i langt mindre grad ein eksamensfunksjon i høve til den totale skulegongen, sambandet skulegong og konfirmasjon er i ferd med å bli løyst opp.⁵²² Dermed vert konfirmasjon gjennomført ved ein gjeven alder, og vert i mindre grad avhengig av modning både biologisk, sosialt og intellektuelt.

Konfirmasjon har tradisjonelt vore sett i samanheng med å forlate foreldreheimen. På kva måte endrar dette seg gjennom 1800-talet? I perioden kring 1801-teljinga er den gjennomsnittlege konfirmasjonsalderen kring 17 år. Median alder for å forlate opphavsfamilien i 1801 er 17.5 år for kvinner og 21 år for menn. Alderen når første fjerdedel er borte frå opphavsfamilien var 12.9 for menn og 12.6 for kvinner, jamfør tabell 4-4. I praksis tyder dette på at over ¼ av årskulla har reist frå foreldreheimen fleire år før konfirmasjon. Derimot fell medianen for kvinner, dvs. når halvparten av kvinnene har forlate foreldreheimen, saman med konfirmasjonen. Tabell 4-4 syner at ved 17.5 år er

⁵²² Med *Læsebog for Folkeskolen og Folkehjemmet* (Jensen: 1863) kom skjønnlitteratur, historie, geografi og naturfag på "læreplanen". Dokka: 1979, s. 35.

halvparten av alle kvinner utanfor foreldreheimen. For nokre grupper av kvinner kan derfor det å forlate foreldreheimen vere knytt til konfirmasjon, sidan det er ved alderen 17-21 dei år reiser frå foreldreheimen for å gå i teneste, jf. figur 4-4. Men tabell 4-4 syner også at i 1801 er alder ved første kvartil for giftarmålsalderen 22.5 år for kvinner, og ved 18 år (17.5 faktisk alder) er kring 2% av årskullet vigd, ved 20 år (19.5 faktisk alder) 7% årskullet.⁵²³ Dette tyder på at kring 1801 var konfirmasjon ikkje synkronisert til det å forlate opphavsfamilien, men til det å søkje etter ektemake og ekteskap. Lovverket gjev også stønad for å tolke alderssamanfalla på denne måten. I eit kongebrev av 1645 skulle prestane ikkje trulove unge folk før dei hadde gjort reie for sin barnelærdom.⁵²⁴ Ved forordning 25. mai 1759 vart minimumsalderen for konfirmasjon sett til 14-15 år og maksimumsalderen sett til 19 år.⁵²⁵ Den juridiske bindinga mellom konfirmasjon og ekteskap vart ikkje løyst før i 1903, først då vart det mogeleg for statskyrkjemedlemmar å gifte seg utan å vere konfirmert.⁵²⁶ Dette gjev grunn til å tru at kring 1801 var **ikkje** det å forlate foreldreheimen knytt til konfirmasjon i særleg grad. Konfirmasjon var snarare integrert med ein annan livsløpsovergang, for konfirmasjon måtte vere unnagjort før ein kom i "risikogruppa" for giftarmål. Aldersfordeling av sivilstatus i 1801-teljinga syner at dei yngste brurene var kring 17 år, brudgommane 18 år.⁵²⁷ For menn synest konfirmasjon i minst grad vere knytt til det å forlate foreldreheimen, både ved at ¼ synest vere borte frå foreldreheimen fleire år før konfirmasjonstidspunktet og at medianen først er nådd ved 21 år. Medianen for å forlate foreldreheimen for menn var dermed fleire år etter den vanlegaste konfirmasjonsalderen.

I femåret fram til 1865 er gjennomsnitts konfirmasjonsalder kring 15 år (jf. figur 9-12 og 9-14), medan alderen når første fjerdedel av ein kull har forlate foreldreheimen er 14.5 år for kvinner og 15.4 år for menn. Median alder for å forlate foreldreheimen er som tidlegare kring 17 og 21 år, jamfør tabell 4-4 i kapittel 4 og figur 9-13, i femårsperioden 1860-1864. Konfirmasjonsalderen har falle med 2 år frå femårsperioden 1795-1799, medan alderen for å forlate foreldreheimen har auka med 2-3 år. Samanfallet i alder for gjennomsnitt og første kvartil tyder på at i 1865 er det å forlate foreldreheimen sterkt knytt til konfirmasjon, både for menn og kvinner. I tiåret før 1900 var gjennomsnittleg konfirmasjonsalder i underkant av 15 år, litt lågare enn i 1865, medan alder for å forlate foreldreheimen har auka ytterligare, og det tyder på at det å forlate foreldreheimen i noko mindre grad er synkronisert med konfirmasjon. Særleg for menn synest samanhengen dels vere borte, sidan det å forlate foreldreheimen kring 1900 skjedde opp til fleire år etter konfirmasjon, jamfør figur 9-12 og figur 9-14.

⁵²³ Jan Oldervoll, [u.å], 1801 koda, Tilgjengeleg URL, <http://digitalarkivet.uib.no/1801/1801koda.htm>.


⁵²⁴ Den Norske kirke og Den Norske kirkes presteforening: 1935, s. 51

⁵²⁵ Frederich V: 1759, 25. mai, Den Norske kirke og Den Norske kirkes presteforening: 1935, s. 62

⁵²⁶ Haraldsø: 1986, s. 36.

⁵²⁷ Jf. tabell F-2 og F-3 i tillegg F.


Figur 9-14 Aldrar for livsløpsovergangen forlate opphavsfamilien og konfirmasjonsalder. 1800-1900



Kjelde: AGG1801, AGG1865, AGG1900. Konfirmasjonsalder, tabell K-2 i vedlegg K

Samanlikninga av konfirmasjonsalder og alder for når første og andre kvartil forlèt foreldreheimen kan tyde på at det var etablert ein samanheng mellom desse to livshendingane midt på 1800-talet. Fallet i konfirmasjonsalder skjer i all hovudsak i tiåret mellom 1830 og 1840, og dette kan tyde på at ei viss binding mellom konfirmasjon og det å forlate foreldreheimen også har oppstått på dette tidspunkt. Uansett kan den ikkje ha oppstått tidlegare, sidan konfirmasjonsalderen er langt høgare enn når ein relativt stor del av populasjonen har forlate foreldreheimen. Analysen i kapittel 7 synte at alder for å forlate opphavsfamilien synte ein svak samvariasjon med bruksstruktur; dess mindre bruk dess høgare alder for å forlate opphavsfamilien. I tillegg syner det seg at særleg for mennene sin del er ikkje synkroniseringa mellom det å forlate foreldreheimen og konfirmasjonen spesielt sterk. Auken i alder for når barna for frå "reiret" sluttar ikkje å auke etter at konfirmasjonsalderen har stabilisert seg i underkant av 15 år. Desse to faktorane kan tyde på at ei skuleorganisatorisk forklaring som strukturerande faktor på livsløpsovergangen å forlate foreldreheimen er svekkja generelt sett. Men deler av denne struktureringa av livsløpet kan truleg setjast i samanheng med endringane av skulevesenet med lov om almuskolevesen på landet av 1827.

Figur 9-15 Timing av livsløpsovergangen 'Forlate opphavsfamilien'. Alder ved første kvartil, norske kommunar 1900.



Kjelde: KHKD0086

Skulehistorikarar gjev inntrykk av at 1827-lova hadde liten innverknad på skulevesenet generelt samanlikna med byskulelova av 1848 og lov om almueskulevesenet på landet frå 1860.⁵²⁸ Men lova førte til fleire faste og "halvfaste" skular, på noko sikt mindre totalforsømming, ho sette minstemål på undervisningstid og fastsette skulepliktig alder frå 7 år (8 år). Omlegginga til faste og halvfaste skular førte indirekte til lengre skuleår, og det faglege innhaldet vart utvida.⁵²⁹ Lova markerer større statleg engasjement. Men alderssamanfallet for kvinner mellom timing av livsløpsovergangen og konfirmasjon kan tyde på at for kvinner har endringane i organiseringa av skule og konfirmasjon hatt større innverknad på livsløpet enn for menn. Kva er så årsaka til at unge menn blir verande lenger heime hos foreldra?

⁵²⁸ Dokka: 1967, s. 207 Høigård og Ruge: 1971, s. 65-72

⁵²⁹ Dokka: 1967, s. 31-42.

I kva for områder forlèt gutane opphavsfamilien tidleg og kvar blir dei verande lenger heime hjå foreldra i 1900? Figur 9-16 syner klart at det mønsteret frå 1801 der første fjerdedel av kullet har forlate foreldreheimen i 12-års alderen, framleis står ved lag i flatbygdene på Austlandet, i hovuddalføra på Austlandet, og i innlandsbygdene i Sør- og Nord-Trøndelag. Menn forlèt foreldreheimen på langt seinare tidspunkt av livsløpet langs kysten, i byane og i Nord-Norge. Dette tyder på at i dei klassesdelte jordbruksbygdene med store brukseiningar var det etterspurnad etter rimeleg og ung mannleg arbeidskraft i 1900. I desse områda var det hushald med overskot av arbeidskraft (sentrifugale hushald), og hushald med mangel på arbeidskraft (sentripetale hushald).⁵³⁰ Men i dei same bygdene er også mekaniseringa sterkast og det kan tyde på at jordbruksarbeidet i desse områda også syner tendensar til maskulinisering. Korrelasjonen på kommunenivå mellom alder for å forlate opphavsfamilien og mekanisering er -0.43 for menn, og -0.33 for kvinner. Det tyder på at ung mannleg arbeidskraft er sterkare etterspurd enn kvinnleg der mekaniseringa er høg. Mekanisering fører ikkje til ”modernisering” av hushalds- og livsløpsmønster, men snarare kan dette tyde på ei viss sementering av den.

Statleg engasjement gjennom skuleverket standardiserte livsløpet til unge menneske på 1800-talet. Staten ville at barna skulle vere heime hos foreldra til dei var ferdige med skulegongen. Men på dei klassesdelte flatbygdene etterspurte framleis kring 1900 storbøndene billeg mannleg arbeidskraft. I desse bygdene var mange barn tidleg borte frå foreldreheimen alt i 12-års alderen, slik som 100 år tidlegare. I andre områder med jamnare og gjennomsnittleg mindre gardsbruk hadde familiar flest behov for arbeidskrafta til barna. Den økonomiske utviklinga frå kring 1840 kan ha sett fart i denne prosessen. Scott og Tillys familielønsmodell kan dermed forklare auken i alderen for når barna forlèt opphavsfamilien.

9.5 Kårskipnaden og etablererhushaldet

På landsbygda i Norge var føderådsordninga⁵³¹ klare rammer rundt det å etablere hushald. Føderådskontrakta skaffa den påtroppande generasjonen, ”ungfolket”, levebrød (jordeigedom), samstundes som ”gamlefolket” skaffa seg underhald ut levetida som vederlag for levebrødet.⁵³² Skjematisk kan ein tenkje seg to hovudformer for overdraging i relasjon til hushald: 1) Transaksjonen av levebrød medfører eit skifte i husbondsretten. Det gamle husbondsparet vert medlemmar av hushaldet dei før styrde. Husbondsretten skifter over til det unge paret. Timinga av skiftet kan gjerne vere synkronisert til at maken, ungkona eller ny husbond kjem til gards gjennom giftarmål. 2) Overdraginga kan òg innebere at eit hushald blir delt i to, ved at ”gamlefolket” skyt ut og etablerer nytt hushald i eige husvære (kårstova). Der det før berre var eit hushald, vert det no to.

Dei to formene for overdraging av levebrød, husbondsrett og hushald kan ha stor innverknad på etablerarhushaldets storleik og samansetnad slik etablerarhushaldet er

⁵³⁰ Omgrepsparet sentrifugal og sentripetal hushaldstype er henta frå Sogner: 1983, s. 585.

⁵³¹ Institusjonen har mange namn; føderåd og kår eller vilkår er dei vanlegaste. I det fylgjande vil eg nytte ’kår’ som er vanleg i mi dialekt.

⁵³² Helland-Hansen: 1964, s. 183.

definert i avhandlinga.⁵³³ Den første hovudforma, skifte av husbondsrett, vil kunne medføre eit relativt stort, komplekst samansett etablerarhushald. Den andre hovudforma med deling av hushald vil avteikne seg med andre eigenskapar i høve til storleik og samansetning; mindre og enklare.

Men rolla til kårskipnaden bør ikkje overdimensjoneraast, ikkje alle eldre hadde kår og dei aktuelle aldersgruppene utgjorde kring 10-15% av folketallet alt etter kor ein set aldersgrensa. I folketeljinga 1855 var mellom 3% og 4% av alle hovudpersonar i Vestlandsfylka kårhovudpersonar, og ved folketeljinga i 1875 levde 7.5% av befolkninga i Møre og Romsdal av kår.⁵³⁴ Likevel er det klart at i kva grad kårfolk og husbondsfolk hadde felles opphald og kosthald, vil avspeglast i hushaldsstrukturen. Også måten husbondsretten vert overført til neste generasjon vil kunne ha innverknad på etableringsalder slik eg har definert etableringsalder tidlegare. Der husbondsretten blir overført medan begge i første generasjon er live og i full vigør, vil kunne gi ein låg etableringsalder. Der husbondsretten først vert overført til ungfolket etter at ein av gamlefolket er død, kan dette gje ein høgare etableringsalder. Og ikkje minst spelar tidsaspektet inn. I 1801 møter vi ein kårinstitusjon som er i ferd med å ta sin endelege form, i 1865 og 1900 møter vi ei veletablert ordning.

9.5.1 Hushald og type kåravtale

Sjølv om kåravtalar er kjende alt frå mellomalderen var det frå kring 1700 at kåravtalane blei meir spesifikke og utforminga i større grad formalisert.⁵³⁵ Hans Strøm i verket Sunnmøres beskrivelse omtalar konsekvensane av kårordninga som nye på 1750-talet.

Videre falder da ikke at erindre om Bøndemes Huusholdning og Levemaade i Almindelighed; ikkun jeg vil lægge dette til, at de mange Giftermaale og Jordenes Deelning i smaa Parter, som paa et Snees Aar meget have tildaget, havde i dette Stæds Oeconomie foraarsaget een og anden mærkelig Forandring, saasom: 1) at der nu ofte findes 2 eller flere Familier i et Huus, hvor tilfron ikkun boede een; hvilket skeer deels derved, at Forældre overlade en Deel af sit Brug til sine Børn, og følgelig ogsaa maa dele Værelser med dem, deels at gamle Folk afstaae sine jorder til andre, imot at faae et halvt Snees Rixdaler i **Opstød-Penge**, og desuden et saae kaldet **Vilkaar**, som bestaar enten i et lidet Stykke Jord, eller og et Par Creature og visse Tønder Korn til aarlig Underholdning, foruden det fornødne Huus-Rum.⁵³⁶

Hans Strøm har nok ikkje rett i at ordninga er ny, men at kår og kåravtalar hadde auka kraftig i omfang i løpet av 1700-talet.⁵³⁷ Strøms karakteristikk av kårinstitusjonen syner også til grader av fellesskap etter at avtalen er inngått: A) Enten ved å bu saman "dele Værelser", som eg tolkar som felles hushald. B) Separat hushald og eige opphald, "Huus-Rum". Både norske og danske granskingar for perioden 1787-1835 kan tyde på at prosessen med skilde hushald for gamlefolket og ungfolket var komen langt alt kring 1800.

⁵³³ Slik eg har definert hushaldsetablering og etablerarhushald vil berre hushaldet til ungfolket falle inn under desse kategoriane.

⁵³⁴ Helland-Hansen: 1964, s. 194.

⁵³⁵ Helland-Hansen: 1964, s. 188-192. Helland-Hansen: 1997, s. 15.

⁵³⁶ Strøm: 1762, s. 565

⁵³⁷ Helland-Hansen: 1997, s. 14.

Berre kring halvparten av eldre over 60 år med gifte barn budde saman med sine gifte barn.⁵³⁸

Ved gjennomgang av fleire kårkontraktar påviste Helland-Hansen to hovudtypar av kåravtalar, definert ved transaksjonen dei var relatert til a) Kåravtale ved skifte og b) kåravtale ved skøyte. Kåravtale ved skifte var den vanlegaste typen før 1700. På 1700-talet skjedde det ein overgang til skøytetypen og etter 1800 var kåravtale ved skøyte normalen, jf. tabell K-3 i tillegg K. I ein kåravtale inngått i samband skifte var det vanleg at:

De kårsøkende oppgir sitt bo til skifte i den hensikt å slutte ein underholdsavtale med en av arvingene, de beholdt da gjerne en del av jordegodset for sin egen del, og denne delen skulle gå uavkortet til kårysteren; eller ved en ektefelles død skifter den gjenlevende, som da lar sin egen lodd gå til underholdsysteren.⁵³⁹

Ikkje uvanleg at den skiftande hald på styringa lenge etter at han formelt sett hadde gitt opp sitt bu.

Skjøtetypen: Den kårsøkende selger for en reell eller nominell sum gården eller gårdparten til den som skal yte kåret – skifte vil det gjerne ikke bli tale om før ved den gamles død.

Før 1700 var den første typen – oppgivelsseskifte – dominerande overalt unnateke i Rogaland, Hordaland og Trøndelag, jf. tabell K-3 i tillegg K. Etter 1800-har skøytetypen blitt vanleg i heile landet. Det er tenkjeleg at skiftetypen kan ha samanheng med hushaldsstrukturen, at skiftetypen fører til at kårfolket bur saman med neste generasjon og at skøytetypen i større grad fører til at husbondsfolket og kårfolket har separat bustad og opphald (men gjerne innafor bruket) og forast som separate hushald. Etter fordelinga i tabell K-3 ville eg derfor vente at eldre oppheld seg i store hushald saman med hushaldsfolket i Østfold, Hedmark, Buskerud, Telemark, Agder-fylka, og Sogn og Fjordane.


I kva grad eldre har tilhald i hushald med yngre kan vi måle med eldres affilietet. Affilietet (eng. "Affiliative tendency of the elderly"), i tydinga tiltrekning eller assosieringsevne, kan målast som gjennomsnitt tal ikkje-eldre (<65 år) som bur i hushald med minst ein eldre person (>=65 år).⁵⁴⁰ Kartet figur 9-16 syner eldre sin affilietet i høve til ikkje-eldre. I kommunar med mørk skravur er det i gjennomsnitt kring 4-5 ikkje-eldre i hushald med ein eldre. I kommunar med lys skravur er det i gjennomsnitt kring 1-2 ikkje-eldre i hushald der det er minst ein eller fleire eldre. Affilietetsmålet har høgt samsvar med gjennomsnitthushaldsstorleik for hushald med minst ein eldre person. Dersom alle hushald med eldre personar hadde ein og berre ein eldre, vil ein få hushaldsstorleiken ved å leggje 1 til affilietetsmålet. Eit lågt gjennomsnitt affilietetsmål tyder på at eldre i stor grad dannar eigne hushald, eit høgt affilietetsmål tyder på at eldre er inkludert i store hushald saman med mange ikkje-eldre.

⁵³⁸ Johansen: 1976, s. 141-142. Fure: 1986b, s. 16-33

⁵³⁹ Helland-Hansen: 1964, s. 189.

⁵⁴⁰ King og Preston: 1990, s. 118-120. Eldres affilietet = YHO/HO, YHO=Talet på ikkje-eldre i eit hushald med minst ein eldre person. HO=Talet på hushald med minst ein eldre person. Eldre=65år og eldre. King og Preston nyttar uttrykket "affiliative tendency".

Figur 9-16 Eldre sin affilietet i høve til ikkje-eldre. Eldre=personar 65 år og eldre. Norge 1900.



Kjelde: KHKD0086

Kartet figur 9-16 syner status i 1900. Men eldres affilietet i høve til ikkje-eldre endra seg gjennom hundreåret. I 1801 er dei regionale skilnadane langt mindre, og eldres affilietet høgare enn i 1900. I 1801 var det i gjennomsnitt 4.57 ikkje-eldre i hushald med eldre personar, i 1865 3.76 og i 1900 3.06.⁵⁴¹ Samtidig med at den agglomerative tendensen aukar syner dette at dei eldre klumpar seg saman i mindre hushald.⁵⁴² Det tyder på at utskiljing av eldre frå felleshushald skjedde på heile 1800-talet og at prosessen var heilt i startfasen kring 1801. Områda med mørk skravur syner såleis der det har vore liten grad av utskiljing av eldre i eigne hushald i løpet av 1800-talet, medan kommunar med lys skravur syner kvar

⁵⁴¹ Tabell K-4 og K-5.

⁵⁴² Tabell K-4. Den agglomerative tendensen aukar frå 1.23 til 1.29.

prosessen har vore mest intens. Kva kan vere bakgrunnen for variasjonen i utskiljingsprosessen?


Kartet syner at dei eldre bur saman med ikkje-eldre i store hushald i Østfold, Hedmark, på Jæren, i Fjordane, i Trøndelagsfylka og i Nord-Norge. I delar av Vestfold, Buskerud og Agder-fylka bur også eldre i store hushald. I høve til skiftetypen er det eit visst samsvar i Østfold og Hedmark sidan her er både store hushald og kårkontraktar av skiftetypen. Hordaland var dominert av kårkontraktar av skøytetypen, og eldre bur for seg sjølv. Det høver med skøytetypen. Trøndelagsfylka var og dominert av kårkontraktar av skøytetypen, men kartet syner at her bur eldre saman med mange ikkje-eldre i store hushald. Det same gjeld Nord-Norge, men her er skøyta dels få. Ein medverkande faktor til kårtypen er eigedomsforholda. Skøytetypen føreset sjølveige eller odel, skiftetypen var vanleg for leiglendingar og husmenn. Helland-Hansens registrering og innsamlingsmetode gjer at denne typen kåravtalar i bygselbrev og festebrev (husmannsplass) er underrepresentert i materialet. Det er også verd å huske på at ikkje alle eldre var dekkja av kårkontraktar og at mengda kårkontraktar varierte regionalt i høve til den eldre befolkninga. Men trass i desse manglane i materialet vil eg likevel konkludere med at den geografiske fordelinga av kåravtaletypen; skiftetypen eller skøytetypen, ser i liten grad ut til å ha hatt avgjerande innverknad på hushaldsstrukturen.

9.5.2 Tradisjon for felles eller separat hushald

I Helland-Hansen si omfattande gransking av føderådsordninga inkluderer også eit geografisk inndelt oversyn som syner i kva for samvær kårfolk og husbondsfolk kring måltida både til kvardags og fest, og ved felles måltid bordplasseringa til "gamlefolket" ved kvardag og fest.⁵⁴³ Men endå viktigare; Helland-Hansen har òg ein gjennomgang av i kva grad kårfolk og husbondsfolk hadde felles hushald, del delt i graden av felles opphald og felles måltid.⁵⁴⁴ Materialet er ikkje komplett men dekkjer om lag halvparten av kommunane i Norge i 1900. Eg har fordelt dei nemnde kommunen etter om felles hushald var vanleg eller ønskjeleg, eller delt hushald var vanleg eller ynskjeleg. Både fordelinga i felles eller separat og tilordninga av kommune har dels vore gjennomført etter skjønn. I nokre spesifiserer Helland-Hansen kva som faktisk skal vere tilfelle, nokre gonger kva som var ønskjeleg i distriktet og nokre gonger kva som står i kontraktane. Grunnlaget er såleis ei blanding mellom det faktiske og det normative.

⁵⁴³ Helland-Hansen: 1997, s. 628-645.

⁵⁴⁴ Helland-Hansen: 1997, s. 684-701.

Figur 9-17 Kårfolk og husbondsfolk. Felles eller separat hushald. Norge 1900.

Kjelde: Helland-Hansen:1997, s. 684-701. Sjå også datasett KSP1918 og KHKD0086.

Kartet, figur 9-17, syner i kva grad felles eller separat hushald var vanleg mellom kårfolk og husbondsfolk. Felles hushald finn vi i grensetraktene frå Østfold til Trøndelag. Felles hushald var og vanleg i delar av Vestfold, delar av Telemark (austlege delar) på Jæren, i Nordfjord, indre Nordmøre og indre Trøndelag. I Nord-Norge er materialet langt skinnare, men felles hushald fanst i Salten og Oftung. I Gudbrandsdalen, Valdres og fjellbygdene, i Sunnhordland og Hardanger, i Ryfylke, Sunnmøre og Romsdal var delt hushald det vanlegaste. Jmfører vi kartet figur 9-16 og figur 9-17 synest det å vere tydeleg samsvar. Der eldre har høg affilitet, der yngre og eldre bur saman og dannar store hushald, har Helland-Hansen registrert stor grad av felles hushald. Og samanliknar ein kartet figur 9-9 med kart figur 9-16 ser ein også at store etablerarhushald fell saman med høg affilietet. Karta 9-9 og 9-16 syner eit visst samsvar mellom storleiken på etablerarhushaldet og eldres affilietet. Eldre har høg affilietet i same område som etablerarhushalda er større enn gjennomsnittet. Det er og samsvar mellom hushaldsstorleiken til etablerarane og store hushald med eldre, men her spelar andre faktorar inn som t.d. variasjonen i bruken av tenestefolk. Likevel syner det geografiske samsvaret i affilietet og store etablerarhushald at eldre og yngre bur saman, to-tre generasjonar saman i felles hushald.

Korleis skal vi forklare dette? Kva er det som ligg under og avgjer om hushalda er store fordi "gamlefolk" og "ungfolket" hadde felles hushald? Dette er komplekst! Men nokre forhold synest liggje i dagen. Felles hushald i skogsbygdene mot Svenskegrensa og i sjøfartsdistrikta på Agderkysten heng truleg saman med at husbonden og ein eller fleire søner arbeidde og oppheld seg langt borte frå heimen i store delar av året. Stønad og arbeidskrafta til dei eldre var etterspurt. Men kvifor felles hushald på Jæren og i Nordfjord? Nordfjord er kjent for store driftseiningar og stor grad av sjølveige. Kan dette ha påverka i kva grad eldre og yngre held saman? Gardsbruka på Vestlandet elles var kring 1800 prega av sterk teigblanding og felles tun. Utskiftinga delte garden i større einingar og dei gamle fellestuna blei sprengt. Kan omskiplinga av gardsstrukturen i desse områda ha gjort det lettare å skilje ut kårfolket i eigne hushald? Felles eller separat hushald vil vere eit kompromiss mellom fleire faktorar: Felles hushald dannar lett konflikhtar mellom påtroppande generasjon, vanlegvis svigerdotter, og gamlekona. Det finst fleire eksempel på ungdona som ikkje unte gamlefolket skikkeleg føde, eller gamlekallen som flirte av skadefryd når regnet slo ned kornåkeren.⁵⁴⁵ Kårfolk var òg arbeidskraft, særleg i onnetidene. Helland-Hansen syner til fleire eksempel der gamleemor kokte maten når sjølvfolket var opptekne med innhausting.⁵⁴⁶ Graden av fellesskap vil dermed variere med årstida og arbeidsbyrda, og kor røynd ungdona var i arbeidet på garden. Av ei rad tilsvarende grunnar kan felles hushald ha vore ønskjeleg, og av like lang liste av grunnar kan separat hushald ha hatt sine klare fordelar. Felles eller separat varierer også med fysiske forhold, som storleiken på bruket, tilgangen på bygningsmaterial, muligheit for utviding eller muligheit for å setje opp eit nytt stovehus slik gamlefolket kunne få den gamle røykstova.⁵⁴⁷ Ein skulle likevel tru at desse faktorane var likeleg fordelte, konflikttane mellom svigermor og svigerdotter var den same i Hedmark som i Oppland. Fellesskapet og behovet for kvarandre var like stort i Nordmøre som i Romsdal, eller i Nordfjord og på Sunnmøre. Men som karta syner var det sterke kontrastar mellom desse naboregionane.

Ovanfor synte eg at det var negativ samvariasjon mellom storleiken på sekundærsektor i 1900 og storleiken på etablerarhushaldet. I områder med ein liten sekundærsektor var etablerarhushalda store og etableringsalderen høg. Det er òg ein relativ god negativ samanheng mellom prosentdelen 3-generasjonshushald og storleiken på sekundærsektor sjølv på kommunenivå.⁵⁴⁸ Vi kan dermed seie at til ein viss grad er fellesskap eller separat hushald mellom yngre og eldre dels er styrt av muligheitene for inntekter utanfor primærnæringane. I regionar med sidenæringar, småindustri, handel og variert næringsverksemd kan eldre i større grad klare seg sjølve med småarbeid og inntekter frå andre kjelder enn eit gardsbruk. Men berre eitt glimt på kart 9-16 og 9-6 syner at sekundærsektor langt kan forklare dei regionale skilnadane. Nokre av områda på kart figur 9-16 – Ryfylke, indre delar av Hordaland, indre Sogn, Valdres og Hallingdal – har

⁵⁴⁵ Helland-Hansen: 1997, s. 702 og s. 733.

⁵⁴⁶ Helland-Hansen: 1997, s. 688, 691. "I ei dråg tid kunne follogskåna koge"

⁵⁴⁷ Helland-Hansen: 1997, s. 574. Døme frå Hordaland: "Det var kring 1850-talet det fyrst vart reist serskilde hus åt folgefoket." Med utfasing av røykstovene var særskild bustad for kårfolket enklare, s. 587.

⁵⁴⁸ Kommuneniivå: Pearson's R er lik -0.60 i 1865 og -0.77 i 1900. Definisjon av generasjonshushald sjå variabeldokumentasjon for KHKD0086 i tillegg B.

ein fellesskap. Dette er områda for den tidlege utvandringa til Nord-Amerika. Samstundes er t.d. Jæren og Nordfjord områder der denne utvandringa kom seint i gang. Det vil såleis vere rimeleg å tolke mønsteret slik at utvandringa skapte ein relativ høg del eldre i befolkninga. Utvandringa av unge familiar og unge einslege førte at dei eldre hadde relativt få yngre å bu hos. Men dette stemmer ikkje. For det første sidan proporsjonen eldre er ikkje spesielt høg i utvandringsområda og for det andre at korrelasjonen mellom eldres affilietet og proporsjonen eldre i befolkninga er -0.18 i 1865 og -0.25 i 1900.⁵⁴⁹

Eg har ikkje noko anna alternativ enn å melde pass m.o.t. å gi fullgode forklaringar på mønstra i figur 9-16 og 9-17. Hushaldsstrukturen er eit sett av kompromiss. Det ville ha vore lett om vi kunne seie at eldre i store hushald syner kvar dei arkaiske, tradisjonelle mønstra har blitt bevart opp til vår tid. Og det kan passe på perifere delar av Trøndelag og Hedmark, men ikkje samtidig på Jæren og Agderkysten. Og kva med Valdres og fjellbygdene. Er ikkje dei like langt borte frå sentrum som Hedmark?

Men ein kan gjerne snu på forholdet, kåravtalen avspeglar hushaldsstrukturen, eller kåravtalen og hushaldsstrukturen avspeglar regionale skilnader i høvet mellom påtroppande og eldre generasjon. Skilnadane fram mot 1900, m.o.t. om eldre er i eigne hushald eller i eit husbondshushald, har såleis djupe røter i fleire forhold. For det første eigedomsforholda, graden av sjølveige og odel. For det andre høvet mellom sosial struktur og folkepress, dvs. i kva grad husmannsinstitusjonen er nytta som eit svar på demografisk press. For det tredje i kva grad bruksdeling har vore eit svar på det same. Kartet tyder på at i nokre område der husmannsvesenet var tidlig etablert, bur eldre for seg sjølv i små hushald. Eksempel på dette er delar av det indre Austlandet som Oppland og Buskerud. Men ein finn ikkje tilsvarende utvikling for Østfold og Trøndelagsfylka. I Nordfjord, der det var få husmenn og stor grad av (tidleg) sjølveige, kan nettopp eigedomsforholda ha ført til at eldre bur saman med husbondsfolket. I andre sjølveigarområde, t.d. i delar av Oppland og Buskerud ser ein ei motsett utvikling, stor grad sjølveige, mange husmenn og delt hushald mellom eldre og yngre. Det synest ikkje som korkje sosial struktur eller eigedomsforhold gjev noko forklaring på dei regionale mønstra.

Dei klare regionale, men uforklarte skilnadane i kartet 9-16/9-17, syner klart at hushaldsstruktur har truleg røter i tunge tradisjonar og djupe sosiale, økonomiske og juridiske institusjonar som òg vert avspegla i kårssystemet på 1800-talet. Korrelasjonsanalysen syner at store felleleshushald med eldre og yngre medlemmar har samanheng med økonomisk modernisering. Dels trivst skilde hushald i kommunar med høgt innslag av sekundærnæringar. Eg tør ikkje trekkje nokon annan konklusjon enn at eldre i skilde eller felles hushald må vere eit resultatet av mange kompromiss. Og at her ligg ei særst interessant forskingsoppgåve. Kartet 9-16, som syner at eldre er skild ut særleg i områda for tidleg emigrasjon til Nord-Amerika, gjer ei hypotese om utskiljing av eldre som føresetnad for emigrasjon særst aktuell. Alternativt om ei slik utskiljing er ein konsekvens av emigrasjonen. I etableringsperspektiv er det vanskeleg å trekkje nokon konklusjon om skilde eller felles hushald mellom avtroppande og påtroppande er ein fordel på etablerarane. Menn etablerer seg tidlegare der separat hushald er norma, men

⁵⁴⁹ KHKD6586 og KHKD0086


samanhengen kan vere spuriøs sidan det kan vere graden av sekundær som har innverknad på både skilde hushald og på etableringsalder.

9.6 Funksjonsbortfallet som fall bort – eller?

Tidlegare har eg synt at talet på mannlege tenarar absolutt er relativt konstant gjennom heile 1800-talet. Tenarane tel om lag 40.000 i 1801 og i 1900. Eg konkluderte med at dei hushalda som hadde mannlege tenarar i 1801, også hadde mannlege tenarar i 1900 – tre generasjonar seinare. Eg har også synt at hushaldsstorleiken er relativt konstant gjennom heile hundreåret. Det vesle fallet i hushaldsstorleik skuldast ei aldersutjamning, relativt fleire unge og eldre var hovudpersonar i eige hushald, og fleire eldre kvinner. Hushald til yngre, eldre og kvinner var mindre enn hushalda der hovudpersonen var ein gift mann i alderen 30-55 år gjennom heile hundreåret. Den relative auka i yngre og eldre hovudpersonar kan såleis forklare minken i hushaldsstorleik, jf. figur 4-6.

Men dersom funksjonsbortfallet skulle ha ført til mindre hushald? Kvifor er det slik stabilitet i hushaldsstorleiken? Førte ikkje dei økonomiske endringane til endring av hushaldsstrukturen? Kan vi heilt sjå bort frå funksjonsbortfallet som forklaring? Bortfallet som fall bort?

Figur 9-18 Hushaldssamansetning etter samfunnsklassar. Familiehushald, gifte menn 30-45 år, byar og landsbygd, Norge 1801 og 1900.




Kjelde: NOS IV No. 82, KSHS1801. Talgrunnlag i tabell K-10 og K-12 i tillegg K. Kategoriane hustenarar og arbeidstenarar må lesast som ein kategori, jf. kommentar til tabellane i tillegg K.

Figur 9-18 syner hushaldssamansetning fordelt på samfunnsklasse i byar og på landsbygda. Det er gjort eit utval av dei private hushalda. Utvalet inneheld familiehusald der hovudpersonen er ein gift mann mellom 30-45 år. Figuren syner at den

gjennomsnittlege hushaldsstorleiken i egedomsklassa er i praksis stabil gjennom heile hundreåret. Hovudtyngda av desse hushalda er bondehushald, i gjennomsnitt 6.76 i 1801 og 6.73 i 1900. Det same gjeld hushalda til egedomsklassa i byane i perioden, i praksis inga endring, 5.7 i snitt både i 1801 og 1900. Samansetninga syner at eigne barn har erstatta 'framande'. Men kva har skjedd med hushalda til arbeidarklassa? Desse har auka i storleik i perioden, med kring 1 person, på grunn av fleire eigne barn. Totalt sett har hushaldsstorleiken gått ned i perioden, frå 5.9 til 5.8 personar. Då står ein over for ein tilsynelatande paradoksal situasjon. Korleis kan det då ha seg at den totale hushaldsstorleiken går ned, sjølv om hushalda enten er stabile eller aukar i storleik innafør sosialgruppene?

"Mange i tal, men ikke i forhold" var eit uttrykk som Eilert Sundt likte å nytte. Og vi står over for eit liknande matematisk forhold i denne samanhengen.

Figur 9-19 Hushald på landsbygda og i byane prosentfordelt (totalprosentuert) etter samfunnsskassar. Familiehushald, gifte menn 30-45 år, byar og landsbygd. Norge 1801 og 1900.



Kjelde: NOS IV No. 82, KSH1801. Talgrunnlag i tabell K-7 i tillegg K.

Figur 9-19 over syner den relative fordelinga for dei utvalde hushalda etter sosial gruppe i 1801 og 1900. Til liks med figur 9-18 inneheld utvalet familiehusald der hovudpersonen er ein gift mann mellom 30-45 år.⁵⁵⁰ I 1801 utgjorde talet på hushald egedomsklassa på landsbygda kring 55% av hushalda, og arbeidarklassehushalda på landsbygda kring 35% av hushalda. Byhushalda var særst få, kring 8% totalt for baa samfunnsskassane i 1801. I 1900 var situasjonen drastisk endra. Byhushalda utgjorde kring 30% av alle hushald, arbeidarklassa på landsbygda og i byane nesten 40% av alle hushald.

⁵⁵⁰ Sjå tabell K-7 i tillegg K. Tabell K-6 inneheld tilsvarande tal for aldersgruppa 15-30 år.

Uttrykt med Eilert Sundt: ”Mindre hushald, men fleire i forhold”. For aldersgruppa under 30 år, altså familiehushald der hovudpersonen er ein gift mann under 30 år, er talhøvet endå sterkare omsnudd. Byhushalda i denne aldersgruppa utgjer 40% av alle hushald i aldersgruppa, medan byane står for knapt 30% av befolkninga, jf. tabell K-6 og K-7 i tillegg K. Altså sjølv om arbeidarklassehushalda aukar i storleik blir det likevel relativt fleire mindre hushald. Derfor fell hushaldsstorleiken frå 1801 til 1900.

Eigedomshushalda i figur 9-18 er jamstore i 1801 og 1900. Eigedomshushalda i byane er mindre enn på landsbygda, både i 1801 og 1900. På landsbygda er eigedomshushalda i hovudsak bondehushald – og dei var hushalds med produksjonsfunksjonen intakt både i 1801 og i 1900, jf. tabell K-10 og K-12 i tillegg K. Talet på arbeidstenarar har gått ned, men minken er kompensert med fleire barn. Bondehushalda er derfor like store i 1801 og 1900, 6.7 personar. Hushaldsstorleiken og dei 40.000 mannlege tenarane både i 1801 og 1900, jf. tabell 7-10 i kapittel 7, ber ikkje bod om funksjonsbortfall. Kvar har det blitt av funksjonsbortfallet? Funksjonsbortfallet er ei relativt forskuving av mengdeforholda. I 1801 var det to parallelle hushaldsstypar; eigedomshushaldet med konkret og tydeleg hushaldsproduksjon (bondehushaldet, handverkarhushald m.fl.) og arbeidarhushaldet, proletarhushaldet eller husmannshushaldet. Desse inngjekk i eit system Sogner har kalla det sentripetale og det sentrifugale hushaldet.⁵⁵¹ Kva fortel figur 9-19? Den syner at proletarhushaldet aukar absolutt og relativt, medan talet på produksjonshushald aukar langt mindre i tal, og dermed blir relativt sett færre.⁵⁵² På det konkrete planet kan vi dermed ikkje tale om funksjonsbortfall, hushalda med hushaldsproduksjon fans i 1801 og 1900. Desse hadde ikkje mist produksjonsfunksjonen. Dei ”produksjonslause” hushalda fanst både i 1801 og 1900, og dei var blitt fleire i 1900 ”både i forhold og antall” som Eilert Sundt ville ha sagt det. Konkret på hushaldsplan, skjedde dermed ikkje noko funksjonsbortfall. Dei hushalda som var produksjonshushald i 1801, var det også tre generasjonar seinare i 1900, særleg på landsbygda. Men det vart berre så mange fleire ’produksjonslause’ hushald, særleg i byane. På eit overordna, makroøkonomisk plan kan vi dermed tale om eit funksjonsbortfall, når vi ser hushaldssystemet som ein totalitet. Færre og færre hushald trong om å vere produksjonshushald og relativt fleire av desse var i byar.

9.7 Oppsummering

I dette kapitlet har eg ved hjelp av kart og diagram synt at dei sosiale endringane vi avdekte i denne avhandlinga både syner sterk regional variasjon, men også faste mønster. Karta syner variasjonen, medan diagramma syner overordna mønster i variasjonen. Analysen i kapittel 7 og 8 synte at dei økonomiske og demografiske variablane hadde størst forklaringskraft på livsløp- og hushaldsmønstra, medan dei politisk-kulturelle faktorane hadde mindre eller liten effekt. Fem hovudfaktorar har vore drøfta i dette kapitlet: 1) Folkevekst. 2) Auken i sekundær- og tertiærsektor. 3) Staten ved organiseringa av skulevesenet. 4) Kårinstitusjonen, og 5) Relative og kvantitative sosio-økonomiske forskuvingar.

⁵⁵¹ Sogner: 1983, s. 585.

⁵⁵² Jamfør tabell K-6 for hovudpersonar under 30 år og tabell K-7 for hovudpersonar 30-45 år.

Kort sagt: I første halvdel av hundreåret har demografiske faktorar størst forklaringskraft på livsløps- og hushaldsstrukturar. Den underliggjande faktoren er materiell, men kan ikkje avlesast som endring i økonomisk struktur gjennom sysselsetting i sekundær- og tertiærnæring. Den demografiske utviklinga i tiåret 1855-65 tyder på at eksportnæringane har gjeve grunnlag for sterk hushaldsvekst. I andre halvdel, frå 1865 til 1900, synest sysselsetting i sekundær- og tertiærsektor ha større forklaringskraft. Verknadane av strukturendringane er målbare. I heile perioden, men mest truleg frå om lag 1830, har utbygging av statens virkeområde innverknad på unge menneske og deira veg fram til vakse, sjølvstendig individ. Perioden er òg prega av stabilitet: Dei store produksjonshushalda i delar av landet tyder på det. Kårskipnaden med felles hushald for husbondsfolk og kårfolk/eldre vitnar om regional stabilitet i hushaldsstrukturen gjennom heile 1800-talet. Og for heile perioden skjer det ei forskuving frå landsbygd til by. På landsbygda skjer dei ei sosial forskuving mot færre arbeidarhushald (husmannshushald). Dei eigedomslause husmennene, kjøper eigedomsretten og vert plassemenn og –koner. I byane skjer det ei motsett sosio-økonomisk endring ved sterk framvekst av arbeidarhushald. Denne kvantitative forskuvinga mellom produksjon og produksjonslause hushald forklarar delar av endringa i hushaldsstruktur. Sagt på ein annan måte: Hushaldsstrukturen synest konstant, men den sosiale, økonomiske og demografiske samansetninga av befolkninga vert endra. Dei underliggjande faktorane er den eksportledda veksten og framrykkinga av sekundærnæringar.

Kapittel 10 Konklusjon

Innleiingsvis vart tre spørsmål stilt: I kva grad blir hushalds- og livsløpsmønster endra i Norge på 1800-talet? Korleis? Kvifor? For å svare på desse spørsmåla vart fokus retta mot etablerarhushaldet og livsløpet fram mot etablering av hushald og giftarmål. Gjennom innleiande analyse på landsnivå vart eit sett av livsløps- og hushaldseigenskapar identifiserte. Ved ein gjennomgong av ulike forklaringsmodellar vart eit sett av sosiale, politiske, økonomiske, kulturelle og demografiske forklaringsvariablar trekte ut. I analysen vart forklaringsvariablane prøvd mot livsløps- og hushaldsmønstra. På grunnlag av analysen og drøftinga vil eg dele den undersøkte perioden inn i inn i 3 fasar; tida fram til omkring 1840, 1840-1870 og tida etter 1870. Det er ikkje urimeleg at fasen fram til 1840 kan strekkjast langt ned mot 1750, og det er truleg rimeleg å strekkje 1870-fasen fram mot 1920.

Fase I til ca. 1840. Levebrød=giftarmål=hushald

Det europeiske giftarmålsmonsteret og det nordvest-europeiske hushaldssystemet (Hajnal) danna det grunnleggjande systemet for livsløp- og hushaldsstrukturane. Jordbruket og tilgangen på jordressursar var den viktigaste einskildfaktoren som styrte etablering av hushald. Men "takhøgda" auka. Krigskonjunkturar - nokre gonger med krisetider, andre gonger med grotid som følgje - og auka etterspurnad etter norske utmarksressursar medførte både variasjon og vekst i levebrødsgrunnlaget. Større endringar i ressursgrunnlaget, t.d. innsig av sild over lengre periodar førte til auka etableringslyst og deling av gardsbruk – nye levebrød vart skapt.⁵⁵³ Systemet var prega av jamvekt, men med langsam vekst ved at ressursgrunnlaget blei utvida, ved nyrydding og auka arealproduktivitet, men òg ved at fleire og fleire av levebrøda fekk minst eitt bein å stå på.⁵⁵⁴ Gardsbruka blei mindre, men fleire ved bruksdeling. Nye levebrød, husmannsplassar, vaks fram ved spesialisering, deling av arbeid og kapital. Men veksten i talet på hushald skjedde jamt med folkeveksten og innafør eit veletablert mønster: Levebrød=giftarmål=hushald.

Fase II ca. 1840-1870. Omstillingsfasen.

Denne fasen er karakterisert ved press på hushaldsmønsteret, likskapsteikna mellom levebrød=giftarmål=hushald kom til ein viss grad under press. Systemet var under press frå to sider: Demografisk, innanfrå, gjennom sterk folkeauke. Utanfrå gjennom kvantitative og kvalitative endringar av varehandel og vareproduksjon. Omstillinga var ikkje lik for dei ulike regionane.

I områda langs kysten av landet var folkeauka stor i denne perioden. Dette er bygder der sjøfart, transport, varehandel og fiskeri og anna verksemd i tilknytning til desse næringane var viktig for utkomme til folk flest. Men den økonomiske og demografiske veksten førte ikkje til større endringar av hushaldsstrukturen. Folkeauka fekk plass ved

⁵⁵³ Strøm: 1762, del I s. 565-568. Solli: 1995, s. 79-82.

⁵⁵⁴ Solli: 1995, s. 125-126.

etablering av nye familiehushald. Dette skjedde ved at talet på husmannsplassar, plassar og småbruk auka. Bruksdelinga gjorde at eitt hushald blei til to. Men dei nye hushalda skilde seg lite i struktur frå tidlegare. Familiehushaldet med i snitt 5-6 personar dominerte. I førre fase hadde stor skilnad i bruksstorleik gitt ulike behov for arbeidskraft mellom hushalda. Utjamninga i bruksstorleik utlikna denne skilnaden. Dette førte til ei endring i livsløpsmønster. Barn blir viktigare som arbeidskraft i det hushaldet det blei fødd inn i. Ein større del av hushalda hadde bruk for heile familiens samla arbeidskraft, og derfor blei barn verande lenger heime hos foreldra. Ikkje berre brukets fysiske storleik bestemte arbeidskraftsbehovet.

Omstillinga tok andre vegar i bygder der fedrift og kornavl utgjorde hovudgrunnlaget for den økonomiske verksemda og innslaget av nye næringar og vekst i gamle eksportnæringar var mindre. I Fjell-Norge var folkeauka lita i perioden, nokre områder var prega av nedgang eller stagnasjon. I desse bygdene skjedde ei utskiljing av eldre i eigne kårhushald, og utskiljing av vaksne barn eller sysken. Både desse gruppene måtte i større grad klare seg sjølve, og dette synt seg m.a. ved at dei utskilde syskena etablerte seg i dei få nye typane levebrød som fanst; som lærar, butikkbetjent, dagarbeidar osv. Jamt over er desse levebrøda i første omgang for små til å brødfø ei heil familie. I desse regionane, Fjell-Norge, blir den gamle hushaldsstrukturen sprengt i denne perioden. Sysken og eldre (kårsfolk) blir skild ut i eigne hushald.

På flatbygdene held dei eksisterande strukturane seg i god hevd. Mannlege tenarar var framleis ein viktig arbeidsressurs på flatbygdene på Austlandet og i Trøndelag. På Jæren og i Trøndelag blir kårsfolket verande i hovudhushaldet. Rasjonalisering og spesialisering i landbruket (hamskifte) synest i gi liten innverknad på eksisterande livsløpsstrukturar. Hamskiftet erstatta ikkje rimeleg arbeidskraft til 10-15 år gamle husmannsgutar. Dei skarpe sosiale skilnadane i desse områda blir halden ved like. Livsløps- og hushaldsmønsteret held seg relativt stabilt i perioden.

I byar og industribygder med veksande handel, industri og tenesteyting var det òg kraftig folkevekst i perioden. Men endringane i hushaldsstruktur var til forveksling lik endringane i Fjell-Norge. Begge regionane, byar og Fjell-Norge, var kjenneteikna ved at det skjedde ei byrjande fragmentering av hushaldsstrukturen. Både stader blei det fleire einslege, og dei einslege var i alle aldersgrupper, men dei yngre (20-29 år) og eldre (kring 60 år og eldre) dominerte. Eit anna trekk er at eldre blir verande hushaldsoverhovud til ein høgare alder. Det vert òg langt meir vanleg at kvinner 45 år og eldre, enkjer og einslege, sit som hushaldsoverhovud. Hushaldsstorleiken minkar. Desse endringane tyder på framvekst av levebrød som ikkje krev eit gift par. Men først og fremst vitnar det om ei sosio-økonomisk forskuving. Dei nye hushalda som veks fram er "produksjonslause". Organisering av handel og handverk blir endra etter liberaliseringa på 1840-talet, samstundes med at både større og mindre industriverksemdar veks fram. Mange av dei nye hushalda var arbeidarhushald. Dei blei relativt og absolutt fleire.

Fase III – 1870-1900(20). Etablering av nye samanhengar

I tida mellom 1865 og 1900 har flyttinga av samfunnsproduksjonen ut av hushaldet blitt så omfattande at det spelte ei sentral rolle i høve til livsløp- og hushaldsstrukturar. Eg

er usikker på når fasen tek til, men kring 1870 synest rimeleg sidan skilnadane mellom 1865 og 1900 er klare. Kjenneteikna frå fase II er framleis synlege, men fase III er særleg kjenneteikna ved:

Veksten i sekundær- og tertiærsektor har som konsekvens at levebrød får eit nytt og mindre konkret innhald. Fleire og fleire levebrød var ein arbeidsstad, ikkje ei produksjonseining av typen bruk eller plass. Hushald der mann og kone utgjorde eit produksjonsfellesskap er ikkje lenger den dominerande hushaldstypen. Unge einslege menn står som hovudpersonar, og fleire og fleire kvinner (enkjer) er hovudperson i store og små hushald. I familiehushalda kan både mann, kone og barn arbeide borte frå hushaldet. Familielønsøkonomi karakteriserer denne typen hushaldsøkonomi.

Barna blir verande lengre heime, utbygging av skulevesenet var ein viktig faktor her, sidan endringa synest å vere parallell for store delar av landet. Både foreldre og nasjon synest ha større interesse for barna. Særleg frå kring 1860 tok staten til å engasjere seg i nasjonens vekstgrunnlag, barna, langt sterkare enn tidlegare. Framtida skal utdannast og byggjast.

Endringane i livsløp- og hushaldsmønster synest kring 1900 å stå i ein langt klarare samanheng med auken i produksjonen på tvers av og utanfor hushalda. Dette avspeglar seg som veksten i sekundærsektor, og konkret i form av lønsarbeid i store og små industriverksemder, einmannsverksemder og tenesteytande yrke i privat og offentleg sektor. Men òg plassefolk og småbrukarar med ei rad biyrke der jordbota er blitt mindre, og inntekta kjem frå ulikt arbeid. Analysen avslørte følgjande samanhengar mellom familiestrukturar og sekundærsektor: Dess større sekundærsektor, dess lågare etableringsalder, lågare giftarmålsalder, dess lengre er barna heime hos foreldra, dess mindre hushaldsstorleik og dess fleire einslege.

Perioden er kjenneteikna ved ei kvantitativ sosio-økonomisk og demografiske forskuving; relativt færre og færre hushald vert etablert av 'produksjonstypen' og fleire og fleire hushald vert etablert i byar og tettbygde strok.


Desse tre fasane dannar hovudlinene, og grensedraginga i tid/rom må ikkje oppfattast for absolutt. I skildringa av fasane har fleire årsaksfaktorar vore nemnd; økonomisk vekst og transformasjon, folkevekst, statens rolle og i drøftinga også kulturelle forklaringar. Men har dei lik vekt?

Figur 10-1 syner dei fire hovudgruppene av forklaringsfaktorar analyserte i avhandlinga; økonomi, demografi, staten og kultur. Desse fire gruppene av faktorar blei drøfta i kapitla 7-9. To av forklaringsfaktorane vart særleg grundig handsama gjennom prøving av kulturdiffusjonsmodellen og den økonomiske forklaringsmodellen. Kulturdiffusjonsmodellen hevdar at sosiale endringar skjer gjennom overtaking av borgarlege, urbane verdiar. Endring skjer dels gjennom etteraping, dels gjennom "dannelse" av almuen, dels ved sosialt og politisk påtrykk (sosial gravitasjon). Den økonomiske forklaringsmodellen inneber at sosiale endringar i hovudsak kan forklarast ved at samfunnsproduksjon forlèt hushaldet og går ut i "marknaden".

I figur 10-1 er vekta eg har tillagt dei ulike forklaringsfaktorane framstilt med storleiken på pilene. Analysen avdekte eit godt samsvar med den økonomiske forklaringsmodellen, men langt mindre i høve til kulturdiffusjonsmodellen. Etter mi

oppfatning er det dei økonomiske faktorane, veksande utanrikssektor og seinare veksande sekundær- og tertiærsektor som har hatt sterkast innverknad på endringane av familiestrukturar.

Figur 10-1 Forklaringsmodell endring av hushalds og livsløpsmønster. Gjensidig innverknad.



Analysen viste og god samanheng mellom folkevekst og endringar i familiestrukturar. Høvet mellom befolkningspress og ressursar synest vere avgjerande for framveksten av einpersonhushalda på landsbygda. Og analysen avslørte at det finst sterke stabile eigenskapar ved livsløp- og hushaldsmønsteret. Kvifor held både giftarmålsalder og alder for hushaldsetablering seg relativt stabile gjennom heile perioden? For det første krov òg dei nye levebrøda både skulegang, opplæring og praktisk røynsle før yrket kan utvisast med tyngde, sikkerheit og autoritet. Det tok relativt kort tid å etablere seg i eit yrke så ein kunne syte for seg sjølv, men det tok lenger tid før ein kan utføre yrket slik at ein kunne syte for ein familie. Norma synest vere: Ein kan syte for seg sjølv tidleg i ei yrkeskarriere, men ikkje for ein heil familie. Stabiliteten i giftarmålstidspunkt skuldast òg sterke tradisjonar. Om du var byjente eller bondegut, meierist eller arbeider ved eit mekanisk verkstad så skulle du gifte deg når du var om lag 27 år gammal. Det var ein 'passande' alder for giftarmål. Kultur i form av tradisjonar var ein stabiliserande faktor.

Men viktigast: Gjennom heile 1800-talet var giftarmålsalderen den viktigaste måten å avgrense barnetalet på. Dette var i ferd med å endre seg i 1900.

Figur 10-1 har òg ein boks med etiketten "Staten". Statens rolle som oppdragar auka gjennom heile hundreåret. Større statleg engasjement som oppdragar synte seg klart

gjennom interessa for skulevesenet. Frå kring 1860 fekk skulen breiare fagleg innhald, fleire skular blei faste og forsømingprosenten gjekk ned. Når barn blei verande lenger heime hos foreldra var det ein kombinasjon av hushaldets økonomi, familiens strategi og statens interesser. Eg kan heller ikkje nekte for at det òg kan vere tale om spreiding av borgarlege verdjar.

Men som pilene i figur 10-1 indikerer: Dei økonomiske faktorane synest ha sterkast forklaringskraft.

Avhandlinga opna med eit sitat frå Vinje: *The old society is breaking up. [...] Denne Brjoting up af Samfundet kjem hit til os no.*⁵⁵⁵ Sitatet synte til eit av tre ulike syn på familiestruktur og dei ”store” samfunnsomdannande prosessane: 1) Oppløysingstesens som vi ser hos Vinje og som seinare har vore sterkt vektlagt av marxistar og sosiologar. 2) Kontinuitetstesens – som framhevar familiestrukturane sin resistens og 3) Dynamisk interaksjon, familien motset seg endring og blir endra.

Denne avhandlinga slår fast at grunnlaget for oppløysingsmetaforane som stendig pregar marxistiske og sosiologiske framstillingar synest skrint. ”Oppløysinga” var i stor grad ei kvantitativ endring av samansetninga av hushalda. Med auka proletarisering, blei det fleire proletarhushald. Dei typiske produksjonshushalda vart relativt færre. Og dermed vart mannlege tenarar ein ”saga blott” - relativt sett. Nokre forhold endra seg mindre eller lite, som alder for giftarmål og hushaldsetablering og storleiken på hushalda totalt sett. Derfor kan det vere freistande å konkludere som Peter Laslett at hushaldet er ein seig struktur som endrar seg lite trass i sterk omdanning av andre samfunnsstrukturar. Avhandling har synt at kontinuitetsperspektivet òg er lite fruktbart. Analysen synte at om overflata er lik, treng ikkje undergrunnen vere den same, og om endringane er samstemte treng ikkje årsaksforholdet vere det. Døme på dette er den parallelle framveksten av små hushald, einpersonhushald, både i Fjell-Norge og i byane. Men framfor alt; i perioden endrar delar av livsløp- og hushaldsmønsteret seg sterkt, særleg med omsyn til at barna blir verande heime fram til dei sjølv etablerer hushald. Dessutan aukar delen av 1,2 og 3-personhushald sterkt – i båd endar av livsløpet. Eg har synt at både demografi, økonomi og politikk var i interaksjon med familiestrukturane. Dette sprengjer Lasletts kontinuitetstese.

Små endringar av familiestrukturar, t.d. hushaldsstorleik, giftarmålsalder og etableringsalder samstundes med dramatiske endringar, t.d. forlenginga av livsløpets barnfase kan synest vanskeleg å kombinere i eit oppløysings- eller kontinuitetsperspektiv. Eg tolkar desse motsetnadane i familiestrukturar snarare som eit resultat av det tredje standpunktet. Familien endrar og blir endra. Endringane synest usamtidige. Familien er ikkje totalt residuell, men heller ikkje upåvirkeleg. Familielønsøkonomimodellen meiner eg gjev ei god forståingsramme av livsløps- og hushaldsmønsteret i perioden etter 1840. Særleg endringane i livsløpet fram mot etablering av familie syner at individ, familie, økonomiske endringar og statens interesser stod i eit gjensidig høve. Tautrekkinga førte til utakt i endringsforløpet. ”Moderniseringa” tok ikkje alltid dei stiane vi historikarar har trakka opp for ho.

⁵⁵⁵ Dølen 14. Januar 1866. Vinje, Haukaas, Grøstad og Djupedal: 1970

Familieetablering - Forældreglæde



TILLEGG

Tillegg A

Forkortingar og kodar

A.1 Forkortingar

Cambridge-gruppa: Cambridge Group for History of Population and Social Structure

DA: Digitalarkivet, <http://digitalarkivet.no/>

DP: Digitalpensjonatet, <http://digitalarkivet.no/>

EL: Einsleg losjerande

FL: Familielosjerande

FOF: Forlate opphavsfamilien

GNU: GNU er eit rekursivt akronym for ``GNU's Not Unix"; skal uttalast "guh-NEW", <http://www.gnu.org/>

HDS: History Data Service, University of Essex. <http://hds.essex.ac.uk/>

HISCO: Historial International Standard Classification of Occupations

HP: Hovudperson eller hovudpersonar

IPUMS: Integrated Public Use Microdata Series, <http://www.ipums.org/>

MHS: Mean Household Size. Gjennomsnitt hushaldsstorleik

MPS: Minnesota Population Center, University of Minnesota

NAPP: The North Atlantic Population Project. <http://www.nappdata.org/>

NSD: Norsk Samfunnsvitenskaplig Datatjeneste. <http://www.nsd.uib.no/>

